

Jon Gunnar Nesse

Seks kinesiske utfordringar

TITTEL Seks kinesiske utfordringar		RAPPORTNR. 3/01	DATO 06.06.2001
PROSJEKTTITTEL Det moderne Kina		TILGJENGE Open	TAL SIDER 259
FORFATTAR Jon Gunnar Nesse		PROSJEKTLIAR/-ANSVARLEG Jon Gunnar Nesse	
OPPDRAKSGJEVAR Finansiert av Norsk faglitterær forfatterforening og Høgskulen i Sogn og Fjordane		EMNEORD Kina, statsselskap, korrupsjon, WTO, fattigdom, miljøvern, omstridde øyar	
SAMANDRAG / SUMMARY <p>Rapporten skildrar og drøftar seks aktuelle kinesiske utfordringar som har fått mykje omtale i pressa i Kina og Hong Kong. Utfordringane er statsselskap i krise, korrupsjon, Kinas søknad om medlemskap i WTO (verdshandelsorganisasjonen), fattigdom, miljøvern og øyar som fleire land gjer krav på i Aust- og Sør-Kinahavet. Kjelder er i stor grad offisielle fråsegner slik dei har kome fram i den nemnde pressa.</p> <p>This report discusses six challenges of utmost importance to Mainland China: Crisis in state owned companies, corruption, negotiations for membership in the WTO, poverty, environmental problems and disputed islands in the East and South China Sea.</p>			
PRIS kr 259,-	ISSN 0806-1688	ANSVARLEG SIGNATUR	
	ISBN 82-466-0056-7		

Innhold

<i>Innhold</i>	3
<i>Introduksjon</i>	5
Brotet	5
Kva og kvar	5
Kven	6
Korleis	6
Kvifor	7
Takk til ...	8
<i>Statsselskap i krise</i>	9
Bakgrunn: Årsaker til problema i statsselskapa	10
Skildring av elendet	13
Tiltak: Forsøk på å handtere krisa i statsselskapa	19
<i>Korrupsjon</i>	38
Konkrete døme på korrupsjon	39
Tiltak mot korrupsjon	43
<i>Forholdet til WTO</i>	59
Bakgrunn	59
Optimismen rår grunnen	60
Tonen skjerper seg	61
Forhandlingane held fram, men med magre resultat	62
Mildare forhandlingsklima, men framleis store uløyste problem	72
Frustrasjon: Tonen skjerper seg igjen	88
Generaldirektør Ruggerio vitjar Kina	94
Kina - USA: Nye utspel og samtalar	97
Spelet held fram	99
Forhandlingssituasjonen hausten 1997	103
Quod Vadis?	104
<i>Det fattige Kina: Innland og utkant</i>	106
Skildring av fattigdommen	106
Tiltak mot fattigdommen	111
<i>Miljøvern: Problem og tiltak</i>	138
Konkretisering av problema	139
Kva blir gjort?	154

Kina etter Kyoto	173
<i>Omstridde øyar</i>	<i>175</i>
Taiwanspørsmålet	175
Diaoyudao eller Senkaku?	198
<i>Etterord</i>	<i>239</i>

Introduksjon

Brotet

Etter å ha vore ein utstøytt under kulturrevolusjonen, ein vonlaus vandrar på den kapitalistiske vegen, vende Deng Xiaoping i juli 1977 med stor triumf tilbake til politikken. Det høvet han valde for å vise seg offentleg for første gong igjen, var likevel fullstendig upolitisk: ein fotballkamp mellom Kina og Hong Kong.

Deng var ikkje ein gong på gjestelista. Men minuttar før kampen skulle ta til vart det brått stilt på stadion. Folk strekte hals og fokuserte blikket på inngangspartiet. Ein kort, tettbygd mann i ei kvit skjorte oppknept i halsen kom inn på stadion. Nokre få tok til å applaudere, og applausen vaks i styrke til eit høgt hyllestbrøl. Det var ingen tvil om Dengs popularitet ti dagar etter at han hadde teke steget inn att i maktas sentrum.

Under kampen prata og gestikulerte Deng livleg. Av og til snudde han seg og snakka med mannen rett bak seg. Det var forretningsmannen Henry Fok, som hadde følgt med Hong Kongs lag til Kina. Kina vann 2-1, og Deng forlét bana smilande frå øyre til øyre¹. Det var ein meisterleg politisk tilbakekomst: På denne korte stunda hadde Deng klart å vise si sportsinteresse, eit glimt av den opne-dør-politikken han skulle kome til å praktisere og den vekt han la på samling av Kina. Ein fotballreporter kunne sagt det slik: “Deng braut høgt på bana og vende spelet.”

På 80- og 90-talet var det kjent at Deng sat oppe om natta for å følgje VM-kampar i fotball. I 1981 utnemnde det internasjonale presseforbundet han til årets bridgepersonlegdom. Moderniseringa av Kina gav han utnemninga årets namn i *Time Magazine* både i 1978 og 1985. Som arkitekt for tilbakeføringa av Hong Kong til Kina, hadde han håpa å få oppleve overføringsseremonien natt til 1. juli 1997. Diverre for han innhenta døden han like før den tid.

Den harde måten studentdemonstrasjonane i Beijing i 1989 vart slått ned på til slutt, var vel det einaste som hindra Deng Xiaoping i å vere ein sterk kandidat til hundreårs person i den siste utgåva av *Time* i førre tusenår².

Kva og kvar

Historia om Deng på fotballkamp er ikkje berre endå ei fotballhistorie. Hendinga var eit varsel om ei ny tid i Kina, med modernisering som fanesak.

Denne moderniseringa har gjort landet rikare, og har ført til ein enorm velstandsauke blant folk flest. Dette er noko som alle, både i aust og vest, må glede seg over. Kina er eit mykje betre land å bu i no enn i 1977. Men samstundes står landet overfor store utfordringar på fleire område. Denne rapporten handlar om *seks sentrale problemområde som kinesarane sjølve oppfattar som alvorlege*:

- Statsselskap i krise
- Korrupsjon
- Forholdet til Verds handelsorganisasjonen (WTO)
- Fattigdom
- Miljøvern

¹ Kjelde til historia om Deng på fotballkamp er *Hong Kong Standard* 20.2.97

² Den tittelen fekk forresten Albert Einstein

- Omstridde øyar i Sør- og Aust-Kinahavet

Poenget med rapporten blir å skildre desse problema, og å vise korleis kinesarane prøver å handtere dei.

Som ein ser gjeld fire av problemområda interne forhold, medan to gjeld forholdet til omverda. Det Kina som er handsama her, er for det meste Folkerepublikken Kina utanom Hong Kong. Eit unntak finn vi i kapittelet som tek opp striden om grensene i Sør- og Aust-Kinahavet. Dette kapittelet tek først føre seg forholdet mellom Kina og Taiwan, og så usemja mellom Kina og Japan om Diaoyu-øyane. I den siste konflikten har aktivistar frå Hong Kong vore svært aktive, noko som gjer det naturleg med mykje stoff frå denne byen.

Kven

Kven er så eg? Eg vil ikkje kalle meg for ekspert når det gjeld Kina. Men interessa for dette landet har eg hatt frå dei politiske 60- og 70-åra. Sidan har eg prøvt å følgje med på utviklinga i Kina gjennom aviser, tidskrift, bøker, fjernsyn, filmar og egne erfaringar. Eg har vore i Kina fleire gonger, og er så heldig at eg har ei kinesisk kone. Hennar familie har vore aktive deltakarar i dei fleste av dei dramatiske hendingane som har prega utviklinga av det moderne Kina; den lange marsjen, revolusjonen i 1949, Korea-krigen, det store spranget framover, kulturrevolusjonen, den økonomiske reformpolitikken etter 1977 og den avgrensa invasjonen av Vietnam i 1979. Dette er jo verdt ei bok i seg sjølv, men har så langt gitt meg ein innsiktsfull diskusjonspartner under arbeidet med denne rapporten.

Korleis

Ideen til rapporten fekk eg under ei reise i Kina i 1994. Det hadde mange gonger slått meg kor rike på informasjon dei kinesiske avisene var. I motsetning til mange vestlege aviser var fokuset på saker, ikkje personar. Detaljrikdommen var stor i omtalen av saker som galdt levekår, investeringar og prosjekt, prioriterte betringstiltak og forhandlingar med andre land. Under lesing av *China Daily*³ på eit hotellrom i Guangzhou ramma brått den tanken meg at om nokon samla alle desse opplysningane og sette dei inn i ein samanheng, kunne det bli ganske spennande. Og denne nokon kunne jo vere meg! Eg var jo forfattar – i alle fall faglitterær forfattar.

Oppglødd ved tanken tok eg til å samle i hop alle dei eksemplara av *China Daily* eg kunne finne. Denne engelskspråklege avisa er påliteleg i den forstand at det som står der kan reknast å vere offisielt. Når *China Daily* t.d. i 1994 skreiv at det var 100 millionar overtalige på landsbygda, så er det grunn til å tru at det ikkje var overdrive. Folka på hotellet var positive til prosjektet, og fann fram gamle nummer til meg. På hotella i Kina blir denne avisa delt ut gratis, men å finne fram gamle nummer er ikkje nokon sjølvstøtt service.

Tilbake i Noreg, måtte eg halde fram med informasjonsinnsamlinga. Eg såg meg ikkje råd til å abonnere på *China Daily* på dette tidspunktet, sjølv om det hadde vore ideelt. Derfor fekk eg søstera til kona mi til å sende meg fleire eksemplar etter at eg kom tilbake. Kona mi omsette dessutan nokre artiklar frå andre kinesiske aviser. Men trass i at det kom fram mykje interessant på denne måten, innsåg eg snart at dette ikkje monna noko særleg.

Løysinga vart å følgje med på internettsidene til to aviser i Hong Kong, *Hong Kong Standard* (HKS⁴) og *South China Morning Post* (SCMP⁵). Desse avisene hadde eg lagt merke

³ *China Daily* finst no på Internett: <http://www.chinadaily.net/>

⁴ <http://online.hkstandard.com/today/>

⁵ <http://www.scmp.com/>

til under tidlegare besøk i Hong Kong, og mitt inntrykk er at dette er seriøse og pålitelege aviser i godt gammaldags Aftenposten-format (gjeld papirutgåva av avisene). I og med at desse avisene hadde gode internettsider, vart innsamlingsarbeidet mykje lettare og mykje meir systematisk. Eg følgde *HKS* og *SCMP* si dekning av Kina intensivt frå byrjinga av 1996 og fram til Kinas overtaking av Hong Kong sommaren 1997. Det var referansar til offisielle kjelder i Kina eg var ute etter, med særleg vekt på dei problemområda eg ville kaste lys over. I tillegg til det eg har sagt om at desse avisene verka truverdige, var det dessutan lite sannsynleg at dei skulle forvrengje offisielt stoff om Kina så nær opp til tilbakeføringa av kronkolonien.

Når det gjeld handsaminga av temaet miljøvern, fann eg dessutan ei internettside som hadde mange gode offisielle referansar til problem og tiltak i Kina. Denne sida var spesielt oppdatert i dei åra eg samla informasjon om, t.d. med nettavisa *China Environment Reporter*⁶, som no er lagt ned.

Eg har også nytta andre skriftlege kjelder. Kjeldene er referert etter kvart avsnitt i rapporten. Informasjon frå bøker har eg i liten grad nytta, då slike kjelder gjerne er forelda i forhold til dei problemstillingane eg tek opp her.

I tillegg til å bruke skriftlege kjelder har eg snakka med ein del folk på mine reiser i Kina. Dette har vore nyttig for å kome inn under huda på det kinesiske samfunnet. Berre det å overnatte privat hos vener i ulike byar har gitt meg mykje “skjult kunnskap” om Kina, altså kunnskapar som kan vere vanskelege å verbalisere, men som likevel er viktige.

Når det gjeld konkrete fakta som det er referert ein del til, har eg prøvt å bruke mi sunne fornuft til å vurdere om tala kan vere korrekte. “Utrulege” opplysningar har eg prøvt å dobbeltsjekke, og om eg ikkje har funne ut av det, har eg valt utelatingsalternativet. Likevel kan det hende at nokre feilaktige tal har sneke seg med, så lesaren får bruke sin eigen kritiske sans, og ikkje berre sluke alt rått. Framstillinga er elles krydra med mine eigne subjektive kommentarar, slik at ikkje alt som står i denne rapporten må oppfattast som “objektivt”.

Kvifor

Ein kan spørje seg sjølv; kvifor skrive ein rapport om Kina, og kvifor akkurat desse utvalde problemområda?

Den opphavlege tanken, som eg har prøvt å halde fast ved, var å fokusere på spørsmål som kinesarane sjølve var opptatt av, og ikkje på saker vi her i Vesten meiner er viktige i Kina. Eg valde derfor ut saker som fekk brei dekning i dei kjeldene eg hadde tilgang på.

Mi erfaring er at det ofte er sprik mellom det Kina eg høyrer og les om her i Noreg, og det eg møter når eg kjem til Kina. Og vi talar trass alt om verdas mest folkerike stat, ein framveksande mektig økonomisk og politisk aktør⁷. Betre kunnskapar om ein slik nasjon kan vere nyttig av akademiske så vel som forretningsmessige grunnar.

Samstundes må det vere klart at det ikkje er muleg for nokon å gjere greie for alle sider ved eit slikt enormt land. Ein må avgrense seg, så det som kjem fram her kan berre vere bitar i eit større puslespel. Slik sett er her inga byrjing og ingen slutt, og av og til manglar vesentlege ting derimellom også! Dei mange augneblinkobservasjonane skal likevel gi lesaren eit bilde av eit land som vedgår ein del problem, og som prøver å gjere noko med dei. Meininga er altså ikkje å forklare korleis historia – eller historiene – sluttar (orsak!), men å skape større innsikt i og forståing for eit kjempestort land som dei fleste av oss veit mindre om enn vi trur.

⁶ <http://www.chinaenvironment.net/CER-index.html>

⁷ Merk at kinesarane sjølv ikkje ønskjer landet sitt omtala som ei komande “supermakt”, då dette ordet er negativt lada i Kina.

Takk til ...

... *Lilli*, som har ordna kontaktar, diskutert med meg og minna meg om livet (av og til) består av andre ting enn å skrive bøker.

... *Norsk Faglitterær Forfatterforening* og *Høgskulen i Sogn og Fjordane*, som med stor velvilje har støtta prosjektet økonomisk.

Sogndal, juli 2000

Jon Gunnar Nesse

Statsselskap i krise

Ein gjengangar i kinesiske aviser er problema knytte til statsselskapa. Statssektoren sysselsette i 1996 meir enn to tredeler av alle industriarbeidarane i Kina. For dei meir enn 100.000 statsselskapa som inngår i nasjonalrekneskapan var tapa i 1996 rekna til 53 milliardar yuan⁸, og det var 39 % meir enn året før. I Shanghai var tapa på 1,2 milliardar yuan, ein auke på 50 % frå 1995. Tapa i Guangdong var 3,4 milliardar yuan, opp 49 %, og i Jiangsu-provinsen var tilsvarande tal 2,6 milliardar og 37 % opp. I Beijing var tapa på 840 millionar, ein auke på 192 %, og det var den største auken av tapa på landsbasis.

Ikkje alle statsselskapa går like dårleg, eller kanskje meir korrekt: nokre går dårlegare enn andre. Ca 40 % av selskapa er håplause tilfelle og blir omtalt som “kronisk tapsbringande”. Men så mange som 75 % av selskapa tapar pengar. Frå januar til oktober 1996 tapte desse selskapa 69 milliardar yuan; ein auke på 45 % frå året før. For heile 1996 var tapet på 73 milliardar yuan, dvs ein auke på 37,5 % frå 1995. Det var heller ikkje godt nytt frå dei selskapa som gjekk med overskot, då dei fekk overskota sine redusert med 50 % i 1996. Gjelda i statssektoren steig med 100 milliardar til 900 milliardar yuan i løpet av 1996, og det er meir enn 13 % av BNP⁹. Kor stor den samla gjelda er i statsbedriftene er ikkje så godt å seie. Opplysningane varierer, men *Hong Kong Standard* refererte til offisielle kjelder som fastsette gjelda til 500 milliardar yuan i 1997. Tapa i selskapa som inngår i dei sentrale budsjetta heldt fram med å auke inn i 1997. Men auken var ikkje så stor som året før: Dei fire første månadane i 1997 gav eit tap på 25 milliardar yuan, opp 2 % frå året før.

Det er i alt 380.000 statseigde selskap. Blant desse er det mange mindre, lokale selskap som ikkje inngår i nasjonalrekneskapan. I følgje sjefsøkonomen i Statens Statistiske Byrå, Qui Xiaohua, var det 44 % av det totale tal statsselskap som gjekk med underskot i 1996. Tapa akkumulerte seg til meir enn 60 milliardar yuan, ein auke på 20 % frå året før. Qui var optimist, og trudde at tala for 1997 vil bli betre enn 96-tala. Vestlege analytikarar meinte derimot at heile to tredeler av alle statsselskapa gjekk med tap, opplyste *South China Morning Post*.

Men Standard Chartered Bank kom i april 1997 med ein analyse som tilsa at sjølv om tilstanden i statsselskapa var utilfredsstillande, var ikkje situasjonen så negativ som dei verste statistiske opplysningane tyda på. Mellom anna meinte banken at overskot etter skatt var eit dårleg mål på effektiviteten sidan selskapa var for hardt skattlagde i forhold til deira bidrag til økonomien. I følgje banken sine analysar hadde verdiskapinga i bedriftene auka, sjølv om overskotet etter skatt var synkande.

Kva som no enn er dei korrekte tala, er det ingen tvil om at tapa og gjeldspostane er alt for store og at det er behov for drastiske reformer. Dette har vorte sagt frå regjeringshald fleire gangar, utan at det gav seg utslag i form av positiv utvikling i 1996. Men på dei årlege sesjonane til Folkekongressen¹⁰, og på den 15. partikongressen hausten 1997, har dei tapsbringande statsselskapa vorte via stor merksemd, så at det går mot meir drastiske tiltak treng ein ikkje tvile på.

Den kriseramma statssektoren sysselsett meir enn 100 millionar menneske – for det meste i byane – og 40 % av desse blir rekna å vere overflødige. Tidlegare rekna ein med at det var 20 millionar overflødige i statssektoren. Beijing har imidlertid vore forsiktige med å presse på for hardt, i frykt for at nedbemanning og konkursar skulle føre til massearbeidsløyse og sosial uro.

⁸ Yuan er den kinesiske mynteininga, verdien er omtrent som ei norsk krone (litt meir)

⁹ Brutto nasjonalprodukt

¹⁰ Folkekongressen er det kinesiske parlamentet

Dersom ein går for fort fram, kan dei nye problema ein skaper overgå dei ein eventuelt løyser. Men massive oppseiingar synest alt å vere kjelde til sosial ustabilitet.

Koret av internasjonale institusjonar som påpeiker behovet for reformer i statsbedriftene i Kina tek til å bli fylldig. Verdsbanken har åtvare Kina om behovet for reformer i statssektoren. Om ikkje, risikerer landet å sitte igjen med ein rest av ineffektive og uønska statsselskap som vil vere til byrde for regjeringa og hindre økonomisk utvikling, hevda bankens sjefsøkonom for Aust-Asia og Stillehavsområdet, Michael Walton. Liknande synspunkt er også framført av Det internasjonale pengefondet og Den internasjonale etablerarbanken.

Styresmaktene i Kina nytta høvet på 1. mai 1997 til å åtvare om at reformer ville kunne koste arbeidarar jobben. Samstundes prøvde ein å få forståing for at reformene var tvingande nødvendige, og at problema som følgde med ville vere mellombelse. (SCMP 2.1.97, 9.1.97, 28.1.97, 29.1.97, 1.2.97, 5.4.97, 26.4.97, 28.4.97, 5.6.97, 30.5.97, 10.6.97; HKS 1.2.97, 6.3.97, 10.3.97, 2.5.97, 5.4.97, 28.5.97; *Economic Daily* 10.3.97)

Bakgrunn: Årsaker til problema i statsselskapa

Hovudårsaka til problema er tidlegare verna bedrifters brutale møte med ein meir marknadsretta økonomi, ein overgang mange leiarar ikkje har evne, og stundom heller ikkje vilje, til å handtere. Kinesarane framhevar stadig at dårleg leiarskap og korrupsjon i leiinga av bedriftene er viktige årsaker til tapa. I byrjinga av 1997 annonserte kommunistpartiet undersøkingar for å få evaluert og kontrollert leiarane i statsselskapa for å få bukt med korrupsjonen og demme opp for tapsutviklinga.

Undersøkingane skulle m.a. basere seg på informasjon frå arbeidarane, og gjennomgang av rekneskap og skatteopplysningar. I *Economic Daily* var det klar tale:

“Nokre (leiarar) misbrukar makt, dei utnyttar sin posisjon til skaffe seg personlege fordelar eller bryt til og med lover og reglar ved uansvarleg sløsing og misbruk av statlege midlar. ... Det er mange prov på at eit godt leiarteam er avgjerande for gode resultat i statseigde bedrifter.” (*Economic Daily* 10.3.97)

Slik sett kan vi seie at dei som var godt orienterte ante kva som ville kome ut av undersøkingane. (HKS 10.3.97; 11.3.97, SCMP 11.3.97; *Economic Daily* 10.3.97)

Konkrete resultat av korrupsjonsgransking

Resultat frå ei slik gransking vart offentleggjort i *Economic Daily* i 1997. Ein fann korrupsjon og økonomisk kriminalitet i 44 av 110 undersøkte tapsbringande statsselskap i det austlege Kina. Undersøkinga, som vart gjort i Anhui-provinsen, viste som forventa at opportunistiske og udugelege leiarar var viktigaste årsaker til kommersielle fiaskoar i statssektoren.

I 17 av dei 44 bedriftene som var heimsøkte av korrupsjon, vart tilsette på toppleiarnivå dømde for lovbrota. Undersøkinga refererer til fleire tilfelle av leiarar som misbrukte offentlege midlar i millionklassen. Så mange som 190 menneske var involvert i dei tilfella av økonomisk kriminalitet som vart kasta lys over i studia. Undersøkinga peiker på tre hovudårsaker til dei stadige tapa i statsbedriftene:

- Underslag og korrupsjon
- Svak leiarkompetanse (t.d. iverksetjing av “irrasjonelle” planar utan å ha gjennomført marknadsundersøkingar på førehand)
- Likegyldige leiarar (t.d. avspegla i unøyaktig resultatrapportering og ei avslappa innstilling til handlingsplanar)

Den sentrale regjeringa hadde til då sett på korrupsjon og tapsbringande statsselskap som to forskjellige saker på agendaen, men dette ville etter denne undersøkinga måtte bli revurdert. (*Economic Daily* 28.12.97; *HKS* 29.12.97)

President Jiang Zemins forklaringar på stoda

Under Folkekongressen i mars 1997 sa president Jiang at reformer i statsselskapa hadde topp-prioritet. Årsakene til problema oppsummerte han slik:

- Tiår med statssubsidiar har sytt puter under armene på selskapa
- Irrasjonell struktur. Tradisjonell industristruktur og produksamansetting passar ikkje når ein har gått frå seljars til kjøpars marknad.
- Konkurransen frå ein flaum av utanlandske investeringar og ein eksplosiv vekst av nyetablerte bedrifter på landet skada statsindustrien
- Av historiske grunnar lid statsbedriftene under stor gjeldsbyrde og for tunge sosiale plikter (*HKS* 5.3.97)

Uheldig industristruktur: Irrasjonell produksjon

Qui Xiaohua i Statens Statistiske Byrå sa i 1997 at dei fleste provinsane hadde ineffektive statsdrivne fabrikkar som produserte maskiner, fjernsyn og andre produkt i intens konkurranse med andre nærliggande statsselskap. Han meinte at konkurransen blei irrasjonell fordi mange relativt små bedrifter produserte dei same varene. Dette var noko som hang att frå Mao-tida, og problemet var at bedriftene var for små til å oppnå stordriftsfordelar.

Qui meinte dette var ei feilallokering av ressursar som m.a. førte til irrasjonell prising. Konkurransen internt i Kina kan av og til vere hardare enn på internasjonale marknader, hevda han, og oppmoda den sentrale regjeringa om å spele ei sterkare rolle i fordelinga av ressursar mellom ulike regionar.

Av 200 motorsykkelfabrikantar i Kina var det berre 15 som produserte meir enn 100.000 stykk. Og av 800 bryggeri var det berre 80 som hadde produksjonskapasitet på meir enn 50.000 tonn øl i året. Meir enn 6000 papirfabrikkar hadde ein årleg gjennomsnittsproduksjon på 4000 tonn; mindre enn ein tittel av verdsgjennomsnittet i denne industrien. Dei fleste av dei 2046 fylka huse matvare-, øl-, sko-, plastikk- og papirfabrikantar med ledig kapasitet, ineffektiv produksjon og lager fulle av uselde varer. Statlege planleggjarar på regjeringsnivå hadde fleire gangar påpeikt at denne dupliseringa av industriproduksjonen var både meiningslaus og kostbar.

Sjefsplanleggaren i Det nasjonale rådet for lettindustrien, Hu Nan, sa at sektoren har lenge vore plaga med ein uheldig struktur. Hu sa vidare at mange selskap hadde investert blindt i lågteknologiprojekt utan å vurdere totalmarknaden i forhold til eksisterande produksjonskapasitet. Som ein følgje av dette fløynde heimemarknaden over av lågteknologiske produkt.

Mange av dei statlege produsentane opererte med mindre enn halv kapasitetsutnytting i 1996, i følgje offisielle overslag. I 1997 rapporterte fabrikkane om rekordstore lager som m.a. inneheldt 1,5 millionar mannskjorter, 10 millionar armbandsur, tonnevis av kosmetikk, 20 millionar sykklar, 678.000 motorsykklar, og minst 116.000 bilar og for eit titals millionar av yuan i diverse hushaldningsutstyr. Alt i alt inneheldt lagra i november 1996 verdiar for 540 milliardar yuan, tilsvarande ein firedel av heile landets industriproduksjon i 1996, og ein auke på 80 milliardar sidan utgangen av 1995.

Utfordringa er altså ikkje berre å få ein meir effektiv statssektor, men økonomien må bli meir effisient, det vil seie at ein må få til ei omstilling slik at balansen mellom tilbod og etterspørsel blir gjenoppretta. Problema i kinesisk økonomi er ikkje lenger varemangel, men opphoping av

uønska varer i butikkane. Desse problemstillingane vart våren 1997 drøfta i ein felles rapport frå Det Kinesiske Samfunnsvitskapelege Akademiet og Statens Statistiske Byrå. Rapporten inneheldt m.a. følgjande punkt :

- Regjeringa kunne lenger utsette vanskelege økonomiske reformer, t.d. betring av effisiensen i statsbedriftene
- Ei balansert utvikling: I reformarbeidet er det viktig at økonomien ikkje blir overoppheta, men ein må heller ikkje få ei for rask nedkjøling
- Rentenedsetting vart ikkje tilrådd, sidan dette tiltaket alt var brukt to gongar i 1996. Dette spora næringslivet ein del, men sende ein flaum av pengar inn i den umodne aksjemarknaden. Rapporten vurderte aksjemarknaden i Kina våren 1997 for å vere overoppheta. Industrien ønskjer programmessig rentekutt, men tiltaket er ikkje populært blant dei som har sparepengar i bankane
- Det vart tilrådd at Beijing tok opp langsiktige lån for å gi spararane eit alternativ, samstundes som ein skaffa kapital til nødvendige investeringar i statsindustrien og dermed også skapte nye jobbar
- Reformering av husmarknaden slik at prisane kom innanfor rekkevidde for gjennomsnittskinesaren, og ikkje berre for ein rik elite (SCMP 28.1.97, 28.4.97, 17.5.97)

Byråkrati hindrar reformer

Labyrintane i Kinas byråkrati er eit alvorleg hinder for reformer i statsselskapa, hevda Yang Qixian, visepresident i Selskapet for forskning på økonomiske reformer, i ein kritisk kommentar i *China Daily*. Yang sa at det ikkje hadde skjedd nokre vesentlege framgangar i økonomiske reformer sidan 1992, og at dette skuldast gammaldagse og tungrodde administrative rutinar.

Reell delegering av makt var hindra av regjeringsinteresser, meinte Yang. Om ikkje radikale endringar vart gjennomførde straks, frykta han alvorlege konsekvensar for selskapa, aukande arbeidsløyse og sosial uro. Sjølv om han var klar over at statsselskapa spela ei viktig rolle i Kinas økonomi, gjekk han inn for endringar når det gjeld eigedomsrett og delvis privatisering av statlege interesser i selskapa. (SCMP 29.1.97)

Demografiske endringar forsterkar problema

Arbeidsløyseproblema i Kina vil bli forsterka av at arbeidsstyrken ser ut til å auke med 140 millionar personar i dei komande 20 åra. Medan den totale arbeidsstyrken var 743 millionar i 1997, rekna ein med at dette talet vil toppe seg med heile 870 millionar i år 2016. Det var Xinhua¹¹ som melde dette, med tal frå Statens Statistiske Byrå som grunnlag.

Sidan talet på jobbar ville vere ca 646 millionar ved utgangen av 1997, kan talet på arbeidslause i følgje offisielle kjelder kalkulerast til bort i mot 100 millionar. Arbeidsløysa i byane er forventa å stige til mellom 3-3,5 % i løpet av 1997, mot i underkant av 3 % ved utgangen av 1997. Sjefsøkonomen i Socgen-Crosby i Beijing hevda at arbeidsløysetala vart større, ca 7 %, når ein tok omsyn til det som måtte gjerast av endringar i statsselskapa. (SCMP 1.3. 97, 14.2.97)

¹¹ Kinesisk nyhendebyrå ("Det nye Kina")

Skildring av elendet

Bak dei enorme tapstala og arbeidsløysetala ligg ulike lagnader for personar og bedrifter rundt omkring i landet. I det følgjande skal vi konkretisere noko av dette.

Harde tider for tekstilindustrien i Shanghai

I løpet av 1996 og 1997 leid tekstilindustrien i Shanghai ein stille død. Ein etter ein stilna fabrikkane på staden som blir rekna som smeltedigelen i den kinesiske industrielle revolusjonen, og som fostra så mange leiande kapitalistar og kommunistar.

I november 1996 var turen komen til fabrikkene med namnet Shenxin nr 9, der 7000 arbeidarar mista jobben. Dette var kanskje den eldste fabrikkene i Kina, med kontinuerleg produksjon sidan 1878, under det dåverande Qing-dynastiet. Fabrikkene ekspanderte seinare under Rongfamilien; Shanghais mest berømte kapitalistdynasti. I den forlatne fabrikkbygningen sto det i byrjinga av 1997 framleis ei byste av Rong Zongjing (1873 – 1938); heidra av kommunistpartiet for sitt bidrag til industrialiseringa av Kina.

I sine velmaktsdagar dreiv Rongfamilien 30 av byens 100 tekstilfabrikkar, som hadde kapasitet nok til å kle halve den kinesiske befolkninga. Etter det japanske nederlaget i Kina, nasjonaliserte Guomindang¹² tekstilfabrikkane, og deler av Rongfamilien flykta til Hong Kong, der dei la grunnlaget for Hong Kongs tekstil- og klesindustri.

På 70-talet sysselsette industrien i Shanghai 550.000 arbeidarar, men hardare konkurranse på grunn av oppbygging av fabrikkar i rurale strøk har ført til ein jamn nedgang sidan slutten av 80-talet. I 1996 kan ein snakke om total kollaps, då over 200.000 tekstilarbeidarar mista jobben. Dessutan rekna ein med at 200.000 til måtte gå. På slutten av 1996 meinte nokre at så mykje som ein tredel av heile arbeidsstyrken på ca 750.000 arbeidarar var arbeidslause.

Arbeidarane i Shanghai har ein radikal tradisjon. Wang Hongwen, verdskjend som medlem av den ekstremt venstreorienterte firarbanden under kulturrevolusjonen, starta si karriere som tekstilarbeidar i Shanghai. Men no blir tusenvis arbeidsplassar nedlagde utan store protestar. To tredeler av tekstilarbeidarane i Shanghai er kvinner, og dei har akseptert den ublide lagnaden sin utan å mukke stort. Ein arbeidar som framleis hadde jobb, men som ikkje visste kor lenge, sa:

“Ingen veit kor tid vi stenger dørene for godt, men det kan bli kva dag som helst. 5000 er alt oppsagde. Sjølv sagt er folk opprørde, og har skrivne mange brev, men kva kan vi til sjuande og sist eigentleg gjere?” (SCMP 21.12.97)

Ein kader frå kommunistpartiet i Shanghai hadde følgjande forklaring på det som har skjedd i byen:

“Det er marknadskreftene. Faktum er at Kina har 42 millionar spinnemaskiner, og berre 20 millionar er nok til å kle befolkninga.” (SCMP 21.12.97)

Men ein god del av maskinene er blitt selde og flytte til fabrikkar i rurale strøk; i deler av landet med lågare lønningar og dårlegare vilkår for arbeidarane enn i Shanghai. Medan arbeidarane i Shanghai hadde 800 yuan i månaden, har landsbykvinnene som tek over tilsvarande jobbar berre 200 yuan i månaden. I nokre tekstilfabrikkar drivne av bedrifter frå Sør-Korea, Taiwan og Hong Kong må unge bondekvinne som blir tilsette bu i sovesalar og arbeide 12 timar i døgnet under strenge forhold der m.a. fagorganisering er forbode.

¹² Politisk parti stifta av Dr. Sun Yat-sen. Seinare leia av Chiang Kai-shek i Kina fram til revolusjonen i 1949, deretter på Taiwan.

Og det er ikkje berre dette som kan minne om tida før frigjeringa; ein historieprofessor i Shanghai, Huang Hanmin, har uttalt at av og til blir det same maskineriet som vart utført frå Shanghai til Hong Kong i 1949 ført tilbake til dei “nye” tekstilfabrikkane på landsbygda.

For dei oppsagde er situasjonen heller ikkje lysteleg. Dei lokale styresmaktene sette først den tvungne pensjonsalderen til 55 år, seinare vart det 50, og enkelte kunne bli pensjonerte ved så låg alder som 45 eller til og med 40 år. Pensjonen er ikkje mykje å skryte av, berre 200 yuan i månaden. Ein drosjesjåfør sa at kona hans hadde sete heime med 200 yuan i månaden i to år. Rett nok hadde ho vorte tilbydt jobb som kassadame i ein supermarknad, men det hadde ho takka nei til.

Problemet for mange over 40 år som mister jobben er at dei er lite attraktive på arbeidsmarknaden, fordi dei som offer for kulturrevolusjonen har dårleg utdanning. Dei fleste av dei vil derfor ha vanskeleg for å skaffe seg ny jobb, og om dei får arbeid vil det gjerne vere noko som er rutineprega og dårleg betalt.

Styresmaktene i Kina hausta gode inntekter frå tekstilindustrien i tre tiår etter revolusjonen. Men utan nødvendige moderniseringar kunne ikkje dette halde fram. Tapa vart etter kvart store, og var truleg på ca 4 milliardar for tekstilindustrien totalt i 1995. Nedbygginga i Shanghai er ei styrt nedlegging som starta på slutten av 80-talet, men som vart akselerert etter det harde spareprogrammet som Beijing lanserte i 1994. (SCMP 21.12.97)

Feilsatsing i tekstilindustrien

Hendingane i Shanghai avspeglar ein generelt feilslått industripolitikk utover 90-talet. Bakgrunnen var eit ønske om å slå to fluger i ein smekk: Ein ville få forureinande industri vekk frå byen, og samstundes bygge opp alternative arbeidsplassar på landsbygda for å unngå massiv innflytting av arbeidslause til byane. Dette er greitt, men måten det vart gjort på var svært uheldig.

I perioden 1990-95 brukte Kina US\$ 10 milliardar på å importere tekstilmaskineri for å skaffe nok utstyr til den rurale industrien som gjekk gjennom ein utrueleg ekspansjon på denne tida. Så snart ei spinnemaskin vart stansa i Shanghai, vart to nye starta på landet.

Etterspørselen etter rå bomull eksploderte, og dei innanlandske prisane, som hadde lege 30 % *under* prisane på verdsmarknaden gjennom 80-talet, steig etter kvart til 30 % *over* verdsmarknadsnivå. Etter som prisane steig til himmels, tok fleire og fleire bønder til å dyrke bomull, og produksjonen vart etter kvart så stor at oppkjøpsbudsjettet til sentralregjeringa vart sprengt. Nokre bønder fekk ikkje pengar for bomulla sin, men berre IOU¹³-dokument.

På slutten av 1996 hadde Kina slike lager av bomull at sentralregjeringa tilbydde lån med ei totalramme på 7 milliardar yuan til statlege fiberfabrikkar som ville kjøpe opp bomullsberget. Dette tilbodet freista ikkje mange. I staden kjøpte dei hardt pressa fiberfabrikantane billigare bomull frå utlandet, i stor grad USA, for å redusere kostnadene og betre konkurranseevna.

I tillegg til dette, vart det samstundes bygt opp alt for mange anlegg for kunstfibrar, slik at regjeringa først måtte innføre eit godkjenningssystem for å avgrense overproduksjonen noko og til sist kom det eit forbod mot nye etableringar av denne typen. Forbodet hjelpte i praksis ikkje så mykje, og det same mønsteret har gjentatt seg innanfor silkeproduksjonen.

Ikkje overraskande førte denne overproduksjonen av råstoff til ein tilsvarende situasjon for klesindustrien. Ved årsskiftet 1996-97 var det t.d. laga bukser i slike mengder at det dekkja den innanlandske etterspørselen to gangar. Og endå verre: For første gang etter reformpolitikkenes innmarsj var ein ikkje i stand til få avsetnad for produksjonen utanlands.

¹³ Ei form for gjeldsbrev som startar med dei engelske orda “I owe you ...”, eller “Eg skuldar deg ...”. Slike dokument er ikkje-negotiable, og kan såleis ikkje på legalt vis overdragast til andre.

Flaumen av kinesiske produkt ut over verdsmarknaden førte til proteksjonistiske mottiltak både i Japan, USA og EU, og resultatet vart ein sjokkarta nedtur for godt vande kinesiske eksportørar. I første halvdel av 1996 gjekk eksporten av silke ned med 42 %, og tekstileksporten til USA, som er Kinas største marknad, fall med 20 %.

Alt dette har ført til at arbeidarane i Shanghai, som var blant dei fremste i landet til å opparbeide seg gode vilkår, vart ståande som taparane i den påfølgjande omstillingsprosessen. (SCMP 21.12.97)

Er det arbeid for alle som ønskjer det?

Arbeidsløysa kunne ha vore mindre om folk hadde vore villige til å utnytte dei mulegheitene som var der, hevda *Folkets Dagblad* i midten av mai 1997. På arbeidskontoret og i aviser er det informasjon om ledige jobbar, saman med tips om korleis ein bør oppføre seg under intervju. I servicesektoren er det mange nye jobbar; t.d. i butikkar, hotell, kjøpesentra, restaurantar, heimehjelp og gatesal. Problemet er at folk i Beijing tradisjonelt har sett ned på denne type jobbar.

For å gjere folk meir fortrulege med at jobbskifte vil bli det vanlege i framtida, er dei offisielle media fulle av positive skildringar av omskulering og historier om personar som har gjort karriere etter å ha vorte oppsagde. Byregjeringa i Beijing utnemnde Tian Guiqin til "stjerna blant dei oppsagdes" i oktober 1996. Tian var tredje generasjons fyrstikkfabrikkarbeidar, men mista jobben då fabrikkken vart nedlagt i 1993. Ho omskulerte seg til bussjåfør, sjølv om det innebar at ho måtte stå opp klokka tre kvar morgon for å vaske bussen. Det er også laga ein såpeopera i 16 episodar om fem kvinner som overvann sjokket etter å ha fått sparken, og fekk seg nye jobbar.

Likevel er det nokre som fell utanfor eller får det vanskelegare enn andre på arbeidsmarknaden. Verst er det for dei som har arbeidd på gamle, ineffektive statsbedrifter, særleg innan tekstil-, instrument- og konsumvareindustri. Desse fabrikkane klarer ikkje konkurransen frå private bedrifter og lagra av varer ingen vil ha berre veks. Regjeringa reduserer subsidiar og lån til slike statsbedrifter, noko som tvingar dei til å seie opp arbeidarar, fusjonere eller gå konkurs.

Ein oppsagd arbeidar har rett på minst 200 yuan i månadsløn frå arbeidsgjevaren, og er sterkt oppmoda å skaffe seg nytt arbeid. Men dei som blir oppsagde frå statsbedrifter av den typen som er nemnde framfor er handikappa av alderen, som ofte er over 35, dårleg utdanning, lite etterspurde eigenskapar og dårlege arbeidsvanar. Ein fortvila arbeidslaus peika på arbeidskontoret og sa til *South China Morning Post*:

"Eg har vore utan arbeid i tre år. Det er ingen jobbar for meg der inne. Dei vil berre ha folk som er unge og ser godt ut. Kva skal eg leve av?" (SCMP 26.5.97)

Arbeidskontora seier på si side at eit av dei største problema er å endre mentaliteten hos eldre arbeidarar når det gjeld avhengnaden av staten; ein forventar at staten skal ordne opp for seg. Men dei som fortvila prøver å spe på inntekta si kan kome ut for kyniske personar som utnyttar dei. Her kjem eit døme, som sikkert ikkje er det verste, men som eg veit om fordi eg kjenner den aktuelle personen: Ei dame som hadde mista jobben sin fekk tilbod om å vaske leilegheita til ein velstående familie for 300 yuan i månaden. Ho såg sjølv sagt føre seg at ho kunne få desse 300 i tillegg til dei 200 ho fekk i pensjon, og såleis kome rimeleg bra ut. Ho brukte ein dag på vaske omtrent alt som var i leilegheita. Så fekk ho 10 yuan og ein klar beskjed om at dei likevel ikkje hadde bruk for vaskehjelp. Vi kan jo seie at det var litt dårleg gjort. (SCMP 26.5.97)

Utanlandske bedrifter må vente på pengane sine

Dårleg likviditet i statselskapa har ført til bekymringar i mange utanlandske bedrifter som opererer i landet. Administrerande direktør i konsulentfirmaet REL, Simon Littlewood, sa i følge *South China Morning Post* at mange måtte vente på betalinga opp til 200 dagar etter leveringstidspunktet. Han sa at å få fart på pengeflyten og få betalt i tide var ei prioritert oppgåve i multinasjonale selskap i Kina. (SCMP 9.1.97)

Bankproblem: Lite betalingsdyktige låntakarar

Eit poeng som vart tatt opp på Folkekongressen våren 1997, var korleis ein skulle unngå at krisa i statsbedriftene skulle spreie seg til bankane som held dei i live. Sjølv om bankane har starta ein prosess mot ei marknadsreform, vil det ta årevis for dei å kvitte seg med dei dårlege utlåna og å skifte til meir oppegåande kundar, som no for det meste finst i privat sektor.

Det at nokre bedrifter betalar renter og avdrag for seint er alvorleg, sa visestatsminister Zhu Rongji. Mange nøkkelprosjekt tapar pengar så snart dei er i gang, noko som tyder på dårleg prosjektstyring.

Lagnaden til statsbankane er nær knytte til framtida til statsbedriftene, som får 80 % av driftskapitalen sin frå desse bankane. Minst 20 % av bankane sine utlån blir betalt for seint eller ikkje i det heile. Meir enn ein firedel av statsbedriftene har gjeld som overgår verdien av deira aktiva. Dessutan har bankane problem med å sette opp sin finansielle status, sidan manglande renteinbetalningar ikkje blir rekna som mishald av lånet før etter tre år, mot t.d. tre månadar i USA.

Statsbedriftene får problem med likviditeten fordi dei tapar marknadsdelar til private bedrifter og samarbeidsselskap¹⁴ mellom kinesiske og utanlandske eigarar. Varer som selde seg sjølv for ti år sidan blir no produsert for lager.

Dersom styresmaktene får skikk på statsbedriftene igjen, kan dette vere ein føremon for bankane på land sikt, sidan dette vil redusere talet på kundar som ikkje kan betale for seg, og dessutan gi mulegheiter for auka marknadsdelar blant dei mest attraktive kundane, som for tida er alle andre enn statsbedriftene. Men på kort sikt medfører regjeringas politikk stor problem, sidan bankane må rekne med å avskrive det meste av låna som har gått til kriseramma statsbedrifter. (HKS 22.4.97; SCMP 20.3.97)

Fleire bankproblem: Konkurransen!

Statsbankane tek til å føle konkurransepresset, både seg i mellom og frå utanlandske bankar, som no har fått rett til å drive forretningar i lokal valuta. Bankane har innsett behovet for raske betringar både i service og leing, sjølv om det store trykket frå dei utanlandske bankane ikkje vil kome enno, då desse framleis vil ha tunge restriksjonar å arbeide under.

Ein høgare tilsett i ein utanlandsk bank i Shanghai sa at tilbakemeldingar frå multinasjonale kundar har ført til ei haldningsendring i mange kinesiske bankfilialar. Dei lokale bankane er ikkje spesielt pågåande, sa han, men dei prøver å følge opp, særleg i forhold til multinasjonale og andre viktige kundar.

Storleiken på banken og kvaliteten på dei menneskelege ressursane var nøkkelfaktorar i denne omstillinga, meinte han. Han viste til to mindre statsbankar i Shanghai som var mykje meir fleksible enn dei større statsbankane, som slit med topptunge organisasjonar og mangel på datamaskiner. Men dette kunne variere frå filial til filial, nokre filialsjefar i store bankar viste seg også dyktige og initiativrike, sa bankmannen frå Shanghai. Han sa dessutan at konkurransen mellom dei innanlandske bankane no tok til å bli merkbar. (SCMP 7.4.97)

¹⁴ Ofte kalla *joint ventures* på fagspråket

Leasingfirma med dårlege kundar

På 80-talet vart det etablert fleire leasingfirma i Kina som samarbeidsselskap mellom kinesiske og utanlandske eigarar. Føremålet var stort sett å skaffe finansiering for statssektoren. No har mange av desse leasingselskapa problem med å få inn pengane frå kundane sine.

China Orient Leasing i Beijing, det første av sitt slag i Kina, rapporterte om ubetalte leiger på 800 millionar yuan og store tap på krav i 1996. China Orient er 50 % japanskeigd. Totalt utgjør mishaldne leigesummar i bransjen nærare 5 milliardar yuan.

Det er, ikkje overraskande, statsselskapa som er dei dårlege betalarane. Mesteparten av kontraktane vart inngått på 80-talet. Leasingselskapa kjøpte avansert utanlandsk utstyr, som så vart utleigd til statsbedrifter.

Men China Orient, som hadde eit overskot på 150 millionar yuan i 1996, vil halde fram med verksemda så lenge dei har positiv profitt. (HKS 25.4.97)

Bilfabrikantar på felgen

Trass i massiv overproduksjon, vil Kina halde bilproduksjonen oppe. Statlege planleggarar sa at ineffektive statseigde bilfabrikkar må haldast i gang for den sosiale stabilitetens skuld. Eigentleg skulle dei 123 bilfabrikantane ha vore samla til 6 store selskap, men ei slik omstrukturering blir førebels stoppa. "For mange konkursar vil komplisere situasjonen," vart det sagt frå Maskineridepartementet.

Av dei 123 bilfabrikantane er 70 ute av stand til å produsere meir enn 10.000 køyretøy i året. I tillegg til desse kom det ca 30 som styresmaktene reknar som heilt håplause tilfelle, som kvar produserte mindre enn fire bilar i veka. Det nemnde departementet har det synet at dette ikkje kan halde fram.

Leiaren for departementets bilavdeling, Zhang Xiaoyu, sa til *China Daily* at dei mest ineffektive fabrikkane ville bli oppmuntra til å slå seg saman med andre statsselskap. Zhang sa at mange av bedriftene var nær konkurs, men at ein så langt råd var ville søke andre løysingar enn konkurs, for å unngå for høg arbeidsløyse og sikre sosial stabilitet.

I følgje offisielle overslag vart det produsert 375.000 personbilar i 1996, og Shanghai Volkswagen sto for meir enn halvparten av dette. Bilfabrikantane utnytta berre 40 % av produksjonskapasiteten, og meir enn 110.000 bilar vart produsert for lager. Industrileiarane la skulda for det dårlege salet på eit villnis av skattar og avgifter som utgjorde meir enn halve utsalshverdien for bilane. Av desse avgiftene kan nemnast 17 % meirverdiavgift, 10 % vegavgift, 8 % nasjonal forbruksskatt, diverse kommunale luksusavgifter og omsetningsavgifter. (SCMP 5.2.97)

Liaoning: Konkursar og oppkjøp får følgjer for 423.000 arbeidarar

Fleire hundre tusen arbeidarar i fem større industribyar i Liaoning-provinsen vart enten oppsagde eller omplasserte i 1996 etter at bedriftene deira enten hadde gått konkurs eller vorte overtatt av andre selskap. I følgje Xinhua gjekk 133 selskap konkurs i 1996 i byane Shenyang, Dalian, Anshan, Fushun og Benxi. I tillegg vart 80 ulønnsame bedrifter overtekne av andre.

Som ein følgje av dette vart 226.000 arbeidarar overflødige, og 197.000 blei med regjeringa si hjelp omplasserte til anna arbeid. Som ein tradisjonell industriprovins står Liaoning overfor store problem med arbeidsløyse når mange fabrikkar og gruver går med underskot. (SCMP 10.2.97)

Oppseiingar i Guangzhou

I løpet av dei første tre månadane av 1997 mista 50.000 arbeidarar jobben sin i Guangzhou, og 70 % av desse kom frå statsselskap i følgje Guangzhou Statistiske Byrå. Like før kinesisk nyttår i februar vart over 20.000 arbeidarar oppsagde frå bygg- og anleggsbedrifter. Industrien vart omtrent like hardt ramma, og bransjar som detaljhandel, catering, transport og kommunikasjon vart også ramma av oppseiingar.

Liu Donghe frå industri- og transportavdelinga i partikomiteen sa at byen måtte rekne med at arbeidsløysa ville vare ei stund. Han sa også at aukande bruk av maskiner og ny teknologi uunngåeleg ville føre til bemanningskutt i bedriftene. Han kunne ikkje svare på om den private sektoren kunne absorbere dei overflødige, men meinte at ein skulle klare å oppretthalde sosiale orden. "Så langt har eg ikkje høyrte om nokon arbeidsledige som har marsjert i gatene," sa han.

Liu understreka også at importert arbeidskraft ikkje ville skape tilleggsproblem slik arbeidsmarknaden no var, sidan importert og lokal arbeidskraft ikkje konkurrerte om dei same jobbane. (SCMP 27.5.97)

Arbeidarar kan ikkje lenger blindt stole på staten

Under den kinesiske folkekongressen våren 1997 sa Chen Jinhua, leiar for Statens Planleggingskommisjon, til det stigande talet arbeidslause i byane at dei måtte slutte å stole på staten og skaffe seg arbeid sjølve. Arbeidsløyse i byane, som det var lite snakk om før, har no vorte eit sentralt tema etter som regjeringa tillèt fleire bedrifter å gå under. Nedtrapping og nedlegging av verksemder har ført til at stadig fleire har mista jobben.

Dette har hatt negativ innverknad på den økonomiske utviklinga og den sosiale stabiliteten. Demonstrasjonstog, sitt-inn-aksjonar og protestar frå arbeidarar blir ikkje så ofte referert i pressa, men har vore vanlege i dei byane som har vorte verst ramma av nedskjeringane. Dette gjeld særleg byar i indre og nordaustlege deler av Kina, der statsfabrikkane har utgjort ein stor del av økonomien, og der det har vore få alternative arbeidsplassar i private eller utanlandsk eigde selskap. Verst ramma er bransjar som tekstil, kol, maskin, tømmer og militæret.

Mange arbeidarar i statsbedrifter er offer for dei store forandringane som sidan 1980 har omgjort Kina frå ein underskots- til ein overskotsøkonomi. Det er no ledig kapasitet i mange sektorar og statsbedriftene blir taparar på grunn av dårleg leiing, gammalt utstyr, stor gjeldsbyrde, mange pensjonistar som skal forsørgjast og manglande evne til å tilpasse seg ein marknad.

Chen sa at målet for 1997 var å halde byarbeidsløysa uendra på ca 3 %, og å skape 5,5 millionar nye arbeidsplassar i byane. I følgje økonomar *South China Morning Post* har snakka med er byarbeidsløysa minst dobbelt så stor om ein inkluderer dei som overflødige og dei som ikkje har registrert seg. Sjefsøkonomen i Statens Statistiske Byrå, Qiu Xiaohua, har seinare uttalt at Kina vil prøve å halde byarbeidsløysa under 4,5 %, og då hadde han inkludert oppsagde arbeidarar som enno ikkje hadde funne seg ny jobb. Også Qiu opererte med arbeidsløysetal på 3 %, om denne siste kategorien ikkje blir rekna med.

Chen oppmoda dei arbeidslause om å tenkje meir utradisjonelt, og bli meir fleksible i si jobbsøking. Det synest å ha utvikla seg eit gap mellom industrileiarar og industriarbeidarar sin måte å tenkje på. Leiarane ser på omstillinga av statsbedriftene som eit teknisk problem meir enn eit ideologisk, medan arbeidarane ikkje aksepterer eit slikt paradigmeskift, og forventar å bli fullt ut støtta av staten, i tråd med Maos egalitære idé. (SCMP 3.3.97, 17.5.97)

Arbeidsløyse fører til fattigdom

Under Folkekongressen våren 1997 var fleire inne på faren for at nedskjeringane og nedleggingane i statsbedriftene førte til dårlegare levestandard for arbeidarane. Ministeren for sivile saker, Doje Cering, sa at massive oppseiingar dreiv folk i byane inn i fattigdom. Han sa at sentralregjeringa hadde fått byane sin situasjon på dagsorden igjen, etter at det vart kjent at stadig fleire overfløydige arbeidarar frå statsbedriftene levde under fattigdomsgrensa.

Han sa ikkje kor mange dette dreia seg om, og kva ein eventuelt ville gjere for å hjelpe. Men fattigdomsgrensa, eller det minimum av pengar som trengst for å overleve i Beijing, vart i desember 1996 sett til 170 yuan per måned. Det var sentralregjeringa som bestemte dette, og ein sette i gang gratis utdeling av korn og oljekupongar til dei som levde under denne grensa.

Ein delegat frå Chongqing hadde med seg ein tekstilarbeidar frå statssektoren, som gjorde greie for si frykt for at talet på fattige i byane auka med talet på konkursar. Arbeidaren frå tekstilfabrikk nummer 2 kunne fortelje at mange av kollegaene hennar levde av ei månadslønn på 120 yuan, og dei som jobba på andre fabrikkar i nærleiken var i same situasjon. (SCMP 5.3.97)

Veksten i privat sektor set statssektoren i eit uheldig lys

I følge Statens Statistiske Byrå vil statssektoren stå for berre ein tredel av Kinas totale produksjonsverdi i år 2000, men likevel ha 70 % av samla aktiva. Byråets sjefsøkonom, Qiu Xiaohua, sa at staten i første kvartal av 1997 stod for 40 % av produserte verdiar, men hadde berre halvparten så stor vekst som den ikkje-statlege sektoren, slik at denne prosentten var på veg nedover.

Det har vorte hevda at Kina av ideologiske grunnar, dvs sosialistiske prinsipp og behovet for å behalde sentral kontroll over økonomien, har søkt å hindre for rask vekst i den private sektoren. Dette nekta Qiu bestemt for var tilfelle. Det var ikkje sett nokre slike grenser, sa han, og regjeringa ønska å utvikle bedrifter som gjekk godt, uavhengig av eigarskap. Men nøkkelsektorane ville framleis vere under statleg kontroll.

Qiu sa også at produksjonen og leiinga i to tredeler av statselskapa var god, og at vanskanane var av forbigåande art. (SCMP 19.4.97)

Tiltak: Forsøk på å handtere krisa i statselskapa

Etter 18 år med "opa dør"- og reformpolitikk, var det i 1997 klårt at Kina endeleg tok skikkeleg tak i det som har vorte rekna som den største utfordringa i moderniseringa av økonomien; nemleg reformer i dei tapstygnde statsbedriftene. Dette er vanskeleg fordi det dreier seg om 40 millionar tilsette som blir sagt å vere overfløydige, i tillegg til dei som alt har mista jobben.

Ein prøver på ulike måtar å gripe fatt i problema, men tiltaka er hemma av at radikale endringar vil føre til andre problem som ein fryktar meir enn underskot i rekneskapen: Ei for hurtig aukande arbeidsløyse kan føre til ei ukontrollert utvikling og undergraving av etablerte maktposisjonar. Det blir rapportert om aukande uro blant arbeidarane, som t.d. demonstrasjonar mot korruperte leiarar, i samband med at statselskapa seier opp folk.

Men utan slanking av ein statssektor som har vorte ein sluk som tappar landet for ressursar, kan ikkje den kinesiske økonomien gjere nye framskritt. Ein veldriven statssektor er ein føresetnad for å få fart på reformene innan bankvesenet, varedistribusjonen, utvikling av infrastruktur, etc. Moderniseringa av Kina kan ikkje seiast å ha lukkast før statsbedriftene driv tilfredsstillande.

Kor lang tid dette vil ta vil ta, vil variere veldig frå provins til provins. I Shanghai er byregjeringa t.d. så optimistisk at reknar med å ha eit moderne bedriftssystem og ein mobil arbeidsstyrke i år 2000. I følgje partileiinga må i så fall tre milepelar passerast:

- Finne sosialt akseptable måtar å handtere overflødige arbeidarar på
- Reduksjon av den høge gjeldsgraden¹⁵ desse selskapa slit med
- Få gjort noko med velferdssystemet; no har selskapa nærast ansvar for sine tilsette frå vogge til grav

Det er mogleg at tilstandane i Shanghai er betre enn i andre deler av Kina, sidan leiarskulering ikkje er nemnt spesielt. Og det er teikn som tyder på det. Gjeldsgraden for statsselskapa i Shanghai var på 68,5 % i 1996, og ein vona å kome ned på 60 % i løpet av 1997. Vanleg i Kina er elles ein gjeldsgrad på 80 %. Ca 28 % av statsføretaka i Shanghai gjekk med underskot i 1996, og dette er også eit klart betre tal enn landsgjennomsnittet. (SCMP 30.1. 97, 30.5.97)

I det følgjande skal vi sjå på nokre konkrete tiltak for modernisering av statsselskapa.

Visestatsministerens fjernsynstale

Dåverande visestatsminister Zhu Rongji (statsminister i skrivande stund) sa i ein fjernsynstale i byrjinga av januar 1997 at regjeringa ikkje ville trykke pengar for å berge statsbedriftene. Nye subsidiar eller friske lån var ikkje i vente.

Den grunnleggande budskapen frå Zhu var at hard medisin var det beste for selskapa. Han sa rett ut at dei hadde for mange tilsette, og at dei no hadde eit godt høve til å kvitte seg med nokre av dei. Han rådde bedriftsleiarane til å styrke leiareigenskapane sine. Dei burde m.a. studere særleg nøye ein tale president Jiang Zemin hadde halde om statsbedriftene. Zhu meinte at leiarane burde få ned talet på tilsette, betre effektiviteten og hjelpe til i omplasseringa av dei som blir overflødige. Han framheva erfaringane frå Shanghai og Qingdao som noko ein kunne lære av andre stader.

Vidare meinte Zhu at bedriftsleiarane burde sjå på mulegheitene for fusjonar med andre bedrifter. Ein ny idé var å gi skattereduksjonar til bedrifter som overtok konkursramma fabrikkar. Nye eigarar skulle heller ikkje vere nøydde til å ta fullt ansvar for tidlegare tilsette i bedrifter som var slått konkurs. Overflødige arbeidarar skulle bli eit ansvar for lokale styresmakter og deira omskuleringsprogram. (SCMP 11.1.97)

Visestatsministeren vitjar Chongqing

Zhu Rongji utdjupa desse synspunkta då han vitja Chongqing seinare i januar 1997. Detaljar om ein plan for kutte vekk daukjøt gjennom samanslåingar, konkursar og omskulering av arbeidarar vart for første gong offentleggjorde. Xinhua siterte Zhu for å ha sagt at ein burde la fabrikkar som var konkurs verkeleg gå konkurs, og dei som var egna til å slåast saman med andre burde gå gjennom ein slik prosess.

Zhu sa at Beijing hadde utarbeidd støtteordningar for selskap som gjekk konkurs eller fusjonerte, som t.d. rentefrie lån. Dessutan hadde sentralregjeringa øyremerkt opp til 30 milliardar yuan for avskrivning av dårlege lån i slike selskap. Omstruktureringa kunne imidlertid berre finne stad i 110 utvalde pilotbyar, og leiarane i desse byane ville måtte rapportere planlagde konkursar og fusjonar til Beijing for godkjenning. Zhu åtvare sterkt mot "falske konkursar" med det føremål å stikke av frå gjeld. Konkursrutinane skulle standardiserast for å unngå slike tilfelle.

Eit krav til bedrifter som gjekk konkurs var at dei først måtte ta seg av livsopphaldet og formidlinga av nytt arbeid til dei tilsette. Midlar til dette skulle skaffast gjennom sal av den

¹⁵ Gjeldsgrad er her rekna som total gjeld i prosent av totale verdier i eit selskap

konkursramma bedrifta sine eignedelar. Han hadde denne oppmodinga til dei lokale styresmaktene:

“Lokale regjeringar må forklare situasjonen for dei oppsagde arbeidarane og hjelpe dei til å forstå at det som den sentrale regjeringa har gjort er i deira langsiktige interesse.” (SCMP 31.1 97)

Gode bedrifter som fusjonerte med dårlege skulle ta på seg å ordne opp i gjelda til dei sistnemnde i løpet av fem år. Som belønning for dette kunne dei søke statsbankane om rentefritak.

Dei bedriftene som ikkje egna seg for samanslåingar med andre, skulle betre effektiviteten gjennom å seie opp overflødige arbeidarar. Før dette kunne gjennomførast, måtte omskuleringssentra for dei overflødige vere etablert. Slike sentra skulle finansierast i fellesskap med den lokale administrasjonen, gjennom spesielle banklån og sosialforsikringsordningar. (SCMP 31.1 97; HKS 1.2. 97)

Folkekongressen 1997: Topp-prioritet til reformer i statsbedriftene

I ein tale til Folkekongressen våren 1997 behandla Zhu Rongji igjen problema med statsbedriftene. Han presiserte at Kina no ville øymerke 100 milliardar yuan for å hjelpe konkursramma statsbedrifter dei neste tre åra. Nok ein gang understreka han at konkursar, fusjonar og tilbakeføring til arbeidslivet av dei som mista jobben som den beste måten å handtere den kroniske strukturkrisa i statssektoren. Han understreka også dette:

“Vi er ikkje redde for å bruke mykje pengar på konkursar, men for å ikkje bruke nok, fordi mange bedrifter som eigentleg burde ha vore konkurs ikkje kan tillatast å bli nedlagt.” (SCMP 4.3.97)

Dei gjentatte presiseringane av desse poenga frå Zhu, som blir rekna å vere arkitekten bak dei finansielle reformene, viser at regjeringa no er bestemt på å stoppe den negative utviklinga i statsbedriftene. Zhu meinte at problema kunne løysast i løpet av to-tre år.

Ein økonomisk ekspert frå Hong Kong Polytekniske Universitet, Thomas Chan, sa i ein kommentar til *Hong Kong Standard* at dette var vel optimistisk. Innrettinga av politikken var rett, meinte Chan, men det ville ta lenger tid og krevje meir ressursar enn det som no var avsett. Han minna om at mange av dei som mista jobben var middelaldrande, og det ville såleis medføre ein stor ressursinnsats å bringe dei tilbake til arbeidslivet. Chan meinte dessutan at bedriftene sjølve måtte ta initiativ til fusjonar. Dersom ei god bedrift vart tvunga til å slå seg saman med ei dårleg som følgje av eit administrativt vedtak, vil tiltaket ikkje bere frukter, sa han.

Både Zhu, statsminister Li Peng og leiaren for Statens planleggingskommisjon, Chen Jinhua, sa dessutan at reformer i statssektoren ville få topp-prioritet i 1997. Li Peng meinte at problema måtte løysast ved reformer i bransjestrukturen¹⁶ og ved betre kvalitet og effektivitet i produksjonen. Chen sa at både drifta og styringa av statsbedriftene ikkje var i samsvar med krava for utvikling av ein sosialistisk marknadsøkonomi.

Tidlegare statsråd Cai Cheng meinte at argumentasjonen frå m.a. Li Peng var sjølvmotseiande. På den eine sida skulle regjeringsfunksjonar skiljast frå det forretningsmessige i statsbedriftene. På den andre sida vart både sentrale kontor og lokale styresmakter bedt om å ta ansvaret for å gjere tapsbedrifter til profitable føretak.

No må det seiast at ikkje alle kommentarane var like negative m.o.t. stoda i statsbedriftene. Visestatsminister Wu Bangguo og økonomen Huang Da meinte at tiltaka var byrja å virke, og at selskapa kom seg over verste kneiken i 1996.

¹⁶ Her er det nok m.a. sikta til fusjonar for å få større bedrifter

Professor Li Wuwei frå Shanghai-universitetet sa at reformene i statselskapa ville føre til ny spenning i arbeidsmarknaden. Li meinte at formidling av nytt arbeid til dei som vart arbeidsledige var nøkkelen til reformene:

“Det er alt ei stor gruppe av proletariserte bønder i byane. Det vil bli ubalanse i arbeidsmarknaden dersom ein ny hær av arbeidarar blir slept laus. Vi snakkar om 10-20 millionar menneske som ventar på nye jobbar.” (SCMP 4.3.97)

(HKS 4.3.97, 5.3.97; SCMP 4.3.97)

Bankane si rolle

Mange av statsbedriftene har problem med å betale tilbake lån, og innan banknæringa er det ei viss frykt for at enkelte bedrifter vil prøve å sleppe unna tilbakebetalinga ved å erklære seg konkurs. Styreleiaren i Folkets Bank, Dai Xianglong, uttalte derfor i følge *South China Morning Post* at Kina ville bekjempe illegale konkursar, då dette medførte sløsing med offentlege midlar og kunne skade heile kredittsystemet.

Bedrifter som ønskjer å slå seg konkurs må derfor først søke godkjenning for dette hos hovudkreditorbanken før fritak for tilbakebetaling kan innvilgast.

Kina har ei konkurslov, men er tilbakehalden med å bruke ho, for ein fryktar at massive oppseiingar kan føre til sosial uro. I praksis er det helst små bedrifter som har vorte offer for konkurslova. Bankane er forsiktige med å tvinge fram konkursar, fordi dei har vanskar med å sikre krava sine i konkursbu. Ein annan grunn til at bankane er tilbakehaldne med å tvinge fram konkursar, er at dei kan ha gitt lån utan å følgje korrekte retningslinjer, og såleis kome i eit uheldig lys om saka vert offentleg kjend.

Herr Dai sa at fleire statselskap ville bli slått saman eller konkurs i tida som kjem, og at dei statseigde forretningsbankane ville gi finansiell støtte til å skrive av dårleg gjeld i slike bedrifter. Kina ville skrive av dårleg gjeld på i alt 30 milliardar yuan i 1997, eit beløp som vil bli gradvis auka i åra framover.

Nokre tvilar på at 30 milliardar årleg er nok til å hjelpe statselskapa. Men regjeringa er forsiktige med å bruke for mykje pengar, for kontroll med inflasjonen er også eit prioritert mål i kinesisk politikk. Eit tilleggsproblem om bankane skal hjelpe statsbedrifter som er villige til omstilling, er at bankane ikkje får gjennomført den nødvendige omstillinga dei sjølve treng når dei risikerer å måtte dekke dårlege lån.

I eit møte med andre finansministrar i Stillehavsregionen som fann stad på Filippinane i april 1997, understreka Kinas finansminister Liu Zhongli at statsbankane ikkje skulle gi kreditt til tapsbringande statsbedrifter som var i ei slik forfatning at dei sjølve burde ta ansvaret for om dei sokk eller flaut. Han sa også at dei fleste av dei dårlege bedriftene var relativt små. Det ein prøvde å få til, formulerte han slik:

“Målet med reformene våre er å sikre at dei større statselskapa driv lønnsamt, medan vi brukar ei meir fleksibel tilnærming til dei mindre bedriftene. Om desse ikkje går bra, kan vi la dei fusjonere, gå konkurs eller bli selde.” (SCMP 7.4.97)

Våren 1998 var problema med store potensielle utlånstap for bankane minst like store som året før, og Folkekongressen godkjende ei kapitalinnsprøyting på 270 milliardar yuan i dei fire største statsbankane. Dette vart gjort i form av statsobligasjonar som skulle gå inn som eigenkapital i bankane. Tiltaket var i tråd med dei tilrådingane Det internasjonale pengefondet (IMF) hadde gitt for asiatiske bankar. (*China Daily* 2.3.98; SCMP 11.1.97, 13.1.97, 29.1.97, 7.4.97)

Kommunistpartiet tek styringa

Etter Deng Xiaopings død vart det å få statsselskapa på rett kjøp peika på som ei av dei viktigaste oppgåvene for president Jiang Zemin. Tiltaka som er offentleggjort så langt inkluderer kamp mot korrupsjon og dårleg leiarskap, og strengare sentral kontroll av leiinga av dei ulike selskapa.

Sentralkomiteen i kommunistpartiet sende i januar 1997 ut eit rundskriv som kravde styrking av partiet si rolle i leiinga av statseigde selskap. Eit av dei viktigaste måla som rundskrivet refererer til, er å byggje opp ein hær av partimedlemmer i kvart selskap for å betre evne til å handtere vanskaner i samband med reformer og modernisering. Det blir sagt at “negativ påverknad” skal eliminerast, og at partiorganana si rolle skal utvidast. Dette betyr mellom anna følgjande:

- Partikomitear skal få tilbake ansvaret for personalfunksjonen, inkludert utnemning og forfremming av kadrar
- Direktørane i selskapa må lytte til og respektere partikomiteens meiningar før dei tek viktige avgjerder
- Administrerande direktørar skal rapportere viktige strategiske avgjerder og endringar til partikomiteen

Dette inneber ei klår innstramming av 80-talspolitikken, som gjekk ut på å skilje partiet frå den daglege leiinga av statsselskapa, noko som den gangen vart rekna som nødvendig for å auke effektiviteten i selskapa ...

Det å styrke partiets innverknad i selskapa er vel ikkje det vi i Vesten ville applaudere som den rette medisinen, men ei slik sentralisering reflekterer regjeringa sitt prinsipp om at stabilitet er viktigare enn alt anna. Ved at partiet held eit fast grep om gjennomføringa av reformene minimaliserer ein faren for sosial uro. Som ei permanent organisasjonsform er ordninga meir tvilsam. (HKS 10.3.97, 11.3.97; *Economic Daily* 9.3.97)

Omplassering av overflødige

I ein leiar i *Folkets Dagblad* like før den internasjonale arbeidardagen i 1997 tok kommunistpartiet til orde for at slakket i statsbedriftene måtte reduserast ved å setje overflødige i meningsfylt arbeid. Avisa skreiv at det måtte bli slutt på at ein persons arbeid vart utført av tre, og at tre personars måltid vart delt av fem. Kina har i alt 148 millionar på lønnslista i ulike statsbedrifter. Reduksjon av talet på tilsette er ikkje til å koma utanom, vart det hevda i leiaren.

Partiorganet trekte fram Yanzhou Kolmineselskap som eit døme til etterfølging. Denne bedrifta hadde store problem, men makta å omplassere 8.600 overflødige arbeidarar, slik at ho no har eit årleg overskot på vel 40 millionar kroner.

“Dette er eit positivt eksempel for dei bedriftene som baserer seg på ei vente-og-sjå-haldning. Korleis handterer ein oppsagde arbeidarar? Ein må grave kanalen først, så kan vatne strøyme gjennom. Dette betyr at ein må finne alternativ sysselsetting før ein kuttar ned på personalet. Om kolindustrien kan gjere det, kan alle andre bransjar klare det også.” (SCMP 29.4.97)

China Petrochemical Corp (Sinopec) reknar med at ein tredjedel av dei 650.000 tilsette blir overflødige i samband med eit program for oppgradering og straumlinjeforming av organisasjonen. Dette talet har dei kome fram til gjennom ei samanlikning – eller såkalla *benchmarking*, som det heiter på “nynorsk” – med vestlege oljeselskap. Det vart ikkje presentert nokon tidsplan for omstillinga, men i følgje ein talsmann for selskapet skulle dei overflødige sysselsettast ved jobbskaping gjennom ny næringsverksemd.

For Sinopec er ei slik modernisering nødvendig for å møte konkurransen frå dei internasjonale oljegigantane som no strøymar inn på den kinesiske marknaden. (*Folkets Dagblad* 28.4.97; *SCMP* 29.4.97, 23.6.97; *China Daily Business Weekly* 22.6.97)

Omskulering til drosjesjåfør?

Ja, det er det som ventar ein del av dei som blir overtallige i Beijing. I følge ein offisiell talsmann for byregjeringa skal det skrivast ut 20.000 nye drosjeløyve for å skape nye jobbar for nokre av dei som blir oppsagde i statsselskapa. Første gongen eg var i Beijing var det ikkje enkelt å få tak i drosje (nesten umuleg om ein ikkje visste korleis¹⁷), siste gongen var ein piratsjåfør den første eg møtte etter å ha passert passkontrollen, neste gong blir det endå hardare kamp om kundane.

For tida er det meir enn 80.000 drosjer i Beijing, men det er nok rom for fleire om ein kan få bukt med piratdrosjene. Piratane spekulerer i at ein del av dei som kjem til Beijing er usikre på kva dei går til, og er glade til om det kjem nokon som vil køyre dei dit dei skal. Problemet er at slike velvillige hjelparar veit å ta seg betalt; "takstane" deira ligg skyhøgt over dei offisielle. Ca 50 US\$ frå flyplassen til sentrum var prisen i 1994, ein vanvittig overpris. Følgjande lesarbrev gir eit godt bilde av situasjonen:

"Turistar som kjem til hovudstaden Beijings internasjonale flyplass treng vern mot skruppellause drosjesjåførar som opererer med ublyge takstar. Desse sjåførane heng rundt innkomsthallen til lufthamna for å slå kloa i godtruande utanlandske turistar.

Eg reiste til flyplassen den 9. juni for å møte familien min, som kom med Northwest Airline. Ein drosjesjåfør kravde 500 yuan (\$57) for turen til sentrum. Ein annan, som hadde ei stillteiande godkjenning frå informasjonsdisken til China International Travel Service (CITS), ville ha 200 yuan (\$23). ...

[Det følgjer så ei skildring av ein tur med flybussen i kombinasjon med ei bydrosje, som til saman kosta 66,5 yuan (US\$ 8) for fire personar.]...

Styresmaktene i Beijing må straks gjere noko for å hindre dei skruppellause drosjesjåførane i å lure turistane. Desse turistane kjem truleg til å forlate Kina med ei bitter kjensle om desse skruppellause folka får høve til å operere så fritt som no. Shelton Gunaratne. Tianjin." (*China Daily* 1.7.94)

Drosjeprogrammet er ein av fleire planar byregjeringa i Beijing har utvikla for å sysselsette minst 60 % av dei 200.000 som er overflødige i statsselskapa i byen. Nokre har fått jobb i andre bedrifter, medan andre har teke vaskejobbar. I Beijing har dei lært mykje av måten dei har gjort det på i Shanghai, der dei har hatt stor suksess med å tilbakeføre folk som har mista jobben til arbeidslivet. (*HKS* 7.5.97; *SCMP* 7.5.97)

Shanghai: Ein føregangsby

Dei fleste av dei som har mista jobben i Shanghai er fabrikkarbeidarar. Slik er det i dei fleste byane, med unntak av Beijing, der mange av dei ledige har vore leiarar. Byregjeringa i Shanghai har satsa mykje på å få oppsagde til å starte sine eigne bedrifter. Forenkla prosedyrar for å starte eiga bedrift og skattelette er nokre av gulrøtene ein har lagt ut. Det blir sagt at om ein oppsagd sender inn søknad om å danne si eiga bedrift om morgonen, kan han ha dei nødvendige papira i orden same ettermiddag. Byregjeringa har gitt slike småbedrifter skattefritak i tre år. Nokre av desse arbeidarane har starta gamleheimar, andre har etablert reingjeringselskap, og i følge offisielle talsmenn har dei det mykje betre enn før.

Frå 1996 har Shanghai har også eksperimentert med såkalla omplasseringssentra for å omskulere arbeidarar frå tekstilindustrien til nye jobbar. Det var moderbedriftene til overflødige

¹⁷ For spesielt interesserte kan eg opplyse at det sikraste var å gå til eit av dei flottare hotella og spørje om dei kunne skaffe ein drosje til deg

arbeidarar som etablerte sentra. I løpet av 1997 vart tilbodet utvida til også å gjelde andre bransjar, som lettindustri, kjemisk, metallurgisk, bygnings-, maskin- og elektrisk industri. Det er mange hundre tusen som har fått hjelp på denne måten, men nøyaktige tal er vanskeleg å gi, for opplysningane varierer noko mellom ulike kjelder. I følgje *Hong Kong Standard* vart 800.000 arbeidarar omplassert i 1996, i 1997 rekna ein med å måtte skaffe jobb til ytterlegare 600.000. I andre samanhengar blir det operert med lågare tal. *South China Morning Post* skreiv at i 1997 at ca 400.000 ville miste jobben i statsbedriftene dei neste to åra, slik at behovet for omplassering var ca 200.000 per år. I tillegg kom ca 150.000 arbeidslause. Den same avisa fortalde dessutan at ca 1 million arbeidarar var omskulerte til nye jobbar i perioden frå 1991 til 1996.

At Shanghai har satsa så mykje på dette kan skuldast det høge innslaget statssektoren har i byens økonomi, og eit ønskje frå Beijing om å finne ein suksessformel som kunne kopierast andre stader. Då president Jiang Zemin vitja Shanghai i 1996, gav han ordre til dei lokale leiarane om å finne kreative måtar å fornye statsføretaka på utan å skape sosial uro. Ordren tvinga fram konkurs i 58 bedrifter fram årsskiftet 96-97, og 50 nye statsføretak var forventa å gå same vegen i 1997. Reformene reduserte gjeldsgraden i statselskapa frå 80 % i 1994 til 68,5 % i 1996, og ein forventa eit tal ned mot 60 % i løpet av 1997.

Dei nye jobbane er i hovudsak å finne innanfor service- og handelssektoren. Her er Shanghai heldigare stilt enn andre deler av Kina som ikkje har ein så langt framskriden servicesektor. Problema vil derfor bli større i dei nordvestlege og nordaustlege regionane. Ved utgangen av 1995 var det likevel i følgje nokre offisielle kjelder bort i mot 150.000 arbeidslause i byen, det vil seie ca 2,7 % av arbeidsstyrken. Gitt ein økonomisk vekst på 11 % i året, rekna ein med å halde arbeidsløysa under 3 %. I femårsplanen 1996-2000 var det føresett ein vekst på 12 %. Verkelege tal for 1996 viste ein vekst på 13 %.

Men det reelle talet på arbeidslause kan vere høgare enn det som er oppgitt ovanfor. Leiaren for Shanghai Statistiske Byrå, Sun Zuyao, har sagt at 207.000 arbeidarar som hadde mista jobben i statselskap framleis ikkje hadde funne seg ny jobb ved utgangen av 1996. Tilsvarende tal for 1995 var 200.000. Mesteparten av desse arbeidarane kom frå tekstilindustrien og ein del fabrikkar for måleinstrument, som har flytta produksjonen til lavkostprovinsar. Det kan altså vere litt usikkert kor store arbeidsløysetal verkeleg er (utanlandske ekspertar meiner dei er endå høgare enn dei offisielle tala), og svaret på dette avheng vel i Kina som andre stader av korleis ein definerer omgrepet arbeidsløyse. Men tala viser i alle fall at sjølv om Shanghai er ein føregangsby, så gjenstår det store oppgåver for arbeidsformidlinga.

For å hindre arbeidsløysa å vekse, ønskjer ein derfor at arbeidskontora raskare får oppsagde inn i nytt arbeid. Ein vil også på ulike måtar lette situasjonen for dei langtidsarbeidslause, slik at dei ikkje skal føle seg oppgitt av samfunnet. Mellom anna har 7600 offentleg tilsette sagt seg villige til å pleie kontakt med arbeidslause, og støttefond er også etablert.

Sjølv om tapa i statssektoren er eit problem også i Shanghai, meinte ein talsmann for byregjeringa at tilstandane snart ville snu til det betre, fordi ein no kunne byrje å hauste fruktene av det gode arbeidet ein har gjort med samanslåingar av bedrifter gjennom fusjonar og oppkjøp. Desse tiltaka meiner ein skal redusere talet på tapsbringande føretak. Tapa i statsbedriftene auka likevel frå tre til fem milliardar yuan frå 1995 til 1996. Eit anna problem er at sjølv om Shanghai har vore ein av dei mest attraktive byane i Kina for utanlandske investeringar, kan ein ikkje rekne med at auken i desse investeringane kan halde fram i same tempo som før. (*HKS 7.5.97; SCMP 6.1.97, 30.1.97, 7.5.97, 27.5.97, 30.5.97; China Daily Business Weekly 4.1.97*)

Spesielle problem i Beijing

Sjølv om talet på dei som treng omskulering er mindre i Beijing enn i Shanghai, er problema der større, nettopp fordi mange av dei som har mista jobben har vore leiarar, og oppfattar det som tap av ansikt å bli "degradert" til vanleg arbeidar. For å hindre at innflyttarar frå landsbygda tek opp

jobbane, har byregjeringa i Beijing sett opp ei liste over yrke der arbeidsgjevarane skal prioritere innbyggjarane i byen. Lista omfattar jobbar som rekneskapsførar, sekretær, seljar, bussjåfør, kelner og heisførar.

Vidare har ein etter mønster frå Shanghai innført ein støtteordning for arbeidsgjevarar som er villige til å tilsetje arbeidslause: Ei arbeidseining kan få 3000 yuan for å tilsette ei kvinne over 35 eller ein mann over 40 om arbeidsforholdet varer minst to år. (SCMP 7.5.97)

Oppmuntring til å bli sin eigen arbeidsgivar

Også i Liaoning-provinsen, som har 10 % av dei statseigde selskapa i Kina, har ein teke utfordringa frå Shanghai. Som i andre delar av Kina har nedleggingar og slanking av statsbedrifter sendt mange arbeidarar inn i arbeidsløysa også i Liaoning, og i 1997 rekna ein med at i alt 1.6 millionar arbeidarar var utan arbeid.

Det å etablere si eiga bedrift har vorte svaret for 300.000 overflødige arbeidarar i denne provinsen. I følgje Xinhua har dette vore ein suksess som oppmuntrar stadig fleire til å prøve det same. Etter som marknadsøkonomien festar grepet, reknar ein med at det vil bli meir og meir vanleg at arbeidslause dannar si eiga bedrift.

Ei suksesshistorie som blir formidla, er om 45 år gamle Hou Chengyun. Ho byrja å selje nudlar i ei lita bu då ho mista jobben. Bua utvikla seg via ein hurtigmatkafeteria til ein skikkeleg restaurant. Hennar opphavlege investering på 100 yuan har blomstra til å bli ein forretning verd titusenvis av yuan.

Ei annar historie er om Liu Jie, som vart oppsagd i ein statseigd fabrikk. Han grunnlagde eit selskap som skulle yte service på kalkulatorar, og etter fem år sysselsett han 24 arbeidarar, og er begynt å etablere seg internasjonalt. (SCMP 3.6.97)

Sosialt ansvar bort frå bedriftene?

Kina sin strategi for å handtere dei tapsbringande statsbedriftene kan berre fungere dersom dei får lov til å fjerne dei sosialpolitiske ytingane dei er pliktige til å gi sine tilsette. Dette hevda professor Lin Yifun frå det økonomiske forskingssenteret ved Beijing-universitetet på ein konferanse i London.

Kort fortalt inneber strategien ei sterkare styring av dei store bedriftene og fusjonering eller nedlegging av dei minste bedriftene. I april 1997 nedsette regjeringa ei arbeidsgruppe for å ta seg av fusjonar og konkursar i statselskapa.

Professor Lin, som er ein av regjeringa sine seniorrådgivarar når det gjeld jordbruksspørsmål og selskapsreformer, peika på at det er mykje vanskelegare å rasjonalisere dei store selskapa, fordi dei er pålagde å skaffe husvære og helsetenester til eit stort tal personar. For å få bedriftene lønnsame må ein skilje det sosiale ansvaret frå den kommersielle delen, meinte han.

I reformene som er gjennomført i Shanghai dei seinare åra, har ein delt ansvaret for den sosiale velferda på tre partar: Det offentlege, bedrifta og arbeidstakaren. I følgje Xinhua skulle Shanghai i løpet av 1997 innføre eit system der arbeidstakarane ikkje lenger skulle nyte godt av å bli tatt vare på av arbeidsgjevar "frå vogge til grav", og der arbeidstakarane lettare kunne bli både tilsett og oppsagt. På bynivå skulle det då verte etablert ei sosialforsikringsordning finansiert av dei tre partane som er nemnde ovanfor, og som skulle sikre oppsagde arbeidsløysetrygd. (SCMP 20.5.97, 30.5.97, 2.7.97)

Skattelette som gulrot

I det austlege Kina finn vi Anhui, ein av dei fattigaste provinsane. Her lokkar styresmaktene i følgje Xinhua med skattelette til gjeldstynga statselskap som etablerer servicebedrifter for å

sysselsette oppsagde arbeidarar. I eit direktiv blir selskap som dannar servicebedrifter lova skattefritak i fleire år framover. Registreringsavgifta vil bli lågare for slike bedrifter, og dei vil bli prioriterte ved tildeling av løyve til å drive forretningsverksemd. Til gjengjeld er selskapa pålagde å oppretthalde arbeidarane sine forsikringsordningane sjølv etter at dei har funne anna arbeid. Dette er for å unngå sosial uro i samband med omstillingsprosessen

For å oppmuntre overflødige arbeidarane til å setje i gang med eiga verksemd, blir dei som organiserer sosial tenesteyting av eit eller anna slag lova fritak frå alle skattar og avgifter i tre år framover. (SCMP 26.06.97)

Fri konkurranse om jobbane

Arbeidsløyse i byane kombinert med auka innflytting høyrer ikkje lysteleg ut. Men professor Zhou Qiren ved Senter for Økonomisk Forsking ved Universitetet i Beijing åttvarer likevel mot restriksjonar på innflyttinga til byane. Å lukke byane for rural arbeidskraft betyr å ignorere prinsippet om fri konkurranse om jobbane, sa han:

“Den einaste måten å handtere arbeidsløysa i byane er å halde fram med reformer for å få høg konkurranse i arbeidsmarknaden. Reformar kan presse ned kunstig høge lønningar og velferdsstandardar i statsbedriftene.”
(China Daily 8.5.97)

Professor Zhou var ikkje særleg begeistra for politikken med å gi fordelaktige banklån til statsbedrifter. Han meinte at ein heller burde justere skattepolitikken i forhold til småbyindustrien, og dermed skape nye arbeidsplassar. Av andre tiltak han foreslo var å gjere det gunstigare å eksportere arbeidsintensive produkt.

Dette er berre eitt av fleire uttrykk for ein pågåande offentleg debatt om arbeidsløyseproblema og mulege løysingar. Det at debatten er meir open, viser endra holdningar til problemet, og måten å takle det på. Mange av ideane som kjem opp i debatten er eigentleg ikkje nye, men erkjenning av problemet er eit framskritt sa sjefsøkonomen i Hong Kongs handelsråd, Edward Leung. Leung meinte elles at ein veksande servicesektor kunne absorbere ein del av dei som mista jobben, men at eldre og ufaglærde arbeidarar i alle fall ville få det vanskeleg.

I følgje offisielle tal var det 5,5 millionar arbeidslause i byane på slutten av 1996. Det var visearbeidsminister Lin Yongsan som opplyste dette. Men i tillegg til dette kom truleg 22 millionar overtalige arbeidarar som venta på å få nytt arbeid. Statistikken blir mangelfull fordi ein del arbeidslause ikkje registrerer seg, og nokre arbeider i bedrifter som trappar ned eller er i ferd med å bli nedlagt, og andre er tilsett i statsbedrifter utan å ha noko arbeid! (SCMP 9.5.97, 17.5.97; China Daily 8.5.97)

Arbeidarstyrte bedrifter?

Ikkje akkurat det kanskje, men personalet blir rapportert å ha teke over den tapsbringande statsbedrifta Chongqing Jialing kjemiske fabrikklegg. Bedrifta har verdiar for 150 millionar yuan og i alt 1200 tilsette, og det blir ikkje sagt noko om det er alle desse eller deler av dei – t.d. leiinga – som har overteke drifta. Noko gullkanta papir er det i alle fall ikkje tale om, sidan gjelda er stigande og utgjer ca 98 % av verdiane i selskapet.

Det er interessant at tilsette satsar på å berge arbeidsplassane sine på denne måten. Dei sparsame opplysningane tyder imidlertid på at prosjektet er svært risikabelt, og ein må ha tilførsel av frisk kapital – ny eigenkapital eller statsstøtte – for å få orden på ei bedrift som er opplånt til midt på fabrikkpipene. (SCMP 27.06.97)

Folkets Frigjeringshær: Slanking, kvalitetsheving og lojalitetskrav

PLA, Folkets Frigjeringshær, tel om lag tre millionar soldatar. Eit av president Jiang Zemins hovudpunkt i opningstalen på den 15. partikongressen i september 1997 var at dette talet vil bli kutta med 500.000 i treårsperioden 1998-2000. Ideen om ein slankare hær med høgare kvalitet har vore under vurdering sidan 1992, men det vart likevel rekna for eit overraskande utspel.

Fråsegna er truleg meint å bygge opp under Jiang som ein verdig etterfølgjar til Deng Xiaping. Deng foreslo sjølv tidleg på 80-talet å redusere PLA med ein million personar. Før partikongressen hadde det vorte stilt store spørsmålsteikn ved Jiangs kontroll over PLA. I talen sin retta han ei sterk oppmoding til generalane om å vise lojalitet:

“Under dei nye historiske vilkåra må hæren konsekvent støtte partiets absolutte leiarskap, vere på linje med partiets sentralkomité ideologisk og lyde ordrar frå sentralkomiteen.” (SCMP 13.9.97)

Hæren skulle vidare halde fast ved strategien om eit aktivt forsvar, og heve kvaliteten sin gjennom færre, men betre soldatar. (SCMP 13.9.97)

På vakt mot uro som følgje av masseoppseiingar

På ein nasjonal konferanse om lovhandheving i desember 1997 vart det m.a. diskutert korleis ein skulle sikre stabile samfunnsforhold i tilfelle massearbeidsløyse. Mange millionar arbeidarar var forventa å miste jobben i løpet av 1998 som følgje av store reformer i statssektoren.

Til då hadde protestane frå oppsagde arbeidarar vore tilfeldige og spontane. Det Beijing frykta, var at demonstrasjonane skulle bli meir politisk orienterte, og at opposisjonelle skulle utnytte situasjonen ved å fyre opp under misnøya. Repetisjon av hendingane på Tiananmen i 1989 har styresmaktene rett og slett ikkje råd til.

Bodskapen frå dei sentrale styresmaktene var at politiet i dei ulike regionane måtte vere spesielt merksame på faktorar som kunne true den sosiale stabiliteten. Uautoriserte fagforeiningar og opposisjonelle skulle følgjast med argusauge, og tilløp til illegale aksjonar skulle slåast ned straks. Samstundes vart det sagt at ein måtte vere varsam i handteringa av spontane protestar frå overflødige arbeidarar. Dersom arbeidarane berre uttrykte misnøye utan “ytterlegare baktankar” eller vold, skulle dei møtast med overtaling og opplysing.

For styresmaktene var det viktig å understreke at lauslatinga av den kjende opposisjonelle Wei Jingsheng nokre veker før konferansen ikkje betydde noko oppmjuking av holdninga til “borgarleg liberalisering”. Beijing frykta nok at spreieing av slike oppfatningar kunne føre til at opposisjonelle ville bli freista til å skape uro ved hjelp av misnøgdde eks-arbeidarar. Alle kjende opposisjonelle skulle derfor overvakast for å hindre ei slik utvikling.

President Jiang Zemin var sjølv til stades på konferansen, og oppmoda leiande tenestemenn om å ta ansvar for å oppretthalde stabiliteten i samfunnet:

“ Stabilitet er ein føresetnad for reform og utvikling. Utan stabilitet vil vi ikkje oppnå nokon ting og dessutan sette på spel det vi har oppnådd.” (HKS 30.12.97).

Privatisering med blanda resultat

Dei fleste småbybedriftene i Jiangsu- og Zhejiang-provinsen er privatiserte, noko som avspeglar ein ny trend som ein reknar med vil spreie seg til andre provinsar og til små og mellomstore statsbedrifter generelt. Dette viser undersøkingar leia av professor Qin Hui ved Qinghua Universitet.

Undersøkingane omfatta ei studie i ein by i det sørlege Jiangsu, og to i Zhejiang. Ca 90 % av småbybedriftene med aktiva under fem millionar yuan var privatiserte. For det meste skjedde dette ved at byregjeringane selde ut lutane sine. Privatiseringa har auka på dei seinare åra, utan at det nødvendigvis fører til betre resultat.

Aktivaverdien i mange av bedriftene var truleg høgare enn salssummen, slik at transaksjonane tappa det offentlege for verdiar. Framfor sala var det inga vurdering av verdiane i selskapa, og ingen revisorgjennomgang. Fleire av bedriftene vart selde til leiarane, utan at bystyresmaktene visste korleis kjøpa var finansierte. Nokre veletablerte bedrifter vart kjøpt opp av konkurrentar til ein pris som berre var ein brøkdel av den sannsynlege verdien.

I følge professor Qin vart mange av bedriftene selde fort, delvis fordi styresmaktene ikkje lenger kunne tolerere dei store tapa. Ein annan grunn til sala var det nye rekrutteringssystemet for kadrar i småbyane. Kadrane kunne ikkje lenger vere overhovud i eigen by, noko som har ført til kortsiktig tankegang hos "framande" overhovud. Dei har selt ut alle bedriftene i byen raskt for å finansiere annan lokal utvikling, og bryr seg ikkje om byens framtidige inntekter, sa professor Qin.

Dessutan var mange byleiarar leie av den stadige krangelen mellom byregjeringa og bedriftene, slik at ein tredje grunn til dei raske sala var at ein ville unngå meir trøbbel. (SCMP 13.6.97)

Testing, skulering og utrensking av leiarar

Tidleg i 1997 vart det meldt at direktørar i statseigde bedrifter i løpet av året skulle gjennomgå testar slik at ein kunne luke ut dei som var ukvalifiserte og såleis betre prestasjonane. Det var ein talsmann frå Statens kommisjon for økonomi og handel som opplyste dette. I følge talsmannen skulle det også setjast i gang kurs i siste nytt av leiingsteoriar for leiarane i 1000 statseigde selskap.

Talsmannen meinte at dårleg leiing kunne forklare 60 % av tapa i statsselskapa. Han uttalte at nokre leiarar såg på reformer som fridom til å gjere avtaler med utlendingar, fare utanlands på studiereiser og starte nye prosjekt, utan å bry seg mykje med dei reelle vanskanne ein står overfor i statsselskapa.

Leiaren for kommunistpartiet i Shenzhen, herr Li Youwei, sa at leiinga i dei tapsbringande statsbedriftene burde sparkast. I dei verste tilfella burde dei også straffefølgjast, skal han ha sagt på eit byregjeringsmøte. Li oppmoda også selskapa om å revurdere investeringar som ikkje var basert på skikkelege førehandsundersøkingar. (SCMP 6.2.97, 5.6.97)

Samanslåingar av bedrifter i lettindustrien

Lettindustrien har vore plaga med ein uheldig struktur som ført til ein meningslaus konkurranse mellom ineffektive bedrifter. Det nasjonale rådet for lettindustrien går inn for at alle konsumentvareprodusentar skal fusjonera inn i 100 konglomeratselskap innan årtusenskiftet.

Rådet sitt syn er at sektoren vil bli meir konkurransedyktig ved å slå saman store selskap, og knytte dei svake selskapa til desse store. For å få til ei straumlinjeforming av desse bedriftene ville midlar bli stilt til disposisjon, vart det opplyst av ein talsmann for rådet, utan at dette vart meir konkretisert. (SCMP 28.4.97)

Konkursar gir mulegheiter for restrukturering

Sidan eksperimentet med at også bedrifter i Kina kunne gå konkurs starta på midten av 80-talet, hadde i alt ca 11.000 selskap vorte nedlagde ved utgangen av 1996. Av desse kom 2.400

i 1995 og 6200 i 1996. Lenge var ein varsam med å bruke konkurslova som kom i 1988, særleg mot store selskap, på grunn av faren for uro ved aukande arbeidsløyse. Dette har ført til at mange bedrifter som reelt sett har vore konkurs, har halde fram med drifta for kreditorane si rekning. Talet på konkursar har altså likevel auka dei seinare åra, og prognosen for 1997 var 10.000 konkursar. Konkursrata må opp frå 0,06 til 1 % meiner konkurseksperten Cao Siyuan.

Konkursar er ikkje berre negativt, det gir også visse mulegheiter til restrukturering av næringsverksemda. Sentrale personar i leiinga i sentralbanken har oppmoda finanssektoren i Kina om å la konkursar bli oppfølge med fusjonar. Direktøren i Folkets Bank, Dai Xianglong, har sagt at konkursar og samanslåingar av bedrifter er viktige verktøy for betre ressursallokering og omstrukturering av økonomien. Han viste også til ein nasjonal konferanse nettopp om dette temaet i januar 1997.

Visedirektøren i Folkets bank, Chen Yaoxian, sa ved same høve at bankane nødvendigvis ville spele ein viktig rolle når det galdt å fremje konkursar og fusjonar, sidan 80 % av arbeidskapitalen i statselskapa består av lån. Han understreka at bankane hadde gjort sin del av jobben ved å avskrive ein del dårlege lån til statsbedrifter. Vidare sa Chen at bankane ville gi incentiv til at gode bedrifter tok over dårlege. Bankane ville dessutan gi gunstige vilkår til bedrifter med problem med stor gjeld, dersom produkta var bra og bedriftene ville kunne gå med overskot etter reduksjonar i arbeidsstokken.

Det at bankane må ta ansvar på denne måten avspeglar at sentralregjeringa ønskjer ein stram kredittpolitikk for å unngå inflasjon, og har bedt bankane om å hjelpe bedrifter i vanskar. Faren med denne politikken er at statsbedriftene ikkje får tilgang på nok frisk kapital, og at dei pengane bankane bruker til å dekke dårlege lån kunne ha vore brukt på ein meir produktiv måte og sikra nødvendig omstilling i bankane sjølve. (HKS 25.2.97; SCMP 17.1.97, 29.1.97, 19.2.97, 25.2.97)

Omstilling i Liaoning-provinsen

Liaoning er ein gamal industriprovins som har kome i store problem på grunn av dårlege statsbedrifter. Totale tapstal er ikkje oppgitt, men Xinhua opplyste at tapa vart redusert med 2,2 milliardar yuan i 1996 ved hjelp av samanslåingar, konkursar og børsregistreringar som har til føremål å skaffe kapital til reformer.

I Liaoning har styresmaktene oppmoda selskapa til å samordne ressursane og danne større samanslutningar som kunne konkurrere meir effektivt i marknadene. Ved årsskiftet 1996-97 var 32 slike grupper av selskap etablert, som t.d. av kjemiske selskap og stålfabrikantar.

Samstundes har regjeringa fremja reformer i småbedrifter, og 60 % av desse hadde på same tidspunkt starta ein omstrukturingsprosess der ein m.a. hadde eksperimentert med nye måtar å skaffe kapital på, slik som aksjesal. Sentralregjeringa ønskte ikkje konkursar i massivt omfang i 1997, og det var noko av bakgrunnen til at 30 milliardar yuan var avsett til å avskrive lån i konkursramma selskap (som tidlegare nemnt; neppe nok).

Styresmaktene i Liaoning karakteriserer reformene som ein suksess, sjølv om det er noko uklart kor mange som har mista jobben. Direktøren for planleggingskommisjonen i provinsen, Zhao Xinliang, hadde ikkje tala for 1997, men sa at meir enn 420.00 arbeidarar i fem viktige industribyar som fungerte som pilotbyar var gjort overflødige eller gitt nytt arbeid i 1996. Dei fem byane er Shenyang, Dalian, Anshan, Fushun og Benxi.

Zhao la vekt på at reformene hadde gitt positivt utslag på resultatet i statselskapa. Overskotet før skatt i selskapa sett under eitt var 40 milliardar i 1996, ein oppgang på 14 % frå året før, sa han. Provinsregjeringa har blinka ut petroleum, metallurgi, maskinindustri og elektronikk som nøkkelindustriar for utvikling mot år 2000. Det er 38 statsbedrifter som kjem i denne kategorien, blant dei er Anshan Jern- og Stålverk, og Panjin Etylenverk, som er

utvalde som “harar” i utviklinga. I følgje Xinhua sa Zhao at det i nær framtid ville bli investert 140 milliardar yuan i 200 nøkkelprosjekt. Utvalde selskap, mellom anna dei to nemnde framfor, vil søke utanlandsk delfinansiering av prosjekta sine.

I ein ny fase av reformer i Liaoning vil funksjonar som ikkje er knytte til kjerneoppgåvene bli utskilde frå statselskapa. Dette inkluderer m.a. velferdsavdelingane. Over ein treårsperiode inneber dette at 200.000 arbeidarar blir overflødige. Provinsregjeringa har øyremerkt 2 milliardar yuan til dette føremålet, og det første er gangen ho har presentert ein tidsplan for kor tid desse funksjonane skal vere utskilde. Det skal etablerast sentra for å skaffe nytt arbeid til dei som blir overflødige.

Seinare vart talet på pilotbyar utvida til åtte, ved at Dandong, Jinzhao og Yingkao kom i tillegg til dei fem som er nemnde framfor. Det vil bli arbeidd hardt for å skaffe friske pengar til selskapa og redusere gjeldsgraden. Ein ønskjer å trekkje til seg utanlandsk kapital, investere i ny teknologi og få fleire selskap børsregistrerte. (SCMP 10.2.97, 14.5.97, 27.5.97)

Betre lovvern for oppsagde?

Ein delegat på Folkekongressen i mars 1997, Chen Suzhi frå Liaoning, argumenterte for at ei lov som kunne gi betre hjelp til arbeidarar som har vorte oppsagde i statsbedriftene. Chen meinte at ein trong ei slik lov for å sikre ei smidig gjennomføring av marknadsreformene, og for å verne arbeidarane sine legale rettar og oppretthalde sosial stabilitet. (HKS 6.3.97)

Arbeidsgruppe får ansvar for omstillingstiltak

I april 1997 vart det meldt at Kina hadde etablert ei spesialgruppe som skulle ha ansvaret for konkursar, fusjonar og hjelp til dei som mista jobben sin i 110 utvalde pilotbyar. Grappa er underlagt regjeringa.

Det vart i samband med dette vedtatt detaljerte reglar for konkursar og fusjonar; dei første på dette området sidan konkurslova frå 1988. Føremålet med reglane er i hindre for mange konkursar og oppmuntre til samanslåingar. Men konkurs vart likevel sagt å vere uunngåeleg for bedrifter som lenge hadde vore ulønnsame, og som aldri ville kunne betale tilbake skulda si. Statseigde bedrifter måtte bli meir marknadsretta, reorganisere sine materielle og menneskelege ressursar og få fortgang i restruktureringa om dei ville dra seg opp av myra, vart det sagt.

Dei nye reglane føreskriv at pilotbyane må samarbeide med bankane for å avgjere om insolvente bedrifter skal slåast konkurs. I så fall vil det bli rapportert kor mykje dårleg gjeld som må dekkast av det sentrale fondet - der dei tidlegare nemnde 30 milliardar yuan inngår - før bedrifta eventuelt får halde fram med nye eigarar. Verdiane i det konkursslåtte selskapet vil så bli vurdert av eit kontor godkjent av den sentrale regjeringa. Om bedrifta eig noko land, vil det bli overtatt av dei nye eigarane etter ei uavhengig verdifastsetting.

Inntektene frå salet av bedrifta sine aktiva skal først gå til å finne nytt arbeid til dei som mista jobben på grunn av konkursen. Om dette ikkje er nok, må dei lokale styresmaktene sette av eit beløp lik tre gangar den gjennomsnittlege årslønna til dei aktuelle arbeidarane til dette føremålet. Spesielle sentra skulle etablerast for å hjelpe dei oppsagde til å skaffe seg nytt arbeid.

Både bedriftsleiarar og offentlege tenestemenn med ansvar for konkursen risikerte å bli straffa. Kriminelle tilfelle ville spesielt bli slått hardt ned på.

Dersom ein fusjon vart utfallet, skulle det overtakande selskapet ta ansvaret for all gjeld og alle arbeidarane, vart det sagt. Men dersom det selskapet som vart overtatt hadde gått med tap dei tre siste åra, skulle det overtakande selskapet få høve til å betale gjelda i ratar over fem år, og utan å bli belasta med renter.

Denne politikken skulle berre gjennomførast i pilotbyane, og berre for statselskap. Private bedrifter kan altså ikkje nytte seg av desse reglane for å sleppe unna gjeld. (SCMP 21.4.97, 22.4.97; HKS 22.4.97)

Nøkkelferdrifter utpeikte til drivkrefter i omstillingsprosessen

Eit viktig tiltak for å få statselskapa på rett kjøl, er at nokre store bedrifter skal fungere som “lokomotiv” i omstillingsprosessen. I 1991 vart 57 slike bedrifter utpeikte, og i 1997 vart 63 nye utvalde til omorganisering for å bli drivkraft i utviklinga. Visestatsminister Wu Bangguo sa følgjande om dette:

“Det er ein viktig strategi å utvikle konglomeratselskap for å drive den økonomiske moderniseringa vår framover. Etter 10 års vekst i den kinesiske økonomien, er dette det beste tidspunktet for å utvikle store selskap og konglomerat.” (SCMP 24.6.97)

Dei 63 lokomotiva som vart utnemnde i 1997 er fordelt på 13 sektorar. Blant sektorane er jordbruk, elektronikk, mekanisk industri og bilindustrien. På lista over dei utvalde selskapa finn vi m.a. gigantar som Shougang Capital Iron and Steel Works, bilfabrikanten Santana og Shanghai Automotive Industry Corporation.

Dei sentrale styresmaktene vil styrke desse utvalde selskapa, medan mindre bedrifter vil kunne gå konkurs utan at det nødvendigvis er hjelp i sikte. Bedriftene som skal leie utviklinga skulle i løpet av 1998 reorganiseras for å styrke stillinga si. Deretter vil dei etter planen overta mindre bedrifter i same bransje. For å få dette til, kan dei utvalde rekne med ei rekke privilegia:

- Mindre restriksjonar på handel med utlandet
- Mindre restriksjonar på marknadsutvikling i utlandet
- Avskrivning av deler av den langsiktige gjelda selskapa har til statsbankane
- Rikeleg tilgang på lånekapital i statsbankane
- Prioritet ved tildeling av løyve til å utferde aksjar og obligasjonar

For å få stabilitet, skal masseoppseiingar ikkje vere tillate under omstillinga. Leiinga må prøve å løyse problemet med overflødige personar ved omskulering og interne omplasseringar. Leiarane får ingen politiske privilegia, og er ikkje garantert ein jobb for livet. Ei grenseoppdraging mellom rollane som politiskar og bedriftsleiarar kan vere nødvendig, sidan mange av selskapa på lista er direkte underlagt sentrale departement eller lokale styresmakter. Dermed vonar ein på større grad av marknadsorientering, og mindre politisk utvatning av leiarfunksjonane.

Dette kan synest å vere i motstrid til skrivet som er referert til tidlegare om auka parti-innverknad i bedriftsleiinga, men målet er truleg i alle fall å få bedriftsleiarar som er motivert av andre ting enn materielle belønningar åleine. (SCMP 21.6.97, 24.6.97, 27.6.97)

Pilotprosjekt i utvalde byar

I samband med politikken som oppmuntrar til samanslåingar og standardisering av konkurspraksis, er 56 byar spesielt utvalde som testområde for restrukturering av selskap. I følgje Xinhua har ekspertar frå det kinesiske vitskapsakademiet uttalt at Kinas bedrifter har gått gjennom omfattande omorganiseringar og fusjonar, slik at verdiar er flytta frå “søkkande

skip”¹⁸ til store konsern. I 1996 og 1997 vart meir enn 2500 bedrifter fusjonerte i det austlege Kina.

Eit døme frå Shanghai er Three Guns Group. Administrerande direktør i dette selskapet, herr Su Shounan, kunne fortelje at selskapet måtte overta gjeld på 358 millionar yuan og tap per år på 150 millionar yuan etter å ha teke over sju skrantande bedrifter. Three Guns måtte dessutan finne arbeid til 9000 fleire arbeidarar.

Herr Su kunne vidare fortelje at verdiane i det fusjonerte selskapet var 10-dobla og omsetnaden var 12-dobla. Totalt sett var ein dobbelt så effektive som før fusjonen.

I Shanghai reknar styresmaktene med at Three Guns vil halde fram med å spele ei viktig rolle når det gjeld eksperimentet med samanslåing av selskap. Styresmaktene hadde i 1996 og 1997 hjelpt 110 industribedrifter til å bli kjempestore gjennom overtakingar eller fusjonar. Ein talsmann frå bystyresmaktene sa at han håpa at desse store gruppene kunne oppnå årlege sal på over 100 milliardar yuan før år 2000, og kome inn på lista over verdas 500 største industribedrifter. Meir enn 700 selskap i byen blir rapportert å ha betra resultata sine gjennom denne politikken. (SCMP 24.6.97)

Fusjonering: Ein blåkopi

Ei samanslåing av Kinas mest profitable stålfabrikant, Baogang, og ei gruppe av stålfabrikantar i Shanghai som slit tungt, kan danne ein blåkopi for andre fusjonar mellom gode og dårlege statsbedrifter. Dei lokale styresmaktene i Shanghai og leiinga i dei to selskapa var, etter ein del skepsis innleiingsvis, samde om ei slik samanslåing, og ein venta i april 1997 berre på godkjenninga frå sentrale styresmakter.

Baoshan Iron & Steel Group, eller Baogang, er eit statsselskap under kontroll av sentralregjeringa, og har eit stort stålkompleks 26 kilometer frå Shanghai sentrum. Selskapet hadde i 1996 eit overskot før skatt på vel tre milliardar yuan, og dermed den aktøren i bransjen som gjorde mest pengar. Baogang har 10.500 tilsette og ein produksjon på nesten 8 millionar tonn stål årleg.

Den mulege fusjonspartneren er Shanghai Metallurgi, som driv tre stålverk og er under kontroll av den lokale regjeringa. Dette selskapet er tynga av heile 110.000 tilsette og låg produktivitet. Shanghai Metallurgi hadde eit lite overskot i 1996, og tapte pengar i 1995.

Ein økonomisk kommisjon i Shanghai har vurdert og tilrådd samanslåinga. Ein talsmann for kommisjonen, Hu Xiongfei, sa at fusjonen måtte sjåast på som ein del av moderniseringa av industrien, og slik sett ville samanslåinga få viktige implikasjonar for politikken på dette området. Men Hu la til at den sentrale regjeringa av forstålege grunnar var forsiktige i denne saka, sidan ho ville tene som ein nasjonal prøvemodel for samanslåingar av sentralstyrte og lokalt styrte selskap.

Lokale styresmakter har hatt ein tendens til å gå mot slike fusjonar, sidan det inneber ei sentralisering av makt og dermed tap av lokal kontroll, men i Shanghai var altså regjeringa positiv til planane. Begge selskapa hadde utvidingsplanar for i alt 50 milliardar yuan, og ei samordning av desse kunne gi store innsparingar. Baogang hadde t.d. planar om å auke produksjonen til 11 millionar tonn ved årtusenskiftet. (SCMP 22.4.97)

Oppkjøp etter vektstangprinsippet?

Ein del av Kinas politikk for å få orden på statsbedriftene er å oppmuntre til fusjonar og sal av selskap til den private sektoren. Ein måte å få dette til på kan vere gjennom bruk av “vektstangprinsippet”, hevda Wang Ran, som er administrerande direktør i Eastern Wall

¹⁸ Eigentleg var omgrepet “lame ducks” brukt her

Street, eit konsulentfirma som har spesialisert seg innan finansiering. Han la tankane sine fram på eit seminar i Beijing sommaren 1997.

Med vektstangprinsippet meiner Wang at eit selskap som tek over eit anna, kan lånfinansiere overtakinga med trygging i verdiane i selskapet som blir overtatt. No er det nokre hinder i vegen før ein slik strategi kan gjennomførast. Marknaden for selskapsfinansiering er underutvikla, bankane er forsiktige og regjeringa er redd for å gi frå seg “arvegodset”.

For å unngå det siste hinderet, kan det vere eit poeng at både det overtakande og det overtatte selskapet er statseigde, sa Wang. Han understreka også at strategien berre kan brukast i forhold til selskap som ikkje er for nedtyngde av gjeld, men det er jo nettopp det problemet mange av statsbedriftene slit med. (SCMP 17.6.97)

Frå statseigde til masse-eigde selskap?

Herr Cao Siyuan driv eit konsulentfirma som har spesialisert seg på konkursar og samanslåingar av bedrifter. Bedrifta hans har kontor i Beijing og Shanghai, og har i alt 20 tilsette. På grunn av låge konsulenthonorar i Kina, seier han at det er så vidt han held hovudet over vatnet. Cao har til dels sterke meininger om eigarforholda i statsbedriftene. Han blir populært kalla Konkurs-Cao, på grunn av hans stadige forslag om å legge ned tapsbringande bedrifter. Han har vore aktiv med å skrive bøker og artiklar, og har vore på føredragsturné i USA.

Cao går inn for ei “15 prosent løysing”, det vil seie at han meiner at problema i Kina kan løysast om statsbedriftene berre utgjør 15 % av totaløkonomien:

“Statssektorens del av nasjonale aktiva og ressursar burde reduserast til 15 %, den same del som i utvikla land som USA og Frankrike.” (SCMP 19.2.97)

Ein del av denne prosessen er alt i gang. Cao nemner Guangdong, Shandong og Sichuan som føregangsprovinsar. Ser vi på heile Kina, gjekk statselskapa sin del av samla nasjonale verdiar ned frå meir enn 97 % i 1978 til 70 % i 1996. Cao sjølv meiner at ein reduksjon til det nivået han meiner er ideelt vil ta minst 10 år. Hurtigare tempo er urealistisk. For å underbygge det nødvendige i slike reformer, viser Cao til at ikkje-statseigde selskap står for heile 70 % av dei verdiane som blir skapt i industriproduksjonen, sjølv om dei berre har 30 % av samla aktiva.

Danning av konglomeratselskap er han derimot skeptisk til. Han trur at dette berre vil multiplisere opp ineffektiviteten, og bygge vidare opp under den utbreidde mentaliteten om at den same woken¹⁹ kan etast fleire gangar.

Ein annan av Konkurs-Caos kjepphestar er at statselskapa bør gjerast om til aksjeselskap, og at folk flest må få kjøpe aksjane. Han vil ikkje kalle dette privatisering:

“Eg føretrekk å kalle det skifte av eigarskap ved å gi dei statseigde selskapa tilbake til folket. Når eit statselskap blir delt opp i tusenvis av aksjar som blir selde til folket, kan ikkje det tolkast som privatisering. Selskapet endrar seg frå å vere statseigd til å bli masse-eigd.” (SCMP 19.2.97)

Cao sa ikkje noko om korleis han hadde tenkt å hindre at aksjane skulle bli verande spreidde på mange hender. Det er nærliggande å tru at ein eller annan, før eller seinare, vil sjå ein god forretningsidé å kjøpe opp aksjar, slik at dei etter kvart blir samla på færre og færre hender igjen. (SCMP 19.2.97)

¹⁹ Kinesisk ord for “gryte”

President Jiang støttar privat eigarskap i form av aksjar

Til magasinet *Mirror*, som kjem ut i Hong Kong, sa president Jiang Zemin at aksjeeigarskap ikkje trong vere eit konsept som var eksklusivt for kapitalistiske land. Med dette utspelet tok Jiang standpunkt i ein aktuell debatt om det offentlege eigarskapet eller sosialismen kunne bli trua av det aukande talet aksjeselskap og private selskap.

Dei konservative seier at staten har mista kontrollen over økonomien etter kvart som stadig fleire statsbedrifter blir gjort om til aksjeselskap eller samarbeidsselskap med utanlandske interessentar (“joint ventures”). Deira syn er at sosialismen er ofra for å oppnå rask økonomisk vekst.

I *Mirror* rekna ein med at sidan presidenten på denne utvetydige måten viste kvar skapet skulle stå, ville dette bli offisiell kinesisk politikk på området. Det vart også vist til Deng, som ikkje likte slike debattar, han skal ha sagt det ein treng er økonomisk omstilling, ikkje tomme meiningsutvekslingar.

Jiang sa også at Kina ville halde fram med å låne idear frå kapitalismen i sin “lange marsj” mot ein sosialistisk marknadsøkonomi. Han hadde ingen motforstillingar mot å ta dei gode sidene ved kapitalismen opp i den kinesiske økonomien. Jiang meinte også at ein ikkje måtte forveksle eit system for aksjeeigarskap med privatisering.

Dette vart følgt opp av assisterande direktør ved Den nasjonale administrasjonen av stateigedommar, Ni Di, på ein konferanse i Beijing. Ni sa at staten ville redusere eigarpostane sine til fordel for privat sektor i løpet av 1997. Dette galdt innan bransjar som ikkje vart rekna som vitale for nasjonale interesser, som eksportindustri, varehandel og ein del infrastrukturprosjekt.

Ni unngjekk å bruke det politisk belasta ordet “privatisering”, men innhaldet i budskapet var heilt klart at staten var villig til å losne grepet på næringslivet. (*SCMP* 1.4.97, 17.6.97)

Utanlandske investeringar

Det å overta eller å samarbeide med kinesiske statselskap er ein fordel for utanlandske interessentar som vil inn på den kinesiske marknaden. Samstundes er tilgang på utanlandsk kapital og kunnskap eit verdifullt bidrag til å få statselskapa på rett kjøll igjen. Eastman Kodak viste i 1997 interesse for å investere i stateigde fotofilmprodusentar i Kina. Japanske Fuji og tyske Agfa har også meldt seg på i kampen om kinesiske fotofilmprodusentar.

Samarbeid med lokale produsentar som stort sett går med tap er eit medvite strategisk val for Kodak. På denne måten reknar selskapet med å vinne gunst hos kinesiske styresmakter, og dermed få lettare tilgang til marknaden. Ein talsmann for Kodak sa det slik:

“Samarbeid med nokre av dei eksisterande statsbedriftene er nødvendig for å hjelpe Kina på veg mot ein sunn industri.” (*SCMP* 3.6.97)

Dette er truleg akkurat det kinesiske styresmakter ønskjer å høyre. Kodak ser enorme vekstmulegheiter i Kina, som er verdas fjerde eller femte største filmmarknad. I dei neste fem åra predikerer Kodak ei vekst på denne marknaden som er dobbelt så stor som den generelle økonomiske veksten i Kina, som har vore ca 10 % dei seinare åra.

Med slike samarbeidsavtalar på plass, vil Kodak kunne unngå Kinas høge importavgifter og få ein mykje breiare distribusjon av produkta sine i Kina. Kodak-filmar selt i Kina til då hadde stort sett vorte produsert i Australia. I februar 1997 vart det opplyst at Kodak hadde inngått avtalar om produksjon av fargefilm med seks kinesiske fotofilmprodusentar. Desse produsentane var lokalisert i Shanghai, Tianjin og Shantou (i Guangdong-provinsen).

Kodak har investert US\$ 20 millionar i fabrikklegg i Kina for produksjon av m.a. kamera, blitsar og miniframkallingslaboratorium. Anlegga oppfyller Kodaks internasjonale krav til kostnader og kvalitet. (SCMP 3.6.97)

Åtvaring mot utanlandske låneopptak

I følge Xinhua har kinesiske styresmakter åtvara statsselskapa og regjeringsdepartementa mot å inngå avtalar om låneopptak i utlandet før slikt løyve var gitt i Statsråd. Dette representerer ikkje nok nytt, det er berre ei påminning om gjeldande reglar.

Bakgrunnen for at åtvaringa vart sendt ut, var at Folkets Bank oppdaga fleire alvorlege brot på desse reglane. Xinhua gav ikkje nokre konkrete eksempel, men det vart gjort klart at utanlandske lånegarantiar som ikkje var i samsvar med regelverket ville bli å rekne som ugyldige. Brot på valutareglane kunne i verste fall bli rekna som kriminelle handlingar, opplyste Xinhua.

Tiltaket må sjåast som eit forsøk på å hindre auka tap i statsselskap som alt er opplånte til over øyrene. (SCMP 25.6.97)

Initiativ i Shunde

Shunde er ein av dei fire “tigrane” i deltaet rundt Perle-elva. Denne staden har ei rad suksessfulle eksportbedrifter med produkt som luftkondisjoneringsanlegg, kjøleskap, komfyrar, videospelarar og mange andre typar utstyr og forbruksvarer. Varene blir skipa ut gjennom Hong Kong.

Det sørlege Guangdong har lenge vore i fremste rekke når det gjeld økonomiske reformer i Kina, ein tradisjon som kan førast tilbake til før opiumskrigane. Men når det gjeld statsselskapa slo byen skikkeleg til. Medan styresmaktene andre stader lurte på kva dei skulle gjere, selde Shunde ut det dei hadde av statsselskap. “Det er gjort. Vi berre selde dei alle, fleire hundre til saman. I 1992 såg vi at det var uunngåeleg,” sa Zhao Guanya, assisterande partisekretær i Wanjiale-fabrikken. Denne bedrifta, som vart registrert på Shenzhen-børsen i 1992 og som sysselsett 2500 personar, hevdar å vere den største fabrikanten av gasskokarar i Asia.

Styresmaktene i Shunde har prøvt å ikkje lage for mykje oppstyr rundt “privatiseringa”, som dei dessutan helst ikkje vil kalle det dei har gjort. Dei snakkar heller om felles aksjeselskap der staten framleis har ein eigarpost, kanskje også den dominerande. “Ekspertane diskuterer for det meste om dei skal kalle det eit *partnerskapsystem* eller eit *statleg holdingsystem*,” sa Deng Weigen, partisekretær i småbyfellesskapet Beijiao i Shunde kommune.

Deng påpeikte at problema Kina stod overfor var dei same, enten det var statsselskap som inngjekk i dei sentrale planane eller småbyselskap som låg under lokale styresmakters ansvarsområde. “Dei blir alle støtta av regjeringa og partiet som må halde selskapa i gang same kor store tap dei akkumulerer,” sa Deng. Med si doktorgrad i økonomi frå Guangzhou prestisjetunge Jinan-universitet, har Deng styrt omstillingsprosessen i Beijiao, som kan bli ein modell for andre småbyfellesskap.

I Beijiao finn vi lønnsame selskap som børsnoterte Meidi, med 7000 tilsette, som stort sett produserer luftkondisjoneringsanlegg for eksport. Men blant bedriftene er også nokre kroniske tapssluk; ca 70 av småbybedriftene har opparbeidd seg ei gjeld på 300 millionar yuan. Mange av desse er teknisk konkurs, i den forstand at gjelda overstig verdiane i selskapa. Inntil ganske nyleg tok den lokale regjeringa fullt ansvar for å halde desse bedriftene i gang, og konkurs var utenkjeleg.

I følge Deng var ikkje problemet berre ineffektiv drift og produkt som ikkje kunne seljast, men også korrupsjon. Leiarar i fabrikkane overførte aktiva og lån til slektningar som også dreiv bedrifter i området. Dette kalla dei for undervasstraumar, og forholda var vanskeleg å prove, dessutan flytte gjerne personar som kjende seg for mykje i søkelyset. Dei lokale styresmaktene har derfor gitt generelt amnesti i desse sakene.

Når bedriftene først var selde, vart det ikkje gitt fleire statslån til dei. I prinsippet vart bedriftene auksjonert bort etter at ein “tilrådd” pris vart rekna ut ved å trekke gjelda frå aktiva. Den som gav det høgaste bodet vann. Ein del av bedriftene var då ikkje verdt nokon ting, slik at desse må ha gått “gratis”. Dei nye eigarane har tatt ansvaret for gjelda, men har fått fritak for rentene. Til no har ikkje den lokale regjeringa mottatt noka tilbakebetaling av desse låna, så det spørst korleis *det* går. Men ein får i det minste inntekter i form av skatteinntekter og tomteleige som kan kompensere for tapa.

Dei nye eigarane fekk relativt gode vilkår. Kjøpesummen kan betalast i fleire avdrag. Arbeidarane fekk garantiar mot masseoppseiingar det første året etter overtakinga. I praksis betydde det at ikkje meir enn 5 % av arbeidsstyrken kunne seiast opp med ein gong.

For dei selskapa som ikkje var insolvente, har fordelinga av aksjar ført til ein oppheta debatt. Når det galdt Meidi, vart 50 % av aksjane reservert tilsette i selskapet, 30 % gjekk til regjeringa og 20 % til ålmenta. I andre tilfelle har fordelingsformelen vore 40 % til regjeringa, 30 % til leiinga og 30 % til arbeidarane. Deng sa at arbeidarane som regel selde aksjane sine med ein gang, vanlegvis til leiinga, fordi dei ikkje forstod verdiane i dei.

I praksis er det altså den gamle leiinga som har overteke bedriftene, og som har fått ansvaret for ytterlegare gjeldsopptak, noko som skulle spore dei til å skape meir effektive bedrifter. Men dette har ikkje vore så lett å få til, så lenge ikkje heile den kinesiske økonomien ligg på same nivå. No blir konkurransen ikkje rettferdig, fordi konkurrentar kan få særbehandling fordi dei er lokalisert i dei spesielle økonomiske sonene, eller kan bli tilgodesett med subsidiar frå lokale regjeringar andre stader. “Vi håpar det blir rettferdig konkurranse i resten av landet etter kvart,” sa herr Deng.

Eit anna problem i samband med “privatiseringa” har vore å få organisert eit skikkeleg velferdssystem med helse- og ulykkesforsikring, pensjonar og ordningar med husvære som før vart skaffa av statsbedriftene. Fabrikkeigarar som Zhao hevdar at dette no er ordna på ein tilfredsstillande måte, og at dette ikkje er noko problem sidan Shunde er ein relativt rik stad.

Zhao meinte dessutan at med planøkonomiens død ville konkurransen hardne til og det ville bli “survival of the fittest”. Kvalitet, effektivitet og marknadsføring er nøkkelen til suksess, sa Zhao, og “snart vil det berre vere gigantar tilbake”. No har Zhaos bedrift 100 konkurrentar, men innan ti år reknar han med at tre – fire kjempebedrifter står att på arenaen. Dei andre vil vere oppslukt eller konkurs. (SCMP 18.6.97)

Korrupsjon

Med korrupsjon meiner ein gjerne at personar i maktposisjonar utøver ein uærlig praksis som motyting til ein eller annan oppnådd fordel. Men korrupsjon kan bli også bli brukt i andre og vidare tydingar, slik at ei klargjering og avgrensing av omgrepet er på sin plass. Når Kina gjennomfører anti-korrupsjonskampanjar, kva handlingar er det då ein er ute etter å setje ein stoppar for? Den juridiske avisa *Legal Daily* tok opp dette spørsmålet:

“Det ser ut til at det er ein tendens til å misforstå omgrepet korrupsjon. I nokre artiklar og offentlege talar blir merkelappen korrupsjon sett på handlingar som det å ta gale avgjerder, gi tomme løfter, overtruiske aktivitetar og til og bortskjemming av barn.

Ein slik vid definisjon fører til at korrupsjon blir blanda saman med ein del andre problem, og dette skader fokuseringa av kampanjen.

Statsleiarar har gjort det klart at korrupsjon i hovudsak dreier seg om å tilby eller ta i mot stikkpengar²⁰, byte av makt mot pengar, sløsing med offentlege midlar, utpressing eller utsklidning av praksis. Det er mot slike agelause aktivitetar antikorrupsjonskampanjen vart lansert.

Omgrepet korrupsjon refererer særleg til offentlig tilsette som mjølar si eiga kake på kostnad av landets og folkets interesser, eller som gjer seg skuldige i alvorlege brot på Partiets disiplin eller Statens lover.” (Sitert frå *China Today*, 25.1.97).

Folkets Dagblad hadde i juni 1996 fem større artiklar i høve partiets 75-års jubileum. Den eine av desse artiklane tok opp korrupsjon, noko som viser at problemet er alvorleg. Kommunistpartiet ser korrupsjon som følgje av konsentrasjon av makt på få hender som ei av landets største plager.

“Av eit blick på den noverande situasjonen ser vi at vilkåra for kampen mot korrupsjonen ikkje er gode,” heitte det m.a. Korrupsjon blant tenestemenn var så utbreidd at ein nesten dagleg kunne lese i avisene om arrestasjonar og dommar i slike saker. Artikkelen slo fast at nokre av partiets kadrar ikkje hadde meistra utfordringane gitt gjennom 17 års marknadsorienterte økonomiske reformer. Medlemmer av partiet som kom til makta i ei bølge av raseri mot den korrupte nasjonalistregjeringa hadde sjølve slappa av på krava og vorte kriminelle.

Leiande kadrar er utsette for freistande forslag frå kriminelle personar på grunn av den makta dei har til å forvalte statlege midlar. Eit populært ordtak blant desse freistarane er: “Ta mine pengar for makta di, så bruker du makta di slik at eg tener endå meir pengar.”

President Jiang har sagt at korrupsjon er eit vonde som kan velte nesten 50 års kommuniststyre. Verdier eller “åndeleg sivilisasjon” var derfor eit prioritert saksområde på det sjette plenumsøtet i kommunistpartiets sentralkomit  hausten 1996. Tidlegare var det inflasjon som skapte dei største bekymringane for kinesarane, men no viser meiningsmålingar at folket i Kina er meir bekymra for korrupsjon enn for inflasjon. Det er mange klager på tenestemenn som skal ha “gebyr” for alt muleg. Utanlandske forretningsfolk seier dei alltid tek eit “konsultasjonshonorar” til tenestemenn med i budsjetta sine.

I ein tale på partiets 75-årsdag sa Jiang at nokre tenestemenn søkte personlege interesser og gjorde brotsverk til stor skade for landet og folket. Trass i problema meinte Jiang at kommuniststyret i Kina var å føretrekke framfor demokrati av vestleg type.

²⁰ I boka *På godt norsk* nemner Magne Rommetveit at forfattarar som Vinje og Ibsen har brukt stikkpengar/stikpenge som alternativ til “bestikkelser”

Korleis kan det då ha seg at Kina, som er ein verdas eldste kulturar, treng ein kampanje for sivilisasjon? Kina er gjerne nemnt saman med Egypt, Babylon og Persia som ein av verdas fire gamle sivilisasjonar. Landet har lange tradisjonar når det gjeld sjølvdisiplin og oppretthalding av høge etiske standardar når det gjeld høveleg åtferd og disiplin. Når det moralske forfallet har slått gjennom dei siste tiåra, har det delvis samanheng med dei økonomiske reformene og det ville jaget etter materiell rikdom. Men dei kulturelle føresetnadene vart paradoksalt nok lagt under kulturrevolusjonen.

Kulturrevolusjonen, som varte frå 1966 til 1976, hadde som mål å eliminere dei fire vondskapane: Gamle idear, gammal kultur, gammal tradisjon og gammal vane. Dermed vart all kunnskap knytta til den gamle kinesiske kulturen og sivilisasjonen viska ut i ein heil generasjon. Då omslaget kom, var det ikkje alle som hadde moralsk ryggrad nok til å stå i mot dei nye freistingane som kom med dei økonomiske reformene. (HKS 28.6.96, 1.7.96, 15.10.96)

Konkrete døme på korrupsjon

Gigantskandale i Beijing

Dåverande politbyråmedlem og partisjef i Beijing, Chen Xitong, fekk sparken i april 1995 i den største kjende korrupsjonsskandalen i det moderne Kina. Saka omfatta mishaldne summar i storleiksorden 15 milliardar yuan, og over 40 offentlege tenestemenn var involvert i saka. Ein av Chens medsamansvorne, tidlegare viseborgarmeister i Beijing, Wang Baosen, skaut seg då saka vart rulla opp.

Ekspartisjefen vart sett i husarrest i påvente av at disiplinærkomiteen skulle handsame saka hans. Den lange etterforskingstida gjorde at det vart reist mistanke om at saka ville bli dyssa ned fordi sanninga om Chens lovbrøt ville sjukkere publikum og føre til mistillit til tenestemenn generelt. Men den nye partisjefen i Beijing, Wei Jianxing, som også var leiar for partiets vaktbikkje mot korrupsjon (den sentrale kommisjonen for inspeksjon av disiplin), gjorde det klart at saka gjekk sin gang, og at ville bli handtert korrekt ut frå resultatet av etterforskinga.

I samband med denne korrupsjonssaka fekk to høgare tenestemenn sparken sommaren 1996. Dette galdt direktøren for hovudstadens finansbyrå, Sun Jiaqi, og direktøren for turistkontoret, Dong Chunsheng. Dei var mellom anna skulda for nepotisme²¹ i utnemning av tenestemenn. Finansdirektøren samarbeidde med styresmaktene i saka mot Chen. Begge dei to byråa, som hadde tilgang på store finansielle ressursar, hadde vore under Wangs ansvarsområde.

Borgarmeister og visepartisjef i Beijing, Li Qiyang, gjekk av seinare i 1996 på grunn av denne saka. Han hadde då vore under etterforsking, for ein rekna det som usannsynleg at borgarmeisteren kunne vere uvitande om at så mykje pengar vart borte.

Meir informasjon om denne saka kom i ein artikkel i det offisielle kinesiske magasinet *Outlook* i november 1996. Meir enn 45 høgare offentlege tenestemenn var då arresterte i saka, og ytterlegare 40 var under etterforsking. Det viste seg at skandalen også involverte Zhou Beifang, som var son av leiaren for kjempeselskapet Capital Iron and Steel Works; Chen Jian, personleg sekretær for den tidlegare nemnde hovudmannen Chen Xitong; og Yan Zhenli, den personlege sekretæren til Wang Baosen. I tillegg til dei som er alt nemnde ovanfor var mellom anna desse involvert: Visefinansdirektør i Beijing, Li Haiwei; direktøren for hovudstadens husreformkontor, Liu Qi; og visepartisjef Tie Ying.

²¹ Nepotisme vil seie å gi særfordelar til slekt og vener

I følgje *Outlook* bestod skandalen av tre delar: Capital Iron and Steel Works i Hong Kong, ein investeringspyramide i Wuxi og krinsen rundt Wang Baosen. Opprullinga av saka starta med at Zhou vart kalla heim frå Hong Kong og arrestert i Beijing 13 februar 1995, saman med Chen Jian. Faren til Zhou, som dessutan var ein god ven av sjølvaste Deng Xiaoping, gjekk straks av. Magasinet skreiv ikkje noko om korleis korrupsjonsskuldningane oppstod, men hadde følgjande kommentar til heile saka:

“Chen-Wang-saka med sine alvorlege brot på disiplinen og grove økonomiske kriminalitet har hatt svært uheldige konsekvensar, og har ført til at ei gruppe av leiande kadrar med svak karakter valde feil veg.”
(*Outlook* 5.11.96)

Rettsaka mot Chen vart førd for delvis opne dørar, då utvalde media fekk vere til stades. Våren 1998 vart det sagt at Chen var svært sjuk og at han var innlagd i sjukehus. Chen vart dømd til 16 års fengsel. Både sonen og sekretæren hans vart også dømde til lange fengselsstraffer. (*SCMP* 11.6.97; *HKS* 26.6.96, 26.7.96, 15.10.96, 6.11.96; *Outlook* 5.11.96; *LateLine News* 10.4.98; *Bergens Tidende* 1.8.98)

Banksjef hoppa i døden under avhøyr

Ein banksjef i byen Zhuhai i Guangdong-provinsen, Chen Jinyu, nytta lunsjpausen under avhøyr for muleg korrupsjon til å hoppe ut frå fjerde etasje i prokuratorbygninga. Han landa på eit sementgolv og fekk så store skadar at han døyde på sjukehuset seinare same dagen. Ein trur han gjorde det for å sleppe unna ei pinleg rettsak, sjølv om han blånekta for alt under avhøyra.

Det som førte til at han kom i søkelyset, var ein krangel om eit banklån med eit ikkje namngitt selskap i Zhuhai. Selskapet melde Chen til prokuratorkontoret for å ha utnytta stillinga si til å ta i mot stikkpengar. (*HKS* 26.7.96)

Villeiande informasjon til investorar

Avisa *Shanghai Securities News* melde i september 1996 at nokre børsnoterte kinesiske selskap gav feilaktig informasjon om resultatane sine for å lure investorar. Ved å gi inntrykk av blomstrande mulegheiter vart kinesarar lurde til å investere i aksjar som seinare viste seg å gi store tap. Selskap som vart nemnde i samband med slik villeiande informasjon var m.a. China Sichuan International Co-operation, Shengli Oil Field Daming Group, Nanjing Chemical Fibre og Songliao Automobile.

Shanghai Securities News oppmoda styresmaktene om å undersøke slik svindel, der nokre selskap med fullt overlegg overdreiv fortjenestemulegheitene for å lokke til seg investorar. (Sitert frå *HKS* 10.9.96)

Tenestemenn stal frå dei fattige

Styresmaktene i Shaanxi-provinsen i det nordlege Kina arresterte i våren 1997 seks offentlege tenestemenn som skulle ha stole 11 millionar yuan øyremerkte for dei fattige i provinsen. I følgje Folkets Dagblad hadde dei seks sidan 1992 underslått pengar og tatt opp ulovlege lån frå fond oppretta for å avhjelpe fattigdommen. Dei var også skulda for å ha mottatt i alt 700.000 yuan i stikkpengar.

Ein sjuande mistenkt var sett fri mot kausjon, og fem andre tenestemenn var under etterforskning for muleg medverknad i skandalen.

Dette vart sagt å vere den største korrupsjonsskandalen i Shaanxi i nyare tid, og dei arresterte risikerte dødsstraff om dei vart funne skuldige i tiltalen. Sekretæren i

kommunistpartiets disiplinkomité, Li Huanzheng, sa at forholda som var avdekka var sjokkerande. Han peikte på behovet for streng sjølvdisiplin, sjølvrespekt, sjølvgransking og aktsemd. (*Folkets Dagblad* 19.5.97; *HKS* 19.5.97; *SCMP* 20.5.97)

Kvinneleg kader arrestert

I februar 1998 rapporterte internettavisa *LateLine News* med Xinhua²² som kjelde at tidlegare direktør for Shanxi-provinsens rurale velferdsplan, Zhang Yuhong, var arrestert for korrupsjon og mishald av offentlege fondsmidlar for til saman 1,5 millionar yuan. Saka har stor likskap med den som er referert ovanfor, og kan ha samanheng med den.

Zhang var skulda for å ha stole 820.000 yuan over ein toårsperiode for å kjøpe aksjar. Ho hadde også tatt stikkpengar i motyting for å gi lån. I eitt tilfelle hadde ho fått hand om 567.000 yuan så vel som verdifulle gåver. Zhang vart også skulda for å ha tileigna seg 140.000 yuan ved hjelp av falske fakturaer. (*LateLine News* 26.2.98)

Statistikkjuks for å nå produksjonsmål

Dessverre har det vist seg at ein del statistikkar over produksjon og liknande ikkje har vore til å stole på fordi feil data har vorte rapportert med vilje. I mai 1997 annonserte Statens Statistiske Byrå ein landsdekkande inspeksjon av kvaliteten på det statistiske arbeidet for å demme opp for falske data. Samstundes vart det gitt klar beskjed til kadrane om å skaffe fram ærlige finansielle rapportar og økonomiske data.

Inspeksjonen ville bli utført som eit samarbeidsprosjekt mellom det statistiske byrået og fleire regjeringskontor. Både innsamling og distribusjon av statistiske data i regjeringskontor så vel som andre kontor ville bli sjekka.

Omfattande forfalsking av økonomiske data fekk Folkekongressen til å reagere ved å kriminalisere publisering av data som lokale styresmakter visste var misvisande. Døme på slike tilfelle var pynting på rekneskapen i statselskap for å dekke over tap og lokale leiarar som mottok stikkpengar for å blåse opp produksjonstal slik at produktivitetmåla vart “nådde”. Xinhua var ikkje nådig i sin omtale av fenomenet:

“Store ord, falske fakta og oppblåste tal har ikkje berre øydelagt ryktet til partiet og regjeringa og skada massane sine interesser, men også ... forstyrta den nasjonale økonomiske orden.” (*SCMP* 21.5.97)

Xinhua samanlikna den korruperte praksisen med dei statistiske løgnene som vart ført i marka under Mao Zedongs katastrofale kampanje for det store spranget framover i 1958:

“Overdrivingar, som nådde toppen under Det store spranget framover-perioden, førte til store nasjonaløkonomiske tap. Oppnåing av Kinas utviklingsmål kviler på ein seriøs arbeidsmoral og ein stil der begge føtene er trygt plassert på jorda.” (*SCMP* 21.5.97)

For å ta eit raskt historisk tilbakeblikk: Under kampanjen som gjekk under namnet “Det store spranget framover” førte radikale produksjonsmål for statsjordbruka til at grossistane eksproprierte kornlager, noko som igjen førte til hungersnaud fordi folk då ikkje hadde mat. Mange millionar døydde av svolt under det store spranget framover²³. (*SCMP* 21.5.97)

²² Det offisielle kinesiske nyhendebyrået

²³ Det har vorte hevda at nesten 30 millionar døydde av svolt under denne kampanjen. Det kan bli litt feil å tilskrive alle dødsfalla kampanjen åleine, for ein var samstundes plaga med store naturkatastrofer og eit dårlegare og dårlegare forhold til Sovjet.

Politikarar med attåtnering

To viseborgarmeistrar i byen Shaoguan i Guangdong-provinsen viste seg å vere korruperte. Mellom 1992 og 1995 hadde dei mottatt høvesvis 160.000 og 230.000 yuan i stikkpengar, melde *China Daily*. Dei vart lønna med åtte års fengsel.

Den tidlegare viseforkvinna i bystyret i Beijing, Tie Ying, var i 1996 under etterforsking for å ha tatt i mot stikkpengar. Ho var fråtatt alle verv og partimedlemskapet sitt. (*HKS* 26.6.96; *SCMP* 12.6.97)

Bedriftsleiar tiltalt for å ta i mot stikkpengar

Den tidlegare leiaren for Lianyuan Jern- og stålkompani vart i april 1998 stilt for retten i Changsha, skulda for å ha mottatt meir enn 3 millionar yuan i stikkpengar. Han var mistenkt for å ha tatt i mot stikkpengar i 39 tilfelle mellom september 1992 og juli 1997. (*Prokuratorisk Dagblad* 09.04.98; *LateLine News* 09.04.98)

Viseformann arrestert i Guangxi

I midten av juni 1998 melde Xinhua at den tidlegare viseformannen for provinsregjeringa i Guangxi, Xu Bingsong, var arrestert for å ha mottatt stikkpengar. Saka hans var framleis under etterforsking, og rettssaka var ikkje venta å kome opp på mange månader.

Xu er den høgaste tenestemannen som har vorte arrestert for korrupsjon i Guangxi i seinare tid. Han hadde arbeidd i Guangxi sidan 1968, og skulle ha samla seg opp millionar av yuan gjennom desse åra ved å selje arbeid for regjeringa, og på folkemunne hadde han fått tilnamnet "Millionær-Xu". (*LateLine News* 15.6.98)

Moralsk og ideologisk forfall

Den ein gong så puritanske ideologien i Kina er no i ferd med å bli sett til side av eit omsynsløst jag etter pengar. I juli 1996 omkom tolv fiskarar i ein storm utanfor Sør-Kina fordi ein offentleg tenestemann ville ha pengar for å redde dei. Dette går fram av ein offisielle rapport som vart lagt fram i byrjinga av august same år. Hendinga var så vidt grov at ho førte til ei offentleg gransking, og vanlegvis forsiktige statlege media gjekk hardt ut med krav om å gjere dei lokale leiarane i byen Leizhou ansvarlege for dødsfalla. Toppleiarane i Guangdong-provinsen med partisjef Xie Fei vart rapportert å vere opprørde over tragedien.

Trass i dei harde reaksjonane er ikkje tilfellet ovanfor utypisk. Mange har liknande historier å fortelje. Det har utvikla seg ein praksis der statstilsette krev ekstra betaling for å utføre normale deler av jobben sin. Døme på dette er sjukehus som nektar å gi førstehjelp i akutte nødstilfelle før eit depositum er innbetalt, og lærarar og legar som krev ekstra betaling for rutinearbeid. Eg har sjølv opplevd at ein universitetsprofessor i Xian kravde betaling tilsvarende ei halv månadsløn berre for ein samtale. Ein kan jo forstå at han var lei av den aukande straumen av vestlege akademikarar som kom for å slå av ein prat, men han kunne jo i så fall berre seie at han hadde viktigare ting å stille med. Ved sjukehusa har det vorte vanleg at pasientane eller deira pårørande må gi kirurgen ein *hongbao*, det vil seie ein raud konvolutt med pengesetlar inni, før operasjonen blir utført.

Denne uheldige praksisen har sitt utspring i trua på at marknadsøkonomi betyr at alle offentlege kontor eller institutt skal vere profittbaserte, og at alle i samfunnet arbeider for pengar åleine. Reformpolitikken med vekt på marknadsøkonomi har ført til at ei rekke offentlege organisasjonar har byrja å operere som bedrifter med profitt som drivkraft, og gjerne med ein monopolliknande situasjon som utgangspunkt.

Politiet sel t.d. brannvernustyr og bildelar på grunnlag av at berre deira produkt oppfyller offisielle tryggleiksstandardar. Dette gjer at kundane må kjøpe desse varene av politiet til prisar langt over marknadsverdien. Nesten alle regjeringsdepartement og institusjonar har no eiga forretningsverksemd. Hæren driv eit av verdas største forretningsimperium med titusenvis av føretak over heile landet.

I følgje ei offisiell kjelde hadde anti-korrupsjonskampanjen møtt hard motstand frå partimedlemmer og statstilsette, særleg på regionalt nivå. Det kom fram haldningar til korrupsjon som kan sitje djupt, og som dermed er svært vanskelege å bli kvitt. Døme på synspunkt hos tenestemenn:

- Korrupsjon er uunngåeleg på Kinas noverande økonomiske utviklingsstadium
- Korrupsjon kan vere gunstig, ja rett og slett ein fordel, fordi folk vert meir effektive
- Når vi møter utanlandske investorar må vi ha luksusbilar (HKS 13.8.96, 26.09.96)

Korrupt fengselsadministrasjon

Frå offisielt hald har det vorte stadfesta at folk i fengselsleiningane rundt omkring i landet mot å få stikkpengar har hjelpt fangar til å rømme og å få prøvelauslating eller nedsett straff. I perioden 1988 til 1996 hadde det vorte etterforska i alt 5214 kriminalsaker som vedrørde vakter og administrasjon i fengsel. Det siste tiåret hadde dessutan meir enn 160.000 tilfelle av mindre overtramp vorte handsama.

I Liaoning-provinsen hadde statsadvokatens kontor funne ut at nesten halvparten av dei fangane som hadde fått permisjon av medisinske grunnar det siste tiåret, ikkje hadde rett til det. Og i Huangshi i Hubei-provinsen oppdaga ein at 29 fangar hadde fått illegale medisinske permisjonar.

Riksadvokat Zhang Siqing bad hausten 1996 om at noko måtte bli gjort for å få slutt på den omfattande fengselskorrupsjonen. (HKS 18.10.96, 21.10.96)

Tiltak mot korrupsjon

Korrupsjon, som praktisk talt vart utrydda etter at kommunistane tok makta i 1949, har kome sterkt attende dei siste 20 åra, truleg fordi dei økonomiske reformene, i kombinasjon med kulturrevolusjonens skadeverknader når det gjeld kunnskapar om Kinas gamle sivilisasjon, har viska vekk den sosialistiske etikken. President Jiang Zemin har erklært krig mot korrupsjonen, og har åtvara om at denne seigiliva plaga er eit virus som truar partiets maktposisjon. For Jiang er kampen mot korrupsjon eitt av fire satsingsområde som skal skaffe han eit namn i Kinas historie minst på høgde med Deng Xiaoping:

- **Økonomi:** Auke i den materielle velstanden slik at landet innan år 2020 har nådd eit middels nivå i verdsmålestokk, dvs ein stad mellom den første verda og utviklingslanda
- **Vitskap og teknologi:** utfordringane for neste hundreår krev ei slik satsing
- **Stor-Kina:** Samling av Fastlands-Kina med Hong Kong, Macao og Taiwan. Problemet her er sjølvsagt forholdet til Taiwan. Hong Kong vart tilbakeført til Kina i 1997, og Macao følgde etter i 1999. Men berre det å lansere ein tidstabell for Taiwans innlemming i eit storkinesisk rike ville kunne skape ein farleg situasjon.
- **Åndeleg sivilisasjon** eller **sosialistisk etikk:** Dette inneber eit menneskeleg ideal der moral, kultur og disiplin står i høgsetet. Kampen mot korrupsjon er ein del av forsøket på realisere det nye sosialistiske mennesket. Jiangs satsing på verdiar kan vere eit godt

trekk: Det viser at ideologi framleis betyr noko, samstundes som dei økonomiske reformene kan halde fram i ly av dette, og det vil gjere hæren med sine tre millionar soldatar godt nøgd. Balansegangen mellom sosialisme og kapitalisme blir sjølvstekt hårfin. (HKS 19.5.97; SCMP 12.2.97)

Folkets frigjeringshær (PLA) følgjer lojalt opp

Då Jiang Zemin heldt ein tale i 1996 der han gjorde greie for nokre av dei synspunkta som er referert i siste avsnittet ovanfor, fekk han kontant støtte frå PLA. Den politiske avdelinga i frigjeringshæren sende straks ut eit rundskriv der dei tre millionar medlemmane i PLA vart gitt ordre om å studere denne viktige talen nøye.

Formelt sett er Jiang også øvstkommanderande for hæren, men aktiv støtte derfrå er ikkje ei opplagt sak. Hærens iver etter å følgje opp Jiangs intensjonar vart lagt merke til av observatørar alt før denne saka kom opp. Slik støtte er sjølvstekt viktig for ein person som ønskjer å feste grepet om makta i Kina.

I sirkulæret vart Jiang sitert for å ha sagt at “kvaliteten på nokre kadrar, særleg deira ideologiske og politiske kvalitetar, ikkje samsvarar med partiets behov”. Jiang åtvara i talen sin om at politiske feil kunne sette det kommunistiske maktherredømet i fare. Viktige utfordringar for kommunistregimet si framtid låg i handteringa av den aukande korrupsjonen og tenestemenn som misbrukte makta si og utnytta smothol skapt av reformpolitikken til å mjøle si eiga kake.

“For å sikre stabiliteten i partiet og staten må vi bruke vår kraft til å styrke utviklinga av kadrane og heve kvaliteten, særleg på dei leiande kadrane”, sa Jiang. Han refererte også til sin politiske mentor Deng Xiaoping, som skal ha sagt at kadrane har nøkkelen til partiets evne til å overleve. I talen siterte Jiang vidare frå Deng:

“Kor vidt vi kan halde på sosialismen og reformere og opne opp, kor vidt økonomien kan utviklast raskare, kor vidt staten kan styrast på fredeleg vis over ein lang tidsperiode ... ligg nøkkelen hos folket. ... Dersom det oppstår problem i Kina, vil desse kome innan kommunistpartiet. I denne saka må vi vere klare i hovudet og legge vekt på å utdanne folket.” (HKS 25.6.96)

Hærens sirkulære kommenterer dette på følgjande måte:

“Jiang Zemins tale ... gir ei djup forklaring på kvifor det er så viktig å bygge opp eit lag av høgt kvalifiserte kadrar.” ... “Den peikar ut vegen for mange kadrar, særleg dei unge.” (HKS 25.6.96)

I sirkulæret heiter det også at Jiangs instruksjonar var ein garanti for partiets absolutte kommando over hæren, og at instruksjonane må følgjast i praksis:

“Vi må rekruttere og forfremme offiserar på den måten Jiang har forklart. Berre dei som utmerkar seg og verkeleg lyttar til partiet ... burde rykke opp til leiande postar.” (HKS 25.6.96)

Partiet varslar vekt på åndeleg sivilisasjon

Leiarskapet i kommunistpartiet rekna på førehand sentralkomiteens sjette plenums møte under den 14. partikongressen i oktober 1996 som ein viktig milepel for å legitimere styret sitt. Så langt hadde ein ikkje gjort stort anna i den økonomiske politikken enn å føre Dengs linje vidare. Deng Xiaoping vil bli hugsa for innsatsen sin på det tredje plenums møtet i 1978, då økonomisk vekst og betring av folks levestandard vart prioritert framfor klassekamp. Dette var eit viktig vendepunkt for Kina i retning av materiell sivilisasjon.

For å kome vidare, skulle det sjette plenum handle om åndeleg sivilisasjon og dermed om etikk, moral og ideologi. Eit heilt menneske treng ikkje berre materiell, men også åndeleg sivilisasjon. Dei to utfyller kvarandre som dei to sidene på ein mynt, vart det sagt. Ein resolusjon som tok tak i det moralske og ideologiske forfallet vart varsla.

Frå ortodokse partiideologar har det vorte hevda at det moralske forfallet meir kan seiast vere baksida av medaljen, eller m.a.o. den prisen ein har måtta betale for gjennomføringa av Dengs reformpolitikk og ved neglisjering av ideologisk arbeid blant ungdommen. Men offisielle talsmenn har avvist ein slik kritikk, ved å understreke at Kina er på veg mot ein marknadsorientert økonomisk ideologi, og kulturen måtte endrast i tråd med dette.

Ein ekspert på konfusianisme, professor Zhang Dainian, åtvare partileiinga mot å bygge ein moderne nasjon på Konfutse sine 2000 år gamle tankar. Han peikte på to negative trekk ved konfusianismen:

- Den hierarkiske samfunnsstrukturen som denne filosofien legg opp til, med skilje mellom ein konge og hans ministrar, mellom far og son og mellom mann og kvinne
- Det konfusianske skiljet mellom det materielle og det moralske kunne motarbeide utviklinga av ein marknadsøkonomi

Zhang meinte likevel at konfusianisme kunne hjelpe til med å heve den moralske standarden og sameine nasjonen gjennom si vektlegging på patriotisme, menneskelege verdiar, harmoni og sosialt ansvar. Men han understreka at å vende tilbake til den fjerne fortida kunne vere farleg for ein nasjon som søkte modernisering. (HKS 13.9.96, 16.9.96)

Patriotisk kampanje

Før ovannemnde plenums møte i sentralkomiteen vart det igangsett ein kampanje for å fremme sosialistisk, åndeleg sivilisasjon over heile landet. Eit viktig føremål med propagandaen var å gjenopprette partiets omdømme blant folk flest.

Kampanjen var særleg retta inn mot dei som var fødde etter kulturrevolusjonen. Kulturrevolusjonen underminerte folks tillit til partiet. Dessutan hadde årelang korrupsjon øydela partiets rykte.

For å bøte på dette skulle media formidle stoff om “åndeleg sivilisasjon” og revolusjonære heltedådar. Fem rollemodellar med eksepsjonelle resultat vart plukka ut frå ulike deler av den offentlege administrasjonen. Desse vart sendt ut for å halde foredrag, og media vart oppmoda om å skrive om desse positive personane.

Ei utstilling i Beijing hadde temaet “Hongyan-gløden”, for å minne folk om den gangen Guomindang og kommunistpartiet gjorde felles sak mot japanarane. Hongyan er ein landsby i Chongqing som var hovudstad for Guomindang-regjeringa frå 1937-45. Under den felles krigen mot Japan tenestegjorde Zhou Enlai på denne staden som kommunistpartiets representant hos Guomindang-regjeringa. Med 600 foto og 157 utstillingsgjenstandar håpa ein å gjenskape litt av den patriotiske gløden frå denne krigsinnsatsen, og dermed også å betre partiets popularitet. Utstillinga var vellukka, med 185.000 besøkande frå 20. august til 12. september 1996.

Kampanjen for åndeleg sivilisasjon og mot “rotne idear” vart trappa kraftig opp i tida like før det sjette plenums møtet. I ein artikkel på første side, i høve 47-årsdagen for revolusjonen, skreiv *Folkets Dagblad* at patriotisme var kjernen i den kinesiske nasjonen si “sjel”. Patriotisme og kjærleik til fedrelandet vart kopla til kollektivism og sosialisme. Kollektivism har dominert kinesisk tradisjon, og styresmaktene etter 1949 har gjerne gitt vestleg påverknad i form av individualisme skulda for sosiale problem som korrupsjon,

svindel og pengegalskap. Patriotismen skulle bli brukt til bygge eit vakrere Kina, og skrive eit nytt kapittel i styrkinga av den kinesiske nasjonen.

Partiet hevda altså at korrupsjon og annan sosial ondskap skuldast pengejakt og hedonisme, som igjen har sin bakgrunn i uheldig vestleg påverknad. Ved sidan av synlege tiltak for å slå ned på “vondskapen”, såg partiet ein korreksjon av folks måte å tenkje på som eit viktig preventivt tiltak. Det kan vere at partiet har innsett at dei normene og verdiane ein tidlegare framheva som kommunistiske var for idealistiske, og at kampanjen for åndeleg sivilisasjon var meir akseptabel – både til innvortes og utvortes bruk. (HKS 23.09.96, 2.10.96, 8.10.96)

Hæren følgjer opp igjen

Forsvarsminister Chi Haotian, general og dessutan viseformann i den mektige militære sentralkommisjonen, følgde opp partiets førebuing til det sjette plenumsrådet i sentralkomiteen ved å gi soldatane beskjed om å etterleve president Jiangs retningslinje om “vekt på politikk”. Denne påminninga kunne vere på sin plass, for etter fleire år med økonomiske reformer og opning for vestlege idear, har det kinesiske militæret vorte involvert i stadig fleire forretningsaktivitetar. Dette har i sin tur ført til at mange tenestemenn har vorte korruperte.

Under inspeksjon av dei væpna styrkane i Shanghai kom general Chi m.a. med følgjande merknader:

- Han bad Folkets frigjeringshær og Folkets væpna polititroppar om “å hjelpe soldatane til å forme korrekte ideologiske oppfatningar av verda, livet ... og utfordre korruperte ideologiar”
- Troppane skulle også “gjere sitt til å fremme sosialistisk kulturelt og ideologisk framskritt”
- General Chi sa også at troppane måtte “styrke motstanden mot rotne idear, pengegir, hedonisme og ekstrem individualisme, og betre si evne til å motstå den nedbrytande verknaden av ein borgarleg livsstil”
- For å betre tilhøvet til ålmenta vart troppane bedt om å “tene det kinesiske folket med heile sitt hjarta, og å spele ein aktiv rolle i lokale økonomiske og kulturelle aktivitetar”
- Offiserane vart bedt om å følgje opp Jiangs direktiv om “vekt på politikk”, og å spreie slike politiske og ideologiske haldningar nedover i rekkene (HKS 24.9.96)

Resultata av “det sjette plenum”

Det sjette plenum var eit firedagars lukka møte som samla vel 300 av eliten i Kinas Kommunistparti. Møtet vedtok ein resolusjon vedrørande konstruksjonen av ein sosialistisk, åndeleg sivilisasjon. I resolusjonen heitte det at ein slik sivilisasjon måtte fokusere på sosialistisk ideologi og etikk for å fostre folk med verdiar som kjærleik til heimlandet, folket og sosialismen. Den fulle teksten i resolusjonen vart offentleggjort som “ein av dei viktigaste dokumenta” i organisasjonens historie.

Dokumentet, som bestod av sju deler, gjengav Jiangs instruksjonar om å kjempe mot pornografi, gambling, narkotikamisbruk, korrupsjon, pengegir og individualisme, det vil seie alle plagene som har ramma Kina etter gjennomføringa av dei økonomiske reformene. Her skal vi referere litt frå resolusjonen:

- President Jiang vart hylla som den sanne leiaren for fremming av åndeleg sivilisasjon. Under hans leiarskap hadde konstruksjonen av ein slik sivilisasjon gjort store framskritt med viktige følgjer for reformer, utvikling og stabilitet i Kina
- “I det noverande Kina er kombinasjonen av patriotisme og sosialisme ei sterk drivkraft for å inspirere folket til å vitalisere nasjonen.” Patriotisk opplæring skulle “hjelp folket til å innsjå at berre sosialismen kan berge Kina, og berre sosialismen kan utvikle Kina.”
- Kjernen i Kinas tradisjonelle kultur skulle framhevast i kampen mot dei “rotne ideane” frå Vesten, og Kina måtte alltid vere på vakt mot fiendtlige krefters truslar om “vestleggjing” og “splitting av moderland og folk.”
- Spreiing av kulturelt søppel skulle hindrast og eliminerast
- Naturleg nok skulle media ha ei sentral rolle i skapinga av ein åndeleg sivilisasjon, ved å støtte partiet og konsentrere seg om positive sider ved samfunnet. Media skulle influere og leie opinionen på ein korrekt måte, og partidrivne elektroniske media og aviser vart her oppmoda om å gå føre. Fjernsyns- og radiostasjonar vart bedne om å sende fleire kinesiske program og slik redusere innverknaden frå framande kulturar. “Program som er vulgære eller helseskadelege i sitt innhald må hindrast i å kome på lufta,” heitte det i dokumentet
- Dokumentet minna også om at samfunnsvitskapen skulle følgje retningslinjene til Marx, Mao og Deng

Hyllinga av Jiang må forståast ut frå at Deng på dette tidspunkt framleis var i live, og at ikkje alle var overtydde om at Jiang ville overleve politisk etter Dengs død. Det var altså viktig for Jiang å sikre sin posisjon som ein verdig avtakar.

Hong Kong Standard melde at eit av dei første ofra for denne åndelege kampanjen var den populære, men kontroversielle Beijing-forfattaren Wang Shuo, som fekk romanane og filmene sine forbodne. Problemet med kampanjen ser altså ut til å vere at oppgradering av den moralske standarden blir vevd saman med maktutøving, kontroll og sensur. Dette kan redusere gjennomslagskrafta i kampanjen. (HKS 14.10.96, 15.10.96)

Kampanjen hald fram

Kampanjen for ein åndeleg etikk vart ført vidare ved å gi ut ei samling av Dengs skrifter vedrørende sosialistisk etikk og kulturelt framskritt. Deng var på dette tidspunkt 92 år og vart rekna å ha stor reell makt framleis, sjølv om han formelt var ute av alle posisjonar og hadde skral helse; han var faktisk ikkje sett offentleg sidan 1994.

I *Folkets Frigjeringshærs Dagblad* vart boka omtalt som “den teoretiske grunnmuren for huset som består av vår nasjons sosialistiske, åndelege sivilisasjon”. Vidare heitte det at boka var “eit viktig opplæringsmateriale for eit breiare studium av åndeleg sivilisasjon og ei vitskapleg rettleiingsbok for framgang i konstruksjonen av ein åndeleg sivilisasjon”. Avisa oppmoda alle tenestemenn om å studere nøye både boka til Deng og skriftene til Jiang for å skaffe seg innsikt i desse spørsmåla.

Under 60-årsjubileet for fullføringa av den lange marsjen vart Jiang Zemin hylla av partiet på linje med Mao Zedong og Deng Xiaoping. Store bilete av dei tre var hengt opp ved sidan av kvarandre i Folkets Store Hall, og det vart sagt at Jiang var mannen som kunne føre Kina inn i den moderne tidsalderen. Den lange marsjen fann stad frå 1934-35, og var ein 12500 km lang imponerende retrett etter Guomindang-styrkane sine åtak på kommunisttroppane. Marsjen gjorde at ein unngjekk utsletting og kom tilbake med fornya styrke under Maos leiarskap i kampen mot Chang Kai-shek.

Soga om den lange marsjen vart no brukt som ein analog til den noverande situasjonen av *Folkets Dagblad*. I ein leiarartikkel brukte avisa uttrykket “den nye lange marsjen” for å skildre Kinas veg mot eit moderne samfunn, og utnemnde Jiang til leiar for denne, slik som Mao hadde vore det for den originale.

“Vi står no overfor ein ny lang marsj, og vi studerer seriøst ånden frå den originale lange marsjen for å skape vår sosialistiske åndelege sivilisasjon. ... Vi må samle oss tettare rundt partiets sentralkomité med kamerat Jiang Zemin i sentrum, heise fana høgt for å bygge sosialisme med kinesiske karakteristika, og vinne den nye sigeren i den nye lange marsjen.” (*Folkets Dagblad* 22.10.96)

Jiang oppmoda folket om å bruke ånden frå den lange marsjen som ein inspirasjon for å fremme det nye omgrepet, “sosialistisk åndeleg sivilisasjon”.

Det er klart at dette var eit ledd i ein prosess for å etablere ein maktbase for Jiang uavhengig av Deng. Deng skal ha skildra Jiang som kjernen i tredje generasjons leiarskap i Kina etter den lange marsjen.

Under det nemnde jubileet vart det framført eit langt musikalsk drama som gjenskapte nokre av dei historiske høgdepunkta i Kina dei siste 60 åra. Skodespelarar framstilte Mao under den lange marsjen og Deng under dei tidlegaste økonomiske reformene. Eit opptak av Jangs tale om å skape ein åndeleg sivilisasjon vart kringkasta. (*HKS* 21.10.96, 23.10.96; *Folkets Dagblad* 22.10.96)

Støtte til partiets aviser og tidsskrift

I eit forsøk på å styrke grepet om ideologien, gav kommunistpartiet ordre om at alle grasrotgrupper i regjeringskontor, sosiale institusjonar og statlege selskap skulle abonnere på partiaviser og tidsskrift. Propagandaavdelinga i partiets sentralkomité ønskte dessutan å stoppe uautoriserte aviser og tidsskrift som gjekk mot partilinja. Tiltaket kom som resultat av eit møte mellom propagandaavdelinga og Departementet for post og telekommunikasjonar om å fremme spreinga av partiets publikasjonar. Føremålet skulle vere å støtte den kampanjen for ein sosialistisk, åndeleg sivilisasjon igangsett av partisjef og president Jiang Zemin.

Opplaget til *Folkets Dagblad*, *Søk Sanninga* og *Banyuetan*, og aviser utgitt av regionale partikomitear har gått kraftig ned i konkurransen med meir liberale publikasjonar utan partitilknytning. *Folkets Dagblad* er som kjent partiets talerøyr, *Søk Sanninga* er eit teoretisk tidsskrift drive av den sentrale partiskulen og *Banyuetan* blir gitt ut av nyhendebyrået Xinhua.

Gjennom ein artikkel i *Folkets Dagblad* prøvde partiet å stramme inn kontrollen over pressa endå meir. Kinesiske journalistar skulle framfor alt vise “politisk ansvar”. Presidenten for det allkinesiske journalistforbundet, Shao Huaze, vart sitert for å ha sagt følgjande:

“Journalistar burde bli flinkare til å skilje mellom det som er politisk rett og det som er feil. ... Det må ikkje vere nokon tvil om det grunnleggande prinsippet om partiets leiarskap over media og den rollen media har som partiets talerøyr. ... Vegen å gå for å heve nivået på pressefolk, er å betre deira ideologiske og politiske kvalitet.” (*Folkets Dagblad* 29.10.96)

Shao nemnde følgjande viktige kvalitetar media måtte ha, i prioritert rekkefølge:

- Evne til å vise politisk ansvar
- Lydnad og disiplin
- Profesjonalisme

Han sa også dette:

“Men det må påpeikast at nokre mediefolk, særleg dei yngre, manglar systematiske studiar av marxistisk teori, og har lite kjennskap til partiets historie og tradisjonar.” (*Folkets Dagblad* 29.10.96)

(HKS 3.10.96, 30.10.96; *Folkets Dagblad* 29.10.96)

Media som vakhundar

Dissidentar har kritisert styresmaktene i Kina for å ha monopolisert informasjon ved sitt grep over media. Ei viss rørsle i dette spørsmålet vart antyda av Li Peng våren 1998.

Som formann for Den nasjonale folkekongressen uttalte Li Peng i april 1998 at media si rolle som samfunnets vaktbikkje måtte styrkast. Han meinte at pressa skulle “kritisere regjeringas feil og manglar meir, og avsløre korrupsjon”. Som eit godt føredøme viste Li spesielt til eit fjernsynsprogram, Fokus, som sette søkelyset på korrupsjon og skandalar. Li sa m.a. dette:

“Den utvida overvåkingsrolla til pressa er avgjerande viktig for etablering av lovmessige tilstandar, drivkraft i antikorrupsjonsarbeidet og etisk og kulturelt framskritt.” (*LateLine News* 19.4.98)

Utspelet til Li kom etter at det offisielle *Kinas Ungdomsdagblad* hadde skrive om tenestemenn i Guangxi-provinsen som hadde brukt offentlege midlar til ekstravagante restaurantbesøk. Artikkelen førte til at sentralregjeringa gjennomførte ein “opprenskingskampanje” i regionen. Partisekretæren i Guangxi støtta Li fullt ut:

“Svake tenestemenn som misbruker offentlege midlar må takast hand om, og pressa bør støttast i å spele ein meir kritisk rolle.” (*LateLine News* 19.4.98)

Det allkinesiske journalistforbundet melde samstundes at det ville nedsette ein spesialkomité for å verne journalistane sine rettar: “Journalistane må få støtte når deira rettar eller liv er i fare.”

Presidenten for folkets høgsterett, Xiao Yang, understreka i samband med dette at domstolane rundt omkring i landet må haldast under oppsyn av pressa: “Alle rettssaker, unntatt dei som vedkjem heilt private saker eller nasjonal tryggleik og nokre få andre, bør vere opne.”

Sentralkomiteen for inspeksjon av disiplin melde dessutan at ein ny pressekampanje mot korrupsjon var under planlegging.

Frå dissidentarhald har det vorte hevda at pressa sjølv kan vere korrupt, ved at journalistar tek pengar for å formidle “nyhende” som passar den som betalar. *Folkets Dagblad* åtvare i mai 1996 journalistar om at dei ikkje måtte la pengar sette deira ansvar til sides. Journalistar skal ha sagt at det er vanleg å ta pengar for å vere til stades på pressekonferansar og andre arrangement. Dette kan problematisere pressas rolle som samfunnets vaktbikkje. (*LateLine News* 19.4.98; HKS 1.8.96)

Kulturbyggingsskatt

Dei bedriftene som hadde hatt mest nytte av Kinas endring mot ein meir open økonomi vart hausten 1996 av sentralregjeringa bedne om å støtte kampanjen for ein “sosialistisk åndeleg sivilisasjon”. Spesielt profitable medie- og underhaldningsselskap var peika ut som målgruppe for denne ideen.

I tråd med dette skulle nattklubbar, karaokebarar, golfbaner, biljard- og bowlinghallar betale ei ekstra avgift på 3 %. Same avgift vart fastsett for annonseinntektene til radio- og fjernsynsstasjonar, aviser og tidsskrift.

Desse nye skatteinntektene skulle delast mellom staten og provinsane. Spesielle fond skulle bli oppretta for å støtte propagandakampanjar, og “teater og filmar av høg kvalitet”. Forfattarar og kunstnarar vart i den samanheng oppmoda om å skape romanar, teaterstykke og filmar som fremma åndeleg sivilisasjon. Slike arbeid var ofte ikkje lønsame, og trong derfor støtte for å gå i balanse. Non-profitt-organisasjonar som offentlege bibliotek og museum skulle også nytte godt av ordninga. (HKS 14.11.96)

Vestlege annonsørar oppmoda om å fremme sosialistisk etikk

President Jiang hadde i 96-97 gjentatte gangar pressa på for å få kinesiske media til fremme marxistisk moral, og i ein tale til redaksjonen i *Folkets Dagblad*, åtvare han mot fiendtlige krefter som ville prøve å vestleggjere og splitte landet.

Ein idé som vart lansert for å få fart på kampanjen for ein meir åndeleg sivilisasjon, var å aktivisere utanlandske selskap. Eit regjeringskontor, Statens administrasjon for industri og handel, gjekk i mai 1997 ut og oppmoda vestlege bedrifter som annonserte hyppig i kinesiske media om å fylle sin kvote med moralske budskap i aviser, fjernsyn og radio. Talsmannen for kontoret sa mellom anna:

“Dei kan gi eit bidrag ikkje berre i form av materiell sivilisasjon, men også åndeleg. Offentlege kunngjeringar er den høgaste form for reklame.” (SCMP 14.5.97)

Det vart vidare sagt at budskap godkjende av staten måtte fremme og forsterke den åndelege krafta i den kinesiske nasjonen. Utanlandske selskap vart bedne om å sette inn annonser av denne typen i dei største statlege avisene og å kringkaste patriotiske appellar gjennom statlege fjernsyns- og radiostasjonar.

Talsmannen understreka at dette berre eit forslag, men at det kunne vere aktuelt å krevje at selskapa i det minste stod fram med eitt innslag i tråd med regjeringas etiske kampanje. (SCMP 14.5.97)

Inspeksjonsgrupper

Eit anna tiltak er å sende ut grupper som skal kontrollere at anti-korrupsjonsarbeidet blir drive på ein effektiv måte. Partiet hadde i 1994 ute åtte slike grupper som skulle kontrollere 24 departement og sentrale kommisjonar. Desse åtte gruppene vart avløyst av tolv nye grupper som skulle sjekke dei same sentrale organa på nytt. På denne måten skulle anti-korrupsjonskampanjen få djupleik og gjennomslagskraft. (HKS 28.7.94)

Rotasjon av tenestemenn

For å hindre utvikling av nepotisme og korrupsjon innførte Kina i 1993 eit mellombels rotasjonssystem for tenestemenn. Systemet er uttenkt av Personaldepartementet, og inneber at tenestemenn ikkje kan bli i ei stilling ut over fem år. Deretter må dei skaffast anna arbeid. Men reglane opnar for avvik frå femårsregelen både oppover og nedover.

Reglane omfattar høgare tenestemenn i departementa og i provins- og byadministrasjonane. Lågare tenestemenn som arbeidar innanfor område som personalleiing, finans, logistikk, prosjektgodkjenning, lisensar, reisegodkjenning og lovhandheving er også omfatta av reglane. Sjølv om desse tenestemennene ikkje har høgare stillingar, arbeider dei på område der det muleg å opparbeide seg ulovlege fordelar.

Til no har tenestemenn i Kina kunna arbeide på same staden gjennom heile sitt yrkesaktive liv, og dermed hatt høve til å bygge seg opp eit nettverk av personlege kontaktar basert på favorisering og nepotisme.

Reglane seier også at tenestemenn i eit regjeringsorgan ikkje kan arbeide saman med ektemaken, foreldre, barn, besteforeldre, barnebarn, ektemakens søsken, svograr, svigerinner eller søskenbarn når organet er leia av ein tilsvarande slektning. Slike slektningar kan heller ikkje vere direkte over- eller underordna kvarandre, eller ha kontroll- eller overvåkingsoppgåver ovafor eit regjeringsorgan leia av ein slik slektning. Unntak frå denne regelen kan vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Ren Jianxin, toppdommar og medlem av kommunistpartiets sentrale sekretariat, gjekk i 1996 ut med ei oppmoding om å trappe opp kampen mot korrupsjon blant politifolk. Etterforsking var vanskeleg i slike saker, sa han, så ei meir positiv tilnærming kunne vere rotasjon av postar.

Når det gjeld rotasjon av politisjefar spesielt, vart det frå sentralt regjeringshald minna om desse reglane i eit rundskriv hausten 1996. Bakgrunnen for sirkulæret var truleg at den lokale oppfølginga hadde vore lunken, sjølv om det vart opplyst at 1700 politisjefar faktisk hadde vorte flytta på sidan 1993. At innskjerpinga kom spesielt for politisjefar kan forståast når ein veit at maktmisbruk av dei som skal handheve lovene er utbreidt, og har direkte følgjer for mange viktige sider ved folks liv, som det å få pass og utreiseløyve. (HKS 9.8.96, 26.09.96)

Inndraging av luksuriøse tenestebilar

Kina tillèt høgare tenestemenn å kjøpe tenestebilar for offentlege midlar. Men tendensen dei seinare åra har vore innkjøp av stadig flottare utanlandske luksusvogner. Sjølv i dei fattigaste regionane vart det vanleg å sjå tenestemenn på tur i Mercedes eller BMW. Slik offentlig hedonisme har sjølvstapt skapt stor irritasjon.

Frå midten av 80-talet har Beijing på ulike måtar prøvt å hindre offisielle tenestemenn i å kjøpe luksusbilar, men til ingen nytte. Mange av tenestemennene gøymde luksusbilane sine og hadde nokre standardvogner til å vise fram under kampanjane. I 1995 vart derfor bruk av luksusbilar sett på lista over handlingar karakterisert som maktmisbruk og korrupsjon, og det vart lansert ein ny kampanje for å sjekke offisielle bilar.

I august 1996 vart det meldt at over 15000 luksusbilar var inndregne og erstatta med meir ordinære modellar. Dei kverrsette bilane vart delvis auksjonerte bort, og delvis rekvirerte til annan bruk. Det vart mellom anna sagt at 44 luksusbilar vart sende frå Tibet til Beijing, der dei vart auksjonerte bort med stor suksess. (HKS 29.8.96)

Kontroll av høgare tenestemenn

Som eit ledd i kampen mot korrupsjon annonserte Kina i august 1996 ei ny undersøking retta mot høgare tenestemenn. Tiltaket var eit samarbeid mellom Kommunistpartiets sentrale komité for inspeksjon av disiplin og Overvåkingsministeriet. I første omgang skulle ein ta for seg tenestemenn på høgt nivå i 10 provinsar og 15 departement.

Undersøkinga retta seg mot fire utvalde område der faren for korrupsjon vart rekna å vere særleg stor:

- Muleg misbruk av makt i relasjon til bustadmarknaden skulle sjekkast. I den største kinesiske korrupsjonsskandalen sidan kommunistane tok makta i 1949 var det nettopp illegale aktivitetar knytte til bustadmarknaden som felte den tidlegare partisjefen i Beijing, Chen Xitong. Chen skal mellom anna ha delt ut 9 leilegheiter i Beijing til elskarinna si og hennar familie

- Vidare skulle ein kontrollere handhevinga av reglane som sette grenser for tenestemennene sine restaurantbesøk på det offentlege si rekning
- Det skulle også undersøkast om alle tenestebilar med for høg luksusfaktor hadde vorte inndregne
- Til sist skulle kontrollen omfatte etterlevinga av reglane for rapportering av gåver, inntekter og utgifter i samband med mottak av gjester (*HKS 14.8.96*)

Trussel om eksklusjon av partimedlemmer

I april 1997 annonserte Kommunistpartiet reglar for disiplinære tiltak der det m.a. heitte at medlemmer som gjorde seg skuldige i “politiske feil” eller økonomisk kriminalitet ville bli ekskluderte frå partiet. Reglane klassifiserte ulike typar av uønska åtfærd på denne måten:

- Politiske feil
- Personlege feil
- Økonomisk kriminalitet
- Brot på sosialistisk etikk

På denne måten ønskte partiet å vise ei fast holdning for å styrke partidisiplinen. Men det var kanskje litt uheldig at korrupsjon vart blanda saman med andre brot på partiets retningslinjer.

Døme på politiske feil kunne vere å starte eller slutte seg til opposisjonsparti, støtte ein kapitalistisk-liberalistisk ideologi, splitte partiet eller å forsyne utlendingar med fortruleg partimateriale. Ikkje noko partimedlem ville få lov til å delta i antisosialistiske forsamlingar eller møte, vart det presisert i reglane.

Eksklusjon kunne også dei rekne med som hadde trua rikets tryggleik, hadde vorte funne skuldige i korrupsjon eller underslag, eller hadde vorte dømt til døden eller livstid på grunn av andre brotsverk. Den same straffa venta dei som hadde smugla gull, kulturminne eller narkotika. Partimedlemskapet ville også bli stroke for dei som flykta frå landet.

Ved mindre alvorlege feiltrinn kunne ein sleppe unna med reprimande, suspensjon eller spesiell partiovervaking. (*SCMP 11.4.97*)

Etablering av antikorrupsjonsorgan

Det høgaste lovgivande organet i Kina, den ståande komiteen i Folkekongressen, vedtok i mai 1997 ei lov som hadde til føremål å styrke landets kamp mot den omfattande korrupsjonen blant offentlege tenestemenn.

Lova om administrativ overvaking, som straks vart signert av president Jiang Zemin, inneheld reglar om eit overvakande organ som skal kontrollere alle sider ved byråkratiet, og som skal slå ned på korrupsjon og ineffektivitet. Det nye organet skal fungere uavhengig i den forstand at andre administrative avdelingar, organisasjonar eller individ ikkje skal kunne blande seg opp i organets arbeid.

Brot på normer for høveleg åtfærd vil i følgje lova kunne straffast med bøter, degradering eller oppseiing. Dei som på urettmessig måte skaffa seg verdiobjekt ville bli straffa med bøter og konfiskering av verdiane.

For Kina er det nye organet eit viktig skritt på vegen mot eit oppgjer med korrupsjonskulturen. Dette krev både politisk vilje og politisk mot, sidan korrupsjonen er så utbreidd. Mange har svin på skogen, og mektige personar med gode nettverk er ikkje lette å straffefølgje.

Iverksettinga av den nye lova kan også sjåast som eit teikn på at Folkekongressen blir sterkare og opptrer med ein fastare vilje til å gjennomføre reformer. (*China Daily* 7.5.98; *HKS* 8.5.98, 10.5.98)

Vaktbikkje for verdipapirhandel

Kinas høgaste organ for overvaking av verdipapirhandel, the China Securities Regulatory Commission (CSRC), hadde fleire viktige inngrep hausten 1996.

I slutten av august suspenderte CSRC Shandong Bohai Group frå børshandel på grunn av mistanke om brot på rekneskapsreglane. Fleire detaljar om Bohai-gruppa si kreative bokføring vart offentleggjorde litt seinare på hausten; i oktober. CSRC hadde funne “alvorlege feil” i selskapets rapport for første halvår i 1996, det viste seg at selskapet hadde brote både statens bokføringsreglement og reglane for verdipapirhandel. I følgje CSRC hadde Bohai blåst opp verdiane i rekneskapen sin med to investeringar selskapet *ikkje* hadde gjort, noko som resulterte i eit bokført resultat på 180 millionar yuan så langt i 1996. CSRC karakteriserte dette overskotet som “imaginært”.

Halvårsrapporten til Bohai vart publisert i dagsavisene *Kina Verdipapir* og *Shanghai Verdipapirnytt* i juli, og bidrog i følgje CSRC til å villeie investorar på ein grov måte. Belønninga for Bohai vart ei bot på 500.000 yuan og ei åtvaring. Vidare måtte selskapet korrigere halvårsrapporten sin. Handelen med selskapets aksjar, som på dette tidspunkt hadde vore suspendert i 50 dagar, kunne då ta til igjen.

Tidleg i september fekk Shengli Oil Field Daming Group, som er registrert på børsen i Shenzhen, ei bot på 1 million yuan for konspirasjon for å skjule ei ulovleg akseptviding. Med på lasset følgde eit av dei største meklarfirma i Kina, China Securities, som fekk 2 millionar i bot og ein to månaders suspensjon av retten til å drive aksjehandel. Eit rekneskapsfirma og eit advokatkontor vart også bøtelagde i denne saka.

I byrjinga av august var CSRC i aksjon igjen. Denne gongen var det Zhejiang Phoenix Chemical, eit aksjeselskap registrert i Shanghai, som kom i søkelyset for ei ureglementær samanslåing med eit uregistrert selskap. I følgje *Shanghai Verdipapirnytt* var dette eit klart teikn på ei strengare overvaking av marknaden. Det som skjedde i denne saka var at generalforsamlinga i Phoenix Chemical godkjende ein fusjon med Kangbaier, ein farmasøytisk produsent i Zhejiang-provinsen. Dette var mot gjeldande reglar, som sa at ikkje noko selskap registrert på børsen kunne slå seg saman med eit uregistrert selskap før Kina fekk kunngjort relevante lovreguleringar. På den tida hadde Kina inga verdipapirlov og ingen reglar for fusjonar av denne typen. Dei to selskapa fekk beskjed av CSRC om stoppe alle fusjonsplanar og gav Phoenix ei spesiell åtvaring.

Desse og seinare inngrep hadde ikkje den ønska verknaden. Trass i stadige åtvaringar til meklarkontor, registrerte selskap og børsane om å styrke kontrollen, har irregularitetane berre halde fram. I mai 1997 vart leiaren for CSRC skifta ut. Ut gjekk Zhou Daojiong og inn kom Zhou Zhengqing, ein konservativ verdipapirekspert. Zhou Zhengqing kom frå stillinga som direktør for statsrådets verdipapirkomité, og det vart sagt at dette vart første gongen CSRC vart leia av nokon med rang som minister. Dette var eit klart signal om at Beijing var fast bestemt på å få tilstandane under kontroll. (*HKS* 7.10.96, 10.10.97; *SCMP* 15.5.97)

Meklarkontor bøtelagde for irregularitetar

Meklarbransjen fekk seg eit sjokk den 14. mai 1997 då fire av dei mest kjende meklarhusa i Kina vart utsett for strenge straffetiltak frå CSRC på grunn av “manipulering av marknaden”. Det eine av desse er faktisk Kinas største meklarhus, medan dei tre andre er større aktørar på børsane i Shanghai og Shenzhen.

Heilt konkret kva som hadde føregått kom ikkje fram, men truleg er det tale om misbruk av kundekontoar for å kjøpe aksjar i ein stigande marknad, for å innkassere gevinsten som eit mellomlegg ved sal. Nokre av desse kontoane vart overtrekte som følge av transaksjonane. Det vart også spekulert i at enkelte bankar hadde gitt lån til meklarane for å kjøpe aksjar, noko som ville ha vore eit lovbrøt. Ein bank i Shenzhen innrømte å ha brote regelverket. I første omgang vart det ikkje presisert nærare kva reglar som var brotne, men seinare kom det fram at banken hadde brukt 311 millionar yuan til å spekulere i egne aksjar.

Straffene var ganske likelydande: Oppseiing av toppleiarar, bøter i storleiksorden 10 millionar yuan, inndraging av løyve til å drive eigedomshandel for ein viss tidsperiode og kverrsetjing av ulovlege vinstar.

Like etter denne saka kom opp gjorde Statens administrasjon for industri og handel det klart at ein ville skjerpe kontrollen med meklarane for å få bukt med korrupsjonen. Frå høgaste hald i Beijing vart det sagt at marknadstilgang ville for framtida bli nekta tenestemenn ved finansinstitusjonar som spekulerte i aksjar og einkvar person som brukte bankkredittar på ein spekulativ måte. Styrking av lovverket for å hindre slik korrupsjon vart også varsla. (*HKS 19.5.97; SCMP 15.5.97, 20.5.97, 13.6.97, 17.6.97*)

Koner oppfordra om å berge ektemennene sine frå korrupsjon

Konene til partkadrar burde forandre åtferd og gjere sitt for å hindre at ektemennene vart korruperte, hevda *Legal Daily* i mai 1997. Det heitte seg her at konene aktivt fremma bruk av stikkpengar, deltok i alle slags seremoniar og blanda seg opp i politiske avgjerder. Denne åtferda hadde ført til mange kadrars fall, og hadde “destabilisert kommunistpartiet, sett samfunnet i fare, splitta landet, øydelagt familiar, knekt ektemennene deira og ført dei sjølve inn i ruin”.

Avisa minna lesarane om ordspråket som sa at “ei rettskaffen kone jagar ulykka bort”. Eit anna ordspråk som vart trekt fram som spesielt relevant for mennene var det som sa at “mannen syng, kvinna følgjer”.

Ei veke før denne artikkelen vart det publisert ein tale av president Jiang Zemin, der han sa at han var forskrekka over korrupsjonen blant enkelte partimedlemmer, og han gav beskjed om at det måtte bli slutt på å bruke offentlege midlar til private føremål.

Den statlege fjernsynskanalen melde at ein tenestemann i den nordaustlege Shandong-provinsen hadde vorte dømd til ni års fengsel for misbruk av posisjonen sin. Han hadde hindre etterforsking mot kona si, som seinare vart dømd for å ha smugla 350 brukte japanske bilar til landet.

Kommunistpartiet har no utarbeidd reglar som skal hindre kadrane sine koner og barn i å gjere forretningar innanfor område der ektemannen eller faren har mynde. (*Legal Daily 22.5.97; HKS 23.5.97; SCMP 11.6.97*)

Fortgang i økonomiske reformer

Zhang Haoruo, assisterande direktør i Statens Kommissjon for Økonomisk Omstilling, sa på ein konferanse i Beijing at marknadsreformer måtte gjennomførast raskare for å få slutt på ein situasjon som han skildra som eit drivhus for korrupsjon.

Det Zhang sikta til var at trass i 18 års reformpolitikk levde deler av det gamle systemet i beste velgåande, og enkelte skruppellause personar var i stand til å utnytte juridiske gråsoner mellom det gamle og det nye systemet til å gjere raske pengar. Dette ville ikkje berre hindre ei sunn utvikling av økonomien, det ville også påverke den sosiale og politiske stabiliteten, meinte han.

Spesielt peika Zhang på det uheldige i “dobbelsporsystemet” innan finans- og bankvesenet. Desse sektorane er framleis prega av statsplanlegging, og det einaste rette i følge Zhang ville vere ein opnare politikk og meir marknadsorientering. Dette skulle ikkje berre redusere mulegheiter for korrupsjon, men også halde økonomien meir stabil og gi betre effisiens.

Viseminister i Statens Kommisjon for Økonomisk Omstilling, Wang Dongjin, var samtidig ute i pressa med liknande synspunkt. Utgangspunktet hans var at korrupsjonen i statsbedriftene var irrasjonell og uakseptabel:

“Nokre regjeringsdepartement som ikkje er i stand til å oppnå nok pengar gjennom budsjetta, tyr til tilfeldige former for pengeinnsamling. Delar av dei irrasjonelt innhenta pengane er nytta til bonusutbetalingar til personalet.” (SCMP 28.5.97)

Inntektsauken desse bonusane førte til, kunne ikkje tolererast fordi dei ikkje kom som eit resultat av suksess i marknaden, men som ein følge av statsbedriftene sin dominerande posisjon. Sameksistensen mellom det gamle og nye systemet skapar på denne måten mulegheiter som ikkje er rettmessige. Wang meinte derfor, som Zhang, at vidare reformer og utvikling av marknadssystemet var vegen å gå.

Wang ønskte dessutan å sjå på rammevilkåra i distribusjonssystemet. Han ville foreslå nye skattar og avgifter for å gjere staten mindre avhengig av direkte skattlegging av statsbedriftene. Aktuelle tiltak var vidare perfektjonering av det relativt nye systemet for personleg inntektsskatt, og skattar på formue og forbruk ville gradvis bli innført. Omsetningsskatt på luksusgode var noko han kunne tenkje seg. Ei reform av lønssystemet var også ønskjeleg, sidan utbetalingane ikkje på ein høveleg måte reflekterte arbeidsinnsatsen til dei tilsette. (HKS 24.5.97; SCMP 28.5.97)

Grenser for reformer og økonomisk utvikling

Motsette synspunkt av det som er referert i førre avsnitt vart gitt uttrykk for i *Søk Sanninga*; eit kommunistisk magasin. I ein redaksjonell artikkel i høve 40-årsjubileet for Maos bok *Om den korrekte måten å ta seg av motsetnadene i folket*, peika magasinet på marknadøkonomien som årsak til problema.

I følge magasinet hadde regjeringa gjort feil som hadde provosert fram motsetnader mellom autoritetane i samfunnet og massane. Byråkrati, dårlege haldningar hos nokre kadrar og korrupsjon gjort misnøye uunngåeleg. Dette skulle ha ført til at nokre tok til å tvile på sosialismen og kommunistpartiets leiande rolle, og som ein følge av dette introdusere “dekadente vestlege verdier”.

Etter magasinets mening måtte ein sette grenser for reformene og den økonomiske utviklinga, og raskt få etablert eit sterkare juridisk system. (HKS 18.06.97)

Kollektivt eigarskap

Viseformannen i kommunistpartiets disiplinkommisjon, Hou Zongbin, meinte at den aukande korrupsjonen delvis var Vesten si skuld. Dette går fram av ein artikkel i partiets ideologiske magasin, *Outlook*. Opninga mot utlandet dei siste 20 åra hadde hatt sin pris, ved at “dekadent kapitalisme hadde tatt vegen inn i landet, og gjennomsyra alle sektorar, partiet og samfunnet”.

Men Hou såg også indre veikskapar i Kinas som eit viktig grunnlag for at korrupsjon har kunna utvikle seg. Desse veikskapane var å finne innan utdanningssystemet, lovene og kontrollrutinane. “Føydal praksis” vart også nemnt som forklaring. Han skulda nokre departement for å vere “for ettergivande” og at ein ikkje slo hardt nok ned på korrupte kadrar.

Hou sa at ein hadde oppnådd ein del gjennom ulike tiltak, men korrupsjonen var likevel på framgang, med “stadig høgare kadrar involverte i større og større saker”. Trass dette ville han ikkje gi dei rett som hevda at partiet ikkje lenger kunne handtere problemet: “Det er ein feilaktig idé som set saka på hovudet. Kollektivt eigarskap er grunnlaget for å få slutt på korrupsjonen.” (SCMP 11.6.97)

Topppdommar til krig mot korrupsjonen

Presidenten for høgsterett, Ren Jianxin, har sett seg lei på den hemningslause korrupsjonen som skapar bitre kjensler blant vanlege folk. Han meiner derfor at ein må gå til krig mot korrupsjonen. I ein rapport til Folkekongressen skreiv han at regjeringa vil prioritere avdekking og straffing av korrupsjon i 1998.

Ren var pessimistisk når det galdt Kinas forsøk på å bygge eit solid juridisk fundament. Han sa at dei lokale domstolane ofte ignorerte regelverket, og at medlemmene av det juridiske systemet sjølve braut lovene for å oppnå private fordelar. Klagene om urettferdig og ulovleg praksis ved domstolane var aukande, sa Ren, noko som han meinte skuldast “svak lovforståing” og “lokal proteksjonisme”.

Sidan 1993 har kinesiske domstolar straffa meir enn 158.000 tenestemenn for korrupsjon, underslag og annan økonomisk kriminalitet. Fem av dei som vart dømde var kadrar på ministernivå, og 174 av korrupsjonssakene involverte meir enn 1 million yuan kvar. (*LateLine News* 15.6.98)

Streng straffer

China Daily melde i april 1998 at høgsterett i Kina opprettheldt dødsdommane mot tre forretningsfolk som var kjende skuldige i momsunderslag. Dei tre vart avretta straks etterpå. Underslaga vart utført ved å forfalske fakturaer, og på denne måten hadde dei tre lurt unna mange millionar yuan i momspengar frå staten.

Ein tidlegare borgarmestar i Harbin vart i mai 1998 dømd til fengsel på livstid for 19 gangar å ha mottatt stikkpengar på til saman 330 000 yuan, og for å ha tilegnet seg “grå” inntekter på 600 000 yuan. Han måtte betale tilbake dei 930 000 til statskassa, dessutan fekk han kverrsett eigedommar for 1,1 millionar yuan og vart fråtatt alle politiske rettar. Men han berga no livet.

Den tidlegare viseformannen i Guangdong provinskongress, Ouyang De, vart i 1996 dømd til 15 års fengsel for tatt i mot meir enn 100 000 yuan i stikkpengar.

Same år vart politisjefen i Huizhou i Guangdong-provinsen avretta for å tatt i mot store beløp i stikkpengar for å registrere meir enn 100 bilar som var smugla inn frå Hong Kong.

Hausten 1996 vart direktøren for eit eigedomsselskap i Guangdong-provinsen (Qingyuan City Real Estate Co), Huang Sheng'on, avretta. Han hadde tatt i mot stikkpengar i saker som gjaldt bruk av land, i alt ca 2 millionar yuan og 2 millionar HK\$.

Same lagnad fekk Ni Xinzhou i Shandong-provinsen og Zhou Chuangzeng i Jiangsu-provinsen. I to uavhengige saker hadde dei svindla med skattepengar og på den måten tatt til saman 14 millionar yuan frå staten.

I oktober 1996 fekk ein tidlegare politioffiser, Zhao Guoli, dødsstraff for korrupsjon og underslag på i alt ca 20 millionar yuan. Zhao vart omtala som den verste “korrupte tigeren” i kinesisk politi sidan 1949. Han hadde utført sine lyssky handlingar i perioden 1993-95, då han var leiar for eit statseigd entreprenørfirma.

Sommaren 1994 vart to tenestemenn i Beijing avretta for å ta tatt i mot store beløp i stikkpengar og å ha gjennomført ulovlege spekulasjonar. Dette var den femte dødsdommen for korrupsjon på under eitt år i folkets høgsterett i Beijing. Statsadvokatembetet i Beijing

hadde trappa opp kampen mot korrupsjon på dette tidspunktet, noko som blir avspegla av at 975 korrupsjonssaker vart oppdaga i heile 1994, mot 948 i første halvår av 1995.

Dei to som vart avretta var Guo Ziwen, tidlegare styreformann i Kinas selskap for marknadsføring og transport av kol, og Hu Cong, direktør for investeringsavdelinga (Beijingkontoret) i utviklings- og investeringselskapet for jordbruket i Fujian. Både Guo og Hu hadde på urettmessig måte tilegna seg meir enn 1 million yuan. Dei hadde mellom anna tatt i mot stikkpengar for å gi lån, og gjennomført ulovlege sal av valutavekslingskvotar.

Tanken har vore at harde straffer for korrupsjon blant høgare tenestemenn, kombinert med ein generell kampanje mot slik kriminalitet, ville kunne verke avskrekkande, samstundes som kommunistpartiet vann folks tillit tilbake. (*China Daily* 5.7.94, 27.7.95; *HKS* 10.6.96, 26.6.96, 26.09.96; *LateLine News* 24.4.98, 12.5.98)

Skikkeleg oppgjer til bøndene

Hausten 1996 fann visestatsminister Zhu Rongji det nødvendig å gå ut med ei åtvaring til dei ansvarlege tenestemennene om at dei måtte betale dei prisane som var lova for dei komande kornavlingane, uavhengig av innhausta mengde. Det vart gjort klart at det var strengt forbode å betale bøndene med "IOU²⁴-gjeldsbrev" og å bruke tildelte subsidiepengar til anna føremål. Dei som likevel braut desse reglane kunne rekne med å få eit alvorleg oppgjer med styresmaktene.

Herr Zhu sa til Xinhua at ei undersøking viste at 40 % av dei midlane staten hadde stilt til disposisjon for kornoppkjøp hadde vorte brukt på illegal måte, året før var tilsvarande tal 30 %. Kornhausten i 1996 var venta å bli svært god, slik at faren var stor for nye regelbrot. Alt som bøndene vil selje skal kjøpast til statskontraktpris, sa Zhu.

I denne samanhengen er det viktig å vere klar over at kinesiske styresmakter av strategiske grunnar har bedt bøndene om å dyrke korn i staden for meir profitable avlingar, og prissubsidiering har vorte gitt som ein delvis kompensasjon. Problemet har vore at lokale tenestemenn ofte har misbrukt kornsubsidiane, enten ved å betale bøndene for låg pris eller ved å nekte å kjøpe heile produksjonen. Betaling med IOU har dessutan ført til alvorleg uro på landsbygda i dei seinare åra. (*HKS* 18.10.96)

Oppretting antikorrupsjonssenter

Folkets høgsterett har etablert eit klagesenter som skal få slutt på korrupsjonen blant dommarane ved å sette ålmentas søkelys på dei, skreiv *China Business Times* i mai 1998. Borgarar kan rapportere personleg, via telefon eller brev om dommarar som dei mistenkjer for brotsverk som underslag, maktmisbruk, falskneri eller ulovleg tvang, skreiv avisa som siterte visepresidenten i høgsterett, Li Guoguang: "Tiltaket tek sikte på å få juridiske prosedyrar og anna arbeid ved folkets domstolar under offentleg overvaking."

Senteret, som ligg i Beijing, skal handsame klager mot dommarar på høgsteretts- og lagmannsrettsnivå.

For domstolar på lågare nivå i Beijing har ein oppretta eit liknande senter. Eit system av eigne postboksar og direkte telefonlinjer skal gjere det enkelt for folk å rapportere om dommarar med illegal praksis. Dei som klagar skal sikrast anonymitet. (*LateLine News* 12.5.98, 15.5.98)

²⁴ IOU: Eit ikkje-omsetteleg gjeldsbrev som startar med orda "I owe you ..." ("Eg skuldar deg ...")

Positive rollemodellar

Folkets Dagblad har tatt til orde for at partikadrar må lære av ein ny generasjon av sosialistiske heltar, som t.d. viseborgarmeister Li Runwu, som døydde av hjerteattakk ved skrivebordet sitt, og Kung Fansen, ein partikader som via heile livet sitt til Tibet, der han døydde i ei trafikkulykke. (HKS 28.6.98)

Oppstramming av fengselsadministrasjonane

Visestatsadvokat Wang bad på ein konferanse i Beijing i oktober 1996 kollegaene sine rundt om kring i provinsane om å iverksette konkrete tiltak mot aksept av stikkpengar og brot på fangane sine rettar i fengsla. Tenestemenn på alle nivå skulle bruke si makt til å følgje med på det som skjedde m.o.t. oppfølging av dommar og politivedtak i ordinære fengsel, i ungdomsfengsel og i arbeidsleirar. Etter kinesisk lov kan politistyresmaktene sende ein person til ein arbeidsleir i opp til tre år utan rettssak.

Det ein skulle ha eit særleg oppsyn med var nedsett soningstid, prøvelauslatingar, permisjonar med medisinsk grunngeving og lauslatingar før fullført soning. Det har vore mykje korrupsjon knytta til slike saker, ved at fengselstenestemenn har tatt i mot stikkpengar og gitt betre soningsvilkår som motyting. Samstundes vart det på konferansen gitt klar beskjed om at fengselstenestemenn måtte sjå til at fangane sine legale rettar vart ivaretatt. (HKS 21.10.96)

Enklare passutskrivning

Kina har letta på restriksjonane på utanlandsreiser ved å forenkle rutinane for utskrivning av pass og betre rettane til passinnehavarane. Endringane vart iverksette på slutten av 1996. Det er politiet som skriv ut pass for private utanlandsbesøk, medan utanriksdepartementet og dei regionale kontora for utanlandssaker tek seg av passa for offisielle forretningsreisande.

Dei nye reglane inneber nasjonal standardisering av søknadsprosedyrar, tidsfristar, pris og godkjenningvilkår for personlege pass. Siktemålet med desse forenklingane er å få slutt på den uheldige praksisen som har vore med ulik behandling av søkarar. Denne praksisen har forvirra søkarane, som ikkje fann ut av ordninga, og som ofte måtte vente i det uendelege på passa sine. Praksisen har også gitt høve til korrupsjon, ved at tenestemenn har tatt stikkpengar for å få fortgang i søknadene.

Direktøren for innreise- og utreisekontoret i Departementet for offentleg tryggleik, Xu Gunlu, sa at alle personlege pass, utanom turistpass, ville vere garantert gyldige i fem år, og kunne forlengast i opp til ti år til. (HKS 7.11.96)

Forholdet til WTO

Bakgrunn

World Trade Organization, eller Verdas handelsorganisasjon, er det einaste internasjonale organet som handterer reglar for handel mellom ulike land²⁵. Organisasjonens mål er å oppnå så frie vilkår for internasjonal handel som muleg, å hjelpe til med å løyse internasjonale handelskonfliktar og å organisere forhandlingar når det gjeld liberalisering av verdshandelen.

WTO er ein internasjonal organisasjon på regjeringsnivå. Organ med avgjerdsmynde er råd og komitear der alle medlemmar er representerte. Organisasjonens sekretariat, som består av administrative og tekniske støttestar, er lokalisert til Genève.

Forløparen til WTO var Gatt (General Agreement on Tariffs and Trade). Då Gatt vart etablert i 1947 var det 23 land som signerte avtalen, deriblant både Kina og Noreg. Nasjonalistregjeringa til Chiang Kai-shek trekte imidlertid Kina frå organisasjonen i 1950. Bortsett frå denne utmeldinga har medlemstalet i Gatt/WTO vakse jamt: I 1980 hadde Gatt 85 medlemsland, og ytterlegare 30 land følgde i praksis reglane i avtalen. WTO hadde i oktober 1997 132 medlemmer og i tillegg er det 31 land, deriblant altså Kina, som søker medlemskap i organisasjonen. Søkarlanda har observatørstatus i organisasjonen.

Organisasjonen har utvikla seg gjennom fleire forhandlingsrundar, der forhold som reduksjon av tollsatsar, antidumping og fjerning av andre former for handelshindringar enn tollsatsar har vore tema. Det var den såkalla "Uruguay-runden", som starta i 1986, som førte fram til danninga av WTO i 1995.

Litt forenkla kan ein seie at WTO er lik Gatt pluss mykje meir. Medan Gatt meir eller mindre var ein "ad hoc"-organisasjon utan noko solid formelt grunnlag, har WTO eit mykje betre juridisk fundament. Og avtaleinnhaldet er utvida frå å omfatta berre varer til å omfatte varer, tenester og intellektuelle rettar.

I 1986 søkte Kina om å bli tatt opp att i Gatt. Sidan har forhandlingane om dette gått føre seg i år etter år, utan noko endeleg positivt resultat for Kina så seint som juli 2000. Noreg har dei seinare åra støtta Kinas søknad, men dei største problema har Kina møtt i forhold til USA, som ikkje har vore villige til å sleppe Kina inn, sjølv om USA truleg ville tene økonomisk på at Kina slutta seg til organisasjonen. Kina er verdas tredje største økonomi og USAs fjerde største handelspartner, og det raskast veksande området for amerikansk eksport av varer og tenester. USA har stilt vilkår for Kinas medlemskap m.a. når det gjeld rettar til åndsverk, som amerikanarane meiner enno ikkje er oppfylte.

Sidan Taiwan også søker medlemskap i WTO, er dette eit problem for seg. På Taiwan trur ein at sjansane for deira medlemskap blir mindre om Kina blir medlem først. Men dei som er medlemmer i WTO er samde om at Kina må bli medlem før Taiwan.

Gevinsten ved medlemskap for Kina vil vere langsiktig tilgang til store marknader utan handelsdiskriminering. Men ulempene vil vere knytte til opning av den kinesiske marknaden for internasjonal konkurranse også når det gjeld tenester. Dette siste gjer at synet på WTO i Kina er delt, og nokre meiner at landet enno ikkje er modent for medlemskap. (HKS 20.9.96)

Vi skal i det følgjande sjå nærare på utviklinga i forhandlingane om kinesisk medlemskap i WTO i perioden 1994-97. Meininga er å få fram dei typiske argumenta frå dei ulike aktørane,

²⁵ Dette hevdar i alle fall WTO sjølv på Internett (<http://www.wto.org>)

og å vise korleis stemninga i Kina har veksla mellom optimisme og pessimisme, glede og irritasjon, engasjement og likesæle.

Optimismen rår grunnen

I juni 1994 hadde *China Daily* eit optimistisk oppslag om muleg medlemskap i Gatt. Avisa siterte ein høgare kinesisk embetsmann som sa at eit utkast til ein protokoll innehaldande Kinas rettar og plikter i eit eventuelt medlemskap skulle handsamast på eit nær føreståande Gatt-møte i Genève. Kinesarane hadde tru på at dette møtet skulle representere eit vass-skilje i medlemskapsforhandlingane. Åtte års forhandlingar skulle endeleg føre til noko konkret! Visehandelsminister Long Yongtu uttalte følgjande:

“Vi er glade for at vi endeleg har eit omfattande dokument å arbeide med. Dette er i seg sjølv eit gjennombrøt i forhandlingane.” (*China Daily* 19.6.94)

Generaldirektøren i Gatt, Peter Sutherland, sa at protokollen måtte vere klar i løpet av juni om Kina skulle kome med i WTO frå starten 1. januar 1995. Ein viktig grunn til at forhandlingane mellom Gatt og Kina ikkje hadde ført til nokon protokoll så langt var usemje blant eksisterande medlemsland om kva vilkår Kina måtte oppfylle for å bli medlem. Nokre land stilte krav om at Kina måtte oppfylle alle Gatt-reglar før medlemskap kunne innvilgast, noko som i følgje Sutherland var både urealistisk og urimeleg.

Frå kinesisk side vart det rekna som eit positivt signal at USA hadde levert inn sitt utkast til ein slik protokoll, etter at EU hadde gjort det same noko tidlegare i 1994. Long sa mellom anna at USAs utspel, der Kinas behov for ein overgangsperiode var tatt omsyn til, ville gi eit godt utgangspunkt for diskusjonane i Genève.

I følgje Long ville Kina prøve å vere så fleksible som muleg i dei komande forhandlingsrundane. “Vi vil berre akseptere krav som kan sameinast med Kinas gradvise økonomiske reformer og med landets noverande økonomiske nivå,” sa han.

Under forhandlingar mellom USA og Kina i Washington tidlegare i 1994 hadde amerikanarane presentert mange krav, mellom anna utvida marknadstilgang for tenester og opning for fleire bedrifter til å drive handel med Kina. Long sa at Kina ville vurdere desse krava og akseptere dei om dei ikkje var urimelege. Men han understreka samstundes at Gatt-medlemskap berre var ein del av Kinas økonomiske reformplanar, og at Kina ikkje ville gjere noko som rokka ved den økonomiske utviklinga og den sosiale stabiliteten. For harde krav frå dei vestlege landa ville dermed berre føre til at tilpassinga til ein marknadsøkonomi ville gå seinare, meinte han.

Long hadde mykje positivt å seie om den amerikanske forhandlingsleiaren i Washington, Dorothy Dvoskin, og medarbeidarane hennar, som han meinte hadde nedlagt eit hardt arbeid for å minske usemja om medlemsvilkåra mellom USA og Kina. Samtalane hadde vore positive og ikkje politisk prega etter at president Clinton hadde bestemt seg for å frikople spørsmålet om menneskerettar frå vurderinga av Kina som tilgodesett handelspartner²⁶.

Trass i dette såg ikkje Long bort frå at vanskar kunne oppstå i framtidige forhandlingar. Desse eventuelle vanskane meinte han likevel kunne overvinnast om ein hadde “god vilje og ei realistisk tilnærming”.

For å førebu medlemskapet, melde Xinhua at det skulle publiserast eit Gatt-leksikon under namnet *Gatt-kanona* i Kina. Leksikonet var på fem millionar teikn, og bestod av tre bind. Første bind skulle innehalde Gatt-avtalar inngått i 1994, i andre bind skulle ein finne eldre

²⁶ Status som “Most Favoured Nation”, ofte omtala som MFN-status.

dokument frå organisasjonens start i 1947 og framover, medan det siste bindet skulle formidle grunnleggande informasjon om Gatts organisasjon og vilkår for medlemskap. Boka var resultat av eit samarbeid mellom ekspertar i Beijing, Shanghai og Liaoning-provinsen. (*China Daily* 19.6.94; *HKS* 27.7.94)

Tonen skjerper seg

Vel ein måned seinare hadde tonen frå kinesarane si side skjerpa seg ein del. Det vart gitt hint om straffetiltak mot land som ignorerte dei lovnadene Kina hadde gitt dei åtte siste åra for å leve opp til omverda sine vilkår for Gatt-medlemskap. Eit kvart ultimatum frå USA ville berre gjere forholda verre, vart det sagt.

Ein talsmann for Handelsdepartementet, Miao Fuchun, sa at Kinas tilpassingar til Gatt dei siste åtte åra, deriblant også forslaga om reformer i handelspolitikken, var knytte til tidspunktet og vilkåra for landets gjenopptaking som medlem. Om tidsplanen ikkje held, vil vi ikkje gjennomføre reformene eller vere bundne av forslaga, skal han ha sagt. Ein slik situasjon ville vere dårleg nytt for dei landa som håpar på meir handel og større investeringsmulegheiter i Kina, sa han med klar adresse til amerikanske investorar.

Dei fleste av dei store signaturmaktene, slik som Japan, EU og nokre andre støttar ei tidleg gjenoppretting av Kinas Gatt-status, sa Miao. Han sa også at Kina kunne vere villig til å inngå fleire kompromiss, om ein i prinsippet kunne gå med på å innlemme Kina som medlem i inneverande år (1994). Kina var svært interessert i å vere med som grunnleggarnasjon i WTO frå 1. januar 1995. Verdas handelsorganisasjon er ikkje verd namnet sitt om Kina ikkje er medlem, sa Miao. Han la til at Kina fortente å vere med frå starten, sidan landet hadde vore med på avslutninga av Uruguay-runden.

Sjølv om Kina heldt døra på gløtt for å imøtekome fleire krav, var det grenser for kor langt Kina var villig til å gå i komande forhandlingar: Kina ville ikkje akseptere vilkår som ikkje var i samsvar med landets økonomiske nivå. "Kina kan ikkje forventast å akseptere fleire urettferdige premisser," sa Miao.

Eit ufråvikeleg krav frå kinesarane var at Kina måtte akseptast som medlem med u-landsstatus. Dette ville innebere ein del fordeler for Kina, men amerikanske tenestemenn hadde uttalt seg kritiske til å innrømme Kina ein slik status. Eit kraftsentrum av ein eksportnasjon som Kina kunne ikkje samanliknast med fattige u-land, var deira syn. Det store handelsoverskotet Kina har med USA er nok eit irritasjonsmoment for amerikanarane. Kina hadde eit lite underskot i handelen med USA i åra 1990-92, men frå 1993 har overskota vore store.

For å ta eit døme, så var handelsoverskotet på meir enn 15 milliardar US\$ i første halvår 1996. I juni 1996 var overskotet på heile 3,33 milliardar US\$, og Kina passerte for første gang Japan som det landet som hadde størst handelsoverskot med USA. Men kinesarane har peika på lågt BNP per capita som prov på fattigdom, og prøver også å vinne forståing for at økonomisk utvikling er ein tidkrevjande prosess som må takast skritt for skritt, og at det ville vere feil å følgje USAs råd om å forsere denne prosessen.

Direktøren for Handelskammeret i Hong Kong, Chan Wai-kwan, kritiserte USA for ikkje å vere villige til å gi noko til Kina i forhandlingane. Når Kina imøtekome amerikanske krav burde USA vise positiv vilje ved å gi noko tilbake, meinte han: "I staden ser vi at USA kjem med nye krav nesten dagleg," sa Chan.

Sett frå vestleg side var dei viktigaste krava Kina måtte oppfylle for å bli medlem desse:

- Reduksjon av importrestriksjonar, som framleis omfatta meir enn 50 produktområde
- Utfasing av priskontroll og prisreguleringspolitikk

- Letting av restriksjonane på personar og selskap som ønskjer å drive internasjonal handel
- Letting av restriksjonane på valutahandel
- Ta dei nødvendige skritt for å gjere yuan til ein konvertibel valuta (dvs gjenstand for fri veksling)
- Slå effektivt ned på brot på rettane til åndsverk
- Generelt gjere handelssystemet opnare
- Skaffe forsikringar om at importrettar blir respektert

Eit døme på Kinas vilje til kompromiss var innføringa av ein einskapeleg valuta. Før hadde Kina ein “folke-yuan” og ein “turist-yuan”, og sjølv om desse i teorien skulle vere likeverdige, hadde dei i realiteten ulik kurs fordi turistvalutaen var meir eksklusiv. Ved å sameine desse slik at same yuan skulle gjelde for alle, gjekk Kina eit langt skritt i retning av å gjere valutaen konvertibel, noko som var eit av krava landet måtte oppfylle. På kort sikt tapte Kina på dette, ved at devaluering og forvirring i marknaden vart resultatet av reforma. USA var likevel ikkje nøgd med situasjonen, då utanlandske selskap hadde klare restriksjonar på sine valutakjøp i Kina.

For USA har vern av rettar til åndsverk vore eit sårt punkt i forholdet til Kina. Tapa for amerikanske bedrifter på grunn av piratkopiering i Kina vart 1994 rekna til 1 milliard US\$. Fem selskap i Beijing som var saksøkte m.a. av Microsoft for ulovleg kopiering, fekk i juli 1994 kverrsett 600 CD-ar og seks datamaskiner som politiet fann i lokala.

Sommaren 1994 presenterte USA ei liste på 26 kinesiske fabrikkar som dreiv med ulovleg CD- og CD-ROM-produksjon, og som ein forlanga at kinesiske styresmakter stengde. Dette nekta kinesarane, av fleire grunnar.

Ein avdelingsdirektør i Handelsdepartementet, Zhang Yuejiao, sa at Kina ikkje kunne gi etter for utanlandsk press på denne måten, dessutan kunne ikkje administrasjonen stenge bestemte fabrikkar, det var mot lova. Zhang sa også at ho tvila på om USA ville stenge fabrikkar etter kinesisk pålegg om situasjonen hadde vore omvendt. Ho meinte at USAs press var urettferdig og lite effektivt. USAs assisterande handelspolitiske representant²⁷, Charlene Barshefsky, sa at piratfabrikkane i hovudsak var samarbeidsselskap mellom lokale styresmakter og investorar frå Taiwan og Hong Kong, og såleis burde kunne stengast straks.

Chan Wai-kwan, som er direktør for Handelskammeret i Hong Kong, sa at det var rett at Kina hadde hatt problem med å handheve åndsverkløvene tilfredsstillande, men at dette måtte sjåast i lys av dei framskrittane landet hadde gjort med å få eit juridisk grunnlag for vern av åndsverk på plass i løpet av kort tid. “Trass i at Kina har gjort store framskritt, er landet enno ikkje perfekt, i den grad noko land er det,” sa han. (HKS 28.7.94, 22.8.96, SCMP 28.7.94)

Forhandlingane held fram, men med magre resultat

Forhandlingane sommaren 1994 gav ikkje det resultatet kinesarane ønska, men partane møttest igjen for å halde saka varm. Omtalen i kinesisk presse ber no preg av at forhandlingane hadde køyrt seg fast.

²⁷ Barshefsky arbeidde for “Office of the United States Trade Representative” (USTR): Eit av kontora tilhørande den amerikanske regjeringa som er direkte underlagt presidenten. USTR må ikkje forvekslast med handelsdepartementet. Kontoret har mellom anna ansvar for å utvikle og koordinere USAs internasjonale handel, og for å leie forhandlingar med andre land om handelspolitiske spørsmål, dermed også forhandlingane vedrørande Gatt/WTO.

Møte på flyplassen i Beijing

Den 23. desember 1994 kom visehandelsminister Gu Yongjiang tilbake til Beijing etter nye Gatt-samtaler i Genève. Gu og hans forhandlingsdelegasjon vart møtt av handelsministeren, Wu Yi. Wu stilte med blomster og ho uttalte seg i rosande ordelag om den jobben delegasjonen hadde utført på vegne av Kina:

“Opning mot utomverda er noko som ikkje kan stoppast, og eit kvart tilbakeslag i arbeidet med å oppnå Gatt-status vil ikkje påverke Kinas samarbeid med andre land eller utviklinga i utanrikshandelen. ... Alle er klar over at delegasjonen gjennomførte harde forhandlingar i Genève, med arbeid både dag og natt. ... Delegasjonen har lagt stor vekt på landets fundamentale interesser, og samstundes funne balansen mellom Kinas interesser og dei plikter gjenoppretting av statusen som Gatt-medlem medfører, og understreka landets posisjon som utviklingsland.” (*China Daily* 24.12.94)

Wu sa seg lei for at heller ikkje denne runden kunne gi noko slutføring av dei omfattande forhandlingane om Kinas Gatt-medlemskap. Trass i dette ville reformpolitikken og den opne linja mot utomverda bli vidareført inn i neste hundreår, sa ho. Og økonomiske og handelsmessige relasjonar med ulike land skulle utviklast vidare.

I og med at Kinas system for utanrikshandel no var i tråd med Gatts retningslinjer, tykte Wu at det var både logisk og rimeleg at Kina vart opptatt i WTO frå årsskiftet 1994-95. Men ho la ikkje skjul på at visse Gatt-medlemmer, som handla ut frå eigne politiske interesser, hadde lagt press på Kina under forhandlingane. Kina kunne ikkje gi etter for slikt press, sa Wu, og la til at Kina ikkje kunne ofre sine fundamentale interesser for Gatt-medlemskap. (*China Daily* 24.12.94)

“Kina fast i førarsetet trass i Gatt-patt”

Dette var den talande overskrifta *China Daily* brukte i presentasjonen av eit intervju med ein høgare tenestemann i Handelsdepartementet, Qiu Xichu. I intervjuet stadfesta Qiu handelsminister Wu si fråsegn på flyplassen om at Kinas handelspolitiske planar står fast, uavhengig av korleis det gjekk med forholdet til Gatt:

“Kina vil halde fram med reformer og utvikling av utanrikshandelen i følgje landets eigen timeplan. Vi har mykje på agendaen i dei komande åra..” (*China Daily* 27.12.94)

Nokre av dei viktigaste punkta Qiu nemnde var desse:

- Modernisere dei ca 8000 statsbedriftene som hadde handel med utlandet
- Gjere valutaen fullstendig konvertibel innan år 2000
- Lage nye planar for marknadstilgang
- Vidare kutt i importavgifter

Professor Chu: Konsekvensane av Gatt-fiaskoen

I samanheng med forhandlingsfiaskoen hadde reporteren Wang Yong i *China Daily* eit intervju med ein ekspert på Gatt-saker, professor Chu Xiangyin ved Universitetet for internasjonalt næringsliv og økonomi. Chu slo klart fast at dei landa som prøvde å halde Kina ute frå verdas handelssirklar ikkje ville nå sine mål:

“Korkje viljen til ein person eller ei regjering kan sette ein stoppar for tendensen til større integrasjon mellom økonomien i Kina og resten av verda. Hundretusenvis av utanlandske

investorar har plassert risikovillig kapital i Kina, og nokre multinasjonale selskap har tent enormt på den eksplosive veksten på den kinesiske marknaden.

Forretningsfolk reiser dit pengane kan tenast. I den forstand verkar det svakt av ei regjering å ofre profitt for politiske vurderingar. Ei klok regjering ville gi positiv støtte til økonomiske aktivitetar i utlandet, og spesielt legge forholda til rette for forretningsfolka sine.” (*China Daily* 29.12.94)

Chu hadde lite tru på at dei utanlandske selskapa som hadde fått smaken på fordelane av sine Kina-engasjement ville skjere over banda til landet no. Tvert i mot meinte han at dei ville styrke relasjonane for å gjere endå større profitt på den “austlege” marknaden, som var forventet å importere varer for 1 billion US\$ fram til tusenårsskiftet.

Likevel peika Chu på at manglande Gatt-medlemskap var dårleg nytt for potensielle nye handelspartnerar og investorar. Derfor sa han seg lei for at forhandlingane ikkje hadde ført fram:

“Dette får verknader ikkje berre for Kina, men også for den nye organisasjonen, WTO, og utanlandske forretningsinteresser som ivrar for å vere med på veksten i den kinesiske marknaden. ...

Det er forståeleg og akseptabelt at ein part ønskjer å oppnå så mykje som muleg frå ein annan part under forhandlingar. Men ein kan ikkje bli *for* grumsete.” (*China Daily* 29.12.94)

Med det siste utsagnet sette professor Chu spørsmålsteikn ved truverdet til regjeringane i dei landa som sto hardast mot Kina. I følgje Chu vart det stilt krav til Kina som ikkje ein gang dei utvikla landa trong å etterleve. Ikkje overraskande er det igjen USA som blir trekt fram som eit dårleg døme, og kinesarane oppfatta det slik at den amerikanske regjeringa på dette tidspunktet hadde fått med seg næringslivet på den harde linja mot Kina.

Reporteren i *China Daily* stilte spørsmålet om den amerikanske regjeringa hadde rimelege eller urimelege grunnar for sitt forhandlingsopplegg. Er Kina eit u-land eller ikkje? Hadde amerikanske forretningsfolk sett inn 10 milliardar US\$ i fabrikkar og liknande om ikkje det her var tale om ei av verdas billegaste arbeidsstyrkar? Dei regjeringane som heldt fast på at Kina var å rekne som eit utvikla land, vart bedt om å ta seg ein tur til dei enorme områda i det indre av landet for å sjå sjølve. Underforstått betyr dette at når desse fekk sjå fattigdommen med egne auge, ville dei måtte revurdere sitt standpunkt.

Vidare vart det nok ein gang peika på at Kina har gjort sitt gjennom åtte års forhandlingar. Ein hadde vore positive og seriøse, fjerna toll og andre handelshindringar, gjort marknaden sin meir tilgjengeleg og styrka vernet av intellektuelle rettar. Trass i alt dette hadde nokre få land stadig stilt urimelege krav til Kina, og dermed ført forhandlingane inn i ei bakevje, sa Chu. Han meinte likevel at konsekvensane for Kina av manglande Gatt-medlemskap var til å leve med, då handelstapa ikkje ville bli særleg store. Professor Chu avslutta med å seie at reformene og utviklingstakten i Kina ville halde fram som før, uavhengig av Gatt. (*China Daily* 29.12.94)

Sommaren 1995: Framleis ikkje noko gjennombrot

Uformelle samtalar om å ta Kina opp som medlem i WHO heldt fram i 1995. Etter to rundar melde *China Daily* sommaren 1995 at ein hadde gjort nokre framskritt, men medlemskapet vart framleis hindra av USA.

Positivt sett frå Kinas side var at eit avsnitt som sikra Kinas rettar som tilgodesett nasjon – MFN²⁸ – etter oppnådd medlemskap i WTO vart tatt inn i utkastet til protokoll. Dermed gav USA opp sitt atterhald om å vurdere Kinas MFN-status kvart år, sjølv om landet skulle bli

²⁸ MFN: Most Favoured Nation

medlem av WTO. I følgje ei amerikansk lov frå 1974, Domestic Trade Act, måtte ei slik vurdering gjerast årleg for alle “ikkje-marknadsøkonomiar”. Dei amerikanske forhandlarane prøvde å forklare regelverket sitt, men dei møtte lite forståing for dette synspunktet. Long siterte eit brev frå handelsminister Wu Yi, der det i klare ordelag vart sagt at det gav lite meining å forhandle om eit juridisk rammeverk som USA ikkje ville følgje opp. Dette var nok så opplagt urimeleg at amerikanarane gav seg på dette punktet, men så lenge Kina ikkje er medlem av WTO, vil denne MFN-vurderinga kunne halde fram.

Samtalane bestod av ei rekke bilaterale forhandlingar etterfølgt av ei veke med multilaterale konsultasjonar mellom Kina og landets handelspartnerar. Formannen for desse forhandlingsrundane var Pierre-Louis Girard, og han sa at Kina hadde ytt vesentlege bidrag til samtalanene ved å legge på bordet fleire forslag, t.d. når det galdt rettar til å drive handel, eksportsubsidiar til jordbruket og andre handelsfremmande tiltak enn reduserte tollsatsar. Fleire av deltakarlanda sa det same, og uttrykte håp om nye framskritt i framtidige samtalar.

Kinas forhandlingsleiar, Long Yongtu, takka dei fleste av WTO-landa for støtte og forståing, men om USA hadde han ikkje mykje positivt å seie. Amerikanarane vart skulda for å blokkere forhandlingane, og deira lovnad om å stille seg positiv til kinesisk medlemskap vart karakterisert som hykleri.

Under møta i Genève kom Long med eit offensivt utspel i eit møte med sørkoreanske Kim Chul-su, som var visegeneraldirektør i WTO, og som hadde ansvar for opptak av nye medlemmer. Long meinte at WTO burde bli ein meir demokratisk organisasjon enn Gatt, som etter hans syn var dominert av visse store medlemsland. Han gav uttrykk for at WTO burde la utviklingslanda spele ein større rolle enn Gatt gjorde. Long, som også var visehandelsminister i Kina, sa at reglane i organisasjonen burde utformast slik at alle land hadde like mykje å seie, enten dei var store eller små, fattige eller rike. (*China Daily* 28.7.95, 29.7.95, 31.7.95)

Gjensidige dumpingskuldingar

Business Weekly, ei vekeavis utgitt av *China Daily*, tok i februar og mars 1996 i fleire artiklar opp dei mange dumpingskuldingane mot Kina. Desse skuldingane gjekk ut på at Kina selde varer til under kostpris for å vinne marknadsdelar. I løpet av få år hadde landet vore innblanda i meir enn 200 saker som galdt dumping, 57 av desse var frå USA og 56 frå EU. Typiske døme på varer frå Kina som har vorte ramma av dumpingklager er sykklar, fjernsyn, tekstilar, sko og bagar. Dette har vakt irritasjon i Kina, for ein meiner at reaksjonane er tilfeldige og urettferdige. Tre høgare tenestemenn gav fråsegner til avisa; Li Zhongzhou og Zhang Yuqing frå handelsdepartementet, og Duan Ming frå Kinas nasjonale tekstilråd. Dessutan hadde Shang Ming frå handelsdepartementet uttalt seg til *China Daily* om dumpingspørsmålet sommaren 1995. Synspunkta deira er ganske samanfallande, og skal refererast i det følgjande.

Tenestemennene sa at Kina opplevde det som ein ulempe å bli rekna som ein planøkonomi eller ein ikkje-marknadsøkonomi. For å finne ut om kinesiske eksportørar dumpa ei vare, valde mange vestlege land kostnadstal frå eit tredje land som samanlikningsgrunnlag. Dette tredje landet oppfatta kinesarane som tilfeldig valt, slik at den resulterande konklusjonen vart urettferdig. Ein viktig konkurransefordel for Kina har jo vore den billege arbeidskrafta. Den vestlege måten å rekne på gjorde at dei mista mykje av denne fordelene, fordi tredjelandet som ein samanlikna med gjerne hadde høgare kostnader på arbeidskraft. Li meinte at dette var medvitne åtak på kinesisk eksport som kunne føre fram fordi Kina ikkje var med i WTO:

“Fordi Kina enno ikkje er medlem av WTO har nokre land fremma tilfeldige skuldingar om dumping mot kinesisk eksport ut frå det at Kina ikkje har noko stad å søke rettsvern.” (*China Daily Business Weekly* 11.2.96)

Som eit mottrekk utvikla Kina i perioden 1994-96 ei eiga lov om dumping for å verne den heimlege industrien mot subsidierte utanlandske selskap. Det vart ikkje sagt kva selskap dette eventuelt kunne dreie seg om. Då *China Daily Business Weekly* var innom same sak eit år seinare, vart det opplyst at produkt som vart dumpa i Kina var utanlandske filmar, kryssfiner, asbest, stål og ein del hushaldningsprodukt. Men framleis vart ingen spesielle land eller selskap peika ut som ansvarlege for dette.

I følgje tenestemennene var det urimeleg å framleis rekne Kina som ein planøkonomi, berre ved å sjå på det talmessige forholdet mellom stats- og privateigde bedrifter. Etter 15 år med reformer var ikkje dette lenger ei rett oppfatting av røyndommen. Statseigde bedrifter med ei uavhengig leiing burde dessutan reknast som ein del av marknadsøkonomien, meinte dei kinesiske tenestemennene. Eit motargument frå vestlege økonomar har vore at statselskapa framleis har ein del skjulte subsidiar gjennom lån i statsbankane. Konklusjonen til tenestemennene var i alle fall at berre 10 % av prisane no kunne seiast å vere bestemt av styresmaktene, slik at andre land trygt kunne bruke kinesisk statistikk for å fastslå om det førelåg eit tilfelle av dumping eller ikkje. Shang håpa at dei landa dette galdt ville gå bort frå si diskriminerande haldning til Kina, slik at kinesiske selskap kunne få konkurrere på ein rettferdig måte i utlandet.

Hausten 1996 tok *China Daily Business Weekly* opp att saka, og skytset vart no retta direkte mot EU. Avisa skreiv at EU no måtte gå bort frå sin diskriminerande og forelda praksis med å handsame Kina som ein ikkje-marknadsøkonomi. Bakgrunnen for angrepet var at EU hadde trappa opp dumpingundersøkingane mot import frå Kina. Av viktige varer i søkelyset kan nemnast sko, bagar og ubleika stoff. Om undersøkingane førte fram til konkrete anti-dumping-tiltak, ville kinesarane kunne tape milliardar av US\$. Kina eksporterte varer for nesten 8,7 milliardar US\$ til EU i første halvår av 1996. Ein tenestemann i handelsdepartementet, Liu Youhou, sa dette:

“For å garantere ei sunn utvikling av forholdet mellom Kina og EU, skulle vi ønskje at EU gav opp sin diskriminerande praksis, og behandla relasjonane i eit langsiktig perspektiv.” (*China Daily Business Weekly* 20.10.96)

Det som irriterte kinesarane ekstra, var at EU i september 1996 la ein førebels straffetoll på 94,1 % på enkelte typar sko produsert i Kina. Dette kom i tillegg til importkvotar for kinesiske sko, og Kina frykta nok at fleire tiltak mot dumping kunne kome. I november 1996 trua Kina derfor EU med søksmål for ein internasjonal domstol, om ein ikkje slutta med slike “urettmessige” tiltak. Ein talsmann frå Kinas import- og eksportkammer, Lu Gupu, sa dette:

“EUs avgjerd er mot internasjonale normer for fri handel. ... Dette er ei handelshindring som vil skade interessene både til Kina og EU. ... Avgjerda er urettferdig sidan ho vart tatt utan ei undersøking på staden av Kinas skoprodusentar.

Kina er ikkje den strengt sentralplanlagde økonomien det var for to tiår sidan. Tvert imot er skoindustrien i full marknadskonkurranse utan subsidiar frå regjeringa.” (*China Daily Business Weekly* 10.11.96)

Lu meinte dessutan at EUs skoimport frå Kina ikkje skada den nasjonale skoindustrien i EU, slik at tiltaket ikkje kunne gi noka meining sett frå EU si side. Han tykte òg det var litt rart at EU avgjorde spørsmålet om dumping gjennom undersøkingar i Indonesia, og ikkje i Kina. Utspelet frå Lu kom strategisk plassert i tid rett før ein delegasjon frå EU, leia av handelskommisjonær Sir Leon Brittan, skulle til Kina for å gjere greie for EU-marknaden og dei reguleringar som der var nødvendige.

I mars 1997 kunngjorde Kina at landets antidumpinglover skulle styrkast for å verne nasjonale bedrifter. Dei nye reguleringane skulle brukast når importerte produkt vart ein trussel mot nasjonale industrier, heitte det i følgje Xinhua:

“Når eit kinesisk selskap får mistanke om at ein utanlandsk produsent sel det same produktet, eller eit liknande produkt, på den kinesiske marknaden under vilkår som tyder på dumping, skal det sende ei skriftleg oppmoding til handelsdepartementet (Moftec²⁹) om undersøkingar.” (HKS 31.3.97)

Etter å ha gjennomført slike undersøkingar, har Moftec høve til å ilegge straffetoll på importerte produkt. Den kinesiske definisjonen på dumping er tilfelle der eksportprisen for importerte varer ligg under produktets normale verdi. Sjølv om Kina har hatt antidumpinglovgiving sidan 1994, vart det ikkje meldt om nokre faktiske tilfelle før i mars 1997. Men ein såg det slik at dei stadige tollreduksjonane og dei andre følgjene av landets WTO-tilpassing, samt omstruktureringa av statselskapa, ville gjere denne lovgivinga meir og meir viktig i framtida. (*China Daily* 26.7.95; *China Daily Business Weekly* 11.2.96, 25.2.96, 10.3.96, 20.10.96, 10.11.96, 2.2.97; HKS 21.10.96, 11.11.96, 31.3.97)

Handelskrig mellom USA og Kina?

Frykta for at den omfattande piratkopieringa i Kina skulle føre til handelskrig mellom USA og Kina var stor sommaren 1996. Dei to landa skulle ha samtalar for å avverge ein slik situasjon i juni dette året. Det var Kina som hadde tatt initiativet til desse samtalanene, som skulle finne stad i Beijing. Utgangspunktet for samtalanene skulle vere iverksettinga av ein avtale om kopirettar mellom dei to landa som var inngått i 1995.

Eventuelle amerikanske sanksjonar skulle iverksetjast frå 17. juni, og Kina ville i så fall gjere sine mottiltak ved å ramme importen av bilar og landbruksprodukt frå USA, og så ville krigen vere i gang. Før samtalanene skreiv *China Daily Business Weekly* at ein truleg ville kome fram til ein avtale, sidan begge land ville tape på ein handelskrig. På den andre sida innsåg avisa at enkelte amerikanske politikarar ville nytte høvet til å vinne stemmer på heimebane ved å legge opp til ein tøff tone.

I mai 1996 varsla Kina at ein ville utvide kampanjen for å slå hardt ned på piratane som var i ferd med å bringe dei to landa inn i ein handelskrig. Piratverksemda hadde blussa opp att etter å ha lege nede ei stund, vart det meldt frå offisielt hold i Kina. Heilt konkret skulle politiet no fullføre etterforskinga av sju illegale produksjonsanlegg for CD-ar og pornografi, for det meste i det sørlege Kina. Verksemdene hadde starta opp att etter å ha vorte stengt i 1995 eller tidlegare i 1996. Slike tilfelle er typiske, og illustrerer litt av problemet styresmaktene har med å handheve lovene.

Amerikanarane var på dette tidspunktet i harnisk over det dei med rette såg på som reint tjuveri. For Kina var det viktig å demonstrere evne og vilje til å gjere noko med problema før samtalanene i Beijing. Washington hevda at Guangdong-provinsen i det sørlege Kina var hovudbastionen for piratkopieringa. I denne noko frilyndte provinsen skulle det i følgje USA bli kverna ut millionar av illegale kopiar av filmar, musikkstykke og programvare, mykje av dette meint for eksport. Amerikanarane rekna det totale tapet dei vart påført av denne piratverksemda til ca 2,3 milliardar US\$ per år.

Frå offisielt kinesisk hald vart det sagt at desse skuldingane frå USA var grunnlause. Ein tenestemann i Guangdong sa til nyhendebyrået Xinhua at provinsen var i fronten når det galdt kampen mot tjuveri av åndsverk. Han sa at i perioden september 1995 til mars 1996 hadde provinsstyresmaktene stengt meir enn 1000 piratselskap og kverrsett godt over ein million audiovisuelle, piratkopierte produkt. Vidare sa talsmannen dette:

“Dei [USA] trur vi ikkje arbeider hardt nok med vernet av intellektuelle eigedomsrettar, men vi har verkeleg stått på.” (HKS 31.5.96)

²⁹ Ministry of Foreign Trade and Economic Co-operation

I eit raid i Shenzhen 8. og 9. juni 1996 vart 17 butikkar som selde piratkopiar stengde, og det vart kverrsatt 8809 videoar, 9620 CD-ar og 782 CD-ROM-plater. Totalt hadde Kina i følgje Xinhua gjennomført 480.000 inspeksjonar, stengt 210.000 utsal og kverrsatt nesten tre millionar illegale bøker og tidsskrift så langt i kampen mot piratane. I tillegg til stenging av bedrifter vart kraftige bøter brukt som virkemiddel. To bedrifter i Guangdong hadde t.d. fått 200.000 yuan kvar i bot for piratverksemd. Som ein kuriositet kan vi også nemne at ein under eit raid i Jindie i april hadde funne ein russisk versjon av Windows '95 meint for eksport.

Før samtalanene i Beijing gjorde styresmaktene det klart at lova om kopirettar skulle etterlevast og handhevast uavhengig av utfallet av komande samtalar. Frå amerikansk hold vart det sagt at ein forventta at Beijing ville etterleve avtalen frå 1995 og stoppe piratverksemda. Viktige amerikanske aktørar var fungerande handelsrepresentant Charlene Barshefsky og hennar assistent Lee Sands. USAs forhandlingsdelegasjon var i første omgang leia av Lee Sands, men Barshefsky sjølv dukka opp i siste del av samtalanene. Sands sa følgjande før samtalanene:

“Vi har ein klar avtale, 30 sider med detaljert tekst. ...Vi forventar at kinesarane lever opp til avtalen, og det er vi ærleg tala trygge på at dei vil gjere.” (HKS 7.6.96)

Shen Guofang, talsmann for det kinesiske utanriksdepartementet, hadde følgjande ord å dele med reporterane:

“Den kinesiske sida er alltid oppriktige i gjennomføringa av forhandlingar og konsultasjonar med den amerikanske sida, og det er vårt håp at det blir framgang. ... USA burde respektere fakta og følgje prinsippet om å søke sanninga frå fakta. Med dette som basis for forhandlingar mellom dei to partane trur eg denne runden med samtalar vil bli ein suksess.” (HKS 7.6.96)

Slik sett kan ein seie at utgangspunktet for samtalanene var det beste: Begge partar la opp til eit kompromiss fordi ein handelskrig ikkje var ønskeleg. Men samstundes var det andre faktorar inne i biletet som kunne forkludre forhandlingane. Som ein indikasjon på den underliggande spenninga i relasjonane, sende den amerikanske ambassaden i Beijing på dette tidspunktet ut ei melding som galdt ei sak om muleg illegal eksport av farleg avfall frå USA til Kina. Ambassaden klaga på at kinesiske styresmakter hindra dei i å hjelpe til med etterforskinga. Kinesarane på si side klaga over at amerikanarane hadde menneskerettar som ein slags fundamentalistisk religion som alltid skulle trekkast fram.

Det amerikanske kravet var konkrete og verifiserbare tiltak mot piratverksemda. USAs fungerande handelsrepresentant, Charlene Barshefsky, sa i Washington at Beijing framleis måtte vise at dei ville følgje opp 1995-avtalen med konkrete handlingar. Ho meinte at Kina hadde ein lang veg å gå før vernet av kopirettar var effektivt. Ein av viseministrane i handelsdepartementet, Sun Zhenyu, sa at Kina ikkje hadde stort meir å gi i forhandlingane. Sun ville ikkje utelukke at partane kunne bli samde, men den kinesiske sida hadde alt gjort seg mykje flid med å oppfylle USA sine krav, meinte han. Herr Sun sa også at Kina etter den nemnde avtaleinngåinga i 1995 hadde etterforsa meir enn 4000 piratkopieringssaker og konfiskert vel to millionar CD-ar til ein verdi av 10 millionar yuan. Når USA seier at dette ikkje er nok, er det urettferdig, sa Sun.

Likevel, berre fem dagar før samtalanene skulle ta til, annonserte Kina nye tiltak mot piratkopiering. Illegale produsentar skulle slåast hardt ned på; slike bedrifter skulle stengast og dei ansvarlege straffast. Dette var ikkje noko nytt, men det nye var at frå no av var det berre sentralregjeringa som kunne gi løyve til etablering av nye CD-fabrikkar. Poenget var å få slutt på kaoset med at stengde fabrikkar vart opna att.

Ei talskvinne for handelsdepartementet, Zhang Yuejiao, meinte at atmosfæren var god for drøftingar, sidan begge partar gjorde sitt beste for å unngå handelskrig. Men ho sa også at ballen var hos USA, som ville ramme import frå Kina til ein verdi av to milliardar US\$ om Kina ikkje stoppa piratverksemda:

“Som det heiter i det kinesiske ordtaket: Den som hengde bjølla på tigeren får ta ho av att. Den som starta bråket får avslutte det ... og USA peikte ut Kina som mål for sine sanksjonar.” (HKS 13.6.96)

Zhang oppmoda amerikanarane om å innta ei rettferdig og objektiv haldning i dei formelle samtalan som skulle etterfølgje dei uformelle, som alt var gjennomførde då ho gav si fråsegn.

Etter første dag av drøftingane var ikkje partane særleg taletrengde. Lee Sands hadde først “ingen kommentar”, men på spørsmålet om dette svaret kunne tolkast som at skilnadene var jamna ut, svara han “nei”. Ein talsmann for USA i Washington, Ira Shapiro, sa at ein hadde hatt litt framgang, men at resultata så langt ikkje var gode nok. Barshefsky sa at det var stadfesta at kinesarane hadde prøvt å stenge piratverksemdar, men at dette måtte verifiserast på staden. Ho ville no personleg reise til Beijing for å delta i siste del av dei formelle samtalan. Dette vart tolka som eit teikn på at partane hadde ein avtale i sikte.

Tilleggskrav frå amerikanarane var no at Kina måtte betre grensekontrollen for å hindre eksport av piratproduserte artiklar, og opne marknaden sin for lovlege varer. Det siste meinte USA kunne gjennomførast ved å tillate amerikanske selskap inngå “joint ventures” (samarbeidsselskap) med kinesiske for å produsere lovlege kopiar av musikk, filmar og bøker. Denne måten å opne marknaden på såg kinesarane som eit dårleg skjult forsøk på å påverke Kinas ideologiske sjølvråderett.

Før siste del av forhandlingane tok til, melde ei Kina-vennleg Hong Kong-avis, *Ta Kung Pao*, om nye vellukka åtak mot piratbedrifter. Denne gongen var det ein produsent av mannsunderbrøker med falske varemerke som vart teken. Politiet raida ein fabrikk i Jinsha og kverrsette falske Playboy-underbrøker, halvfabrikata og symaskiner verdt ca 170.000 yuan.

Med Barshefsky med på det amerikanske laget heldt forhandlingane fram til litt over tidsfristen for USAs sanksjonar, og partane kom fram til ein avtale “i 13. time”. Handelskrigen var dermed avverga, noko begge sider sikkert var letta over. Avgjerda om å avblåse alle gjensidige sanksjonar vart offentleggjort av Barshefsky og viseutanriksminister Shi Guangsheng. Partane hadde gjort store skritt framover på alle fire forhandlingsområda: Stenging av fabrikkar for piratproduksjon av programvare, filmar og musikk, auka innsats frå regjeringshald for å slå ned på piratar, betre grensekontroll og auka import av amerikanske originalprodukt til Kina.

Av konkrete lovnader USA var særleg nøgde med kan nemnast:

- Kinesiske garantiar for kontinuerleg merksemd for å stoppe piratproduksjon
- Forbod mot all import av CD-produksjonsutstyr til Kina
- Førebels stans i etableringa av nye CD-produksjonsanlegg
- Garantiar for samarbeid mellom amerikanske og kinesiske tollstyresmakter i saker som gjeld vern av rettar til åndsverk

Den kinesiske reaksjonen på avtalen vart uttrykt slik av Xinhua:

“Avtalen viser endå ein gong at den einaste måten å løyse usemje mellom land på er konsultasjonar på like fot.” (HKS 18.6.96)

President Clinton sa at avtalen var “god for amerikanske jobbar og amerikanske forretningar”. Visepresident i det kinesisk-amerikanske forretningsrådet, Richard Brecher var litt meir skeptisk. Han var glad for at ein var komen fram til “ein slags avtale”, men endring av ein del kinesiske forretningsfolks haldningar på dette området trudde han ville ta tid.

Eit viktig poeng å ta med her, er at heile Hong Kong pusta letta ut då avtalen var klar. Ein handelskrig mellom Hong Kongs to viktigaste handelspartnerar ville ha ramme byens forretningsliv hardt. Mykje av Kinas eksport går gjennom Hong Kong, og mange selskap i Hong Kong har investert i produksjon av tekstilar og elektronikk i Guangdong-provinsen, ein produksjon som i stor grad er meint for den amerikanske marknaden. Formannen i det amerikanske handelskammeret i Hong Kong, Mark Michelson, meinte at avtalen – om han vart følgt skikkeleg opp denne gongen – kunne gi Kina større tilgang på utanlandsk teknologi. Han meinte at den omfattande piratverksemda hadde ført til at selskap med avansert teknologi hadde vore tilbakehaldne med å gå inn i Kina.

Det siste er eit interessant synspunkt: Piratproduksjonen kan gi ein kortsiktig gevinst, men vil truleg vere skadeleg også for Kina på lang sikt. Ein økonomi i så dramatiske endringar som den kinesiske, ønskjer å trekke til seg utanlandsk kapital og teknologi. Og etter kvart som den kinesiske økonomien som ein følgje av dette blir meir avansert, er det ingen dristig spådom at mengda av intellektuelt verneverdig produksjon vil auke, og at lovgivinga på området vil vere nødvendig også for å verne innanlandske kunnskapsbaserte næringar. For å nå sine mål i ein global økonomisk samanheng treng altså Kina å bli oppfatta som ein seriøs aktør, og der igjennom vinne tillit hos investorar. I lys av dette må piratproduksjonen stoppast.

Andre syn på avtalen i Hong Kong var at lagra av piratkopierte CD-ar kunne vere store rundt omkring, så tilboda ville vere i marknaden ei god stund framleis. Ein meinte også at det kunne vere vanskeleg å kontrollere sal av presser og anna utstyr som trengst for å lage pirat-CD-ar frå Hong Kong til Kina. Det var og røyser som sa at piratproduksjonen truleg ville halde fram så lenge dei originale CD-ane var så overprisa som dei var. I alle fall, avtalen frå juni 1996 var nok eit viktig skritt i rett retning.

Korleis gjekk det så med oppfølginga denne gongen? Hausten 1996 gjekk det ut ordrar frå sentralt hald om å slå hardt ned på piratproduksjon. Med jamne mellomrom finn vi meldingar i pressa om nokre piratar er tatt. I desember 1996 vart tre høgare leiarar i bedrifta Ningbo Huada Magnetic-Electric Co i Zhejiang-provinsen dømt for produksjon og sal av diskettar utstyrt med varemerket til 3M³⁰. Styreformannen i Ningbo, Xu Shangyan, fekk to års fengsel pluss tre år på vilkår, administrerande direktør fekk to pluss to år og viseadministrerande fekk eitt pluss eitt år. Selskapet fekk dessutan ei bot på 250.000 yuan.

Omtrent samstundes gjekk styresmaktene i Guangdong-provinsen ut med tilbod om ei belønning på 37.000 US\$ til dei som kunne gi opplysningar som førte til avdekking av illegal CD-produksjon. Då var to slike produksjonslinjer nett avslørt, men ein rekna med at det framleis var 20 illegale CD-produksjonslinjer i provinsen som nytta importert utstyr til ein verdi av 15 millionar kroner.

I mars 1997 fekk pressa vere med på ein velregissert politiaksjon mot piratprodukt i Beijings høgteknologiområde i Haidan-distriktet. Inspeksjonen gav eit magert resultat, då ein fann eit lite tal pirat-CD-ar i den første butikken som vart undersøkt, og ingenting i den andre. Leiarane for aksjonen sa at dei hadde hatt stor framgang i kampen mot piratverksemda, og at dei minkande beslaga er eit reelt teikn på at problemet er redusert. Di Ming, underdirektør for Beijings antipornografiske kontor, sa at talet på falske produkt i hyllene var kraftig redusert på grunn av tøffare kontrollar:

“Det er betre i år enn i fjor. Vi har trappa opp reguleringa av marknaden og reinska bort haugevis med audiovisuelle piratprodukt og laserdiskar selde under jorda. ... Den største piratsakene frå i fjor involverte

³⁰ Minnesota Mining and Manufacturing Co, amerikansk selskap

meir enn 30.000 videodiskar i ein butikk. I år har dei største sakene omfatta berre 2.000 eller 3.000.” (HKS 29.3.97)

Det fanst ingen offisielle opplysningar om kor stor del av marknaden som vart tatt av piratprodukt, men vestlege analytikarar trur lovlege varer kan utgjere 50 % av musikkomsetnaden, og berre 5 % av programvaresalet. Nokre av dei som hadde mindre databutikkar kritiserte regjeringa sin politikk på området, då dei meinte at den strenge reguleringa av marknaden gjennom lisensreglar førte til at piratproblemet vart større enn det trong å vere. Sidan det var så vanskeleg å få lisens, tydde mange til ulovleg kopiering, sa ein butikksjef:

“Vi er villige til å selje legale kopiar, men vi kan ikkje det fordi berre bedrifter som enten er statsdrivne, store eller samarbeidsselskap kan få lisensar til å selje programvare og spel. ... Piratvarer blir ikkje selt i desse butikkane³¹. ... Utan fleire folk som konkurrerer, vil det ikkje bli nokon økonomisk effisiens, og prisane vil halde seg for høge.” (HKS 29.3.97)

Statspolitiet rapporterte at meir enn 10 millionar piratprodukt, hovudsakleg CD-ar og laserdiskar, vart kverrsette i 1996. Frå avtalen med USA i juni 1996 til mars 1997 hevda styresmaktene å ha stengt 26 undergrunnsfabrikkar for CD-ar, og å ha arrestert over 140 ansvarlege for “svart” marknadsføring av slike produkt. Berre ein brøkdel av desse vart omtala i offisielle media. Her kjem eit tilfelle som vart referert:

Ein mann frå Sichuan-provinsen vart av Folkets Domstol i Chengdu dømd til 2 ½ års fengsel for ulovleg kopiering av programvare. I følgje styresmaktene var dette den hardaste dommen for piratkopiering av programvare så langt (mars 1997), men det hadde rett nok vore harde dommar for ulovleg CD-kopiering tidlegare. Mannen, som var eigar av ein databutikk i Chengdu, skulle ha selt ulovleg programvare for ca 3 millionar yuan. Dommen kom berre seks veker etter at styresmaktene i Sichuan hadde sette opp ein premiepott på 300.000 yuan til dei som kunne gi informasjonar som førte til arrestasjon av produsentar eller seljarar av piratvarer. (HKS 27.5.96, 31.5.96, 6.6.96, 7.6.96, 11.6.96, 12.6.96, 13.6.96, 14.6.96, 17.6.96, 18.6.96, 19.6.96, 2.7.96, 29.3.97, 31.3.97; *China Daily Business Weekly* 25.5.96)

Kutt i tollsatsar

I juni 1996 vart det offentleggjort ein rapport eller plan om store reduksjonar i tollsatsane utarbeidd av eit sentralt organ i Beijing, truleg Statens Planleggingskommisjon. Planen inneheldt også forslag om å avvikle særordningar i form av gunstige tollsatsar til utanlandske selskap og særfordelar knytte til spesielle økonomiske soner og utviklingsområde. Den fulle tittelen på rapporten var “Kinas politikk for reformer vedrørande tollsatsar i den niande femårsplanen”.

I følgje rapporten var Kinas mål å redusere den gjennomsnittlege tollsatsen til 12 %, noko som tilsvarer gjennomsnittet for utviklingslanda. Tidlegare same år hadde Kina redusert tollsatsane frå 35,9 % til eit gjennomsnitt på 23 %. Sjølv om dette gav eit kortsiktig inntektstap, vart tiltaket sett på som gunstig med tanke på WTO-medlemskap. Dessutan vart det føreslått å kompensere noko av inntektstapet ved å avvikle privilegia knytte til spesielle utanlandske selskap og spesielle økonomiske soner og utviklingsområde. Den nye reduksjonen burde gjennomførast i løpet av to år, heitte det i rapporten.

Den kinesiske økonomien vart på dette tidspunkt vurdert å vere så god at valutaen, som etter den opphavlege planen skulle gjerast konvertibel innan år 2000, faktisk kunne gjerast

³¹ Dette sa han idet han peika mot målet for herr Dis inspeksjon, dei regjeringsgodkjende butikkane i Beijing City and Electronics Market

konvertibel for brukskontoar alt i løpet av 1996. Det var direktøren for sentralbanken, Dai Xianglong, som opplyste dette til Xinhua. Dai sa at valutareservane ved utgangen av mai 1996 var på 85 milliardar US\$, medan utanlandsgjelda utgjorde 110 milliardar US\$. Ein konvertibel yuan ville verke positivt inn på Kinas utanlandshandel, og tiltrekke meir utanlandske investeringar, meinte Dai. (HKS 21.6.96, 27.6.96, 26.11.96)

Fastlåste standpunkt i USA fører til kinesisk pessimisme

Hausten 1996 var agendaen for samtalanene om kinesisk WTO-medlemskap slik: Kinas handelsminister Wu Yi skulle til USA i september, og vel ein månad deretter skulle ein ny samtalerunde ta til.

På førehand var det ikkje mykje optimisme å spore i Kina. Ein høgare tenestemann, Li Zhongzhou, sa til *China Daily Business Weekly* at USA stilte urimelege krav til Kina, og at amerikanarane sin manglande fleksibilitet mest sannsynleg ville øydelegge forhandlingane i november. Li sa at USA og nokre andre utvikla land stilte krav om at Kina måtte akseptere klausular når det gjaldt handelsvern, dumping og betalingsbalanse som gjekk ut over WTO-reglane.

Men hovudproblemet vart framleis sagt å vere Kinas krav om å bli WTO-medlem med status som utviklingsland. Grunnen til Kinas steile holdning på dette punktet, var frykt for at fjerning av tollsatsar ville hemme landets eksportvekst. Utan stigande eksport, vil ikkje Kina ha råd til å auke importen, sa Li:

“Kina er verdas største veksande marknad, og handelspartnerane våre vil få svi om den innanlandske økonomien blir sendt inn i ubalanse. Noko slikt vil gjere strevet for å bli WTO-medlem meningslaust.” (*China Daily Business Weekly* 25.8.96)

(*China Daily Business Weekly* 25.8.96; HKS 26.8.96)

Mildare forhandlingsklima, men framleis store uløyste problem

EU på glid

Sjølv om det ofte er USA som får gjennomgå på grunn av manglande fleksibilitet, har også EU, Japan og mange andre land vore mot å gi Kina status som u-land i WTO. Kinas argument om låg inntekt per capita har ikkje gjort så stort inntrykk, då desse landa har lagt vekt på at Kina alt er ein av verdas største eksportørar og vil vere verdas største økonomi innan 20 år. Dei fryktar at om Kina får vilkår som eit u-land vil det føre til ein endå større flaum av kinesiske varer inn på heimemarknadene deira.

Hausten 1996 hadde forhandlingane i realiteten stått i stampe i eitt år. Leiaren for EUs kontor i Hong Kong, Etienne Reuter, gav i september uttrykk for at både Kina og landets handelspartnerar burde gå bort frå sine rigide forhandlingsposisjonar. Frå EUs side kunne det vere aktuelt å forandre meining om Kinas status, meinte han:

“Det er verdt å vurdere ... ei meir positiv ... forståing for at Kina på mange måtar har ein økonomi i utvikling... som på nokre grunnleggande område enno ikkje har tatt form av ein fullstendig marknadsøkonomi.” (HKS 12.9.96)

Reuter melde at det var ein veksande sympati for eit slik syn blant EU-toppene, men at ikkje noko kunne skje på dette punktet før presidentvalet i USA i november.

Visepresident i Europakommisjonen, Sir Leon Brittan, sa då han vitja Kina i november 1996 at han snart ville kunne ta kontakt med USA for å be landet om å få framdrift i planane

om kinesisk medlemskap i WTO. EU hadde på dette tidspunktet foreslått meir fleksible ordningar for slikt medlemskap enn USA. For at EU skulle ta eit initiativ i forhold til USA, var det nødvendig at Kina stadfesta si tilslutning til EUs posisjonar i spørsmålet, sa Brittan. (HKS 12.9.96, 15.11.96)

Toppstøtte til Kina

WTOs toppsjef Renato Ruggerio har gjennomgåande vore positiv til Kinas medlemskap i organisasjonen:

“Store framskritt er gjort i forhandlingane, men forhandlingane er vanskelege både for Kina og medlemslanda i WTO. ... Det er stort håp om at forhandlingane så snart som muleg kan vere fullført på ein positiv måte. ... Eg meiner klart at ingen, eg understrekar ingen, er mot Kinas medlemskap av politiske grunnar.” (HKS 13.9.96)

Representantar for leiinga i nokre kjende multinasjonale selskap har også støtta Kina i dette spørsmålet. Michael Gadbow, nestformann i styret for General Electric, sa t.d. om medlemskapsforhandlingane:

“Tida er komen for å sette politikken til sides og sjå meir praktisk på det.” (HKS 18.9.96)

Martin Posth, direktør for Volkswagen i Asia, gav følgjande fråsegn:

“Det er absolutt nødvendig å sleppe Kina inn i WTO. ... Medlemskap i WTO burde ikkje bety at Kina gir avkall på eigne økonomiske interesser. Kina skulle i staden verne bransjar i utvikling, som t.d. bilindustrien med underleverandørar, for ein viss tidsperiode innan Gatt-regelverket, og burde på ingen måte akseptere ugunstige vilkår på lang sikt berre for å bli medlem på kort sikt.” (HKS 18.9.96)

Politisk revurdering av handelsunderskot

Ein raud klut for USA når det gjeld forholdet til Kina er det store handelsunderskotet. Dei to landa har tolka tala litt ulikt, og tolkinga har dessutan vore politisk farga. Amerikanarane har blåst opp eller dempa ned omtalen av underskota, alt etter situasjonen. Kinesarane har vore ikkje vore interessert i for mykje snakk om sine store overskot i handelen med USA, og har gjerne operert med forsiktige prognosar på dette området.

I dei første ni månadene av 1996 var det nemnde underskotet på 29 milliardar US\$, opp frå 25 milliardar i same periode året før. Til samanlikning kan nemnast at USAs underskot med Japan i same periode var 34 milliardar US\$. I tre av dei fire siste månadene hadde då underskotet med Kina vore større enn det for Japan. Likevel var USAs handelsminister Mickey Kantor forsiktig i sin kommentar desse tala. Han påpeikte at veksten i underskotet var mindre enn før, og at ein hadde gjort framgang på mange område i samtalanene med Kina den seinare tida. I ein tale til medlemmane i det amerikanske forretningsrådet sa han mellom anna:

“Kinesarane har vist si vilje til å sette seg ned og prøve å vere meir fleksible, pragmatiske og praktiske, og dei gir ikkje berre respons på dei sakene vi har reist, men også dei som alle våre handelspartnerar har reist.” (HKS 21.10.96)

Kantor såg derfor fram til nye møte med kinesarane. Og her låg poenget med den varsame fråsegna: Det skulle avviklast eit toppmøte mellom presidentane Jiang og Clinton på Filippinane under Apec³²-møtet der i november 1996. Dessutan var det drøftingar i gang

³² Asia-Pacific Economic Cooperation

mellom utanriksminister Warren Christopher og kinesiske leiarar i Beijing medan Kantor gav nokre av desse kommentarane, og Kantor sjølv planla saman med Charlene Barshefsky nye møter med kinesiske tenestemenn. Ei “god sak” for desse samtalan ville vere tekstileksport frå Kina til USA, der USA skulda Kina for dumping og omgåing av kvoteordninga ved eksport gjennom tredjeland, og Kina skulda på si side USA for urettferdige handelsbarrierar. I denne disputten hadde dei to landa trua med gjensidige sanksjonar om ikkje motparten kom med ettergjevingar.

Kantors varsame fråsegn må derfor tolkast som om amerikanarane ønska betre relasjonar til Beijing, og at ein var opptatt av å oppnå resultat i dei komande samtalan. I september 1996 sa nemleg den same Kantor at han var djupt bekymra over dei store handelsunderskota med Kina, som han sa var eit resultat av “verna marknader og diskriminering av amerikanske varer og tenester”. Men framleis understreka Kantor, som eit ekko frå Washington, at kinesisk medlemskap i WTO berre kunne kome på “eit kommersielt fornuftig, og ikkje på eit politisk, grunnlag”.

I dei kinesiske prognosane for 1997 kunne ein ane ei viss nedtoning av det store handelsoverskotet med USA, då det var forventa å bli så “lågt” som 9 milliardar US\$. Overskotet for 1996 ville jo bli heile 40 milliardar US\$. Dei låge estimata kunne sjåast i samanheng med forsøk på å blidgjere amerikanarane i WTO-forhandlingane. (HKS 21.10.96, 11.11.96, 14.11.96, 22.11.96 og 23.11.96)

Apec-møte på Filippinane

Apec, som vart etablert i 1989, har vorte eit sentralt forum for det økonomiske samarbeidet i Asia-Stillehavs-regionen. Organisasjonen har 18 medlemmer: Australia, Brunei, Canada, Chile, Filippinane, Hong Kong, Indonesia, Japan, Kina, Malaysia, Mexico, New Zealand, Papua Ny-Guinea, Singapore, Sør-Korea, Taiwan, Thailand og USA. Møtet i Manila i november 1996 samla toppleiarane frå alle desse landa, og var såleis eit godt høve for uformelle samtalar.

Då møtets sluttfråsegn - *Frå visjon til handling* - vart lest opp av den filippinske presidenten Fidel Ramos, var han flankert av USAs president Bill Clinton, Kinas president Jiang Zemin, Japans statsminister Ryutaro Hashimoto og leiarane for dei 15 andre Apec-landa. Bilde frå hendinga viser samtlege leiarar iført den tradisjonelle filippinske drakta *barong tagalogs*, som er laga av silke og ananasfiber. Målet for Apec er elles å realisere frihandel for alle produkt mellom organisasjonens utvikla medlemmer innan år 2010, og innan år 2020 for resten av medlemmane. Eit viktig resultat frå møtet var semje om å arbeide for å få WTO med på å eliminere tollene på informasjonsteknologi innan år 2000. Dermed såg amerikanarane føre seg frihandel for it-produkt, noko dei sjølvsagt var svært glade for, og såg som ein viktig seier.

Kinesarane på si side kunne notere seg ei formulering i sluttfråsegna som oppmoda om intensiverte forhandlingar for at WTO skulle omfatta alle land i verda. Men dette var eit tilbakeskritt frå eit tidlegare utkast, som på ein klarare måte fekk fram at Apec-medlemmane Kina og Taiwan også burde bli medlemmer i WTO. Kinas sjefsforhandlar, Li Enheng, hadde dessutan før møtet gjort det klart at Kinas tilslutting til Apecs politikk når det galdt liberalisering av handelen var avhengig av at landet vart medlem av WTO.

Møtet mellom Jiang og Clinton vart frå begge sider sagt å vere vellukka. Clinton reiste spørsmålet om menneskerettar utan å presse på i enkeltsaker, og fekk kritikk for det frå menneskerettsgrupper som Human Rights Watch Asia. Ein talsmann for det kinesiske utanriksdepartementet, Shen Guofeng, skildra møtet i svært positive vendingar. Shen sa at møtet var “vennleg, positivt og konstruktivt”. Han sa også at atmosfæren mellom dei to landa var mykje betre etter utanriksminister Christophers nylege vitjing av Beijing og dette siste

møtet mellom presidentane Clinton og Jiang. Dei to landa vart samde om gjensidige statsbesøk i 1997 og 1998, dei første etter hendingane rundt Tiananmen i 1989.

Dette var dei første teikna på mange år om eit betre forhold mellom USA og Kina, men møtet gav ingen konkret framgang i spørsmålet om kinesisk WTO-medlemskap. Då Shen Guofeng vart spurt om dette, sa han at presidentane var samde om at “ei pragmatisk og fleksibel haldning er nødvendig frå begge sider”. Under møtet skal Clinton ha sagt at han såg fram til at Kina kunne slutte seg til WTO, men at mykje arbeid stod att. Før møtet mellom presidentane hadde ein frå amerikansk hald venta signal frå Kina om at landet var klar til å gå inn i seriøse forhandlingar om WTO-medlemskap. Nokre slike signal såg det ikkje ut til at Clinton hadde oppfatta. Men presidenten for det amerikansk-kinesiske forretningsrådet, Robert Kapp, var nøgd med at partane no var på talefot igjen:

“Vi føler at betringa av atmosfæren er viktig, og det er bra at leiarane av desse to enorme landa har vore i stand til å sette seg ned og snakke saman på ein måte som begge partar skildra som vennleg og konstruktiv.” (HKS 27.11.96)

Toppmøtet vart sjølvsagt via stor plass i kinesisk presse. Her er eit utval av reaksjonar frå Hong Kong:

“Herr Clinton tok opp spørsmålet menneskerettar på møtet, ei sak som har ført til disputtar mellom Beijing og Washington. Men herr Clintons avgjerd om å frikople menneskerettsspørsmålet frå privilegiet som mest-føretrekte-nasjon er eit trekk som kan betre relasjonane til Kina. Eit slikt trekk blir sett på som modent og praktisk.

Washington bør innsjå at den framtidige politikken i forhold til Kina må følgje same spor som den dei hadde i forhold til tidlegare Sovjetunionen, der ikkje noko hinder ville føre til at dei bilaterale relasjonane køyrde seg fast. Dialog framfor stadige konfrontasjonar er måten å redusere eller løyse usemje vedrørende menneskerettar og andre store stridsspørsmål.” (Sing Tao 25.11.96)

“Eit godt forhold mellom Kina og USA er ein fordel for stabiliteten i Asia-Stillehavs-regionen, og for verda sett under eitt.” (Tin Tin Daily News 25.11.96)

“Sjølv om herr Clinton ikkje er flink til å planlegge ein diplomatisk strategi, ligg hans styrke i viljen til å lære. Han veit at han må oppretthalde kommunikasjon med Kina, fordi Kinas veksande økonomiske styrke inneber at landet vil vere betre budd på økonomiske sanksjonar i framtida. Så det beste er å ha ein vennleg, kommuniserande relasjon til Kina, og om Kina kan betre statistikken sin når det gjeld menneskerettar, vil relasjonane bli endå betre.” (Sing Pao 25.11.96)

Dei amerikanske kommentarane etter møtet gjekk ut på at Kina måtte kome med betre forslag om marknadstilgang og forholdet til WTO-reglementet. Betre handheving av reglane for vern av intellektuelle rettार var eit av dei konkrete krava USA stilte. Kinas tilslutning til organisasjonen måtte vere på “kommersielt meiningsfulle vilkår”, vart det sagt. USAs fungerande handelsrepresentant Charlene Barshefsky sa at “det er ingen tvil om at Kina har gått i retning av eit opnare handelsregime”. Men ho la også til følgjande: “Det er heller ingen tvil om at handelsregimet framleis inneber eit for høgt innslag av proteksjonisme, og at handelsbarrierane må byggast ned.”

Det amerikanske synet var altså framleis at Kina måtte love å respektere WTO-reglane fullt ut, og sette i verk tiltak for å fjerne handelsbarrierar. Dette standpunktet ergra kinesarane, som meinte dei hadde oppfylt alle vilkår for medlemskap. Kinas handelsminister Wu Yi sa at signaturmaktene i WTO måtte redusere krava til Kina. “Hindera for kinesisk medlemskap er framleis for store,” sa ho. Men ei oppmjuking frå amerikansk side ville vere ein raud klut for det republikanske kongressfleirtalet, på grunn av det store handelsunderskotet med Kina.

I ein kommentar til utviklinga i forholdet mellom Kina og USA sa Jack Lesley, president i det politiske rådgivingsfirmaet Bozell Sawyer Miller Group, at Bill Clinton ikkje kunne unngå

nye konfrontasjonar med Kina, sjølv om han hadde eit høgt ønskje om betre relasjonar i sin andre periode som president:

“Det er mange grupper i Washington som føler at MFN er den einaste knappen dei kan trykke på for å overvake menneskerettane i Kina, og halde regjeringa ansvarleg. Det er den einaste mekanismen dei har, og det er derfor lite truleg at kongressen vil gå med på ein permanent MFN-status.” (HKS 26.11.96)

Lesley sa også at mange republikanske kongressrepresentantar måtte ta omsyn til isolasjonistiske og proteksjonistiske straumar blant veljarane sine, sjølv om dei personleg ikkje hadde slike haldningar. Administrerande direktør i same konsulentfirma, Harris Diamond, utdjupa Lesleys poeng:

“Det er to blokker som kan slå seg saman. Vi har dei som er opptatt av menneskerettar. ... Og dei vil slå seg saman med isolasjonistane som er mot frihandel.” (HKS 26.11.96)

Men Diamond meinte at den nye administrasjonen truleg ville fjerne nokre av hindera Kina må overvinne før landet kan bli medlem av WTO. Hong Kongs lagnad under kinesisk styre ville dessutan bli ein prøvestein for dei framtidige relasjonane, sa han. (HKS 21.10.96, 25.11.96, 26.11.96, 27.11.96, 28.11.96)

Nye kutt i tollsatsar

På Apec-møtet nemnt ovanfor slutta Kina seg til ein individuell handlingsplan som innebar reduksjon av tollsatsane frå gjennomsnittleg 23 til 15 % innan år 2000. Det var president Jiang sjølv som gjekk god for dette, og reduksjonen ville starte frå neste år (1997). Kor stor reduksjonen ville bli i 1997 var ikkje klart, men to økonomar frå Kinas statistiske sentralbyrå foreslo seinare at satsane burde settast ned til 18 % i 1997, fordi veksten i importen var i ferd med å flate ut, og det var overraskande for mange økonomar.

Kina skulle også identifisere og redusere andre handelsbarrierar enn tollsatsane. I april 1996 hadde Kina sett ned dei same satsane frå 35,9 til 23 %, så dette innebar ei stort jafs av tollsatsane på kort tid. Visestatsminister Qian Qichen sa at Kina framleis arbeidde med lista over produkt som skulle bli omfatta av dei nye reduksjonane, men maskineri og andre kapitalvarer kunne bli inkludert.

På førre Apec-møte, i Osaka, gjekk Kina med på å redusere tollene på nesten 5000 varer, men desse var for det meste råvarer. Utanlandske investorar i Kina hadde på dette tidspunktet sett fram krav om betre vilkår for import av utstyr for å redusere produksjonskostnadene.

Kinas individuelle handlingsplan var vag når det gjaldt liberalisering av telekommunikasjonar. Kinesarane har imidlertid uttrykt misnøye med Apecs fokusering på denne sektoren. På sin pressekonferanse sa visestatsminister Qian at ein hadde måtte avklare kva produkt som skulle inkludertast i it-avtalen som WTO skulle drøfte i Singapore neste månad. Han sa også at medan liberaliseringa av handelen hadde fokusert på finansielle tenester, hadde utviklingslanda interesse av at ein såg på andre område, som t.d. tekstilsektoren.

På det obligatoriske spørsmålet om kor tid samtalanene med USA om WTO kunne fullførast, var han optimistisk:

“Du kan rekne med at det blir i første halvdel av neste år, før dei gjensidige statsbesøka.” (HKS 26.11.96)

For oss som veit fasiten, er det lett å karakterisere dette utsagnet som vel optimistisk, men det seier noko om forhandlingsklimaet på dette tidspunktet. Qian passa dessutan på å understreke at det ikkje var nokon direkte kopling mellom slutføring av WTO-forhandlingane og

gjennomføring av statsbesøka. Kravet frå USA om at Kina måtte gå inn i WTO med vilkår som eit utvikla land, var framleis ein av hovudproblema i forhandlingane.

Ein talsmann for det kinesiske utanriksdepartementet, Cui Tiankai, sa at planane om vidare kutt i tollsatsane viste at Kina var fleksible og ærlege i sine forsøk på oppnå WTO-medlemskap. Han håpa at dei siste utspela ville gi positive reaksjonar frå det internasjonale samfunnet.

Men dei internasjonale reaksjonane vart ikkje så positive som kinesarane hadde håpa på. Då visepresident i Europakommisjonen, Sir Leon Brittan, var i Beijing tidleg i november 1996, hadde han sagt at Kina kunne bli medlem av WTO etter mindre justeringar (“minimum downpayment”) av handelspolitikken, og fase ut andre reformer etter kvart. Dette gav sjølvstøtt grunnlag for kinesisk optimisme, men då detaljane om kva desse “mindre justeringane” gjekk ut på, vart det klart at dei hindra kinesarane måtte passere var like store som før.

Etienne Reuter, leiar for EU sitt kontor i Hong Kong, sa at ein forventa at Kina måtte redusere tollsatsane til 8 % over dei neste åtte åra før medlemskap kunne bli aktuelt. Andre krav til Kina kunne dessutan bli hardare, sa Reuter. T.d. krevde EU at Kina fasa ut ei rekke med kvoteordningar og gjorde slutt på dei komplekse investeringsreglane som utelukka utanlandsk majoritet på eigarsida i samarbeidsselskap. Dessutan måtte Kina ta bort dei restriksjonane på marknadsføring og distribusjon som galdt for utanlandske selskap.

Vidare måtte det bli enklare å få etableringsløyve for representasjonskontor i landet, og generelt måtte den offentlege sektoren bli opnare. Det måtte bli slutt på toprissystemet, og vernet av intellektuelle eigedomsrettar måtte bli betre. Når det galdt WTOs reglar for vern av bransjar som var i ein start- eller oppbyggingsfase, forventa EU at dei i minst muleg grad vart gjort gjeldande i Kina. Som om ikkje alt dette var nok, vart det også stilt spørsmål om kor viktig WTO var for Kina, sidan økonomien i landet blomstra, og utanlandske investorar stod i kø for å kome inn.

Som ein ser var det nok av saker å ta av i dei komande drøftingane. Signala frå USA var like tøffe, og det vart gjort klart at den politiske tilnærminga mellom landa ikkje ville gjere WTO-forhandlingane enklare. Charlene Barshefsky sa rett ut at Kina måtte revidere det noverande “inadekvate forslaget” om marknadstilgang og WTO-reglar:

“Dette vil ikkje bli nokon politisk avtale. Eg er heilt sikker på at dei no, på leiarnivå, forstår at dei må revidere tilbodet sitt. Vi arbeider ikkje med dei forslaga som no er på bordet.” (HKS 28.11.96)

(HKS 26.11.96, 27.11.96, 28.11.96, 5.12.96, 16.12.96)

Yuan to skritt nærare konvertibilitet

Vegen til konvertibilitet eller friare handel med den kinesiske valutaen, yuan, starta med ein serie av reformer av valutahandelen som vart sett i verk 1. juli 1996. Reformene tillét bedrifter med utanlandsk eigarskap å kjøpe og selje hard valuta i spesielle kinesiske bankar og i utanlandske bankar med kontor i Kina. Samstundes vart det varsla nye reformer mot slutten av året, der det vart trekt opp eit viktig skilje mellom bruks- og kapitalkontoar. Konvertibilitet skulle i første omgang knytast til brukskontoar, men ikkje til kapitalkontoar. Yuan skulle med andre ord bli konvertibel for løpande eller kortsiktige transaksjonar knytte til handel, turisme, arbeidskraft og kredittar. Døme på transaksjonar knytte til kapitalkontoar, som altså ikkje skulle bli konvertible, er direkte investeringar, internasjonale lån og verdipapirhandel.

I slutten av november 1996 melde sentralbanken³³ i Kina at yuan ville bli konvertibel for brukskontotransaksjonar. Brev om dette vart sendt til det internasjonale pengefondet (IMF).

³³ Formelt People's Bank of China, Folkets Bank i Kina

Resultatet av dette tiltaket er t.d. at utanlandske investorar over slike kontoar vil kunne føre ut profitt, gjennomføre kredittransaksjonar, betale for utanlandske tenester, m.m.

I ei fråsegn frå sentralbanken heitte det at tiltaket “indikerer at den kinesiske regjeringa er i stand til å administrere internasjonale betalningar gjennom indirekte makroøkonomiske verkemiddel, og å oppretthalde ein stabil valutakurs for yuan”. Men banken gjorde det også klart at det ville ta “ei ganske lang tid” før yuan vart fullt konvertibel for kapitalkontoar, slik at kinesiske borgarar framleis ville måtte rekne med restriksjonar på kjøp og sal av utanlandsk valuta.

Administrerande direktør for IMF, Michael Camdessus, helste meldinga frå sentralbanken velkomen:

“ Dette markerer endå ein milestein i Kinas historiske omforming og faste utvikling mot ein nærare integrasjon i verdas marknadsøkonomi. ... Det å ha etablert brukskonto-konvertibilitet vil styrke tilliten til reformprosessen både heime og ute.” (HKS 29.11.96)

Kinas medlemskap i IMF hadde til då vore med referanse til artikkel 14, som gir det aktuelle medlemslandet høve til å legge restriksjonar på disponeringa av brukskontoar på ubestemt tid utan spesiell godkjenning frå IMF. Tiltaket frå sentralbanken om konvertibilitet for brukskontoar ville gi Kina status som medlem etter artikkel 8. Denne artikkelen forbyr restriksjonar på internasjonale transaksjonar og diskriminerande valutareglar utan godkjenning frå IMF. Kina rekna med at tiltaket ville styrke landets sak andsynes WTO.

Camdessus kom til Beijing for å ha møte med leinga i Folkets Bank i mars 1997. Han sa då at Kina burde utnytte den fordelan landet hadde av ein robust økonomi og rekordhøge valutareservar til reformer på tre område:

- Restrukturering av økonomien (truleg siktar han her til problema i statselskapa)
- Vidare liberalisering av handelsregimet
- Auke statsbudsjettets del av brutto nasjonalprodukt frå det overraskande låge 10 % til over 20 %

Sentralbanksjefen, Dai Xianglong, sa at Kina dei neste tre åra ville løyse problema i statselskapa, og sette av midlar til dette i spesielle omstillingsfond. Folkets Bank skulle også prøve å finne løysningar på det som var eit stort problem i mange bankar, nemleg ein alt for høg del av utlåna var av typen “dårlege lån”.

Camdessus sa at konvertibilitet også for kapitalkontoar var bra for stabiliteten i den globale økonomien, men at landa måtte varsame med å innføre dette før visse krav til økonomien var oppfylte. Døme på slike krav var låg inflasjon, stabil vekst, eit sunt finanssystem og tilstrekkelege valutareservar. Rådet om å vere varsame kom nok leiarane i Kina til å følgje, for dei var redde for at konvertibilitet for kapitalkontoar ville føre til store og ustabile innslag av spekulativ kapital, og problem for dei nasjonale bankane å klare konkurransen med dei utanlandske. Kina hadde heller ingen tidsplan for innføring av slik konvertibilitet.

Etter at reformpolitikken tok til i Kina, har statsbudsjettets del av brutto nasjonalprodukt gått jamt nedover. Camdessus poeng var at regjeringa si evne til å regulere økonomien ikkje blir god nok når statsbudsjettet blir ein så liten del av den totale økonomien.

Sommaren 1997 gjorde Bank of East Asia ein analyse som tilsa at full konvertibilitet for yuan var utelukka før år 2000. Grunnen var at banken meinte at full prisliberalisering måtte gjennomførast før ein slik reform, og det kunne ikkje skje over natta. Banken meinte at reforma med konvertibilitet for brukskontoar var positiv, men ein negativ effekt var at kursen på yuan vart meir sårbar. (HKS 24.6.96, 25.6.96, 29.11.96; SCMP 11.3.97, 18.6.97)

Opning av forsikring, børsar m.m.

Den individuelle handlingsplanen som Kina slutta seg til på Apec-møtet i Manila inneheldt også eit avsnitt om betre høve for utanlandske investorar til å gå inn i sektorar som forsikring, børsar, detaljhandel, grossistverksemd og bankverksemd. Dette vart sett på som ei viktig drivkraft i retning av å ta opp Kina som medlem i WTO. Fleire detaljar frå handlingsplanen vart kommentert i *China Daily Business Weekly* av Ma Jiwan frå Statens kommisjon for økonomi og handel, eit organ underlagt Statsråd. Herr Ma var ein av Kinas representantar på møtet i Manila. Her er nokre av punkta Ma tok opp:

- Før tiåret var omme, skulle utanlandske forsikringselskap ha tilgang til marknader utanfor Beijing, Shanghai og Guangzhou. Herr Ma gjekk ikkje nærare inn på kva dette ville seie
- Utanlandske aksjeselskap skulle no få høve til å handle A-aksjar på børsane, ein aktivitet som til då hadde vore avgrensa til kinesiske fastlandsborgarar
- Som ein alt visste, skulle tollsatsane i gjennomsnitt senkast frå 23 til 15 %. Vidare reduksjonar kunne følgje, utan at Ma spesifiserte dette nærare
- Andre handelshindringar enn toll skulle for det meste vere avskaffa innan år 2010, og alle andre tiltak som ikkje var i samsvar med WTO-reglane skulle fjernast innan år 2020
- Utanlandske bankar skulle få opne kontor i nye område. I første omgang var dette avgrensa til 24 byar som skulle fungere som pilotbyar, men fram mot år 2010 skulle talet på slike byar aukast
- Utanlandske aktørar innan detaljhandel skulle få høve til å gå inn i samarbeidsselskap i fleire område enn dei 11 som då var opna. Denne liberaliseringa ville omfatte alle provinshovudstadane og sentrale handelsbyar innan år 2010, og innan år 2020 skulle utanlandske detaljistar fritt kunne etablere seg i heile Kina
- Utanlandske investorar skulle få høve til å kjøpe større deler av bedrifter innan kraftsektoren og ha betre tilgang til elve-, sjø- og vegtransport om Kina vart medlem av WTO
- Kina skulle også opne reiselivsbransjen, ved å tillate etablering av reisebyrå som samarbeidsselskap, i første omgang som eit eksperiment i fem byar fram til tusenårsskiftet (*HKS* 16.12.96; *China Daily Business Weekly* 15.12.96)

Utspel før og etter WTO-møte i Singapore

I desember 1996 hadde dei 128 medlemslanda i WTO eit møte på ministerplan i Singapore. Kinas medlemskap skulle nok ein gong vere på dagsorden, også under spesielle møte i gruppa av verdas rikaste land, som består av Japan, USA, Canada og EU. Desse fire, kollektivt ofte omtala som *The Quad*³⁴, styrer gjennom uformelle møte mykje av det som føregår i organisasjonar som WTO. Sjølve møtet gav ikkje mykje konkret, men her skal vi sjå på nokre typiske utspel rundt dette møtet.

Den rike del av verda ser eit problem i at produksjon i lågkostland truar egne arbeidsplassar. Den raskt aukande verdshandelen fører t.d. til at arbeidarane i USA og EU kjem i direkte konkurranse med arbeidarane i Kina og Bulgaria. På WTO-konferansen ville derfor nokre av dei rike landa med USA i spissen ta opp spørsmålet om arbeidervilkår som eit ledd i arbeidet med å skape rettferdig handel mellom land. Det som særleg vart sett fingren på var barnarbeid og låge lønningar i den tredje verda.

³⁴ Quad: Kortform for “quadrat” eller kvadrat, ein firkant med rette vinklar og like sider

Sett frå Kinas side, vil jo dette i så fall bli nye krav som må oppfyllest. I ein uvanleg skarp leiarartikkel i *Hong Kong Standard* skreiv redaktøren at den vestlege bekymringa for arbeidervilkåra var hykleri og dårleg skjult proteksjonisme:

“Vi har tidlegare peika på at fagforeiningar og andre organisasjonar i Vesten nokre gonger skjuler proteksjonisme bak ei kappe av from bekymring for barnearbeid og låge løner i den tredje verda. Vesten er hyklerisk når ein uttrykkjer slik bekymring og samtidig opprettheld tollsatsar som hindrar arbeidarar frå den tredje verda å ha eit ærleg levebrød.

Vesten bør hugse at ein der òg gjekk gjennom ein industrialiseringsperiode. Og det var også ei tid med underbetaling og lange arbeidsdagar, då Dickenske arbeidsgivarar lét barn arbeide som slavar.

Ingen er ueinig i det synspunktet at barn ikkje skal måtte utføre grusomt, monotont og trøytande arbeid. Men sanninga er at nokre barn i visse land må arbeide for å spe på familieinntekta. Av og til står dei for familiens einaste inntekt.

Den beste måten for utviklingslanda å ta brodden av dei vestlege argumenta om arbeidervilkår er å betre desse vilkåra. Men dette er ikkje ei ideell verd, og det er ikkje alltid muleg for kvart land å oppnå dette.

Det er hald i argumentet om at dette er ei sak som høyrer heime i Den internasjonale arbeidarorganisasjonen. Utviklingsland må ikkje gi etter for Vestens mobbing av dei i ei sak mange ser som eit forkledd forsøk på bremse den økonomiske utviklinga i Asia.” (HKS 10.12.96)

Kinas utanriksminister, Long Yongtu, sa at Kina var budd på vidare reduksjon tollsatsar og opning av marknader for å få innpass i WTO. På direkte spørsmål svara han at dei skisserte timeplanane for reduksjon av tollsatsar om nødvendig kunne forserast for å nå dette målet. Long ville leie ein delegasjon på 10 personar til møtet i Singapore, der Kina hadde status som observatør. “Vi har mange saker å ta opp,” sa Long, “og den viktigaste er marknadstilgang.” Han trudde ikkje Kina ville bli hovudsaka på møtet, men forventta meir støtte til den kinesiske søknaden.

Slik Long såg det, var uteståande spørsmål knytte til tollsatsar, andre handelshindrande tiltak som kvotar og omsetning av jordbruksprodukt, og betre marknadstilgang for utanlandske selskap innan bank og forsikring. Long sa at Kina var villig til å godta ein overgangsperiode ved medlemskap, slik at ei rekke tiltak for opning av marknader kunne knytast til ein timeplan. Dette ville vere i tråd med EU sitt forslag om korleis Kina kan bli WTO-medlem.

USA hadde på dette tidspunkt gode grunnar for å få Kina inn i WTO. Clinton var ute etter konkrete resultat i sin andre periode som president, og eit frustrert næringsliv var redde for å tape pengar om forholdet til Kina skulle bli verre. Næringslivet i USA såg på 1,2 milliardar kinesarar som ein stort potensiell marknad, og ønska Kina som medlem så fort som muleg. At Kina var villig til å blande økonomi og politikk var ingen i tvil om. Eit døme på det fekk ein då konflikten mellom Kina og Taiwan utvikla seg mot ei krise våren 1996. USA gav heilhjarta støtte til Taiwan, men måtte sjå at ein 15 milliardars kontrakt på levering av fly gjekk til franske Airbus, og ikkje til Boeing, som hadde 70 % av den kinesiske marknaden for sivil luftfart. Boeing danna derfor ein lobby saman med andre gigantar som Motorola og Caterpillar for å få kongressen til å gi Kina permanent MFN-status. Men framleis var det klart at USA sine krav om opning av marknader og fjerning av ulike typar handelshindringar stod ved lag.

Under Singapore-konferansen skulle Quad-landa ha eit lunsjmøte på sidelinja for å diskutere ein del spørsmål, mellom anna forholdet til Kina. EU ønska på dette møtet å lufte overfor USA forslaget om å la Kina kome inn i WTO gjennom ulike fasar. At eit slik forslag kom frå EU er ikkje så rart; i det systemet er ein jo van med å utarbeide ulike typar “geniale kompromiss” mellom ulike medlemsland. Eit mål for EU sin framstøyt var å minske skilnadene mellom USA og EU når det galdt vilkåra for Kinas medlemskap i WTO, skilnader kinesarane visste å utnytte til å spele dei to ut mot kvarandre. EUs kommisjonær for handel,

Leon Brittan, sa at ein no måtte få i gang seriøse forhandlingar for å få realisert kinesisk medlemskap i WTO:

“Vi har enorme forandringar som går føre seg i Kina, så vel som ein kontinuerleg økonomisk fornyingsprosess andre stader i Asia og i Latin-Amerika. ... Det er derfor eit presserande behov for utviding av WTO.” (HKS 9.12.96)

Brittan hadde vitja Kina fleire gonger i månadene før Singapore-møtet, og sa at han hadde fått positive tilbakemeldingar på forslaget om fasevis utvikling av kinesisk medlemskap.

Kina fekk på hovudmøtet støtte av Singapores statsminister Goh Chok Tong, som i sin opningstale sa WTO-medlemskap for Kina og Russland ville “ha positiv innverknad på det regelbaserte multilaterale handelssystemet”. Men han gjentok også USA sitt standpunkt om at søkarlanda måtte oppfylle visse vilkår.

Som kjent har USA insistert på at Kina går inn som eit utvikla land. Ein kinesisk sjefsanalytiker, Pei Changhong, sa før møtet at det var lite truleg at Kina ville gi etter på kravet om å bli medlem med u-landstatus, og at landet hadde tolmod til å vente til dette kravet var innfridd. Målet om at Kina skulle bli medlem i løpet av 1997 såg Pei som “ambisiøst”, men han håpa at medlemskap skulle bli ein realitet før tusenårsskiftet.

Litt meir optimistisk var ein av dei fremste leiarane i privat sektor i Kina, Jing Shuping. Jing var formann for Den allkinesiske føderasjonen for industri og handel, og leia ein delegasjon på eit møte i Taiwan, som samla forretningsfolk frå Kina, Taiwan og Hong Kong. Der sa Jing at begge sidene av Taiwan-streket kunne bli medlem av WTO neste år, men at det var allmenn semje i WTO om at Kina måtte bli medlem før Taiwan.

Etter møtet i Singapore kom det eit frustrert utbrot frå ein høgare tolltenestemann, Wu Jiahuang. Wu, som var generaldirektør for tolladministrasjonens avgiftsavdeling, fekk eit stort oppslag på førstesida i *China Daily*. Etter mange års strev for å bli medlem av WTO, bryr ikkje Kina seg lenger om dei blir medlem eller ikkje, sa Wu. Han viste til at Kina klarte seg bra utan å vere medlem. I 1995 hadde utanrikshandelen vakse til å utgjere 44 % av brutto nasjonalprodukt, trass i ti års fruktlause forhandlingar om medlemskap i Gatt og WTO. Desse langdryge forhandlingane omtala han dessutan som “eit søkkande skip” og “eit skrantande tre”.

Leiarskapet i Kina hadde konkludert med at drøftingane var politisk infiserte, sa Wu vidare. Beijing skulle t.d. vere forbløffa over framferda til utvikla land som USA, EU og Canada, som fastsette kvotar på kinesiske tekstilprodukt, men som ikkje ville gi Kinas nøkkelinindustriar tid til omstilling:

“I sin iver etter å grave til seg marknader i Kina, har leiande medlemsland i WTO ignorert Kinas rettmessige grunnar til å verne sine nasjonale industriar.” (*China Daily* 17.12.96)

Vestlege diplomatar sa at Wus kommentarar meir avspeglar interne meiningsskilnader i Kina enn ei kursendring frå Kinas side i WTO-spørsmålet. Utspelet kunne også tolkast som eit signal om at Kina hadde god tid. Ein vestleg diplomat sa følgjande til *Hong Kong Standard*:

“Dei har forskjellige interessegrupper i Kina, akkurat som hos oss. Vi har dei som har ansvaret for administrasjonen av toll og avgifter, og vi har dei som har eit meir langsiktig perspektiv på det heile. Det forandrar ikkje på dei grunnleggande fakta at dei som har ansvar for å representere Kina i denne saka gir oss ulike inntrykk.” (HKS 17.12.96)

Andre tenestemenn i tolladministrasjonen ville ikkje kommentere Wus utspel, men frå handelsdepartementet (Moftec) vart det sagt at dette var personlege synspunkt, og at Kinas offisielle linje stod uendra. *China Daily* refererte til visehandelsminister An Min, som var

svært optimistisk. Han sa at eit raskt medlemskap i WTO ville få investeringane til å skyte i veret, og han meinte at problema kunne vere løyst i løpet av 1997.

Men i *Folkets Dagblad* same dag sa Moftec-minister Wu Yi at det var eit urealistisk krav at Kina skulle opne marknadene sine for mykje for raskt. Landet hadde behov for ein lang overgangsperiode for å førebu nøkkelindustriane på den harde konkurransen som ville kome med WTO sine friare handelsreglar. Marknadsopning var ein gradvis prosess som føresette stabilitet og velstand, sa ho.

Denne runden med ris og ros til WTO vart følgt opp av utanriksdepartementet gjennom talsmannen Shen Guofang. Synet til kinesarane var at WTO var ein viktig organisasjon å vere med i, men organisasjonen hadde nokre klare manglar. Den største mangelen var sjølvstekt at Kina ikkje var medlem, men bortsett frå det meinte ein at organisasjonen tok for lite omsyn til dei fattige landa. Shen sa at det nyleg avslutta møtet i Singapore hadde tatt ei skeiv vending når det galdt ulike nasjonars behov:

“På dette møtet nådde ein til slutt ei felles forståing, men samtidig må vi innsjå at resultatet av møtet ikkje var balansert nok. Det var for det meste relasjonane og interessene til dei utvikla landa som vart reflektert. ... Vi meiner framleis at WTO er ein svært viktig internasjonal organisasjon, sjølv om vi opplagt må seie at han ikkje er komplett så lenge Kina ikkje tek del.” (HKS 18.12.96)

(HKS 3.12.96, 6.12.96, 7.12.96, 9.12.96, 10.12.96, 17.12.96, 18.12.96; *China Daily* 17.12.96; *Folkets Dagblad* 17.12.96)

Førebuing til nye drøftingar

Nye WTO-møte der Kinas medlemskap skulle drøftast var fastsett til slutten av februar og byrjinga av mars 1997 i Genève. Før desse møta var kinesarane aktive i sine førebuingar. Ein del leiande medlemmer av WTO, det vil seie Japan, EU og USA, var i Beijing for tosidige samtalar i slutten av januar. Etter desse møta uttalte handelsminister Wu Yi seg optimistisk, utan å vere konkret. Ho sa at samtalan hadde vore positive, og ville vere til god hjelp for å framskande Kinas medlemskap i WTO.

Noko overraskande kom det no signal om at Kina kunne vere villige til å gi seg, i alle fall delvis, på kravet om å bli opptatt på vilkår som u-land. Martha Cheng, direktør for Kina-saker hos USAs handelspolitiske representant, var kjelda til desse opplysningane. Ho sa at kinesiske styresmakter i uoffisielle samtalar hadde gitt uttrykk for at dei endeleg var villige til å gi levedyktige tilbod i forhandlingane: “Dei politiske vindane har skifta. Vi er no i posisjon til å gå inn i seriøse forhandlingar.” Slik ho hadde oppfatta dei kinesiske forhandlarane, kunne ein vente seg følgjande:

- Dei kinesiske forhandlarane hadde gått tilbake på kravet om u-landsstatus for alle sektorar
- Kinesarane hadde sagt seg samde i “våpenkvile”, det vil seie at ingen nye handelsbarrierar skulle etablerast
- Kina var forventta å gi nye tilbod vedrørande reduksjon av tollsatsar og fjerning av andre handelsbarrierar

Dei komande forhandlingane ville fokusere på tre pakkar av krav til Kina:

1. Reglar som sikrar *lik handsaming av kinesiske og utanlandske selskap i Kina*. Dette inneber utvida rettar til å drive handel – utanlandske investorar ønskjer t.d. å kunne importere og eksportere utan krav om lisensar og løyve frå regjeringa. Offisielt var det berre kinesiske bedrifter med lisens frå handelsdepartementet kunne importere og

eksportere. Det er eit viktig prinsipp i WTO at individ og bedrifter kan drive fri og uavhengig handel

2. *Marknadstilgang*, noko som krev at Kina fjernar alle handelshindringar som ikkje er i tråd med WTO-reglane innan ein rimeleg tidsfrist
3. *Handelspolitiske tryggingstiltak* som tillèt andre WTO-medlemmer å verne seg mot ein plutsleg brottsjø av varer frå Kina etter at landet har vorte med i organisasjonen

Martha Cheng sa at forhandlingane framleis såg ut til å bli vanskelege, men at tonen mellom forhandlarane var ein heilt annan no. Ho peika også på at det var usemje mellom USA og EU om kor store hinder Kina måtte overvinne for å bli medlem.

Frå kinesisk side håpa ein på framgang i medlemskapsforhandlingane på dei komande møta i Genève. Det var tale om eit arbeidsmøte der Kina skulle vere med før det eigentlege WTO-møtet starta. Ein talsmann for handelsdepartementet gav denne kommentaren:

“Vi håpar alltid på framgang på slike møte. ... Men Kinas opptak avheng av WTO-medlemmane. Vi har alt presentert det vi kan tilby medlemmane, og det er opp til dei å avgjere dette. ... Vi meiner at Kina har opna økonomien så mykje det er rimeleg å forvente av eit utviklingsland.” (SCMP 13.2.97)

Men talsmannen avviste ei melding i New York Times om at Kina no var villig til å kassere lover som verna Kinas stats- og militærbedrifter mot utanlandsk konkurranse. “Kina har ikkje spesielle lover som vernar stats- og militærbedrifter,” sa han.

Det kom fleire reaksjonar frå USA på den positive utviklinga av forhandlingsklimaet. Handelsminister William Daley sa at det var oppmuntrande å høyre at Kina no ville droppe mange av dei største handelsbarrierane sine. Men han la til at han, som Charlene Barshefsky, ikkje ville trekke nokon endeleg konklusjon før han hadde sett dei kinesiske forslaga på papiret. Frå Washington vart det elles sagt at samtalan mellom USA, EU og Japan om Kinas søknad om medlemskap hadde vore “svært konstruktive”. (HKS 5.2.97, 11.2.97, 14.2.97, 5.3.97; SCMP 13.2.97)

Viktige gjennombrøt

USA og Kina inngjekk i månadsskiftet januar – februar 1997 ein avtale på eit område som er viktig for Kina, nemleg handel med tekstilprodukt. Avtalen skulle gjelde for fire år, og vart karakterisert som eit gjennombrøt frå begge partar. Som ein følge av avtalen, ville kvotane for eksport av tekstilprodukt frå Kina til USA bli noko høgare. Til gjengjeld skulle amerikanarane få betre marknadstilgang i Kina for ei breitt utval av varer.

I mars 1997 inngjekk Microsoft ein lisensavtale med Kinas fremste datamaskinprodusent, China's Legend Group. Legend skulle installere ein versjon av Windows som var tilpassa det kinesiske teiknspråket i datamaskinene dei selde, og betale Microsoft for dette. Hendinga vart frå Kinas side framheva som prov for at landet no seriøst arbeidde med vern av intellektuelle eigedomsrettar. Offisielle tenestemenn sa at dette var det viktigaste som hadde hendt på området sidan USA og Kina vart samde om ein avtale om rettar til åndsverk i juni 1996, og såleis unngjekk ein handelskrig. Om salsprognosane til Legend heldt, ville avtalen innebære at selskapet skulle betale ca 100 millionar yuan til Microsoft dei komande to åra. Legend selde 200.000 PC-ar i 1996, og hadde planar om å doble dette i 1997. Ut frå dette var sjølvstøtt også Microsoft nøgde: “Dette er den viktigaste avtalen Microsoft har signert i Folkerepublikken Kina,” sa Charles Stevens, Microsofts visepresident for det Fjerne Austen.

På Genève-møta tidleg i mars 1997 fekk Kina gjennomslag blant hos alle dei ca 130 WTO-medlemmane for tre viktige handelspolitiske reformer som skulle bane veg for kinesisk medlemskap. Reformene galdt viktige område som reduksjon av privilegia til statsselskapa,

betre rettsvern for utanlandske selskap og prinsippet om ikkje-diskriminering mellom kinesiske og utanlandske selskap i Kina:

- Semja innebar at utanlandske selskap over ein treårsperiode kunne gå inn på handel innan seks sektorar som til då hadde kravd partnerskap med kinesiske statselskap. Innanfor WTO-reglane kunne Beijing likevel oppretthalde kontrollen over pris og tilbod innan område som kinesarane såg på som grunnleggande menneskelege behov
- Det var også i prinsippet semje om å etablere eit juridisk system som kunne handtere rettstvistar som involverte utanlandske selskap i Kina. Nokre detaljar i dette var det framleis ikkje full semje om
- Partane hadde også vorte einige om at utanlandske selskap ikkje skulle diskriminerast i forhold til kinesiske selskap. Utanlandske selskap vil altså etter dette kunne krevje same fordelar som kinesiske. Innan tre år skulle all næringsverksemd i Kina, det vil seie statsbedrifter, samarbeidsselskap og utanlandsk eigde selskap, fritt kunne importere og eksportere. Sjefsforhandlar Long Yongtu hadde følgjande kommentar til dette: “Nokre vil seie at dette er ein revolusjon i Kinas handelspolitiske regime.” Dette var truleg den største konsesjonen frå Kina så langt i dei langdryge WTO-forhandlingane

Semja på desse tre områda førte til ein del positive reaksjonar. I Brüssel sa EUs handelskommisjonær Sir Leon Brittan at Kina kunne bli medlem av WTO innan utgangen av 1997. Brittan sa at EU var fast bestemt på å arbeide for suksess i dei vidare forhandlingane, som han meinte skulle konsentrere seg om rettar til å drive handel, tenestesektoren og tollsatsar. I Japan såg ein positivt på at tidsfristen for fjerning av andre handelsbarrierar enn toll på bilimport skulle reduserast frå 15 til 12 år. Japanarane meinte dette var eit viktig signal, sjølv om dei ønska ein endå kortare frist.

Sjefsforhandlaren frå USA, assisterande handelsrepresentant Lee Sands, sa at det var gjort “avgjerande framskritt”, og at kinesarane no viste auka forståing for kva som måtte til. Delegatane meinte gjennomgåande at dette var eit av dei mest positive møta sidan forhandlingane om Kinas medlemskap starta. WTOs generalsekretær Renato Ruggerio sa samstundes at Kina snart ville vere medlem i organisasjonen. “Det ser ut som vi går inn i slutfasen av forhandlingane”, sa han.

Klok av skade, var ikkje kommentarane, verken i Kina eller USA, like optimistiske. Det vart gjort klart at ein framleis hadde ein lang veg å gå. Ein skal dessutan vere klar over at ei ytterlegare opning av den kinesiske marknaden kunne få dramatiske følgjer for innanlandske bedrifter som ikkje var konkurransedyktige. Mange av dei haltande statsbedriftene ville få kniven på strupen av slike reformer, så kinesarane var tydeleg villige til å ofre ein del for medlemskapet. Ein annan negativ effekt av eit opnare Kina kunne dessutan kome i Hong Kong, som til dels har levd høgt på transithandel som ville bli overflødig med opning av Kina for meir direkte handel. Totalt sett ville likevel dei positive sidene ved WTO-medlemskap vege opp for dei negative. Ei opprydding i statselskapa var nødvendig i alle fall, og i Hong Kong såg ein nye investeringsmulegheiter som følgje av opnare marknader i Kina.

Visehandelsminister Sun Zhenyu sa at framgangane på møtet i Genève var positive, men at det stod att fleire problem når det galdt opning av den kinesiske marknaden. Det same sa sjefsforhandlar Long Yongtu, som også har status som visehandelsminister. Dei sikta med dette truleg til finans og forsikring, telekommunikasjonar og statlege handelsmonopol. USAs handelsrepresentant Charlene Barshefsky peika også på at problemet med marknadstilgang enno ikkje var tilfredsstillande løyst, trass i framgangane på det siste møtet. Ho sa at Kinas opptak i WTO ville avhenge av oppfyljing av krav vedrørande opning av marknader,

eliminering av handelsbarrierar, subsidieordningar, høve til innsyn og juridiske overvakingsorgan.

Medan media over fleire år hadde skrive om spenninga mellom USA og Kina når det galdt piratkopiering av åndsverk, hadde det meir i det stille også gått føre seg diskusjonar om opning av den kinesiske marknaden for slike tenester som forsikring, aksjemekling, bankverksemd og advokatar. Berre ein femdel av dei 1,2 milliardar kinesarane har forsikring, og landet har berre 25 selskap som tilbyr forsikring. Til samanlikning har USA 4800 tilbydarar av forsikring for ei befolkning på 260 millionar. Dette viser vekstpotensialet i Kina, men kinesarane har halde tilbake på løyva til utanlandske selskap på desse områda.

I 1996 vart det meldt at 75 forsikringsselskap frå 13 land hadde kontor i Kina i påvente av å ta ein flik av denne store marknaden. Men i mai 1996 var det framleis berre tre utanlandske selskap som hadde fått løyve. Det var i alle fall tre opplagde grunnar til at kinesarane var tilbakehaldne med å sleppe utlendingane inn på denne marknaden:

- Frykt for konkurransen. Dei kinesiske forsikringsselskapa er som så mange andre statsselskap i dårleg forfatning, og ville vere sårbare i møtet med meir effektivt drivne utanlandske selskap. "Å invitere utlendingar inn i ein slik situasjon, ville vere som å invitere ein ulveflokk inn i heimen sin," var ein kommentar til dette
- Frykt for at utlendingar skal få kontroll over kinesisk økonomi, noko som vanskeleg kan tolererast
- Kina har førebels prioritert oppbygging av industrien, noko som er forståeleg i denne fasen av utviklinga av det moderne Kina

Problema vedrørande eigedomsrett til åndsverk var dessutan på ingen måte rydda av vegen. Andre ømtålige spørsmål var knytte til frykta for at Kina, som verdas 10. største handelsnasjon, skulle overfløyme marknaden med sine produkt. Det var ønskje om høve til å setje i verk straffetiltak i ein slik situasjon, og om å kontrollere statssubsidiar for å avsløre muleg dumping. Ein ønskte også mekanismar for å sjekke at Kina heldt tidsplanen for utfasing av statleg kontroll i ulike sektorar. Vilråra for handel med jordbruksprodukt var også eit uavklara spørsmål.

Semja som vart oppnådd sa heller ingenting om synet på Kina som utviklingsland, der Kina hadde fått støtte frå nokre land. Som vi tidlegare har vore inne på vart det før møtet hevda at Kina ikkje lenger insisterte på å bli rekna som eit u-land i alle samanhengar. Noka offisiell stadfesting av dette kom ikkje, så her har partane framleis ei hard nøtt å knekke i forhandlingane. Det er verdt å merke seg ein lettare irritasjon frå USA på dette punktet. Visehandelsminister Stuart Eizenstat sa at Kina framstilte seg som ein marknadsøkonomi når det passa seg slik, t.d. ved dumpingskuldinger frå andre land. Men ved opptak i WTO skulle landet ikkje reknast som ein utvikla marknadsøkonomi. (HKS 30.5.96, 4.2.97, 7.3.97, 8.3.97, 15.3.97, 18.3.97, 27.3.97; SCMP 4.2.97, 7.3.97, 22.3.97, 7.4.97; China Daily 14.3.97)

Endeleg tidsfrist for forhandlingane?

Visehandelsminister Eizenstat frå USA var ikkje tilhengar av ein bestemt tidsplan for Kinas medlemskap i USA. Etter eit møte med kinesiske leiarar tidleg i mars 1997 sa han mellom anna dette i ein tale i det amerikanske handelskammeret i Hong Kong:

"Tidsramma for Kinas medlemskap i WTO skal ikkje bli politisk styrt. Det som verkeleg er viktig er å få den rette pakken på plass, ikkje å sette ei tilfeldig tidsramme." (HKS 8.3.97)

Tidlegare generaldirektør i WTO, Peter Sutherland, hevda våren 1997 at ein endeleg tidsfrist for å bli einige ville få fortgang i forhandlingane. Sutherlands håp var at Kina skulle ønskast velkomen i WTO under feiringa av organisasjonens 50-årsdag i 1998. Dette meinte han kunne bli eit høveleg punktum for dei mest langdryge handelspolitiske forhandlingane i historia:

“Kina har sagt at dei ønskjer å slutføre forhandlingane når amerikanske og kinesiske leiarar møtest på slutten av året, og mykje kan seiast til fordel for det. ... Faren med endelause forhandlingar er at det kan tappe partane for energi. Det synest derfor å vere gode argument for ein viljefast innsats for å bli ferdig med forhandlingane, kanskje innan ein frist som gir Kina høve til å bli medlem av WTO før eller omkring jubileet neste år.” (SCMP 7.4.97)

Sutherland sa han var klar over innvendingane mot ein slik tidsfrist, men han meinte at sidan utsiktene for å bli einige såg ut til å vere gode, ville ein endeleg dato verke forplikande for begge partar. Han var også redd for at om ein ikkje vart samde i denne forhandlingsrunden kunne ein miste momentum, sidan press frå interne motstandskrefter både i USA og Kina kunne gjere det vanskeleg å kome vidare. Motstandskreftene i USA identifiserte han som alliansen av venstreorienterte proteksjonistar og høgorenterte menneskerettsforkjemparar. I Kina ville tilsvarande krefter kunne vere dei som ikkje ønskjer opning mot utomverda og det påfølgjande tapet av nasjonal kontroll over politikk og økonomi. “Ein essensiell del av globaliseringsprosessen er at Kina er ein del av systemet,” var Sutherlands konklusjon.

Ingen er vel usamde i det, men når ein slik dato ikkje vart fastsett, kan det ha samanheng med at kinesarane sette fram eit slikt forslag i 1994, og fekk blank avvisning som reaksjon frå USA. Kinesarane ville gjerne kome med i WTO som ein av grunnleggarane, men amerikanarane sa rett ut at liberaliseringa av handelen i Kina ikkje var komen langt nok til at det var muleg. Dessutan ville ein forhandlingsfiasko, ved at fristen ikkje vart halden, kunne sette truverdet til WTO som institusjon i fare. (HKS 8.3.97, 25.3.97; SCMP 25.3.97, 7.4.97)

Japansk regjeringsrapport gir støtte til Kina

I årsrapporten for 1996 frå det japanske departementet for internasjonal handel og industri heitte det at manglande kinesisk medlemskap i WTO ville medføre alvorleg skade for Kinas økonomiske truverde og sette den framtidige utviklinga av landet i fare, t.d. ved at nødvendige utanlandske investeringar uteblei. Rapporten argumenterte for snarleg taiwansk og kinesiske medlemskap i WTO, og peikte på følgjande fordelar med det:

- Den globale handelen kunne vekse gjennom vidare liberalisering av handelsregima i desse to kinesiske samfunna
- Taiwan og Kina ville kome inn under eit felles sett av reglar og eit felles forum for løysing av konflikhtar som involverte fleire land (Kina er Japans tredje største handelspartner, og Taiwan er nummer fem på denne lista)
- Vidare integrering av Kina i verdsøkonomien
- Ein aktør av Kinas storleik og vekst utanfor WTO ville skape stadig større problem for det internasjonale handelssystemet (Kinas del av verdshandelen var 1,8 % i 1985 og 2,8 % i 1995)

Men den japanske rapporten peikte også på vilkår som Kina måtte oppfylle for å bli medlem:

- Ut over ein overgangsperiode måtte Kina gjere klart at landet ville etterleve WTO-reglane

- Eliminering av restriksjonar på handel, og på import og eksport, som til då hadde vore avgrensa til selskap med "lisens", og det var det helst kinesiske selskap som fekk (ein tidstabell for dette vart etterlyst, og på dette punktet var det som tidlegare nemnt oppnådd noko i Genève-forhandlingane i mars)
- Reduksjon av tollsatsar (på dette punktet var det også registrert rørsle på kinesisk side)
- Fjerning av andre handelsbarrierar, som ulike typar subsidiar og særordningar for varedistribusjon, investeringar og industripolitikk
- Vern av rettar til åndsverk

Desse krava var ikkje dramatiske, det meste av dette hadde jo Kina forhandla om, og kome med betra tilbod om, gjennom fleire år. I dei referata av rapporten eg har sett, finn eg ikkje noko klart standpunkt til stridsspørsmålet om Kina er eit u-land eller ikkje. Men om Taiwan vart det sagt at avgjerda om å søke om medlemskap som ein utvikla økonomi avspeglar øyas økonomiske styrke og konkurransevne. Det ville ha mykje å seie for Taiwan å bli medlem av WTO, men for Kina var det faktisk mindre viktig, peiker rapporten på, så lenge landet nyt godt av MFN-status frå USA. Som kjent har Kina ikkje akseptert at Taiwan kan bli medlem før dei.

Japan gjentok støtta til Kinas søknad på Apecs finansministermøte i april 1997. Den japanske finansministeren sa då til pressa at han hadde sagt til sin kinesiske kollega at Japan støtta prinsippet om ei rask tilslutting til WTO for Kina. "Vi innser at Kinas opptak i WTO er viktig for verda," sa han. Til skilnad frå USA ville ikkje Japan sette opp spesielle hinder som Kina skulle passere før medlemskap kunne oppnåast. (HKS 1.4.97; SCMP 1.4.97, 7.4.97)

Utbetringar i lover om rettar til åndsverk

Eit tilbakevendande problemområde i forholdet til WTO har vore lovgiving for å verne om intellektuelle rettar. Det er ingen tvil om at det i nyare tid i Kina har vore ein kultur for å kopiere kva det skal vere utan tanke på vederlag til opphavspersonane. Eg har sjølv vore i ein bokhandel i Kina der det ved ei trapp opp til neste etasje stod eit skilt med teksten "forbode for utlendingar". Der oppe vart vestleg litteratur kopiert i store mengder. På den andre sida har styresmaktene på 90-talet prøvt å gripe fatt i problemet, då det er klart at deltaking i internasjonalt handelssamarbeid krev ryddige forhold på dette området. I WTO er det USA som har stått hardest på for å få ei oppstramming av kinesisk lovgiving om rettar til åndsverk.

I april 1997 var det klare signal om at Kina ville gjere dei nødvendige betringane av lovverket, og ein rekna med at det ville ta eitt til to år å få alle endringane iverksette. Dette kom fram på ein kongress i Shanghai, arrangert av International Chamber of Commerce, ein organisasjon med hovudsete i Paris. ICC heldt sin 32. verdsomspennande kongress i Shanghai dette året. Kongressen talde omkring 1000 deltakarar frå meir enn 60 land.

Ein av talarane på kongressen var Zheng Chengsi, direktøren for Senter for intellektuelle rettar på Kinas samfunnsvitskaplege akademi. Dette senteret fungerer som ein tenketank for sentralregjeringa i Kina. Zheng sa mellom anna:

"Kina må styrke vernet av intellektuelle eigedomsrettar for å kunne halde fram med reformpolitikken. Ein har ikkje noko val, særleg sidan landet tar sikte på å slutte seg til WTO. ... Den noverande lova om kopirettar må endrast svært mykje, sidan ho aldri har vorte revidert, og er langt i frå å oppfylle standardane sett i Bern-konvensjonen eller Paris-lova av 1971 ." (SCMP 9.4.97)

Zheng sa vidare at Kina no vurderte endringar i lovene vedrørende patentrettar, varemerke og kopirettar for å kome på linje med internasjonal praksis. Det hadde dessutan kome opp to forslag til betre handsaming av rettsvistar om patent og varemerke. Til no har slike saker

vorte handsama administrativt, utan appellmulegheiter for den tapande parten. Det eine forslaget gjekk ut på at den endelege avgjerda skulle overførast frå byråkratiet til domstolane, det andre forslaget innebar å opprette ein eigen patentdomstol.

Han sa også at handhevinga av lovene om kopirettar har vore for dårleg, enten fordi dei ikkje har vore brukte, eller fordi dommarane har hatt for dårleg kjennskap til desse lovene. Ein kongressdeltakar frå det multinasjonale selskapet Procter & Gamble tilbød seg då straks å samarbeide med andre føretak for å skulere dommarane og andre juridiske avgjerdstakarar i Kina. (SCMP 9.4.97)

Frustrasjon: Tonen skjerper seg igjen

Eit uttrykk for kinesisk frustrasjon finn vi i ei fråsegn frå Li Peng i midten av mars 1997. Han sa at den stadige utsettinga av Kinas opptak i WTO var “unaturleg”, og gjorde at WTO var ståande utan ein av verdas største og raskast veksande økonomiar. Trass i den harde fordøminga av utsettingane, sa Li også dette:

“Kina er eit leiande handelsland og vil svært gjerne bli medlem av denne organisasjonen. Ikkje berre treng WTO Kina, men Kina treng også WTO.” (HKS 20.3. 97)

Resultatlause samtalar med EU

I midten av mars 1997 hadde kinesiske og europeiske forhandlarar eit fire dagars møte i Beijing vedrørande Kinas WTO-medlemskap. Etter framgangen når det galdt handelsrettar, var det no servicesektoren som var det viktigaste diskusjonsområdet. EU hadde prøvt å få løfte frå Kina om marknadstilgang for tenester som telekommunikasjonar, bank, forsikring, verdipapirhandel, nyhendebyrå, reisebyrå, shipping og detaljhandel. Kina hadde gitt eit tilbod på nokre av desse områda i november 1996, og la fram ei betring av forslaga sine på møtet. Men sett frå EU si side var forslaget skuffande, og slett ikkje godt nok i forhold til “WTO-standard”. Leiaren for EU-delegasjonen, Gerard Depayre, sa at forslaga visseleg ikkje var “kommensurable med Kinas vekt i verdsøkonomien, og heller ikkjekommensurable med økonomiske realitetar i Kina”.

Men Depayre sa også at den kinesiske sida var mottakeleg for EUs argumentasjon om kva eit WTO-medlemskap innebar, og i ei fråsegn frå EU heitte det at “diskusjonane var opne og konstruktive, sjølv om dei ikkje gav nokre omgåande resultat”. Og sidan så mange vitale område for tenesteyting vart diskutert, var det kanskje ikkje anna å vente. Depayre hadde tru på at kinesarane ville tenkje vidare på det som vart sagt på møtet, slik at dei verkelege resultatata av samtalanen ikkje ville vise seg før Kina la fram eit nytt tilbod til neste arbeidsmøte i WTO, som skulle vere i slutten av mai. (HKS 20.3.97, 21.3.97; SCMP 21.3.97)

Ei undersøking blant europeiske investorar

Uforståelege eller upredikerbare lover og reglar er det viktigaste hinderet for investeringar i Kina, viste ei undersøking blant 200 europeiske selskap som alt var aktive i Kina. Det var EU-kommisjonen som sto bak undersøkinga, som vart offentleggjort i april 1997. Rapporten sette søkelys på ein del punkt der Kina må finne betre løysingar for å kome vidare i WTO-forhandlingane. Her følgjer nokre detaljar frå undersøkinga:

- Meir enn 60 % av bedriftene sa at manglande innsyn i gjeldande lover og reglar var eit alvorleg hinder for investeringane deira
- Ytterlegare 7 % sa at manglande innsyn var årsak til at investeringar ikkje vart gjort

- Døme på hovudproblem var ulike reglar for kinesiske og utanlandske selskap, inkonsistent handheving og hurtige endringar av lover
- Eit eksempel som mange refererte til var ei avgjerd i justisdepartementet om at utanlandske advokatfirma berre kunne tilsette kinesiske statsborgarar som sekretærar og omsetjarar
- Andre viktige barrierar mot investeringar var topprissetmet (t.d. at utlendingar fekk høgare leige- og energirekningar enn kinesarar), omfattande piratverksemd og aukande korrupsjon
- Marknadstilgang vart sett på som eit særleg stort problem for verksemdar innan forsikring, telekommunikasjonar og jus
 - Berre eitt europeisk forsikringsselskap hadde fått lisens til å drive i Kina, og refsikring var vanskeleggjort med ei rekke restriksjonar m.o.t. valutatransaksjonar og godkjenningssprosedurar
 - Telekommunikasjonsselskap klaga over at det som regel var mange omvegar når noko skulle gjerast
 - Advokatfirma sa at dei berre kunne ha eitt kontor i landet, og hadde ei øvre grense for kor mange juristar dei kunne tilsette, noko som reduserte deira evne til å tene kundane sine
- Høge tollsatsar i kombinasjon med importkvotar var også rekna som store barrierar mot investeringar; 17 % karakteriserte tilstandane på dette området som “prohibitive”
- Ei lita trøst var det kanskje at få rekna byråkrati og ikkje-konvertibel valuta som store problem i samband med investeringar (*HKS 25.4.97; SCMP, 25.4.97*)

Kongressrepresentantar vil bestemme vilkåra for Kina

Demokratane sin leiar i Representanthuset, Richard Gephardt, fekk våren 1997 med seg 40 representantar i eit krav om at Kongressen måtte stemme over vilkåra som skulle settast for Kinas medlemskap i WTO. Grunngevinga var at desse vilkåra ville ha svært mykje å seie for økonomien både i USA og i heile verda. Gephardt meinte at Kongressen hadde konstitusjonell mynde til å ta seg av spørsmål som galdt internasjonal handel, og ikkje burde vere ein passiv tilskodar i denne saka. Han sa også at han ønska Kina som medlem, “men på rette vilkår”:

“Kinas opptak i WTO kan heilt klart gi USA enorme fordelar ved å få Kina underlagt internasjonale reglar og internasjonal lovhandheving. Men spørsmålet er: kva vil Kina eigentleg gå med på? Kina har hatt ein besteven-avtale til no. Den vil dei ikkje gi frå seg.

... Kina ønskjer å kunne oppretthalde sin proteksjonistiske politikk så lenge som muleg. Våre folk vil ha marknadstilgang og rettferdig handel no. ...

Eg vil ikkje at verdas største økonomi skal kome inn i WTO med ein overgangsperiode på 15 år før ein blir tvinga til full underkastning for marknadsreglar.” (*HKS 23.3.97*)

Reformer i finanssektoren?

Under eit møte mellom finansministrane i Apec-landa hadde USAs finansminister Robert Rubin tosidige samtalar med sin kinesiske kollega Liu Zhongli. Han sa då at USA støtta Kinas søknad om medlemskap i WTO, men at meir arbeid måtte gjerast før så kunne skje. Rubin gjorde det klart at Kina måtte få fart på opninga av finanssektoren før medlemskap kunne bli aktuelt. Til pressa sa Rubin etterpå at dette var det einaste vanskelege punktet han hadde tatt opp når det galdt WTO. Liu hadde ingen kommentar til dette.

På dette tidspunktet hadde Kina gjort ein del reformer i retning av opning av finanssektoren for utlendingar, men under avgrensingar som amerikanarane tykte var for restriktive. I 1996 fekk 10 utanlandske bankar lisens til å drive verksemd i avgrensa omfang i Shanghai, og fleire av desse var frå USA. I løpet av 1996 hadde fem utanlandske

forsikringsselskap³⁵ fått lisens for forretningar avgrensa til Shanghai og Guangzhou, men heile 91 selskap hadde no opna kontor i Kina i håp om å få løyve til å starte verksemd. Når det galdt børsen var utanlandsk deltaking avgrensa til B-aksjar, og utanlandske meklarar kunne ikkje operere utan ein lokal partner.

Samstundes med at Rubin kom med si fråsegn, tok *China Daily Business Weekly* opp denne problemstillinga. Avisen viste til ein talsmann frå sentralbanken som hadde sagt at Kina ville opne forsikringsmarknaden “gradvis, varsamt og ordentleg sidan marknaden framleis er på eit tidleg stadium”. I følgje prognosane ville forsikringsmarknaden stige frå sal på 60 milliardar yuan i 1995 til heile 250 milliardar i år 2000. Det er ikkje vanskeleg å skjønne at dei utanlandske selskapa gjerne ville ha sin del av dette, men sentralbanken ville sette i verk ei rekke reguleringar av marknaden for å unngå for ville tilstandar. Innhaldet i desse reguleringane vart det ikkje sagt noko om, men tiltaka måtte først godkjennast i Statsråd.

Sentralt for kinesarane er at deira forsikringsselskap treng tid på å gjennomføre nødvendige reformer før dei er klare til å møte utanlandsk konkurranse. Dei planlagde reformene hadde nær samanheng med endringane i statselskapa, der sosialforsikringane for 120 millionar arbeidrarar skulle avviklast. Før var det Folkets Forsikringsselskap som hadde monopol på dette området, og ein håpa at selskapet framleis ville ha 75 % av marknaden ved tusenårsskiftet. Sjølv om dette slår til, gir dette utanlandske selskap ein opning for ein eventyrleg vekst, då dei fem utanlandske selskapa hadde ein omsetning på 575 millionar yuan i 1996, noko som berre tilsvare 0,74 % av totalmarknaden.

Ikkje alle er samde om at utanlandske selskap er ein trussel mot dei nasjonale. Ein talsmann for det amerikanske forsikringsselskapet Chubb Corp meinte at frykta for dette var overdriven. Chubb er eit av dei mange selskapa som har kontor i Kina, men ikkje lisens. Selskapets Kina-sjef, Ian Lancaster, sa at Kina truleg ville følgje same mønster som andre asiatiske land etter opninga av marknaden. Etter 30 år med utanlandske selskap i Japan hadde desse berre tre prosent av marknaden, sa han. Han synte også til ferske marknadsundersøkingar i Kina som viste at mellom 60 og 70 % av forsikringskundane ikkje hadde planar om å byte assurandør. Men samstundes var det eit ønske om fleire valmulegheiter, nesten 90 % av kundane ønske seg dette. Dette meinte Lancaster var klare argument for å opne marknaden endå meir. Dette er interessante tal, sjølv om herr Lancaster vel ikkje er den mest nøytrale observatøren i det spørsmålet.

Eit viktig prinsipp innan WTO er at utanlandske bedrifter ikkje skal behandlast dårlegare enn nasjonale. Sjølv om dette i teorien høyrer greitt ut, kan definisjonen av lik handsaming vere vanskeleg i praksis. Utanlandske bankar etablert i Kina har ein skatteprosent på 15 på sine valutatransaksjonar. Dette er lågare enn kinesiske bankar, som har 33 % skatt. Denne skilnaden har vorte kritisert av dei innanlandske bankane, som naturleg nok er misnøgde med at utlendingane får skattefordelar som dei nasjonale bankane ikkje kan nyte godt av.

Då nokre utanlandske bankar fekk lisens til utføre transaksjonar med yuan, vart skatteprosenten sett til 33 for denne delen av verksemda. Dei kinesiske konkurrentane meinte sjølvsagt at dette var rettferdig. Men frå utanlandsk bankhald vart det sagt tvert om. Argumentet deira var at dei utanlandske bankane ikkje hadde tilgang til dei mest lukrative delane av marknaden, som innskot og utlån til fastlandskinesarar. Verksemda deira var avgrensa til utanlandsfinansierte selskap og utlendingar i Shanghai. Dette gav ikkje lik handsaming av kinesiske og utanlandske bankar, meinte dei, sjølv om dei innsåg at ei slik prøvordning måtte ha visse restriksjonar. Frå utanlandsk hald er det derfor eit ønske om at Kina må gå lenger i sine reformer av finanssektoren. (*China Daily Business Weekly* 6.4.97; *HKS* 7.4.97, 24.4.97; *SCMP* 7.4.97)

³⁵ Dei fem var AIG (USA), Allianz (Tyskland), Manulife (Canada), Tokio Marine (Japan) og Winterthur (Sveits). Berre dei tre første kunne selje livsforsikring.

“Kina er framleis eit u-land”

På ICCs 32. verdskongress, som vi tidlegare har vore innom, heldt visestatsminister Li Lanqing eit innlegg der han gjorde det klart at sjølv om Kina var fast bestemt på å slutte seg til WTO, kunne det berre skje med status og vilkår som eit utviklingsland. Argumentet frå mange WTO-land har vore at storleiken av Kinas økonomi tilseier at landet ikkje kan reknast som u-land.

Med klar adresse til USA og europeiske land som har sett fram krav om fleire ettergjevingar frå Beijing, sa Li at sjølv om Kina hadde gjort store framskritt dei seinare åra, ville det ta opp til 15 år før landet kunne klassifiserast som ein utvikla nasjon:

“Kina er framleis eit utviklingsland; utviklinga av dei vestlege og austlege delane er ubalansert, det finst stader der problema med mat og klede ikkje er skikkeleg løyste, og det er framleis 65 millionar menneske som lever under fattigdomsgrensa. Kina vil vere eit utviklingsland sjølv i år 2010. Kinas utvikling vil ikkje og kan ikkje representere ein trussel for resten av verda.” (SCMP 11.4.97)

Truleg tar kinesarane sikte på å oppnå lengre overgangsordningar i WTO på ein del område, særleg gjeld dette finans- og jordbrukssektoren. Li sa vidare at WTO ikkje ville vere ein verkeleg universell organisasjon utan Kina som medlem. Men samstundes gjorde han det klart at Kina ikkje ville gå inn i organisasjonen på unødvendig strenge vilkår. Landet ville gå mot urettferdige, eksklusive og diskriminerande ordningar, og han viste i den samanheng til ulike tiltak retta mot Kina, som antidumping og einsidige restriksjonar. Han gav også eit hint om at utelating av Kina kunne føre til usikre tilstandar i verda, både politisk og økonomisk:

“Likskap og samarbeid vil vere til fordel for alle, medan friksjon og konfrontasjon vil skade alle partar.” (SCMP 11.4.97)

Visestatsministeren gav elles si faste tilslutting til prinsippet om “sosialisme med kinesiske særtrekk”, definert og utvikla av Deng. Utvikling av infrastruktur ville spele ein viktig rolle i eit opnare Kina og utanlandske investeringar ville vere særst velkomne på dette området. Han sa at Kinas investeringar i infrastruktur dei neste fem åra ville bli høgare enn Verdsbankens prognose på 280 milliardar US\$. (SCMP 11.4.97)

Meir pessimisme

På ICCs kongress var det fleire talarar som uttrykte både pessimisme og irritasjon over dei langdryge forhandlingane mellom Kina og WTO. Arthur Dunkel, arkitekten bak Uruguay-runden og tidlegare generaldirektør i Gatt, sa at det var eit stort gap mellom partane, og at noko løysing ikkje måtte ventast med det første. Irritasjonen var først og fremst å finne blant Kinas asiatiske handelspartnerar. Dei såg dette hovudsakleg som ein konflikt mellom Kina og leiande vestlege WTO-medlemmer.

Ein av dei få deltakarane som viste litt optimisme var Robert Hormats frå Goldman Sachs. Han meinte at Kina ville bli medlem av WTO innan utgangen av året. Men hans innlegg var imøtegått av ein straum av asiatiske talarar som meinte at det som eigentleg låg bak problema i denne saka, var Vestens ubehag over Kinas framvekst som økonomisk makt.

Singapores handelsminister, George Yeo, oppsummerte den asiatiske irritasjonen i mindre diplomatiske ordelag enn visestatsminister Li. Yeo sa at utdraginga av forhandlingane og utestenging av Kina frå WTO førte til misnøye i ein heil generasjon unge og sentrale kinesiske tenestemenn og politikarar. På ein urovekkande måte samanlikna han den noverande situasjonen i Kina med det som skjedde då Japan i mellomkrigstida prøvde å bygge opp industrien sin, i ein atmosfære av vestleg fiendskap mot økonomisk utvikling i landet.

Han sa at resultatet av Vestens motstand var japansk nasjonalisme og den andre verdskrigen. (SCMP 14.4.97)

MFN-debatt viser amerikansk bekymring

Debatten i 1997 om fornying av Kinas status som MFN viste stor uro i USA for eit aukande handelsunderskot med Kina. Sandra Kristoff, rådgivar for president Clinton og seniordirektør for asiatiske saker i Det nasjonale tryggingsrådet, sa at det var ei stigande bekymring for at USAs opne marknadspolitikkk ikkje vart kvittert av Kina og Japan. Ho sa at medlemmene i Apec måtte følgje opp dei amerikanske tiltaka om det skulle bli noka rørsle mot frihandel. Kristoff understreka at USA støtta Kinas medlemskap i WTO, men ho sa også at opptaket av Kina måtte skje på vilkår som var “kommersielt meiningsfulle”.

I følgje amerikansk handelsstatistikk hadde USA i 1996 eit handelsunderskot med Kina på 40 milliardar US\$. For samanlikninga sin del kan vi nemne at det tilsvarande underskotet med Japan var på ca 45 milliardar US\$. Men medan underskotet med Japan var minkande, var det “kinesiske” stigande. Kina på si side har estimert sitt overskot i handelen med USA til berre 10 milliardar US\$! Amerikanske tenestemenn seier underskotet skuldast Kinas høge tollsatsar, subsidiar og importkvotar. Men kinesarane meiner den amerikanske statistikken ikkje gir eit rett bilde. Døme: Amerikanske Nike produserer 30 % av sportsskotøyet sitt i Kina. Det som blir sendt til USA tel som kinesisk eksport til USA.

USAs fungerande handelsrepresentant, Charlene Barshefsky, meinte at tida enno ikkje var moden til å gi Kina permanent MFN-status. Dette irriterte kinesarane. Talsmann for utanriksdepartementet, Shen Guofang, sa i Beijing at MFN er “ei ordning for normale handelsrelasjonar ... det er ikkje ei veneteneste, men det er kommersielt sett nødvendig”. Han sa også at diskusjonen om MFN hadde gått over lang tid, og at desse årlege omkveda ikkje hadde nokon positiv effekt verken på handelen eller dei tosidige relasjonane mellom landa.

Barshefsky kom med sine merknader under ei høyring for senatets finanskomité vedrørande hennar nominasjon som handelsrepresentant for USA. Sidan april året før hadde ho vore fungerande handelsrepresentant, og høyringa rekna vel dei fleste som ein formalitet. Under høyringa kom ho med følgjande synspunkt på forholdet til Kina:

- Innvilging av permanent MFN-status kunne få Kina til å nedprioritere arbeidet med betre marknadstilgang, eit krav som må oppfyllast før WTO-medlemskap kan bli aktuelt
- Kinas tilbod når det galdt marknadstilgang var, med tanke på WTO-medlemskap, stort sett mangelfulle på område som varer, tenester og jordbruk
- I framtida ville USA legge meir vekt på handel med jordbruksprodukt i møte med Kina: “Vi har gjort det klart for Kina at om ikkje jordbruksspørsmålet blir løyst, spelar det ingen rolle kva som elles står i deira tilgangspakke til WTO.”
- Jordbruksspørsmålet dreia seg m.a. om “tilfeldig bruk av sanitære og fytosanitære restriksjonar for å blokkere salet vårt”. Kina hadde lagt restriksjonar på import av amerikansk kveitemjøl grunna frykt for soppinfeksjonar og stinksott. Dette er sjukdommar som rett nok har ramma amerikansk kveite, men amerikanarane tykte kinesarane overspela dette poenget

Det vakte oppsikt på kinesisk side at Barshefsky no, truleg for første gong, koplta spørsmålet om MFN med WTO-medlemskap. Men alt på slutten av 1996 vart det antyda av analytikarar at Clinton kunne vere interessert i ei slik kopling. Planen ville då vere å få ein pakke med marknadstilgang frå Kina som motyting til permanent MFN-status. Det kvite hus skulle så hjelpe Kina til å bli medlem av WTO. Både administrasjonen og moderate politikarar i begge

dei to store partia skulle vere interesserte i å gi permanent MFN-status for å kunne delta med større tyngde i konkurransen om den kinesiske marknaden. Shens kommentar var elles at han var usamd med Barshefsky: “Som eit utviklingsland har Kina alt oppfylt alle vilkår for å bli medlem.”

Leiaren for det demokratiske mindretallet i Representanthuset³⁶ i USA, Richard Gephardt, kom i mai 1997 med harde åtak på dei kinesiske leiarane og argumenterte for å nekte Kinas status som MFN på ubestemt tid. Det kommunistiske regimet omtala han som “eit tyranni som øydelegg sjølvrespekten hos ein femdel av den menneskelege rasen”. Ein talsmann for det kinesiske utanriksdepartementet, Cui Tiankai, gav følgjande svar:

“Slike meiningsytringar er fullstendig utan grunnlag og kan ikkje rettferdiggerast økonomisk. ...Det ser ut til at nokre amerikanarar ikkje har forstått kva MFN eigentleg inneber.” (HKS 30.5.97)

Cui hylla Clintons standpunkt om å fornye Kinas MFN-status, og skulda dei i kongressen som var usamde i dette for å “prøve å politisere saka og bruke ho til å blande seg inn i interne forhold i Kina”. Dette skulle dei ikkje lukkast med sa Cui, vel vitande om at eit veto frå Clinton ville sette eit eventuelt Kina-fiendtleg kongressfleirtal på plass. Det at Gephardt kan ha ambisjonar om å kome i Clintons posisjon frå år 2000, kan vere eit problem for Kina. Men Clinton hadde same syn som Gephardt i 1992, så presidentembetet set sitt preg på innehavaren i retning av meir realpolitiske standpunkt.

For å få fram usemja i USA i dette spørsmålet, kan vi ta med eit utspel av senator Max Baucus frå Montana. Under eit Kina-besøk i 1997 sa han at den årlege gjennomgangen av Kinas MFN-status var ein bakstreversk politikk i 90-åra. “Kvifor gjer vi dette mot Kina?” var det talande spørsmålet han stilte. Men Baucus sa også at Kina måtte bli medlem av WTO “på kommersielt akseptable vilkår” før permanent status som MFN kunne kome på tale. Ikkje uventa fekk Baucus rosande omtale frå Beijing; president Jiang sa at herr Baucus’ synspunkt var kloke og perspektivfylte.

Debatten om MFN-statusen til Kina våren 1997 enda med at Representanthuset med klart fleirtal (259 mot 173 røyster) støtta Clintons forslag om fornying. Fleirtalet var mindre enn året før, men argumenta som vippa saka i Kinas retning var at avvikling av landets MFN-status ville ha følgjande tre uønska konsekvensar, sett frå amerikansk side:

- Ingen innverknad på menneskerettane i Kina
- Negativ effekt på USAs økonomiske og tryggingmessige interesser i regionen
- Direkte skadeverknader for Hong Kong

Kina var raskt ute med å helse avgjerda velkomen, men oppmoda samstundes om at ein spara forholdet mellom dei to landa for denne årlege diskusjonen. Ein talsmann for utanriksdepartementet i Kina hadde dette å seie:

“Vi meiner dette er eit klokt trekk. ... Resultatet viser nok ein gong at forsøka frå nokre folk i USA på å hindre Kinas MFN-status ... er mot interessene til både det kinesiske og det amerikanske folket. Vi håpar at den amerikanske regjeringa og kongressen, av omsyn til relasjonane mellom Kina og USA, vil få slutt på denne årlege gjennomgangen.” (SCMP, 26.6.97)

Regjeringa i Hong Kong var også glade over avgjerda. Handelsminister Denise Yue Chung-yee sa at fornyinga var svært viktig for å sikre at den økonomiske veksten i Hong Kong kunne

³⁶ Parlamentet i USA, Kongressen, består av to hus; Representanthuset (representasjon i forhold til folkemengda i kvar stat) og Senatet (to representantar frå kvar stat)

halde fram etter Kinas overtaking, som var nær føreståande. Hong Kong, som var medlem av WTO, skulle få halde på denne statusen etter tilbakeføringa til Kina.

At Kina helst vil ha slutt på desse årlege gjennomgangane av MFN-statusen er forståeleg. Men faktum er at fleire og fleire, også i Washington, tykte at dette tok til å bli ei kjedeleg førestilling. Mange amerikanske politikarar har dessutan oppdaga at WTO-saka kan vere ei vel så god brekkstang for å få kinesarane til å gjere slik Washington vil. Det er teikn som tyder på at kongressen vil ha meir å seie i denne saka. Og forklaringa er enkel: MFN dreier seg berre om kva fordelar Kina skal få, medan WTO-medlemskap for Kina under dei "rette" vilkår vil gi store mulegheiter for amerikanske selskap i Kina. Om det er ein fordel for Kina at kongressen vil blande seg meir inn i dette, er vel tvilsamt ... (SCMP 18.1.97, 4.2.97, 17.4.97; HKS 31.1.97, 30.5.97, 9.6.97, 26.6.97)

USAs forhandlingsleiar går av

Sjefsforhandlar Lee Sands gjekk av i midten av april 1997. Sjølv om det kom brått på for andre, hadde dei amerikanske styresmaktene visst i 12 månader at Sands og hans medarbeidar Deborah Lehr skulle over i andre stillingar på dette tidspunktet. Grunnen til at dei fekk halde fram heilt til dei takka av, var stor tiltru til at dei gjorde ein god jobb. Og det gjorde dei, faktisk så bra at mange såg på Sands som nøkkelen til kinesisk medlemskap i WTO.

Sands forgjengar, Dorothy Dvoskin, heldt ei stram linje og var ikkje overfleksibel i forhandlingane. Det var ho som var sjefsforhandlar då kinesarane i 1994 håpa å kome med som eit av grunnleggarlanda i WTO, og fekk tvert nei. Under Sands var det meir framgang i forhandlingane, og han utvikla eit varmt forhold til sin kinesiske motpart, Long Yongtu.

Då Sands gjekk av, frykta nokre at dette kunne påverke forhandlingane negativt. På den andre sida er jo saker overordna personar på dette nivået, så om partane verkeleg ønskjer det, skulle dei klare å kome seg vidare etter Sands-perioden. (SCMP 17.4.97)

Generaldirektør Ruggerio vitjar Kina

For å halde dei 10 år gamle forhandlingane i live, reiste generaldirektør Renato Ruggerio på eit seksdagars besøk til Kina i slutten av april 1997. Dette var oppsiktsvekkande, sidan det var første gong eit slikt besøk hos eit søkarland fann stad. Ruggerio hadde sagt månaden før at han trudde at forhandlingane no gjekk inn i ein slutfase. Oppgåva hans var å overtyde leiarane i Kina om at medlemskap i WTO var så viktig at nye ettergjevingar var nødvendige for å få framdrift i forhandlingane. Poenget med møtet var altså ikkje konkrete forhandlingar, men å få fram kva som måtte til for kome fram til eit positivt resultat. *Hong Kong Standard* refererte til diplomatiske kjelder som meinte at han fekk ein tøff jobb i så måte, og at mykje arbeid stod att. (HKS 17.4.97)

Før avreise: Ruggerio lèt seg intervju

I eit intervju med *South China Morning Post* før avreise sa Ruggerio at han ville at dette året skulle hugsast som det avgjerande året i forhandlingane, og han bad om at alle involverte partar viste ei sterk politisk vilje til å løyse problema som hindra Kinas medlemskap. Men han ville ikkje sette nokon endeleg tidsfrist for samtalanene, då han meinte det var viktigare å konsentrere seg om forhandlingsproblema.

Han understreka også at politiske saker ikkje måtte få høve til å forstyrre forhandlingane. Derfor såg han heller ingen grunn til å kommentere spørsmålet om den påståtte ulovlege støtta frå Kina til det Demokratiske partiet i USA ville ha innverknad på samtalanene.

Etter å ha fått ein del positive avklaringar i mars, håpa Ruggerio at ein no var klar til å ta fatt på tøffare spørsmål i forhandlingane som skulle starte i mai. Dette ville i sin tur bane veg for dei vanskelegaste spørsmåla som han trudde skulle bli diskutert mot slutten av året. Han meinte altså at forhandlingane gjekk mot slutten, men at det ville krevje sterk vilje frå alle partar om ein skulle kome i mål.

Som døme på uløyste spørsmål i forholdet til Kina nemnde han barrierar mot utanlandsk tenesteyting, tilgang til landets jordbruksmarknad, dei uoversiktlege subsidieordningane og generell marknadstilgang. Elles hadde han følgjande melding til dei kinesiske leiarane:

“Kinesarane må forstå at deira eksportsuksess må vegast opp med marknadstilgang. Dette er ei naturleg likevekt som er ein tradisjon i Gatt og WTO. ... Eg vil verkeleg oppmode dei kinesiske leiarane om å konsentrere seg om dei attståande problema, slik at ein kan finne løysingar så snart som muleg.” (SCMP 9.4.97)

Ruggerio sa vidare at WTO-medlemmane hadde ei grunnleggande interesse av å ha Kina som medlem, sidan landet no hadde vorte så ein viktig aktør i den globale økonomien. For å illustrere dette poenget viste han til at Kina eksporterte for 151 milliardar US\$ i 1996, mot berre 5 milliardar i 1979. Bruggerio sa også at medlemslanda i WTO hadde interesse av opptaksvilkår som respekterte balansen mellom rettar og plikter både for gamle og nye medlemmer. Det skulle seinare vise seg under samtalane i Beijing at kinesarane hadde merka seg dei sistnemnde orda frå Ruggerio, og brukte dei for det dei var verdt. (SCMP 9.4.97)

Ruggerio kjem til Shanghai

Generaldirektøren i WTO kom først til Shanghai, der det vart arrangert eit symposium. Her var det mest fine klisjear å høyre frå Ruggerio. Han sa mellom anna:

- Kina må bli ein av pilarane i verdshandelen, slik landet alt er det i ein global økonomi prega av gjensidig avhengnad
- WTO har eit aukande behov for Kina som eit aktivt medlem, for å gjere organisasjonen til eit verkeleg globalt system som kunne bere eit tungt ansvar på skuldrene inn i det neste hundreåret
- Forhandlingane om opptak av Kina gjekk no inn i ein slutfase, og kinesisk medlemskap ville bety ei innsprøyting av nytt liv i det stabile, multilaterale og globale handelssystemet

Sidan symposiet tydelegvis var høvet for meir svevande og upresise festtalar, følgde visehandelsminister og sjefsforhandlar Long Yongtu godt opp, og her er nokre utdrag av det han sa:

- Kina ville “fast og utan vingling” halde fram med forhandlingane om opptak i WTO, sjølv om ein alt hadde drive på i 10 år med dette
- Med Kina som medlem i WTO ville verdas største land karakterisert som ein planøkonomi vere inkludert i det multilaterale systemet av ein global marknadsøkonomi
- For Kina, og resten av verda, ville det ta tid å koordinere og tilpasse seg kvarandre i denne prosessen
- Etter å ha oppnådd medlemskap i WTO ville ikkje Kina automatisk bli ei frihandelssone, og landets bedrifter ville ikkje få ein momentan gevinst av medlemskapet

- Kina måtte finne sine egne mulegheiter, sidan det multilaterale, globale handelssystemet berre skapte eit stabilt rammeverk for å gjere det (HKS 21.4.97)

Samtalane i Beijing

I Beijing tok Ruggerio derimot opp dei vanskelege punkta han hadde nemnt i intervjuet med *South China Morning Post*, og han etterlyste større kinesisk fleksibilitet når det galdt marknadstilgang. Det var nødvendig å kome vidare etter det positive møtet i Genève i mars, heitte det. For ikkje å tape framdrift, treng vi no eit nytt, omfattande og truverdig forslag frå Kina, heldt han fram.

Det var på dette tidspunktet klart at WTO ville gi Kina ein overgangsperiode etter opptak i organisasjonen, og diskusjonen gjekk no meir ut på kor lang denne perioden skulle vere, og kva sektorar som skulle bli omfatta av denne. Ein talsmann for WTO, Keith Rockwell, sa at Kina var ønska som medlem, men det måtte vere på “rette vilkår”. Også Rockwell peika på betre marknadstilgang som eit sentralt punkt, særleg for tenester og jordbruksprodukt. Rockwell la til at det var 27 land som søkte om medlemskap, og at innvilging av særtilkår for Kina ville føre til at andre ville krevje det same.

Kinesarane var vel budde og hadde motargumenta klare: Talsmann for utanriksdepartementet, Cui Tiankai, sa at Kina hadde vist stor grad av fleksibilitet gjennom meir enn eit tiår av forhandlingar. Han utfordra WTO-medlemmane til å vise tilsvarande kompromissvilje:

“Samtalane må ta utgangspunkt i røyndommen. Kina har potensiale til å bli eit utvikla land ein gong i framtida, men det er ikkje situasjonen no. ... Faktum er at Kina ikkje krev særtilkår. Det Kina ønskjer er ein balanse mellom ansvar og rettar.” (SCMP 23.4.97)

Handelsminister Wi Yi gjorde det heilt klart at Kina var i mot “økonomisk hegemoni”, og måtte reknast som utviklingsland i medlemskapsforhandlingane. Ho var tilfreds med dei siste samtalane, men meinte at nokre leiande WTO-medlemmer måtte bli meir “fleksible og jordnære”.

Statsminister Li Peng sa til Ruggerio at kinesisk WTO-medlemskap ville vere ein fordel både for Kina og verda, og at Kina var fast bestemt på å halde fram med forhandlingane. I følgje det statlege fjernsynet skal han også ha sagt at “Kina kan ikkje utvikle seg utan verda, og verda kan ikkje utvikle seg utan Kina.” Men Li kritiserte det han kalla ein urettferdig handelspraksis, og ville ikkje ha noka politisering av saka. Han sa også til Ruggerio at Kina framleis var eit utviklingsland, og at vilkåra for medlemskap ikkje kunne gå ut over landets utviklingsnivå. Ruggerio, som hadde sett både skyskraparar i Shanghai og fattige landsbyar nær Beijing på si reise, uttrykte eit syn som for så vidt kan ha noko føre seg: Kina er *både* eit utvikla land og eit utviklingsland. (HKS 22.4.97, 23.4.97, 24.4.97; SCMP 22.4.97, 23.4.97)

Ruggerio utfordrar Beijing

Dei neste møta om Kinas WTO-medlemskap skulle finne stad i Genève månaden etter, i mai 1997. Av kontroversielle tema skulle diskriminering av utanlandske selskap, manglande innsyn og priskontroll takast opp. Etter samtalane i Beijing sa Ruggerio at det var tøffe forhandlingar om svært vanskelege spørsmål i vente. Men han la til at dette var vanleg når forhandlingar drog seg mot slutten. Ruggerio var svært nøgd med dei samtalane han hadde hatt i Kina, mellom anna med Li Peng og Wu Yi. Han sa at arbeidet den neste månaden måtte ha karakter av framdrift og fleksibilitet.

Marknadstilgang var framleis eit heitt tema: “Kinesarane må legge fram eit ambisiøst tilbod på marknadstilgang før sommaren,” sa Ruggerio. “Vi har alle indikasjonar på at kinesarane veit inderleg vel kor viktig mai-sesjonen er, og at dei må kome svært godt førebudde.” Ruggerio fortalde at kinesiske styresmakter nok ein gong bad om ein udefinert overgangsperiode når det galdt marknadstilgang. Kina veit godt at dette er eit av dei mest delikate spørsmåla i forhandlingane, sa han.

Ruggerio tok klart avstand frå påstandane om at USA blokkerte Kinas WTO-medlemskap ut frå politiske omsyn. “Ingen er i mot Kinas opptak i WTO så lenge vi får den rette balansen av interesser i slutten av forhandlingsprosessen,” sa han. (HKS 24.4.97; SCMP 24.4.97)

Kina - USA: Nye utspel og samtalar

Frå amerikansk regjeringshald var tonen ganske positiv våren 1997. Ein gjorde det klart at forholdet til Kina var eitt dei viktigaste dei komande tiåra. Problema for president Clinton var kongressen, der fleirtalet ikkje var like vennleg innstilt overfor Kina, og fagforeiningar som også valde ei hardare linje mot Kina. Eit besøk av utanriksminister Qian Qichen var nær føreståande, og til hausten skulle president Jiang Zemin til USA. Vidare var planen at Clinton skulle til Kina tidleg i 1998.

Mjukare tonar frå Barshefsky

Under ei høyring i Representanthuset som galdt neste års budsjett for hennar kontor, kom Barshefsky i mars 1997 med nye tonar når det galdt Kinas høve til å bli medlem av WTO. Ho sa då at USA kunne vere villig til å la Kina bli medlem av organisasjonen med ei eller annan slags “overgangsperiode-ordning”. Dette var første gongen USA gav eit hint om at det skulle vere muleg for Kina å bli medlem utan status som fullt utvikla land. Her er nokre utdrag av fråsegna hennar:

“Har Kina fortent medlemskap no? Nei! ... Når det gjeld marknadstilgang, må den bli betre. Vi har fortalt Kina ... at det må bli vesentlege bidrag når det gjeld marknadstilgang. Det vil seie ei omfattande marknadsopning ved inngang i WTO, og ikkje seinare eller etter ein overgangsperiode. ... På dei områda der Kina treng overgangsperiodar eller innfasing er det fullstendig akseptabelt i den grad ... dei er avgrensa.

Men vi må sjå vesentlege ettergjevingar når det gjeld tollsatsar, og ei rekke endringar må settast i verk ved innmelding i WTO, så som reduksjonar i andre handelsbarrierar enn tollsatsar.” (HKS 19.3.97)

Barshefsky var elles mjukare enn vanleg i sin omtale av det ein hadde oppnådd til no i samtalanene med Kina. Ho nemnde følgjande område der ein hadde fått resultat i tråd med WTO-reglane, eller i det minste veldig nær eit slikt samsvar: Reduksjonar i tollsatsane, mindre behov for lisensar og mindre importkontroll og reglar for vern av intellektuelle rettar. Av område der det framleis var usemje nemnde ho mellom anna import av jordbruksvarer til Kina og offentleg tilgang på informasjon om forskjellige sider ved kommersiell verksemd og offentlege reguleringar. (HKS 19.3.97)

Handelspolitisk konferanse i Washington

På ein konferanse i april 1997 sa den amerikanske fagforeiningsleiaren John Sweeney at hans fagforeining, AFL-CIO³⁷, ikkje kunne gå inn for kinesisk medlemskap i WTO før fleire politiske reformer i retning av frihandel og rettar for arbeidarane var gjennomførde:

³⁷ American Federation of Labor - Congress of Industrial Organizations

“Gunstig tilgang til våre marknader og innpass i WTO bør avhenge av at landet spelar med dei same reglane som andre nasjonar, og det må stillast vilkår om garantiar for grunnleggande menneskerettar, inkludert rettane for arbeidarar til organisere seg, forhandle og streike.” (HKS 17.4.97)

Sweeney, som nett hadde kome attende frå ei vitjing i Hong Kong, var dessutan bekymra for korleis det skulle gå med fagforeiningane i Hong Kong etter den kinesiske overtakinga.

Sweeney sa vidare at AFL-CIO var mot fornying av Kinas status som MFN. Ikkje overraskande sa den demokratiske leiaren i Representanthuset, Richard Gephardt, at han på same måte som året før også i 1997 ville stemme mot Kinas MFN-status. Ein interessant interessemotsetnad kom fram då styreformannen i Boeing, Philip Condit, sa at det å ta frå Kina MFN-statusen ville ha alvorlege konsekvensar for omsetninga.

Nokre tal vil forklare Condits engasjement: Månaden før hadde selskapet fått ein kontrakt med Kina på fem Boeing 777 passasjerfly til ein verdi av 685 millionar US\$. Kina er verdas raskast veksande luftfartsmarknad, og Boeing har ein bitter konkurranse med franske Airbus. På dette tidspunktet hadde Boeing ein marknadsdel i Kina på 60 %, mot Airbus' 15 %. Boeings prognosar gjekk ut på at Asia-Stillehavs-området ville gi eit totalsal på 370 milliardar US\$, eller 4400 nye jefly, dei neste 20 åra. Ein tredjedel av desse leveransane ville gå til Kina og Hong Kong. Eit fransk besøk til Kina var nær føreståande, og Airbus hadde i den samanheng håp om å inngå ein 20-årskontrakt med Kina på 100 passasjerfly, truleg til ein verdi 4 milliardar US\$. Denne konkurransen ville sjølvsagt også Boeing delta i. Det var ikkje det minste rart at Condit var bekymra for omsetninga ...

Det store handelsunderskotet med Kina – 40 milliardar US\$ i 1996 – kom også opp som ei sak på konferansen, og mange amerikanarar var sjølvsagt uroa over dette. Visehandelsminister Sun Zhenyu frå Kina fortalde konferansedeltakarane at Beijing forsto desse bekymringane, og ville samarbeide med sine amerikanske kollegaer for å fremme USAs eksport til Kina. Menneskerettar sa han ingenting om. (HKS 17.4.97; SCMP 24.4.97)

Optimistisk sendebod

Washingtons toppsendebod til Kina, ambassadør James Sasser, sa i ein tale for forretningsfolk i Hong Kong at han håpa at samtalanene om Kinas WTO-medlemskap skulle bli avslutta under Jiangs vitjing av Washington seinare på året (1997). Utsiftinga av USAs forhandlingsleiar trudde han ikkje ville ha noko negativ innverknad på samtalanene. Sasser vona at Kina ville bli medlem i løpet av året, men at det gjenstod vanskelege forhandlingar:

“Eg trur det er håp. Realistisk sett blir det vanskeleg, men ikkje umuleg.” (SCMP 26.4.97)

Ambassadøren forsvarte den dåverande amerikanske politikken for samkvem med Kina. “Vi prøvde isolasjon, og det virka ikkje,” sa han med adresse til hendingane ved Tiananmen i 1989. Sasser skulle no tilbake til USA for å førebu utanriksminister Qians besøk, og var optimistisk med omsyn til dei framtidige relasjonane mellom Kina og USA. (SCMP 26.4.97)

Qian i USA: Positive møte, lite substans

Etter møta med Madeleine Albright og Bill Clinton sa Qian at relasjonane mellom dei to landa hadde vorte svært mykje betre. Men korkje dato eller dagsorden for det annonserte toppmøtet mellom dei to landa sine presidentar hadde vorte klarlagt. Fleire spørsmål der det var reell usemje måtte dessutan ryddast opp i, om toppmøtet skulle gi det etterlengta gjennombrotet i WTO-forhandlingane. Kinas utanrikspolitiske talsmann, Shen Guofang, sa følgjande:

“Etter dette besøket har Qian fått inntrykk av at både Kina og USA er klare til å gjere dei tosidige relasjonane sunnare og meir positive.” (SCMP 1.5.97)

Shen sa vidare at Qian hadde tatt opp tre saker som måtte løysast for at toppmøtet skulle bli ein suksess: WTO-medlemskap for Kina, fornying av MFN-statusen utan vilkår og vidare samarbeid når det galdt atomkraft.

Ved sidan av å gjenta kravet om marknadstilgang, tok USA på si side spesielt opp spørsmåla om ein fredsavtale for Korea, menneskerettar og kontroll med spreing av farlege våpen, utan synlege responsar frå kinesarane. (SCMP 28.4.97, 1.5.97)

Jiang droppar WTO som tema for toppmøtet?

Etter Qians USA-besøk uttrykte president Jiang Zemin motvilje mot å ta opp WTO-spørsmålet i det heile tatt under det komande toppmøtet i Washington. Grunnen skulle vere den usikre politiske situasjonen i USA. Meir konkret betyr dette at Clinton møtte hard motstand i kongressen for si tilnæringslinje til Kina. Han var mellom anna budd på å måtte bruke sitt veto for å få fornya Kinas MFN-status i juni.

Dette gjorde det innanrikspolitisk umuleg for Clinton å inngå noko kompromiss med Kina, og førte også til at dei harde økonomiske krava til Kina stod faste. Sjølv om både EU og Japan oppmoda amerikanarane om å bli meir fleksible og presentere ein tilbodspakke for kinesisk WTO-medlemskap, hadde ikkje Clinton høve til å følgje dette opp. Jiang melde derfor til Washington at han ikkje ville ha nokon diskusjon om WTO under si USA-vitjing.

Men også for kinesarane kan det ha vore innanrikspolitiske grunnar til at tidspunktet for eit kompromiss med USA var dårleg. Dengs død i februar hadde som følgje at partikongressen i oktober ville bli avgjerande for kven som ville ha makta i tida etter denne markante leiaren. Å ha vist “veikskap” ute ville ikkje vere ein fordel den interne maktstriden. Den nær føreståande kinesiske overtakinga av Hong Kong var det derimot ingen som trudde hadde noka særleg å seie for WTO-forhandlingane. (SCMP 4.5.97)

Spelet hald fram

Sommaren 1997 brukte partane i stor grad til å gjenta sine standpunkt, men det kom også nye utspel.

Møte i “the Quad”

Gruppa av verdas rikaste land – “the Quad” – som består av Japan, USA, Canada og EU, hadde eit møte på handelsministernivå i Toronto i mai 1997. Mellom anna møtet Sir Leon Brittan for EU og Charlene Barshefsky for USA. Dei var samde om at dei gjerne ville sjå eit snarleg kinesisk medlemskap i WTO, men åtvara også Beijing om at alle WTO-reglar i så fall må akseptast.

Dette ville mellom anna seie at Kina, så vel som andre søkarland til WTO, måtte slutte seg til den nyleg inngåtte avtalen om informasjonsteknologi, ITA³⁸. Offisielle tenestemenn frå USA og Canada sa at det var muleg å forhandle om overgangsperiodar for søkarlanda, slik at dei fekk rimeleg tid til å tilpasse seg regelverket i WTO. Lengda på slike overgangsfasar ville avhenge av det aktuelle landets tilpassingsevne. Til Kina vart det nok ein sagt at landet måtte opne for betre marknadstilgang for utanlandske bedrifter om ein ønskja å kome vidare i forhandlingane.

³⁸ ITA: Information Technology Agreement

Handelsdelegatane var dessutan samde om å utvikle ITA vidare til den såkalla ITA-2. Dette vil innebere ei klar utviding av spekteret av varer og tenester som blir omfatta av avtalen. Så langt hadde 41 land undertekna avtalen, og fleire ville slutte seg til i følgje ein amerikansk tenestemann. Utviding av ITA også i form av tal på medlemmer vart derfor sett på som ei prioritert oppgåve. Dessutan var det semje om at WTO måtte utvide sitt dekningsområde når det galdt finansielle tenester. (HKS 3.5.97, 5.5.97)

Nye kinesiske reglar for fastpristilbod

Ein viktig reform som kinesarane håpa skulle få fart på medlemskapsforhandlingane, vart gjort kjent i *China Daily Business Weekly* i mai 1997. Frå Statsråd vart det då meldt at ein ønska å revidere regelverket for offentlege organisasjonars innkjøp slik at det vart i tråd med internasjonale standardar. I tillegg til at dette skulle redusere innkjøpskostnadene, rekna kinesarane med at ein slik reform ville gjere WTO-søknaden sterkare. Lova skulle innarbeide reglar for offentlege tilbodsrunder ved statlege innkjøp sa She Jianming, viseminister i Statens Planleggingskommisjon.

På dette tidspunktet hadde Kina alt byrja med å invitere til tilbodsrunder ved innkjøp av utstyr, byggeprosjekt og ein del andre innkjøp. Men statlege verksemder brukte også direkte innkjøp utan tilbodsrunder, og ikkje nok med det: Det var ingen tvil om at det vart gjort avtalar “under bordet” og at styresmaktene hadde blanda seg inn i bodrunder på ein slik måte at prosessen vart forstyrra, sa She. Eit system med opnare bodrunder ville gjere det lettare for utanlandske bedrifter å konkurrere om større kontraktar i Kina, dessutan vil det redusere innkjøpskostnadene i tillegg til å fjerne litt korrupsjon. (*China Daily Business Weekly* 4.5.97; HKS 5.5.97)

Fråsegner før Genève-forhandlingane i mai

WTO-leiar Renato Ruggerio hadde i mai 1997 eit møte med handelsministrane i dei 18 Apec-landa i Montreal. Føremålet med møtet var å diskutere samarbeid mellom dei to organisasjonane. Ei av dei sakene Ruggerio tok opp var Kinas medlemskap i WTO. Han meinte at Apec-landa burde vise ei fastare vilje til hjelpe Kina inn i WTO, og derfor stå meir på for å halde saka i fremste linje på dagsordenen:

“Når vi nærmar oss slutfasen av den kinesiske søknadsprosessen, må alle partar vise fleksibilitet og vilje til å løyse dei kritiske spørsmåla som står att i forhandlingane. Skal forhandlingar lukkast må alle ta ansvar, og dette oppnår vi berre om den framgangen vi hadde tidlegare i år blir følgt opp.” (SCMP 12.5.97)

Ruggerio også at han forventar eit godt tilbod frå Kina i dei komande forhandlingane, men det no snart måtte bli kjent kva dette tilbodet gjekk ut på:

“Vi treng å få sjå kva dei kjem opp med og få vite akkurat kor fleksible dei er klare til å vere. Denne sesjonen vil sette tempoet for resten av året.” (SCMP 15.5.97)

Ruggerio skal ha vorte oppmuntra av svaret frå kinesiske topptenestemenn på hans oppmoding om å gjere tilboda på alle område så liberale som muleg. Ei von som låg i kulissane no, var å kunne ønske Kina velkomen som medlem til organisasjonens 50-årsjubileum, som skulle feirast våren 1998. Som alle håp og spådommar i denne saka skulle også dette vise seg å vere for optimistisk.

Frå kinesisk hald vart det sagt at Kina ville halde fram med dei økonomiske reformene, sjølv om landets medlemskap i WTO skulle bli utsett endå ein gong. Ein tenestemann i handelsdepartementets forhandlingsutval, Zhang Liping, sa at opninga av den kinesiske

marknaden vart gjort for å fremme den generelle effisiensen i økonomien. Så sjølv om Kina ikkje skulle kome inn i WTO, hadde endringane likevel vore nyttige, meinte han.

Tidlegare i mai hadde sjefsforhandlar Long Yongtu sagt at Kina ville foreslå endringar i toprissystemet sitt og subsidiane til bilindustrien for å imøtekomme handelspartnerane sine, og for å få framgang i medlemskapsforhandlingane. Long hadde samtalar med tenestemenn frå EU for å førebu dei komande drøftingane, og USAs nye seniorforhandlar, Robert Cassidy, kom til Beijing i spissen for ein delegasjon med same ærend. Tema som var aktuelle å ta opp var mellom anna jordbruk, tenester og rettar til å drive handel.

Kinas søknad om medlemskap fekk støtte i the Pacific Basin Economic Council (PBEC), den eldste organisasjonen for forretningsfolk i regionen. På eit møte i Manila vedtok organisasjonen ei oppmoding til WTO om at Kina, Taiwan og Russland måtte bli medlemmer så snart som praktisk muleg. PBEC har meir enn 1200 medlemmer i 20 land, mellom anna også Kina, Taiwan og Russland.

Noko snarleg gjennombrot i forhandlingane var likevel ikkje venta. I den amerikanske kongressen var det framleis irritasjon over påstått ulovleg støtte til demokratane sin valkamp, og over det aukande handelsunderskotet med Kina. Dessutan var det uklart kva kinesarane egentleg hadde foreslått. Zhang stadfesta at den kinesiske regjeringa berre hadde tilbydt handels-, og ikkje distribusjonsrettar, for importerte varer. Dette var ikkje godt nok for amerikanarane. “Bedrifter må kommunisere direkte med kundane sine,” hevda John Holden, formann i USAs handelskammer.

Høvet for Clinton-administrasjonen til å gjere forholdet til Kina betre vart dessutan hindra av religiøse pressgrupper som gjekk inn for ei hard linje mot Kina, og fagforeiningar som frykta for jobbane sine om Kina skulle auke eksporten til USA endå meir. Det var altså sterke krefter i USA som ville motsette seg konsesjonar til Kina. (*SCMP* 12.5.97, 15.5.97, 20.5.97, 22.5.97, *HKS* 19.5.97)

Mai-forhandlingane: Førebuing til “gjennombrot”

Sjølv om Kina såg ut til å fire på eit par punkt, prøvde dei som deltok i forhandlingane i mai å dempe forventningane til møtet.

Det såg no ut til å vere semje om dei siste detaljane om etablering av eit juridisk organ for ta seg av konflikhtar vedrørande handel og forretningsliv. Eit slikt organ, som alle WTO-medlemmer må ha, var særleg viktig i Kina, for ein del land hevda at kontraktar i Kina like gjerne kunne vinnast pga. gode forhold til tenestemenn som pga. gode tilbod. Med eit juridisk overvakingssystem på plass, ville dei bedriftene som følte seg urettvist behandla ha høve til å appellere

Ein rettferdig og lik tilgang til distribusjonsrettar var også i sikte. Etter at Kina gjekk med på at utanlandske selskap kunne handle fritt med Kina etter ein treårs overgangsperiode, vart det påpeika at avtalen ikkje gav nokon garanti for fri distribusjon av varer utanom statsmonopola. Utan ein slik garanti var avtalen verdiløus, meinte ein frå amerikansk side.

Begge desse sakene skulle føre Kina nærare medlemskap, men diplomatane åtvara samstundes om å tru at framgangen frå mars-møta ville bli ført vidare. Forhandlingane gjekk ikkje fort fram, og noko gjennombrot var det ikkje snakk om. Dei amerikanske forhandlarane reiste heim frå Genève utan å kunne rapportere om vesentlege nye framgangar. Det vart sagt at mai-forhandlingane, og kanskje det neste møtet også, måtte sjåast på som førebuande samtalar før eit nytt gjennombrot kunne kome. Amerikanarane forventa at dette i så fall måtte dreie seg om marknadstilgang. (*SCMP* 22.5.97, *HKS* 30.5.97)

Fokus på hindringar for kinesisk WTO-medlemskap

Visehandelsminister An Min, som var ein nær rådgivar for handelsminister Wu Yi, dempa i eit intervju med *South China Morning Post* håpet om at problema i samband med Kinas WTO-medlemskap ville vere løyst før Jiangs vitjing til USA hausten 1997. An, kjend som ein spirituell talsmann for Kina i internasjonale fora, la i intervjuet meir vekt på hindringar enn mulege løysingar. Mellom anna sa han at politiske saker, som MFN-debatten i USA, var ein aukande trussel mot forhandlingane.

An var usamd i skuldingane om at Kina hindra marknadstilgangen for vestlege eksportørar, og meinte at USAs talmateriale om handelsunderskot med Kina ikkje var korrekt. Han sa at Kinas overskot i handelen med USA var på 10 milliardar US\$ i 1996, og ikkje 39 milliardar US\$, slik det vart påstått i Washington. Forklaringa på denne skilnaden kan vere at ein del lettindustri er flytta frå Taiwan og Hong Kong til Kina. Kina får berre ein liten del av meirverdien frå desse varene, som blir eksportert til USA via Hong Kong, sa An.

Men sett frå USAs side er Kina eit av deira største problemområde når det gjeld handel, med eit aukande handelsunderskot som berre står tilbake for det USA har i forhold til Japan. Det som irriterer amerikanarane er at medan Japan har eit overskot i forhold til mange utvikla land, har Kina eit spesielt stort overskot berre i forholdet til USA. Dessutan meiner USA at Kina ikkje slår hardt nok ned på smugling av amerikanske varer til landet. Slik sett kan ein seie at Kina er i ferd med å overta Japans rolle som USAs mest brysame handelskonkurrent.

Tilleggsproblem er knytte til USAs eigendefinerte standardar for kven dei vil handle med på kva område. USA har sett ein stoppar for eksport av visse høgteknologiprodukt til Kina, og har også nekta amerikanske selskap å delta i utbygginga av den kjempestore demninga ved Tre Kløfter.

Det er altså ei rad politiske spørsmål som må avklarast før USA og Kina kan bli samde om vilkåra for WTO-medlemskap. (SCMP 30.5.97)

Nye kinesiske utspel

På ein konferanse om asiatisk forretningsliv og politikk i juni 1997 i Washington kom sjefsforhandlar Long Yongtu med nye utspel før dei nye WTO-forhandlingane neste månad. Long sa at Kina ville kome med nye og betre forslag når det galdt opning av den kinesiske marknaden for utanlandske varer og tenester. Forslaga vart ikkje konkretiserte, men skulle gjelde teneste- og landbrukssektorane.

Til gjengjeld måtte USA vere budd på å innvilge Kina permanent MFN-status om Kina skulle bli medlem av WTO, sa Long:

“Det ville vere ironisk, og til og med absurd, om USA, som ein leiande aktør i WTO-forhandlingane med Kina, til slutt ikkje ville gi Kina permanent MFN-status når Kina blir WTO-medlem.” (SCMP 13.6.97)

Long var no optimistisk med tanke på at Kina kunne bli snarleg WTO-medlem, og det kan ha vore gunstig å kaste fram slike tankar rett før den årvisse MFN-debatten i USA. Som både kinesarane og amerikanarane var vel klar over, var jo MFN-status ei viktigare sak for Kina enn USA, mens amerikanarane hadde si hovudinteresse knytta til det dei kunne oppnå i WTO-forhandlingane. Dersom kinesarane var på glid i WTO-saka, kunne MFN-diskusjonane bli enklare i USA. No vart Kinas MFN-status fornya denne gongen også, og den sterkt betra økonomiske situasjonen i USA vart av enkelte sagt å kunne mildne dei amerikanske krava i dei komande forhandlingane.

Men samstundes var det klart at nokre av dei sentrale punkta for amerikanarane når det galdt Kinas WTO-medlemskap framleis stod i stampe, delvis på grunn av indre usemje i Kina. Long sa nemleg at Kina enno ikkje var klar til å endre standpunktet om at distribusjonen av

utanlandske varer i hovudsak skulle gå gjennom statseigde kinesiske selskap, og at forhandlarane hadde problem med å vinne heimleg støtte i dette og liknande spørsmål:

“Det pågår framleis ein intensiv prosess med heimleg konsensusbygging. Det vil skape problem om vi [dei kinesiske WTO-forhandlarane] gjer dette på eiga hand, utan å konsultere dei involverte partane. ... Vansken ligg i korleis det som har vore verdas største planøkonomi kan bli integrert i eit multilateralt handelssystem basert på marknadsøkonomi.” (SCMP 13.6.97)

Seinare i juni 1997 sa Long at WTO-regelverket utan problem kunne regulere forholdet mellom Hong Kong og “Fastlands-Kina”. Kinas overtaking av Hong Kong var jo på dette tidspunktet nær føreståande. Long sa også at dei 27.000 sidene med reglar som WTO har utvikla, også kunne brukast som juridisk rammeverk i forholdet mellom sentralregjeringa og regionane. Reint praktisk kunne dette vere ein fordel for Kina, som ikkje har utvikla eit fullgodt juridisk system for å handtere nasjonale og internasjonale handelstvistar.

Long refererte til ferske undersøkingar som viste at 7 av 10 selskap som gjorde forretningar i Kina hadde lovverket som si hovudbekymring. Han sa at Kina ikkje hadde eit lovverk som var godt nok, trass i 500 nye reguleringar og bilaterale avtalar med 70 land:

“Vi er klar over at vi har ein lang veg å gå,” sa Long. “Den største utfordringa ligg i å få etablert eit ope rammeverk basert på lover og reglar. ... Den mest direkte og praktiske måten å få etablert eit slikt lovverk på er å slutte seg til dei ferdiglaga reglane og prosedyrane som alt føreligg [i WTO]. ... Vi er ikkje ute etter kortsiktige kommersielle gevinstar. Vi vil vise verda at Kina forpliktar seg til å følgje reglane.” (SCMP 28.6.97)

(SCMP 13.6.97, 27.6.97, 28.6.97)

Forhandlings situasjonen hausten 1997

Ruggerio informerer om stoda

Ein ny forhandlingsrunde mellom Kina og WTO vart avslutta i Genève 1. august 1997, tilsynelatande utan den store framgangen. På det årlege møtet mellom Verdsbanken og Det internasjonale pengefondet, som dette året vart halde i Hong Kong, var WTOs generaldirektør Renato Ruggerio til stades. På sidelinja snakka han med journalistane om Kinas WTO-søknad.

Ruggerio sa at sjølv om dei siste samtalan hadde ført til ein viss framgang når det galdt marknadstilgang, var det kronglete forhandlingar i vente:

“Eg synest vi har gjort store framskritt med omsyn til WTO-reglane, sjølv om vi ikkje er heilt i mål. Når det gjeld marknadstilgang, vil dei neste vekene bli viktige for å få avklart kvar vi står i desse forhandlingane. ... Eg ser at vi no, på ein måte, har kome til dei vanskelegaste punkta i forhandlingane. ... Bortsett frå problemet med marknadstilgang, er den store saka ... i forhandlingane med Kina spørsmålet om liberalisering av tenestesektoren.” (HKS 25.9.97)

Andre syn på situasjonen

Kina hadde eit meir positivt syn på samtalan som vart avslutta 1. august enn dei andre deltakarane. Sjefsforhandlar Long melde om framgang, og kinesarane meinte nok at dei hadde tatt viktige skritt ved å gjere kjent planar om lågare tollsatsar og fjerning av andre handelsbarrierar enn toll og av subsidiane til eksport av jordbruksprodukt.

Den amerikanske handelsrepresentanten Charlene Barshefsky sa imidlertid at dei kinesiske forslaga var lunkne, og at det ikkje var noko teikn som tyda på at Kina ville gjere endringar i retning av det som var nødvendig for å oppnå WTO-medlemskap.

Japans handelsminister, Shinji Sato, meinte at Kina måtte betre dei forslaga som galdt tenestesektoren og tollsatsar.

EUs syn var at ein hadde hatt ein viss framgang, men at mykje stod att, særleg når det galdt spørsmålet om tenester. (SCMP 27.10.97)

Quod Vadis?

Kinas forhandlingar om medlemskap i WTO har bølga fram og tilbake i 14-15 år. Av og til er det stillstand, medan det til andre tider har vorte rapportert om viktige steg framover. Optimisme har vorte avløyst av pessimisme, og omvendt. Nye kinesiske utspel har fått vekslende tilslutning, alt etter om ein har sett det som eit "viktig framskritt" eller som "for uklart". Forhandlingane har stort sett følgt det same sporet i årevis.

Med jamne mellomrom står det fram ein viktig aktør som har god tru på at Kina vil vere medlem av WTO "innan utgangen av året". Til no har alle slike spådommar vore feil.

Intensiteten i forhandlingane har vore prega av politiske tidsfristar som ein har prøvt å jobbe opp mot, sjølv om det aldri har vorte gitt nokon offisiell og endeleg tidsfrist for Kinas medlemskap. Døme på slike tidsfristar var overgangen frå Gatt til WTO i 1994, og då var det hektiske forhandlingar i 1993. Eit anna døme er Jiangs besøk i USA hausten 1997.

Det at forhandlingane dreg slik ut, har fått ein del kommentatorar til å stille spørsmål ved om Kina og USA eigentleg ønskjer å kome i mål. Svaret er at det gjer dei nok, men ikkje for ein kvar pris. Begge land har interesser som kan halde dei tilbake frå å gjere det endelege spranget.

President Clinton har hatt problem i forhold til kongressen med eit republikansk fleirtal som ønskjer ei hard linje overfor Kina. Og etter skuldingane om at demokratane tok i mot valkampbidrag frå Kina, kan republikanarane ha interesse av å vise at Clinton er for mjuk i forhold til Kina. Dessutan, for USA vil det vere viktigare å få balanse i handelen med Kina enn å få landet inn i WTO.

Ei analyse gjort av det amerikanske jordbruksdepartementet stadfester at det er Kina som har mest å vinne på WTO-medlemskap. I følgje denne rapporten ville den amerikanske eksporten av matvarer kunne auke med 2,2 milliardar US\$ om Kina og Taiwan vart med i WTO. Men samstundes ville tekstilindustrien i landet oppleve ein viss tilbakegang. Kina ville få ein velferdsauke på omtrent 20 milliardar US\$, og Taiwan ville tene ca 4 milliardar.

Kina har mykje å vinne på å bli med i WTO. Av enkelte klare fordelar kan nemnast:

- Automatisk MFN-status frå USA, og ein endeleg slutt på den årlege debatten om dette, som Beijing mislikar sterkt
- Slutt på EUs kvotar på import av kinesiske tekstilar, porselen og nokre andre varer
- Betre prosedyrar for handtering av handelskonfliktar enn dei tiltaka mot dumping Kina no møter
- Betre posisjon og respekt i det internasjonale økonomiske systemet
- Summen av dette vil gi ein stor velferdsgevinst, som vist i dei amerikanske analysane framfor

Alt dette er gode grunnar for Kina til å bli medlem. Men prisen kan bli for høg. Eit av dei største problemområda er tenestesektoren, som omfattar t.d. bankar, forsikringsselskap, verdipapirhandel, distribusjon, advokatverksemd, telekommunikasjonar og rekneskapstenester.

Situasjonen hausten 1997 var at døra berre så vidt var opna på gløtt for utanlandsk tenesteyting i Kina. Nokre få utanlandske forsikringsselskap kunne selje polisar, men berre i to byar og berre visse typar polisar. Utanlandske bankar kunne gjere forretningar i yuan, men berre om dei hadde Pudong som base og berre med ein avgrensa kundemasse. Pudong ved Shanghai blir marknadsført som verdas største økonomiske utviklingszone.

WTO-medlemmer som USA krev avtalar som i prinsippet skal gjere det mogleg for deira bedrifter å operere over heile Kina, sjølv om ein viss overgangsperiode er akseptabel. Dei har klaga på at Beijing deler ut løyve til å drive forretningar enkeltvis, som “presangar” til bedrifter i heimehøyrende i landet til ein vitjande statsminister eller statsoverhovud.

Slike avtalar for servicesektoren kan vere langt unna, for det er ikkje intern semje i Kina om dette. Ein sterk intern lobby i Kina meiner landet ikkje kan opne seg på dette området enno. Dei meiner at Kina må utvikle ein sterkare nasjonal servicesektor før utlendingane kan sleppe til for fullt. Ein ønskjer altså ein overgangsperiode som ikkje er heilt klart definert.

Ei anna innanrikspolitisk sak skapar problem for Jiang, nemleg dei tapsbringande statsselskapa. Her må det hard medisinske tiltak, med slanking og nedlegging av bedrifter. På kort sikt vil dette sende millionar av tilsette inn i arbeidsløysing, sjølv om det på lengre sikt vil styrke landets økonomi. Saka set grenser for Jiangs handlefriheit, i den forstand at det kan bli for tøft å ta ein intern kamp om WTO-tilpassing i tillegg til å få orden på statsselskapa.

Økonomien i Kina er dessutan relativt bra, ved at veksten i bruttonasjonalprodukt har halde seg godt oppe, og ein har stort sett hatt overskot i handelen med utlandet opp gjennom 90-talet. Dette gjer at landet ser ut til å klare seg rimeleg bra, sjølv utan WTO-medlemskap.

Blir så Kina nokon gong medlem av WTO? Truleg må svaret bli ja, men konkrete spådommar er best å avstå frå³⁹. Kanskje WTO og Kina har lært å leve med kvarandre, utan at Kina straks treng å bli medlem?⁴⁰

(SCMP 27.10.97; *Lateline News* 15.6.98; <http://www.uschinatrade.org/news/editorial10.html>, <http://www.econ.ag.gov/epubs/htmlsum/tb1858.htm>)

³⁹ Sommaren 2000 var Kina nærare WTO-medlemskap enn nokon gang før, med avtalar med USA og EU i hamn. Men mine erfaringar etter å ha gått gjennom alt dette materialet, er at her er ingenting sikkert før det er heilt sikkert ...

⁴⁰ I samband med førebuinga av internett-utgåva av denne rapporten i april 2002 nyttar eg høvet til å opplyse om at Kina vart medlem av WTO den 11. desember 2001 – endeleg!

Det fattige Kina: Innland og utkant

Litt forenkla kan vi seie at dei rikaste områda i Kina ligg som ei stripe langs kysten, medan ein i innlandet og i dei vestlege delane finn meir fattigdom. Bak eit slikt grovt bilde er det sjølvsagt store variasjonar. Kystprovinsen Guangdong, som vi oppfattar som rik, har t.d. fattige regionar i aust og i vest. I dette kapitlet skal vi først gi litt konkret dokumentasjon av fattigdommen, deretter presentere nokre døme på kva som blir gjort for å avhjelpe problemet.

Skildring av fattigdommen

Aukande gap mellom fattig og rik

Gapet mellom dei rikaste og dei fattigaste i Kina hadde vorte enormt mot slutten av 90-talet. Eg har sjølv sett den ufattelege skilnaden mellom husa til dei nyrike i Guangdong-provinsen og dei usle tilhøva på landsbygda utanfor Chongqing i Sichuan-provinsen. Kontrasten er så stor at han knapt kan skildrast med ord.

Dei første teikna på ulikskapar i Kina tok til å vise seg midt på 80-talet, truleg som følge av endringane i den økonomiske politikken. I første omgang såg styresmaktene positivt på at nokre vart rike først, og såleis kunne inspirere andre til å gjere noko med sin eigen situasjon. Likevel tok mange til å bli bekymra over utviklinga og *Folkets Dagblad* analyserte inntektsgapet i ein artikkel i 1994. I bymessige strøk tente på dette tidspunktet dei som jobba for seg sjølve dobbelt så mykje som vanlege arbeidarar, og private bedriftsetablerarar hadde ti gangar så stor inntekt som vanlege arbeidarar.

Hovudsiktemålet med artikkelen såg ut til å vere å dempe bekymringane. I følge artikkelen forsto og tolererte folk flest ulik fordeling av rikdom i samfunnet, sidan dei då innsåg at dei sjølve hadde høve til å gjere store pengar. Vidare heitte det at samfunnet la større vekt på effektivitet og kvalitet, noko som skapte ulike sosiale lag. *Folkets Dagblad* peika på at skilnadene likevel ikkje var faretruande store. For urbane strøk viste statistikken at forholdet mellom inntektene til dei 20 % rikaste og fattigaste var 1,7 i 1981 og 2,8 i 1992. Tilsvarende tal for rurale strøk var 2,9 og 5. Inntektsgapet mellom byane og landsbygda hadde berre auka frå 2,05 til 2,33 i same tidsrom. Det vart vidare peika på at skilnadene i Kina var mykje mindre enn i andre land, som t.d. Taiwan og Stor-Britannia, der dei 20 % rikaste hadde høvesvis fem og åtte gangar så høg inntekt som dei 20 % fattigaste.

Folkets Dagblad hevda at det ikkje var statens politikk eller reformtiltaka i seg sjølv som var årsak til ulikskapane, men heller følgjande faktorar:

- Den viktigaste grunnen til inntektsgapet vart sagt å vere den låge produktiviteten, som gjorde det umuleg å utjamne skilnadene på kort sikt
- Nokre stader kan fattigdom tilbakeførast til dårlege naturgitte forhold. Eit døme på det er den autonome regionen Guangxi Zhuang, der fem av dei åtte millionane fattige bur i steinete område som er vanskelege å dyrke
- Utviklinga av ein privat sektor har på den andre sida skapt mange nyrike. I september 1993 var det 500.000 private entreprenørar⁴¹ i Kina

⁴¹ Entreprenør her brukt i tydinga nyetablerar

- Opninga mot omverda har ført til skilnader fordi kinesarar som arbeider for utanlandske selskap gjennomgåande har hatt høgare løn enn andre i tilsvarande arbeid for kinesiske selskap
- Det aukande folketalet blir også sagt å vere eit problem i denne samanhengen. Folk på landsbygda har fleire barn enn folk i byane, og må betale meir for oppdraginga. Ei undersøking i Sichuan-provinsen i 1992 viste at hushald som hadde fleire barn enn tillate, hadde ei inntekt per capita som låg 65 % under gjennomsnittet
- Til sist tok *Folkets Dagblad* opp svak handheving av skattelovene som eit moment. Det vart påstått at staten tapte 100 milliardar yuan i året på grunn av manglande skatteinnkrevjing, og mykje av desse pengane hamna i lommene til korruperte personar

I 1996 kom det ein rapport som viste at gapet mellom rike og fattige i byane stadig vart større. Rapporten, som var utarbeidd av Staens Statistiske Byrå, danna grunnlag for eit oppslag i *China Daily Business Weekly*. I rapporten heitte det at TV-stjerner og korruperte tenestemenn tente 20 gangar så mykje som arbeidarar i dei kriseramma statsbedriftene. Vidare vart det sagt at gapet mellom dei rikaste 10 % og dei fattigaste 10 % av hushalda vart firedobla i løpet av 1995. Smothol det ferske skattesystemet og unnadraging av skatt gjorde at skattlegginga ikkje virka utjamnande, slik meininga var. Her kjem nokre fleire interessante resultat frå undersøkinga:

- I byane auka realinntekta med ca 5 % i 1994. Likevel var det 41 % av hushalda som såg inntekta si minke i løpet av året. Om lag 70 % av statsbedriftene gjekk med tap og sende mange arbeidarar heim med halv betaling fordi dei ikkje hadde råd til å betale full løn
- Ca 3,8 % av byfamiliane låg i svakaste inntektsgruppe, det vil seie at dei hadde ei inntekt på under 5000 yuan⁴² per hushald per år (Kina operer med fem inntektsgrupper i byane)
- Vel 36 % høyrde til inntektskategori 2, som går opp til 10.000 yuan
- Ca 50 % hamna i gruppe 3, som går frå 10.000 til 20.000 yuan. Dei fleste av desse fann ein i middels store og store byar i dei relativt velstående kystområda
- Nesten 7 millionar hushald, eller 8 % av totalen, kom i neste kategori, som gjekk opp til 100.000 yuan. Typiske representantar for denne gruppa var folk i høge leiarstillingar i utanlandske bedrifter, drosjesjåførar, turistguidar, individuelle entreprenørar og leiarar i nokre av regjeringsdepartementa. I denne gruppa kunne ein også finne profesjonelle tenesteytarar som advokatar, og tilsette og leiarar i venleikssalongar
- Berre 850.000 familiar, eller ca 1 prosent, kom over 100.000 yuan i familieinntekt

Fattigdomsproblemet vart no verkeleg tatt på alvor av det offisielle Kina. I september 1996 åtvare nyhendebyrået Xinhua om den aukande skilnaden i rikdom mellom dei austlege kystprovinsane og det indre og vestlege Kina:

“Medan aust har bølga fram med ei årleg vekstrate på meir enn 16 %, har resten av landet berre klart 9 %, og velstandsgapet mellom aust og vest blir stadig større. ... Fornyng av Kina og alminneleg velstand kan ikkje oppnåast utan at det indre av Kina kjem seg på moderniseringsvogna.” (Sitert frå *HKS* 30.9.96)

Byen Wuhan i Hubei-provinsen toppar statistikken på eit tvilsamt område: I dei rurale områda av denne byen finn vi det minst utvikla jordbruket i Kinas storbyar. *Hong Kong Standard*

⁴² Ein yuan er litt meir verd enn ei krone

illustrerte ein reportasje om byen med eit bilde av ein bondefamilie som var for fattig til å kjøpe seg okse. Bildet viste fire kvinner som drog ein plog, og ein mann som gjekk etter og styrte plogen. Skiljet mellom dei rurale og urbane områda av Wuhan har berre auka ut over 90-talet. I 1990 tente innbyggjarane i byens urbane strøk gjennomsnittleg 1465 yuan i året, og det var 1,8 gonger meir enn dei som budde i rurale strøk. Fem år seinare hadde inntekta til dei som budde i urbane område auka til 4170 yuan i året, 2,3 gonger meir enn dei som budde i rurale område.

Same tendensen finn vi i dei rikare delane av landet. I første halvdel av 1996 tente i følge offisielle tal dei rikaste i Shanghai 1270 yuan i månaden, mot 300 yuan for dei fattigaste. Dette betyr at gapet auka med 110 yuan per måned i løpet av eitt år. Kjelda er avisa *Wen Hui Bao*, som diverre ikkje opplyser om kor mange som var inkludert i kategoriane rik og fattig. Men gjennomsnittsløna i Shanghai var i same periode 644 yuan per måned, tilsvarande ein nominell auke på 15,6 % i forhold til året før. Inflasjonsjustert vart dette ein auke på 4,2 %. Folk i Shanghai brukte 50 % av løna på mat i 1996, ein reduksjon frå 54 % året før.

I juni 1997 presenterte styresmaktene i Shanghai resultata frå ei ny undersøking, som viste at skilnadene mellom rike og fattige i byen tok til å bli dramatiske. Frå 1990 til 1996 hadde årsinntektene til dei 10 % rikaste auka frå US\$ 391 til US\$ 1800. Inntektene til dei fattigaste 10 % hadde halde seg under US\$ 500 i heile perioden. Skilnaden i årsinntekt mellom dei rikaste og fattigaste 10 % var 11200 yuan, nesten seks gonger meir enn i 1990. Både inntekter og levekostnader i Shanghai er blant dei høgaste i landet. *China Daily Business Weekly* kommenterte utviklinga i byen slik:

“Mange fattige familiar kjem på etterskot med utgiftene, og må ta av sparepengane eller bruke andre midlar, t.d. lånte, for å få endane til å møtast. Slike familiar bruker meir enn 60 % av inntektene sine på mat. Inntektsgapet blir større og større.” (*China Daily Business Weekly* 15.6.97)

China Daily Business Weekly hevda at den ubalanserte fordelinga av rikdom skuldast urettferdig konkurranse og politiske smothol som tillét nokre folk å gjere store pengar. Blant dei rikaste i Shanghai fann ein leiarar i private selskap, advokatar og tilsette i utanlandsfinansierte samarbeidsselskap. Ikkje overraskande var dei fattigaste å finne blant pensjonistar og ufaglærte arbeidarar som hadde mista jobben i statsselskap⁴³.

Ei undersøking frå Beijing som vart offentleggjort tidleg i 1997 gir ytterlegare dokumentasjon av det same. Dei 20 % rikaste i Beijing hadde på dette tidspunktet nesten åtte gangar så høg formue som dei 20 % fattigaste. Dei rikaste fann ein blant leiarar i utanlandske eller private selskap, kontraktørar for statseigde selskap og kjende skodespelarar.

Xinhua offentleggjorde i april 1997 ei undersøking som viste at den industrielle ubalansen mellom dei austlege provinsane og det fattige baklandet berre vart verre. I 1995 var seks av Kinas sju fremste industriprodusentar lokalisert til kystområda i aust. Dei sju dårlegast stilte provinsane eller regionane vart sagt å vere Gansu, Xinjiang, Indre Mongolia, Guizhou, Qinghai, Ningxia og Tibet.

Ser vi på heile Kina, hadde dei 20 % med lågast inntekt 6,3 % av totale inntekter i 1978 mot berre 4,3 % i 1994. Dei 20 % med høgast inntekt hadde auka sin del av dei totale inntektene frå 39,3 % til 50,2 % i same perioden. Bøndene utgjer 80 % av arbeidstyrken i Kina. I 1995 tente bøndene gjennomsnittleg 1578 yuan, mot 5059 yuan for bybuarane. I 1997 rekna styresmaktene med at 500 av dei 900 millionane kinesarar som budde på landet ikkje hadde innlagt vatn i husværa sine. Ein kan vanskeleg tenkje seg stabilitet i Kina utan ei utjamning av desse skilnadene.

⁴³ I følge offisielle tal frå Shanghai hadde 200.000 arbeidarar vorte arbeidslause berre i tekstilindustrien. I 1993 var Shanghai den første byen i Kina som innførte ei garantiinntekt for dei urbane fattige.

Men dei urbane strøka har også sine vanskar å stri med. Eit særleg problem i byane er dei som mister jobben i kriserammar statsbedrifter. I beste fall må arbeidarane gå på ei låg venteløn medan dei prøver å finne seg anna arbeid. Nokre stader, som i Guangzhou, kan denne løna vere 200 yuan i månaden. Ein delegat frå Chongqing til den åttande Nasjonale Folkekongressen i mars 1997 hadde med seg ein arbeidar frå ein tekstilfabrikk. Denne arbeidaren kunne fortelje at mange av kollegaene hennar måtte klare seg med ei løn på 120 yuan i månaden. Stoda var den same i mange av dei andre fabrikkane i byen.

Eit anna problem i rike, urbane strøk er tilhøva for dei som har flytta inn frå fattige deler av landet for å søke lykke i byen. I 1996 rekna ein med at det var 3 millionar slike innflytte arbeidarar i Shanghai. Desse innflyttarane bur under overbefolka og usanitære tilhøve, og har dårleg tilgang på helsetenester. Avisa *Business News* skreiv at bystyresmaktene såg på desse innflyttarane som ein helseisiko, og viste til aukande førekomst av sjukdommar som leverbetennelse, diaré og tyfus. Tre sjukdommar som var utrydda i Shanghai, hadde dukka opp att som følgje av innflyttinga: Sneglefeber⁴⁴, filaria⁴⁵ og malaria. Som om ikkje dette var nok, hadde innflyttarane også brakt med seg tuberkulose, AIDS og kjønssjukdommar, hevda avisa. (*China Daily* 1.7.94; *Business News* 1.12.96; *China Daily Business Weekly* 23.6.96, 15.6.97; *HKS* 24.6.96, 1.7.96, 30.9.96, 28.10.96, 4.11.96, 2.12.96, 9.1.97, 7.3.97; *SCMP* 11.2.97, 5.3.97, 7.4.97, 16.6.97)

Tigging meir lønsamt enn vanleg arbeid?

Når hardt arbeidande menneske tener langt mindre enn dei som livnærer seg på tigging, er det eit sjukdomsteikn. Men slik har det altså vorte i fleire av dei rike austkystbyane. Nyhendebyrået *Hong Kong Kina* (HKCNA) trekte fram byen Shaoxing i Zhejiang-provinsen som døme. Tiggarane i denne byen tok drosje til og frå “arbeidsstaden”, som var nøyte utvald for å nå fram til den nyrike eliten. Dette er altså ikkje vanlege gatetiggarar, men det vi kan kalle rike tiggarar.

Arbeidsdagen til desse tiggarane starta gjerne rundt midnatt, og då tråla dei restaurantar og kafear fram mot den tidlege morgon. På denne måten sopa dei inn flust med pengar frå byens natteranglarar. Omtrent halvparten av tiggarane var tenåringar, og mange var deltidsarbeidande som tok med seg barna inn frå omkringliggjande byar og fylke. Nokre tvinga også barna sine inn i skam, melde HKCNA. Etter arbeid skifta dei av seg dei fillete kleda og samla seg i sentrum av byen, og første stopp var som oftast dei livlege marknadane i byen.

I følgje lokalbefolkninga kunne ein tiggjar tene opp til 60 yuan på å synge og spele kvar natt, noko som var tre til fire gonger så mykje som ei vanleg dagløn for ein arbeidar. (*HKS* 18.12.96)

Verdsbanken: 350 millionar kinesarar under fattigdomsgrensa

I ei studie utført av Verdsbanken i 1996 fann ein at 350 millionar kinesarar – nesten ein tredel av befolkninga i landet – måtte klare seg med mindre enn 1 US\$ per dag. Dette betyr at det var fleire fattige i Kina enn det ein før hadde trudd. Tidleg på 90-talet meinte ein at BNP⁴⁶ per capita i Kina var 3000 US\$. Med nyare og betre målemetodar har ein måtta korrigere dette

⁴⁴ Tropisk sjukdom som er nesten ukjent i industrialiserte land, men faktisk rekna som den nest mest utbreidde parasittsjukdommen etter malaria. Kvart år infiserer smittelarva 200 millionar menneske i 76 land i den tropiske verda.

⁴⁵ Tropisk sjukdom som kjem seg av ei parasittlarve i lymfekjertlane

⁴⁶ BNP: Vanleg forkorting for brutto nasjonalprodukt, verdien av alle varer og tenester produsert i ein økonomi i løpet av ein tidsperiode

ned til berre 1800 US\$. I 1993 trudde Verdsbanken at 100 millionar kinesarar levde under fattigdomsgrensa på 1 US\$ per dag, noko som tilsvarer ca 3000 yuan per år. Den nye studia fann altså eit langt høgare tal fattige.

Dette funnet gir medhald til kinesiske tenestemenn som har hevda at utanlandske økonomar har overvurdert velstandsnivået i landet. Dette kan ha relevans for WTO-forhandlingane, der Kina har prøvt å bli medlem på u-landsvilkår, noko USA på det sterkaste har gått mot.

Den offisielle kinesiske statistikken viser likevel noko betre tal: Det skulle i følgje denne vere 250 millionar fattige i Kina då reformpolitikken starta i 1978, mot berre 65 millionar i 1996. Men skilnaden skuldast ulike definisjonar av kvar fattigdomsgrensa går. Verdsbanken har nytta den internasjonale standarden, medan Kina opererte med ei rural fattigdomsgrense på 530 yuan per år i 1996. Uavhengig av definisjon, Kina har i alle fall redusert fattigdommen i landet dramatisk etter at dei økonomiske reformene tok til. Det verdsbanken sine tal viser, er at mykje arbeid gjenstår før Kina sine fattigdomsproblem er løyste. (HKS 27.9.96)

Betre helse skaper eit alderdomsproblem

Kinas befolkning eldest raskare enn resten av verda. I følgje ekspertar som Xinhua refererte til, ville 25 % av kinesarane vere over 60 år i 2040. Talet på gamle ville auke frå 110 millionar i 1994 til 374 millionar i 2040. Ekspertane forklarte dette med stigande forventa levealder i landet. Medan gjennomsnittleg levealder berre var 35 år i 1949, er forventa levealder no 70 år for heile landet, og 74 år i Beijing. Kina har altså ein stigande mengde av gamle, kanskje med dårleg økonomi og etter kvart også dårleg helse, som vil krevje større innsats m.o.t. støtte og omsorg. (HKS 21.12.96)

Internt notat skildrar det harde livet på landsbygda

I byrjinga av 1997 vart det sendt ut eit notat til kommunistpartiets seniorkadRAR der tilhøva på landet vart skildra rett fram i sine håplause detaljar. Tonen i notatet er mykje meir dystert enn dei offisielle reportasjane frå ei rundreise president Jiang hadde i den fattige og bortgøymte Guizhou-provinsen på slutten av 1996. Det vart no klart at styresmaktene ville gi fattigdomsproblemet topp-prioritet.

Notatet startar med ei kjenslemessig bøn frå president Jiang Zemin om å utrydde fattigdommen før år 2000. Jiang innrømmer at han ser lite håp for enkelte av dei han møtte. Han samanlikna to familiar som hadde peika nase til befolkningspolitikken ved å sette fire og fem barn til verda.

“I det eine hushaldet pendla mannen til arbeid i aust,” skal Jiang ha sagt. “Sjølv om kona var halvt analfabet insisterte ho på at minst to av borna skulle sendast til skulen. Det er framleis håp for denne familien.” Men i ein annan familie var både foreldra og dei fire borna analfabetar. “Foreldra fortalde oss at det ikkje var nødvendig å sende borna til skulen,” sa Jiang. “For desse er det umuleg å snu om. Det er dårleg. Det er håplaut.”

Notatet tar opp eit anna og like deprimerande fenomen, nemleg at mange bønder blir utbytta av “tyranniske mandarin-kadRAR”. Trass i åtvaringar frå sentralt hald tyner dei lokale tenestemennene bøndene med ei rad skattar og avgifter, og tvingar dei til å hoste opp pengar til alskens prosjekt. Sirkulæret viser til dei mest hårreisande og mafialiknande påfunn, som t.d. falske livs- og eigedomsforsikringar som alle må betale for.

Sjølv hushald som vil hjelpe til med arbeid på lokale prosjekt som t.d. vatningsanlegg, blir bedt om å betale i staden for å arbeide. Slik kan dei lokale kadrane skaffe seg urettmessige returprovisjonar ved å sette arbeidet ut til eksterne entreprenørar.

Dette er gale nok, men nokre av dei lokale pampane har meir på samvitet. Pengar løyvde frå Jordbruksbanken til oppkjøp av avlingane har vorte brukt til aksjespekulasjonar, noko som sjølvstapt set avsetnaden til småbøndene i fare. Vidare har land vorte selt til utanlandske oppkjøparar med minimal kompensasjon til småbøndene.

Protestar mot maktmisbruket blir slått ned med handfaste midlar. Kadrane kan sette inn både ordinært politi, folkets væpna politi (PAP) og reservetroppar frå folkets frigjeringshær (PLA).

Notatet kan fortelje at folk som har klaga til styresmaktene i provinshovudstadane eller i Beijing, har vorte torturert og til og med myrda når dei kom attende til landsbyen. Sidan bondeopprør er ein tradisjon i Kina, bekymrar nok dette dei sentrale styresmaktene. Sporadiske angrep på skatteoppkrevjarar og politistasjonar kan nok greitt slåast ned med det valdsapparatet kadrane disponerer, men ein massiv konfrontasjon vil dei ikkje kunne leve med. Aukande kriminalitet både i byane og på landet er delvis forklart med det harde livet på landsbygda.

I følgje notatet viste president Jiang handlekraft ved å beordre rike kystbyar som Shenzhen, Qingdao, Yantai og Dalian å kome Guizhou til unnsetjing ved å pløye inn pengar og starte fabrikkar i provinsen. Ved hjelp av diverse tiltak skal 36 av dei verst stilte fylka i Guizhou gjennomgå ei omstilling (“fanshen”) i løpet av fem år. Men moralen til den jamne innbyggjar kan vere øydelagt av meir eller mindre reelle rykte om livsstilen til korrupte leiarar. (*SCMP* 22.1.97)

Tiltak mot fattigdommen

Aukande murring frå distrikta ut over 90-talet gjorde konkrete handlingar for å få bukt med fattigdommen tvingande nødvendige. Ein delegat til Folkekongressen i mars 1997, Wang Shuangxi frå Shaanxi-provinsen, sa at toppleiarane var for glade i lyden av sine egne røyster. Han meinte at leiarane måtte styre gjennom dokument som gav klare instruksjonar til dei lokale styresmaktene, og gjennom inspeksjonar på staden, framfor å halde fleire talar. Frå den nordvestlege delen av landet snakka offisielle tenestemenn om “tomme ord” og mangel på konkrete tiltak. Ein eigen børs i det indre av Kina var noko ein etterlyste for å skape nytt fokus på den økonomiske utviklinga i baklandet. (*HKS* 5.3.97; *SCMP* 10.4.97)

I det følgjande skal vi gi eit innblikk i noko av det som trass alt har vorte gjort for å betre tilhøva for fattigfolk i Kina.

Folkets Dagblads analyse

Vi har tidlegare referert til ein artikkel i *Folkets Dagblad* sommaren 1994, der bekymringane for det aukande gapet mellom rike og fattige vart søkt dempa. Men i artikkelen vart det også understreka at det var grenser for kva skilnader som kunne godtakast:

“Ei viss grad av ulikskap når det gjeld rikdom bør tolererast. Sosial lagdeling, som vi ein gong utan suksess prøvde å fjerne, kan spore til kreativitet og produktivitet. For nasjonens beste på lang sikt må Kina prioritere effektivitet, samstundes som rettferd også blir lagt vekt på.

Men dette betyr ikkje at regjeringa skal bagatellisere det aukande gapet. Provinsregjeringane bør følgje nøye med på inntektsgapet i deira område. Gapet burde haldast på eit nivå som kan handterast av staten og tolererast av folket.

Staten bør også prøve å redusere gapet ved å rydde ut den audmjukande fattigdommen før år 2000, og avskaffe mat- og klesmangelen hos dei noverande 80 millionar fattige borgarane.

Dersom desse tiltaka lukkast, vil resultatet bli sosial stabilitet, auka kjøpekraft og utvikling av den lokale økonomien.” (*China Daily* 1.7.94)

Ein må dessutan vere klar over at for mange folk i byane er det ikkje inntektsgapet som er det største problemet, men faren for å bli arbeidslaus. Derfor foreslo artikkelforfattaren i *Folkets Dagblad* etablering av eit sosialt tryggleikssystem i byane. “Oppdraging” av private entreprenørar til å delta i politikken og å forstå relasjonen mellom samfunn og individ vart også nemnt som eit tiltak som burde prioriterast, sidan entreprenørane sto utanfor direkte kontroll av regjeringa. (*China Daily* 1.7.94)

Utplussing av tenestemenn

For å få i gang ei økonomisk utvikling i fattige utkantsstrøk har ein del kadrar blitt bedt om å bu saman med bøndene i ein periode. Meininga med dette var at kadrane skulle skaffe seg betre innsikt i forholda dei fattige lever under, og såleis bli motiverte til å hjelpe dei ut av elendet. Til dels har dette fungert bra, ved at kadrane har gitt råd til bøndene og fremja statens politikk. Gjennomgåande vart kadrane vel mottekne av bøndene.

Men diverre vart enkelte av dei utplusserte kadrane skulda for å neglisjere pliktene sine, og å bruke det meste av tida på eting og drikking. Nokre bønder klaga på at kadrane ikkje kom med velstand, men tvert i mot vart ei ekstra bær for dei, og dei korrupte kadrane vart kalla “kadrar som støttar vinflasker i staden for fattigfolk”. Slike forhold vart ikkje alltid meldt av bøndene, noko som gjorde det vanskeleg å få bukt med problemet.

Legal Daily skreiv at denne praksisen var til stor skade for partiet, og oppmoda tenestemenn og partimedlemmer å vere på vakt for å få slutt på denne korrupte livsførselen. (*China Daily* 2.7.94)

Omskulering av kvinner på landsbygda

I Mengyin, eit fylke i Shandong-provinsen, hadde i 1994 halvparten av alle kvinnene note godt av eit opplæringsprogram for å bli i stand til å tene pengar på nye måtar. Målet var at den andre halvdelten skulle følgje etter innan år 2000. Bak tiltaket står fylkets opplæringscenter for kvinner og barn, og som sponsorar har ein kvinneføderasjonen i Mengyin og ein australsk velferdsorganisasjon; the Australia Catholic Relief (ACR). Etter å ha gjennomgått opplæring på senteret reiser kvinnene tilbake til landsbyane sine, der dei vidareformidlar til andre kvinner det dei har lært. På denne måten hadde senteret i 1994 nådd fram til ca 40.000 kvinner ved å gi 7000 opplæring ved senteret.

Døme på nye inntektskjelder som senteret har gitt opplæring i er grønsak- og soppdyrking; og oppdrett av silkeormar, kaninar og grisar. Ei av kvinnene som hadde hatt god nytte av opplæringa var Zhang Derong. Då ho i 1989 møtte opp hos kvinneføderasjonen for første gang, var ho kledd i loslitne klede og var tynn og bleik. I 1994 var ho pent kledd og var ved god helse. Zhang opplyste til føderasjonen at inntekta per capita i familien hennar i 1993 var 2000 yuan, ti gonger så mykje som i 1989. Familien hadde dermed oppnådd mykje høgare levestandard, og hadde flytta inn i nytt hus. Zhang tilskreiv betringa det ho hadde lært på senteret, nemleg dyrking av forskjellige typar sopp.

Leiaren for kvinneføderasjonen i Mengyin, Ma Shuzhen, sa at målet var å lære alle kvinnene på landsbygda ein eller to nye inntektsmulegheiter. “Berre når ei kvinnes økonomiske status har vorte betre, kan hennar sosiale status stige,” sa ho. Dette utsagnet avspeglar at synet på kvinner er meir tradisjonelt på landsbygda enn i byane. Ei kvinne som har fått endra statusen sin etter opplæring på senteret er Ji Laifeng. Mannen hennar trudde at ho berre egna seg til vanleg husarbeid og barnepass. Paret hadde krangla mykje om dette. Men etter at Ji lærte vitenskaplege metodar i griseoppdrett og tok til å tene pengar, har mannen behandla henne på ein heilt annan måte. Han hadde til og med rosa henne i påhøyr av naboane, noko som tidlegare hadde vore heilt utenkjeleg. (*China Daily* 5.7.94)

Privat omsetnad av jordbruksvarer

Fleire marknader for omsetning av jordbruksprodukt er eit av tiltaka for å betre økonomien i den autonome regionen Ningxia. Ningxia er eit av dei viktigaste muslimske områda i Kina, diverre plaga av stor fattigdom. I 1994 vart det opplyst at styresmaktene i regionen dei seinare åra hadde investert 210 millionar yuan i 160 marknadsplassar. Nokre av desse var spesialiserte, medan andre kunne brukast til fleire føremål. På slutten av 1993 var det i alt 270 marknader der bøndene kunne selje produkta sine. Denne satsinga hadde byrja å vise resultat:

- Veksten i talet på marknadsplassar og i omsetnad var større enn gjennomsnittstala for heile landet
- I 1993 utgjorde omsetnaden i marknader av ulike slag 28,6 % av regionens totale detaljomsetnad
- Bondemarknadene sto for 95 % av forsyningane til urbane strøk av grønsaker, frukt, kjøt, egg og fjørfe
- Ca 250 stats- og kollektivbruk hadde byrja å la marknadskreftene styre produksjonen
- Meir enn 30 marknader i regionhovudstaden Yinchuan har ikkje berre vorte lokale handelssentra, men også regionale sentra med nære kontaktar til den autonome regionen Indre Mongolia og til provinsane Gansu og Shaanxi
- I 1993 hadde bøndene 21 % av nettoinntekta si frå marknadstransaksjonar

Alt i alt vart det hevda at den raske utbygginga av marknader hadde fungert som ein katalysator i utvikling av ein tenestesektor, og hjelpt folk i strøk ramma av fattigdom til å betre sine kår vesentleg. I Tongxin fylke, eit av dei fattigaste områda i Kina, hadde t.d. per capita inntekt blant bøndene stige frå 37 yuan i 1982 til 350 yuan i 1993. Dette var så vidt over den kinesiske fattigdomsgrensa, som på dette tidspunktet var sett til 320 yuan per capita per år. (*China Daily* 17.7.94, 27.12.94)

Internasjonal hjelp til Shanxi

I 1994 hadde Shanxi-provinsen nesten fire millionar menneske under fattigdomsgrensa. Ein hadde derfor skaffa meir enn 80 millionar US\$ frå utlandet for å redusere fattigdommen. Desse pengane vart delvis gitt i form av billege lån og delvis som direkte støtte, og bidragsytarar var hovudsakleg Verdsbanken, Det internasjonale jordbruksutviklingsfondet (IFAD) og Verdas matvareprogram (WFP). Midlane var sett inn i fem prosjekt innanfor jordbruk, utdanning og helse, og alle prosjekta vart sagt å vere suksessfulle.

Sidan 1991 hadde IFAD investert 37 millionar US\$ i eit omfattande jordbruksutviklingsprosjekt i dei fjellrike områda i det austlege Shanxi. Låna skulle mellom anna brukast til oppgradering vatningsanlegg, betring av jordsmonnet, oppdrett av silkeormar, planting av frukttre og utvikling av dyrehald. Prosjektet var sagt å vere i godt gjenge i 1994.

Eit anna prosjekt var støtta av Verdsbanken med 37 millionar US\$ og med kveite til ein verdi av 12 millionar US\$ frå WFP. Dette prosjektet var lokalisert til dei nordvestlege delane av provinsen, og gjekk ut på oppgradering av dårleg jordsmonn, betring av drikkevatt, vasskonservering og vegbygging.

I tillegg til jordbruksprosjekta, har Shanxi også satsa på utdanning. Arbeidsvilkåra har gradvis vorte betra for elevar og lærarar i 1781 barne- og ungdomsskular i det vestlege Shanxi. Skular har vorte oppussa, og ein har også fått opp ein del nybygg.

Hjelpeprogrammet for Shanxi har dessutan brukt ressursar på å betre helsetenestene for folk, ved å bote på mangelen på medisinsk personale, utstyr og klinikkar. Provinsen gjorde

kjent at nye 18 millionar US\$ skulle setjast inn over ein seksårsperiode for å utvikle dei rurale helsetenestene. Denne satsinga skulle bygge ut eit nettverk på 151 klinikkar, 78 medisinske opplæringsssenter og vidaregåande medisinske skular. I løpet av denne seksårsperioden skulle heile 100.000 helsearbeidarar ha fått opplæring eller utdanning.

Økonomar predikerte at tiltaka i Shanxi skulle få den årlege gjennomsnittsløna til bøndene opp til 800 yuan. (*China Daily* 27.12.94)

Omlokalisering av folk i fattige strøk

Frå 1989 til 1996 hadde meir enn 900.000 bønder i Kina funne ein veg ut av fattigdommen ved å flytte frå sine opphavlege landsbyar. Dei fråflytte områda er typisk vanskeleg dyrkbare, brattlendte og ørkenaktige. Eit døme på ein slik nyoppretta landsby er Xinzhuangzi i den autonome regionen Ningxia. Xinzhuangzi bestod i utgangspunktet av 300 hushald som på slutten av 80-talet flytte frå den gamle landsbyen sin, Yaoshan, ein stad prega av fattigdom og tiggung. Etter flyttinga blir livet i landsbyen skildra heilt annleis:

“... slutten av ramadan vart markert med ivrig handel i den lokale basaren. Gardsplassane var dekorerte for vårfestivalen, og husmødrene var i full sving med tillaging av fårekjøtt og bakverk.

... ‘Utan hjelp frå regjeringa hadde vi framleis lide av fattigdom,’ sa Ma Zihai, travelt oppteiken med å lesse korgar med mat og andre saker frå basaren på ein traktor like ved. ‘Før kunne ikkje familien min få endane til å møtast sjølv om vi jobba hardt heile året. No gjer vi, i tillegg til inntektene frå jordbruket, ca 30.000 yuan i året på traktoren,’ sa Ma, som høyrer til den hui-muslimske etniske gruppa.” (*China Daily Business Weekly* 3.3.96)

I følgje Guo Xing, ein offisiell talsmann for regjeringa, kan majoriteten av dei 70 millionar bøndene som ein reknar med ikkje får dekka grunnleggande behov for mat og klede finnast i desse regionane eller provinsane: Enten i dei uttørka og bakkete landskapa i Ningxia, Gansu og Shanxi; eller i område med mykje jorderosjon og kalkstein i Guangxi, Yunnan, Guizhou, Zhejiang og Guangdong. Bortsett frå dei to siste dreier dette seg om regionar og provinsar i innlandet.

Dei siste 35 åra har Kina støtta desse områda med store mengder mat, klede og andre forsyningar. Over tre milliardar kg korn var selt under marknadspris til 330 fjellfylke kvart år. Men sjølv tiltak av slik storleik var ikkje særleg effektive, i følgje Guo. Derfor vart den offisielle politikken endra frå å halde eksisterande samfunn i gang til å støtte omlokalisering til betre område der bøndene kunne klare seg sjølv. Programmet starta i Ningxia-regionen og Gansu-provinsen på slutten av 80-talet. I 1995 var bøndene i desse områda komne opp på landsgjennomsnittet i inntekt, det vil seie 800 yuan per capita per år. Men framleis er det langt fram til bøndene i dei betre stilte områda. Ei undersøking blant 600 hushald i rurale strøk i Shanghai bykommune viste at gjennomsnittsinntekta i 1995 var på 4200 yuan per capita per år, opp 22 % frå året før.

Dei nye heimane blir etablert på elvebankar med nok jordbruksareal og lite folk frå før. Sentralregjeringa gir støtte til anleggsarbeid, treplanting, vatningsanlegg og nydyrking. Bøndene som deltar i programmet får fordelar i form av skattefritak, flyttstøtte og vedlikehaldskontraktar for det landet dei forlét. Fordelane gjer at bøndene melder seg frivillig til å vere med. I følgje offisielle tal blir 10 milliardar yuan av sentrale midlar brukt årleg til slike tiltak.

I Xinzhuangzi har kvar bonde eit tredels hektar land med vatningsanlegg. Med moderne vatningsanlegg og jordbruksteknologi produserte landsbyen 800.000 kg korn i 1995, noko som tilsvarer 800 kg per bonde.

Eit anna døme på ein landsby som er omlokalisert finn vi i Hepu fylke i den autonome regionen Guangxi. Her har 400 familiar flytta frå det nærliggande Dongshan-fylket. Før flyttinga tente kvar bonde 200 yuan i året. Etter flyttinga hadde levekåra vorte mykje betre. I 1996 vart det opplyst at 226 av familiare tente 2.000 yuan, og 28 tente heile 10.000 yuan i året.

Den nye politikken for å hjelpe dei fattigaste ser ut til å bli akseptert i stadig fleire autonome regionar og provinsar. Kinesiske ekspertar hyllar tiltaka som eit gjennombrøt i kampen mot fattigdommen. Fagfolk omtalar reforma som “økologisk omlokalisering” og som “den mest stabile og effektive måten å hjelpe kinesiske bønder unna fattigdommen”. Også i rikare provinsar og bykommunar som Guangdong, Zhejiang og Beijing blir metoden brukt for å gjere ende på fattigdommen. (*China Daily Business Weekly* 3.3.96, 10.3.96)

Utanlandsk kapital til jordbrukssektoren?

China Daily melde i mai 1996 at Kina ville spørje utanlandske bedrifter om hjelp til å skaffe 150 milliardar yuan for å nå målet om å auke kornproduksjonen med 50 millionar tonn innan år 2000. Det var nødvendig å gå til utlandet, for korkje sentrale eller lokale styresmakter var i stand til å legge slike summar på bordet til dette føremålet. Ein rekna med at opp til 1/3 av satsingssummen skulle kome frå utanlandske bedrifter. Kornproduksjonen var i følge offisielle tal på 465 millionar tonn i 1995. Det langsiktige målet er å auke produksjonen med 175 millionar tonn innan år 2030, noko vestlege ekspertar har vurdert som oppnåeleg.

Låge skattar og garantiar om rask handsaming av søknader om løyve til å delta i engasjement i jordbrukssektoren var det som skulle lokke utanlandske investorar på bana. Med ei forventta jamn prisstiging på jordbruksprodukt, rekna ein i Kina med at jordbruk raskt skulle bli den mest lønsame av landets fem hovudområde når det galdt forretningsverksemd⁴⁷.

Kinesarane rekna med at utanlandske bedrifter ville ha særleg interesse av å investere i bygging av store basar for jordbruksproduksjon, fabrikklegg for vidareforedling av jordbruksprodukt og i produksjon av jordbruksutstyr. Sjølv om dei absolutte inntektene til bøndene var låge på grunn av små bruk, vart det opplyst at fortienesta hadde stige frå minus 5 % i 1978 til pluss 60 % på 90-talet. (*China Daily* 23.5.96; *HKS* 24.5.96)

Vitskapsfolk skal gi økonomien eit løft

Kinas president, Jiang Zemin, oppmoda våren 1996 lokale vitskapsfolk om å gi sitt bidrag til å oppgradere landets økonomi, slik at ein kunne ta att forspranget til dei utvikla landa. For å møte utfordringa i den globale økonomien trengte landet vitskapsfolk i verdsklasse, sa Jiang på ein nasjonal konferanse om vitskap og teknologi. Omkring 1000 vitskapsfolk var med på konferansen, som skulle trekke opp Kinas strategi for vitskap og teknologi i det komande hundreåret.

Jiang sa at Kina hadde hatt stor suksess med reformpolitikken, slik at landet var sterkare og folket hadde fått betra levekåra sine. Likevel hadde utviklinga vorte hindra av ein relativt svak økonomi og problem knytte til ressursar, befolkning og miljø. Han påpeikte også at Kina, som verdas siste større sosialistiske nasjon, var under press skapt av dei økonomiske og vitskaplege forspranga i dei vestlege, utvikla økonomiane. Jiang sa i den samanheng at “visse land” framleis utøvde ein maktpolitikk mot Kina.

Presidenten bad vitskapsfolka om å fokusere på økonomisk utvikling i sitt arbeid, slik at vitskap og teknologi kunne spele ei viktig rolle for framtidens økonomi. Han oppmoda også vitskapsfolka om å oppretthalde sin lojalitet til kommunistpartiet. (*HKS* 28.5.96)

⁴⁷ Dei fire andre områda er industri, handel, transport og anleggsvirksomhet

Yunnan tek den gyldne vassvegen til velstand

Eit utviklingsprosjekt langs Lancangjiang – den øvre delen av for oss meir kjende Mekong – er av vital verdi for Yunnan-provinsen. Provinsregjeringa har satsa mykje på å stimulere den økonomiske utviklinga langs Lancangjiang-floda. I 1996 la Yunnan fram planar om å investere heile 7,2 milliardar yuan i 62 infrastrukturprosjekt langs floda, som flyplass, transport, energi, telekommunikasjonar og vasskonservering.

Særleg nytte av *Lancangjiang-Mekong utviklingsprosjekt* vil Xichuanbanna ha. Xichuanbanna er eit autonomt prefekturat i den sørlege delen av Yunnan-provinsen. Prosjektet skal betre kommunikasjonane mellom landa i Lancangjiang-Mekongbassenget. Lancangjiang-Mekong-floda startar i Tanggula-fjella i Qinghai-provinsen, og flyt gjennom Qinghai, den autonome regionen Tibet og Yunnan. Deretter renn ho gjennom Burma, Laos, Thailand, Kampuchea og Vietnam før ho kjem fram til havet i Ho Chin Min-byen. Den 4180 km lange floda er den største i Sørøst-Asia, og 2120 km av ho er i Kina.

Lancangjiang-Mekong-floda er den viktigaste vasstransportåra i dette området, då ho bind saman Sørvest-Kina med Sørøst-Asia. Floda har eit jamt og godt tilsig av vatn, slik at ho har eit stort vasskraftpotensiale. I tillegg er det store mineralførekomstlar langs floda; ein finn t.d. Kinas største bly- og sinkgruver i Yunnan. Ein har også rike felt med kopar, tinn, tungsten, gull og marmor. I dei djupe elvedalane finn ein dessutan viktige produksjonsområde for te og gummi. Turismepotensialet er også stort, med strålende naturopplevingar, kulturminnesmerke og fleire nasjonale minoritetar.

Offentlege tenestemenn i Xichuanbanna håpar at prosjektet skal knyte prefekturatet endå betre opp mot verdsøkonomien, og få ekstra fart på grensehandelen, gjennom det som har blitt kalla “den gyldne vassvegen”. For å førebu dette har prefekturatet samarbeidd med nabolanda for å betre transporttilhøva både på land og vatn. Kina har arbeidd med å utbetre elveleiet til Lancangjiang-elva sidan 70-talet. Innan 1998 skulle ein ha danna ein stor nok sandbarrikade til at skip opp til 300 tonn dødvekt skulle kunne segle 300 km oppover elva. To nye hamner, Jinghong og Guanglei, var i 1996 under utbygging. Varetransporten i området auka kraftig utover 90-talet. I 1995 vart meir enn 30.000 tonn av import- og eksportvarer sendt gjennom Jinghong åleine, og ei dobling av dette var forventa i 1996.

Av andre tiltak kan nemnast at Xichuanbanna, Laos og Burma har bygt nye vegar for å fremme innbyrdes handel og investeringar. I mai 1996 ferdigstilte eit selskap frå Xichuanbanna ein ny motorveg til Namtha i Laos, noko som gav betre samband mellom Xichuanbanna, Laos, Vietnam og Thailand. Ein motorveg mellom provinshovudstaden i Yunnan (Kunming) og provinshovudstaden i Guangxi (Nanning) var også under bygging i 1996. (HKS 24.6.96)

Dilemmaet med prisfastsetting på korn og ris

Det mange ikkje er klar over, er at inflasjon, og dermed auka matvareprisar, var ein av dei viktigaste grunnane til at mange Beijing-buarar slutta seg til studentdemonstrasjonane i 1989. Sommaren 1988 hadde sentralregjeringa planar om å auke kornprisane. Rykte om dette spreidde seg, og folk sprang i panikk til bankane og tok ut pengar for å kjøpe mest muleg før prisane steig. Dette skjedde i dei fleste byane i Kina. Hamstringa førte til at inflasjonen nærma seg 20 %. Neste år gjekk millionar av Beijing-borgarar i gatene saman med studentane, og eit av dei sentrale krava deira var kontroll med dei galopperande prisane.

Trass i faren for nye protestar heva bystyresmaktene detaljprisane på korn med mellom 10 og 80 % sommaren 1996. Bakgrunnen for prisauken var at subsidieringa av kornprisane for byborgarane tok fleire hundre millionar yuan av byens budsjett, og dette hadde ein eigentleg

ikkje råd til. Den største prisstiginga kom på kveitemjøl, som steig med 80 % frå 1,30 til 2,34 yuan per kilo. Ris, som alltid har vore relativt dyrt i Beijing, steig med ca 10 % frå 2,8 til 3,10 yuan per kilo. Andre typar korn og bearbeidde matvarer ville også stige. Men Xinhua melde at hæravdelingar plassert i Beijing framleis ville kunne nyte godt av subsidierte kornprisar.

Dei som vart hardest ramma av prisauken var dei arbeidslause og tilsette i kriseramma statsverksemdar. For å bøte litt på skaden dette ville påføre dei fattigaste, innførte ein samstundes ei minsteinntekt i byen. I eit internt skriv lova byregjeringa å gi økonomisk støtte til familiar med mindre enn 170 yuan i månadsinntekt. Lovnaden vart oppfylt i desember 1996, då det vart bestemt at nedre inntektsgrensa for å klare seg i Beijing var 170 yuan i månaden. Dei som låg under denne grensa fekk utdelt gratis korn- og oljekupongar.

Auken i kornprisane kom på eit tidspunkt då inflasjonen i Kina tok til å kome under kontroll. Etter ein periode med tosfra årleg inflasjonsprosent var ein no tilbake til eit einsifra nivå. Avgjerda tyder på at styresmaktene følte at dei hadde eit betre grep på økonomien, og ekspertar rekna med at dette kunne vere eit første skritt på vegen mot fri prisdanning på kornprodukt. (HKS 2.7.96, 5.3.97)

Oppmoding om å betale bøndene kontant

Trass i store kornavlingar i 1996, gjorde minkande investeringslyst hos bøndene styresmaktene ottefulle for dei framtidige kornhaustane. Ei undersøking i Fujian-provinsen viste ei nedgang i landbruksinvesteringane på over 13 %. Den reelle nedgangen var endå større, då prisane på råvarer og andre investeringsobjekt i landbruket var stigande. Årsaka til at investeringane gjekk ned, var aukande prisar på innsatsfaktorar, fallande prisar på ferdige produkt, og det faktum at lokale styresmakter kjøpte opp store mengder korn på kreditt. Alt dette gjorde bøndene pessimistiske med tanke på framtida. Dette problemet hadde ein også i 1998, noko som gjorde at statsminister Zhu Rongji gjekk ut med ei sterk oppmoding til oppkjøparane om å betale bøndene kontant, slik at dei skulle bli oppmuntra til å halde fram med korndyrking.

Eit anna tiltak for sikre meir korn til menneskeføde, var at ein ville satse meir på dyrehald som ikkje kravde så mykje korn. Ein stor del av kornproduksjonen i Kina blir nemleg brukt til dyrefôr. Grisar et t.d. mykje mais. Som ein følgje av dette, ville ein satse meir på kornsparande dyreslag som sauer og storfe, og mindre på svinekjøttproduksjon. Men meldinga om denne omlegginga av produksjonen stemmer dårleg overeins med andre meldingar, som seier at regjeringa ønskjer å doble svineproduksjonen til ein gris per person per år. Løysinga kan vere å importere proteinrikt soyamjøl frå USA for å føre grisane, i alle fall ser amerikanarane sjølv ein stor potensiell marknad her. (HKS 12.8.96, 2.12.96, 16.12.96; *Lateline News* 6.12.98)

Gunstige utviklingslån til det fattige innlandet

Viseminister Sun Zhenyu i Departementet for handel og internasjonalt samarbeid sa i august 1996 at Kina ønskte fleire mjuke lån⁴⁸ frå utlandet for å framskande utviklinga i dei tilbakeståande og fattige områda av landet. For å få fart på det fattige innlandet skulle vilkåra for slike mjuke lån gjerast gunstigare. Til då hadde dei fattige områda nølt med å ta opp mjuke lån, sjølv til gode prosjekt, av di dei var redde for å ikkje klare nedbetalinga. Berre 16 % av dei mjuke utanlandsslåna vart kanalisert til dei fattige innlandsprovinsane, sa Sun. Og kapitalmangel var nettopp det største hinderet for utvikling i desse områda. Følgjande endringar vart derfor foreslått av Sun:

⁴⁸ Mjuke lån er lån med uvanleg låg rente. Mange rike land gir mjuke lån til utviklingsland som ei form for u-hjelp.

- Mjuke lån skulle ikkje lenger avgrensast til miljøtiltak, men skulle også kunne gå til jordbruks- og industriføremål, så sant prosjekta var kommersielt levedyktige
- Kinesisk-utanlandske samarbeidsselskap skulle få lettare tilgang til heimemarknaden i Kina. Krav til eksportkvotar skulle takast bort, då dette var eit stort problem i det indre av Kina med dårlege kommunikasjonar og lange avstandar til eksportthamner
- Provinssstyresmaktene skulle få større fullmakter til å godkjenne utanlandske investeringar. Dei lokale styresmaktene skulle fritt kunne tillate investeringar opp til 30 millionar US\$, mot berre 10 millionar før (*China Daily Business Weekly* 8.96; *HKS* 12.8.96)

Veteran ber om reformer i fattige område

Hausten 1996 gjennomførte tidlegare president Yang Shangkun ei reise i den fattige Gansu-provinsen i det nordvestlege Kina. Yang var ein dei få partipensjonistane som framleis hadde politisk innverknad. Saman med toppar frå regjeringa og partiet i provinsen inspiserer han byutviklings- og infrastrukturprosjekt, statsbedrifter i provinshovudstaden Lanzhou og historiske stader i provinsen.

Til dei lokale leiarane sa Yang at medan Kinas reformpolitikk dei siste tjue åra hadde fokusert på kystområda, ville Beijing no prioritere utvikling i dei fattige områda i det sentrale og vestlege Kina. Han sa også at dei lokale leiarane måtte sette i verk tiltak for å opne provinsen for investorar frå dei rikare områda i Kina så vel som utlandet. Yang oppmoda dei lokale leiarane om å frigjere tankane sine og vere modige nok til å prøve ut nye reformer og tiltak for å opne provinsen mot omverda.

Yang Shangkun var med på den lange marsjen, og rekna for å vere ein nær alliert med Deng Xiaoping. Han trekte seg frå presidentvervet og ei toppstilling i hæren i 1992, etter at halvbroren hans, general Yang Baibing, vart avsett frå ei viktig posisjon i Den sentrale militære kommisjonen. Når han i 1996 reiste rundt saman med toppfolk i provinsen, vart det tatt som eit teikn på at han framleis var ein person å rekne med i kinesisk politikk. (*HKS* 18.9.96)

Velstand skal ta vekk grunnlaget for separatistrørslene

Partisekretæren i Indre Mongolia, Liu Mingzu, skreiv i magasinet *Søk Sanninga* at oppstyret skapt av ulike separatistrørslar kunne roast ned gjennom å betre dei materielle levekåra for lokalbefolkninga:

“For tida har nokre fiendtlege vestlege krefter engasjert seg i å splitte Kina under påskot av menneskerettar og etniske og religiøse problem. ... Berre ein sterk økonomi og betra materiell og kulturell levestandard kan vise fordelane med sosialismen ... og fremme sameining av alle folka under kommunistpartiet. ... Offentlege tenestemenn må satse alt på å styrke den lokale økonomien, for denne er grunnlaget for fremming av økonomisk og sosial utvikling, konsolidering av det nasjonale forsvaret, stabilisering av grensene og trygging av einskapen i moderlandet.” (*HKS* 3.10.96)

Slike separatistrørslar det her er tale om kan ein finne i randområde som Tibet og Xinjiang, men også i Indre Mongolia har minoritetsfolk byrja å murre. Alle desse tre områda har status som autonome regionar i Kina. Tibet og Xinjiang, og til ein viss grad også Indre Mongolia, lid under stor fattigdom, mangelfull infrastruktur og svak økonomi. Stor innvandring av han⁴⁹-

⁴⁹ Han-kinesarane er den mest utbreidde folkegruppa i Kina. Dei utgjer fleirtalet i alle provinsar eller regionar i Kina med unntak av Tibet and Xinjiang.

kinesarar har gjort mongolane til ein minoritet i sitt eige land. Problema Beijing har hatt i forhold til Tibet og Dalei Lamas tilhengjarar der er velkjende i Vesten.

Mindre kjende er kanskje forholda i Xinjiang. Xinjiang har ein tyrkisktalande majoritet kalla uyghur eller uighur. Uyghurane er muslimar, og har sterke band til dei islamske statane i det tidlegare Sovjetunionen. Mange uyghurske separatistar, som arbeider for eit uavhengig Xinjiang, har t.d. søkt tilflukt i nabolandet Kazakstan. Desse flyktingane har hevda at mange tusen har vorte arrestert etter ulike typar aksjonar eller demonstrasjonar for å sette fokus på uavhengnadsspørsmålet. (HKS 3.10.96)

Meir pengar til kampen mot fattigdommen

På ein felles arbeidskonferanse for partiet og regjeringa i september 1996 tok partisjef Jiang Zemin til orde for å bruke meir ressursar til å få bukt med fattigdommen:

“I løpet av dei fem neste åra, same kor vanskeleg oppgåva med å eliminere fattigdommen måtte vere, ..., må vi vere fast bestemte på å vinne denne kampen. (HKS 25.9.96)

Når ein her snakkar om å eliminere fattigdommen innan fem år, må vi hugse at dette er i forhold til den kinesiske fattigdomsgrensa, som i 1996 låg på ei årleg inntekt per hovud på 530 yuan (64 US\$)⁵⁰. Etter denne definisjonen hadde Kina 65 millionar fattige i 1996.

I følgje Xinhua skulle sentralregjeringa auke dei årlege løyvingane til kampen mot fattigdom med 1,5 milliardar yuan. Dette tilsvarer ein auke på ca 15 %. Midlane skulle brukast til vegbygging og betring av vasstilgangen i fattige område. I tillegg skulle det kvart år setjast av tre milliardar yuan ekstra lånekapital til lønnsame investeringar i jordbruk og husdyrhald. Provinsregjeringane vart oppmoda om å gi løyvingar tilsvarande 30-50 % av det sentralregjeringa sette av. Pengane skulle hjelpe folka i landets fattigaste område til å betra standarden på jordbruket, få i gang inntektsbringande prosjekt, vegbygging og sikring av drikkevasskjelder.

Eit viktig poeng for sentralregjeringa var at det aukande gapet mellom rike og fattige kunne gi grobott for sosial uro. Nokre kinesiske forskarar hadde åtvara om at den aukande kløfta mellom rike og fattige kunne underminere den sosiale stabiliteten og føre til uro eller til og med opprør. Jiang Zemin sa det slik:

“Det å få fart på utviklinga i dei fattige områda er ikkje berre eit økonomisk problem, men også eit politisk problem som har med landets langsiktige stabilitet å gjere. ... Denne viktige oppgåva har samanheng med å drive landet på ein god måte, og å gi naboane fred og tryggleik. Vårt mål om å eliminere fattigdommen innan slutten av hundreåret må aldri rokkast ved.” (HKS 25.9.96)

Jiang har dermed fire vonder han vil fjerne: Kriminalitet, korrupsjon, inflasjon og fattigdom. Desse problema heng til dels saman. T.d. har sentralregjeringa sagt at det skal slåast hardt ned på korrupte – eller i beste fall overivrige – tenestemenn som skviser bøndene med illegale skattar og avgifter.

Ei lita veke etter denne høgt profilerte konferansen kom Xinhua med ei melding som inneheldt mykje av det same. Eliminering av fattigdomsproblemet vart på nytt kopla til den niande femårsplanen frå 1996 til 2000. Byrået innsåg at dette ikkje ville bli lett:

“For verdas største utviklingsland vil det vere ein prestasjon utan sidestykke om fattigdommen verkeleg er historie i løpet av denne tidsperioden.” (Sitert frå HKS 30.9.96)

⁵⁰ Den internasjonale fattigdomsgrensa, som t.d. Verdsbanken brukar, ligg som tidlegare nemnt på 365 US\$ per år (dvs ca 3000 yuan)

Av konkrete tiltak kan følgjande nemnast:

- Xinhua melde at Statens Utviklingsbank så langt i 1996 hadde skaffa 55 milliardar yuan i lågrentelån til underutvikla regionar
- I tillegg var tre større infrastrukturprosjekt på gang: “Tre Kløfter”- dammen i det sentrale Kina, Ertan-dammen i Sichuan og jernbanebygging i det austlege Xinjiang
- Ved sidan av statsstøtte hadde Beijing utarbeidd planar for å skaffe utanlandske investeringar i det vestlege Kina
- Beijing hadde også oppmoda dei rike austlege provinsane om å hjelpe dei fattige områda. Kvar kystprovins er konkret bedt om å hjelpe ein fattig region. Dei statlege media gav i denne perioden brei dekking av korleis rikare regionar hjelpte dei fattige med gåver, investeringar og reduserte prisar på diverse varer. Eit viktig poeng å få med seg her er at den store satsinga på fem spesielle økonomiske soner langs kysten⁵¹ kan ha gått på bekostning av dei fattige områda i innlandet og i vest. I perioden 1978 – 1992 gjekk 92 % av investeringskontraktane til kystområda, medan innlandet fekk mindre enn 8 %. Med kinesisk medlemskap i WTO, som truleg kjem før eller seinare, vil ein truleg måtte slutte med slik spesialbehandling av enkelte regionar. WTO krev i utgangspunktet ein einskapeleg nasjonal investeringsstruktur
- Byrdene for bøndene måtte lettast på. Dette innebar både skatterreform, fjerning av ulovlege skattar og avgifter, og auka støtte i samband med naturkatastrofar. På dette området kom regjeringa med eit 10-punktprogram i november 1996

Tala frå dei første åtte månadane i 1996 viste at regjeringa likevel ikkje makta å auke investeringane i lokal utvikling i dei sentrale og vestlege regionane noko særleg, trass i kraftige reduksjonar i slike investeringar i dei austlege delane av landet. Årsaka til dette var nok at den sentrale regjeringa var under stort press for å subsidiere matvareprisane og dekke pengesluket i statsbedriftene. Ein hadde rett og slett ikkje nok midlar å sette inn, trass i prioriteringa om å minske gapet mellom dei rike og fattige delane av landet i den niande femårsplanen. Stoda vart hjelpt litt av at lokale midlar vart sett inn i tillegg til det som kom frå sentralt hald. Likevel må det kraftigare kost til om dei ambisiøse måla skal nåast. Dette viser også at dei utanlandske investeringane ein vonar å trekke til seg er nødvendige for å nå målet.

I 1996 gjekk 88 % av dei utanlandske investeringane til kystområda, og berre 12 % til dei indre og vestlege regionane. Regjeringa ønska å auke den delen av investeringane som gjekk til dei fattige områda til 20-30 %. Ein vona at utjamning av skatteprosenten mellom dei spesielle økonomiske sonene og resten av landet skulle rette opp dette skeive investeringsmønsteret. Selskapsskatten var 15 % i dei økonomiske sonene, mot 33 % i resten av landet. Kvar dei utanlandske investeringane vil gå i framtida er likevel eit ope spørsmål. Thomas Chan, leiar for China Business Centre ved Hong Kong Polytekniske Universitet, spådde at Jiangsu-provinsen og naboprovinsane langs austkysten i framtida vil bli den fremste kjelda til Kinas økonomiske utvikling. Han meinte at Jiangsu ville slå ut Guangdong, som til no har vore mest interessant for investorar frå Hong Kong. Dette grunna Chan med eit betre økonomisk fundament i Jiangsu gjennom ein sterk teknologisk base, ein stor heimemarknad og betre kommunikasjonar. Dei japanske og taiwanske investeringane i Jiangsu gjekk rett til vêrs, sa Chan.

Trass i desse openberre vanskaner gjentok president Jiang ved fleire høve målet om å ende fattigdommen innan år 2000. I månadskiftet oktober – november 1996 vitja Jiang provinsane

⁵¹ Dei fem spesielle økonomiske sonene gir gunstige vilkår for utanlandske investeringar ved liten skatt, god infrastruktur og lite byråkrati. Sonene er valde ut slik at dei er nær Hong Kong og Macao, eller Taiwan. Dei fem er Shenzhen, Zuhai, Shantou, Hainan og Xiamen. Ein har i tillegg ei ordning med over 30 opne kystbyar etter same oppskrift.

Guangxi og Guizhou, to av Kinas fattigaste område. Nedtrykt over dei miserable levetilstanda han kunne observere blant nokre bønder, sa han nok ein gong at Kina måtte avskaffe fattigdommen innan tusenårsskiftet. Han oppmoda lokale tenestemenn om å gjere meir for å hjelpe dei fattigaste landsbybuarane. Men han la også til at det å løyse problema når det galdt mat og klede for dei fattige på landet var ein del av det strategiske programmet til regjeringa og kommunistpartiet. Regjeringa ville mellom anna auke dei årlege løyvingane til avhjelping av fattigdommen med 1,5 milliardar yuan i perioden 1997-2000. Pengane skulle gå til vegar, jordbruksland og betringar i vasstilsførsle. Dessutan skulle Jordbruksutviklingsbanken i 1997 låne ut 3 milliardar yuan til kampen mot fattigdommen. Dette kom i tillegg til 5,5 milliardar yuan som banken alt hadde lånt ut til slike formål.

Jiangs tale om fattigdomsproblemene frå september 1996 vart trekt fram att i januar 1997, då fleire av dei store avisene i Kina slo han stort opp på første side. Tidspunktet var ikkje tilfeldig valt. For det første var det sjølvstykke viktig for styresmaktene å få fram at dei fattige ikkje var gløynde, og at regjeringa arbeidde med problema. Men dette var like før den kinesiske nyttårsfeiringa⁵², då tradisjonen tilseier at leiarane reiser ut i fattige område og deler ut gåver. Det vart sikkert litt lettare å reise rundt etter desse godt "tima" avisoppslaga. Statsminister Li Peng besøkte i den samanheng stålfabrikken i Anshan, der han gav uttrykk for stor uro over levekåra til arbeidarane, og oppmoda dei om å stå saman for å kome over mulege framtidige kneikar. Han rosa det nye minimumslønssystemet i statsbedriftene. På grunn av dårleg økonomi og for mange tilsette betalar mange statsbedrifter ei lita løn til oppsagde arbeidarar medan dei prøver å skaffe seg anna arbeid. (HKS 25.9.96, 30.9.96, 7.10.96, 28.10.96, 6.11.96, 18.11.96, 7.1.97, 27.1.97, 4.2.97; SCMP 1.4.97, 3.4.97, 7.5.97)

Ros til det militære for oppfølging av Jiangs oppmoding

Få dagar etter at talen til Jiang frå september 1996 om å fjerne fattigdommen vart offentleggjort, kom Xinhua med ei melding om at militæret hadde følgd opp med konkret handling: Folkets frigjeringshær og Folkets væpna politi hadde i 1996 donert pengar, klede og varer til 200.000 menneske, dessutan hadde ein gitt opplæring og medisinsk hjelp til fattige område. Den følgjande oversikta viser innsatsen til det militære, som fekk velfortent ros frå regjeringa i Beijing:

- Donasjon av eit titals millionar yuan så vel som klede og andre varer til område ramma av naturkatastrofar og fattigdom
- Donasjon av meir enn 10 millionar yuan til bygging av 180 barneskular i fattige område
- Militærets tekniske skular og forskingsinstitutt hadde organisert program for opplæring av bønder. Meir enn 300.000 bønder hadde fått opplæring i dei 8000 programma som vart gjennomført i 1996
- Troppane hadde også gitt opplæring i næringsverksemd slik at bøndene kunne skaffe seg inntekter utanfor jordbruket
- Ein hadde også sendt ut utdanna personell for å yte medisinsk hjelp til fattige
- Desse medisinske arbeidslaga hadde også gitt utstyr og medisinar til lokale sjukehus for å betre legetenestene og hygienen i fattige regionar (HKS 10.1.97)

⁵² Kinesisk nyttår følger månefasane og kjem vanlegvis i januar eller februar. Dette er den viktigaste festivalen i kinesisk kultur, og feiringa blir relativt kostbar for dei fleste kinesarar.

Husprosjekt for fattige familiar

Hausten 1996 vart det lansert to nye tiltak for å få fart på husmarknaden i Kina; innsprøyting av kapital og eit nytt prisfastsettingssystem. Bustadsministeren, Hou Jie, sa til *China Daily* at regjeringa ville bruke 5 milliardar yuan ekstra dette året på husprosjekt for fattige familiar. Hou sa at dette skulle skape 16 millionar ekstra kvadratmeter⁵³ av såkalla *Anju*-hus, det vil seie relativt billige husvære som familiar med middels og lågare inntekt ville ha råd til. Frå før hadde styresmaktene sentralt og på provinsnivå til saman sett av ca 14 milliardar yuan til dette tiltaket, som gjekk under namnet *Komfortable husprosjekt*.

Målet i femårsplanen 1996 – 2000 var at buflata per person skulle auke frå 8,5 til 9,7 kvadratmeter. For å nå dette målet, ville regjeringa ville prøve å få med utanlandske investorar. Herr Hou viste til at utanlandske selskap som hadde investert i husprosjekt i Shanghai og Wuhan, naut godt av ei avkastning på 15 %.

Det nye prissystemet innebar at prisane på husvære i større grad skulle fastsetjast av marknaden. Regjeringa ville likevel skjerma ein del av husprisane frå marknaden lunefulle dom. Ein såg det som viktig å halde prisane på *Anju*-hus så låge at dei var attraktive og oppnåelege for målgruppa, men ikkje så låge at dei trekte til seg kjøparar frå andre segment. (HKS 4.10.96)

Kontakt mellom fattige regionar i Kina og USA?

China Daily skreiv i februar 1997 at Kina planla å sende ein delegasjon frå det underutvikla innlandet til pengefattige område i USA, med det føremål å knyte handelsmessige band. “Innlands-Kina og dei mindre rike statane i USA skil seg mindre frå kvarandre når det gjeld økonomisk utviklingsnivå, og det gjer økonomisk samarbeid lettare,” siterte avisa ein leiande organisator av heimlege og internasjonale handelsmesser. Det var ikkje opplyst om kva fattige statar i USA dette dreia seg om, men andre handelsdelegasjonar frå Kina skulle vitje land som India, Pakistan, Sør-Afrika og Latin-Amerika dette året. (HKS 24.2.97)

Fanshen (omstilling) i Guizhou

Guizhou er ein sørvestleg innlandsprovins med eit klårt fattigdomsstempel på seg – eit stempel dei har eit høgt ønskje om å kaste av seg. Provinsen er rik på natur- og mineralressursar, men har lide under dårlege kommunikasjonar og er rekna som eit av dei minst utvikla områda i Kina. Ca 90 % av landet i provinsen er fjell-landskap, noko som utgjer ei utfordring i seg sjølv. I 1990 utarbeidde provinsen ein plan for bygging av moderne motorvegar og betre vilkår for elvetransport for å redusere reisetida til havet og viktige elvar som Chang Jiang⁵⁴. Målet var å redusere reisetida til Beibu-gulfen og Chang Jiang til høvesvis 12 og 10 timar. Den sentrale regjeringa såg positivt på planane, og i 1996 vart det meldt at ho hadde lova å stå for 1/3 av investeringane.

Etter eit møte mellom provinsleiinga og kinesiske toppleiarar i februar 1997, var det optimisme å spore i dei offisielle kommentarane. I provinshovudstaden Guiyang sa viseguvernøren Lou Jiwei at han følte seg trygg på ei positiv utvikling i provinsen. Han såg vitjingar av toppleiarar, mellom anna president Jiang Zemin året før, som eit teikn på større satsing på innlandet.

Lou Jiwei nemnde den nye flyplassen i Guiyang som eit døme på at støtta frå sentralt hald allereie gjekk ut over det verbale planet. Den nye flyplassen, som erstatta ein som vart bygt i 1958, kunne snart opnast⁵⁵. Den skulle ha ein kapasitet på fem millionar reisande i året. Av

⁵³ Omrekna frå kvadratfot

⁵⁴ Ofte kalla Yangtze-floda, men Chang Jiang er det offisielle kinesiske namnet

⁵⁵ Flyplassen vart opna i mai 1997

dei totale kostnadene på 1,2 milliardar yuan kom 730 millionar frå den sentrale regjeringa, inkludert eit lån på 460 millionar frå den sivile luftfartsadministrasjonen. Provinsstyresmaktene hadde forventningar til at den nye flyplassen skulle hjelpe til å utvikle Guizhous økonomi og hjelpe mange av innbyggjarane ut av fattigdommen. Lou nemnde også andre samferdsleprosjekt med tilsvarende finansiering, som ein veg mellom Guiyang og Nanning, og ei jernbane mellom Guizhou og Kunming.

Tradisjonelt har jordbruket i Guizhou fått mykje støtte frå Beijing (årlege investeringar på 4-500 millionar yuan), trass i at 90 % av arealet i provinsen består av fjell-landskap og jungel. No blir meir midlar kanalisert i retning av generell næringsutvikling og satsing på turisme.

I Guizhou ønskjer dei å tiltrekkje seg bedrifter frå kystbyane, særleg frå Shenzhen, Qingdao og Ningbo. Det fremste lokkemiddelet er billegare arbeidskraft, ned til halvparten i forhold til kysten. Dessutan påpeker dei at dei "berre" er 800 km frå kysten. Frå sentrale styresmakter har dessutan kystbyane vorte oppmoda om å undersøke investeringsmulegheitene i sine oppland.

Kampen mot fattigdommen omfattar også støtte til folk som vil ta utdanning, få færre barn og flytte til betre bustader. Landsbyen Luo Yi Xin Zhai nær Guiyang vart t.d. bygt med 490.000 yuan i støtte frå provinsregjeringa. 25 familiar frå Miao-minoriteten vart i 1995 flytta til landsbyen frå primitive hytter 6 km unna. Kvar familie fekk ei ku, ein gris, tre kaninar og to små teigar med dyrkbar jord. Flytteutgifter opp til 800 yuan vart også dekkja.

Dei nye heimane hadde innlagt elektrisitet, vatn og andre ting som trengst i ein moderne heim, som t.d. tilkopling til parabolantenne for satellitt-tv. I 1996 var gjennomsnittleg årsinntekt per capita i landsbyen 750 yuan per år, det vil seie ei tredobling i forhold til 1993 i følge det lokale kommunistpartiet. Landsbyen har vorte ein nasjonal modell, og var med på reiseruta til president Jiang Zemin då han besøkte Guizhou i 1996. Ei offisiell brosjyre skildra omstillinga i landsbyen slik: "Landsbybuarane er ikkje lenger latsabbar, men hardt arbeidande."

Styresmaktene i provinsen subsidierte i 1997 kvar familie med 140 yuan for å oppmuntre dei til å halde fram med jordbruk. Dei familiare som rettar seg etter reglane om fødselskontroll får pengestøtte og hjelp med gardsdrifta. Tanken er også å redusere analfabetismen og å innføre moderne jordbruksmetodar for å auke produktiviteten.

Sjølv om alt dette har gitt innbyggjarane i Guizhou håp om betre tider, er det framleis ein del problem i sikte. Konkurransen mellom ulike provinsar om innanlandsk kapital er knallhard. Ein motorveg til kystbyen Beihai i naboprovinsen Guangxi ville bety mykje for Guizhou. Men det er lite sannsyn for at styresmaktene i Guangxi vil vere med på å finansiere eit slikt prosjekt, fordi dei truleg heller vil prioritere ein motorveg frå sin eigen hovudstad (Nanning) til den inntektsbringande feriebyen Beihai.

Fjell- og jungellandskapet i Guizhou gjer vegbygging vanskeleg og dyrt, faktisk dobbelt så dyrt som i Guangdong. Samstundes blir den forventa avkastninga av vegane mindre som følgje av dårlegare trafikkgrunnlag enn Guangdong. Dette er negative moment som gjer mulege investorar skeptiske. Provinsen har planar om eit vegnett på 1300 km, men framdrifta er det så som så med. Vegdirektør Gao Guangli hadde følgjande kommentar til ein ny veg under bygging mellom Guiyang og industribyen Zunyi: "Du kan berre forvente sosiale nytte av denne vegen, berre ikkje prøv å måle nytten i hard valuta."

Storleiken på problema i Guizhou kan illustrerast med at meir enn seks millionar menneske tener mindre enn 500 yuan i året, noko som er langt under landsgjennomsnittet. Omtrent kvar einaste bransje ventar på utviklingshjelp. Provinsen – som har vore ein av Kinas tradisjonelle militærbasar – har hundrevis av statselskap som må ha hjelp utanfrå for å overleve.

Sjølv om provinsen kan skryte av store mulegheiter for vasskraftutbygging, gjer mangelen på investeringar at innbyggjarane må vente lenge før potensialet blir utnytta. Fem av sju planlagde vasskraftverk eksisterer enno berre på teiknebordet. Truleg tek det 25 år å sette

planane ut i livet. Provningsstyresmaktene har eit visst håp om internasjonal finansiering av prosjekta, men det er langt fram her. (HKS 10.6.96; SCMP 16.04.97, 21.4.97, 24.5.97, 2.6.97)

Hjelp til dei fattige i fjella

Mange av dei fattigaste i Kina bur i fjellområde. Av dei 80 millionane som ein offisielt rekna å vere under fattigdomsgrensa i 1997, budde 58 millionar i fjell-landskap. På eit nasjonalt møte om fattigdom og utvikling i Guiyang, hovudstaden i Guizhou-provinsen, lova sentralregjeringa å tildele 700 millionar yuan i gunstige lån for betring av levekåra til dei som budde i fjella. I første om gang var det 59 pilotfylke som skulle få tilgang på desse midlane. Prioriterte tiltak var bygging av vegar og kraftverk, og utvikling av skogbruk og vatningsanlegg. (SCMP 21.4.97)

Militæret blir “sivilisert”

Eit anna satsingsområde i innlandet er omstilling frå militær til sivil produksjon. Tyngdepunkta i kinesisk militærindustri har lege i Guizhou, i naboprovinsen Sichuan og i den nordvestlege Shaanxi-provinsen. Denne lokaliseringa skriv seg frå 60-talet, då mange forsvarsbedrifter vart flytta til innlandet for å vere meir utilgjengelege for mulege angripingar.

Medan ein i Vesten gjerne er opptatt av å framstille Kina som ei militær supermakt i emning, er forsvarsindustrien i røynda i ferd med å overføre teknologi og ressursar frå militære formål til andre sektorar av økonomien. Dette er i tråd med regjeringa sin politikk for økonomisk utvikling, der det er naturleg at forsvaret spelar ein viktig rolle på grunn av relativt avansert teknologi, høgt utdanna personell og god tilgang på anlegg, utstyr, o.l. samanlikna med eksisterande sivil industri. Forsvarets rolle i omstillinga til ein marknadsøkonomi vart mellom anna understreka av Deng Xiaoping. Og forsvaret tenar pengar: Den totale profitten for Folkets frigjeringshær vart i 1993 oppgitt til å vere på 1 milliard US\$ av ei totalomsetning mellom 6 og 9 milliardar. Enkelte analytikarar meiner at den verkelege profitten er mykje større.

Direktøren for forsvarsindustrien i Guizhou-provinsen, Lei Xun, oppgav i april 1997 til *Hong Kong Standard* at den militære produksjonen minka i tråd med den reduserte etterspørselen. Det var dessutan den ikkje-militære delen dei tente mest pengar; nesten heile profitten kunne tilskrivast den sivile delen av produksjonen. Militære produkt var i klår tilbakegang og utgjorde berre 20 % av totalproduksjonen, medan omsetninga av sivile produkt hadde hatt ein auke på gjennomsnittleg 30 % dei siste åra. Omsetninga i 1996 var på 3 milliardar yuan. Av 100.000 tilsette har 80 % omstilt seg til sivil produksjon, og dei tilsette har opplevd ein formidabel lønnsauke. I 1997 låg gjennomsnittslønna på 8000 yuan i året, og slik sett er det eit spørsmål kor lenge ein kan påstå at ein har lågare lønnsnivå enn kystregionen.

Den “siviliserte” delen av produksjonen omfatta meir enn 3000 produkt, frå kjøkenutstyr til bilar. Guizhou er no Kinas nest største produsent av bildelar – berre slått av Shanghai. I følgje herr Lei var målet å auke eksporten frå 60 til 100 millionar yuan innan år 2000. Sentralt i strategien for å nå dette målet stod samarbeid med utanlandske selskap. Den kontroversielle kjernekrafta har også vore eit satsingsområde i militærets sivile produksjon.

No må det presiserast at ikkje alle forsøk på å omstille seg frå militær til sivil produksjon har vore like vellukka som dei i Guizhou. Mange militæranlegg i dei sentrale og vestlege regionane har fått finansiell og teknologisk støtte frå Beijing utan å kome opp med seljelege produkt. Den vanlegaste feilen har vore ei einseitig utpumping av varer i store mengder, utan tanke for etterspørsel og marknadsføring. Dessutan har ein hatt det problemet at tusenvis av dyktige vitskapsfolk og arbeidarar har søkt seg til betre betalte jobbar i kystprovinsane.

Dessutan er det lite truleg at militære bedrifter med sivil suksess vil avgrense verksemda si til dei fattige innlandsregionane. Ut frå ønsket om ei endå raskare utvikling, har ein byrja å inngå kontraktbasert samarbeid med selskap i dei spesielle økonomiske sonene langs kysten. *China Daily Business Weekly* melde i april 1997 at 80 forsvarsbedrifter alt hadde inngått slike kontraktar for meir enn 750 millionar yuan. Kontraktane omfatta til dømes etablering av fabrikkar for sivil produksjon i dei økonomiske sonene, sal av patentert teknologi eller maskineri til sivile selskap, og salssamarbeid. (HKS 21.04.97, 28.4.97; SCMP 28.04.97; *China Daily Business Weekly* 27.4.97)

Li Peng vitjar Sichuan

Nord for Guizhou finn vi Sichuan-provinsen, som også har mange fattige. I utlandet er denne provinsen kanskje mest kjend for sin sterkt krydra mat og den omdiskuterte oppdemminga av Chang Jiang ved “Tre Kløfter” – eit heilt unikt landskap. Også Sichuan hadde toppbesøk i 1997, eit klårt teikn på at dei sentrale styresmaktene ønsker å vise at dei bryr seg om problema i innlandet.

I juni 1997 var statsminister Li Peng på rundreise i Sichuan. Han vitja mellom anna vasskraftstasjonen i Ertan og Yi-minoriteten i Liangshan. Tre Kløfter var ikkje med på reiseruta denne gongen, men Li framheva utstyrsfabrikanten Changhong som eit godt føredøme for andre statselskap.

Han sa at statselskapa måtte bli meir konkurransedyktige, og at leiarane måtte sette seg inn i moderne teknikkar for å lukkast. Li minna også kadrane spesielt om at dei hadde ei viktig oppgåve i å hjelpe provinsens fire millionar bønder ut av fattigdommen. Statsministeren brukte mykje tid på å besøke fattige familiar i Liangshan, og lova dei meir hjelp frå regjeringa i Beijing. (SCMP 16.6.97)

Chongqing blir planetens største urbane sentrum

Chongqing, tidlegare Chungking, er ein storby i Sichuan som før 1997 hadde ca 15 millionar innbyggjarar. Alt då var dette Kinas største by, eit faktum som sjølv kinesarar kunne bli forundra over, då Shanghai tradisjonelt har vore rekna som størst i Kina. Chongqing er *ikkje* provinshovudstad, det er Chengdu. I mars 1997 vedtok Folkekongressen å oppgradere Chongqing til ein spesiell “bystat” direkte underlagt regjeringa i Beijing. Berre tre andre byar har oppnådd ein slik status: Beijing, Shanghai og Tianjin. Statusen er reservert avgrensa område som er høgt industrialiserte, og inneber i høg grad politisk – og dermed også økonomisk – makt.

I det offentlege hierarkiet er metropolisane jamstelte med provinsane når det gjeld makt og innverknad. Det betyr at leiinga i byen kan ta sine avgjerder og gjere sine finansielle disposisjonar utan å ta omsyn til kva provinsregjeringa måtte meine. Målet er å gjere Chongqing til eit økonomisk senter for det vestlege Kina. Den nyvunne statusen blir forventa å gi utteljing i form av høgare politisk profil, økonomisk utvikling og dermed ei utjamning skilnadene mellom innlandet og dei rike kystprovinsane.

Namnet Chongqing betyr “dobbel feiring”, og eit resultat av oppgraderinga blir i alle fall dobbel storleik, for ein reknar at den nye bystaten vil inkludere meir enn 30 millionar menneske. To mindre omkringliggende byar, Wanxian og Fuling, har vorte oppslukte i prosessen. Mexico City, Tokyo og Calcutta blir altså overgått; verdas største by er no Chongqing. Dette gjeld også om ein ser på areal. Den nye byen omfattar heile den austlege delen av Sichuan, eit område like stort som Sveits og Nederland til saman. Visepresidenten i Chongqings Samfunnsvitskapelege Akademi, Liao Yun, sa at oppgraderinga gav byen ein strategisk posisjon i Kinas utvikling inn i det 21. hundreåret.

Eit moment som vart trekt fram i diskusjonen rundt oppgraderinga av Chongqing, var om dette ville bli skadeleg for resten av provinsen og provinshovudstaden Chengdu. Nokre av Chengdu-delegatane til Folkekongressen var nok også sjalu på Chongqing. Ein kunne t.d. tenkje seg at midlar vart kanalisert til Chongqing på bekostning av resten av Sichuan. I pressa vart likevel slike påstandar tilbakevist av offisielle representantar for provinsen. Det vart tvert imot hevda at det var rom for både Chongqing og Chengdu å utvikle seg i lys av den nye situasjonen etter oppgraderinga, og at auka satsing på Chongqing frå sentralt hold, ville frigjere midlar for provinsregjeringa. Dessutan ville eit meir sjølvstendig Chongqing gi avlastning for provinsregjeringa i administrasjonen av den store folkemengda det her er tale om. Det vart også sagt at Deng Xiaoping i årevis hadde støtta ei slik oppgradering av Chongqing.

Statsminister Li Peng vitja Chongqing for første gong i juni 1997, tre månader etter oppgraderinga av bystatusen. Dette var veka etter at han hadde hatt si rundreise til dei fattige strøka av provinsen. I ein tale til dei lokale kadrane oppmoda han om harmoni og einskap i utøvinga av leiarskapet. Dette er eit potensielt problem fordi mange kadrar vil bli overført frå andre provinsar og frå sentralregjeringa som ein følge av oppgraderinga. I sin tale prøvde Li Peng å forhindre utvikling av ein konflikt mellom gamle og nye kadrar. Han oppmoda også kadrane om å syte for ei balansert utvikling av dei ulike distrikta i den nye byen, om å konsentrere seg om å få reetablert dei som må flytte på grunn av utbygginga av Tre Kløfter og for spesielt å ta hand om fattigdomsproblema. Litt av poenget med oppgraderinga av Chongqing var å gi byen ansvaret for å administrere utbygginga av Tre Kløfter. Vidare sa Li Peng at kadrane ikkje måtte neglisjere dei tradisjonelle bransjane i si jakt på ny næringsverksemd.

Industrialiseringa av Chongqing tok av under den andre verdskrigen, då Chiang Kai-shek fekk flytta fabrikkar djupt inn i det indre av Kina for å halde dei utanfor japansk rekkevidde. Ei stund var faktisk Chongqing Kinas krigshovudstad. Det vart m.a. produsert stål, maskiner, kjemikalier og tekstilar. Produksjonen heldt fram etter at kommunistane overtok makta. Etter at Mao Zedong bestemte at Kinas strategiske industri skulle flyttast til innlandet for å verne han mot åtak frå dei imperialistiske fiendane USA og Sovjetunionen, fekk Chongqing si andre bølge av industrialisering.

Tungindustri, saman med eit uheldig klima (mykje overskya og ein frykteleg sommarvarme), gjer at Chongqing blir rekna som ein av dei mest forureina og ukomfortable plassane i Kina. Malinga flassar av bygningane i byen på grunn av sur nedbør. Utstyret i mange av fabrikkane er ikkje modernisert sidan 40- og 50-talet.

Under Dongs reformpolitikk gjekk det relativt dårleg med Chongqing – litt ironisk, sidan Deng vart fødd ca 100 km frå byen. Då kinesisk økonomi kasta av seg sentralplanleggingsåket vart det mindre ordrar til overbemanna statselskap, og byen har falle ned til den dårlegaste halvdelen i Kina når det gjeld økonomisk velstand. Per capita inntekt var i 1996 t.d. 6900 yuan i Beijing, mot berre 4650 i Chongqing. Før utvidinga hadde byen 1,5 millionar fleire innbyggjarar enn Shanghai, men bruttoproduktet i byen var berre 28 % av Shanghai sitt.

Mange av statselskapa i byen er altså i dårleg stand, og bystyresmaktene har måtta låne inn pengar til selskapa for å sette dei i stand til å betale ei minsteløn på 100 yuan i månaden. Dette har ført til utsetting av nødvendige investeringar i infrastruktur. Som eit døme på mangelfull omstilling kan vi nemne ei statsbedrift med 10.000 tilsette som berre produserte to kanoner i året på grunn av liten etterspørsel. Styresmaktene har ikkje våga å la bedriftene gå konkurs, då dei sosiale følgjene er så uvisse. Dei prøvde å selje nokre av dei kriseramma bedriftene i Hong Kong, men ingen ville nytte seg av tilbodet.

Rett nok har byen med stor suksess bygt opp ein motorsykkelindustri. Ei tid stod denne produksjonen for 2/3 av overskotet frå industrien i byen, og halvdelen av dette kom frå eitt stort selskap; China Jialing Industrial Company. Motorsykkelindustrien åleine heldt liv i 300

fabrikkar og sysselsette i alt 300.000 personar. Men dei gode tidene er no over, på grunn av hardare konkurranse frå andre deler av Kina. Styresmaktene i byen har lova støtte, for dei kan ikkje berre sitje og sjå på at denne produksjonen forvitrar.

Arbeidsløysa var i 1997 på 3,4 %, mot det nasjonale gjennomsnittet på 3 %. Det høyrest ikkje så ille ut, men tala dekkar over det faktum at 15 % av dei to millionar arbeidarane i byen har måtta førtidspensjonere seg opp til 15 år før den offisielle pensjonsalderen, som er 60 år for menn og 55 for kvinner. Dette blir kalla *xiagang* - å forlate posten.

Desse xiagangarane har opplevd same problem som dei fattigaste pensjonistane i Vesten, nemleg at pensjonane ikkje blir heva i same takt som lønningane i arbeidslivet, og at det kan vere problem med å få endane til å møtast. Xiagangarar i 50-årsalderen har derfor vorte observert i køar utanfor aksjemeklarar. Dei har investert i aksjar i håp om at kursoppgang skal hjelpe på økonomien. Den generelle oppgangen i Asia var nok positiv så lenge han varte, men det er klart at når nedgangen kom, vart dei hardast ramma som har satsa matpengane sine på aksjar.

Men nokre av xiagangarane har gjort det bra. He Yongzhi starta med tre tomme potter og skal no ha ein millionforretning med 26 utsal over heile Kina. Ho mista jobben sin i ei statsbedrift og måtte finna på noko. Dette blir framheva som eit døme til etterfølging, og no prøver tusenvis å gjere det same. Men der som her tel det å ha ein god idé, for alle kan ikkje leve av å selje potter. Styresmaktene i byen reknar med at vekstpotensialet er størst i såkalla ikkje-statseigde bedrifter, som omfattar kollektivt eigde, utanlandsk finansierte og private bedrifter. Denne type bedrifter står no for vel 30 % av omsetnaden i byen.

Trass i alle desse vanskaner, var det optimistiske tonar i Chongqing alt før den siste oppgraderinga av byen. Styresmaktene hadde i 1996 utarbeidd ein klar og veldefinert økonomisk plan ut frå den reelle situasjonen. I ein forskingsrapport som vart laga for byregjeringa, heitte det at byen måtte gi førsteprioritet til utvikling av sekundærnæringane:

“Utan støtte frå sekundærnæringane vil veksten i primærnæringane bli avgrensa. Utan dragkraft frå sekundærnæringane vil tertiærnæringane mangle både kundegrunnlag og den nødvendige kapitalen for vidare utvikling.” (HKS 8.7.96)

I rapporten var det gjort ei kryssløpsanalyse for å finne ut kva næringar ein skulle satse på for få størst muleg ringverknader av investeringane. Det vart lagt fram ei liste over 34 bransjar som hadde meir enn gjennomsnittleg innverknad på andre bransjar, og 28 av desse var frå industrisektoren. På grunnlag av desse grundige økonomiske analysane laga bystyresmaktene ein 10-punkts plan for utvikling av Chongqing med følgjande satsingsområde: Vidareforedling av matvarer, produksjon av transportmidlar, kraftverk, maskinindustri, farmasøytisk industri, naturgass, kjemisk industri og raffinering.

Optimismen i 1996 var også basert på signal om at sentralstyresmaktene no ville satse meir på utvikling av det vestlege Kina. Dette året kunne ein dessutan glede seg over aukande utanlandsk interesse for å investere i Chongqing. Og byen treng verkeleg hjelp utanfrå for å starte opphentinga av dei rikare delane av Kina. I den samanheng skal ein vere merksam på at Sichuan er den mest folkerike provinsen i Kina med sine 112 millionar innbyggjarar. Dette utgjør ein stort potensiell marknad for forbruksvarer og for investeringar i denne sektoren.

Kommunistpartiet i den nye bystaten hadde sin første kongress i mai 1997. Målet er å utvikle Chongqing til å bli den økonomiske drivkrafta i området rundt øvre Chang Jiang. Kadrane ser føre seg ei firedobling av bruttoproduktet frå 1995 til 2010. I 1996 var bruttoproduktet i byen på 117,5 milliardar yuan. Bystyresmaktene har laga ein plan som skal gjere Chongqing til den viktigaste forretningsbyen i det vestlege Kina innan år 2010. Det er ikkje småtterier som skal til for å nå dette målet. Det trengst ei revitalisering av statsselskapa, betre vilkår for etablering av private bedrifter, utvikling av dei rurale distrikta, auka satsing på

handel og utbygging av infrastruktur. Ein treng også tilførsle av kapital frå utlandet. Innan år 2010 vonar ein at utlandet vil stå for 30 % av investeringane i byen.

Folk i landdistrikta innanfor den nye bygrensa utgjer 80 % av befolkninga, og av desse er 3,6 millionar rekna å vere under fattigdomsgrensa. Viktig for å realisere planane er derfor ei betring av den rurale økonomien, samstundes som ein må bygge opp nye buområde for ein million menneske som må flytte som følgje av utbygginga av Tre Kløfter. Som nemnt er det ein del av avtalen med dei sentrale styresmaktene at den oppgraderte metropolisen skal ta imot desse.

Ein annan sektor som treng kraftig utvikling er varehandelen. I følgje offisiell statistikk utgjorde detaljhandelen 45 milliardar yuan i 1996. Dette var 21 % opp i forhold til året før, men framleis godt under byar som Beijing og Shanghai. Trass i relativt lita individuell kjøpekraft, er ein marknad på 30 millionar konsumentar interessant. Men planane ser vidare enn som så. Økonomien skal styrkast gjennom auke av personlege inntekter og ved å etablere Chongqing som eit handelssenter for heile Sørvest-Kina – eit område med 200 millionar konsumentar. Investorar som ser dette potensialet er allereie inne i byen.

Men framleis står det att store problem når det gjeld infrastruktur. Det dårlege veret og det uframkomelege terrenget har gjort byen vanskeleg tilgjengeleg. Dette var sjølvstundt ein stor fordel under krigen mot japanarane, men er ein vesentleg ulempe no. No er det ein skrikande mangel på skikkelege vegar, og elektrisitetsforsyninga er for ustabil. Transport er eit problem både innan byen, og til og frå byen. Eit vanleg syn i kinesiske byar er ein hær av syklistar. Slik er det ikkje i Chongqing; vegane går i sikksakk og bakke opp og ned, slik at det faktisk er fotgjengarar som dominerer gatene. Eg var i Chongqing i ei veke i 1999, og såg berre to syklistar.

Det første trafikklyset i byen kom ikkje før i 1996, og trafikkulturen er ikkje den beste, sjølv etter kinesisk målestokk. Trafikkpolitiet plukkar tilfeldig ut "rågjenarar" som blir straffa med å måtte stå med ei raud skyggelue og eit gult flagg og dirigere andre forbipasserande, inntil ein ny syndar er funnen som kan overta. Eit tiltak som har skapt nye servicejobbar er at alle bilar i byen skal vere reinvaska. Dei som kjem inn i byen med ein skiten bil får straks bot av politiet.

Chang Jiang renn rett gjennom byen. Nyleg er ei bru nr to over elva opna, noko som lettar litt av trafikkproblema. Ein ringveg rundt byen er også nettopp ferdig. Arbeidet med ein motorveg til havet via Tre Kløfter er dessutan påbegynt. Denne vil bli eit alternativ til elvebåten som brukar seks dagar til Shanghai. (HKS 8.7.96, 21.10.96, 18.3.97; SCMP 5.2.97, 20.2.97, 28.2.97, 5.3.97, 6.3.97, 7.3.97, 13.3.97, 15.3.97, 28.5.97, 2.6.97)

Shanghai som innfallsport til det indre Kina

Hong Kongs funksjon som den viktigaste internasjonale hamna i Kina står ikkje i fare. Men Shanghai, som ein gong var den fremste hamna i Kina, har framleis ei viktig rolle å spele som innfallsport til den store marknaden i området langs Chang Jiang. Chang Jiang flyt frå Tibet gjennom den vestlege Qinghai-provinsen, blir vesentleg større etter å ha passert Chongqing i Sichuan-provinsen, held fram gjennom provinsane Hubei, Hunan, Jiangxi og Anhui, og endar sitt løp ved å renne ut i Aust-Kinahavet i den austlege Jiangsu-provinsen. På si ferd går floda gjennom nokre av dei fattigaste delane av landet, for så å ende i den rikaste byen. Omlandet til Chang Jiang utgjer ein enorm potensiell marknad, med heile 400 millionar menneske.

Shanghais lokalisering ved munningen av Chang Jiang er ideell med tanke på å tene dette enorme, men fattige, innlandet. Satsing på hamneområde i og nær Shanghai, i tillegg til å legge forholda til rette for hamner og lektertrafikk langs Chang Jiang, vil kunne gi ei verdfull avlastning av eit overbelasta veg- og jernbanenett. Ein handelsmann i Shanghai uttalte følgjande til *Hong Kong Standard*:

“Chang Jiang bør vere kanalen til økonomisk utvikling. Så Shanghai blir hovudet på draken. Chang Jiang er draken, og heile kroppen på draken burde tene på det.” (HKS 30.6.97)

Hamneutvikling var prioritert i Kinas niande femårsplan, for perioden 1996-2000. Ein god del av midlane gjekk til Shanghai, for å gi den gamle storhamna ein skikkeleg presang i høve feiringa av 50-årsdagen for kommunistane si maktovertaking i Kina i 1949. (HKS 30.6.97)

Prioritering av kampen mot rural fattigdom

Tilhøva for bøndene i Kina betra seg dramatisk dei første åra etter at reformpolitikken starta i 1979. Men ut over 90-talet stagnerte, eller til og med minka, inntektene deira. Typiske årsaker til dette var inflasjon, tunge avgifter og grenser for kor mykje ein kunne tyne ut av jorda.

I samband med den åttande Nasjonale Folkekongressen i mars 1997 var fattigdommen i rurale strøk eit sentralt tema. Statsminister Li Peng ville gjere krigen mot fattigdommen på landet til ei prioritert sak på nasjonalt nivå. I staden for berre å dele ut pengar ville ein no målrette tiltaka meir. Mellom anna skulle ein prøve skaffe nye jobbar til fattige bønder, og gi støtte i form av lån til oppgradering av utstyr og innkjøp av såkorn av høg kvalitet. Eit eige hjelpeprogram retta inn mot 240.000 mindre statsføretak vart også lansert.

Visestatsminister Zhu Rongji sa at infrastrukturen i landbruket måtte bli betre, trass i rekordproduksjon siste året. Lagringskapasiteten var t.d. alt for dårleg. “Vi må garantere for at bøndene tenar meir når dei produserer meir, og stabilisere innkjøpsprisen på korn,” sa han også.

I 1993 kom eit direktiv frå sentralregjeringa om at skattane til lokale styresmakter ikkje måtte overstige 5 % av inntekta til bøndene. Trass i stadige åtvaringar frå leiinga i Kommunistpartiet hadde ein framleis problem med at lokale tenestemenn påla bøndene ulovlege skattar. Nokre stader tok dei 15 % av inntektene. Delvis skuldast dette korrupsjon, men ein del av desse tilleggsskattane gjekk til vegar, skular og andre tiltak som Beijing ikkje kunne betale for. Byrdene for bøndene var så harde at nokre gjekk til valdelege åtak på representantar for dei lokale styresmaktene, og mange gav opp bondelivet for å søke lukka i byen. Viseformann i Folkekongressen, herr Buhe, sa at bøndene sine byrder måtte reduserast for å sikre varig stabilitet og fred i landet.

Ein rapport som vart lagt fram for Folkekongressen kritiserte regjeringa for handhevinga av jordbrukslova. Dei ulovlege lokale skattane og omdisponering av dyrka mark til andre føremål enn jordbruk var ein del av kritikken. Dette var historisk i seg sjølv, då det skal ha vore første gongen parlamentet hadde tatt regjeringa i skule når det galdt handheving av lover. Regjeringa følgde opp med eit 13 punktts dekret der det vart gjort klart at tenestemenn som påla bøndene ulovlege skattar, eller til og med konfiskerte dyr og eignelutar, ville bli straffa. Bøndene vart også oppmoda om å trekkje slike tenestemenn for retten. (HKS 1.3.97, 10.3.97; SCMP 5.3.97, 10.3.97, 11.3.97, 18.3.97, 2.4.97)

Verdsbanken støttar ruralt prosjekt

I 1990 starta første fase av Jiehu-prosjektet, eit jordbruksprosjekt finansiert av Verdsbanken. Prosjektet omfatta Jietai-bassenget og Boyanghu-sletta i Jiangxi-provinsen. Føremålet var å fremje utviklinga av dyrehald, fiske, skogbruk og industri basert på jordbruksprodukt. Då første fase av prosjektet var ferdig i desember 1996, konkluderte ein delegasjon frå Verdsbanken med at prosjektet var gjennomført på ein svært tilfredsstillande måte. Prosjektet hadde kosta 450 millionar yuan.

Andre fase i prosjektet vil vere konsentrert om produksjon av korn, grisar, fisk, tømmer og frukt. Budsjettet for andre fase var på 1,7 milliardar yuan, der om lag halvparten skulle vere lån gjennom Verdsbanken. Det ville i så fall vere første gongen Verdsbanken gjekk inn i andre fase i eit jordbruksprosjekt i Kina. Prognosane for prosjektet var optimistiske: Den årlege produksjonen av korn skulle aukast med 100.000 tonn, og frukt med 160.000 tonn. Ei analyse som var offentleggjort indikerte at prosjektet ville gi ein årleg omsetnad på 2 milliardar yuan, inkludert 350 millionar i fortjeneste og vel 100 millionar i skatt til styresmaktene.

Andre fase av prosjektet skulle ha ein “signifikant innverknad på provinsøkonomien i Jiangxi og hjelpe til med å løfte tre millionar menneske ut av fattigdom”, sa ein offentlig tenestemann. (HKS 12.6.96)

Verdsbanken satsar på mobil arbeidskraft

Representantar for Verdsbanken ser på forholda for dei verst stilte i innlandet som så håplause at lite eller ingenting kan gjerast på dei aktuelle stadene. Millionar av menneske lever under mellomalderske tilhøve på dei fattigaste plassane. Det er lite som minner om det funklande forretningslivet når ein t.d. kjem opp til fjellandsbyane i Guangxi-provinsen. I ein av desse, Bapai, finn ein skinn jord som ikkje ein gong gir nok korn til å halda bøndene i live, hus med stråtak, ustabil vassforsyning og knapt nokon elektrisitet.

Då Verdsbanken som eit ledd i eit prosjekt for reduksjon av fattigdommen i Sørvest-Kina sende nokre representantar til Bapai for finne ut kva som kunne gjerast, var det vanlegaste spørsmålet frå bøndene korleis dei kunne få seg arbeid i rikare område. Dei såg ikkje mykje framtid i å bli verande. Jorda kan aldri bli særleg fruktbar, og slike område vart i utgangspunktet tatt i bruk i rein desperasjon.

Ut frå dette hevdar banken at det raskaste og mest kostnadseffektive tiltaket for å fremme utvikling i landsbyen vil vere å hjelpe ein del folk til å finne arbeid andre stader. Banken satsar 500 millionar US\$ på prosjektet, der poenget er å utnytte dei store skilnadene mellom urbane og rurale lønningar, og utflytte arbeidarar sin tendens til å sende pengar tilbake til familien på heimstaden. I følge tal frå 1995 er gjennomsnittsinntekta i Bapai under 200 yuan per år, medan utflytta arbeidarar sender tilbake gjennomsnittleg 2000 yuan i året. Utflytting vil altså redusere talet på munnar som skal mettast, og auke pengemengda hos dei som er igjen.

Verdsbanken sitt prosjekt omfattar nesten 900.000 menneske i Guangxi, og av desse er omkring 400.000 overflødig arbeidskraft. Eit nettverk av arbeidskontor skal knyte kontaktar mellom arbeidsgivarar og arbeidarar som er villige til å flytte på seg. Målet er å skaffe arbeid til 340.000 fattige på denne måten. Det er ikkje opplyst noko om prosjektet har eit langsiktig perspektiv ut over dette. (SCMP 28.4.97)

Kommentarar frå avtroppande Verdsbanksjef i Kina

Kina vart medlem av Verdsbanken i 1980, og har vore bankens største klient sidan 1993. Fram til sommaren 1997 hadde banken lånt i alt US\$ 26,8 til 180 prosjekt i Kina. *South China Morning Post* hadde på dette tidspunktet eit intervju med avtroppande leiar for Verdsbanken i Kina, 60 år gamle Pieter Bottelier. I løpet av dei fire og eit halvt åra Bottelier hadde hatt denne sjefsposten, hadde dramatiske endringar funne stad: Sameining av “turistvalutaen” og “folkevalutaen” til ein valuta, vellukka kamp mot den verste inflasjonen sidan 1949, og landets utvikling til å bli verdas andre største marknad for utanlandske investeringar. Bottelier peikte i intervjuet på tre viktige område for framtidige reformer:

- Betre budsjettprosedyrar og utgiftskontroll (t.d. finansiering av utdanning og helsetenester i fattige provinsar gjennom skattar og avgifter)
- Desentralisert avgjerdsansvar til bankane i kombinasjon med ein stram pengepolitikk skulle presse fram reformer i statsføretaka (det eksisterande systemet for fordeling og bruk av statlege ressursar var for ineffektivt, sa Bottelier)
- Jobbskaping: Kina måtte skape 20-25 millionar nye jobbar kvart år i tida som kjem, meinte Bottelier

Botteliers reknestykke når det gjeld sysselsettinga baserer seg på at det kvart år melder seg 14-15 millionar nye arbeidssøkjjarar, medan berre 7-8 millionar pensjonerer seg. Dessutan rekna han med ein straum av arbeidssøkjjarar på ca 8-10 millionar frå landsbygda, og 3-5 millionar som mista arbeidet i statsføretak. Dei største problema såg han for eldre arbeidstakarar og for kvinner.

Av lovande område for jobbskaping i Kina nemnde Bottelier fjørfehald, gartneridrift, akvakultur, kjøtproduksjon og anna jordbruk enn korndyrking. Dette er område der Kina har vorte ein storeksportør. Han nemnde også bygg og anlegg og ulike tenester i og rundt byane, som handel, bankdrift, utdanning, kroppspleie og helsetenester. Bottelier tilrådde ulike organisasjonsformer som samarbeidsselskap, private selskap og sjølvsysseletting. (SCMP 9.6.97, 16.6.97)

Utdanning er det som skal til?

Utdanning er den einaste vegen ut av fattigdommen for dei ressursvake regionane. Dette hevdar Hu Pingxu, ein veteran i humanitært hjelpearbeid i Kina. På slutten av 80-talet sette Hu i gang eit prosjekt for utvikling av jordbruksteknologien og utdanninga i Kunming i Yunnan-provinsen. Seinare vart dette arbeidet inkludert i *Det gloriøse Prosjektet*, eit nasjonalt program for bekjemping av fattigdom og betring av folks levekår i fjerne område i Kina. Dette prosjektet prøver å få private entreprenørar så vel som statsbedrifter til å etablere fabrikkar og opplæringssentra i fattige regionar for å få fart på utviklinga.

Hu sa i følge *South China Morning Post* at nokre av innbyggjarane i Kunmings bakkete landskap hadde lite kontakt med omverda, og var analfabetar utan forståing for verdien av det å ha ein produksjon. Han hadde personleg opplevd at dei ikkje eingong kunne gjenkjenne dollarsetlar!

Eit døme på kva Hu og hans medarbeidarar har utretta finn vi i Yulong, ein avsides landsby nord for Kunming med vel 22000 innbyggjarar. Her har Hu formidla ca ein million yuan frå British Children's Fund til bygging av skular og annan grunnleggjande infrastruktur. Lokale forretningsfolk hadde skaffa ytterlegare 200.000. Graden av analfabetisme i landsbyen vart redusert til det halve frå 1987 til 1997. Eit særleg problem i Yulong var mangel på kompetanse for endring av produksjonen når noko slo feil. Som døme nemnde Hu at når andre avlingar gav dårleg resultat, var det han som måtte foreslå at bøndene kunne prøve dyrking av tobakksplanter. Dette gjekk bra, men poenget er at bøndene ikkje sjølve har slik endringskompetanse.

På landsbasis var det meir enn ti millionar barn som droppa ut av skulane i 1996, to tredeler av desse var jenter. Grunnen er at foreldra ikkje har råd til å ha dei i skulen, og på landsbygda er det vanleg å prioritere skulegang for gutar framfor jenter. Jentene må i stor grad vere heime og gjere husarbeid. Eit samarbeidsprosjekt mellom ulike kvinneorganisasjonar har hjelpt 430.000 jenter i fattige område til skulegang sidan 1989. Prosjektet har vore finansiert av donasjonar.

Bankane i Kina løyvde t.d. 7,8 millionar yuan for å prøve å få jenter tilbake i klassen. Ein reknar med at 300 yuan er nok til å halde ei jente i skulen i eit år. Dia Xianglong i Folkets

Bank sa at det var viktig at jentene skaffa seg utdanning, for dette ville i sin tur ha innverknad på neste generasjon sosiale vilkår. I følgje offisielle tal var i 1996 ca 70 % av Kinas 160 millionar vaksne analfabetar kvinner, noko som også understrekar det viktige i at jentene får skulegang. Men tiltaket treng openbert meir midlar enn det bankane skaffa i denne omgang. (HKS 29.4.97; SCMP 31.3.97, 24.4.97)

Konferanse for samarbeid mellom det austlege og vestlege Kina

Konferansen *Investerings- og handelsforum for samarbeid mellom Aust- og Vest-Kina* fekk ein noko uheldig start. Denne viktige konferansen vart arrangert i Xian i Shaanxi-provinsen i april 1997, og samla 7000 kinesiske delegatar, 600 utanlandske forretningsfolk og 200 journalistar. Opninga skulle finne stad utandørs, med fleire kulturelle innslag. Problemet var at arrangørane hadde trassa dårlege vêrmeldingar, og det heile enda med kaos då nokre fryktelege regnbyer kom inn over byen:

“Då reporterane kom rett før arrangementet starta, fann dei unge jenter og dansarar i tradisjonelle vårkjolar gjennomvåte og skjelvande. Journalistane, mange utan paraplyar, prøvde derfor å trenge seg inn i senteret for å kome i ly, men vart stoppa av politiet. Så svikta dreneringssystemet, slik at heile festplassen vart full av vassdammar.” (SCMP 4.4.97)

Sjølve konferansen gjekk heldigvis mykje betre enn opninga. Offisielle tenestemenn frå Shaanxi sa at dei streva hardt for å ta igjen kystregionane. Målet deira var å vinne ny heider for den gamle hovudstaden Xian, og gjere den til eit finanssenter for midtre og vestlege Kina.

Konferansen, som var den første i sitt slag, skaffa avtalar verd meir enn ein milliard US\$ til dei fattige regionane, melde *China Daily*. Det tre dagars forumet resulterte i 306 handelsavtalar verd 482 millionar US\$, og 110 avtalar om samarbeidsselskap verd 562 millionar US\$. I alt vart 3000 mulege investeringsprosjekt lagt fram, og leiaren for konferansen, Li Dang, hadde følgjande kommentar:

“Mengda av kontraktar understrekar fordelane ved å ha rike ressursar, land og billeg arbeidskraft, og det faktum at den store marknaden blir tatt alvorleg av dei austlege regionane. ... Mange av kontraktane var for bearbeiding av jordbruksprodukt, utvikling av jord- og naturressursar, og lett- og tekstilindustri.” (HKS 9.4.97)

Heile 77 % av avtalane var med heimlege partnerar, slik at konferansens mål om å knyte tettare band mellom aust og vest opplagt var vellukka. Likevel kom det fram kritiske røyster som meinte at sentralregjeringa hadde gjort lite for å få desse kontraktane i stand, og meir konkrete kapitalinnsprøytingar frå Beijing vart etterlyst. Noko av denne kritikken kan vere prega av “gammaldags” tenking om at det er staten som skal ordne opp. Konferansen var meir eit høve for ulike aktørar å knyte direkte kontaktar, enn for ei sentralregjering til å presentere pakkar av tiltak. Ei konkret sak som også skapte irritasjon, var Beijings uvilje mot å opne ein tredje børs i landet i den niande femårsplanen 1996 – 2000. I tillegg til børsane i Shanghai og Shenzhen, ønska representantane for utkantane seg ein børs i det indre av Kina. Ein tenestemann frå Shaanxi grunna dette slik:

“Få selskap frå dei indre provinsane kan bli registrert ved dei to børsane [Shanghai og Shenzhen]. Sjølv når dei blir lista, er evna til å trekkje til seg kapital avgrensa, sidan investorane ved børsane ikkje er kjende med dei.” (SCMP 10.4.97)

Ein ny børs ville kunne skaffe meir kapital til fleire selskap, samstundes som det ville gi inspirasjon til ny økonomisk utvikling, hevda han.

Men Beijing fann altså ikkje tida moden for ein slik “indre” børs. Eit plaster på såret var at Lanzhou, hovudstaden i Gansu-provinsen, i 1997 fekk høve til å la utanlandske bankar, detaljistar og handelskompani etablere seg på prøvebasis. Lanzhou, som er lokalisert langs den historiske silkevegen, var den første byen i det indre og vestlege Kina som fekk høve til å opne tertiærsektoren på denne måten. Beijing lova dessutan å sluse ein større del av dei utanlandske investeringane til byen, om berre dei hadde gode prosjekt. (HKS 9.4.97; SCMP 4.4.97, 10.4.97, 11.4.97; *China Daily* 8.4.97)

Hubei går til børsen

I den sentralkinesiske provinsen Hubei planlegg dei å finansiere større infrastrukturprosjekt via Hong Kong-børsen. Viseguvernøren i provinsen, Zhang Hongxiang, fortalde til *South China Morning Post* at dei søker utanlandske investeringar til ei rekke prosjekt: Både bomvegar, kraftutbygging og bruer over Chang Jiang var aktuelle for børsregistrering. Provinsregjeringa ønska også å la Wuhan bli eit pilotprosjekt når det gjeld retningslinjer for kor mykje avgifter ein kunne ta av utanlandske investorar. Ei undersøking frå 1995 viste at utanlandske selskap klaga på ublyge investeringsavgifter.

Då hovudstaden i provinsen, Wuhan, deltok på ei handelsmesse i Shenzhen i juni 1996, vart meir enn 500 prosjekt lagt fram for tilbod eller utanlandske investeringar. *Hong Kong Standard* skreiv at tida var inne for å investere i Wuhan, sidan Beijing no oppmuntra både til innan- og utanlandske investeringar i det sentrale og vestlege Kina for å redusere inntektsgapet mellom kystområda og innlandsprovinsane. Wuhan har visse fordelar framfor andre innlandsbyar:

- Wuhan er ein av Kinas ti største byar, og den største byen i det sentrale Kina (ein status byen rett nok tapte etter oppgraderinga av Chongqing)
- Byen er ikkje berre provinshovudstad, men ein av dei viktigaste trafikknutepunkta i landet; med den største hamna langs den midtre delen av Chang Jiang og ein hovudstasjon for jernbanen mellom Beijing og Shenzhen
- Både lokale og sentrale styresmakter har tru på at utvikling av Wuhan vil stimulere utviklinga generelt i det indre av Kina
- Byen har tradisjonelt hatt ein sterk tungindustri; stål-, bil- og maskinindustrien er blant Kinas fremste i sitt slag
- Nærleiken til Tre Kløfter, der verdas største vasskraftanlegg er under bygging, gir eit ekstra løft for byens økonomiske utvikling dei neste ti åra
- Byen er dessutan inne i ei positiv utvikling, med ein årleg auke i brutto “byprodukt” med 15 % utover 90-talet

I lys av desse gunstige vilkåra tek byen sikte på å bli eit finans-, handels- og tungindustrientrum for det sentrale Kina. I tillegg til at servicenæringane skal utviklast vidare, satsar ein på tre pilarar i industrien: Avansert teknologi, bilar og maskiner.

Men sjølv om mykje ser lyst ut for Wuhan, er ikkje vegen til større velstand problemfri. Mykje av problema knyter seg til avhengnaden av statseigde bedrifter i krise. Bakgrunnen for at Wuhan i det heile kunne bli eit senter for tungindustri, var at Kina på 50-talet av militærstrategiske grunnar flytta mykje av denne industrien inn i landet. Når dei fleste statseigde selskapa har stor gjeld og tapar pengar, har ikkje Wuhan klart å generere nok kapital til å iverksette utviklingsplanane sine. Sidan den private sektoren har vore avhengig av oppdrag frå statsselskapa, har dessutan den private delen av økonomien i Wuhan vore relativt lite utvikla samanlikna med andre store byar i landet. Særfordelar i form av skattereduksjon, slik som dei spesielle økonomiske sonene i kystområda har nytt godt av, kan ein heller ikkje rekne med, då slike særordningar er under avvikling i Kina. Bystyresmaktene i Wuhan har

som mål å etablere ein eigen børs i byen, men sentralregjeringa har sett ein førebels stoppar for dette.

Det å hente inn pengar i form av utanlandske investeringar er derfor eit nærliggjande alternativ om ein ønskjer raske skritt framover. Her kjem nokre konkrete døme:

- China Travel Service Hong Kong (CTS) har saman med eit dotterselskap kjøpt seg inn med vel 30 % av aksane i to kraftutbyggingsprosjekt i Hubei; Hanchuan- og Ezhouanlegget. Totale investeringar blir 10 milliardar yuan, fordelt på 2 milliardar på Hanchuan og 8 milliardar på Ezhou. Kapasiteten på kraftverka blir høvesvis 600 og 1200 megawatt. CTS utelukkar ikkje at dei kjem til å auke aksjeposten sin om prosjektutviklinga blir positiv
- Chevalier International Holdings er interessert i å investere 150 millionar yuan i tre vasskraftutbyggingar i Hubei. For det eine prosjektet er avtalen i hamn, og Chevalier reknar med ei internrente på 15 %. Når det gjeld dei to andre prosjekta pågjekk det framleis forhandlingar i mai 1997. Chevalier har planar om å etablere eit kontor i provinshovudstaden Wuhan for å utnytte komande mulegheiter i det sentrale Kina
- Cheung Kong Infrastructure Holdings (CKI) forhandla i mai 1997 om å investere i fleire infrastrukturprosjekt i Wuhan. Ein intensjonsavtale er alt inngått vedrørende to bompengefinansierte motorvegar; ein i Wuhan og ein mellom Daijiashan til Huangzhou. Totale investeringar er rekna til 500 millionar yuan, og CKI rekna med å yte mellom 50 og 60 % av desse pengane. CKI planlegg å utvide engasjementet sitt i Wuhan med seks tilsvarende prosjekt
- New World Infrastructure har sagt seg villige til å investere 10 milliardar yuan i ein 360 km lang motorveg mellom Wuhan og Yichang
- New World Development Co har etablert fire samarbeidsselskap (joint ventures) med byregjeringa i Wuhan, med sikte på å skaffe kapital til større utbyggingar gjennom Hong Kong-børsen. Selskapa dekker sektorane infrastruktur, industri, transport og eigedom. Ein rekna med at den første børsregistreringa ville kome i løpet av 1998. Eit viktig poeng med slike tiltak er at samarbeidet blir løfta opp frå enkeltprosjekt til eit meir varig nettverk. New World har alt investert mellom 3 og 4 milliardar yuan i 19 prosjekt i Wuhan, som t.d. flyplass, vegar, eigedom, hotell og butikkar
- Wuhan Iron and Steel Co (Wisco) har planar om å registrere seg på børsen i Hong Kong i løpet av 1997. Selskapet har ein kapasitet på 1,2 millionar tonn stålplater, og ønskjer å skaffe kapital til ekspansjon (*HKS 1.7.96; SCMP 1.4.97, 13.5.97, 15.5.97*)

Meir langsiktige kontraktar for jordbruksland

Frå sentralt hald vart det etterlyst meir langsiktige driftskontraktar for bøndene. Problemet var dei lokale styresmaktene, som ikkje ville gi bøndene slike langsiktige kontraktar. Då marknadsreformene vart innført i Kina tidleg på 80-talet, fekk bøndene 15-års kontraktar, og desse kontraktane tok til å gå ut mot slutten av 90-talet. Sentralregjeringa ivra svært for å innføre 30-års kontraktar, noko dei meinte ville verke motiverande for bøndene. Men då status ved utgangen av 1996 vart oppsummert, viste det seg at berre 20 % av dei nye kontraktane var på 30 år, dei fleste berre var for 10, 5 eller endå færre år.

Forklaringa var delvis lokale pampar som såleis fekk meir makt, og delvis ønske om å slå saman små bruk til større for å få meir effektiv drift. Sentralregjeringa åtvare dei lokale styresmaktene om at dette var mot ønska til dei fleste bøndene. Fu Yuxiang frå landbruksdepartementet sa at delen av 30-års kontraktar var for liten, og han frykta for at bøndene sin entusiasme kunne gå tapt, og reversere den positive utviklinga dei økonomiske reformene hadde skapt. (*SCMP 27.5.97*)

Plan for dei fattige regionane i Guangdong

Dei austlege og vestlege regionane i Guangdong er økonomisk svake og heng etter i forhold til resten av provinsen. I juni 1997 godkjende provinsregjeringa ein plan for utvikling av desse regionane. Målet med planen er at regionane i løpet av 15 år skal ha gjennomført “marknadssosialismen”, og at dei då skal ha teke igjen resten av provinsen når det gjeld økonomisk utvikling.

Planen fokuserer på utvikling av industri, utbygging av infrastruktur, miljøvernsatsing og på reduksjon av analfabetisme. Ein grunnleggande tanke er samordna utvikling for å unngå overinvestering på enkelte felt, og vekt på unike, lokale særtrekk som basis for økonomisk utvikling. (SCMP 13.5.97, 26.6.97)

Småbyindustri nøkkelen til rural stabilitet?

Dei økonomiske reformene på landsbygda i Kina tok til i 1979. Det første ein prøvde ut var eit kontraktbasert ansvarssystem for hushaldningane, der inntekta var avhengig av produksjonen. Sentrale oppkjøp av jordbruksprodukt og biprodukt til jordbruket vart gradvis redusert. Den sentrale priskontrollen vart også mindre streng. Det vart høve til å utvikle ein spesialisert, kommersiell og lokalt tilpassa rural økonomi.

For å sikre sysselsettinga, og dermed hindre massiv innflytting til storbyane, vart det oppmuntra til å danne industriverksemder i lokale vekstsentra – såkalla landsby- eller småbyindustri⁵⁶. Slagordet vart: “La bøndene forlate jorda, men ikkje landsbyen.” I 1994 opererte ein med ca 100 millionar overtalige i jordbruket, og innan år 2010 er dette talet forventet å auke til formidable 450 millionar! Om alle dei overflødige flyttar inn til byane, kan alle tenkje seg konsekvensane med omsyn til auke i typiske storbyproblem (kriminalitet, tiggings, uro, etc.).

Slik småbyindustri kan vere basert på lokale ressursar (fiske, jordbruk) eller det kan vere heilt nye typar verksemd. Bedriftene kan vere lokalisert både på landsbygda, langs kysten og i utkantane av større byar. Dei fleste bedriftene er små eller mellomstore, men ein liten del har vakse seg store. Bedriftene kan vere kollektivt eigde eller reine private aksjeselskap. Finansieringa kan vere lokal, nasjonal eller internasjonal. Mange utanlandskinesarar har t.d. investert i slike småbybedrifter. Wing Hang Bank frå Hong Kong søkte t.d. i 1996 om å få opprette eit kontor i Guangzhou for å satse spesielt på lån til små- og mellomstore bedrifter i Kina.

Av Shanghais 30.000 industribedrifter er t.d. meir enn 10.000 småbybedrifter lokalisert i forstadane til byen. Dersom vi følgjer Chang Jiang innover i landet frå Shanghai kjem vi til Yanjiang Økonomisk-tekniske Utviklingssone i byen Zhangjiagang i Jiangsu-provinsen. Sona femner over 9 ulike vekstsentra med konsentrasjon av småbyindustri. Ei rad ulike bransjar er representert: Jern og metall, tekstil, glas, bilproduksjon, maskin, etc.

For ti år sidan var Zhangjiagang ein by som mangla det meste. Det var knapt ein presentabel bygning, og energiforsyninga var det dieselmotorar som stod for. Byen heitte då Shazhou, og det uunngåelege og lite misunningsverdige tilnamnet vart “Sibir i sørlege Jiangsu”. På kort tid har Zhangjiagang utvikla seg til ein moderne by, og sidan 1995 har kinesiske media fokusert på den store forandringa byen har gått gjennom. Også utanlandske investorar har oppdaga byen, noko som har sett vidare fart i framgangen.

Den første småbyindustrien i Zhangjiagang var spreidd og i liten skala. Frå 1992 har ein satsa på å konsentrere bedriftene i utvalde vekstsentra, noko som har vore fruktbart m.o.t. etableringsgrad og vekst i bedriftene. I dag er alle dei 96 vekstsentra i Zhangjiagang knytte saman med motorveggar og godt utbygde telefontenester.

⁵⁶ På engelsk gjerne omtala som “township enterprises”

Mange tidlegare arbeidslause landarbeidarar har fått jobb i denne industrien. No arbeider 75 % av byens ca 500.000 landarbeidarar i lokal næringsverksemd. I tillegg sysselsett byen meir enn 2 millionar utanbys arbeidarar. På denne måten har Zhangjiagang vorte eit føredøme for andre små og mellomstore byar i Kina.

Fiskelandsbyen Shipu i byen Ningbo, omtrent midt på kystlinja til Zhejiang-provinsen, er eit anna døme. Shipu har ei god, naturleg hamn, godt klima og har god tilgang på ressursar frå Aust-Kinahavet. Dette havet er eit skattkammer med ei rekke forskjellige typar fisk, dessutan krabbe, østers og reker. Med dette som basis er det i Shipu etablert ein omfattande fiske- og matvareindustri. Vidare har ein også skipsverft, maskinindustri, elektronikk, energiforsyning, elektriske artiklar, kjemisk industri og bryggeri, for å nemne noko.

Når det gjeld bøndene i Zhejiang-provinsen, har minst 7,7 millionar – meir enn ein tredjedel – forlate jorda si til fordel for arbeid i småbyindustrien. Det er no over 870.000 småbybedrifter i provinsen, mesteparten av desse er private. I 1990 var omsetnaden i slike bedrifter på ca 80 millionar yuan, dvs ca halvdelen av industriproduksjonen i provinsen. Tilsvarende tal for 1995 var over 700 millionar yuan, noko som utgjør ca 75 % av den samla industriproduksjonen. Eksportdelen av dette var ca 10 %.

I 1995 stod småbybedriftene for halvparten av Kinas industriproduksjon. På nasjonal basis vart veksten i desse bedriftene forventa å bli 15 % per år. Ein viseminister for landbruk sa i 1997 at småbyindustrien i år 2000 ville stå for eit bidrag på to billionar yuan i brutto nasjonalprodukt og 880 milliardar yuan i eksportinntekter. Vidare satsing på småbybedrifter er derfor eit strategisk val for Kina for å sikre at velstandsutviklinga held fram. Men i så fall er det ein del problem som må løysast. Vekstraten på 15 % som er nemnd ovanfor hørest isolert sett bra ut, men når ein veit at dette talet er justert ned frå 25 % i femårsplanen 1996 – 2000, og at vekstrata var på 35 % i 1995, aner ein visse problem.

Satsinga på småbyindustri har nemleg ikkje vore ein-sidedig positiv. Fordelane har vore at overtalige frå landbruket har vorte fanga opp, og at landets industri har fått fleire bein å stå på. Slik sett har småbyindustrien representert ei vital fornying av næringslivet i Kina. Satsinga på småbyane må dessutan sjåast i samanheng med det som er Kinas offisielle byutviklingspolitikk, nemleg å halde veksten i dei største byane under streng kontroll, å ha ei moderat utvikling i dei mellomstore byane, og ei aktiv utvikling av landsbyar og småbyar. Viseministeren for Bygg og anlegg, Mao Rubai, sa i november 1996 at Kina ville prioritere utvikling av småbyar nær kysten, elvar, trafikknutepunkt og grensa til andre land.

Ulempene som etter kvart har kome fram er diverre så store at dei kan sparke bein under heile tiltaket. Mange av bedriftene har drive med gammaldags teknologi, og representerer eit alvorleg forureiningsproblem. Eller for å seie det i klartekst: Desse bedriftene har utvikla seg til nokre av dei verste forureinarane i Kina, med papirfabrikkar, farger og garveri som har spydd ut giftig avfallsvatn i drikkevasskjelder og på dyrka mark. I 1996 stengde Det nasjonale miljøvernkontoret meir enn 50.000 slike forureinande småbybedrifter.

Ei undersøking av Statens Statistiske Sentralbyrå viste at berre halvparten av Kinas rurale bedrifter var i stand til å oppretthalde normal aktivitet. Den andre halvdelen var enten delvis stengt eller totale fiaskoar. Mangel på kreditt i kombinasjon med stigande kostnader vart sagt å vere det største problemet. I 1995 gjekk talet på rurale bedrifter tilbake med i alt 320.000! Mellom 1990 og 1995 klarte desse bedriftene berre å dekke halvparten av sysselsettingsbehovet, noko som også er eit faresignal. Sjølv om mange av småbybedriftene har hatt suksess, ser det ikkje ut til at tiltaket er tilstrekkeleg til å avhjelpe problema på landsbygda, og hindre masseinnflytting til byane.

Dessutan melde byregjeringa sitt landbrukskontor i 1996 at mange av småbybedriftene rundt Beijing sleit med dårleg økonomi. Årsaka var delvis at dei store statsbedriftene reiste med mykje av den offentlege støtta, men småbybedriftene hadde også problem med å få avsetnad for produksjonen. Bedriftene har rett og slett nådd eit mettingspunkt for mange av

produkta sine. Det siste er sjølvstekt det verste. I ei undersøking av 462 småbybedrifter rundt Beijing, viste det seg at berre knapt halvparten av produksjonen vart selt. Resten vart liggjande på lager.

Utviklinga av småbyindustrien har skjedd utan plan og koordinering. Som ein følgje av dette, har ein fått for mange like bedrifter, med same produkt og kundegrunnlag. Dette har ført til skadeleg konkurranse både innan og mellom provinsar. I Guangdong-provinsen finn ein t.d. 40 produsentar av klimaanlegg i Perle-elv-deltaet, 13 av desse er masseprodusentar. På grunn av overlappende produksjon, har det ikkje vore uvanleg med priskrigar mellom produsentar av klimaanlegg og varmvassstankar. Ei arbeidsgruppe samansett av 50 personar med ulik bakgrunn, både akademikarar, profesjonelle og lokale tenestemenn, har utarbeidd eit program for ei meir koordinert utvikling av industrien i deltaet.

Hausten 1996 varsla dei sentrale styresmaktene to tiltak for å sikre framtida til småbybedriftene. Ein ville for det første sette i gang ein storstilla gjennomgang av rekneskapane til selskapa og dei lokale styresmaktene, for å få slutt på store tap av offentlege midlar gjennom dårleg leing og illegale transaksjonar. Døme på vanstyret var misbruk av dyrkbar mark og av offentleg eigedom som bygningar, produksjonslokale og pengar. For det andre ville det bli strengare miljøkrav til desse bedriftene, og harde bøter for alvorlege forureiningar. Desse tiltaka ville sikkert gjere problema større på kort sikt, men var sjølvstekt det einaste rette for den langsiktige utviklinga av småbyindustrien.

I juni 1997 sende regjeringa, etter initiativ frå Landbruksdepartementet, ut eit skriv der dei gav ordrar til lokale styresmakter om å betre den generelle kvaliteten på småbybedriftene, for å oppretthalde ein stabil rural arbeidsmarknad og fremje den lokale økonomien.

“Småbyindustrien har vunne ein stadig aukande del av landets økonomi. Det er viktig å halde denne sektoren stabil for å hindre overflødig arbeidskraft å strøyme inn til byane,” sa ein offisiell talsmann. Han sa vidare at byane alt var overfylte av oppsagde arbeidarar frå statsselskapa.

Skrivet gav klåre ordrar om at veksten i småbyindustrien ikkje måtte hindrast. Utviklingsfonda måtte ikkje bli overført til eigedomsprosjekt eller spekulative aktivitetar. Dei lokale styresmaktene skulle styrke leinga av bedriftene for å sette ein stoppar for skattesvik og korrupsjon, sa talsmannen rett fram. Det vart også understreka at bedriftene ikkje måtte engasjere seg i piratproduksjon, og ikkje sette seg ut over åndsverkrettar.

Etter at skrivet vart kjent, offentliggjorde Liaoning, ein av Kinas gamle industriprovinsar, ein ny politikk for å oppmuntre unge, godt utdanna personar å ta jobb i småbybedrifter. Ungdommar som går med på å slutte seg til ei småbybedrift etter fullført utdanning, vil få redusert karakterkrava for å kome inn på dei beste universiteta. Dei må i så fall inngå ein skriftleg avtale med provins-styresmaktene om dette. Fleire tiltak for å freiste talentfulle personar til å gå inn i småbybedriftene er i vente. Spesielt er ein interessert i personar med kompetanse når det gjeld kvalitetskontroll, teknologi og leing. Småbybedriftene i Liaoning hadde ein omsetnad på 400 millionar yuan i 1996, det er 40 % av provinsens totale industriproduksjon. Omkring 5 millionar menneske, altså omtrent halvparten av provinsens rurale befolkning, var sysselsette i desse bedriftene.

Ein talsmann for Beijings kontor for jord- og skogbruk, Wang Zuosheng sa dei rurale næringane trengte eit skift frå den gammaldagse “ekstensiv vekst” – tankegangen til meir intensiv vekst basert på heving av leiar- og produksjonskompetanse. Småbyindustrien rundt Beijing har hatt ein imponerende produksjonsvekst, med ei gjennomsnittleg vekstrate per år på 25 % i perioden 1978-1995. Wang sa at veksten ville halde fram, men han meinte altså at ein måtte få ein meir intensiv vekst gjennom betre bruk av kapital, ressursar, teknologi og talent. (HKS 5.8.96, 27.9.96, 30.9.96, 27.11.96, 21.12.96, 3.1.97; SCMP 16.2.96, 17.6.97, 16.10.97, 3.12.97)

Miljøvern: Problem og tiltak

Sidan 1980 har den kinesiske økonomien vore i rivande utvikling, med ein gjennomsnittleg årleg vekst på 9 - 10 %. Parallelt med denne positive trenden, har det hopa seg opp med uløyste miljøproblem. Forureining av luft, vatn og jord er ein alvorleg trussel mot kinesisk jordbruk. Dessutan er minst 6 av dei 10 mest forureina byane i verda kinesiske⁵⁷. Forureiningane er ikkje avgrensa til Kina åleine: Det er tale om sur nedbør i Korea og Japan, og meir langsiktige klimatiske endringar med uoversiktlege konsekvensar.

Internasjonalt har dette ført til bekymringar, noko som har avspegla seg i diverse artiklar i aviser og tidsskrift, og mange konferansar som fokuserer på problema. Også internt i Kina er ein opptekne av miljøvern, dette gjeld både forskarar og offisielle styresmakter. Ein professor ved Qinghua-universitetet hevdar i ein rapport at det ein tapar ved forureining alt no oppvegg det ein vinn gjennom økonomisk vekst. Forskarar frå Kinas samfunnsvitskaplege akademi⁵⁸ har kalkulert det årlege tapet som følgje av forureiningar til 100 milliardar yuan, og det meiner dei er eit konservativt overslag.

Leiaren for Det nasjonale miljøvernkontoret⁵⁹, Xie Zhenhua, har uttalt følgjande:

“Miljøforureiningane, med byene i sentrum, aukar på og utvidar gradvis nedslagsfeltet sitt til landsbygda. Omfanget av miljø-øydeleggingane aukar både i breidde og i intensitet. Dei økologiske problema har vorte så alvorlege at dei verkar generelt inn på den sosiale og økonomiske utviklinga i nokre regionar.” (*China Review* nr 5-97)

I følgje det same miljøvernkontoret kan dei aukande forureiningane førast tilbake til ei stor og aukande befolkning, rask økonomisk vekst, tilbakeståande teknologi og dårleg leiarskap. Under eit føredrag i USA i juni 1997 peika Xie Zhenhua på følgjande årsaker til at Kina no står overfor sine største miljømessige utfordringar nokosinne:

- Ei befolkning som aukar med 13 millionar i året
- Rask urbanisering og industrialisering (veksten i småbyindustrien, som har vore ein økonomisk suksess, viser seg å medføre store miljøskadar)
- Overutnytting av naturressursar
- Inadekvat teknologi
- For dårlege leiarar
- Lågt miljømedvit både hos avgjerdstakarar og publikum

Kina var representert på miljøkonferansen i Rio de Janeiro i 1992 ved statsminister Li Peng, og underteikna sluttdokumentet Agenda 21. Kina presenterte i 1994 sitt eige Agenda 21, ei kvitebok om befolkning, miljø og utvikling i det 21. hundreåret, der strategiar for ei berekraftig utvikling blir trekt opp.

Det å få i stand ei berekraftig utvikling i Kina er av global interesse, både økologisk og økonomisk, og det er mitt inntrykk at styresmaktene i landet verkeleg ønskjer å ta fatt i

⁵⁷ Den konservative Internett-avisa *Free Republic* har hevda at ni av dei ti mest forureina byane i verda er kinesiske. Den tiande skulle då vere Rajkot i India. Det som er stadfesta av *World Resources Institute* er at dei seks største byane i Kina – Beijing, Shenyang, Chongqing, Shanghai, Xian og Guangzhou – er blant dei mest forureina i verda. Dessutan er den noko mindre byen Lanzhou rekna som den verste av dei alle!

⁵⁸ The Chinese Academy of Social Sciences

⁵⁹ The National Environmental Protection Agency (NEPA)

problema. Xie Zhenhua er optimistisk på vegne av miljøet i landet, men han meiner det krev strengare lover og reglar, betre leiarskap, auka satsing på miljøvern, meir tidsmessig teknologi og betre miljømedvit generelt. (SCMP 3.12.96, 17.4.97; *China Environment Reporter* 30.6. 1997; *China Review* nr 5-97; *Free Republic* 7.1.99 – freerepublic.com; *World Resources Institute* - <http://www.wri.org/china>)

Konkretisering av problema

Kva kostar forureiningane?

Det første forsøket frå dei kinesiske styresmaktene på å få sett ein prislapp på forureiningane, var undersøkinga ved det kinesiske samfunnsvitenskaplege akademiet, der ein fann at miljøødeleggingane kosta samfunnet minst 100 milliardar yuan per år. Den største taparen i denne rekneskapan var jordbruket, som streva med reduserte avlingar og øydelagt jord som følgje av ubehandla utslepp, sur nedbør og andre forureiningskjelder.

Forskarane meinte at ein kostnad på 100 milliardar var eit minimum, og at det verkelege talet sannsynlegvis var endå større. Pga. dårleg miljøovervaking og statistikk var det vanskeleg å få nøyaktige tal. Dei påpeikte at det nasjonale forureiningsoversynet ikkje tok omsyn til kva Kinas 24 millionar småbyeigde gruver og fabrikkar føretok seg av miljøtilsulking. Dette er alvorleg, sidan nettopp desse bedriftene blir rekna som miljømessig hasardiøse av Det nasjonale miljøvernkontoret. Dette skuldast både forelda teknologi og mangel på kontroll. Vi kan her supplere med ei studie Verdsbanken har gjort, og som er referert i *The Economist*. Kostnadene for luft- og vassforureiningar i Kina blir i denne studia sett til US\$ 54 milliardar i året, og det er meir enn fire gangar det som dei kinesiske forskarane meinte var eit minimumstal!

Dei kinesiske forskarane uttalte vidare at mengda av forureining og gifter som vart sloppe ut av små, uregulerte bedrifter førte samla sett til ei ødelegging av landets elvar og innsjøar. Dei tilrådde ei nærare gransking av kva innverknad desse bedriftene hadde på miljøet. (SCMP 3.12.96; *The Economist* 31.3.98)

Passiv røyking ein livsstil i Beijing

Luftkvaliteten i Beijing lid av vesentleg mangel på oksygen, og det er ingenting som tyder på at tilstanden vil bli betre med det første. Ulike estimat viser at lufta i Beijing er mellom to og fem gonger så forureina som lufta i Los Angeles. Å puste denne lufta i ein dag er jamgodt med å røyke tre tjuepakningar med røyk utan filter, heiter det i ei studie.

Det har vorte så gale at regjeringa, som ikkje innrømmer feil i utide, har erklært at forureiningane representerer ei nasjonal krise. Mykje av forureiningane i Beijing kjem frå jern og stålverk og frå kolfyring i heimane, som badar byen svoveldioksyd og sot. Den tette biltrafikken er også ei viktig kjelde til miljøskadar.

Det sentrale dilemmaet er at det kan vere umuleg å kjempe mot fattigdom og forureining samstundes. Beijing brukte fem milliardar yuan for å redusere luftforureiningane i siste femårsplan, utan synlege resultat. Grunnen til dette er rett og slett aukande forbruk av kol. Det blir no brent opp ca 30 millionar tonn kol kvart år. (*China Environment Reporter* 30.5.1997)

Lågt miljømedvit blant studentar

Ei undersøking blant skuleelevar i Yueyang i Hunan-provinsen frå april 1997 viste nedslåande resultat når det galdt miljømedvit. Av dei 320 elevane i utvalet var det ingen som visste

storleiken på Kinas dyrkbare areal, skogdekte område eller vassressursar per capita. Meir enn halvparten visste ikkje kor mange som budde i heimbyen eller provinsen deira.

Ingen av elevane kunne hugse namnet på kjende dagar for markering av miljøvern, og dei fleste hadde ikkje høyrte om surt nedbør. Blant elevar på høgare nivå som kunne forklare sur nedbør kjemisk, var det ingen som kunne gjere greie for kvifor Kina hadde problem med sur nedbør.

Undersøkinga vart gjort for å fremje opplæring i miljøvernspørsmål i skulen. Spørsmåla dekkja område som miljø, befolkning og ressursar. (*China Environment Reporter* 30.11.1997)

Luft- og vassforureiningar

Kolbrenning blir rekna å vere den viktigaste årsaka til luftforureiningane i Kina (bileksom er rett nok i ferd med å overta denne tvilsame førsteplassen i enkelte delar av store byar). Kol blir brent i kraftverk, i industrien og i private heimar. I 1993 var svoveldioksydutsleppa på 18 millionar tonn, og 40 % av landarealet var i 1994 ramma av sur nedbør. Sjukdommar knytte til lunge- og luftvegssystemet aukar kraftig, særleg i dei nordlege byane.

Eit anna stort problem er å skaffe reint vatn, og å samle opp og reinse avfallsvatnet frå hushaldningane og industrien. Dekningsgraden av noko så sjølvstekt som kloakkroyr er berre på 60 % i det urbane Kina, og berre 5 % av avfallsvatnet blir det gjort noko med. Særleg farleg for miljøet er dei giftige utsleppa frå dei mange små papirprodusentane, og dessutan frå kjemisk industri og tekstilfabrikkar.

Problema er særleg store i Guangdong-provinsen, som har hatt ei enorm økonomisk vekst sidan reformpolitikken starta i 1978. Provinsen auka sin del av kinesisk BNP⁶⁰ frå 5 % i 1978 til 9,4 % i 1993. Og berre frå 1994 til 1995 auka provinsens BNP med 25 %.

Veksten har i stor grad kome innan industri og tenesteytande næringer, og utanlandsk kapital og utstyr har flote inn i provinsen, særleg frå Hong Kong, Macau og Taiwan. Etter at Kina opna dørene for utanlandske selskap på slutten av 70-talet, tøffa mange oppover Perle-elva frå Hong Kong med forelda produksjonsutstyr for raskt å kunne utnytte fordelane med gunstige legevilkår og billeg arbeidskraft. I perioden frå 1979 til 1994 mottok Guangdong 22,6 % av dei utanlandske investeringane i Kina, sjølv om provinsen berre har 5,6 % av folketalet. Veksten er særleg konsentrert til den økonomiske sona i Perle-elvdeltaet, der vi finn byane Guangzhou, Shenzhen, Foshan og Zuhai.

Men det er ikkje berre renter og avdrag på låna som blir til minustal i provinsens rekneskap. Den aukande folketettleiken og den raske veksten har overbelasta infrastrukturen og ført til alvorlege forureiningsproblem.

I 1995 utgjorde avfallsvatnet i heile Guangdong ca 3.500 milliardar tonn, ca 36 % av dette kom frå industrien og resten frå hushaldningane. Ca 80 % av utsleppa frå industrien vart handsama på ein eller annan måte, medan ein svært liten del av utsleppa frå hushaldningane vart gjort noko med (nøyaktige tal på dette har eg ikkje funne). Utsleppa av verkeleg farlege stoff frå industrien hadde gått ned med nesten 20 % frå året før, men utgjorde framleis ca 220 tonn. Vi talar då om svært forureinande stoff som kvikksølv, kadmium, bly, arsenikk, fenol og cyanid. Her er likevel Guangdong komen lengre enn resten av Kina, sidan ein for landet totalt reknar med at ca 80 % av avfallet både frå hushaldningane og industrien går rett i elvane utan behandling.

For Guangzhou åleine var utsleppa av avfallsvatn vel 1 milliardar tonn i 1995, ca 75 % av dette frå hushaldningane. Så mykje som 80 % av avfallsvatnet frå hushaldningane går rett i Perle-elva utan reinsing av noko slag. Perle-elva er den viktigaste vasskjelda for Guangdong

⁶⁰ BNP: Vanleg forkorting for brutto nasjonalprodukt, verdien av alle varer og tenester produsert i ein økonomi i løpet av ein tidsperiode

og Hong Kong. Ein har berre kapasitet til å ta seg av 15 % av avfallsvatnet frå hushaldningane, og mengda av avfallsvatn aukar raskare enn reinsekapasiteten. I følge prognosane vil avfallsvatnet frå hushaldningane ha auka til 1,7 milliardar tonn i år 2010.

For industrien i Guangzhou er tala noko betre, og mengda av utslepp er faktisk svakt minkande. Av industriavfallsvatnet blir 87 % prøvd reinsa, og 63 % blir reinsa til ein akseptabel standard. Dette betyr at det blir sloppe ut ca 113 millionar tonn industriavfallsvatn under den nødvendige kvalitetsstandarden. Utsleppa skriv seg i hovudsak frå papirfabrikkar, trykkeri, farger, kjemisk industri, plateledningsindustri og matvareindustri inklusive bryggeri og sukkerraffineri. (SCMP 23.6.97; China Review nr 5-97; US Department of Commerce: http://strategis.ic.gc.ca/sc_mrkti/ibinddc/engdoc/1a1f1z.html)

Perle-elva blir meir og meir forureina

Perle-elva er ikkje berre ei elv, men eit stort elvesystem i Sør-Kina som omfattar elvane Xijiang, Beijiang og Dongjiang og sjølv Perle-elvdeltaet. Systemet forsyner provinsane Yunnan, Guizhou, Guangdong, Hunan og Jiangxi, og den autonome regionen Guangxi Zhuang med vatn, eit område som utgjør 4,7 % av landets areal. Perle-elva står for 12 % av Kinas vassressursar.

No blir det vanskelegare og vanskelegare for dei som bur langs elva i Guangdong-provinsen å få tak i reint vatn, på grunn av aukande forureiningar. Kjelder til reint vatn blir stadig flytta lenger oppover i elvesystemet. Innbyggjarane i byar og landsbyar langs elva hadde aldri trutt dei skulle kome ut for problem med vassforsyninga når dei bur langs ei slik rik vasskjelde. Det er ikkje vassmangel, men vasskvalitet, som er problemet.

I elvedalane blir 40 % av avfallsvatnet frå industrien, og 90 % av kloakken frå hushaldningane, sloppe ubehandla rett ut i Perle-elva. Heile 32 forskjellige giftige kjemikalier er funne på ulike stader i elvesystemet, og 12 av desse er funne att i drikkevatt levert til enkelte byar.

I Guangzhou er det registrert meir enn 20 kreftframkallande stoff i vatnet. Mange av vassverka i byen har enten måtta stenge, eller redusere vassforsyninga eller gjere store investeringar for å hente vatn frå Xijiang eller Dongjiang.

Ei undersøking viste at meir enn ein tredel av byane langs elva hadde drikkevatt som ikkje oppfylte krava etter gjeldande kinesiske standard. I løpet av 90-åra har fleire byar, som Nanning, Guilin og Baise, måtta hente vatn lengre unna; frå midtre eller øvre deler av elvesystemet. Også for byane i øvre del av Perle-elva har problema kome nærare, då vatnet har fått dårlegare kvalitet også i byar som Quqing, Liupanshui, Kaiyuan og Gejiu. Det årlege tapet desse forureiningane medfører, har vorte rekna ut til ca 3 milliardar yuan; nok eit prov på at investeringar i miljøvern kan vere lønnsame. (China Environment Reporter 30.6.1997)

Den Gule elva turkar ut

Den samla effekten av tørke, industriutvikling og sløsing med vatn kan bety slutten for den Gule elva. Dette hevda i alle fall meteorologar på ein spesiell regjeringskonferanse våren 1997. Ekspertane oppmoda folk om å ta desse problema alvorleg, og å bruke vatnet meir fornuftig.

Elva sitt grunnlag for vasstilførsle er regnvatt. Frå 1972 til 1996 gjekk i periodar 19 område langs dei nedre delane av elva tomme for vatn, og i dei seinare åra har desse tørkeperiodane vorte lengre og lengre. Sjølv kjelda til elva, Qinghai-Tibet-plataet i vest, har hatt 6 påfølgjande år med tørke.

Konferansen om Kinas nest største elv avdekkja at elvevatnet var borte i 680 av i alt 4345 km i 1995. Tørkeperiodane utgjorde i alt 136 dagar, og ekspertane fryktar at aukande

etterspørsel etter vatningsanlegg og drikkevatt berre vil forverra situasjonen. Sidan vassavgifta er svært låg, blir problema større ved at sløseriet er omfattande.

Meteorologane åtvara om at utturkinga kunne setje heile den økonomiske og sosiale utviklinga i nord og nordvest-Kina i fare. Dei peika også på at effektane av den globale oppvarminga kunne bli utturking av dei øvre delane av den Gule elva. Reduksjonen av vassføringa har likevel ikkje stoppa flaumane. Det låge vassnivået fører til ei oppbygging av sediment langs elvebredda, noko som gjer omlandet meir utsett i tilfelle flaum.

Som om ikkje dette var nok: Den Gule elva blir rekna som den tredje mest forureina elva i Kina, og ein reknar med at vasskvaliteten berre vil bli dårlegare og dårlegare. Kombinasjonen lågare vassføring og auka utslepp av forureinande avfallsvatn er urovekkjande. (SCMP 15.04.97, 9.6.97, 23.6.97; *Guangming Dagblad* 14.04.97)

Vassmangel, dårleg vatn og ørkindanning

Vassmangel er eit stort problem i meir enn 60 % av byane i Kina, noko som ein reknar med fører til eit produksjonstap på godt over 100 millionar yuan i året. Det høge folketalet og den raske økonomiske veksten har forsterka problema. For oss i Vesten kan det kanskje verke som ei overkomeleg oppgåve for eit land med så stort areal som Kina å produsere nok mat til alle.

Men nokre tal set dette litt i perspektiv: Kina har 22 % av verdas befolkning, og truleg berre 8 % av verdas ressursar og 7 % av verdas dyrkbare areal. Ein statleg rapport ringer med alarmklokkene når det viser seg at Kinas ressursar i form av dyrkbart areal og utvinnelege mineralar berre er ein tredel av verdsgjennomsnittet. Ei samanlikning på per capita-basis med USA seier at Kina berre har ein åttedel av USAs dyrkbare jord, ein tolvdel av skogområda, ein firedel av beitemarkene og ein femdel av vassressursane.

Dessutan blir heimane og jorda til 400 millionar menneske trua av at ørkenområde veks i omfang og et opp nesten 2500 kvadratkilometer dyrkbar jord kvart år. Ein tredel av Kina er alt å rekne som ørken. Tilgjengeleg vassmengde per capita per år er ca 2400 kubikkmeter, det vil seie berre ein firedel av verdsgjennomsnittet.

Meir enn 300 av 500 kinesiske byar lid av vassmangel, og for 100 av dei er problema så store at det hemmar den økonomiske utviklinga. Store utslepp av ubehandla avfallsvatn frå hushaldningane og industrien i elvar og innsjøar gjer berre galt verre når det gjeld vasstilførsla. Meir enn ein tredel av vassvegane og vassforsyningane til byane blir forureina på denne måten.

Ei studie av vasskvaliteten i dei sju viktigaste vassårene i landet gav eit nedslåande resultat. Nokre av resultatata er referert ovanfor i omtalen av den Gule elva. Den mest forureina elva er Liahoe, deretter kom Haihe, den Gule elva, Huaihe, Songhua, Perle-elva og Chang Jiang (Yangtze). Bielvane til Liaohe var i så elendig forfatning at dei falt under den lågaste verdien på den oppsette skalaen for vasskvalitet. Langs Haihe fann ein fleire drikkevasskjelder som alt var forureina eller trua av å bli det. Langs Huaihe var problema særleg store i tørkeperioden.

Ca 10 % av folket på landsbygda, dvs ca 80 millionar, har også problem med vassforsyninga. Dette gjeld særleg i dei nordlege, nordvestlege og nordaustlege delane av landet. Rundt 81 % av landets vatn blir distribuert i sør, der ein finn 36 % av det dyrkbare arealet. Den nordlege delen av Kina, som har 64 % av det dyrkbare arealet, får berre 19 % av vatnet.

Prognoser går ut på at Kina vil ha ein vassmangel på 29 milliardar kubikkmeter i år 2000, og dette vil auke til heile 50 milliardar kubikkmeter i år 2020. I år 2000 vil forbruket av vatn vere 700 milliardar kubikkmeter, og det er 26 % av totale vassressursar, 100 % av brukbare vassressursar og 175 % av reine og brukbare vassressursar. Ei alvorleg vasskrise vil derfor

kome raskt etter tusenårsskiftet. I Beijing er det så ille at nokre lurar på om Kina må flytte hovudstaden pga. vassmangel! (*China Environment Reporter* 17.9.97; *SCMP* 23.6.97).

Vasskrise i Gansu

Vest i Gansu-provinsen finn vi Yuanyangchi-bassenget, som har vore ei viktig vasskjelde for Jinta fylke. No er bassenget svart som soyasaus. Sidan fordampinga av vatn frå fylket er 45 gangar større enn nedbøren, er folka i området avhengige av Beida-elva, som renn inn i bassenget, for å overleve.

Beida har sitt utspring i Qilianfjellet, og overrislar nesten 20.000 hektar med jordbruksland på vegen nedover. Men i dei seinare åra har industrien sloppe ut store mengder avfallsvatn i elva, med det til følge at bassenget no er vorte til ein kloakkpøl. Fleire alvorleg forureinande stoff overstig nasjonale grenseverdier med god margin, nokre til og med eit par hundre gangar. Grunnvatnet, som er avhengig av tilsig frå Beida, er også sterkt forureina.

Førekosten av smittsame og andre sjukdommar har auka kraftig. Samanlikna med 1986, har besøkstala på legevakta auka med 67 % og talet på kreftpasientar er 25 gangar så stort. Ei lokal undersøking gjennomført i åra 1992-94 viste at store avlingar vart øydelagde pga. bruk av forureina vatn i vatningsanlegga, til ein kostnad av ca 60 millionar yuan.

Kvart år blir om lag 10 millionar tonn avfallsvatn pøst rett ut i elva. Blant dei største forureiningskjeldene var ein papirfabrikk og eit kloakkreinseanlegg! Sjølv om ein har prøvt å redusere utsleppa gjennom ulike tiltak, var tilstandane like ille sommaren 1997. Yuanyangchi-bassenget er like svart. (*China Environment Reporter* 30.5.97)

Ebinursjøen forsvinn?

Ei melding om at Ebinursjøen, den nest største innsjøen i den autonome regionen Xinjiang, var iferd med å turke ut, sjokkerte både kinesiske og utanlandske observatørar. Årsaka til forsvinninga låg i den raske forverringa av miljøet rundt innsjøen, som igjen var ein følge av menneskeleg aktivitet.

Ebinur ligg på eit platå som vart forma då Himalaya vart til, og var opphavleg ca 80 meter djup og to gangar Singapores storleik i omfang. Innsjøen var kjend for klart vatn, rikeleg med fisk og ender, og for grønt gras langs breiddane.

No står innsjøen i fare for å forsvinne heilt. Han har minka frå 1200 kvadratkilometer tidleg i 50-åra til berre 520. Vassinnhaldet har minka frå 3 milliardar til 700 millionar kubikkmeter. Mineralinnhaldet i vatnet har auka frå 1,5 til 98 gram per liter! Resultatet er at fisken har døydd ut og fuglevivet er kraftig redusert. Ørkendanninga rundt innsjøen er urovekkjande. Heile den berekraftige utviklinga i det nordlege Xinjiang er trua. (*China Environment Reporter* 30.11.1997)

Kven vil berge Donghu-sjøen?

Donghu-sjøen ligg nær Wuhan i Hubei-provinsen, og dekker ca 33 kvadratkilometer. Etter tiår med forureiningar, stinkar heile innsjøen. Folket som bur i området har i ti år bedt om at noko må gjerast, med magert resultat.

Meir enn 100 bedrifter og rundt 100 private hushaldningar slepp avfallsvatn og kloakk rett ut i innsjøen. Dagleg inneber dette forureinande utslepp på 200.000 tonn. Dessutan huser Donghu eit 20-tals båtrestaurantar som dagleg dumpar 100 tonn med avfall og kloakk. På overflata av innsjøen ser ein plastikkposar, hermetikkboksar, drikkevareboksar og anna søppel flytande omkring. For å sette prikken over i-en har ein også åtte fiskebruk som legg endå fleire byrder på eit overbelasta økosystem.

Målingar viser at innsjøen tar imot 600 tonn nitrogen og 75 tonn fosfor kvart år. På botnen har det samla seg opp eit tjukt lag med gjørme med eit aukande innhald av nitrogen og fosfor. Vasskvaliteten ligg langt under minimalt akseptabelt nivå og eutrofieringsproblema berre aukar, noko som gir overproduksjon av algar og lågt oksygeninnhald.

Eit kloakkreinseanlegg er faktisk stilt ferdig, men ikkje sett i drift pga. manglande driftskapital. Kven vil berge Donghu? Innbyggerane ventar spent på svaret. (*China Environment Reporter* 30.11.1997)

Forureinande industri flytter til Kina

Det nasjonale miljøvernkontoret (NEPA) skulda utanlandske investorar for å dra nytte av svak oppfølging av miljølovgivinga ved å flytte forureinande industri til Kina. Kjemiske anlegg, fargerier, garveri og annan miljøskadeleg produksjon har vorte relokalisert til Kina fordi dei ikkje lenger oppfyller miljøkrava der dei kom frå. Investorar frå Hong Kong, Taiwan og Sør-Korea er spesielt nemnde.

I følgje offisielle tal har utlendingar investert i 140.000 bedrifter i Kina sidan 1979. NEPA kritiserte styresmaktene i Kina for å ha lokka forureinande bedrifter til landet utan å ha tatt omsyn til miljøskadane som følgde med på lasset. (*China Environment Reporter* 30.4.1997)

Chongqing: Fattig og forureina

Chongqing er ein storby som er relativt fattig samanlikna med andre kinesiske byar. Inntekt per capita er berre 30 % av Guangzhous og 40 % av Beijings. Byen har over 30 millionar innbyggjarar, men ca 24 millionar bur i rurale område.

I tillegg til at byen er fattig, husar Chongqing nokre av dei mest forureina industriområda i Kina. Vi finn om lag 8.000 bedrifter i dei urbane strøka, og meir enn 90.000 småby- og landsbybedrifter i dei rurale områda av byen. Av dei store og mellomstore bedriftene i byen har meir enn 90 % forelda anlegg som fører til store produktivitetstap og sløsing med ressursar og råstoff. I Kina reknar ein Chongqing som ein av landets skitnaste byar.

Nøkkelfabrikar innan maskin-, metall- og kjemisk industri er kjelder til store vassforureiningar. Nokre av dei verste forureinarane er lokalisert rett ovanfor drikkevasskjelder. Mange alvorlege miljøtilsulkande små og mellomstore bedrifter er lokalisert i bustadområde.

Luftkvaliteten i Chongqing er blant dei dårlegaste i Kina når det gjeld partikkelinnhald og svoveldioksyd. Den viktigaste kjelda til luftforureiningane i Chongqing er brenning av kol for oppvarmings- og kokeføremål i private hushaldningar og i restaurantar. Ca 90 % av utsleppa av svoveldioksyd stammar frå kolbrenning. Den sure nedbøren, som har ein pH-verdi mellom 3,5 og 4,5⁶¹, fører til store skadar på avlingane i jordbruket og på skogar, hagar, bygningar, vegar og sist, men ikkje minst, på menneskeleg trivsel og helse. Førebels undersøkingar viser klare samanhengar mellom dødsfall pga. hjerte- og karsjukdommar og førekomst av partiklar, svoveldioksyd og nitrogenoksidar i lufta. (*China Environment Reporter* 30.4.97; *SCMP* 6.3.97)

Chongqing og Tre Kløfter-utbygginga

I 1997 vart som nemnt Chongqings formelle rang endra frå å vere ein vanleg by i Sichuan-provinsen, der Chengdu er provinshovudstad, til ein by med status på provinsnivå. Dette vil seie at byen vart direkte underlagt sentralregjeringa, og ikkje provinsregjeringa i Chengdu. Frå før var det berre Beijing, Shanghai og Tianjin som hadde slik status. I praksis inneber

⁶¹ Nøytral = 7

statushevinga større sjølvstende, høgare profil og større sjanse for å trekke til seg utanlandske investeringar. Styresmaktene i Chongqing rekna med økonomisk blomstring som følgje av avgjerda.

Chongqing er vel først og fremst vorte kjent rundt om kring i verda pga. Tre Kløfter-utbygginga. Verdas største og truleg mest kontroversielle vasskraftverk er nemleg under bygging i dette området, nærare bestemt ved Xiling-kløfta og Sandouping (inn i landet sørvest for Shanghai). Chang Jiang – den lange floda – skal utnyttast til kraftproduksjon med ein kjempedam i eit landskap som blir kalla *Sanxia*; eller *Tre Kløfter* på norsk. Den valde staden er velegna for formålet, med ei øy midt i elva som demninga kan byggjast på, og bratte fjellsider ovanfor som dannar eit naturleg basseng. Prosjektet har sjølv sagt ført med seg nye økonomiske mulegheiter for regionen, men samstundes har ein også fått fleire miljømessige utfordringar å ta seg av.

Det var to grunnar til hevinga av Chongqings status til provinsregjeringsnivå. Det eine var å få betre grep på politikken andsynes dei indre regionane, og særleg Tibet. Chongqing er rekna for å vere innfallsporten til Tibet, der den etniske minoriteten representerer ein muleg trussel mot styret i Beijing. Det andre er det som er interessant her, nemleg å få eit betre oppsyn med Tre Kløfter-utbygginga. Den eigentlege planen til sentralregjeringa var å danne ein ny provins, nettopp kalla *Sanxia*, for å ta seg av denne utbygginga. Men dei to provinsane som måtte gi frå seg land for å få dette til, Sichuan og Hubei, klarte aldri å bli samde om vilkåra for dette.

Elva gjennom Tre Kløfter vil bli forlenga frå ca 150 km til ein 600 km lang dam, og det oppdemde vassbassenget vil dekke 1000 kvadratkilometer. Mellom 70 og 80 % av forureiningane i området vil kome frå Chongqing. Etter at bassenget er forma vil elva renne saktare, noko som reduserer fortynninga av elvevatnet og den sjølvreinsande eigenskapen til elva. Ekspertar reknar med at sjølv om forureiningskjeldene held seg konstante, vil tettleiken av forureinande stoff auke med meir enn 30 % etter oppdemminga.

Årleg blir rundt 1,3 milliardar tonn industri- og hushaldningskloakk sloppe ut i elvane Chang Jiang og Jialing, og det meste av dette er ubehandla. Den raska veksten både i befolkninga og økonomien vil mest sannsynleg føre til auka utslepp. Når anlegget er ferdig i år 2009, vil Chongqing ha absorbert meir enn 1 million innflyttarar. Som ein del av avtalen i samband med statushevinga, har byen nemleg lovt å ta i mot 85 % av dei som må flytte pga. utbygginga. Mangelen på land vil då vise seg med større kraft. Utan skikkeleg planlegging, vil denne flyttinga føre til jorderosjon og økologisk forverra vilkår. Dette skuldast at landskapet i området er svært sårbart, med mykje skråningar og lite skog.

Tre Kløfter-prosjektet vil altså bli ein viktig test på korleis Kina klarar å handtere konflikten mellom økonomisk utvikling og miljøvern. (*China Environment Reporter* 30.4.97, 30.7.97; *HKS* 7.10.97; *SCMP* 6.3.97, 15.4.97)

Meir om Tre kløfter-utbygginga

Chang Jiang er verdas tredje lengste elv etter Nilen og Amazonas. Ho har si kjelde ein stad på det tibetanske plataet, og går først sørover for så å renne nordaustover og ho når havet ved Shanghai. I Vesten og i Hong Kong er Chang Jiang meir kjend som Yangtse-elva, eller Yangtsekiang. Av og til er ho også omtala som Yang Zi Jiang. Dette namnet er knytt til Tang-dynastiet, og derfor valt vekk i Kina. Chang Jiang har fascinert mange, og Michael Palin og Terry Jones frå den engelske komigruppa Monty Python har skrive denne songen om elva:

Yangtse Song⁶²

⁶² <http://www.stone-dead.asn.au/lyrics/yangtse-song.htm>, song frå albumet "Monty Python's Previous Record"

*We love the Yangtse, Yangtse Kiang
Flowing from Yushu down Ching Kiang
Passing through Chung King, Wuhan and Hoo Kow
Three thousand miles, but it gets there somehow*

*Oh Szechuan's the province and Shanghai is the port
And the Yangtse is the river that we all support*

Tre kløfter er eit 193 km langt landskap utanom det vanlege med majestetiske klipper og forbløffande passasjar. Kløftene Qutang, Wu og Xiling har alle sine spesielle karakteristika, men vil bli ein del av ein kunstig innsjø etter at utbygginga er fullført. Inntil utbygginga gjorde det umuleg, vart det arrangert båtturar gjennom Tre kløfter mellom Chongqing i Sichuan-provinsen til Wuhan i Hubei-provinsen, slik at dei som ville kunne nyte det urørte landskapet for siste gong. To linedansarar har dessutan gått på line dei vel 600 metrane over kløfta ved Qutang utan sikringsnett, 411 meter over botnen av kløfta. Ein kanadiar gjekk over i 1995, og gjorde mange kunstar i løpet av dei 53 minuttane spaserturen tok. I 1997 gjekk ein kinesar over på 13 minuttar, men han gjorde ingen kunstar.

Nokre tal viser dimensjonane i utbygginga:

- Arbeidet starta i 1993 og anlegget skal vere ferdig i 2009
- Den oppdemde sjøen blir 600 km lang og opp til 175 meter djup
- Demninga blir 2,4 km lang og 185 meter høg (ein moderne kinesisk mur, vil nokon seie)
- I utbygginga vil det gå med 11,5 millionar kubikkmeter sement og 140.000 tonn stål
- Dammen vil krysse 20 fylke i to provinsar (Hubei og Sichuan)
- Prosjektet er budsjettert til vel 200 milliardar yuan, men enkelte fryktar dette talet vil nærme seg 250 milliardar. Ein milliard yuan skal skaffast gjennom utferding av nasjonale obligasjonar gjennom det statlege utbyggingsselskapet China Yangtze Three Gorges Project Development Corporation. Selskapet lova 11 % årleg avkastning på obligasjonane. Hovudtyngda av finansieringa kjem elles gjennom statlege fond og bankar
- Årleg kraftproduksjon frå år 2009 blir stipulert til 85 TWh⁶³, dvs heile 2/3 av noverande norsk forbruk (eller 10 % av noverande kinesisk forbruk). Skulle tilsvarende kraftmengde ha vorte produsert i eit kolkraftverk, måtte ein ha brukt 50 millionar tonn kvart år, med årlege utslepp av kolstoff på 29 millionar tonn, svoveldioksyd på 1,5 millionar tonn og nitrogenoksidar på 370.000 tonn

I tillegg til den miljøvennlege straumforsyninga frå anlegget er flaumkontroll det viktigaste argumentet for prosjektet. Sidan dei enorme flaumane er ei stor plage for kinesarane er dette eit viktig poeng. Men, ikkje uventa, har prosjektet vorte kritisert for å vere miljøødeleggende. Trass i slik kritikk, har mange utanlandske selskap vist interesse for å delta i kjempeprosjektet. Av store aktørar som viste interesse kan nemnast selskap frå Russland, Japan, Sverige/Sveits (ABB; Asea Brown Boveri), England/Frankrike, Tyskland og Canada. Men den utanlandske delfinansieringa av prosjektet, som kinesarane hadde håpa skulle vere

⁶³ 1 TWh (terrawatt-time) er det same som 1 milliard kWh (kilowatt-time)

20 %, har vore verre å få på plass. Tre amerikanske selskap⁶⁴ som ville levere utstyr til prosjektet, vart t.d. i mai 1996 nekta finansiering av The US Export-Import Bank.

Mulege miljøproblem har vorte knytte til følgjande:

- Endring av straumforholda kan true fiskelivet i elva. Særleg er ein uroa for framtida til den sjeldne artar som den kinesiske elvedelfinen, som berre finst i Chang Jiang, og den kinesiske størja. Temperaturendringar kan t.d. påverke og forskyve gyteperiodane til fisken i elva
- Nokre kritikarar har hevda at demninga ikkje vil hindre flaumar i dei midtre og nedre delane av Chang Jiang, sidan han er for langt oppe. Tilhengjarane av utbygginga seier at dette er feil, sidan regnvatnet som blir samla opp på Sichuan-sletta ovanfor demninga er den viktigaste årsaka til flaumane lenger nede
- Andre har hevda at prosjektet vil auke risikoen for flaum ovanfor demninga, noko regjeringa sjølv sagt har sagt seg usamd i, men likevel innrømt å vere ei utfordring som må takast alvorleg
- 104 byar blir sett under vatn, slik at mange menneske må flytte. Dette gir tap av land som må fråflyttast, dessutan blir mykje jord øydelagt når fabrikkar og folk skal etablere seg på nytt andre stader
- Bønder som må flytte risikerer å måtte nøye seg meg skinnare jord
- Overfløyming av gamle tempel og andre kulturminnesmerke, noko som gjer at utbygginga blir samanlikna med Aswan-dammen i Egypt. Ei fullstendig liste over det som forsvinn er ikkje muleg å gi, sidan ikkje alt er utgrave. Men vi veit at minnesmerke frå dynastia Xia (2100-1600 f. Kr.), Shang (1600-1100 f. Kr.) og Zhou (1100-256 f. Kr.) blir borte
- Påstand om at naturinngrepet er for stort, og at det hadde vore betre å byggje mange mindre dammar langs sideelvane til Chang Jiang
- Øydelegging av eit spektakulært stykke naturoppleving
- Fare for slamoppbygging i eit stillestående reservoar
- Mulege klimaendringar har også vore framme i diskusjonen, men studiar viser at desse truleg vil vere små
- Av andre moment kan nemnast auka fare for jordskjelv og ras, og dårlegare vasskvalitet

Administrerande direktør for utbyggingsselskapet, Lu Youmei, sa at fordelane med prosjektet meir enn oppvog ulempene. Denne påstanden er ikkje spesielt overraskande. Men for den kinesiske regjeringa har nok flyttinga av så mange menneske vore det mest sensitive spørsmålet i samband med prosjektet, då ein har frykta sosial uro.

Ein plan om å flytte 50-100.000 personar frå området rundt den gigantiske Tre kløfter-dammen til den muslimske regionen Xinjiang har vorte aktivt forpurra av lokale styresmakter i Xinjiang. Leiaren for kommunistpartiet i Xianjiang, Wang Lequan, skal ha sett seg i mot ei slik masseinnflytting av han-kinesarar til regionen. Om han hadde gått med på noko slikt, ville muslimane i Xinjiang visseleg ha oppfatta det som ein provokasjon. Wang er sjølv han-kinesar. Han-kinesarane utgjer meir enn 90 % av Kinas 1,2 milliardar menneske. I Xianjiang er derimot muslimske grupper, som Uyghur-folket, i fleirtal.

I februar 1997 vart hovudstaden i regionen, Urumqi, skaka av fleire bussbomber som drap 9 og såra 74 personar. Uyghurske eksilgrupper, som ønskjer å opprette "Aust-Tyrkistan" som

⁶⁴ Selskapa var Caterpillar og Rotec Industries frå Illinois og Voith Hydro frå Pennsylvania.

ein uavhengig stat, tok ansvaret, og trua med å halde fram med slike aksjonar inntil heimlandet deira hadde vunne fullstendig fridom.

Trass i offisielle meldingar om at situasjonen i Xianjiang var stabil igjen, var det sjølv sagt påkravt for regionleiinga å hindre at den etniske uroa blussa opp att. Ei massiv innflytting av han-kinesarar vil nettopp kunne få eit slikt resultat, til ulykke både for dei opphavlege innbyggjarane og innflyttarane. Begge grupper kan altså ha ei felles interesse i å hindre ei slik flytting. I følgje *Hong Kong Standard* var det ingen offisielle kinesiske kommentarar til dei omstridde flytteplanane, sidan dette var "statsløyndommar".

Men flytteplanane involverer fleire enn dei nemnde 100.000 menneska. Mellom 1,2 og 1,8 millionar menneske, for det meste han-kinesarar, må flytte som følgje av den gigantiske utbygginga. Tusenvis av fabrikkar må også omlokalisert. Flytting av slikt omfang må planleggjast nøye, og kan vanskeleg haldast hemmeleg. Sjølv om *Hong Kong Standard* hadde problem med å få offisielle fråsegner til den konkrete saka som er nemnd ovanfor, er det ein god del informasjon tilgjengeleg om desse planane.

Innan år 2009 må flyttinga vere fullført. Kinesiske styresmakter reknar med å bruke i alt 40 milliardar yuan for å få dette til. I februar 1997 var nesten 6 milliardar yuan sett inn på eit fond for finansiere flyttinga. Eit slikt fond vil vere eit typisk korrupsjonsmål, derfor har ein etablert eit eige organ som skal kontrollere pengebruken ned til minste detalj. I følgje Xinhua ville eit kvart forsøk på misbruk av fondsmidlar "bli hardt straffa". Det er sett opp strenge reglar for kva pengane kan brukast til. Fondet kan berre brukast på prosjekt direkte knytte til flytteprogrammet, og ikkje til administrasjon, luksushotell, aksjekjøp eller bilkjøp.

Flyttinga starta så tidleg som i 1985, då berre på prøvebasis, og var i full sving frå 1993. I byrjinga av 1997 vart det opplyst at 60.000 menneske alt hadde flytta, og at over 100 fabrikkar hadde fått produksjonen i gang att etter omlokalisering. I følgje *China Environment Reporter* var det ingen skikkelege planar for miljøvern når heile byar skulle flytte. Dette har ført til mykje øydelegging av jord under reetableringa. Då 22 landsbyar i Fuling var flytta, vart ingen miljøvernstudiar gjort på førehand, og ingen midlar frå fondet nemnt ovanfor tilflaut miljøvernprosjekt i dei omlokaliserte bedriftene. Ekspertar har rekna med at 13 millionar kubikkmeter jord vil gå tapt under flytteprosessen. Vidare vil vegetasjonen på 12,3 millionar kvadratmeter land bli øydelagt. Eit lyspunkt trass alt er at vasskvaliteten i Chang Jiang har jamt over vist seg å vere god, men med ein viss auke i forureining i form av organisk materiale nær dammen og på strekninga mellom Chongqing og Fuling.

Sommaren 1997 kom det ein oppsiktsvekkjande hard kritikk av prosjektet frå Det nasjonale miljøvernkontoret (NEPA). Kontoret åtvara mot miljøskadar som følgje av utbygginga, og hevda at store område av jord og vegetasjon var øydelagde utan skikkelege studiar av konsekvensane:

"Etter som arbeidet med Chang Jiangs Tre Kløfter-dam går raskt framover, ligg miljøvernprogrammet langt tilbake. ... I flytteprosessen har store område med vegetasjon vorte øydelagde. Anleggsarbeidet har også spist opp store mengder jordbruksland, og skapt eit fjell av steinblokker på to millionar kubikkmeter." (*SCMP* 6.6.97)

Når prosjektet først blir gjennomført, er det interessant å følgje det i tida framover. Få, om nokon, utvikla land vågar å sette i gang prosjekt med så store miljømessige konsekvensar; derfor er Tre Kløfter trass alt eit unikt høve til forskning innan miljøspørsmål. (*Illustrert vitenskap* nr 3 1997; *HKS* 18.6.96, 23.10.96, 11.11.96, 12.12.96, 17.1.97, 20.2.97, 28.2.97, 6.3.97, 20.3.97; *SCMP* 20.12.96, 14.1.97, 28.1.97, 10.2.97, 12.2.97, 6.3.97, 20.3.97, 6.6.97, 23.6.97, 27.6.97, 3.11.97, 4.11.97; *China Environment Reporter* 30.4.97, 30.6.97, 30.7.97, 31.10.97; *Irish Times* 12.9.97; *China Daily* 5.11.97)

Fisken dør i hopetal

Meir enn 500 tonn karpe døyde våren 1997 av forureining i ein innsjø i Wuhan, ein av dei viktigaste industribyane i det sentrale Kina. Den døde fisken dekkar eit kilometerstort område i Moshui-sjøen. Før 1980 var denne innsjøen full av yrande liv, med skjel, sølvkarper og skilpadder. Men då industrialiseringa skaut fart under dei økonomiske reformene, vart Moshui ein kloakkpøl der avfallsvatnet frå industrien hopa seg opp. Noko initiativ for å reinse innsjøen har enno ikkje kome for ein dag.

Sommaren 1997 førte utslepp av avfallsvatn frå ein etylenfabrikk i Guangdong til massedød i havet. Frå juni og utover sommaren dreiv meir og meir død fisk, hummar og krabbe inn langs strendene. Etter at fabrikk starta opp i september 1996, har dødsraten blant humrar stige til mellom 70 og 80 %, og nokre stader til 100 %. mange fiskarar har mista levebrødet sitt pga. dette. (*China Environment Reporter* 30.5.97, 30.7.97)

Forureina sjømat skapar bekymring

Kina er blant dei leiande landa i verda når det gjeld akvakultur, og produserte vel 20 kg sjømat per capita i 1995, ein auke på nesten 15 kg sidan 1984. Heile 740.000 tonn sjømat produsert i akvakulturanlegg vart eksportert i 1995, til ein sum av US\$ 3,3 milliardar.

Etter kvart som fleire og fleire lét slik mat gå inn i kosthaldet, er det grunn til å fokusere på faren for forgifting. Alt avfallsvatnet som går rett i havet skaper grunnlag for forgifta sjømat. Det kan t.d. nemnast at 200.000 tonn kloakk og 43 milliardar tonn avfallsvatn frå rekedyrking går ubehandla ut i Kinahavet kvart år. *China Environment Reporter* viser til fleire tilfelle av alvorlege forgiftingar som skuldast østers, men ingen av desse er frå 90-talet (dei nemnde tilfella er frå 1979, 1983 og 1988).

Professor Pan Shunchang ved Det kinesiske akademiet for preventiv medisin har uttalt at mange sjukdommar har si årsak i forgifta sjømat. Når forholda ligg til rette for det, vil epidemiar bryte ut, hevda han. Pan går inn for eit landsomfattande nettverk for å førebygge forgifting av sjømat.

Ein annan professor, Li Xiaochuan ved Gulehavets Forskingsinstitutt, sa at kinesiske leiarar tek for lett på den oppgåva som ligg i å utvikle sikker sjømat. Dette gjeld både utslepp i havet og kva fôr som blir brukt. Enkelte havbruk nyttar diverse matrestar og avfall som fôr, og dette må det bli betre orden på.

Resultata frå ei omfattande studie av forureiningane nær Bohaibukta og Gulehavet vart presentert sommaren 1997. Dette var første fase i eit større prosjekt, og ein hadde konsentrert seg om å sjekka miljøforholda i det sørlege Gulehavet langs kysten av provinsane Jiangsu og Zhejiang. Dei første førebels analysane viste at kystvatnet inneheld mykje over maksimumsgrensene av sjukdomsbakteriar (30-80 % over grensa), nitrogen (nesten 50 %) og fosfor (nesten 30 %).

Eksperter peiker på at ein nærmar seg Bohaibuktas maksimale tåleevne når det gjeld kloakkvatn, og at fisk, reker og anna liv i sjøen vil døye ut når denne grensa blir passert. Utbrotet av hepatitt A i Bohairegionen i 1988 vart tilskriva forgifta sjømat. Kvar tiande kinesar er enten ramma av hepatitt eller berar av hepatittvirus, og ein meiner dette i stor grad har samanheng med skjemd sjømat.

Yantai Aquatics General Company, ei bedrift som produserer og eksporterer sjømat, opplyser at alle produkt må testast grundig fleire gonger før dei kan eksporterast. Når produkta er ganske unge, blir dei sjekka for innhald av mikroorganismar, tungmetall og restar etter jordbrukskjemikalier. Liknande testar blir gjort like før eksport, etter spesifikasjonar frå det importerande landet. (*China Environment Reporter* 30.5.97, 30.7.97, 22.8.97)

Meir om helseskadeleg mat

Sjølv om forgifta sjømat i Kina blir rekna å vere farlegare enn annan dårleg føde, har ein også problem med giftinnhald i plantevernmidlar og gjødsel som blir brukt i jordbruket. Statistikken viser at heile 200.000 menneske har vorte forgifta av infiserte grønnsaker på 90-talet.

Ei undersøking utført av Landbrukshøgskulen i Shanghai viste at 100 % av dei testa grønnsakene inneheldt for mykje plantevernmidlar. I Guangzhou fann ein at 60 % av grønnsakene på marknaden var forureina, og heile 70 % kunne innehalde eit svært farleg plantevernmiddel. Dårlege holdningar vart avslørt då ein fann døme på at bønder kom til marknaden med grønnsaker som var sprøytt dagen før.

Plantevernmidlane blir akkumulerte i kroppen, slik at kronisk forgifting kan bli resultatet av å ete slike grønnsaker over eit lengre tidsrom. I tillegg er dei farlege både for bonden sjølv og for miljøet.

I dei seinare åra har styresmaktene mista kontrollen over kjøtmarknaden, slik at den illegale omsetnaden av skjemd svine-, lamme- og oksekjøt har auka sterkt. Kjøtet kan t.d. kome frå sjølvdøde eller sjuke dyr. Styresmaktene har prøvt å stoppe dette utan særleg hell.

Men ikkje all den skadelege maten på den kinesiske marknaden skuldast kinesarane sjølve. Opninga mot utlandet har ført til stor import av matvarer. Diverre har ein del utanlandske eksportørar sett sitt snitt til å gjere pengar på dårlege varer. Undersøkingar av importert mat har gitt ein del skremmande resultat: Rotne og mygla varer, varer med giftinnhald over grenseverdiar, varer som var utgått på dato, varer utan datomerking og varer der produksjonsdatoen var juksa med (opp til 20 år!). (*China Environment Reporter* 22.8. 1997)

Jordbruk i utakt med framtida

Statens kommisjon for vitskap og teknologi har skrivne ein 400-siders rapport, "Vitskap og utdanning for eit velståande Kina", retta mot kommunistpartiet og regjeringa. Deler av rapporten var å finne i *China Environment Reporter*, med det atterhald at opplysningane kan gi eit skeivt bilde sidan deira kjelde er den amerikanske ambassadens internettsider(!). I alle fall har rapporten ein kritisk gjennomgang av det som er stoda i kinesisk landbruk.

Eit problem Kina har i forhold til meir avanserte land, er den enorme sløsinga av ressursar i produksjonen. Kina treng 2,42 gangar meir energi per BNP-eining enn USA. Kinesiske bønder bruker berre 30-40 % av gjødsel effektivt, mot dobbelt så mykje i utvikla land. Bøndene ser på ressursar som noko som skal forbrukast, ikkje bevarast. Dette har hatt øydeleggjande innverknad på miljøet og økosystemet, noko som igjen har hatt alvorlege økonomiske og sosiale konsekvensar, heiter det i rapporten.

Den dramatiske historia har også sett sine spor. Krigane på 40-talet gjekk hardt ut over skogane. Kina har berre 0,12 hektar skog per capita, og det er berre halvparten av verdsgjennomsnittet. Rapporten viser til undersøkingar i 46 fylke i Sichuan-provinsen, som konkluderte med at overutnytting av skogen og øydelegging av plantelivet førte til ein nedbørsreduksjon på 15-20 %. Liknande tendensar er funne andre stader, t.d. i Heilongjiang-provinsen, der øydelegging av skog har ført til nedbørsreduksjon og turkeperiodar.

Beitemarkene er ikkje berre av dårleg kvalitet, men kvaliteten blir jamt dårlegare. Ein tredel av beitemarkene er skadde, og ørkenområda et seg innover grasmarkene. Jorderosjon er også eit stort problem i meir enn 30 % av landet. Det årlege næringstapet som følgje av erosjon tilsvare Kinas produksjon av gjødsel i 1984. Tapet av tre og planter til å dekke jorda, har dessutan gjort kystområda meir utsette for orkanane sine herjingar.

Rapporten peiker også på at industriforureiningar har gjort at meir enn ti millionar hektar jordbruksareal har eit innhald av tungmetall (som t.d. krom, arsenikk, bly og sink) langt over grenseverdiane. Sur nedbør eit stort problem mange stader, og meir enn 15 millionar hektar er

alvorleg forureina som følgje av plantevernmidlar. Sjølv om DDT og 666 vart forbode i 1983, vil restar av desse stoffa vere i økosystemet til år 2000.

Skadane pga. gjødsel og plantevernmidlar er så store at mange kinesiske matvarer ikkje kan eksporterast til Europa og USA. Det som finst av marginalt land som kunne tenkjast å bli dyrka opp, ligg stort sett på fjerne og lite produktive stader. Dessutan vil slik nydyrking føre til ytterlegare skogøydelegging og reduksjon i beiteområda. Rapporten formulerer hovudproblemet slik:

“Kva kan gjerast? Den framtidige befolkninga på 1,2-1,6 milliardar må ete. Dersom dei skal ete må dei ha nok land. Tapet av dyrkbar jord pga. urbanisering, industrialisering og miljøøydeleggingar truar nasjonens overleving. Vi må få ei klar forståing av at å berge landet betyr å berge oss sjølve.” (*China Environment Reporter* 17.9.1997)

Landsbybedrifter skapar arbeidsplassar med store miljøkostnader

Rapporten frå Statens kommisjon for vitenskap og teknologi som er nemnd ovanfor, tek også opp dilemmaet med landsby- og småbyindustrien, som har vore ein økonomisk suksess, men som er blant dei verste forureinarane. Det dreier seg her om meir enn 23 millionar bedrifter som er hjørnesteinar i ei økonomisk reform som no skaffar arbeid til 120 millionar menneske og som har fått fart på den rurale økonomien.

Men desse bedriftene må også ta skulda for enorme avfallsmengder og miljøøydeleggingar. Landsby- og småbybedriftene styrer sine forretningar og si drift på den måten som skal til for å tene pengar, og har lite sut for dei miljømessige og sosiale konsekvensane av dette. (*China Environment Reporter* 17.9.1997)

Ozonlaget minkar, men gjer det noko?

Utslepp som øydelegg ozonlaget har vorte fordobla i Kina i løpet av dei siste ti åra. Kinesiske forskarar trur at den globale oppvarminga som følgjer av det reduserte ozonlaget vil gi monaleg betre kornavlingar i Kina. Eit mildare klima vil føre til at sommarvindane bringer med seg regn lengre inn over tørkeområda, slik at jorda blir betre i dei uttørka områda, heiter det i ein artikkel i *Beijing Review*. Dette vil i følgje forskarane vere ein fordel for Kina og ein del andre utviklingsland.

Ei av Kinas utfordringar er at folkemengda truleg vil kome opp i 1,6 milliardar i løpet av dei neste hundre åra, og alle desse har ein sett seg føre å mette av eigen matproduksjon. Ei global oppvarming vil faktisk gjere dette muleg, hevda forskaren Ren Zhenqiu.

Ulempa for Kina vil vere at kystbyar som Hong Kong risikerer å bli sett under vatn av den aukande vassmengda frå smelta pol-is, sa Ren:

“Kan velstanden den varme perioden bringer til oss kompensere for tapet som følgjer av at dei økonomisk utvikla kystområda blir overfløymde? Det er eit spørsmål eg ikkje kan svare på.” (*SCMP* 6.6.97).

Forureininga ein fare for liv og helse

Det nasjonale miljøvernkontoret sin rapport for 1996 teiknar eit alvorleg bilete av forureiningane som følgjer av den store økonomiske veksten og befolkningspresset. Kontoret har gjort ei undersøking som viser at forureiningane både har auka i byane og spreidd seg ut over landsbygda.

Den mest hyppige dødsårsaka i rurale strøk i 1996 var luftvegssjukdommar og kreft, begge med 1,05 dødsfall per 1000 innbyggjarar. I urbane strøk var luftvegssjukdommar den fjerde hyppigaste dødsårsaka, med 0,91 dødsfall per 1000. Kreft var her den hyppigaste dødsårsaka

med ei rate på 1.31. I følgje studia til miljøvernkontoret kan både luftvegssjukdommar og kreft delvis tilbakeførast til miljøforureiningar.

Undersøkinga viste også at luftkvaliteten som i tidlegare år heldt seg under WHO⁶⁵-standarden, og at 70 % av vatnet i dei viktigaste elvane og innsjøane var i faresona eller under akseptabel kvalitet etter kinesisk standard.

Målingar av partikkelinnhaldet i lufta i byane viste tal langt over WHO-standard, som er mellom 60 og 90 mikrogram per kubikkmeter. Gjennomsnittstalet for kinesiske byar blir oppgitt å vere over 300, men i enkelte område har ein målt eit partikkelinnhald på over 600 mikrogram per kubikkmeter.

Utslepp av svoveldioksyd var i 1996 nesten det doble av WHO-standard, med målingar opp til det tidoble av denne standarden enkelte stader. Desse utsleppa var omtrent på same nivå som året før; ca 14 millionar tonn totalt. Saman med nitrogendioksyd er svoveldioksyd den fremste årsaka til sur nedbør. Kolbrenning, som er Kinas viktigaste energikjelde, er ei viktig årsak til det høge innhaldet av partiklar og svoveldioksyd i lufta.

Kinesisk industri slapp i 1996 ut 7,5 millionar tonn sot og 5,5 millionar tonn oske i lufta, ein nedgang på 10 % frå året før. Ein tilsvarande nedgang i utsleppa fann ein også i statsbedriftene, men forureiningane frå småby- og landsbyindustrien er framleis svært alvorleg.

Berre åtte prosent av vatnet heldt topp kvalitet etter Kinas standard. Vatnet i dei bymessige delane av 133 av 138 testa elvar var forureina, hovudsakleg av olje og magnesiumsyre. Vidare heiter det i rapporten at innsjøane stadig blir forureina av fosfor frå såpe, vaskemiddel, gjødsel og nitrogen. Grunnvatnet i 41 av 75 undersøkte byar inneheldt forureiningar over vedtatte faregrenser.

Ei undersøking ved fire sjukehus i Shenyang viste at rata for talet på fødselsdefektar auka til det doble frå 1970 til 1979-80. No veit vi ikkje kva som blir definert som fødselsdefektar, men tala gir i alle fall grunn til bekymring. Forskarane fann at fødselsdefektrata var dobbelt så høg i område der vatnet i vatningsanlegga var forureina, i forhold til område der dette vatnet var reint.

Dødsraten for leverkreft er dubla sidan 1970, og er den høgaste i verda. Årsakene til auken i tilfella av leverkreft kan vere fleire, men sjukdommen kan truleg koplast til soppinfiserte matvarer, særleg mais og peanøtter, og forureina drikkevatt. Fylket Qidong i Jiangsu-provinsen har tradisjonelt hatt mange tilfelle av leverkreft. Sidan 80-talet har ein prøvt å kontrollere forureiningane i drikkevatt og halde avlingane soppfrie. Resultatet vart at tilfella av leverkreft gjekk ned frå 57 per 100.000 på 80-talet til 48 per 100.000 på 90-talet. (*China Environment Reporter* 17.9.97, 31.10.97; *SCMP* 6.6.97)

Smog truar helsa i nokre byar

Smogtilfelle som ein opplevde i byar som Los Angeles og Tokyo for nokre tiår tilbake er som tidsinnstilte bomber som ventar på å eksplodere i Kinas storbyar. I mange byar har bileksos erstatta utslepp frå kolbrenning som verste forureiningskjelde.

Sidan 1980 har talet på køyretøy i Kina auka med 13 % årleg. I 1997 hadde Beijing fem gangar så mange bilar som i 1987. Ein har rekna med at bilparken ville auke frå noverande 8,5 millionar i 1990 til 18-20 millionar i år 2000 og 44-50 millionar i år 2010. Desse estimata kan vere for høge, men sidan køyretøya for det meste går i dei store byane, gir dette illevarslande signal om kva som kan skje med luftforureiningane der. I 1987 utgjorde NO_x berre 5 % av all luftforureining, men dette har no auka til 40 % i enkelte sentrale bystrøk. Bilar laga i Kina forureinar i følgje kinesiske tal 20-30 % meir enn utanlandsk produserte bilar.

⁶⁵ World Health Organization; Verdhelseorganisasjonen

Den raske veksten i talet på køyretøy kombinert med ein avslappa kontroll av eksosutslepp kan føre til Los Angeles-liknande tilstandar i mange kinesiske byar. Dette hevda ein toksikolog frå Tongji Medisinske Universitet, på grunnlag av undersøkingar av trafikkforureiningar i Beijing, Tianjin, Guangzhou og 13 andre byar. Av dei 16 byane var det berre ein som ikkje hadde CO-utslepp over tillatne grenseverdiar. Unntaket var Baotou i Indre Mongolia.

Det registrerte CO-innhaldet i lufta i desse byane er opp til 10 gargar høgare enn dei gjeldande standardane. Når det galdt NO_x, var det berre Hefei og Xian som ikkje hadde målingar over standarden. For fotokjemisk luftinnhald klarte berre Baotou og Xian å halde seg under maksimumsgrensa.

Trafikkforureiningane har hatt negativ innverknad på helsa til følgjande risikogrupper:

- Barn: Ei undersøking av 2000 skuleelevar i alderen 6-12 år i Wuhan viste ei ugunstig helseutvikling parallelt med aukande NO_x-konsentrasjon i lufta. Ein forskingsrapport frå Nanjing viste at i mange kinesiske storbyar hadde barna for høgt blyinnhald i håret. Ved nokre trafikknutepunkt fann ein at konsentrasjonen av bly i støv kunne vere 16 gargar høgare i ein meters høgde i forhold til 1,5 meters. Dette har uheldig innverknad på barns helseutvikling
- Trafikkpoliti: Dei fysiske krava for å få arbeid som trafikkpoliti er høge. Likevel får mange helseproblem etter nokre få år i jobben. Ei studie frå Guangzhou stadfester at typiske problem er halsbetennelse og sjukdommar i nase og lunger
- Passasjerar i offentleg transport: Eit forskingsinstitutt i Beijing innhenta 186 prøvar ved å utstyre 19 faste passasjerar med offentleg transport (buss eller T-bane) med NO_x-monitorar, og fann at dei var utsette for gjennomsnittsverdiar av NO_x og formaldehyd som låg alt for høgt
- Sjøførarar: Innbyggjarane i Xian har dei siste åra hatt 10 % årleg auke av tilfelle av luftvegssjukdommar. Ei studie blant drosjesjøførarane viste at hovudpine var svært vanleg
- Syklistar: Flåten av syklistar i kinesiske byar er litt av eit syn. Ein morgontime i den mest trafikkerte delen av Beijing kan nesten 20.000 syklistar passere. Ein forskar frå Det kinesiske akademiet for preventiv medisin fann gjennom ei studie av 19 syklistar utstyrt med NO_x-monitorar, at dei vart utsett for ei gjennomsnittleg forureining langt over gjeldande grenseverdiar
- Andre: I 1996 vart det gjort ei undersøking blant trafikkpoliti, bompengeskjerpjarar, sanitetsarbeidarar og studentar i skular nær større vegar i Nanjing. Resultat viste at 82 % vart lett trøytte, 67 % hadde symptom på turr hals og nase, 64 % følte seg svimle, 63 % hadde hovudpine og 62 % var plaga av hoste. Alle desse tala var mykje høgare for dei undersøkte gruppene enn for kontrollgruppene
- Bybuarar: Lungekreft ser ut til å ha samanheng med luftforureiningar. Rata for dødsfall som skuldast lungekreft har auka med 200 % i Beijing og Shanghai dei siste 20 åra. Luftvegssjukdommar er også meir vanlege

Tala er altså ganske dystre, og noko må gjerast fort. Fagfolk i Kina hevdar at landet må utarbeide og handheve lover som får bilfabrikantane til å installere katalysatorar, og som set grenseverdiar for eksosutslepp, og som styrkar styringa og kontrollen med trafikkforureiningane. Som vi skal kome tilbake til under tiltak, er det i ferd med å skje noko på dette området. (*China Environment Reporter* 17.9. 1997)

Kva blir gjort?

Kanaliserings av midlar til miljøvernforemål

Kinesiske styresmakter har alt kanalisert mykje pengar til miljøvernforemål. Sjølv om ulike kjelder operer med ulike tal, er det klart at det vart satsa mange hundre milliardar yuan på miljøvern fram mot år 2000. Dette er så mykje pengar at utlendingar no ser store forretningsmulegheiter i kinesisk miljøvern, noko som også er i kinesiske interesser. Kinas Agenda 21 inneheld 60 prioriterte prosjekt der ein nettopp ønskjer å tiltrekke seg utanlandsk kapital.

I følgje *China Review* var det for perioden 1996-2001 avsett i alt 400 milliardar yuan til miljøvern, hovudtyngda av desse midlane var retta inn mot luft- og vassforureiningar og industriavfall. Målet var at 3 % av BNP skulle vere øymerka miljøvern innan år 2000. I forhold til 1995-tala vil 1 % av BNP utgjere ca 58 milliardar yuan. Men i følgje Xinhua skulle det årleg brukast ca 65 milliardar per år på miljøvern i åra 1997-2000. Status ved årsskiftet 1996-97 var at dei 21 provinsane gjennomsnittleg brukte mindre enn 1 % av BNP til miljøvernforemål. *China Environment Reporter* melde at planen var å auke dette til 1,2-1,3 % av BNP innan år 2000, men at enkelte byar, som Shanghai, ville investere opp til 3 % av bruttoproduktet i miljøvern. Nokre meiner at Kina bør opp i 1,5 % innan år 2000, og i tillegg importere vestleg teknologi i vesentleg større grad enn no.

Ein avdelingsdirektør i Det nasjonale miljøvernkontoret, Wang Zhijia, lanserte i *China Daily Business Weekly* store planar for forureiningskontroll. Som svar på miljøtrusselen ville kontoret sette i verk 1500 grøne prosjekt i perioden 1997-2000. Prislappen på alt dette ville bli 180 milliardar yuan, eksklusive utlegg av provins- og lokale styresmakter. Førsteprioritet var gitt til å reinse opp i tungt forureina elvar og innsjøar. I følgje *China Environmental Reporter* skulle ein konsentrere seg om tre elvar, tre innsjøar og to kontrollområde. Elvane var Huai, Hai og Liao, og innsjøane var Chao, Tai og Dianchi. Kontrollområda var svoveldioksyd og sur nedbør.

Sidan ubehandla kloakk er ei viktig årsak til vassforureiningar, inneber dette at alle byar med meir enn 500.000 innbyggjarar må ha skikkeleg reinsing av kloakken innan år 2000, sa herr Wang. Mindre enn ein tredel av byane hadde slik reinsing i 1997, og i dei store byane, som Beijing, var gjerne kapasiteten for dårleg.

Visedirektøren i Det nasjonale miljøvernkontoret, Ye Ruqiu, har annonsert fleire investeringar i miljøvenleg teknologi, men han gjorde det klart at bedriftene ikkje måtte rekne med at staten ville betale heile rekninga. Herr Ye var positiv til utanlandsk kapital i kampen for eit betre miljø. Kinesiske styresmakter er t.d. svært interessert i at Verdsbanken skal støtte kinesisk miljøvern. (*SCMP* 9.1.97, 13.1.97, 28.1.97, 20.2.97; *China Daily Business Weekly* 11.1.97; *China Environmental Reporter* 30.6.97, 30.11.97; *China Review* nr 5-1996)

SN⁶⁶ støttar miljøprosjekt

SNs utviklingsprogram har involvert seg i arbeidet for betre miljø i Kina. Konkret dreier det seg om tre samarbeidsprosjekt der SN-programmet vil gå inn med meir enn US\$ 2 millionar i støtte. Dei tre prosjekta er:

- System for vassforsyning og behandling av avfallsvatn i byar
- Undervisningsopplegg for miljøvern i barne- og ungdomsskular
- System for betre overvaking av trafikkforureiningane i Beijing

⁶⁶ Dei sameinte nasjonane

Vassbehandlingsprosjektet skal starte med eit pilotprosjekt i Shijianzhuang, hovudstaden i Hebei-provinsen. Her skal ein etablere sjølvfinansierande einingar for vassstilførsle og behandling av avfallsvatn. Når ein har funne ein modell som fungerer, skal løysingane spreia til andre byar. Tidshorisonten var to og eit halvt år frå hausten 1997.

Undervisningsopplegget skal auke miljømedvitet og viljen til å følgje opp miljøverntiltak i praksis hos barna gjennom eit interaktivt program. Prosjektet skulle drivast fram til sommaren 2000.

Prosjektet for betre kontroll av trafikkforureiningane i Beijing tok sikte på å redusere uheldige sosiale, miljømessige og økonomiske konsekvensar av trafikkrelatert luftforureining i hovudstaden. Prosjektet skulle vare i to år frå hausten 1997, og skulle styrke eksisterande system for overvaking av luftforureiningar og samle inn data om eksosutslepp frå køyretøy. (*China Environment Reporter* 22.8.97)

Verdsbanken tilbyr løysingar

Løysingar på dei mange miljøproblema i Kina og resten av Aust-Asia er enklare og billegare enn det mange synest å tru, i følgje ein rapport frå Verdsbanken som vart gitt ut i Hong Kong i november 1997. "Can the Environment Wait? Priorities for East Asia", som publikasjonen heiter, evaluerer kostnader og gevinstar ved ulike verkemidlar i miljøpolitikken, og identifiserer eit lite knippe av presserande tiltak som kan setjast i verk straks.

Poenget er at nokre miljøproblem er meir prekære enn andre. Ved å fokusere på kva ein vil prioritere, kan knappe ressursar brukast meir effektivt. Rapporten fokuserer på tilgang på reint vatn og betre sanitære forhold både i byane og på landet. Vidare tek ein opp luftforureiningane i byane.

Pga. at kostnadene forbunde med forureiningane er så store, vil kortsiktige tiltak for å betre forholda vere direkte lønnsame. Verdsbanken rekna dei samla skadane luft- og vassforureiningane påfører Kina på område som helse, jordbruk og naturressursar til 8 % av BNP. I Aust-Asia generelt vil årlege miljøinvesteringar på 1 % av BNP vere nok til å snu den negative utviklinga, slik at tilgang på godt vatn vil vere ein realitet for alle i løpet av 10 år, og akseptable sanitære forhold i byane innan 20-25 års tid. No er skadane av forureiningane større i Kina enn gjennomsnittet i regionen, slik at Verdsbanken meiner at Kina må auke dei årlege miljøinvesteringane til 2,5 % av BNP innan år 2020 for å oppnå det same.

Verdsbankens rapport inneheld følgjande tilrådingar om strakstiltak:

- Rask betring av vassstilgang og sanitære forhold i byane ved å la den private sektoren etablere og drive vass- og kloakkanlegg
- I rurale strøk tilrår ein derimot å styrke kooperative institusjonar, og å danne samarbeidsselskap med privat sektor for å investere i billeg teknologi tilpassa hushaldningar med låge inntekter
- Kortsiktig betringa av luftkvaliteten i byane vil kunne oppnåast gjennom utfasing av totakts motorsyklar og reduksjon av utleppa frå dieseldrivne bussar og lastebilar
- Blyhaldig drivstoff, som er svært uheldig for barns helse, kan enkelt og billeg eliminerast, og denne prosessen er alt i gang
- Utfasing av kolbrenning, med unntak av deler av energiproduksjonen og større industrianlegg som har utvikla ein reinare kolbrenningsprosess
- Utvikling av infrastruktur for levering av alternative energikjelder, som t.d. gassforsyning (*China Environment Reporter* 30.11.97; *Business World* 25.11.97)

Lovgivning

Sidan slutten av 70-åra har Kina utvikla ei forholdsvis omfattande lovgiving i miljøvernspørsmål. Lovene dekkar både luft- og vassforureiningar, og avfallshandtering. Det finst både generelle lover og sektorspesifikke reglar og standardar. Desse blir bestemt på sentralt hald, men lokale styresmakter står fritt til å vedta strengare reglar.

Lovverket blir stadig oppdatert for å halde tritt med utviklinga av marknadsøkonomien og med internasjonale standardar. Prinsippet om at det er forureinaren som må betale, er no akseptert i Kina. I tillegg til å måtte reparere skaden, kan forureinaren også få bøter som svir.

Eit problem i praksis har vore at dei gode intensjonane på sentralt hald ikkje har vorte følgt opp med like stor entusiasme på provins- eller kommunenivå. Dessutan har ein vore plaga med typiske byråkratisjukdommar som dårleg koordinering mellom ulike departement, mykje dobbeltarbeid og mangelfull utveksling av informasjon mellom ulike organ. Men det ser ut til at reaksjonane mot forureinarane hardnar til, særleg i dei rike kystprovinsane.

I ein tale for sentralkomiteen i kommunistpartiet i mars 1997 understreka president Jiang Zemin at situasjonen for miljøet var alvorleg, og at det juridiske rammeverket måtte betrast for å verne det økologiske systemet i landet. Ein måtte for all del ikkje ha ei avslappa holdning til desse spørsmåla, sa han. (*China Environment Reporter* 22.8.97; *China Review* nr 5-96)

Handlingsprogram for betre miljø

Kina har utarbeidd eit offisielt handlingsprogram⁶⁷ for miljøvern med ei rad ambisiøse mål:

- Programmet dekker 15-årsperioden 1996-2010, og det ein tar sikte på er å halde fast ved dei nasjonale måla for økonomisk og sosial utvikling, samstundes som ein får forureiningane og dei økologiske øydeleggingane under kontroll
- Innan år 2000 skulle ein ha etablert eit bort i mot perfekt styringssystem for miljøvern og ei miljølovgiving som høver for “den sosialistiske marknadsøkonomien”
- Innan år 2010 skal strategien for ei berekraftig utvikling vere gjennomført i hovudsak, miljølovgivinga skal vere vidareutvikla, og den negative miljøutviklinga skal vere stansa, miljøet både i byar og på landsbygda skal vere betra; miljøet skal vere “reint og vakkert”
- Gjennom publisitet og merksemd omkring spørsmål som gjeld miljøet, og gjennom obligatoriske kurs i utdanninga, skal det byggjast opp eit større miljømedvit i befolkninga
- Innan år 2000 skal ein ha etablert ei førebels ramme for eit landsomfattande nettverk for publisitet og utdanning når det gjeld miljøvernspørsmål
- Innan år 2010 skal dette nettverket for publisitet og utdanning vere fullgodt og eit langt betre miljømedvit skal vere skapt i befolkninga

Kina sluttar seg til ISO 14.000

Frå 1. april 1997 har Kina offisielt slutta seg til ISO 14.000, som inneheld miljøstandardane utarbeidd av International Standards Organization. Det var Kinas statlege kontor for teknisk kontroll som opplyste dette, og avgjerda inneber at ISO 14.000 er godtatt som kinesisk standard.

For å følgje dette opp, er det nedsett ein nasjonal komité som skal sikre at forureinarane held seg innanfor dei grensene som blir definert i miljøstandardane. Som medlemmer har komiteen ekspertar både frå det statlege kontoret for teknisk kontroll og frå Det nasjonale

⁶⁷ Finst på Internett: <http://www.envir.online.sh.cn/eng/news/nap/NAP2.htm>

miljøvernkontoret. Leiaren for det sistnemnde kontoret, Xie Zhenhua, fungerer også som komitéformann. Det blir satsa på skikkeleg opplæring av kontrollørar.

I følgje Xie vil komiteen praktisere streng handheving av ISO 14.000 for å fremje ei berekraftig utvikling. Dessutan reknar han med at innføring av slike standardar skal skape meir merksemd omkring miljøspørsmål, og hjelpe til med å skape større miljømedvit. Xie påpeikar vidare at gruppa vil arbeide for å etablere eit eige miljøsertifiseringssystem som er tilpassa kinesiske standardar og erfaringar. Han håpar også at Kinas 8 millionar bedrifter vil ta i mot standardane med entusiasme, og dermed gi sitt bidrag til å hindre ei miljøkatastrofe i landet. (*China Environment Reporter* 30.4.97, 30.5.97, 17.9.97)

Skattelette for reinsing av Perle-elva

Styresmaktene i Guangdong planlegg å tilby skattelette og andre fordelar, som billege lån, til utanlandske investorar som ville støtte kampen mot forureiningane. Dette vart tidleg i 1997 opplyst av kjelder i det amerikanske handelsdepartementet, som igjen viste til ikkje namngitte tenestemenn i Guangdong-provinsen. Reinsing av Perle-elva var spesielt nemnt. Konklusjonen i den amerikanske rapporten var slik:

“Guangdong har erkjent at økonomisk utvikling må koplast til miljøvern. Det er forventa at Guangdong's Folkekongress snart vil vedta ei lover som tillèt lokale styresmakter å opprette spesielle miljøvernfond.” (*SCMP* 9.1.97)

Nytt liv for Shenzhen-elva

Shenzhen-elva ligg på grensa mellom Shenzhen og Hong Kong, og er berre 37 km lang. For 20 år sidan var denne elva rein og klår med mange forskjellige typar fisk.

I 70-åra, då økonomien tok av i Hong Kong, vart mykje ubehandla kloakk, avfallsvatn frå jordbruket og giftig industriavfall dumpa rett i elva. Då den første spesielle økonomiske sona i Kina vart etablert i Shenzhen, førte det med seg rask økonomisk vekst, men også ytterlegare utslepp av giftstoff i elva.

For kvart år som gjekk, vart elva meir og meir livlaus. Forureiningane hopa seg slik opp at elveløpet vart blokkert. Landskapet rundt Shenzhen ligg veldig lågt, slik at to flaumar i 1993 gjorde stor skade på fabrikkar og heimar, og belasta den lokale økonomien med kostnader på 1,4 milliardar yuan.

Etter 13 års forhandlingar, klarte ein endeleg å kome i gang med eit oppreinskingsprosjekt i 1995. Første fase sto ferdig i april 1997, og ein del av livet var då kome attende til elva. Elveløpet var retta ut enkelte stader, og utvida frå ein gjennomsnittleg breidde på 40 til 120 meter. Tre, gras og blomster var planta, ein del fisk hadde vendt tilbake og fuglar laga reir nær elva. (*China Environment Reporter* 30.7.97)

Reinsing av innsjøar i Yunnan

Miljøvernkontoret i Yunnan-provinsen har utarbeidd ein plan for korleis vassstilhøva i innsjøane skal bli betre. I fire av provinsens ni fjellplatåinnsjøar blir vasskvaliteten dårlegare og dårlegare. Vatnet i innsjøane er svært viktig for provinsen.

Lokale styresmakter vart bedne om å gjere noko med forureiningane, slik at vasskvaliteten kunne bli betre innan år 2000. Dette innebar reinsing av avfallsvatn og eigne sentralar for anna avfall. Bedriftene som slapp ut ubehandla avfallsvatn ville sjølve få ansvaret for reinsing av dette. Garnfiske i innsjøane vart dessutan forbode.

Forskarar vil kontrollere vasskvaliteten og eutrofieringa i innsjøane. Det siste inneber sjekk av næringsstoffinnhaldet, som ved for høgt nivå kan føre til overproduksjon algar og dermed for lågt oksygeninnhaldet i innsjøane. (*China Environment Reporter* 30.6.97)

Innføring av kloakkavgift

Frå august 1997 må alle vasskundane i Shenzhen betale ei kloakkavgift i tillegg til vassavgifta, for å redusere utslepp og finansiere reinsing av kloakken. Fleire byar er venta å gjere det same. Byane i Kina slepp årleg ut 30 milliardar kubikkmeter avfallsvatn, og 90 % av dette blir ikkje reinsa pga. pengemangel.

Storleiken på avgifta vil truleg ligge rundt 30 % av prisen på springvatn, som i Kina ligg på ca 1 yuan per kubikkmeter. Fabrikkar og andre anlegg i byane som slepp ut store mengder avfallsvatn blir alt kravd for ei slik avgift, i storleiksorden ca 20 % av prisen på springvatn. Avgiftene er ikkje store i forhold til kva det kostar å reinse vatnet, men ein må ta omsyn til kva hushaldningane og bedriftene toler å betale ut frå økonomisk evne.

Byar i Hebei-provinsen som har kloakkreinseanlegg har nå fått høve til å krevje avgift for reinsinga, både frå bedrifter og privatkundar. Provinshovudstaden Shijianzhuang har innført ei avgift på 20 cent⁶⁸ per kubikkmeter. Andre byar har tilsvarande pris til private innbyggjarar, medan dei er meir fleksible i prisane til bedriftene. Avgiftene blir rekna ut i forhold til det vatnet som blir sloppet ut, dvs ca 85 % av det vatnet som blir brukt.

I dei seinare åra har byane i Hebei-provinsen forsert utbygginga av kloakkreinseanlegg. Åtte byar har anlegg i drift, og ti til vil vere operative innan utgangen av år 2000. Kostnadene ved investeringar i slike anlegg har vore ei stor finansiell byrde for byane, slik at den nye ordninga med kloakkavgift blir sett på som eit stort framskritt av bystyresmaktene. (*China Environment Reporter* 30.6.97, 31.10.97)

Kunming forbyr fosforhaldig vaskepulver

Det første forbod mot produksjon og sal av vaskemidlar med fosforinnhald i Kina vart sett i verk i hovudstaden Kunming i Yunnan-provinsen frå 1. januar 1997. Brot på forbodet vil bli straffa med bøter. Tiltaket vil truleg gi ein monaleg reduksjon av forureiningane i Dianchi-sjøen, Kinas sjetteste største innsjø, som ligg like ved Kunming.

Dianchi vart ein gong skildra som "perla" i Sørvest-Kina, men no er innsjøen øydelagt av årlege utslepp på 220 millionar tonn ubehandla kloakkvatn. Kloakken inneheld 52 % nitrogen og 39 % fosfor. På lista over dei mest forureina innsjøane i landet blir Dianchi omtala som "grumsete og illeluktande". Undersøkingar har vist at kvikksølvinnhaldet i innsjøen ligg på det dobbelte av lovleg maksimumsgrense i følgje statlege miljøretningslinjer. (*China Environment Reporter* 30.4.97)

Stor marknad for vassreinsing

Innan år 2000 vil Kina bli ein av dei største marknadene i verda for vassforsyning og behandling av avfallsvatn. Landet skal investere 400 milliardar yuan i vassforsyningsprosjekt dei neste ti åra, og ei lov frå 1996 føreset at alle byar med meir enn 500.000 innbyggjarar skal ha eit sentralt vassreinseanlegg. Shanghai har t.d. bygt eit reinseanlegg retta mot Suzhou-elva til ein kostnad av 1,6 milliardar yuan. Neste fase i planane tek for seg reinsing av Huangpu-elva, som er ei viktig drikkevasskjelde. Dette vil koste ca 2,6 milliardar yuan.

⁶⁸ Ca 20 øre

Mange byar ønskjer å kome i gang med reinsing av kloakken, men dei manglar pengar, og håpar på utanlandske investeringar. Ny investorvenleg lovgiving er sett i verk for å oppmuntre til investeringar i vassverk og vassreinsing. Kina genererer no over 30 milliardar kubikkmeter avfallsvatn årleg, og berre 8 % av dette blir gjort noko med før det blir sloppe ut. Målet er at dette talet skal ha stige til 25 % innan år 2000, som eit ledd i ein plan for å reinse opp i fem sentrale elvar og tre store innsjøar.

Kina vedgår å ha eit problem når det gjeld finansiering av store vass- og kloakkprosjekt. Dette skuldast delvis at vass- og kloakkavgifter enten har mangla heilt eller vore alt for låge til å dekkja kostnadene. Den asiatiske utviklingsbanken oppmoda i ein rapport frå 1996 Kina om å innføre meir realistiske avgifter på dette området, for å gi mulege investorar større tillit til at dei ville få akseptabel avkastning på langsiktige engasjement i landet. Som nemnt ovanfor, er styresmaktene no i gang med å innføre lovgiving som gjer det mogleg å krevje inn avgifter for å dekke kostnadene for reinsing av vatn. Dette krev i gjennomsnitt ei dobling av avgiftene, men auken vil skje gradvis pga. den strenge inflasjonskontrollen. Ein talsmann for sentralregjeringa har sagt at auken vil bli maksimalt 10 % per år.

Det er altså store mulegheiter i Kina for utbyggjarar, konsulentar og utstyrsleverandørar som kan tilby varer og tenester til vass- og kloakkprosjekt. Mange "joint ventures" mellom kinesiske og utanlandske selskap er danna for slike føremål. Eit nytt trekk er at mange av bedriftene på denne marknaden no er heileigde dotterselskap av vestlege selskap, noko som er muleg pga. mindre strenge reglar for kinesisk medeigarskap.

Kinesarane verkar no også opne for alternative måtar å organisere slike prosjekt på, der m.a. outsourcing⁶⁹ blir nemnt som interessant. I staden for det tradisjonelle DBB (design - bid - build) talar ein no t.d. om BOT (build - operate - transfer). DBB kan vere tidkrevjande og styresmaktene får ikkje plassert ansvaret klårt på ein plass sidan fleire aktørar er involvert på ulike stadium i prosjektet. Derfor kan ein i staden sette prosjektet ut til ein aktør som får eineansvar for å bygge og drive anlegget ein periode før det blir overført til kinesiske eigarar, som ikkje lenger treng vere det offentlege. La bedriftene gjere forretningar og regjeringa konsentrere seg om å drive god politikk, er eit syn som blir referert.

Utstyr for overvaking av vassforureiningane er det også eit stort behov for. Australske Actew Corporation etablerte seg i 1997 i Shanghai i form av eit joint venture med to kinesiske samarbeidspartnarar. Selskapet har alt vore på den kinesiske marknaden nokre år, og er kjent for sine system for registrering og oppsporing av forureiningar i elvar. No vil utstyret bli produsert i Shanghai. (*China Environment Reporter* 30.4.97, 30.11.97)

Tre Kløfter-utbygginga

Den gigantiske vasskraftutbygginga ved Tre Kløfter har, som vi alt har vore inne på, ført til hard kritikk frå miljøvernhal. Nokre har meint at prosjektet aldri skulle vore starta, men den avgjerda er tatt, så det er det ikkje meir å seie om. Andre har hevda at miljøvernarbeidet har vorte lagt for lite vekt på i planlegginga og gjennomføringa av prosjektet. Vi skal i det følgjande sjå på kva som faktisk har vorte gjort og på dei planar ein har for å verne miljøet i området.

Viseminister i Statens planleggingskommisjon, Guo Shuyan, som også er med i leiinga av damprosjektet, lova sommaren 1996 at ei rekke tiltak for å verne miljøet rundt Tre Kløfter skulle iverksettast:

⁶⁹ Outsourcing (bortsetting) er ei ordning der ein organisasjon (stat, kommune, bedrift) set bort oppgåver som ein tidlegare har gjort sjølv, eller kunne ha gjort sjølv, til ein annan organisasjon.

- Meir enn 12 reinseanlegg for avfallsvatn skulle byggast i byane Chongqing, Fuling og Wanxian før år 2009, då Tre Kløfter-prosjektet skal stå ferdig
- For å redusere jorderosjonen skulle 450 millionar yuan henta frå statlege fond brukast til innan fem år å etablere eit skogbelte på 2,86 millionar hektar langs Chiang Jiangs øvre og midtre breidder
- Meir enn 30 små papirfabrikkar som stadig pøsar industriavfall rett ut i elva vil bli stengde og erstatta av ein eller to moderne fabrikkar med skikkelege reinseanlegg
- Oppdrettsanlegg skulle etablerast for å ta vare på dei mange sjeldne fiskeartane og anna liv i Chiang Jiang
- Frå 1997 skulle harde sanksjonar settast inn mot fartøy som forsøpla og forureina elva

Desse tiltaka var ledd i eit ambisiøst program for å verne om det økologiske systemet og miljøet rundt Tre Kløfter. Chongqing er ei av dei største kjeldene til forureining av Chiang Jiang; kvart år renn ufattelege ein milliard tonn ubehandla avfallsvatn rett i elva frå denne byen. I følgje Guo hadde ein, i samarbeid med Danmark, alt starta arbeidet med i bygge reinseanlegg i byen. Arbeidet er tidkrevjande på grunn av det spesielle landskapet rundt Chongqing. Byen er bygt opp på ei gruppe av bakketoppar skilt frå kvarandre av tre elvar; Chiang Jiang og to store sideelvar til denne. Terrenget inneheld ekstremt mykje terrassar, byen er dessutan ein av dei eldste industrisentra i Kina. Verdsbanken har gitt gunstige lån til Kina for å betre kloakksystemet i Chongqing.

Ein kinesisk miljøvernar, Wu Guping, meinte at det ikkje var særleg stor fare for at vatnet i bassenget skulle bli for stillestående; stadig tilførsle og uttapping av vatn skulle hindre det. “Rennande vatn blir aldri brakk,” sa han med referanse til eit gammalt kinesisk ordtak.

Ein viktig grunn til den store jorderosjonen i området rundt Tre Kløfter, har vore lite skog; berre mellom 5 og 13 % av arealet i området har vore dekkja av skog. Det har derfor sett i gang eit stort prosjekt for nyplanting av skog langs dei øvre og midtre breddane av Chiang Jiang. Som ein følgje av dette arbeidet har ein makta å redusere jorderosjonen med 8000 kvadratkilometer, opplyste skogbruksdepartementet tidleg i 1997. Trass i dette må problemet seiast å vere alvorleg. Ekspertar tilrår ei skogdekking på meir enn 50 % for å oppnå eit berekraftig miljø i slike område.

Faren for at flaum skulle destabilisere demninga har også vore diskutert. Dette ville resultere i ei flodbølgje stor nok til å feie vekk landsbyar og byar langs Chiang Jiang, inklusive storbyen Wuhan. Men dei som har konstruert demninga meiner bestemt at dette ikkje vil skje. Dei seier at demninga er sterk nok til å tola dei største flodbølgjene som er registrert dei siste 1000 åra.

Miljøvernforskarar i Kina har elles kome med ein del forslag om tiltak. Av desse kan nemnast:

- Forureiningskontroll av vatnet i det nye reservoaret burde innarbeidast i den nasjonale miljøvernplanen, og burde også danne ein modell for forureiningskontrollane i den niande femårsplanperioden, og dei første ti åra av det 21. hundreåret
- Etablering av eitt organ for miljøvernkontroll, som kunne stå for den samla overvakinga og leiinga av slikt arbeid
- Etablering av tilstrekkelege fond med midlar øyremerkte for miljøvern i og rundt Tre Kløfter
- Gjennomføring av studiar av korleis miljøet i området utviklar seg, slik at høvelege tiltak kan settast inn i tide
- Handhevinga av lover som gjeld miljøvern må styrkast i bygginga og drifta av Tre Kløfter-anlegget (*HKS 24.6.96, 5.7.96; China Environment Reporter 30.6.97, 30.7.97, 31.10.97*)

Oase i Tibet-ørken

Vitskapsfolk frå Det kinesiske vitskapsakademiet har klart å lage ein oase i ein ørken i Tibet. Dette blir rekna som eit første gjennombrøt i kampen mot den stadige ørkenutvidinga, som er eit problem mellom anna i Tibet.

Forskarane eksperimenterte med å betre eit ørkenområde på vel 100 hektar i Jiangtang-landsbyen i Shigeze, ein av dei regionane i Tibet som er hardast ramma av ørkendanning. Tre og gras vart planta i ørkenen over ein treårsperiode, og ein klarte på denne måten å betre vegetasjonen slik at sanddynene kom under kontroll. (*China Environment Reporter* 30.6.97)

Skogplantingsprosjekt slår rot

Med støtte frå Verdsbanken har Kina sett i gang ei rekke skogplantingsprosjekt som styresmaktene håpar skal reversere den miljøskadelege tendensen som har følgd med den raske økonomiske utviklinga. Plantinga er finansiert med eit lån på US\$ 200 millionar frå Verdsbanken, og har både økonomiske og økologiske føremål. I år 2000 reknar Kina med å vere eit av dei få landa i verda som har meir skog enn i 1990.

Tiltaket krev at bønder som treng “pengar straks” blir overttydde om at det er fornuftig å plante tre no, for så å få løna nokre år inn i framtida. I nokre regionar har ein derfor betalt landsbybuarar US\$ 2 dagleg for å plante tre. Om alt går som det skal, vil ein etter seks år kunne starte sal av eukalyptustre. Nokre av desse inntektene vil bli brukt til tilbakebetaling av lånet frå Verdsbanken, men mesteparten vil bli gå til folket i landsbyane. (*China Environment Reporter* 30.5.97)

Xuzhou: Sjøppel blir til murstein

Heile ein av fire nye bygningar i Xuzhou i Jiangsu-provinsen er bygt opp av mursteinar produsert av industriavfall. Xuzhou har 640 tradisjonelle mursteinfabrikkar som lagar sine produkt med leire som råstoff. Problemet med dette er alt landet som går med. Fabrikkane tar opp meir enn 2.000 hektar land, og kvart år “et” dei opp 533 hektar byområde og 133 hektar landområde.

Samtidig blir store mengder industriavfall dumpa og gløymt. Dei 160 kolgruvane i byen produserer 4,5 millionar tonn gråberg årleg, noko som etter kvart har vorte til ein steinhaug på 35 millionar tonn. Eit kraftverk i byen produserer 1,2 millionar tonn kolstøv i året, og jern- og stålverket må kjøpe meir land kvart år for å bli kvitt 120.000 tonn botnfall.

Nyleg fann ei gruppe bedrifter i byen ut at dei kunne slå to fluger i ein smekk, ein kunne lage murstein av industriavfallet og såleis redusere avfallshaugane og spare leirjorda noko. Prognoser for år 2000 seier at vel 40 % av nye bygningar i Xuzhou vil vere sett opp med slike mursteinar. I sentrale bystrøk vil bruken vere endå meir utbreidd, truleg i ca 70 % av byggeprosjekta. (*China Environment Reporter* 30.5.97)

Guangzhou forbyr kjerald av eingangsplast

Byregjeringa i Guangzhou har innført forbod mot å bruke beger og behaldarar laga av plastsium i restaurantar og snackbarar. Forbodet galdt frå september 1997, og skal hindre den “kvite forureininga” og gjere byen til ein sunnare plass å bu.

Grunnen til forbodet er at matvarebeholdarar av polyetylen og polypropylen ikkje kan resirkulerast, og kan føre til forureiningar. Alternativa vil vere produkt av miljøvennleg papir eller plantefibrar, og resirkulerbar plast vil også kunne godtakast. (*China Environment Reporter* 30.7.97)

Kontroll med plantevernmidlar

Funna av for store mengder giftstoff i ein del matvarer på marknaden har fått styresmaktene til å reagere. Dei plantevernmidlane som no blir produsert skal godkjennast før dei kan seljast. Tiltaket er eit resultat av samarbeid mellom Helse- og Landbruksdepartementet. I alt 26 forskjellige institusjonar rundt omkring i landet har fått godkjenning til å stå som ansvarlege for gjennomføring av testane. (*China Environment Reporter* 17.9.97)

Kinesisk-italiensk samarbeid for ozonsikre kjøleskap

Ein Zanussi-fabrikant i Tianjin, som er eit samarbeidsselskap mellom kinesiske og italienske interessentar, vil bli den første i Kina som produserer kjøleskap som ikkje er basert på teknologi som slepp ut klorfluorkarbonar (KFK) som freon eller andre ozonødeleggjande gassar.

Målet til regjeringa er at KFK skal vere heilt ute av kjøleskapsproduksjonen innan år 2005. Produksjonskapasiteten for KFK-frie kompressorar hos Zanussi Tianjin vil bli utvida frå 1 million til 3 millionar innan år 2000. I 1996 vart det brukt i alt 12 millionar kompressorar i kinesisk kjøleskapsindustri, av desse var 2 millionar utan KFK. Kompressorar utan KFK vart importerte, då ein pga. tekniske problem ikkje klarte å produsere slike sjølve.

Nokre fabrikantar hevdar framleis at det er for tidleg å satse på eigen produksjon av kompressorar som ikkje er baserte på KFK, medan andre hevdar at dette behovet må stettast innan kort tid. I Zanussi Tianjin forventar ein at etterspurnaden vil auke med raskare takt di nærare år 2005 ein kjem. Selskapet har planar om å etablere ein ny fabrikk i Shanghai med ein årleg kapasitet på 1 million kompressorar. (*China Environment Reporter* 30.5.97)

Reint kol, finst det?

I eit samarbeidsprosjekt med Tyskland ønskjer Kina å etablere verdas første anlegg som kan omdanne kol direkte til reint, høgkvalitets drivstoff. Fabrikken skal lokaliserast sørvest i Yunnan-provinsen, og skal ha kapasitet til å omdanne 1,7 millionar tonn brunkol til 4 millionar fat diesel og bensin i året.

Kol dekkar for tida 75 % av Kinas energibehov, og mesteparten av produksjonen er urein med høge svovelutslepp. For å minske luftforureiningane fokuserer ein i energipolitikken mykje på reinare forbrenningsprosessar som smelting og gassutvikling. Kinesiske og tyske forskarar skal samarbeide om ei evaluering av prosjektet i ein toårsperiode (1997-99). Om prosjektet går etter planane, skal det vere operativt innan år 2001.

I eit anna samarbeidsprosjekt, mellom Japan og Kina, er målet å få meir effektiv bruk av kol i eit stort stålverk i Beijing. Prosjektet er ein del av Japans teknologiske assistanse til u-land, og skal redusere utsleppa av CO₂ med 87.000 tonn på årsbasis innan år 2000. (*China Environment Reporter* 30.5.97, 30.11.97)

Kan kol erstattast med naturgass og vasskraft?

Det er ikkje lett å få slutt på den omfattande kolbrenninga i Kina. Det å effektivisere bruken av kol og redusere skadeverknadene er ein veg å gå. Eit anna alternativ er å erstatte noko av kolbruken med naturgass.

Problemet er at landet har relativt lite naturgass under den store overflata. Ein 853 km lang røyrleidning for å frakte naturgass frå Shaanxi-provinsen til Beijing vart likevel opna hausten 1997. Arbeidet med røyrleidningen starta i 1996, og kostnaden vart om lag 4 milliardar yuan. Omtrent 100.000 gassbrukarar, både private hushaldningar og institusjonar, vil ha tilgang på gassen frå Shaanxi.

I følgje prognosane skal dette erstatte to millionar tonn kol per år, noko som kan redusere luftforureiningsindeksen med 15 %. På den kaldaste tida på året, når kolbrenninga har sitt høgdepunkt, vil dette redusere partikkelinnhaldet i lufta med 23 %. Prosjektet vil bli utvida, slik at 300.000 gassbrukarar vil kunne forsynast i år 2000. Kolbrenning vil då bli forbode innanfor tredje ringveg i Beijing. Dette vil sjølvstøtt føre til ein enorm auke etterspørselen etter gasskokkarar, noko produsentane kanskje ikkje er budde på.

Utbygging av vasskraft for å auke bruken av elektrisitet i byane, er ei lovande mulegheit. Når det gjeld vasskraft, er jo Kina i utlandet mest kjent for sine gigantprosjekt, som t.d. dammen ved "Tre Kløfter". Og landet er i gang med eit nytt kjempeprosjekt i øvre delen av Jinsha-elva i den sørvestlege delen av Sichuan-provinsen. Det nye vasskraftverket skal koste 40 milliardar yuan og vil gi ein årleg produksjon på over 50 TWh. Dette er knapt to tredeler av storleiken på Tre kløfter-anlegget.

Men landet har faktisk hatt stor suksess med etablering av mange små vasskraftverk. Tal frå 1995 viser at ein hadde over 6000 slike kraftverk, med ein produksjon på i alt nesten 50 milliardar kWh pr år. Ein reknar med at dette er omkring 25 % av det totale utnyttelege potensialet i landet.

Shenzhen er eit godt døme på at det er muleg å redusere kolbrenninga. I denne byen, som er ei av dei spesielle økonomiske sonene, er godt over 90 % av energiforbruket basert på elektrisitet eller petroleumsprodukt. Kolforbruket er drastisk redusert, noko som har gitt ei markant betring i luftkvaliteten. Shenzhen bruker berre 10 % av det nasjonale gjennomsnittet når det gjeld kol, og fem-seks gangar så mykje elektrisitet som gjennomsnittet per capita i Kina. Nesten alle hushaldningane bruker gass, enten frå røyrleidningar eller flasker. (*China Environment Reporter* 30.5.97, 30.7.97, 17.9.97, 31.10.97)

Auka bruk av fornybare energikjelder

Ved utgangen av 1995 tilsvarte energien produsert av fornybare kjelder det same som energien frå ei mengde på 300 millionar tonn standard kol, dvs ein firedel av det totale nasjonale konsumet av primærenergi. Det meste av dette kjem frå tradisjonelle kjelder som stråtilkar og fyringsved, som er mykje brukt av bøndene.

Kina hevdar no å ha gjort store framskritt når det gjeld utnytting av "nyare" fornybare energikjelder som sol, vind, jordvarme og tidevatn. Solenergi er brukt t.d. i drivhus, og til oppvarming. Vind er brukt til produksjon av elektrisitet på ein del avsides stader; som fjellområde og øyar. Nokre av generatorane til vindkraftverka er importert frå Danmark. Kraftverk basert på tidevatn er rekna å ha eit stort potensiale i Kina, det meste av dette konsentrert til provinsane Zhejiang og Fujian. Konkret kor stort potensialet er, er noko uvisst, sidan mine kjelder operer med tal som er logisk motstridande og følgeleg ikkje kan vere riktige. (*China Environment Reporter* 30.5. 1997)

Asias største vindkraftverkbaser etablert

Vindkraftverk er relativt nytt i Kina; dei første 22 vindmøllene vart med dansk og tysk hjelp sett opp i 1989. Den nordvestlege Xinjiang-regionen er spesielt godt egna for utnytting av vindkraft. Potensialet for slik kraft i regionen er rekna å vere 800 TWh per år⁷⁰. Betre utnytting av dette potensialet er viktig for å erstatte bruk av fossilt brennstoff i energiproduksjonen med reine og fornybare energikjelder.

⁷⁰ Eit formidabelt tal tilsvarende 6-7 gangar Noregs produksjon av elektrisk kraft, og det er uklart kva som meinest med potensiale her. Skal heile regionen fyllast med vindmøller? Det er ikkje sikkert at alt dette kan utnyttast.

Den største basen for vindkraft i Asia er no etablert i Xinjiang. Tre store vindkraftverk i regionen er slått saman, og i 1997 vart 66 nye møller sett opp. Den totale kapasiteten vart med det utvida frå 25.000 til 70.000 kW. Alt før utvidinga sto basen for 44 % av all produsert vindkraft i Kina. (*China Environment Reporter* 17.9.97)

Stenging av dei verste fabrikkane

I 1997 hadde den sentrale regjeringa ein kampanje for å redusere den kroniske forureininga ved å stoppe verksemda til dei verste syndarane. Det var særleg papirfabrikkar, garveri, trykkeri og dei som brukte forelda måtar å brenne kol på som var i søkelyset for stenging. Frå januar til april vart om lag 62.500 fabrikkar stengde, det vil seie 85 % av det som var målet. Regjeringa var ikkje heilt nøgd med dette, sidan enkelte regionar låg langt tilbake grunna uvilje frå lokale tenestemenn til å følgje opp, og diverre også korrupsjon.

Best i klassen var Beijing og provinsar som Guangdong, Jiangsu og Heilongjiang. Desse hadde nesten nådd målsetjinga. Skrekkens døme var provinsane Guizhou og Xinjiang, som berre hadde oppnådd 33 og 36 % av det som var måla deira. Omtalen av etternølarane var ikkje nådig:

“Nokre lokale tenestemenn er framleis prega av ei vente og sjå-haldning, og andre er ikkje bestemte nok i utføringa av resolusjonen frå Statsråd.” (*China Daily* 16.4.97)

“Brot på disiplinen og korrupsjon i forureiningskontrollen vil bli slått hardt ned på, sa ein tenestemann frå Kontrolldepartementet, som står for gjennomføringa av kampanjen saman med Det nasjonale miljøvernkontoret.” (*SCMP* 17.4.97).

I 1996 vart 60.000 fabrikkar stengt av omsyn til miljøet, noko som sette 250.000 tilsette på porten.

Ein av dei bedriftene i Xinjiang-provinsen som vart stengt i 1997, var Karamay Petrokjemiske Fabrikk. I tillegg til alvorleg forureining var årsaka til nedlegginga store tap. Fabrikken vart bygt i 1989, og kosta då over 100 millionar yuan. Kor mange arbeidarar som mista jobben er det ikkje opplyst noko om, men det blir sagt at 200 tilsette hadde fått tilbod om omskulering, medan resten skulle vere sikra høveleg alternativ sysselsetting.

Karamay Petrokjemiske vart starta opp utan godkjenning frå miljøstyresmaktene, og var ikkje utstyrt med reinseanlegg av noko slag. Kvar dag vart 3400 kubikkmeter ubehandla avfallsvatn med høgt innhald av kloridkjemikalier sloppe ut. I tillegg til dette hadde fabrikkens stygge tapstal å vise til, mellom anna var tapt i 1996 på 30 millionar yuan.

Men det kan vere eit problem at fabrikkar som blir stengde, startar opp att. I Gansu-provinsen vart det oppdaga at ein papirfabrikk som vart stengt i 1996, var i full sving att i 1997. Fabrikken hadde noko reinseutstyr, men ikkje godt nok. Det vart oppdaga at svart avfallsvatn var tømmt ut i Gobi-ørkenen, seks kilometer frå fabrikkens. Beskjeden frå dei lokale styresmaktene var at fabrikkens måtte stenge på nytt, og at resten av avfallsvatnet måtte tømme lengre inn i ørkenen, ca 20 kilometer frå ei sterkt forureina elv i området.

Papirprodusentar langs Huai-elva prøvde å unngå stengingsvedtak ved å arbeide om natta. Styresmaktene har svara på desse forsøka med å konfiskere utstyr og maskineri. Det er ingen tvil om at dei sentrale styresmaktene meiner alvor, men det er framleis eit problem at tenestemenn på lågare nivå og lokale styresmakter vel kortsiktig økonomi og sysselsetting framfor miljøvern. (*SCMP* 17.4.97, 4.6.97; *China Environment Reporter* 30.5.97, 31.10.97; *China Daily* 16.4.97)

Sementindustrien må oppfylle utsleppstandarden eller legge ned

Dei 8.000 sementfabrikkane i Kina har fått kniven på strupen: Nasjonale grenseverdier for støvutslepp må underskridast innan tre år frå 1997, og dei fabrikkane som ikkje klarer dette vil dei nedlagde. Støvutsleppa frå sementfabrikkane utgjør 60 % av dei 6 millionar tonn støv som blir sloppe ut årleg. Blant dei 8.000 sementfabrikantane er 80 % enten små landsbybedrifter eller dårleg utstyrte bedrifter. Statens kommisjon for økonomi og handel varslar tiltak for å stenge sementfabrikkar som bruker forelda produksjonsmetodar. (*China Environment Reporter* 17.9. 1997)

Ikkje lån til forureinande bedrifter!

Det nasjonale miljøvernkontoret og Jordbruksbanken har i fellesskap “gått til krig” mot forureinande industri. Dei har fått innført forbod mot å gi lån til småby- og landsbyindustri som bryt statlege miljøvedtekter. Bankane er også pålagde å krevje tilbake lån frå stengde fabrikkar. Forbodet er eit nytt forsøk frå den sentrale regjeringa på å få bukt med alle miljøødeleggingane som stammar frå hasardiøs industriutvikling.

Dei neste låntakarane som blir sett under lupa vil bli kommunar, dei spesielle økonomiske sonene og turistattraksjonar. (*China Environment Reporter* 30.4.97)

Stifting gir støtte til miljøvennlege bedrifter

Kinas Miljøvernstifting (CEPF⁷¹) har etablert fond for å hjelpe bedrifter som produserer miljøvennlege produkt. Det var styreformannen i CEPF, Qu Geping, som opplyste dette under ei tilstelling i Beijing. Qu er også formann for Folkekongressens miljøvernkomité. Fondet dekkar eit klart behov, sidan tilgang på midlar er eit kjerneproblem i kinesisk miljøvern.

Qu roste Jiangsu Banshen, eit selskap som er engasjert i utvikling av reine energiformer som sol- og vindkraft, og som har donert 1 million yuan til CEPF. Andre selskap og organisasjonar over heile landet vart oppmoda om å følgje opp Jiangsu Banshens gode føredøme.

CEPF vart danna i 1993, og er ei privat miljøstiftinga utan profittføremål. Organisasjonens mål er å fremme miljøverntankegang innan leiing, forskning, opplæring og utdanning, og skape publisitet rundt slike spørsmål. CEPF skal også formidle støtte til enkeltpersonar eller bedrifter som har gode miljøprosjekt, og tek i mot bidrag frå individ og organisasjonar både nasjonalt og internasjonalt.

Stiftinga har sju prosjekt i gang, mellom anna ein kampanje for å verne kjeldene til Chang Jiang, og har gitt ut ei rekke bøker om tilsyn med vassforsyning og avfallsvatn. (*China Environment Reporter* 22.8.97)

Shanghai flytter forureinande bedrifter til forstadane

Det verkar ikkje som ei endeleg løysing på problemet, men i Shanghai er over 700 industribedrifter flytta frå sentrumsområde til utkantane av byen. Meininga er at dette skal redusere forureininga og gi rom for utvikling av servicesektoren i sentrum av byen. Til no er 3 kvadratkilometer areal frigjort for eigedomsutvikling i Shanghai sentrum.

Alle bedriftene som måtte flytte på seg vart rekna som alvorlege forureinarar, og for ein stor del dreier det seg om kjemisk industri og tekstilbedrifter. Flyttinga har ført til relokalisering i jordbruksområde der bøndene har mindre politisk påverknadskraft enn

⁷¹ The China Environmental Protection Foundation

naboane i byen, og der ein praktiserer mindre strenge reglar for miljøvern. Dette vart ope vedgått av ein representant for miljøvernkontoret i Shanghai.

Ei tilsvarande utvikling finn vi i mange kystbyar. Lokale bedrifter som går med tap, kan dermed få nye mulegheiter ved å flytte til område med billigare land og mindre innblanding frå styresmaktene.

Shanghai har planar om å omlokalisere ytterlegare 2000 bedrifter innan år 2010, men nokre av desse kan få bli verande i bykjernen om dei omstiller seg til å bli servicebedrifter. (*China Environment Reporter* 30.4.97)

Miljøvennleg industri satsingsområde i Shanghai

I Shanghai har ein, som eit ledd i strategien for berekraftig økonomisk vekst, sett seg føre å gjere miljøindustri til ein leiande lokal sektor. Lokale ekspertar har peikt på ei lovande framtid for industriprodukt som kan løyse miljøproblem. Målsettinga er å nå ei omsetning for miljøindustri på 20 milliardar yuan innan år 2000, og å realisere ein årleg vekst i sektoren på 20-25 % årleg inn i neste hundreår. Døme på aktuelle produktområde er:

- Støvfjerning
- Hindring av svovelutslepp frå kraftverk
- Reinsing av eksos og redusering av støy frå bilar
- Varmeisolerande og lydtette bygningsmaterialar
- Behandling av ulike typar avfall, utslepp og kloakk
- Miljøovervakingsutstyr

Shanghai planlegg å etablere mellom fem og ti slike miljøbedrifter med ei årleg omsetning på minst 100 millionar yuan kvar innan årtusenskiftet. Byen ønskjer at statsbedrifter skal omstille seg i ein slik retning. Det gjeld særleg bedrifter med kompetanse innan maskineri, elektronikk, metallurgi, bygningsmaterialar og kjemikalier. Byen er interessert i å skaffe utanlandske kapital til slike omstillingsføremål.

Eit poeng her er forsvarsindustriens ønske om sivile bein å stå på. Mykje av teknologien brukt i forsvaret kan tenkjast overført til miljøvernområde. Miljøovervakingsutstyr er eit typisk døme på dette. Ein talsmann for det kinesiske militæret, Li Jinai, har gitt uttrykk for at miljøvern vil vere eit framtidig satsingsområde. Han nemner døme som brannvarslings- og brannslukkingssystem, utstyr for prediksjon av naturkatastrofar og løysingar for handtering av kloakk og skadeleg avfall. (*China Environment Reporter* 17.9.97, 31.10.97, 30.11.97)

Resirkuleringsindustrien tek av

Resirkulering har vorte ein vekstindustri i Kina. Omsetnaden i denne industrien var på 29 milliardar yuan i 1995, sju gangar nivået i 1987. Jern, stål og papir var dei materialane som hyppigast vart resirkulert. Ein har også gjort store framskritt når det gjeld resirkulering av batteri, hermetikk- og drikkevareboksar og bildekk.

Mange bedrifter som berre baserer seg på resirkulerte materialar har vakse fram, dette gjeld t.d. jern- og stålverk samt plastikkprodusentar. På landsbasis taler ein om 50.000 resirkuleringsbedrifter som sysselsett meir enn 800.000 menneske. Men framleis har Kina ein mykje mindre resirkuleringsrate enn dei utvikla landa, dei ligg også under verdsgjennomsnittet på dette området. For kopar har Kina ein resirkulasjonsprosent på 30, mot verdsgjennomsnittet 60. Og for papir er tilsvarande tal 15 mot 60-70 %. (*China Environment Reporter* 30.4. 1997)

Lanzhou: Kan fjerning av fjell gi blå himmel igjen?

Lanzhou, ein viktig industriby og eit trafikknutepunkt i den nordvestkinesiske provinsen Gansu, har eit desperat behov for vind slik at noko av røykutsleppa frå industrien kan bli blåst bort. Byen ligg i ei kløft med fjell på alle fire sider, og har komplett vindstille ca 300 dagar i året. Som ei forsegla flaske ligg byen og samlar opp forureiningar frå industri, bilar og hushaldningar. Særleg ille blir det om vinteren, då er himmelen aldri blå.

Ei studie har gitt Lanzhou den tvilsame æra å bli utnemnt til den mest forureina byen i Kina, med eit partikkelinnhald i lufta lik det doble av Beijing. I internasjonale publikasjonar, som t.d. *Time Magazine*, er Lanzhou presentert som den mest forureina byen på jorda. Det er så gale at USAs miljøvernkontor samlar data frå to skular i byen for å studere effekten av slike ekstreme luftforureiningar på barnas lungekapasitet.

På slutten av 70-talet spøkte innbyggjarane med at sola og månen såg likeeins ut i byen, at det var ingen skilnad på ein solrik dag og ein overskya dag, og at nasane til folk var svarte som skorsteinar. Den relativt fattige og underutvikla byen satsa 1,5 milliardar yuan på fem miljøvernprosjekt under mottoet "Blå himmel". Som ein følgje av prosjekta har luftkvaliteten betra seg noko, men det er framleis langt fram til ein akseptabel standard. I ein NEPA-rapport frå 1998 vart luftkvaliteten i Lanzhou plassert på femte siste plass i Kina og sjette sistede plass i verda.

Klimaet i byen er dessutan uendra, så innbyggjarane har fantasert om at dei sikkert kunne få mykje herleg vind om toppen på Daqing-fjellet vart kutta av, eller om ein bora nokre tunnelar gjennom det. Andre forslag dei fantasifulle innbyggjarane drøfta meir eller mindre for spøk, var å montere ei kjempestor vifte på eit av fjella som omkransa byen, eller å henge vifter under heliumballongar svevande over byen. Meir jordnære forslag som å brenne mindre kol og bruke meir naturgass, er også berre på snakkestadiet.

Til innbyggjarane si store undring tok styresmaktene i byen nokre av dei ville draumane på alvor, og eit vindprosjekt vart lansert under "Blå himmel"-paraplyen. Prosjektet var både ei teknisk og økonomisk utfordring for byen. *Newsweek* gjorde narr av planane, og hevda at prosjektet minna om det gamle kinesiske ordtaket om den gamle tosken som prøvde å flytte eit fjell.

Folka på miljøvernkontoret i Lanzhou uttalte seg forsiktig om prosjektet. Direktøren sa at folk hadde ønska seg dette lenge, og hans kontor hadde også foreslått prosjektet, men ein kunne ikkje trekke nokre konklusjonar før ein såg resultata. For store forventningar kunne gjere folk veldig skuffa om vinden ikkje kom, meinte han.

Mannen som fekk fortgang i planane, var ein tidlegare landsbybuar som kom tilbake som millionær etter å ha vore borte i 15 år. Zhu Qihua ville eigentleg etablere ein høgteknologisk industripark, men sidan Lanxhou alt hadde ein stor industripark, fekk han ikkje planane godkjende. Den kreative Zhu tok ikkje nei for eit svar. Han tenkte: Korleis få løyve likevel? Historiene om fjellet inspirerte han til lage ein ny og dristig plan: Flate ut det store grønne fjellet, lage ein industripark på det frigjorte arealet og pakke det heile inn som eit grønt prosjekt som skulle avhjelpe fattigdom og forureining! Og det gjekk som han hadde tenkt; dette prosjektet vart raskt godkjent av styresmaktene i byen.

No er Zhu i gang med å fjerne fjellet, saman med eit dusin fattige bønder han har leigd som arbeidskraft. Metoden er like original som ideen: Fjellet skal spylast vekk med vatn frå Den Gule Elva som renn forbi like ved. 25.000 liter med vatn blir pumpa opp kvar dag, og arbeidarane settar vatnet med jord før det renn ned att. Jorda som blir pumpa vekk skal fylle opp dalen lenger nede og lage ei slette.

I løpet av to år (innan 1999) skulle prosjektet vere fullført, og i august 1997 var 7 av fjellets 300 meter fjerna. Dette var sjølv sagt den enklaste delen, men fleire og fleire arbeidarar vil bli engasjerte etter kvart som toppen minkar i høgde og aukar i breidde. Nesten 4 millionar

kubikkmeter masse skal vekk. Zhu har rekna ut at spyling er den billegaste måten å få jobben gjort på, langt billegare enn å bruke lastebilar.

Mange er skeptiske, og meir vind kan ingen garantere. Nokon vesentleg endring i klimaet er enno ikkje registrert. Det som likevel kan berge prosjektet for ettertida er at kutting av fjellet vil gi 200 hektar nytt land, noko som er gull verdt pga. gunstig lokalisering nær Den Gule Elva. Styresmaktene i byen meiner derfor at prosjektet i alle fall let seg forsvara, og dei dempar forventningane noko ved å seia at hovudføremålet er å skaffe meir land til byen.

Zhu har sikra seg retten til å leige ut areal i den nye industriparken, og han trur han kan få igjen pengane han har investert trefaldig på tre år. Dette avheng av at dei økonomiske oppgangstidene i Kina held fram. (*Newsweek* 7.10.96; *China Environment Reporter* 30.5.97, 22.8.97; *Legal Daily* 14.7.99; *Free Republic* 7.1.99 – freerepublic.com; *Time Magazine* 27.9.99)

Agenda 21: Rio-konferansen blir oppfølgt i Kina

På femårsdagen for Rio-konferansen om globalt miljøvern fekk Kina mykje ros for si satsing på miljøvern i avisene i Hong Kong. Kina blir framheva som eitt av dei landa som verkeleg prøver å følgje opp intensjonane i Agenda 21, som inneheld ein dagsorden for berekraftig utvikling i det 21. hundreåret.

Hong Kong Standard framhevar i ein leiarartikkel at Kina har fått applaus frå miljøvernarar rundt om kring i verda for si klare oppfølging av Rio-avtalen. Nokre synest sikkert at dette er litt overraskande, men i Hong Kong ser dei på Kina som eit av dei få landa som har prøvt å gjere noko med dei ulike forslaga deltakarane var samde om i Rio. Særleg opptekne er dei av kva som skjer hos naboane i Guangdong-provinsen, og dei er svært nøgde med planane om å plante meir skog, reinare industriproduksjon, utbygging av kloakkreinseanlegg og reinsing av den sterkt forureina Perle-elva. For Hong Kong er det siste særleg viktig, sidan Perle-elva leverer 80 % av vassforbruket til hushaldningane og industrien i byen.

Ein representant for WWF i Hong Kong – Alex Yau Shuk-kau – understrekar at Kina var eit av dei første landa som ratifiserte Agenda 21. Ho framhevar Kina som eit føredøme for resten av verda.

I 1994 presenterte Kina sitt eige Agenda 21, eit 250 siders dokument som var eit forsøk på å vise korleis prinsippa frå Rio-konferansen kunne brukast i praksis, gjennom opplæring og fokusering på berekraftig jordbruk og busetnad. Eit problem er sjølvsagt å kome frå ord til handling, men Kina har eit eige senter der folk arbeider på heiltid med dette, og alle planleggarane har fått opplæring i SN-regi. Det er også oppretta ei internasjonal ekspertgruppe⁷² som skal gi toppleiarane i Kina råd om korleis ein kan kombinere økonomisk vekst med ein grøn politikk.

South China Morning Post påpeiker at mange land ikkje har tatt Agenda 21 særleg alvorleg. Reduksjon i CO₂-utslepp og auke i u-hjelp har ein sett lite til. USA har ikkje ratifisert avtalen ein gong. Avisa kritiserer også Hong Kong for i alt for liten grad å følgje opp Kinas arbeid med sin Agenda 21. (*HKS* 6.6.97; *SCMP* 5.6.97)

Verbale åtak på den rike verda

Stadige påstandar frå den rike del av verda om at forureiningane i Kina er ein trussel mot det globale miljøet, har nok irritert styresmaktene i landet ein del. I ein artikkel i *China Daily* vart dei utvikla landa skulda for å koke i hop denne villfaringa for å monopolisere ressursane i

⁷² The China Council for International Co-operation on Environment and Development

verda, og hindre vidare utvikling i Kina. At Kina skulle representere eit slikt trugsmål, vart karakterisert som ryktespreiing og “sensasjonalisme”.

Kina har gjort meir for å reinse opp i miljøet enn dei utvikla landa på sine tidlege stadium av industrialisering, hevda avisa. For å dokumentere litt av dette vart det m.a. vist til følgjande:

- I september 1996 vart det sett av 320 milliardar yuan til miljøføremål dei neste fem åra
- Fram til november 1996 var 57.000 forureinande fabrikkar stengde
- Meir enn 20.000 miljøverninspektørar reiser rundt i landet for å kontrollere og eventuelt stenge fabrikkar som forureinar for mykje
- Kina har no ca US\$ 400 i inntekt per capita, medan dei utvikla landa ikkje starta kampen mot forureiningane før dei nådde ei inntekt på US\$ 3.000 per capita
- Dei utvikla landa står for 75 % av karbonmonoksidutsleppa i atmosfæren

China Daily illustrerte artikkelen med ei teikning av ein mann som peiker på eit par som prøver å rydde i hagen sin. “De skitnar til miljøet,” seier mannen, medan røyken tyt tjukk ut frå hans eigen skorstein. Det er vel ikkje vanskeleg å tenkje seg kven som er den gamle mannen.

Sjølv om Kina er nummer tre på lista over dei landa som slepp ut mest CO₂, står landet fast på dei tre prinsippa frå Rio-konferansen om at det er dei utvikla landa som skal føre an i reduksjonen av CO₂-utslepp, skaffe finansiell støtte til og fremme teknologioverføring til utviklingslanda. Dr. Qu Geping, som er leiar for Komiteen for miljøvern og naturressursforvaltning i den kinesiske folkekongressen, sa under eit foredrag i USA i 1997 at Kina støtta eit samarbeid mellom utvikla land og utviklingsland når det gjeld å få ned CO₂-utsleppa, men sidan den rike delen av verda stod for fire femdelar av utsleppa, ville det monne lite om ikkje desse landa løyste sine problem.

Dr. Qu sa også at Kina hadde importert teknologi frå Japan for å redusere svovelutslepp frå kraftverk. Denne teknologien var eigentleg for dyr for Kina, då kostnadene utgjorde ca ein tredel av heile anlegget. Om ein kunne kome ned på 20 % av kraftverkets totalkostnader for slik teknologi, ville det vere akseptabelt, meinte han. (*SCMP* 4.1.97; *China Daily* 3.1.97; *China Environment Reporter* 30.5.97)

Amerikanske bedrifter ser nisje i avfallshandtering

Om USA er trege med å slutte seg til internasjonale miljøkonvensjonar, er dei litt raskare på labben når det er pengar å tene. Først ute var dei rett nok ikkje her heller, mange andre land kasta seg på den kinesiske miljøbølgja før USA.

Grunnlaget skulle vere lagt gjennom eit offisielt besøk våren 1997, der elleve selskap frå USA presenterte sine miljøprodukt. Amerikanarane rekna med at av dei US\$ 6,7 milliardar (ca 55 milliardar yuan) som årleg blir brukt på miljøvern i Kina, var 2 milliardar tilgjengelege for utlandske selskap. Dei hadde god tru på å kunne kapre nokre nisjar på denne marknaden. Det amerikanske estimatet på kor mykje som blir brukt til miljøvern er noko lågt, andre overslag varierer mellom 65 og 80 milliardar yuan.

Ca 25 % av totale investeringar kjem frå bilateral eller multilateral hjelp. Verdsbanken er tungt inne her, og både Japan og europeiske land har satsa mykje på såkalla “mjuk valuta”, altså hjelp til miljøvern som sikrar kontraktar til bedrifter i givarlandet. Eit moment amerikanarane meiner skal slå ut til deira fordel, er at dei har tilgang på fond i Verdsbanken.

Av produkta som amerikanarane tilbyr, kan nemnast søppelbilar til US\$ 200.000 per stk, og høgt teknologisk utstyr for å resirkulere kolavfall og anna søppel til fyringsbrikettar. (*SCMP* 28.1.97, 7.4.97; *China Review* nr 5-96)

Blyfri bensin

Som ledd i ein planlagt nasjonal kampanje for reinare luft, vart det sommaren 1997 innført forbod mot sal av bensin med blyinnhald i sentrum av Beijing. Forbodet, som omfatta åtte sentrale bydelar, skulle etter planen utvidast til alle 700 bensinstasjonane i Beijing innan 1. januar 1998. I følgje Xinhua var 292 bensinstasjonar i Beijing i gang med blyfritt sal ein dag før forbodet skulle ta til å gjelde. I byrjinga av april 1997 var det berre 24 stasjonar med eit blyfritt alternativ.

Tianjin, Shanghai og Guangzhou vil snart følgje etter, og vil saman med Beijing danne ei gruppe av testbyar som berre skal selje blyfri bensin. Åtte testbyar vil vere i gang i løpet av 1998. I tillegg til dei som er nemnde ovanfor, vil desse vere med: Xian, Shenyang, Shenzhen og Zhuhai. Det er meininga at forbodet skal gjennomførast i heile landet i år 2000. Det statseigde oljeselskapet China National Petroleum Corp. har i ei fråsegn gjort det klart at det vil stanse produksjonen av blyhaldig bensin ved tusenårsskiftet.

Heile 65 % av blyinnhaldet i lufta i Beijing skriv seg frå bileksos. Dette medfører som kjent ein helseisiko, særleg for barn og gravide kvinner. Med ein katalysator kan bilar som bruker blyfri bensin også redusere utsleppa av giftige eller miljøskadelege gassar som nitrogenoksidar, karbonmonoksid og hydrokarbonar.

Shanghai har brukt 2,5 milliardar yuan for å oppgradere Gaoqiao-raffineriet til å produsere 1,4 millionar tonn reinare bensin i 1998, og det er nok til å dekke byens behov.

Bilar med katalysator *må* bruke blyfritt drivstoff. Svært få kinesiske motorvogner har installert katalysator, slik at dei fleste køyretøya kan bruke bensin både med og utan bly. Men når forbodet mot blyinnhald blir gjennomført i heile landet, vil bilfabrikantane følgje opp med å ta med katalysator i dei nye modellane som blir produsert. Det kinesisk-tyske selskapet Shanghai Volkswagen Automotive opplyser t.d. at dei har konkrete planar om dette. Teknologien for dette er der, selskapet berre ventar på at kinesiske styresmakter gjennomfører planane om blyfritt i større deler av landet. Selskapet ønskjer at styresmaktene vedtek ein nasjonal standard for eksosutslepp innan år 2000.

Maskineridepartementet bestemte i 1997 at alle innanlandsk produserte bilar må ha katalysator frå år 2000. Ein arbeider også med planar om at dieslbilar skal ha elektronisk drivstoffinnsprøyting.

Bilførarane må tole litt høgare bensinprisar pga. omlegginga til blyfritt drivstoff. Prisen for blyfri bensin i Beijing sommaren 1997 var 2,23 yuan for 90 oktan og 2,4 yuan for 93 oktan, det vil seie høvesvis 0,11 og 0,16 yuan meir enn for den blyhaldige varianten. Ein drosjesjåfør meinte at drivstoffutgiftene hans ville auke med 120 yuan i månaden, men det verkar likevel som om sjåførane aksepterer dette, sidan dei ikkje trur at yteevna til bilane vil bli dårlegare. Det er muleg at prisen på blyfri bensin kan bli sett ned, men det er ikkje oppgitt noko dato for ein slik reduksjon (*SCMP* 1.5.97, 3.6.97; *China Daily* 19.6.97; *China Environment Reporter* 30.4.97, 17.9.97)

Beijing prøver å oppfylle miljøstandardar

I Beijing blir det sett i verk ei rad tiltak for å betre miljøet slik at ein kan oppfylle statens krav innan år 2000. Innføring av blyfri bensin er alt nemnt, og her er nokre andre døme:

- 60 bedrifter som er blant dei verste forureinarane skal betre seg, elles ventar nedlegging av produksjonen
- Betre metodar for kolbrenning skal redusere kolforbruket og gi mindre utslepp av støv og svovel

- I sentrum skal det ikkje brennast kol, berre gassbaserte kokarar blir tillatne
- Byen har dei siste fem åra brukt 64 milliardar yuan på betre infrastruktur når det gjeld kloakkreinsing, avfallshandtering og energi til oppvarming. Bortimot ein firedel av kloakken og søppelet blir no handsama på ein eller annan måte
- Beijing har dei siste fem åra brukt 1,5 milliardar yuan på kontroll av industriforeiningane, ved t.d. å omlokalisere 78 tunge foreinarar og å stenge ei rekke “verstingar” blant fabrikkane

Resultatet av dette er at foreiningane ikkje har vorte verre i løpet av dei fem siste åra, trass i ein folkeauke på 330.000, ei innflytting av 3 millionar menneske og ei dobling av talet på køyretøy i byen. (*China Environment Reporter* 31.10.97)

Forureiningsmeldingar i dei verst ramma byane

Både WHO og kinesiske miljøvernstyresmakter har slått fast at foreiningane av lufta i byane langt overstig internasjonale standardar, grunna t.d. bileksos og kolbrenning. Mange byar innførte derfor forureiningsvarsling på slutten av 90-talet.

Ti byar starta opp sommaren 1997, og i løpet av 1998 var varslinga innført i meir enn 40 byar. Mellom dei utvalde byane var Beijing, Shanghai, Shenyang, Xian og Guangzhou, som alle er på lista over dei ti mest forureinande byane i verda. Meininga er at forureiningsmeldingane skal kome som rapportar kvar veke.

Tiltaket er tatt vel i mot av innbyggjarane i dei aktuelle byane, og vil føre til eit folkeleg press på styresmaktene for å arbeide for eit betre miljø. I Shanghai har ein alt kunna observere at eigedomsprisane vekslar med forureiningsrapportane. Prisane stig i område med gunstige meldingar, og omvendt.

Rapportane inneheld i første omgang informasjon om korleis foreiningane har vore i ulike område, men i nær framtid vil ein også kunne tilby prediksjonar av utviklinga framover. Kva som er kjeldene til foreininga vil ein også prøve å informere om. (*SCMP* 23.1.97; *China Environment Reporter* 30.6.97)

Grønt forum

I januar 1997 kunne *South China Morning Post* melde at Kina ville gjennomføre eit fire dagars diskusjonsforum for miljøspørsmål neste månad. I løpet av desse dagane skulle offisielle tenestemenn, ekspertar og forretningsfolk diskutere berekraftig utvikling. Konferansen skulle ha ei rekke paneldiskusjonar sponsa av multinasjonale selskap. M.a. var det eit seminar om innandørs luftkvalitet støtta av tobakksgiganten BAT Industries!

Forumet var organisert av to offisielt godkjende kinesiske miljøvernorganisasjonar og støtta av Det nasjonale miljøvernkontoret. I følgje Xinhua skulle dette vere den første miljøvernkonferansen i Kina som var organisert av såkalla NGO⁷³, men kommentarar frå miljøvernald i Hong Kong gjekk ut på at dei ansvarlege miljøvernorganisasjonane var nær knytte til styresmaktene. Men samstundes vart sagt at det viktige var ikkje om konferansen var NGO-styrt eller offisiell, men at miljøvern vart sett på dagsorden. Frå arrangørhald var håpet at konferansen ville skjerpe kampen mot forureining, og at ein skulle kome fram til konkrete miljøtiltak.

Både president Jiang Zemin og statsminister Li Peng deltok i forumet, saman med internasjonale deltakarar. (*SCMP* 15.1.97, 28.1.97)

⁷³ NGO= “Non-Government Organizations”; organisasjonar som er uavhengige av styresmakter

Kan Kina fø seg sjølv?

Dette spørsmålet er reist mellom anna av Lester Brown og Worldwatch Institute fleire gangar. Brown fryktar at svaret er nei, og at dette vil få negative følgjer for heile kloden i det neste hundreåret.

Changhua Wu tek i ein artikkel i *China Environment Reporter* opp denne utfordringa til Kina frå Worldwatch Institute. Han skriv at dette spørsmålet har dei høyrte ein del gangar, men no har det fått meir merksemd i kinesisk vitenskapleg miljø. På eit seminar i mars 1997 hevda Dr. Song Jian at dette spørsmålet hadde ein vore opptatt av, og sett på som eit sentralt problem i vitskapen sidan revolusjonen i 1949, då ein hadde færre enn 600 millionar innbyggjarar.

Ei ekspertgruppe frå Det kinesiske vitenskapsakademiet har, som ein respons på Lester Browns spørsmål, gitt ut ei studie av Kinas jordbruk og utvikling. Konklusjonen var at Kina ville greie å fø seg sjølv, så sant følgjande føresetnader vart oppfylte:

- Effektiv kontroll av befolkningsveksten
- Fremme organisatoriske løysingar for ein ny strategi for distribusjon av korn (ein felles nasjonal kornmarknad og kornhandelspolitikk)
- Finne eit høveleg nivå for vern av eigen kornproduksjon
- Betre forvaltning av kornlagra
- Oppmuntre til sunt forbruk og ivaretaking av tradisjonelt kinesisk kosthald
- Auke innsatsen og investeringane i jordbruk, verne dyrkbar jord og økonomisere vassbruken
- Hindre forverring av økosystemet i jordbruket

Eit medlem av ekspertgruppa, Wang Yi, sa at han meinte Kina hadde ein god sjanse til å vere godt sjølvforsynte med korn i år 2030. Dette føreset produksjonsauke og ein velutvikla kornmarknad. Sjølvforsyningsgraden er no 95 %, og den vil gå ned til 90 i nær framtid, og vil deretter bli endå noko lågare. I følge Wang er det ikkje noko mål å oppnå 100 %, kva som er gunstigast for Kina vil avhenge av forholda både nasjonalt og internasjonalt. Ein del import vil vere akseptabelt.

Nokre problem for kornbøndene er aukande produksjonskostnader, reduserte subsidiar og utbygginga av rural industri som har redusert den relative lønnsmda av jordbruket i forhold til industrien. (*China Environment Reporter* 30.7.97)

Det skremmande er ikkje alarmklokkene, men å høyre utan å handle!

Rapporten frå Statens kommisjon for vitenskap og teknologi som er nemnd tidlegare i dette kapitlet, konkluderer med det er viktig å forstå skilnadene mellom dei opne økosystema i byane og på gardane, og det lukka systemet vi ser i naturen. Skilnadene viser seg i struktur, funksjonar og i flyten av energi gjennom systema.

Rapporten seier ein også må forstå skilnaden mellom økosystema i Kina og andre land. Skog dekker 30 % av USA, 67 % av Japan, men berre 12 % av Kina:

“Vi kan ikkje vurdere det kinesiske økosystemet ut frå indikatorar og standardar frå andre land. Vi må sjå på spesielle karakteristika ved det kinesiske økosystemet og finne ut korleis vi kan etablere og oppretthalde eit harmonisk forhold mellom levande organismar og deira omgivnader. (...) Vi må arbeide energisk for å forstå vår ressursituasjon og den økologiske krisa. Vi må stole på innsatsen til ein milliard menneske for å finne vegen til berekraftig utvikling. Det er ikkje alarmklokka som er skremmande, men det å ha høyrte ho, utan å ha brytt seg med å gjere noko!” (*China Environment Reporter* 17.9.97)

Kina etter Kyoto

Synspunktet som er referert ovanfor, kan forklare litt av dei standpunkta Kinas sjefsforhandlar gav uttrykk for under Kyoto-konferansen. Han sa nemleg at Kina ville forkaste forslag om nye bindingar for utviklingslanda, og at ein heller ikkje ville bruke tid på forhandlingar om dette. Men utsegner som desse avspeglar nok også irritasjon over at dei utvikla landa ikkje har følgt opp intensjonane i Rio-konferansen. På Rio-konferansen lova dei rike landa å gå føre når det gjaldt reduksjon i utslepp av drivhusgassar, og å syte for finansiell og teknologisk støtte slik at utviklingslanda skulle oppnå det same. Bak det kinesiske synet kan også ligge ei frykt for at USA og andre utvikla land kan ha interesse av å avgrense den økonomiske veksten i Kina, og at dei bruker miljøargumentet som ei brekkstang for å oppnå dette. At Kina ein gong i det neste hundreåret blir verdas største økonomi er kanskje ikkje alle like begeistra for.

Men PACE⁷⁴, Den profesjonelle foreininga for Kinas miljø, var litt bekymra for at Kina etterlét seg eit negativt inntrykk, særleg i vestlege media. PACE er eit internasjonalt nettverk av fagfolk som driv med opplysningsarbeid, diskusjon, opplæring og forskning når det gjeld miljøvernsspørsmål i Kina. Organisasjonen er ikkje-kommersiell og ikkje regjeringsstyrt, og har mellom anna gitt ut tidsskriftet *China Environment Reporter*. Tidsskriftet kom ut med mange nummer på Internett i 1997, sidan vart det full stopp. Etter PACEs meining burde Kina i større grad formidle til dei utvikla landa det ein alt har oppnådd, og det ein har planar om å gjere, når det gjeld utsleppsreduksjonar. At utviklingslanda generelt, og Kina spesielt, har oppnådd noko på dette området, er ofte oversett i den internasjonale debatten.

Kina står for 12 % av dei energirelaterte CO₂ – utsleppa i verda, berre slått av USA på dette tvilsame området. Frå 1971 til 1993 vart mengda av slike utslepp tredobla i Kina, hovudsakleg pga. kolbrenninga, som stod for 83 % av utsleppa. Men frå byrjinga av 80-talet tok kinesarane til å reformere prisinga av energi, slik at kolsubsidiane vart redusert frå 37 % i 1984 til 29 % i 1995, og petroleums subsidiane vart redusert frå 55 % i 1990 til 2 % i 1995. Sjølv om årlege karbonutslepp auka med 228 millionar tonn frå 1980 til 1990, ville auken truleg ha vore 150 millionar tonn høgare utan inngrep av noko slag.

Når det gjeld drivhusgassar totalt, er Kina også verdas nest største utsleppsnaasjon etter USA. Sannsynlegvis vil Kina passere USA rundt år 2020. Samanliknar vi utviklingslanda med dei utvikla landa, reknar ein med at dei førstnemnde vil passere dei sistnemnde på denne statistikken innan år 2015. Kva som skjer vidare i Kina og andre store utviklingsland er derfor avgjerande for å kunne nå målet om å verne det globale klimaet. PACE har gitt uttrykk for at Kina burde spele ein meir aktiv rolle og bli leiande på dette området blant utviklingslanda. Som eit føregangsland kunne Kina då ta initiativ til praktiske løysingar som ikkje berre var tilpassa lokale vilkår, men som også støtta opp om det globale miljøvernet.

For å stoppe veksten i klimagassutsleppa, redusere energikostnadene, verne om folks helse og minimalisere skadane på økosystemet har eit PACE-medlem foreslått at Kina bør konsentrere innsatsen på tre område:

- I samarbeid med andre land etablere eit langsiktig forskingsprogram for å utvikle og kommersialisere nye teknologiar for energiproduksjon som ikkje øydelegg miljøet. Ein tenkjer her på avanserte køyretøy, smelteomnar i industrien, brenselceller, katalysatorar, turbinar og utvida bruk av gass
- Opprette eit fond (einsidig eller i samarbeid med andre land) for betre utnytting av eksisterande effektive og fornybare energikjelder. Fondet skal brukast til å overkome hinder for breiare bruk av desse energikjeldene

⁷⁴ PACE = the Professional Association for China's Environment. Sjå internettadressa <http://www.ChinaEnvironment.net/>

- Til sist foreslår PACE-medlemmet at Kina bør bygge opp institusjonelle strukturar på høgaste hold for betre politikk, lovgiving og opplæring når det gjeld miljøvern

Eit problem for seg er kva mål ein skal bruke for samanlikningar av utslepp i ulike land. Pga. stor økonomisk vekst er det vanskeleg for Kina å bruke same mål som industrialiserte landa, med nivået i 1990 som eit utgangspunkt. Den store folkemengda i Kina blir av til brukt som eit argument mot Kina (“tenk om alle i Kina skal ha bil”). Dette argumentet kan snuast: Utslepp av klimagassar per capita er sju gantar høgare i USA enn i Kina.

Kina vil truleg med ein viss rett snu befolkningsargumentet og bruke det i eiga interesse. Det er for så vidt ganske normalt at meiningane i ulike land og regionar avspeglar særinteresser. EU gjekk i Kyoto t.d. inn for reduksjonar i CO₂-utslepp spesielt fordi EU har “lette” gevinstar her grunna stygge tal i det tidlegare Aust-Tyskland. Men utslepp per capita, som vil vere eit mål til fordel for Kina, vil dekke over eit fundamentalt problem; nemleg den ineffektive økonomien i utviklingslanda. Ser ein på utslepp i forhold til brutto nasjonalprodukt (BNP) kjem derfor land som Russland, Kina og India svært dårleg ut i forhold til utvikla land som Japan, Tyskland og USA. Sjå tabellen nedanfor, som er basert på tal frå 1994.

No er BNP i seg sjølv eit omdiskutert omgrep, så nokre har derfor foreslått brukt ein kjøpekraftindeks (PPP) i staden. Bruk av ein slik kjøpekraftindeks i staden for BNP gir ei viss utjamning mellom rike og fattige land, men Russland og Kina kjem dårlegast ut også etter dette målet, samanlikna med Japan, Tyskland og USA.

Land	Karbon/Capita (tonn)	Karbon/BNP (tonn/US\$)	Karbon/PPP (tonn/US\$)
USA	5,3	0,2	0,22
Kina	0,7	1,13	0,35
Russland	3	1,33	0,38
Japan	2,4	0,06	0,11
Tyskland	2,7	0,1	0,13
India	0,3	0,76	0,14

Samanlikning av utslepp i ulike land etter ulike mål. (Kjelde: China Environment Reporter 23.12.97)

Alternativa Kina har for kontroll av utsleppa er desse:

- Betre utnytting av eksisterande energikjelder
- Utvikling av alternative energikjelder
- Nyplanting for å bygge opp att skogen
- Reformar i jordbruket for å redusere metanutslepp, t.d. betre dyrefôr
- Betre og meir aktiv kommunikasjon med andre land, særleg den rike delen av verda, i miljøvernspørsmål. Dette kan gi betre løysingar som også passar Kinas økonomiske ambisjonar

Uavhengig av om det blir semje om kva mål som skal gjelde internasjonalt, vil Kina halde fram sitt arbeid for ein meir effektiv energiproduksjon og mindre utslepp av karbon. Og potensialet er stort: Om Kina maktar å produsere energi for nøkkelindustrien like effektivt som dei mest utvikla landa innan år 2020, vil kolbehovet i følgje kinesiske ekspertar bli redusert med 460 millionar tonn, og utsleppa med 330 millionar tonn. (*China Environment Reporter 23.12.97*)

Omstridde øyar

Internettssidene til Canadian Forces College⁷⁵ inneheld eit verdskart der 33 av dei mest alvorlege konfliktane som no går føre seg mellom eller innan land er innteikna. I tre av desse konfliktane er Kina involvert: Det gjeld forholdet til Taiwan, striden om Spratly-øyane i Sør-Kinahavet og kampen om kven som eig Diaoyu-øyane i Aust-Kinahavet.

Spratly-øyane er ei gruppe av låge øyar og korallrev i Sør-Kinahavet som er gjort krav på av følgjande land: Kina, Taiwan, Vietnam, Malaysia, Filippinane og Brunei. Dei tre siste landa har berre delvise krav på øyane. Alle landa unntatt Brunei har okkupert diverse Spratly-øyar. Det har vore kampar mellom okkupantane, sist mellom vietnamesiske og kinesiske fartøy i 1988. Ei viktig årsak til at øyane er så omsverma, er at ein reknar med å finne store olje- og gassmengder i dei omliggjande havområda. Dei mange krava og dei store forventa rikdommane gjer at det ikkje blir enkelt å finne noka løysing.

Striden dreier seg altså om rettane til store eller små øyar, noko som har ført til ei opprusting av flåtestyrkar, mellom anna i Kina. Det er mange øyar i kinesiske farvatn, og eigedomsforholda for mange av dei er omstridde. Ei finteljing av øyane som kinesiske styresmakter utførte i 1996 ved hjelp av ein satellitt førte til at 1700 tidlegare ukjende øyar vart oppdaga. Talet på øyar Kina meiner å ha rett på var altså 5000, og ikkje 3300 som ein før trudde.

Potensielle konfliktar er derfor eigentleg fleire enn dei tre som er nemnde ovanfor. Mellom anna gjer både Indonesia og Kina krav på Natuna-øyane. I september 1996 hadde Indonesia ei stor militærøving i området, tydeleg for å åtvara Kina om å halde hendene sine borte frå dette "fatet". Enten øyane heiter Diaoyu eller Natuna er det eigentleg rettane til fisk og mineralar i områda rundt øyane som er årsaka til det store engasjementet mange land viser.

Og Kina bruker ikkje berre satellittar i kartlegginga av desse ressursane. Våren 1997 sende Kina i følgje Xinhua ut to leitefartøy ut på eit seks månaders tokt for å søke etter "strategiske ressursreservar". Blant utstyret var robotar som kunne arbeide ned til 6000 meter under overflata. Fartøya skulle dekke eit område på meir enn 100.000 kvadratkilometer i internasjonalt farvatn i det nordlege Stillehavet. Nyhendebyrået understreka at Dei sameinte nasjonane (SN) hadde godkjent Kinas rett til å leite etter ressursar i dette området i 1991. Dette var eitt av fire store kinesiske leiteprosjekt fram mot tusenårsskiftet, og føremålet var sjølvstøtt å sikre mineralar for ein økonomi i stor vekst. Kinesarane har mellom anna lokalisert reservar av mangan, kopar, nikkel og kobolt.

Vi skal i dette kapittelet sjå grundigare på forholdet mellom Kina og Taiwan, og på den kinesisk-japanske usemja om Diaoyu-øyane. Gjennom desse døma skal vi vise litt av det som rører seg når konfliktar om kven som eig holmar, skjer og øyar skjerper seg. (HKS 16.9.96, 8.11.96; SCMP 31.3.97)

Taiwanspørsmålet

Av dei konfliktane som er nemnde framfor er det vel konflikten med Taiwan som mest kjend i Vesten. Taiwan har elles også vore kjend i vår del av verda som Formosa, og det namnet skriv seg frå portugisiske sjøfolk på 1500-talet som tykte øya var så ven då dei såg ho frå ein

⁷⁵ <http://www.cfsc.dnd.ca/links/wars/index.html>

gallion at dei kalla ho for “Ilha Formosa” – “Vakker øy”. For å variere litt blir Taiwan i det følgjande av og til kalla for “øya”, og Kina for “fastlandet” eller “Fastlands-Kina”.

Bakgrunn

Den første kjende kinesiske kontakt med øya var så tidleg som på 600-talet. Dei siste 800 åra har Taiwan hovudsakleg vorte rekna som ein del av Kina, sjølv om øya har vore utsett for invasjonar av hollendarar, spanjolar, franskmenn og japanarar. Øya hadde ein malayo-polynesisk urbefolkning som vart trengt bort frå kystområda av kinesarar på 1400- og 1500-talet. Taiwan vart eit protektorat under det kinesiske imperiet i 1206, då sjølvaste Dsjenghis-khan etablerte Yuan-dynastiet. I 1684 vart øya eit prefekturat under Fujian-provinsen, og i 1885 vart ho ein eigen kinesisk provins. Japan overtok Taiwan etter den kinesisk-japanske krigen i 1894-95, og hadde herredøme over øya til nederlaget i 1945, då Japan måtte gi frå seg alt land som var tatt på illegal måte.

Etter tapet i borgarkrigen i 1949 slo som kjent Chiang Kai-shek og hans tilhengjarar seg ned på Taiwan, og oppretta i 1950 *Republikken Kina* som ein motpart til *Folkerepublikken Kina* på fastlandet. Kommunistane valde å la dei få vere i fred. Men styresmaktene i fastlands-Kina har alltid sett på Taiwan som ein utbrytarprovins som dei ønskjer å innlemme i Kina på same måte som Hong Kong vart overtatt frå Storbritannia i 1997 og Macao frå Portugal i 1999. Slik sett er det viktig for Kina at tilbakeføringa av desse koloniane blir vellukka i den forstand at folk på Taiwan ikkje blir skremde.

Styresmaktene på Taiwan prøver på si side, samstundes som dei har ytra ønskje om samling til “eitt Kina”, å opptre som om dei leia ein uavhengig nasjon med diplomatisk representasjon, osv. Land som følgjer opp dette med å behandle Taiwan som eit eige land, må rekne med reaksjonar eller sanksjonar av eit eller anna slag frå fastlands-Kina, som konsekvent søker å isolere Taiwan diplomatisk. Leiarane i Kina var til dømes arge for at Sør-Afrikas president Nelson Mandela tok i mot statsbesøk frå Taiwan i 1996. Men Mandela forsvarte seg med at Taiwan hadde støtta den siste fasen i kampen mot apartheidregimet, og at det derfor ville vere dårleg moral kutte banda etter at ANC⁷⁶ hadde kome til makta.

Fordi USA har vore svært Taiwan-venlege, kom ikkje folkerepublikken med i SN før i 1971, då dei overtok den kinesiske representasjonen frå Taiwan. I 1979 avvikla USA dei offisielle banda til Taiwan og oppretta diplomatisk samband med Kina.

Farvatnet mellom Kina og Taiwan blir kalla Taiwan-stretet, av og til ser ein berre “Stretet” brukt i kinesiske media. Det har ikkje vore uvanleg med militærøvingar i Taiwan-stretet, t.d. når Kina har hatt behov for å vise musklar. USA har i slike tilfelle følt seg forplikta til å støtte Taiwan, og ein kan vel trygt seie at ved sida av menneskerettsspørsmålet er Taiwan den mest kontroversielle saka i forholdet mellom Kina og USA. Kina er villig til å diskutere det meste med verdsamfunnet, også menneskerettar, men spørsmålet om at Taiwan er ein del av Kina er ikkje gjenstand for diskusjon.

Frå sommaren 1995 og eit års tid framover, var tilhøva mellom Kina og Taiwan særleg dårlege. Det som skjedde, var at den taiwanske presidenten, Lee Teng-hui vitja USA i juni 1995. Beijing oppfatta dette som eit forsøk på å fremme taiwansk uavhengnad, og åtvare om at eit slikt skritt ville utløyse ein kinesisk invasjon av øya. Etter dette USA-besøket braut Kina all kontakt på høgt plan med Taiwan, og gjennomførte seks rundar med militærøvingar nær Taiwan mellom juli 1995 og mars 1996 for å åtvare dei som var for uavhengnad. Ein viss kontakt var det framleis på lågare nivå, og private kontaktar vart heller ikkje brotne.

Under krisa som var under oppsegling i mars 1996, like før vala på Taiwan, sende USA to hangarskip til taiwanske farvatn. Colin Powell, helt frå Golfkrigen og den første svarte

⁷⁶ ANC: African National Congress, sørafrikansk parti og antiapartheidrørsle

militærrådgivar og generalstabssjef, sa til den taiwanske avisa *China Times* at dette gav klare signal både til Beijing og Taipei⁷⁷:

“Ut frå resultatata å dømme, var det eit godt trekk. Dei kinesiske kommunistane bøygde av, dei taiwanske vala gjekk som vanleg og skipa trekte seg tilbake. Eit klart signal vart sendt ut og vi har gått inn i eit nytt stadium.” (Sitert frå *HKS* 29.5.96)

Powell trudde ikkje det ville kome til militær konflikt mellom Kina og USA. Men han gjorde det klart at USA sto fast på sitt “spesielle forhold” til Taiwan. Det ville ta tid å finne ei løysing på problema mellom fastlandet og Taiwan, meinte han:

“Det er framleis inga synleg løysing på problemet deira. Men USA, Taiwan og Kina har fått på plass eit forhold med grunnlag i prinsippet om eitt Kina. Eg trur det beste for kinesarar på begge sider er at dei over tid sjølve avgjer korleis sameksistens basert på dette prinsippet skal gjennomførast.” (Sitert frå *HKS* 29.5.96)

Flykappingar med sikte på å krysse Taiwan-stretet og arrestasjonar av fiskebåtar frå den andre sida er typiske hendingar som krydrar relasjonane mellom dei to kinesiske samfunna. Ingen er vel i tvil om at dette er ein konflikt som kan starte ein alvorleg krig, sjølv om det er typisk for kinesarane å tenkje langsiktig, vere tolmodige, og å velje konsultasjonar framfor krig. Økonomiske interesser gjer at landa ser fordelar med å samarbeide, og ein har hatt gjensidige samtalar dei seinare åra.

Eit døme på at det økonomiske livet kan gå føre den ideologiske læra er at mange fiskarar frå fastlandet tek arbeid for taiwanske reiarar. På Taiwan er det forbod mot direkte kontakt med fastlandet, og det er heller ikkje lovleg å la personar frå fastlandet arbeide for taiwanske selskap. Men fordi det er stor mangel på sjøfolk og fiskarar snur styresmaktene på øya ofte det blinde auga til når reiarane rekrutterer frå fastlandet. Mange illegale “flytande hotell” av ombygde fiskebåtar har frå 1992 vorte plassert utanfor strendene på Taiwan for å huse sjøfolk frå Kina som søker jobb på taiwanske fiskebåtar. I staden for å slå ned på dette, vurderte styresmaktene våren 1997 å legalisere “hotella”. (http://peacock.tnrc.edu.tw/ROC_info.html; *HKS* 29.5.96, 17.6.96, 4.7.96, 21.4.97)

Xinhua: Taiwanske styrkar går hardt fram mot uskuldige

Xinhua har samla i hop ein del statistikk for å kaste lys over tilhøvet mellom dei to kinesiske samfunna. Noko av denne statistikken vart publisert i *China Daily*. Sjølv om presentasjonen kan synast noko einseitig, viser han alvoret i saka.

Det vart hevda at taiwanske politifolk og soldatar i perioden 1990-94 hadde drepe 46 og såra 112 fiskarar, alle frå Fujian-provinsen, som hadde fiska i Taiwan-stretet. Sidan 1989 hadde dessutan 46 illegale innvandrarar frå fastlandet til Taiwan vorte kvelte på vegen tilbake etter å først å ha vorte utviste.

Alt i alt skal 223 fiskebåtar frå Kina med eit mannskap på 3160 fiskarar ha vorte borda og inispisert av taiwansk marine på fastlandet si side av Stretet. Tjue båtar hadde vorte tilbakehaldne med eit økonomisk tap på meir enn 10 millionar yuan som følgje. I 1990 vart det inngått ein avtale mellom Taiwan og Kina, den såkalla Jinmen-avtalen, som skulle regulere forholda i Stretet. Men Kina skulda Taiwan for å halde fram med å stoppe og bortvise fiskebåtar etter avtaleinngåinga. Fleire hundre fiskarar frå fastlandet skulle også ha vorte banka opp taiwanske soldatar.

⁷⁷ Taipei: Hovudstaden på Taiwan

Ein ikkje-regjeringsstyrd organisasjon på fastlandet, *Arats*⁷⁸, har forhandla med den taiwanske organisasjonen *Sef*⁷⁹ om mange slike hendingar for å få sett ein stoppar for skytinga på fiskarar frå fastlandet, erstatning for tapa og mordarane straffa. Men i følgje Xinhua har taiwanske styresmakter ikkje brydd seg om desse problema, og dei kyniske overgrepa held fram. Tenestemenn i Kina med spesielt ansvar for Taiwan-saker hevda at den fundamentale årsaka til at styresmaktene på Taiwan ikkje brydde seg, var at dei hadde eit fiendebilde av alt frå fastlandet, og dermed også av fiskarane i Stretet.

Den behandlinga taiwanske fiskarar fekk på fastlandet stod i skarp kontrast til dette. Fastlandet har lagt tilhøva til rette for fiskarar frå Taiwan, og har tatt i mot store mengder av fiskebåtar frå øya. I 1993 tok Fujian-provinsen i mot 8528 taiwanske fiskebåtar med eit mannskap på 35279 fiskarar. Nokre taiwanske fiskarar skal ha vorte redda av folk frå fastlandet og fått behandling på sjukehus på fastlandet.

Fastlandsfiskarar i havsnaud fekk ei anna oppvaring av taiwansk marine. I april 1993 søkte fem fiskebåtar frå Langhai i Fujian ly for stormkast ved Penghu-øyane. Dei vart borda av patruljebåt nr 817 frå Taiwan. I alt 69 fiskarar fekk juling og ein del av utstyret til fiskarane vart øydelagt. Arats prøvde å ta saka opp med Sef fleire gonger til ingen nytte. (*China Daily* 4.7.94)

Taiwanske motskuldingar

Ein viseforsvarsminister på Taiwan, Chin En-ching, skulda Kina for å sende armerte fiskebåtar inn i taiwansk farvatn for å teste Taiwans forsvar og for å stelle i stand bråk under krisa i Stretet i mars 1996. Chin sa at flåtar av fartøy med skrog forsterka med jernplater kom inn 33 km vest for Taiwan “i eit forsøk på å provosere og starte krangel for å auke spenninga”. Taiwans sjøgrense er 47 km frå land.

Båtane hadde ikkje tunge våpen ombord, og var ikkje eskorterte av marinefartøy. På Taiwan meinte ein at båtane var der som ein del av militærøvinga rundt øya under presidentvalkampanjen. Øvinga vart forstått som eit forsøk på å skremme veljarar bort frå president Lee Teng-hui, som Beijing har skulda for å fremme taiwansk uavhengnad og dermed på veg til å gi opp doktrine om at Kina og Taiwan er eitt land. Som ein kunne vente førte dette presset til eit valskred for Lee, som dermed vann valet klart.

Chin sa at armerte fiskefartøy hadde gjort 381 turar i taiwansk farvatn i løpet av dei to siste åra, og at taiwansk marine hadde sett i verk 19 operasjonar for å jage dei vekk. Han sa at ein hadde gått varsamt fram for ikkje å trappe opp konflikten, noko som hadde ført til kritikk frå opposisjonen om at militæret heldt ei for mjuk linje i forholdet til Kina. (*HKS* 28.6.96)

Eitt Kina?

Det at president Lee Teng-hui ikkje tok opp prinsippet om eitt Kina i sin innviingstale i mai 1996 førde til skarpe angrep frå media på fastlandet. I ein kommentar i det statsdrivne fjernsynsselskapet China News Service (CNS) vart det sagt at dette prinsippet var uunngåeleg for utvikling av tosidige band og samling av Kina:

“Først når dei erkjenner at det finst berre eitt Kina er det muleg med sameining. Å snakke fint om å søke samling av moderlandet utan å slutte seg til prinsippet om eitt Kina blir berre luftig, tomt preik. ... Om den taiwanske leiaren verkeleg ønskjer ei fredeleg sameining, som han har sagt, bør han få knesett prinsippet om eitt Kina før han gjer noko anna.” (*HKS* 29.5.96)

⁷⁸ Arats: The Association for Relations Across the Taiwan Straits, ein halvoffisiell organisasjon som tar seg av relasjonane med Taiwan i mangel av formelle band

⁷⁹ Sef: Straits Exchange Foundation, det taiwanske motstykket til Arats

President Jiang sa at presidentkollegaen hans lurte veljarane sine med tomme løfter i innviingstalen. Kommentatoren i CNS kunne dessutan nøgd konstatere at børsindeksen på Taiwan fall med 246 poeng etter Lees “sjølvmotseiande” tale.

Svaret frå Taiwan let ikkje vente lenge på seg. Statsminister Lien Chan sa at øya var klar for økonomiske forhandlingar med fastlandet med sikte på ei framtidig samling av dei to kinesiske samfunna. Som eit døme på gevinsten av eit økonomisk samarbeid, sa han at millionar av bønder på fastlandet ville få betre levekår gjennom handel med jordbruksvarer. Det hadde aldri vore meininga at delinga av Kina skulle vere permanent, sa Lien. Tvert i mot hadde dei på Taiwan alltid, og særleg dei siste 8-9 åra, arbeidt hardt for ei tilnærming mellom dei to samfunna. Resultata av dette viste seg på følgjande område:

- Ein million personar besøkte det andre samfunnet i 1995
- Handelen same år utgjorde meir enn 20 milliardar US\$
- Hundretusenvis av brev vart utveksla dette året

Dette høyrest kanskje ikkje så imponerende ut, men nasjonalistane hadde forbode direkte kontakt med Beijing etter tapet i borgarkrigen i 1949. Det vil seie at all direkte handel, transport og postsamband var forbode. Ut over 90-talet hadde ein likevel tillate indirekte handel via tredjeland eller Hong Kong, og ikkje-politiske relasjonar med Kina. Samtalane mellom dei to partane før krisa i 1996 galdd nettopp oppmjuking av slike hindringar for normalt samkvem.

Lien sa at både folka på fastlandet og på øya hadde interesse av fred og stabilitet i Taiwan-stretet, då dette var eit vilkår for vedvarande velstandsutvikling i Asia-Stillehavsregionen. Han bad Beijing akseptere det faktum at Taiwan hadde eksistert som ei sjølvstendig eining i meir enn 40 år, og at dei to partane heller burde bruke tida på fredeleg konkurranse.

President Lee Teng-hui følgde opp med å seie at stabile band til Kina var heilt nødvendig etter å hatt ein spent situasjon i nesten eitt år. Han la ikkje skjul på at det dårlege tilhøvet til Kina hadde uroa folk på Taiwan, og redusert investeringslysta. Han hadde også konkrete forslag:

“På den eine sida vil regjeringa koordinere forsøk ... på å forhandle med relevante styresmakter på fastlandet for å styrke det økonomiske samarbeidet og ivareta rettane og interessene til taiwanske bedrifter på fastlandet. ... På den andre sida vil [Taiwan] gå inn for å etablere ei spesiell økonomisk sone, for å skape ein ny modell for økonomisk samkvem med Hong Kong etter 1997.” (HKS 17.6.96)

Taiwan hadde altså planar om å opprette ei spesiell økonomisk sone der kinesiske forretningsfolk og varer fritt kunne kome inn og ut. Spesielt var ein interessert i å finne ein modell for korleis det spesielle forholdet til Hong Kong kunne oppretthaldast etter 1997, då Hong Kong skulle tilbakeførast til Kina. Herr Lee sa også at regjeringa ville bruke den fordelaktige geografiske posisjonen, talentfulle folk og Taiwans industrielle nettverk til å oppnå velstand og rikdom på begge sider av Taiwan-stretet. (HKS 29.5.96, 11.6.96, 17.6.96, 18.6.96, 28.8.96)

Resultatlause utspel om å ta opp att samtalane

I sin innviingstale tilbød president Lee Teng-hui seg å ta ei “fredsreise” til Kina for å få framdrift i samtalane att. I tida som følgde kom det ein del utspel frå begge sider, utan at det gav konkrete resultat, i alle fall ikkje på kort sikt. Problemet med dei fleste utspela var at samstundes som dei gav inntrykk av å vere veldig positive, la dei gjerne ved eit sidevilkår som var uakseptabelt for den andre parten.

Etter ca ein måned kom det eit rimeleg positivt svar frå Beijing på utspelet til Lee. Svaret, som vart gitt av ein talsmann for Kommunistpartiets kontor for Taiwan-saker⁸⁰, var eit mottilbod om at kinesiske leiarar kunne reise til Taiwan. Dessutan gjentok talsmannen det som har vore det kinesiske standpunktet når det galdt besøk frå Taiwan, nemleg at president Lee var velkomen i eigenskap av formann for Guomindang⁸¹, men ikkje som statsleiar. Den kinesiske talsmannen sa at Beijing fleire gonger hadde foreslått at dei to partane gjennom samtalar fekk slutt på fiendskapen over Stretet og gradvis gjennomførte ei fredeleg sameining. Han oppmoda leiarane på Taiwan å sjå ein gong til på eit åttepunktsforslag som president Jiang kom med i denne saka i januar 1995.

På Taiwan såg ein positivt på svaret, sjølv om det vart gitt på relativt lågt nivå. Professor Chu Hsin-min, ein taiwansk ekspert på over-stretet-saker, sa at Kina no hadde mjuka opp standpunkta sine i forhold til dei første, harde reaksjonane på Lees innviingstale, sjølv om ein framleis heldt på politikken om “eitt Kina”. Svaret var gitt i ei nøytral form, utan den tøffe tonen som hadde prega Beijings kommunikasjon om Taipei ei tid. Dette kunne tyde på at fastlandet var villige til å ta opp att samtalanane på høgare nivå, og slik sett var svaret verdt å vurdere, meinte Kao Koong-lian, viseformann i Taiwans råd for fastlandssaker (Mac⁸²). Kao sa også at Kina måtte gi opp kravet om at samtalanane berre kunne haldast på grunnlag av prinsippet om “eitt Kina”, då dei to sidene i 1992 hadde vorte samde om inntil vidare å sjå bort frå ulike syn på definisjonen av “eitt Kina”.

Taiwan følgde no raskt opp med å be Kina om å ta konkrete skritt for å få i stand forhandlingar på høgt nivå. Den fremste Kina-strategen på øya, Chang King-yuh, sa at usemja gjennom fem tiår berre kunne løysast gjennom dialog utan sette for mange vilkår på førehand. Chang var formann i rådet for fastlandssaker. Forhandlingar utan vilkår betyr at Chang ikkje ville forhandle ut frå prinsippet om eitt Kina, noko som har vore ein føresetnad frå Beijings side. For å gjere den fastlåste situasjonen fullkomen gjekk ein høgare tenestemann ut og sa at Taiwan ikkje kunne forhandle med Kina før fastlandet godkjende øyas suverenitet, noko som Beijing har sagt er umuleg.

Ei meiningsmåling på Taiwan i midten av juni 1996 viste at øybuvarane ikkje var så veldig ivrige på sameining med “moderlandet”, sjølv om dette også er Taipeis offisielle politikk:

- 60 % av respondentane sa Taiwan burde gi fråsegn om uavhengnad om Kina droppa den militære trusselen
- 40 % meinte øya skulle arbeide for uavhengnad, sjølv om den militære trusselen var intakt
- Berre 33 % støtta sameining med fastlandet

Ein av toppforhandlarane på kinesisk side og visepresident i Arats, Tang Shubei, bad no Taiwan om å sette ein dato for å ta opp att forhandlingane:

“Det hastar for begge sider å få i gang samtalar for å få slutt på dei fiendtlege tilhøva og ta opp politiske saker begge er opptatt av.” (HKS 27.6.96)

Tang oppmoda Taipei om ikkje å miste ein god sjanse til å sette seg ned og diskutere ein timeplan for samtalar, og han la til at jo før dette hende, dess betre. Ein slik tidsplan for

⁸⁰ Tao: Taiwan Affairs Office

⁸¹ På Taiwan, i Hong Kong og i eldre skulebøker skrivde som Kuomintang, kinesisk parti stifta av Dr. Sun Yat-sen, ein demokratiforkjempar frå tidleg på 1900-talet som også kommunistane set svært høgt. Partiet vart seinare leia av Chiang Kai-shek i Kina frå 1928-49, og på Taiwan frå 1949 og framover. Under Chiangs leiding vart partiet som kjent ein bitter fiende av kommunistane.

⁸² Mac: Mainland Affairs Council

samtalar var enno ikkje på plass. I mellomtida hadde det taiwanske motstykket til Arats, Sef, opplyst til pressa at organisasjonen ville sende eit forslag til Mac om at Mac, som øyas fremste organ for fastlandssaker, burde besøke Kina. Ein rekna med at Mac ville støtte dette utspelet. Men Tang sa at Kina ikkje hadde høyrte noko om eit slikt besøk, og at det var uvanleg at Sef gjekk til pressa med eit slikt initiativ før dei hadde informert Arats.

På spørsmål om han tykte Sefs forslag var eit konkret skritt mot å bygge opp att banda over stretet, sa Tang at “dette berre var ein del (av problema, dvs. å reparere banda), og at nøkkelpunkta framleis sto att”. Han gjentok Beijings syn om at Kina ville sjå konkret handling framfor leppeøvingar, og etterlyste eit eksakt tidspunkt for kor tid samtalan kunne finne stad. Informasjonsansvarleg i organisasjonen Tao på fastlandet, Yang Yi, hadde på direkte spørsmål ingen kommentarar til Tangs merknader.

Under ei vitjing i Spania sa president Jiang i eit intervju med avisa *El Pais* at samtalan burde kome i gang att, og viste til sitt tidlegare forslag i åtte punkt frå 1995. Jiang fornya dessutan sin invitasjon til Lee Teng-hui om å kome til Beijing for å diskutere det fiendtlege tilhøvet mellom partane. Men Jiang sa også at øya først måtte erkjenne at Taiwan var ein del av Kina, noko som i alle fall implisitt ville vere ei godkjenning av Beijings overherredøme. Det nemnde åttepunktsprogrammet har som utgangspunkt at dei to partane kan forhandle om å sette ein stoppar for fiendskapen under prinsippet om “eitt Kina”. “Vi må berre vente og sjå kva haldning dei taiwanske styresmaktene faktisk har,” sa Jiang. I følgje Jiang ville Kina også akseptere ein invitasjon om å besøke Taiwan.

Visepresident i Sef, Chiao Jen-ho, sa at Jiang for så vidt berre gjentok velkjende synspunkt, men han meinte likevel at Jiangs utspel kunne oppfattast som ein respons på presidents Lees forslag om ei “fredsreise” til Beijing. Han sa at Mac ville studere nøye det Jiang hadde sagt, og gi ei politisk vurdering av det. I eit tilsvar til Tangs utspel om ein tidsplan sa Chiao at det mest praktiske ville vere ta opp att dei semi-offisielle samtalan om dei daglege problema. Dette ville innebere å aktivisere Sef og Arats igjen.

Aukande frustrasjon på taiwansk side var å spore i to nye utspel tidleg i juli 1996. I eit brev frå Sef til Arats heitte det at dei gjensidige vitjingane måtte kome i gang igjen. Som ein start meinte Sef at styra i dei to halvoffisielle organisasjonane Sef og Arats burde besøke kvarandre, for å få i gang ein rasjonell dialog om relasjonane over Stretet. Kva side som tok det første steget vart sagt å vere likegyldig, berre samtalan vart tatt opp att. Styreformannen i Sef, Koo Chen-fu, sa at tida no var inne for handling.

Eit medlem av nasjonalforsamlinga på Taiwan, Susie Chiang, oppmoda samtidig om at samtalan mellom Sef og Arats måtte takast opp att. Chiang, hadde nyleg forlate det rådande partiet på øya, Guomintang, og meldt seg inn i New Party, som arbeidde for sameining med Kina. Ho meinte det hasta med å få drøftingane i gang att, særleg fordi det var nokre viktige saker som no måtte avklarast:

- Relasjonane mellom Hong Kong og Taiwan etter den kinesiske overtakinga av den britiske kronkolonien
- Planane om direkte skipsruter mellom øya og fastlandet, som hadde lege i ei skuffe i eit år, måtte kome på bordet att
- Framtida til dei taiwanske institusjonane i Hong Kong måtte også avklarast

“Det er ikkje mykje tid igjen. Om begge sider nektar å forhandle, er eg redd for at tida går i frå oss,” sa ho. Ho trudde at begge partar hadde nytte av å snakke saman, og at hennar nye partimedlemskap kunne vere ein fordel når det galdt hennar rolle i diskusjonane.

Arats lova å studere forslaget frå Sef nøye, og visepresident Kao i Sef sa at “alt vi kan gjere no er å vente”. På Taiwan håpa ein også at Anthony Lakes nær føreståande reise til Kina kunne hjelpe til med å få relasjonane over Stretet ut av dødvatnet. Lake var ein av president

Clintons sentrale rådgivar i tryggleiksspørsmål. Frå amerikansk hald vart det lova å ta opp relasjonane mellom øya og fastlandet i dei komande samtalanane med Kina. Det vart også sagt at president Clinton sjølv ville snakke med sin kinesiske kollega Jiang om dette når Apec⁸³ skulle ha møte i november 1996. Ein talsmann for Sef, Shih Chi-ping, sa at organisasjonen støtta USA sitt initiativ, då situasjonen no var uholdbar, med alle kommunikasjonskanalar blokkerte. (HKS 24.6.96, 25.6.96, 27.6.96, 28.6.96, 4.7.96, 5.7.96)

Kina tilbyr vatn til taiwansk øy

Kina kan levere billeg vatn til ei Taiwansk øy berre “eit steinkast” frå det kinesiske fastlandet, men på Taiwan frykta ein at dette var utspel for å vinne tilbake øya. Det var *Hong Kong Standard* som melde dette i august 1996, med Reuter som kjelde. Frå Beijing si side var nok dette eit forsøk på å samtalanane mellom dei to partane i gang igjen, etter at dei hadde stått i stampe i eit års tid. Og Taiwan kunne ha tatt i mot tilbodet som ein redningsplanke for å betre forholdet til fastlandet.

Det kinesiske tilbodet gjekk ut på å levere billeg og rikeleg med vatn til øya Quemoy, eller Jinmen, som ligg berre to km frå kysten av Fujian-provinsen. Det var Chen Guoliang, direktøren for Fujian-provinsens vassforsyning, som opplyste om dette. Han sa at meir enn 50 ekspertar hadde arbeidd i over eit år for finne ut korleis problemet med vassforsyninga til Jinmen kunne løysast. Det høyrer med til historia at den vasslause øya er tungt militarisert, og utgjer Taiwans frontlinje i forsvaret mot Beijing. På telefonen frå Fuzhou framførte Chen følgjande mot Taipeis mistankar om at tilbodet var ein del av eit propagandaopplegg for å vinne folket på Jinmen over på Kinas side:

“Folket på Jinmen set verkeleg pris på dette. Men styresmaktene på Taiwan er i mot, dei seier at det er ein plan for å kontrollere Jinmen ved å sende 'felles frontvatn'. Men denne frykta er grunnlaus. Taiwan misforstår oss.” (HKS 15.8.96)

Chen meinte at dei ansvarlege for vassforsyning på begge sider burde møtast for å diskutere saka. Fujian hadde overflod av vatn med god kvalitet, og ein undersjøisk røyrleidning til øya ville koste ca 400 millionar yuan. Kina kunne selje 30.000 tonn med vatn per dag til øya til ein pris av 20-30 yuan per kubikkmeter, og det var mykje billegare enn dagens forsyningar med skip frå Taiwan til ein kostnad av 100 yuan per kubikkmeter, sa Chen. “Men om Taiwan seier vi prøver å vinne kontroll over Jinmen, er det umuleg å diskutere dette.” (HKS 15.8.96)

Finansfyrste oppmodar Kina om å ta opp att samtalanane

Den taiwanske finansmannen Kao Ching-yuan oppmoda i slutten av august 1996 Kina om å ta opp att samtalanane med Taiwan. Han sa at investorane på øya ville miste tilliten til Kina om ideologisk usemje skulle føre til at relasjonane heldt seg på lågmål i tida framover. Risikoen ved investeringar i Kina ville bli oppfatta som større om den usikre situasjonen heldt fram. Kao, som var viseformann i styret for President Enterprises, øyas største investor på fastlandet, sa dette på eit seminar i Beijing. Nesten 80 prominente forretningsfolk og politikarar frå Taiwan deltok under leiing av Kao, og Kao skulle ha møter med president Jiang og andre høgare tenestemenn.

Taiwanske leiarar hadde offentleg uttrykt frykt for at øya skulle bli for økonomisk avhengig av fastlandet. *China News Express* i Taipei skreiv at Taiwans økonomiske planleggarar hadde utarbeidd tiltak – deriblant restriksjonar på investeringane i Kina – for det

⁸³ Apec: The Asia Pacific Economic Conference, ein organisasjon med 18 medlemmer inklusive Kina, Taiwan og USA

tilfellet at forholdet mellom dei to landa skulle bli verre. Forretningsfolk på øya, som har satsa meir enn 20 milliardar US\$ i Kina, har tatt til orde for at Taiwan må ta vekk forbodet mot direkte handelssamband og transportar til Kina. Men styresmaktene på øya har vore uvillige til å gjere noko med dette, som dei ser som det siste kortet dei kan dra fram i forhandlingane med kommunistane. (HKS 28.8.96; *China News Express* 25.8.96)

Kapprusting og krigsleikar

Kina ønska å kjøpe seks til åtte radarsystem for tidleg varsling for å styrke marinen og luftvåpenet si overvaking av Taiwan-stretet, melde *Hong Kong Standard* i august 1996 med *Financial Times* som kjelde. Leverandøren skulle vere Racal Thorn, eit britisk forsvars- og elektronikkselskap, men dette selskapet nekta å kommentere saka. Racals Searchwater-radar blir brukt av RAF⁸⁴ i jakta på fiendtlege undervassbåtar. Den britiske marinens Sea King helikopter brukar systemet for å kartlegge potensielle truslar i ein viss avstand frå militære fartøy.

Financial Times skreiv at Kina også forhandla med Israel om leveranse av radarsystem for tidleg varsling. På same tidspunkt planla Kina dessutan å kjøpe 72 nye russiske jagarfly av typen Su 27 “Frakers”, for å erstatte gamle Mig 21 frå 60-talet.

Opprustinga var “nødvendig”, sidan Kinas marine og luftvåpen ikkje heldt same standard som Taiwans. Kjøpet må dessutan sjåast i samanheng med det faktum at USA sende to hangarskip inn i Taiwan-stretet under dei kinesiske militærøvingane i mars 1996. Om dei andre landa i området følgde opp, og bad om forsyningar av siste nytt frå USA, ville resultatet kunne bli ei alvorleg kapprusting.

Seinare same månad melde *China Times* i Taipei at Taiwan skulle trappe opp utplasseringa av rakettar for å styrke luftforsvaret mot trusselen frå Kina. Øya hadde kjøpt 200 Patriotrakettar frå USA for 377 millionar US\$. Generalløytnant Huo Shou-yeh, stabssjef for hærens hovudkvarter, sa i parlamentet at den oppgraderte Patriot var ein av verdas mest effektive antiballistiske rakettvåpen. Med ei rekkevidde på 160 km, ville han sikre Taiwans forsvar mot kinesiske rakettar i M-klassen, sa Huo. Patriotsystemet er altså for dei høgare luftlag.

Nokre andre døme på Taiwans styrking av forsvaret:

- Utplassering av 74 einingar av det amerikanske luftforsvarssystemet Avenger, som er montert på lastebilar. Avenger er meint for forsvar av lågare høgder (150 til 1500 meter), og skyt ut varmesøkande Stingerraketar
- Oppgradering av 13 raketteiningar av typen Hawk og ein plan om å utplassere 7 nye basar for slike rakettar i den austlege delen av Taiwan. Hawk er høveleg for luftforsvar i middels høgde (1500 til 7600 meter)
- Samstundes heldt ein fram med eit mangeårig og rådyrt prosjekt for å produsere og utplassere ein sjølvutvikla rakett, Tien Kung (“Himmelbogen”). Denne er tenkt for mellomdistanse, men ein har dessutan Himmelbogen II for lange distansar
- USA skal ha invitert Taiwan med i eit konsortium for å utvikle eit nytt, sofistikert rakettssystem som skal slå ut innkomande missilar (rakettvåpen). Kina utførte testar av missilar då Taiwans president Lee Tang-hui vitja USA i 1995
- Forhandlingar med Frankrike om leveransar av ca 60 Mistral-einingar med i alt 550 rakettar. Mistral er eit luftvernsystem basert på skulderavfyring. Desse

⁸⁴ RAF: Royal Air Force, det britiske flyvåpenet

forhandlingane vart problematiske, då franskmennene stadig sette opp prisen, og til slutt nekta å selje til Taiwan

Amerikansk våpensal til Taiwan er eit garantert utgangspunkt for hissig meningsutveksling mellom Kina og USA. I 1993 sto Washington i mot kinesiske protestar og selde 150 F-16 jagarfly til Taiwan. Og i slutten av august 1996 skulda Kina USA for å hindre den fredelege sameininga av Kina og Taiwan ved å selje avanserte våpen til øya. Det var då tale om sal av Stingerraketar, utskytingsrampar og andre våpen frå USA til Taiwan. Shen Guofang, talsmann for det kinesiske utanriksdepartementet, sa at sal av slike våpen til Taiwan støtta og bygde opp under separatisthaldningar på øya. Kinesiske krav om å annullere salet vart avvist i Washington med den grunngiving at dei 1300 Stingerrakettane hadde berre defensive luftvernføremål, og såleis var i tråd med eksisterande avtalar både med Kina og Taiwan. Salet vart seinare utvida til 1600 raketar.

Det å følgje med på store tropperørslar på fastlandet er ein viktig del av Taiwans etterretningsverksemd, og dei meiner å ha full kontroll på det området. Dei tok det derfor roleg då det kom ein japansk rapport om at Kina ville halde store militærøvingar med meir enn 100.000 soldatar involvert i den sørlege delen av Kina i oktober og november 1996. Øvingane skulle involvere einingar frå fem av Kinas sju militærregionar, og skulle finne stad mellom anna i område på fastlandet nær Taiwan-stretet. Responen på Taiwan var at dei ikkje hadde registrert store tropperørslar i Kina enno, og at det ville ta minst ei eller to veker for kinesiske styrkar å kome i kampposisjon mot øya. Dette ville gi Taiwan nok tid til å registrere at noko var i gjære. Den elles så sensitive børsen på Taiwan gav heller ingen utslag då meldinga frå Japan vart kjend.

Meldingane frå Japan viste seg å innehalde visse element av sanning, i den forstand at Kina gjennomførte tre militærøvingar med ulike føremål i det aktuelle tidsrommet. I midten av oktober var det ei 15 dagers øving i okkupasjon av fiendtlege øyar i Sør-Kinahavet, og i forsvar av ei 1840 km lang kystlinje i Jiangsu-provinsen mot fiendtlege angrep. Ein månad seinare simulerte marinen sjøblokadar og landsetting av amfibietanks med flystøtte i Aust-Kinahavet.

Den 9. desember melde *Folkets Frigjeringshærs Dagblad* at ei 20 dagers militærøving i Aust-Kinahavet nett var gjennomført. Det vart gjort realistiske øvingar med torpedoar, djupvassbomber, rakettvåpen og artilleri. Med på øvinga var undervassbåtar og 10 udefinerte militærfartøy. Føremålet var å “betre angrepskapasiteten ved å bruke fleire våpensystem og forskjellige typar marinefartøy”. Avisa melde om 100 % suksess i øvingane, men samstundes vart det gjort klart at teknologien og koordineringa var “svært komplisert” og opplæringa “svært vanskeleg”.

Den kinesiske marinen blir rekna å vere svak, men militære ekspertar har åtvare om at ein byggjer seg opp for å oppretthalde presset mot Taiwan, og for å utvide handlingsradiusen frå 100 til 400 nautiske mil frå kysten.

I eit intervju med ein tysk TV-stasjon i februar 1997 kom Taiwans president Lee Teng-hui med sterke skuldingar mot Kina. Han sa at Vesten måtte vere på vakt mot framveksten av ein fascistisk eller militaristisk nasjonalisme på fastlandet, og at straumen av vestleg kapital inn på den kinesiske marknaden var med på å bygge opp både den økonomiske og militære styrken i landet. Han trudde ikkje at Beijing våga å invadere Taiwan no, men den langsiktige utviklinga såg han som meir uviss.

Om Kina skulle utvikle seg til ei militaristisk makt prega av nasjonalisme og hat mot utlendingar ville Taiwan vere første målet for ein ekspansjon, meinte Lee. Det å ta att Taiwan, saman med tilbakeføring av Hong Kong og Macao, ville realisere den endelege nasjonalistiske draumen: Ein draum som har vore der sidan opiumskrigen i 1840 førte til oppdeling av Kina. President Lee oppmoda derfor Tyskland om å selje undervassbåtar til

Taiwan, slik at øya kunne forsvare seg mot mulege blokadar av Stretet sett i verk av Kina. Han sa også at dei vestlege landa ikkje måtte basere relasjonane sine på storleiken på marknaden i dei aktuelle landa. Lees åtvare følgeleg Vesten mot å investere på fastlandet.

Då den tidlegare amerikanske generalstabssjefen Colin Powell vitja Taiwan i mars 1997, sa han at trass i tilnærminga til Beijing hadde tryggleiken til Taiwan framleis førsteprioritet for USA. I følgje Powell ville ikkje Washington ikkje gi etter for kinesisk press på dette punktet. Han oppmuntra elles Taiwan til å ta opp att kontakten med Kina, men han la til at Taipei hadde all grunn til å vere varsame og å halda auga vidopne. Powell tilrådde aktiv spreining av budskapet om “fridom og demokrati” i møte med folk frå fastlandet, noko som skulle ha ein “tærande effekt på det kommunistiske systemet”. Målgruppe for Powells føredrag var kundar og tilsette i Citibank. Det er altså ikkje berre i Noreg at ein eks-eit-eller-anna held førelesing for dei er som dumme eller rike nok til å betale for å høyre på klisjeane.

President Lee Teng-hui var takksam for støtta frå Powell, og gav følgjande kommentar:

“Eg uttrykkjer oppriktig takksemd for bekymringa for situasjonen over Taiwan-stretet, og særleg for hjelpa til vårt land i å kjøpe defensive våpen. Vi kan forstå at USA engasjerer seg i relasjonar til kommunist-Kina, men vi forventar også USA ikkje neglisjerer tryggleiken og velferda til Taiwans 21,3 millionar menneske.” (SCMP 19.3.97)

På same tid vart det klart at Mistral-kjøpet frå Frankrike gjekk i vasken, og ordren på skulderfyrte rakettar vart omplassert til USA. Det vart no sagt at Taiwan eigentleg hadde ønska å kjøpe 100 avfyringssett og 2000 rakettar. Det vart ikkje sagt kvifor Frankrike brått nekta å selje, men på øya trudde ein at Kina måtte ha jobba i kulissane for å hindre salet. Generalmajor Huo Shou-yeh, som uttalte seg til pressa, nytta dessutan høvet til å avsanne rykte om at USA hadde utnytta situasjonen ved å selje utrangerte Stingerrakettar. Det var heller ikkje rett at USA hadde dobla prisen for å ta ut monopolprofitt, sa Huo.

Introduksjon av moderne teknologi har gitt ein ny dimensjon til opprustinga på begge sider av Stretet. Taiwan demonstrerte sin vilje til militær oppgradering ved å teste to Hawk-rakettar i byrjinga av april 1997. Øvinga vart rapportert å vere ein stor suksess, då begge måla vart øydelagde. Ein såg derfor fram til fleire leveransar frå USA.

Samstundes kom det meldingar frå Beijing om strategiske skifte frå troppemengde til kvalitet, og frå personellintensiv til teknologiintensiv krigføring. Det ville i så fall seie ei linjeskift, bort frå tradisjonen med vekt på den menneskelege faktoren som vi forbind med Mao Zedong. *Folkets Frigjeringshærs Dagblad* skreiv at Den sentrale militære kommisjonen hadde fastsett strategien for “den nye historiske æraen”, og budde seg no på å vinne lokale krigar ved hjelp av moderne høgteknologi. Strategane i Beijing ser på ein ny verdskrig som usannsynleg, og lokale krigar som uunngåelege. For å vinne slike lokale krigar måtte land, sjø, luft og rom integrerast under høgteknologiske vilkår i slagplanane. Dessutan måtte troppane arbeide hardt for å handtere dette strategiske skiftet. (HKS 7.8.96, 23.8.96, 27.8.96, 10.12.96, 12.2.97, 2.4.97; SCMP 18.3.97, 19.3.97; *Folkets Frigjeringshærs Dagblad* 9.12.96)

Diplomatisk “krig”

Den diplomatiske krigen mellom Kina og Taiwan går kort sagt ut på konkurranse om kva for eit av dei to kinesiske samfunna andre land vil ha offisielt samband med. Altså: Kven er den rettmessige representanten for det kinesiske folket? I denne krigen har Kina ei rekke sterke “våpen”: Storleik i flatevidde og folketal, status som internasjonal stormakt, raskt veksande økonomi og aukande militær styrke. Tilbakeføringa av Hong Kong til Kina i 1997 var også eit kort Kina visste å bruke i den diplomatiske striden.

Dei fleste land har naturleg nok satsa på regimet i Beijing som den legitime representanten for Kina, men Taipei har hatt eit visst fotfeste i sentralamerikanske og afrikanske land. Dei

fleste av desse landa er små, fattige og svært avhengige av økonomisk støtte frå Taiwan. I den diplomatiske krigen mellom dei to kinesiske samfunna legg Beijing press på desse landa for å få dei til å skifte side. Med ein økonomi i rask vekst blir ein etter kvart i stand til å utfordre Taiwan på det som har vore dette landets trumfkort; nemleg pengestøtte. Eit døme er Niger. Tidleg på 90-talet gjekk dette landet over til Taipei, men i 1996 var det igjen tilbake i Beijing. Talet på Taipeis diplomatiske allierte gjekk dermed ned frå 31 til 30. Kina har alt passert Taiwan som det landet i verda med nest største valutareservar. Og tilbakeføringa av Hong Kong gjer Kina endå rikare. Hong Kong åleine kan samanliknast med Taiwan når det gjeld viktige økonomiske indikatorar som inntekt per capita, brutto nasjonalprodukt, valutareservar, handelsvolum og status i det internasjonale forretningslivet.

Konkurransen i pengestøtte er eit kampmiddel, vennskap eit anna, om det finst noko slikt i diplomatiet. Ein person med høg moral er i alle fall Nelson Mandela i Sør-Afrika, som ønska å oppretthalde eit godt forhold til begge dei kinesiske samfunna. Han ville ikkje slå handa av Taiwan, som hadde gitt god støtte til ANC i siste fase av striden mot apartheidregimet, og som hadde gjort store investeringar i Sør-Afrika⁸⁵. I 1994 var t.d. ein taiwansk handels- og investeringsdelegasjon i Sør-Afrika og undertekna 25 avtalar til ein verdi av 310 millionar US\$. Taiwan hadde også planlagt ein industripark i Sør-Afrika med plass til mellom 20 og 40 fabrikkar. Slik hjelp ville kome i fare om Sør-Afrika skifta side i den diplomatiske striden.

Samstundes var det klart at eit land som Sør-Afrika burde ha diplomatisk samband med Beijing. Då visestatsminister Hsu Li-teh frå Taiwan var i Sør-Afrika i 1996, sa Mandela at landet hans ville opprette formelle relasjonar med Beijing, men han fann ingen grunn til å skjere av dei eksisterande banda til Taipei. Mandela fekk mykje skryt for sin integritet frå Taiwan. Leiaren for utanriksdepartementets Afrika-avdeling, Timothy Yang, hadde denne kommentaren:

“Vi er svært glade. Dette viser at president Mandela er ein statsmann med høge prinsipp og god moral.”
(HKS 28.8.96)

Men problemet for Mandela og andre som prøver å vere ven med alle kinesarar, er at Kina har vore beinharde på at dei som har formelle relasjonar til Taiwan, ikkje kan oppnå det same i forhold til Kina. Når Sør-Afrika vel å ha diplomatisk samband med Kina, må dei bryte dei formelle banda til Taiwan.

I 1996 spela Kina ut Hong Kong-kortet i den diplomatiske striden, på den måten at dei landa som hadde representasjon på Taiwan måtte stenge eller nedgradere tilsvarande kontor i Hong Kong etter overtakinga i 1997. Det var 16 av Taiwans allierte som hadde konsulat i Hong Kong. Denne politikken karakteriserte Taiwans president Lee Teng-hui som ein “nådelaus” kampanje for å isolere Taipei diplomatisk. Han sa at Kina tok overtakinga av Hong Kong som eit ekstra høve til å redusere Taiwan til ein dverg på den internasjonale arenaen.

Som ein følge av dette presset flytta eit land som Paraguay, som er ein av Taiwans allierte, konsulatet sitt frå Hong Kong til Macao som ei mellombels løysing. Ein annan alliert, Bahamas, valde å skifte side og oppretta diplomatisk samband med Beijing. Dette var eit alvorleg teikn på at Taiwan var i ferd med å tape den diplomatiske krigen. Årsaka til Bahamas' kursendring var store investeringar i ei ny containerhamn og viktige handelsrelasjonar med Asia, og særleg Hong Kong.

⁸⁵ Det var ikkje Mandela som oppretta kontakt med Taiwan, det diplomatiske sambandet vart etablert i 1976 under apartheidstyret. Det var to “utstøytte” land på desperat jakt etter venner som fann kvarandre, og Taiwan gav aldri nokon reell støtte til apartheidpolitikken i seg sjølv. Øya satsa på Mandela straks leiarane skjønnte kva veg vinden bles. Kina hadde gitt konsekvent støtte i kampen mot rasismen, så at Mandela ville opprette diplomatisk kontakt med Beijing var naturleg.

Taiwans forhold til tilbakeføringa av Hong Kong til Kina var tvitydig. På den eine sida såg ein positivt på at Hong Kong var tilbake på kinesiske hender. Taipei oppfatta seg som den legitime herskar over heile Kina, og helsa avskaffinga av kolonistyre velkomen. Øya sende då også ein representant til overtakingsseremonien, Koo Chen-fu, som hadde stått sentralt i dei historiske samtalanene med Beijing. På den andre sida var ein bekymra for konsekvensane av tilbakeføringa. Dersom prinsippet om “eitt land, to system” skulle vise seg å vere ein suksess, ville presset på Taiwan om å følgje i Hong Kongs fotefar auke. Dette diffuse bildet gjorde at Taiwan ikkje hadde nokon klar strategi for korleis ein skulle bere seg åt overfor Hong Kong etter overtakinga. Det einaste som vart sagt klart, var at ein ønska å oppretthalde det gode sambandet med Hong Kong. (HKS 1.7.96, 4.7.96, 28.8.96, 11.6.97; SCMP 27.5.97, 25.7.97)

Forsøk på dialog fører til nye gjensidige utfall

Det vart utveksla harde ord i samband med eit møte i Beijing der ein stor delegasjon av forretningsfolk frå Taiwan deltok for å skape dialog mellom øya og fastlandet. I eit innlegg på seminaret fordømte Kinas visestatsminister, Li Lanqing, Taiwans restriksjonar på relasjonane over Stretet, men la til at utviklinga av dei økonomiske banda i alle fall ville halde fram. Li sa at Taiwan la “kunstige restriksjonar” på sitt økonomiske samarbeid, og at dette “hindrar ønska til alle kinesarar og ville berre føre til deira harme”. Han sa også at direkte økonomisk samarbeid var ein trend som ingen kunne stoppe. Det var ingen omgåande kommentarar til dette frå Taipei, som først ville studere nøye kva Li hadde sagt.

Leiar for den nesten 80 personar store taiwanske delegasjonen på seminaret var Kao Chin-yen, som var formann for den nasjonale føderasjonen av arbeidsgivarar og viseformann i President Enterprise, den største taiwanske investoren i Kina. Som vi har nemnt i avsnitt framfor, hadde Kao tidlegare gått ut og oppmoda om dialog mellom Kina og Taiwan. Kao, som også var med i sentralkomiteen i Guomindang, gjentok denne budskapet på seminaret. Han sa at taiwanske investorar ville miste tilliten til fastlandet om den politiske og ideologiske disputten fekk halde fram. Når han møtte president Jiang Zemin seinare på dagen, ville han overlevere eit brev som tok opp dette spørsmålet, sa han.

Det er uklart kva mandat Kao hadde i så måte. Sjølv sa han at nokre av forslaga hans var støtta av den taiwanske regjeringa, og at han hadde regjeringa bak seg når han tok opp dette. Hovudinnhaldet i det Kao føreslo var dette:

- Samtalanene mellom Beijing og Taipei skulle takast opp att straks
- Fokus skulle vere på handel og økonomiske spørsmål
- Oppretthalding av freden i Stretet for å auke tilliten til Kina hos investorane, og for å verne dei eksisterande investeringane i Kina

Men i Taipei var kommentaren til dette at regjeringa ikkje hadde støtta delegasjonens forslag. Ein talsmann for Rådet for fastlandssaker (Mac), Chang King-yuh, sa:

“Medlemmane av delegasjonen er alle næringslivsleiarar. ... dei representerer ikkje regjeringa sine innstillingar. Regjeringa ville ikkje la næringslivsorganisasjonar ta med meldingar til dei kinesiske kommunistane.” (HKS 29.8.96)

Taiwansk toppforhandlar uønska i Beijing

Næringslivsleiarane var i alle fall velkomne til Beijing. Så heldig var ikkje Chang Liang-jen, visegeneralsekretær i Sef og ein av toppforhandlarane på taiwansk side i samtalanene om relasjonane over Stretet. Han ville på ei 10 dagars reise til Kina saman med ein delegasjon

musikarar, men vart nekta innreise. Ei talskvinne for Sef sa at dei hadde varsla Arats om den planlagde vitjinga, men denne organisasjonen ville ikkje godkjenne Changs besøk. Avslaget var ikkje grunnlagt.

Sef og Arats er to halvoffisielle organisasjonar som vart etablert av Taiwan og Kina tidleg på 90-talet for å representere dei to rivaliserande kinesiske samfunna ved forhandlingsbordet, i mangel av formelle relasjonar. Dei to organisasjonane hadde eit møte i 1993 som vart rekna som eit gjennombrudd, og deretter hadde dei ein serie av møter som galdt sivile spørsmål knytte til den daglege kontakten over Stretet. Etter president Lees USA-besøk i 1995 braut Kina tvert all kontakt i dette forumet. Årsaka var at Beijing oppfatta dette som eit skritt mot taiwansk uavhengnad.

Visepresidenten i Arats, Tang Shubei, hadde månaden før gjort det klart at det ikkje var grunnlag for samtalar mellom dei to organisasjonane no. Han oppmoda Taipei om å starte politiske samtalar med Beijing om fredeleg sameining på det vilkår at øya gir opp ambisjonane om å utvide si politiske og diplomatiske sfære. Xinhua følgde opp med ein kommentar i same gate:

“Ved å utvide sitt eksistensrom er ikkje Taiwan ute etter større rom for økonomi og kultur, for det har ein alt skaffa seg, men å utvide sitt politiske og diplomatiske handlingsrom.” (HKS 10.9.96)

Bodskapen frå Xinhua var at Beijing ikkje hadde noko i mot at Taipei utvikla kulturelle og økonomiske band over heile verda. Men forsøk på å få Taiwan godkjent som ei “uavhengig politisk eining”, altså å skape to og ikkje eitt Kina, var uakseptabelt. Taiwanske leiarar vart derfor oppmoda om å stoppe sitt “pragmatiske diplomati”. (HKS 10.9.96)

Faren til det moderne Singapore gir USA råd

Lee Kuan Yew, som hadde fått tittelen seniorminister etter 31 år som statsminister i Singapore, blir kalla faren til det moderne Singapore. Den då 73 år gamle Lee gjekk formelt av i 1990. I november 1996 heldt han ein tale i Washington etter å ha mottatt prisen som “Arkitekt av det nye hundreåret” frå Nixonsenteret for fred og fridom⁸⁶. Dette var andre gongen prisen vart utdelt, og den første som fekk han var Representanthuset “Speaker”, Newt Gingrich. Temaet for talen var korleis USA kunne hjelpe Kina å bli integrert i verdssamfunnet gjennom ei ny strategisk forståing. Lee var mykje innom forholdet til Taiwan i føredraget sitt:

“Det einaste landet med evne til å hjelpe Taiwan i eit kvart forsøk på uavhengnad er Amerika. Ei viktig årsak til manglande stabilitet vil bli fjerna om Kina oppfatta det slik at Amerika ikkje ville hjelpe Taiwan til å bryte ut.” (HKS 13.11.96)

Lee vart introdusert i svulmande ordelag⁸⁷ av sjølvaste Henry Kissinger, og dei middagsetande tilhørarane hadde betalt 1000 US\$ per tallerken i fondraising kvar for å vere til stades. Den nye strategiske forståinga gjekk ut på at USA måtte gjere sitt for å integrere Kina i verdsamfunnet, mellom anna gjennom medlemskap i WTO, slik at landet kunne delta i forminga den nye verdsordninga etter at den kalde krigen tok slutt. (HKS 13.11.96)

⁸⁶ Dette senteret vart grunnlagt av Richard Nixon kort tid før han døyde i 1994

⁸⁷ Spaltisten William Safire i New York Times hadde ein litt annan versjon av same hendinga, då han samanlikna avgjerda om å heidre Lee som “sucking up to a tinpot tyrant with dynastic pretentions,” og han oppmoda “all good Nixonites to skip a dinner honouring a dictator who despises a free press and individual liberty.”

Eit uavhengig Taiwan?

Teikn på taiwansk separatisme blir straks fordømt frå kinesisk side. Ei ny åtvaring kom i *Folkets Dagblad* i januar 1997, då leiarane på øya vart gitt det råd å “tøyme seg på randen av stupet”. Bakgrunnen for utfallet var tiltak på Taiwan i retning av å bygge ned dei delane av det konstitusjonelle apparatet som er med på å oppretthalde doktrinen om at Taiwan og Kina er eitt land. Det har vore visse overlappingar i statsapparatet på Taiwan som har vorte oppretthaldne ut frå denne doktrinen. Folkets Dagblad gjorde det klart at “Taiwan er ein provins i Kina”, og skreiv at “dei taiwanske styresmaktene har tatt endå eit farleg skritt ned separatistvegen”.

Samtidig kom det kraftige reaksjonar frå utanriksdepartementet i Beijing på Taiwans planar om å sende atomavfall til Nord-Korea. Som kjent er Nord-Korea ein nær alliert med Kina, og i Beijing vart desse planane oppfatta som eit skritt mot uavhengnad. Shen Guofang, talsmann for utanriksdepartementet, sa dette:

“Siktemålet er svært klart: dei ønskjer å skade Kinas forhold til dei involverte landa og held fram med å sette kjelkar i vegen for å betre og utvikle relasjonane over Taiwan-stretet.” (HKS 31.1.97)

Meiningsmålingar på Taiwan viste at befolkninga i større grad ønska uavhengnad frå Kina etter at forholdet mellom dei to kinesiske samfunna vart svært dårleg i åra 1995 og 1996. Meiningsmålinga, som var utført av *United Daily News* i januar 1997, viste at 34 % av 1014 respondentar støtta full uavhengnad frå Kina. Tilsvarande resultat frå februar 1995 var 24 %. I undersøkinga frå 1997 sa 37 % at dei støtta sameining med Kina, mot 42 % i 1995. Avisa meinte at dei kinesiske militærøvingane i farvatnet rundt Taiwan i 1995 og 1996 var årsaka til denne holdningsendringa. (HKS 31.1.97; *Folkets Dagblad* 30.1.97)

Fiskarar i skotlinja igjen

Taiwanske soldatar skaut og drap truleg ein fiskar frå fastlandet i slutten av januar 1997. Det var Xinhua som melde dette. Fiskaren, som heitte Lin Jucheng og var 46 år gammal, vart skoten to gonger i føtene og døydde før han kom seg tilbake til hamna i Huanqi i Fujian-provinsen. Lin hadde fiska saman med ein yngre bror og ein venn då det vart opna eld frå Matsu-øya, som ligg berre åtte kilometer frå fastlandet.

Saman med Quemoy-øya dannar Matsu to tungt væpna taiwanske utpostar nær kysten av Kina. Desse øyane har skapt mykje spenning mellom Taiwan og Kina. Dei overlevande sa at skytinga heldt fram sjølv om dei ropte og bad overfallsmennene om å stoppe; og at dei ikkje forstå kvifor dei brått vart skyteblinkar. I ei liknande hending i 1994 vart fire personar frå Fujian såra av skot frå taiwanske soldatar på Quemoy, men det var under ei militærøving.

Etter 1949 har dei to sidene ofte utveksla artillerield, men fiskarane frå desse ulike kinesiske samfunna har stort sett hatt eit godt forhold under dei ulike militære konfliktane. Huanqi og Matsu ligg ikkje langt frå kvarandre, og fiskarane frå Huanqi har gjennom fleire generasjonar operert i farvatnet rundt Matsu. Under stormar har taiwanske fiskarar gjerne søkt naudhamn i Huanqi. Fiskedisputtane mellom Kina og Taiwan var ei av sakene som skulle takast opp under samtalanane “over Stretet” som vart avbrotne i 1995 etter at Taiwans president i 1995 vitja USA. (HKS 3.2.97)

Endeleg nokre positive teikn

Som vi alt har vore inne på, har Taiwan forbode alle direkte kommunikasjonar, handel og transport til Kina sidan 1949. Alle slike samband har altså måtta gått via tredjeland. Ei

oppmjuking kunne registrerast i januar 1997, då dei to partane vart samde om å tillate direkte skipssamband i eit avgrensa omfang.

Månaden etter kom eit nytt positivt teikn, og denne gongen galdt det telefonsambandet. Taiwan tok då i bruk satellitt og undersjøiske kablar, og avvikla den tungvinte og dyre praksisen med å rute samtalarne gjennom tredjeland. Til då hadde samtalarne gått gjennom Singapore, USA, Japan eller Hong Kong. Det nye systemet går via undersjøiske kablar til Hong Kong og Japan, der ein får ei kopling på direkte linjer til Kina. Nokre samtalar skulle dessutan gå over satellitt. På denne måten reknar ein med å spare ca 140 millionar kroner i året. Det er stadig tettare økonomiske band som har gjort omlegginga nødvendig. Sjølv om sambandet delvis går om tredjeland framleis, er nok endringa eit uttrykk for ei meir fleksibel holdning på Taiwan. (SCMP 27.2.97)

Den åttande nasjonale folkekongressen

I ein arbeidsrapport til Den nasjonale folkekongressen i 1997 tok statsminister Li Peng opp forholdet til Taiwan. To år tidlegare hadde president Jiang Zemin lagt fram eit åttepunkts program for fredeleg sameining av dei to kinesiske samfunna, og dette galdt framleis, sa Li. I året som gjekk hadde Kina oppnådd gode resultat i krigen mot separatisme og uavhengnad for Taiwan. Utan å seie det direkte, sikta nok Li til at Sør-Afrika var i ferd med å skifte sitt diplomatiske samband frå Taipei til Beijing. Li vedgjekk likevel at separatistaktivitetar hadde påverka relasjonane over Stretet:

“Taiwanske styresmakter burde forstå at same korleis det politiske systemet på Taiwan blir forandra, kan ikkje det faktum endrast at Taiwan er ein del av Kina.” (SCMP 28.2.97)

Li gjekk elles inn for eit direkte samband mellom fastlandet og øya så fort som muleg.

Forsvarsminister og general Chi Haotian kommenterte eit forslag til forsvarslov som vart lagt fram for Folkekongressen. I tillegg til å verke stabiliserande i forhold til sosial uro skulle den nye lova støtte Kinas standpunkt om å ta tilbake Taiwan med makt om øya kunngjorde uavhengnad. Generalen sa at Kina måtte vere svært påpasselege og godt budde mot tendensar til uavhengnad for Taiwan og andre forsøk på å splitte nasjonen.

Chi understreka at det var ei typisk kinesisk lov; ingen andre land hadde ei slik forsvarslov. Eit av poenga i lova var at dei væpna styrkane skulle plasserast under direkte leiarskap av Kommunistpartiet. dette skulle sikre “sosial stabilitet, nasjonal einskap og statleg tryggleik”. Han sa også at dette var Kinas første grunnleggande forsvarslov, og at lova skulle perfektionerast vidare gjennom framtidig lovgivingsarbeid. (SCMP 28.2.97, 7.3.97)

Taiwan understrekar sjølvråderetten

Taiwan, ved forsvarsminister John Chang Hsiao-yen, slo på si side fast at øya var ein sjølvstendig stat og ville oppretthalde regjeringa sin internasjonale profil, trass i press frå Kina. Han etterlyste støtte frå det internasjonale samfunnet:

“Utan støtte i diplomatiske band med andre land blir Taiwan eit nytt Hong Kong. Og det er uakseptabelt for oss.” (SCMP 10.3.97)

Det var i ein tale på ein militær høgskule han sa dette. Chang skulda Beijing for på den eine sida å prøve å blokkere Taiwan sine våpenkjøp i Vesten, og på den andre sida å auke sine egne forsvarsutgifter.

Noko som gjorde uvissa større for Taiwan var kva som ville skje med det tradisjonelt gode forholdet til Hong Kong etter den kinesiske overtakinga av kronkolonien 1. juli 1997. For å sikre seg ville Guomindang sende ein delegasjon til Okinawa i Japan for å diskutere investeringar som kunne gjere denne japanske øya til ei frihamn i konkurranse med Hong Kong etter juli 1997. President Lee Teng-hui sa at Taiwan var klar til å investere ein milliard US\$ på Okinawa for dette føremålet. Guomindang frykta at Kina ville bryte Hong Kongs band med Taiwan etter overtakinga, og planla derfor å utnytte Okinawa som eit springbrett for handel med Kina. (SCMP 10.3.97)

Semje om å slå hardt ned på flykaprarar

Det kan vere kjekt å ha noko ein kan vere samde om, og både Kina og Taiwan har etter kvart funne ut at flykapringar skaper så vidt stor uvisse for folk og forretningar at det må slåast hardt ned på. I 1993 og 1994 toppa problema med flykapringar seg så vidt mykje at begge partar fann ut at noko måtte gjerast. I følgje statistikk frå *South China Morning Post* var det 15 kapringar av passasjerfly i løpet av desse to åra, og alle galdt fly med avgang frå fastlandet som vart prøvt tvinga til Taiwan. Forsøka var meir eller mindre vellukka, men berre i eitt av tilfella vart det meldt om personskader. Då vart til gjengjeld ein drepen og heile tretti skada.

Harde straffer og betre tryggingstiltak frå begge sider ser ut til å ha verka; i 1995 var det berre ei kapring, og i 1996 tre. Eitt av dei sistnemnde tre tilfella var ein liten sensasjon, då det var forsøk på å få eit taiwansk fly til å gå til Fujian-provinsen i Kina. Men det vart med forsøket, då kaprarane vart overmanna.

Kinas sivile luftfartslov, som vart iverksett i 1996, fastset dødsstraff for flykapringar i dei tilfella der brotsverket medfører tap av liv eller alvorleg skade på person eller fly. I ein dom på fastlandet i mai 1996 vart ein 31 år gammal bonde dømd til livsvarig fengsel for ei flykapring, sjølv om det var ingen skade verken på personar eller materiell under hendinga.

Taiwanske domstolar har også gitt lange fengselsstraffer for flykapringar. Maksimumsstraffa er døden også på øya, men dei 16 personane frå fastlandet som vart tiltalte for kapringane i 1993-94 fekk straffer som varierte frå seks til tretten års fengsel. Men for dei som blir fengsla på Taiwan er det ei ekstra bekymring kva som vil skje med dei etter at straffa er sona. Skal dei sendast tilbake til fastlandet? Dilemmaet for styresmaktene på Taiwan er at tilbakesending kan føre til ny rettssak i Kina for same brotsverk, medan opphaldsløyve vil kunne oppmuntre fleire til å prøve det same om dei er desperate nok. Dette vart diskutert i ein serie samtalar, og i 1995 var partane svært nær ein avtale. Men den berømte USA-turen til president Lee i 1995 stoppa alle slike drøftingar på ubestemt tid.

Problemstillingane kring tilbakesending av flykaprarar vart aktualisert i mars 1997, då eit taiwansk innanriksfly vart tvinga til Xiamen i Fujian-provinsen. Det var ein arbeidslaus taiwansk journalist, Liu Shan-chung, som tømde bensin over seg sjølv og på den måten fekk flyet til å gå til Kina. Ingen av passasjerane eller mannskapet vart fysisk skadde under hendinga. Frå Arats vart det meldt at Liu ville bli sendt tilbake til Taiwan så snart saka var ferdig etterforska.

Semja partane kom fram til i 1995, og som altså ikkje vart underteikna, innebar at flykaprarar skulle sendast tilbake til det landet flyet hørde heime i. Men Beijing kopla no tilbakesendinga til ei anna semje mellom øya og fastlandet, nemleg Quemoy-avtalen av 1990, som vart inngått ved at Raudekrossen representerte begge sidene. I Kina forventa ein derfor at Taiwan kvitterte med å utlevere alle dei 16 kaprarane som sat i fengsel på øya etter kapringsbølgja i 1993-94. Svaret frå Taiwan var at avtalen frå 1990 galdt illegale immigrantar, ikkje flykaprarar. Men dei var villige til å diskutere tilbakesending av to personar som var sett fri på prøve. Føresetnaden måtte vere at rettssystemet i Kina krediterte kaprarane for den tida dei hadde sona på Taiwan. (SCMP 11.3.97, 21.3.97)

Gingrich i Taipei

Då Newth Gingrich, “Speaker” i Representanthuset i USA, vitja Taiwan i april 1997 gjentok han sine tidlegare lovnader om å verne øya mot Kina, men han oppmoda også om at ein ikkje provoserte fastlandet:

“Det er viktig å gjere det klart både for Folkerepublikken Kina og Taiwan at skulle Beijing prøve å sameine Taiwan med fastlandet ved makt eller skremsepolitikk, vil USA bruke alle nødvendige midlar for å hindre det. ... Bruk av makt eller provoserande handlingar frå den eine eller andre sida er uakseptabelt.” (SCMP 3.4.97)

Gingrich sa at usemja mellom øya og fastlandet måtte løysast gjennom fredelege samtalar, ikkje ved maktbruk. Han håpa at Kina etter kvart ville bli meir og meir lik Taiwan, og den demokratiske utviklinga på øya såg han på som svært positiv:

“Taiwans valde lovgivingsmakt og den nylege innsettinga av den første folkevalde presidenten i Kinas over 4000 år gamle historie er eit førebilde ikkje berre for Folkerepublikken Kina, men også for heile verda.” (SCMP 3.4.97)

Når det galdt forholdet til Hong Kong, sa Gingrich at dei første fem åra etter Kinas overtaking av kolonien ville vere avgjerande. Dersom det gjekk bra med Hong Kong i ein slik tidsperiode, ville Kina stå sterkare i sitt forslag til Taiwan om sameining etter prinsippet om “eitt land, to system”. Visepresident Lien på Taiwan sa då at øya aldri ville akseptere eit kommunistisk styre. (SCMP 3.4.97)

Direkte skipsruter: Ei prøveordning

Signal om at eit direkte skipssamband mellom Taiwan og Kina endeleg kunne opnast fekk ein i april 1997, då Kina presenterte ei liste med fem transportselskap som ville sette opp slike ruter. Selskapa måtte først godkjennast av Taiwan, men det vart rekna som ein formalitet. Tilsvarande vart seks taiwanske selskap som hadde søkt om løyve til å drive direkte skipsruter godkjent av kinesiske styresmakter i midten av april. Bakgrunnen for at dette kunne skje var ein avtale mellom partane som vart inngått i januar same år. Eigentleg skulle rutene ha starta sommaren 1995, men etter president Lees USA-tur dette året skar det seg som kjent mellom dei to partane.

Når rutene kom i stand, ville det vere første gong på 48 år at skip gjekk direkte mellom Kina og Taiwan. Sjølv om dette var eit viktig skritt i rett retning for sambandet mellom øya og fastlandet, var det klare avgrensingar på transportvilkåra:

- Rutene skulle berre gå mellom Kaohsiung på Taiwan og Xiamen og Fuzhou i Kina (dersom prøveordninga fungerte bra, kunne fleire hamner bli inkludert, på Taiwan var Taichung utpeika til å bli neste hamn, og Keelung og Suao skulle bli nummer tre og fire)
- Berre utanlandsregistrerte fartøy, inklusive skip med utanlandsk flagg som var eigde av interessar på Taiwan eller i Kina kunne segle på dei direkte rutene (det vil seie at Kinas flagg ikkje kunne vere oppe på båtar som kom inn til Taiwan, og omvendt)
- Det var berre varer frå eller til tredje land som kunne lastast eller lossast

Trass i desse avgrensingane var det opplagt mykje tid og pengar å spare med denne nyordninga. Det politiske tøvêret som starta på 80-talet førte til ein eksplosjon av “indirekte

samband” mellom øya og fastlandet, mellom anna hadde kring 30.000 taiwanske bedrifter investert ca 30 milliardar US\$ i Kina. Desse investorane hadde pressa på taiwanske styresmakter for å få slutt på forbodet mot direkte transportsamband, og argumenta var reint økonomiske: Direkte samband med fly, skip og på andre måtar ville fjerne det dei såg som unødvendige ekstrakostnader ved at alt skulle gå gjennom Hong Kong. Gjennom direkte samband kunne ein t.d. spare ca 100 US\$ per container.

Opning av direkte skipssamband ville derfor auke håpet hos taiwanske forretningsfolk om at direkte flyruter ville bli det neste skrittet. Men taiwanske styresmakter ville prøve å dempe investeringsiveren i prosjekt på fastlandet, då dei var redde for å bli for økonomisk avhengige av Kina. Tette økonomiske band mellom øya og fastlandet ville dessutan gjere ei framtidig sameining av dei to kinesiske samfunna mindre smertefull, noko som ville vere i Beijings interesse. Det var derfor Taiwan som var pådrivar for dei restriksjonane på skipssambandet som er nemnde ovanfor. Regimet på Taiwan ville då heller ikkje innrømme at det nye sambandet var “direkte”, sidan restriksjonane var så vidt strenge, og dei involverte hamneområda på øya vart definert å vere “utaskjers”.

Beijing var misnøgde med desse avgrensingane, då dei hindra varer produsert på fastlandet i å passere tollen på Taiwan. Målet for Beijing var følgjeleg avvikling av restriksjonane og opning av fullt direkte samband. I Kina er fleire kystprovinsar, som Fujian, Guangdong og Zhejiang, og byar som Shanghai, i full gang med å førebu direkte samband med Taiwan ved å akselerere bygginga av nye hamner, flyplassar og andre fasilitetar. Det var derfor venta at Taiwan ville halde igjen på direkte samband, for det kunne bli eit viktig framtidig forhandlingskort i forhold til fastlandet.

Dei første reaksjonane frå selskapa som hadde fått løyve var entusiasme og iver om å kome i gang så fort som muleg. Yangming Marine Transport på Taiwan ville gjerne vere først over, og ein annan gigant på øya, Uniglory Marine, annonserte ein stor innviingsfest. På fastlandet stod containerskipet *Sheng Da* klart for avgang til Kaohsiung.

Men det gjekk ikkje lenge før den oppglødde stemninga vart neddempa. Tilhøvet mellom Kina og Taiwan var jo framleis på frysepunktet, og styresmaktene på begge sider av Stretet åtvara mot overdriven feiring av hendinga. *Sheng Da* utsette jomfruturen over helga av ukjende grunnar, og Uniglory avlyste innviingsfesten sin. Uniglorys visepresident, Arnold Wang, nekta for å ha vorte pressa av styresmaktene, det var berre ikkje noko behov for å feire opninga, sa han. Frå selskap på begge sider vart det no sagt at ein var klar til å starte dei lenge etterlengta turane, men dei hadde ikkje lenger noko hastverk med å kome i gang. Taiwanske journalistar fekk dessutan avslag på søknaden om å dekke første avreise frå fastlandet til Kina.

Trass i utsettinga, vart *Sheng Da* første skip til å passere lovleg over Stretet etter 48 års pause. Det var ei historisk hending, men styresmaktene på begge sider markerte høvet med å halde seg tause. Lokale media på Taiwan understreka likevel at dette var ei viktig hending. Kapteinen på *Sheng Da*, Xu Yuehfong, prøvde å dempe tydinga av turen, og sa berre at dette “ville hjelpe til med å spare kostnader brukt på skiping gjennom Hong Kong, og ville hjelpe folket på begge sider av Stretet”. Xu sa også at han ikkje hadde peiling på politikk, men var bedt om å halde ein låg profil. Profilen var likevel ikkje lågare enn at skipet hans kom inn til hamna på Taiwan utan heiste flagg. Kaptein Xu sa til hamnepolitiet at han var klar over maritime skikkar, men at tradisjonen også tilsa at skip kunne fire alle flagg etter solnedgang.

Det andre skipet som kom frå Kina til Kaohsiung var *Far East Glory*, som også kom etter solnedgang med nakne flaggstenger. Dette sette fart i speulasjonane på Taiwan om at kinesiske skip ville vente med å gå inn til etter solnedgang for å sleppe å heise det taiwanske flagget.

Yang Kai-huang, direktør for den delen av Taiwans Kulturuniversitet som har med fastlandssaker å gjere, sa at Beijing enno ikkje var klar til å feire opninga av ruter mellom Kina og Taiwan. Årsaka var at “direkte” samband med så mange restriksjonar var “berre

blåbær” for fastlandet. Han sa også at ein hadde ein lang veg å gå før Taipei ville svare på Beijings oppmoding om å sette opp omfattande samband mellom øya og fastlandet. Kor lang tid dette vil ta er derfor uvisst. Visehandelsminister i Kina, An Min, sa at ein på kinesisk side ville glade om det kunne realiserast innan fem år. An skulda taiwanske styresmakter for å drive medviten utdraging av tida på alle punkt der det var muleg:

“Om to personar vil snakke kjærleik med kvarandre, bør dei sette seg ned saman og halde saman. Men vi blir alltid avvist av den andre sida. ... Klimaet rundt Taiwan-stretet er ikkje bra, med skyer i staden for solskin.” (SCMP 30.5.97)

An Min hadde også nokre oppmuntrande ord til Hong Kong, som risikerte å tape inntekter på at mindre transport ville gå gjennom byen i framtida. Kina var fast bestemt på å styrke Hong Kongs rolle som hovudhamn for Sør-Kina etter overtakinga, sa han. (SCMP 4.4.97, 21.4.97, 30.5.97; HKS 24.6.96, 27.6.96, 18.4.97, 19.4.97, 21.4.97)

Silkehanskar ...

Utspela mellom dei to konkurrerande kinesiske samfunna vekslar mellom vekt på samarbeid og fredelege samtalar, og meir fiendtlege og truande utfall mot den andre part. Dette har også gjennomgangen så langt vist. I dei følgjande to avsnitta skal vi utdjupe dette temaet vidare. Først litt “silkehanskar”:

I midten av april 1997 sa Taiwans president Lee Teng-hui til japanske⁸⁸ journalistar at tilhøva til fastlandet ikkje kunne bli betre før tidleg i 1998. Dette grunngav han med intern maktkamp på fastlandet etter Dengs død, og følgjeleg stor uvisse om kven dei burde ta kontakt med der. Han trudde at president Jiang ville konsolidere posisjonen sin gjennom to viktige hendingar dette året: Den 15. kongressen til kommunistpartiet og president Clintons besøk. “Etter det er det muleg å snakke saman, og vi kan finne løysingar på mange bilaterale problem,” sa han.

I januar 1998 ville det vere tre år sidan president Jiang kom med sitt åttepunktprogram for å overvinne tiår med fiendskap mellom dei to sidene, og det ville vere eit høveleg startpunkt, meinte Lee. Lee hadde gitt eit svar til Jiang i 1995, og såg Jiangs utspel og sitt eige tilsvaret som eit godt utgangspunkt for dialog.

President Jiang gav på si side eit intervju med franske journalistar i mai 1997, i samband med eit komande besøk av president Jacques Chirac. Han sa då at Kinas krav på Taiwan var uomtvisteleg, og at sameininga av øya og fastlandet ville bli fredeleg, på same måte som tilbakeføringa av Hong Kong. Akkurat som for Hong Kong skulle prinsippet om “eitt land, to system” gjelde. Jiang sa vidare at Kina trong fredelege omgivnader for å gjennomføre reformene, moderniseringa og opninga mot utlandet.

Men president Lee hadde alvorleg tvil når det galdt handhevinga av prinsippet om “eitt land, to system” i Hong Kong. Til dei japanske journalistane sa han:

“Bak scenen gjer dei [den kinesiske regjeringa] det dei vil. Eg tvilar på at slike ordningar vil la Hong Kong fortsette å blomstre.” (SCMP 18.4.97)

For å fremme ein felles patriotisk front mellom menneska i Hong Kong, Macau og Taiwan starta Beijing organisasjonen *Kinas oversjøiske vennskapssamband*. Frå Taiwan vart dette sett på som endå ein propagandaframstøyt frå Kommunistpartiet for å fyre opp under kinesisk

⁸⁸ Lee har utdanning frå Universitetet i Kyoto, og snakkar japansk. Han møtte dei japanske journalistane i Taipei, då innreiseløyve til Japan ikkje var muleg for han å oppnå.

nasjonalisme på tvers av landegrender, og for å glorifisere partipolitikken og resultatene når Hong Kong gjekk tilbake til Kina.

I alle fall vart Wang Zhaoguo vald til første formann i vennskapssambandet under ein seremoni i mai 1997. Wang var viseformann i den nasjonale komiteen til Det kinesiske folkets politisk rådgivande konferanse⁸⁹, og dessutan leiar for *Arbeidsgruppa felles front* underlagt partiets sentralkomité. I følgje Wang skulle sambandet hjelpe fronten i arbeidet med sameining av den kinesiske nasjonen.

Meininga var at sambandet skulle søke konsensus blant utanlandskinesarar om at samling av moderlandet skulle skje under prinsippet om “eitt land, to system”. Organisasjonen skulle også arbeide for å styrke samarbeidet mellom fastlandet og andre kinesiske samfunn på område som økonomi, vitenskap, utdanning og kulturell utveksling. Wang sa at sameining av moderlandet stod som eit felles ønske for alle dei ulike etniske gruppene i landet, inklusive dei i Hong Kong, Macau og Taiwan. (SCMP 18.4.97, 13.5.97, 26.5.97)

... eller jernneve?

Ein general i Folkets frigjeringshær (PLA) kom med nokre tøffe påstandar i ei orientering for nokre kadrar under ei rundreise i Kina. *South China Morning Post*, som viste til kjelder i hæren, skreiv at generalen åtvara om at “militære førebuingar” på ei sameining av Taiwan med Kina hadde gått sin gang uavhengig av fokuseringa på Hong Kongs tilbakeføring til Kina. Generalen skrytte av at Kina hadde gjort store teknologiske framskritt med den nye generasjonen av missilar ein no hadde utvikla. Han påsto at Kina kunne slå ut heile Taiwans luftstyrke i løpet av kort tid.

“Våre missilar er mykje meir avanserte enn Irak sine,” sa han. Vidare gav han eit hint om at viss president Lee gjekk vidare på vegen mot uavhengnad, ville PLA vurdere avgrensa militære aksjonar mot Taiwan. Ei ny vurdering av militærøvingane rundt Taiwan i 1995 og 1996 kom også fram: Ein hadde eit mål om å fortelje politikarar og innbyggjarar på øya at Kina meinte alvor med trusselen om å forpurre taiwansk uavhengnad. Dette målet meinte ein å ha nådd.

Analytikarar med god kjennskap til Beijings Taiwan-politikk meinte likevel at det neste skrittet i forhold til øya langt frå var bestemt enno. Ei slik avgjerd kunne først bli tatt når det nye leiarskapet var på plass etter den 15. partikongressen hausten 1997 og Den nasjonale folkekongressen våren 1998. Beijing konsentrerte seg på dette tidspunktet om å hindre USA og Japan i å gi meir hjelp til Taiwan. Eit anna prioritert område var å oppmuntre taiwanske forretningsfolk om å investere på fastlandet for å tvinge Taipei til å få fart på sameiningsprosessen.

Det var altså teikn som tyda på at den krigerske generalen var ein av haukane i forhold til Taiwan, og at den mest sannsynlege kinesiske politikken ville vere å halde fast på president Jiangs åttepunktstupspel frå 1995.

Kinas militære slagstyrke må heller ikkje overdrivast. Målet for Beijing når det gjeld marineflåten er truleg såkalla “blue-water”-kapabilitet, dvs evne til å utgjere ein seriøs trussel kvar som helst på kloden, innan år 2000. På ein konferanse i Singapore i mai 1997 sa sjøforsvarsanalytikaren John Downing frå Det internasjonale instituttet for strategiske studiar

⁸⁹ Chinese People’s Political Consultative Conference (CPPCC): Fastlandets høgaste rådgivande organ. CPPCC har over 2000 delegatar og har sine sesjonar parallelt med parlamentet, Den Nasjonale Folkekongressen. Medlemmane av CPPCC kjem frå kommunistpartiet og åtte ikkje-kommunistiske parti. Det er også representasjon frå andre organisasjonar, minoritetsgrupper og frå Hong Kong, Taiwan og Macau. Grupper som forretningsfolk, bønder, vitenskapsfolk, forfattarar og byråkratar er representert. Av kjende kunstnarar som har vore delegat til CPPCC kan nemnast filmstjerna Gong Li.

i London at dette målet er ambisiøst, og formidable hindringar står i vege. Han sa at Kina hadde 1100 marineskip, fleire enn USA, men dei fleste av desse var vanlege kystforsvarsskip.

Downing sa vidare at Kina framleis er inne i ein utviklingsprosess for å bli ei sjøkrigsmakt å rekne med på regionalt nivå. Og det er berre første skritt på vege til status som ein “blue-water”-marineflåte. Av viktige område kinesarane måtte bli betre på nemnde Downing luftforsvar, leiarskap og kontroll, militær etterretning, elektronisk krigføring og tilførslelogistikk. Eksisterande skip hadde dessutan ulike problem varierende frå forelda rakettvåpen til vanskeleg vedlikehald pga. eit virvar av system kjøpt inn her og der. Som eit typisk døme på “vedlikehaldaren sitt mareritt” nemnde han den nye destroyerklassen, Luhu, som var utstyrt med kinesiske kanoner, franske luftvernrakettar, italienske torpedoar og amerikanske maskiner.

I juni 1997, like før den kinesiske overtakinga av Hong Kong, heldt Taiwan ei stor militærøving. Øvinga hadde kodenamnet *Chinese Glory No 13*, og skulle vise fram ein del av det avanserte utstyret øya hadde å by på: Patriotrakettar, amerikanske F-16, franske Mirage, eigenproduserte jagarfly, franske fregattar med Stealth-eigenskapar⁹⁰, laserbomber og ei rad ulike importerte og eigenproduserte rakett-typar. Som det høver seg etter slike oppvisningar, hevda styresmaktene på Taiwan at øvingane hadde vore svært suksessfulle.

USA åtvara både Kina og Taiwan mot å eskalere spenninga i Taiwan-stretet, og påpeikte at begge partane burde avgrense militære aktivitetar i sensitive område på sensitive tidspunkt. Men Taiwan nekta for at øvinga hadde noko med tilbakeføringa av Hong Kong til Kina å gjere. Øvinga var heller ikkje retta mot Kina, sa ein talsmann for øyas forsvarsdepartement. I det heile var det ikkje noka spesiell meining med øvinga, vart det sagt. Men det blir litt vanskeleg å forstå kvifor denne øvinga utan noka spesiell meining måtte gå føre seg nett før overtakinga av Hong Kong. Kvifor kunne ein då ikkje ha lytta til amerikanarane og utsett øvinga ein månad?

Som ein kunne vente, vart øvingane også kritisert av Kina. Frå Beijing vart det sagt at i staden for å protestere, burde Taipei sjå på overtakinga av Hong Kong som ein modell for sameining også av Kina og Taiwan. Øya vart lova endå betre velstand med ei slik samanslåing under prinsippet “eitt land, to system”, med tanke på den sterke støtta Taiwan då ville få frå fastlandet. Men leiarane på Taiwan var ikkje villige til å sjå på nemnde overtaking som ein modell for å få slutt på striden over Stretet. Tvert i mot kan militærøvinga på dette sensitive tidspunktet ha vore ein måte president Lee på Taiwan kunne fortelje sin kinesiske motpart, Jiang, at “vi er ikkje redd dykk, og vi er ikkje villige til å godta prinsippet om eitt land og to system for vår del”. (HKS 25.6.97; SCMP 7.5.97, 11.6.97, 13.6.97, 23.6.97, 25.6.97)

Og så tek vi Taiwan?

Hong Kongs lagnad etter den kinesiske overtakinga vil bli følgt spesielt nøye av folket på Taiwan. Som vi har vore inne på, er det to grunnar for taiwanarene å vere spente: Hong Kong har fungert som ein viktig mellomstasjon i sambandet mellom fastlandet og øya, og overtakinga blir frå kinesisk side sett på som ein modell for å få tilbake Taiwan i moderlandet. Med Hong Kong og Macao “i sekken” er det berre Taiwan som manglar for å ha samla heile Kina til eitt rike. Kinas utanriksminister Qian Qichen sa at tilbakeføringa av Hong Kong til kinesisk styre var eit “stort skritt mot sameining av heile landet”.

I midten av juni 1997 la taiwanske styresmakter fram ei politisk fråsegn på 17 sider som tok opp forholdet til Hong Kong etter overtakinga. I fråsegna heiter det at å bruke Hong Kong som modell for kva som skulle skje med Taiwan var “uakseptabelt”. Taiwan håpa å kunne bli verande i Hong Kong, offisielt eller delvis offisielt, for å kunne ivareta sine økonomiske

⁹⁰ Vanskelege å oppdage med radar

interesser både i Hong Kong og Kina. Men truleg vil øya miste mykje av statusen sin i Hong Kong. Aukande kinesisk innverknad i Hong Kong vil gi Kina eit kraftig våpen som kan brukast til legge press på Taiwan.

Taiwan på si side vil prøve å hindre kinesisk innpass på øya gjennom aukande engasjement i Hong Kong. Hong Kong-bedrifter som er meir enn 20 % eigde av fastlandsinteresser vil derfor ikkje få høve til å investere på Taiwan. Taipei har også åtvare om at ein vil innstille den favoriserande politikken andsynes Hong Kong om det skulle vise seg at Kinas dominans blir for stor. Men dette går inn i rekka av tomme truslar, då Taiwan sjølv ville tape mest på ei slik handling. Taiwanske forretningsinteresser både i Kina og Hong Kong ville bli skadelidande, i tillegg til at dei hardast haukane i Taiwan-spørsmålet ville styrke si stilling i Beijing. Og, om det verkeleg går bra med Hong Kong etter 1997, vil presset på Taiwan for å gjere det same bli sterkare, sidan øyas viktigaste grunn til å stå i mot ikkje lenger vil vere reell. Vi må rekne med at Beijing vil gjere sitt for å auke dette presset, når Taiwan står igjen som det siste hinderet før full kinesisk samling.

Sommaren 1997 kom det signal om at Beijing ville kunne sukre pillen til taiwanarene ved å lage eit tilbod som innebar større uavhengnad til Taiwan enn til Hong Kong. Slike gunstige og tolerante vilkår meinte ein ville vere muleg innanfor prinsippet om “eitt land, to system”. Denne ideen kom fram som eit resultat av ein tenketank på høgt nivå, etter at partiet hadde bedt ei gruppe ekspertar kome opp med forslag om eit nytt “pakketilbod” i Taiwan-spørsmålet. *South China Morning Post* gav følgjande referat frå ei kjelde i Beijing som uttalte seg om dette:

“Autonomien for Hong Kong er innskrenka av det faktum at Beijing har full mynde over forsvaret og utanrikssaker og noko indirekte mynde når det gjeld personalsaker i Hong Kong-administrasjonen. ...

Beijing ymta på 80-talet frampå om at Taiwan skulle få behalde sine væpna styrkar. Det kunne bli gitt nye garantiar for at Taiwan kan forme sin eigen administrative struktur. ...

Nokre få ekspertar har foreslått at Taiwan kunne behalde nokre diplomatiske funksjonar etter integrasjonen med fastlandet.” (*SCMP* 30.6.97)

Som det går fram av referatet var ikkje alle ekspertane einige i alt, og det endelege innhaldet i ein “pakke” ville avhenge av kva konsensus ein kunne kome til mellom dei ulike fraksjonane i partiet og hæren. Men president Jiang Zemin var svært ivrig etter å få Taiwan-spørsmålet ut av dødvatnet, og ville prioritere denne saka i sitt arbeid etter den 15. partikongressen, som var i kjømda. Om han kunne klare å få til ein slik gunstig pakke for sameining av Taiwan med Kina, ville det stå for Jiangs neste viktige skritt i denne saka etter åttepunktprogrammet frå 1995. Men kjelda til *South China Morning Post* sa også dette:

“Taiwan ville bli sett på som urimeleg og uforsonleg i det internasjonale samfunnet om det skulle avvise Beijings neste fredstilbod.” (*SCMP* 30.6.97)

Dette betyr at vi må forvente at sjarmoffensiven nok ein gang kan bli avbroten av nye rundar med kvasimilitære førebuingar til ei muleg fiendtleg løysing på problemet.

Sidan spørsmålet om samanslåing av to gamle fiendar som Taiwan og Kina i denne boka blir ei av desse historiene utan byrjing og slutt, kan det vere fornuftig å gi siste ord til ein “nøytral” person, i alle fall ein som ikkje er spesielt knytt opp til nokon av partane. David O’Rear, som er ein økonomisk medarbeidar i *The Economist*, har lansert eit forslag som i hovudsak går ut på at Taiwan og Kina dannar ein økonomisk union etter mønster av EU. Ein slik økonomisk føderasjon meiner han ville vere mykje betre for dei to kinesiske samfunna enn ein politisk integrasjon. Ein politisk integrasjon trudde han berre ville vere muleg etter fleire tiår av endringar i Kina, og då i retning av eit Kina som var rikare og mindre militært

orientert. O'Rear meinte at Kina burde gi opp tanken om å bruke makt som middel til sameining av øya med fastlandet. Han oppmoda også dei to partane om å fjerne dei upraktiske restriksjonane på den nyopna skipsfarten over Stretet.

O'Rear sa at det var ein viktig skilnad i haldningar mellom fastlandet og øya:

“Folket på Taiwan har inga interesse av politiske forhandlingar, men Beijing trur at om dei berre er suksessrike i å praktisere prinsippet om 'eitt land, to system', så vil dei klare å få med seg Taiwan.” (HKS 26.6.97)

(HKS 24.6.97, 26.6.97; SCMP 30.6.97)

Diaoyudao eller Senkaku?

Ein lite kjend konflikt i Vesten er vel den som gjeld japanske og kinesiske krav på Diaoyu-øyane i Aust-Kinahavet. Meir presis kan vi plassere denne øygruppa til 110 nautiske mil nordaust for Taiwan og 240 nautiske mil sørvest for Okinawa. Diaoyu består av åtte små vulkanske øyar utan busetnad, og den største av desse er tre km lang og vel ein km brei. Farvatnet rundt øyane er kjent for sitt rike fiske, og det er også muleg at det finst olje og gass under havbotnen i dette området.

Dei kinesiske krava stammar både frå fastlands-Kina og Taiwan. Diaoyu, som tyder “fiskefangst”, er det kinesiske namnet på øyane, medan japanarane kallar dei same øyane for Senkaku. Det korrekte kinesiske namnet blir då Diaoyudao, sidan det kinesiske ordet “dao” betyr “øy”. Konflikten fekk ein dramatisk topp i 1996, utan at saka vart så mykje omskriven i vestleg presse. Saka vart litt spesiell fordi ho såg ut til å samle kinesarar av ulik nasjonalitet mot “dei japanske hundane”⁹¹. Kinesarar og japanarar som er ivrige etter å prove at Diaoyu tilhøyrrer nettopp deira land, har lagt ut mykje stoff på Internett⁹², som lett kan finnast ved å søke på namnet på øyane i ein av dei vanlege søkemotorane. Merk at Diaoyutai, eller “fiskefangstplattform”, er mykje brukt som namn på øyane på Internett. Det meste av plassen her vil bli brukt på dramaet i 1996, men vi skal spandere på oss litt historikk først.

Historie⁹³

Den tidlegaste skriftlege dokumentasjonen på at Diaoyu-øyane var kjende, er kinesiske loggbøker frå 1403. Frå dette året er øyane stadig nemnde i loggbøker og er også å finne inneikna på kinesiske kart saman med øygruppa Liu Chiu, eller Ryukyu på japansk. I mange hundre år vart øyane rekna som ein del av Taiwan, og dei vart brukt som base av kinesiske fiskarar både før og etter andre verdskrig. På grunn av seinare hendingar er det no svært viktig for kinesarane å få fram at Diaoyu *ikkje* er ein del av Liu Chiu.

Japan tok Liu Chiu med makt i 1870-åra, og desse øyane har sidan vore under japansk overherredøme som Ryukyu, og ingen set spørsmålsteikn ved det no. Den største av Ryukyu-øyane er velkjende Okinawa. Men Diaoyu var etter dette framleis ein del av Kina, administrert under Taiwan. Dette varde ikkje lenge, for Japan tok over Taiwan i følgje den tvilsame Shimonoseki-traktaten som avslutta krigen mellom Japan og Kina i 1894-95. Det var

⁹¹ Uttrykk brukt mellom anna i debatten på Internett

⁹² Sjå t.d. <http://www.yitch.com/Baodiao/Diaoyu.html>

⁹³ Internettkjelder for historisk oversyn: <http://www.yitch.com/Baodiao/Diaoyu.html>, ... [Baodiao/senkaku.html](http://www.yitch.com/Baodiao/senkaku.html), ... [/Baodiao/update.html](http://www.yitch.com/Baodiao/update.html), ... [/Baodiao/chrono1.html](http://www.yitch.com/Baodiao/chrono1.html), ... [/Baodiao/chrono2.html](http://www.yitch.com/Baodiao/chrono2.html), <http://ahkcus.org/diaoyu/>, <http://www.geocities.com/Tokyo/4381/mingpiao.htm>, <http://www.interlog.com/~yuan/evidence.html>, <http://snipe.ukc.ac.uk/international/papers.dir/deans.html> (Phil Deans: “The Diaoyu/Senkaku Dispute: The Unwanted Controversy”)

Qing-dynastiet som regjerte i Kina på denne tida, eit regime som i ettertid har fått kritikk for å vere både korrump og inkompetent. Japan har seinare prøvt å hevde at Shimonoseki-traktaten ikkje omfatta Diaoyu, då desse øyane i praksis var ingenmannsland og kunne okkuperast på lovleg vis. Dette er eit viktig juridisk poeng: Etter andre verdskrig måtte Japan levere tilbake alt land som var stole frå Kina, så som Mandsjuria og Taiwan. Men om Diaoyu-øyane ikkje var stolne, trong dei sjølv sagt heller ikkje leverast tilbake.

Noko som kompliserer det kinesiske kravet på Diaoyu er at USA gjorde ein “tabbe” då Okinawa vart gitt tilbake til Japan i 1972. Etter andre verdskrigen hadde USA administrert Okinawa, og Diaoyu var inkludert i denne administrasjonen etter ein avtale med Taiwan, som gjerne ville ha patroljar rundt desse øyane. Men då Okinawa vart gitt tilbake, følgde Diaoyu med på lasset. Begge dei to kinesiske republikkane protesterte, utan at USA brydde seg om det, i alle fall ikkje i første omgang. Først såg det ut til at USA støtta det japanske synet, men då amerikanarane ønska tilnærming til fastlands-Kina utover 70-talet, modererte dei seg. Overføringa av administrasjonen av øyane måtte ikkje oppfattast som noka føring når det galdt kven som hadde den underliggende retten til øyane, heitte det då. Om det var motstridande krav måtte desse i så fall løysast av dei involverte partane, meinte amerikanarane. På ein måte ser det ut som om USA har plassert seg sjølv i glefsa i denne saka. Det er vanskeleg å sjå korleis USA kan gjere noko meir for å rette opp “tabben” frå 1972 utan å kome på kant med Japan, noko ein av strategiske grunnar ikkje ønskjer.

Kinesarar som hevdar at Diaoyu er kinesisk territorium har gjennom mange gamle skrifter og kart prøvt å vise at dei har rett, og at øyane historisk sett aldri har vorte oppfatta som ein del av Ryukyu. Eit kart frå Qing-dynastiet datert 1752 viser øyane som ein del av Kina. Det finst også fleire hundre år gamle reiseskildringar der dei reisande tydeleg har markert at dei kom til Ryukyu etter å ha passert Diaoyu, noko som skal prove at dette vart oppfatta som to forskjellige øygrupper. Eit trumfkort er eit offisielt japansk kart frå 1785 der Diaoyu-øyane er teikna inn på kinesisk side. Seinare japanske kart blir også lagt fram for å prove dette. Mellom anna blir det vist til at eit japansk lommeetlas frå 1939 som vart brukt under invasjonen av Kina ikkje har nokon referanse til Diaoyu-øyane, trass i at mykje mindre japanske øyar i området er innteikna. Og eit grundig notat som støttar det kinesiske synet, skriven av den japanske professoren Kiyoshi Inoue i 1972, er lagt ut på Internett⁹⁴. Det blir også påpeikt at ei djup renne i havbotnen dannar eit naturleg skilje mellom Diaoyu og Ryukyu. Dei siste hundre åra har øyane vore nytta av taiwanske fiskarar og planteforskarar. Kinesarane kan altså ikkje akseptere at øyane var ingenmannsland, sjølv om ingen budde der fast.

Det japanske synet er kort og godt at øyane var ingenmannsland eller “terra nullius” i 1895, at Japan okkuperte dei først og følgeleg også på legalt vis, og at Japan hadde 50 år med effektiv administrasjon av øyane fram til nederlaget i 1945. USA hadde førebels overtatt administrasjonen av Okinawa og Diaoyu i 1951, men i 1972 vart øyane gitt tilbake til Japan, som då igjen fekk fullt herredøme over dei. Beijing og Taipei vart i følge Japan først interesserte i Diaoyu i 1969, då dei fekk høyre om mineralfunn på øyane.

Vi må understreke at det er kinesarar utanfor fastlandet som har vist det største engasjementet i saka. I 1971 førte Diaoyu-disputten til sterke anti-japanske kjensler på Taiwan og blant kinesarar i USA. Med utgangspunkt i det amerikanske miljøet vart rørsla “Forsvar Diaoyu”, eller *Bao Diao Yundong*, danna. Rørsla fekk støtte frå kinesarar over heile verda, og utvikla seg til ein intellektuell organisasjon som tok opp breiare tema som nasjonal vørndnad og politiske forhold. Men rørsla vart svært skuffa over regjeringane i Taipei og Beijing, som aldri har gått ut over snakkestadiet i saka. Heldigvis, vil underteikna tilføye, for det vi kunne ha risikert då, var at Asias mektigaste statar hadde gått til krig mot kvarandre om nokre småøyar langt ute i havet; neppe særleg rasjonelt. Den tvilsame tilbakeføringa av

⁹⁴ //www.yitch.com/Baodiao/senkaku.html (Kiyoshi Inoue: “The Tiaoyu Islands (Senkaku Islands) and Other Islands Are China’s Territory”)

Diaoyu til Japan vart av styresmaktene i Folkerepublikken sett i eit breiare perspektiv rundt forhandlingane om normalisering av relasjonane til Japan, og såleis nedtona. Både Zhou Enlai og Deng Xiaoping hadde eksplisitt gitt uttrykk for at saka skulle leggast på hylla for å bane vegen for normalisering av tilhøvet til Japan. Sidan har Japan handheva sitt herredøme over øyane rimeleg effektivt, og frå tid til annan utvist kinesiske fiskarar frå området.

Striden fekk ein ny topp i 1978, då ei japansk høgreorientert gruppe ved namn *Nihon Seinensha*⁹⁵ illegalt sette opp eit fyrstårn på hovudøya i øygruppa. Dette var eit forsøk på å legitimere Japans krav på øyane, og vart møtt med protestar frå kinesiske samfunn over heile verda. Til vonbrot for alle som ville ha kinesisk handling vart saka på ny dyssa ned, no gjennom ein kinesisk-japansk freds- og vennskapstraktat. Diaoyu-saka vart fornuftig nok lagt på hylla for løysing ein gong i framtida.

Ny dramatikkk vart det i 1990 då den japanske regjeringa, i strid med traktaten frå 1978, gav *Nihon Seinensha* løyve til å restaurere fyrstårnet organisasjonen hadde sett opp i 1978. Misnøgd med regjeringa på Taiwan si manglande handlekraft, drog borgarmeisteren i Kaohsiung, Wu Tung-yi, ut til Diaoyu med to fiskebåtar. Meininga var å halde “Taiwan-området atletiske møte”, mellom anna med innslag av olympiske faklar, på Diaoyu for å markere Taiwans krav på øygruppa. Men aksjonistane vart hindra av japansk kystvakt, og kom aldri i land på øyane. Medan dette skjedde spela regjeringa på Taiwan golf, og det fekk dei sterk kritikk for. Hendinga førte til anti-japanske demonstrasjonar på Taiwan og i Hong Kong. Ein førebels ende vart sett på same måte som sist, ved at saka vart lagt tilbake på hylla for seinare løysing.

Nihon Seinensha vender tilbake

I 1996 utvikla den krisa seg som vi skal legge hovudvekt på her. I juli 1996 gjorde *Nihon Seinensha* sitt tredje strandhogg på Diaoyu og sette opp eit nytt fyrstårn. Men dette fyrstårnet vart sopt overende av ein voldsam tyfon ved namn Herb same månaden, så *Nihon Seinensha* slo til igjen i september 1996 og bygde opp att fyrstårnet. I mellomtida hadde ei anna høgreorientert gruppe vore på øya og heist eit japansk flagg på ein to meter høg påle.

Trass i talrike protestar både frå Kina og Taiwan, heldt Japan fast ved at overherredømet var deira, og brukte både kystvakta og maritime sjølvforsvarsstyrkar⁹⁶ til å hindre kinesiske fiskarar og reporterar i å komme inn i farvatna rundt Diaoyu. Anti-japanske stemningar vaks på nytt fram blant kinesarar, og dei to kinesiske regjeringane fekk nok ein gong kritikk for ikkje å stå hardare på i konflikten. Organisasjonen “Forsvar Diaoyu” omtalte regjeringane som “svake og ineffektive”. For å få fart på dei anti-japanske stemningane vart gamle japanske krigssynder, som Nanjing-massakren⁹⁷ og andre historier frå japansk-kinesiske krigar trekt fram. Dette var ei av toppsakene i kinesiske media ut over hausten 1996 og fram på vårparten 1997. I det følgjande skal vi sjå på ein del av det som gjekk føre seg.

⁹⁵ Japans Ungdomsføderasjon

⁹⁶ Etter krigsnederlaget i 1945 vart Japan avmilitarisert. Men med støtte frå USA fekk landet etter kvart høve til å opprette sjølvforsvarsstyrkar. Den sjømilitære delen av dette forsvaret vart kalla “Maritime Self-Defence Forces”, eller MSDF.

⁹⁷ Også kalla “the Rape of Nanjing” – valdtekta av Nanjing – i kinesiske media. I 1937 vart i følgje kinesiske kjelder 300.000 sivile og avvæpna soldatar i Nanjing avretta av japanske soldatar. Det er eit eige museum i Nanjing til minne om hendinga. Frå japansk hald har det vore forsøk på å redusere omfanget av det som skjedde, men det er nok av prov på at kinesarane har rett, sjølv om det faktiske talet drepne er vanskeleg å fastslå.

Intern kinesisk kritikk

Kinas utanrikspolitiske talsmann, Shen Guofang, gjekk i eit fjernsynsintervju i august 1996 hardt ut mot Taiwans standpunkt til konflikten om Diaoyu, idet han sa at regjeringa på øya var tvitydig i sine territorialkrav:

“Nokre av leiarane hos dei taiwanske styresmaktene har ei tvitydig innstilling til Diaoyu-øyane. I denne saka burde vi sette interessene til det kinesiske folket først. Spørsmålet om herredømet [over Diaoyu] er ikkje komplisert, herredømet er svært klårt, det tilhører Kina.” (HKS 7.8.96)

Taiwan og Japan hadde på dette tidspunktet inngått ein avtale som skulle gi taiwanske fiskebåtar høve til å operere nær Diaoyu-øyane. Fiskarar frå Taiwan har ofte klagt på at japanske patruljebåtar har stengt dei ute frå fiskefeltet rundt Diaoyu. Heilt trygge følte fiskarane seg framleis ikkje, for ein talsmann sa at dei ville vende seg til fastlandet og be om vern om ikkje Taipei makta å sikre fiskerettane deira ved dei omstridde øyane. Fiskarane trua også med å stille Japan for ein internasjonal domstol om landet heldt fram med å hindre dei i å fiske.

Frå Hong Kong vart det samstundes uttrykt vonbrot over at Kina ikkje markerte herredømet over øyane klårare. Det demokratiske partiet i byen samla inn underskrifter for eit protestskriv mot Nihon Seinenshas oppsetting av fyrtårn på Diaoyu. Partiet tok også til orde for at Japan måtte be krigsofra frå andre verdskrig om orsaking, og dessutan betale erstatning til desse. Talsmenn for partiet sa at dei frykta framvekst av ei ny japansk militarisme, og at styresmaktene i Beijing var for svake i sine reaksjonar mot Japan. (HKS 6.8.96, 7.8.96, 12.8.96, 13.8.96, 22.8.96)

China Daily trør til

Etter dette trappa i alle fall *China Daily* opp ordkrigen i nokre oppslag om saka. Avisa slo i ein artikkel fast at det var kinesarar som oppdaga Diaoyu først. I ein annan artikkel vart skytset retta mot USA, som vart skulda for stilleiande å godta aukande japansk militarisme:

“Det er påfallande at mens ein har vore opptatt med å plage Kina med å så mistanke om aukande nasjonalisme i Kina, har ei slik stor makt valt å oversjå teikna på ekstrem nasjonalisme i Japan. ... I motsetnad til den årvakne haldninga som har vore i relativt mindre land, kan ei taus stormakt ha medverka til at militarismen veks fram på nytt.” (*China Daily* 21.8.96)

Dagen før hadde Kinas utanrikspolitiske talsmann, Shen Guofang, karakterisert japanske påstandar om at dei høge dødstala i Nanjing-massakren var fabrikkerte som ei “fornærming”. Minna om denne massakren, som kanskje er den fryktelegaste krigshendinga i moderne tid i Kina, kom fram att då det viste seg at ei gruppe eldre personar i Nanjing samla prov for å førebu ei rettssak mot ein namngitt japanar, Shior Azuma, som var skulda for å ha vore med på avrettingane. (HKS 29.8.96; *China Daily* 20.8.96, 21.8.96, 29.8.96)

Utdrag frå aviser i Hong Kong

Sing Tao fokuserte på at det også for 20 år sidan var demonstrasjonar for å markere at Diaoyu-øyane var kinesiske. Avisa gjorde eit poeng av at Japan i mellomtida hadde gjort ein god jobb for å inkorporere øyane i sitt eige land. Så vart regjeringane på Taiwan og i Kina kritiserte for passivitet:

“Temperaturen i dei offentlege demonstrasjonane er i ferd med å stige til febernivå, ein sterk kontrast til dei band Taipei og Beijing har lagt på seg. I tillegg til slike sjølvpålagde band, har hovudstadane bedt folk om vere tilbakehaldne for ikkje å gjere situasjonen farleg.

Dei stadige verbale protestane frå offisielt hald har til no ikkje overtydd japanarane. Om Japan eller japanarar trappar opp propagandaen når dei berre blir stilt til ansikt med verbale protestar, er det vi oppnår kanskje berre å oppmuntre deira ekspansjon?

Vi trur at folket på Taiwan og i Hong Kong håpar at den kinesiske regjeringa vil omsetje ord i handling. Å ta saka opp i ein internasjonal domstol for å få striden avgjort, eller å formelt be om samtalar, er alternativ som kan vurderast.” (Sitert frå *HKS* 9.9.96)

I kampens hete vart boikott av japanske varer eit verkemiddel som vart diskutert. *Ming Pao* tykte det var fint at folk ville forsvare fedrelandet mot japansk ekspansjonisme, men når det gjaldt boikott peikte avisa på følgjande moment som ein måtte tenkje over:

- Økonomi og politikk bør under normale omstende ikkje blandast saman. Så lenge forholda til Japan ikkje vart verre hadde det lite føre seg å boikotte japanske varer
- Det er ikkje sikkert at alle japanske forretningsfolk støttar ei ekspansjonistisk linje, og slike personar er det viktig å ikkje skubbe frå seg, men heller få aktivisert dei til å drive press mot eiga regjering
- På datoar som historisk tyder noko spesielt kan ein skape merksemd gjennom ein kampanje om boikott av japanske varer akkurat på den dagen, men ein konsistent, langvarig og omfattande boikott ville truleg påverke liva til Hong Kongs folk negativt

I *Sing Pao* var det derimot meir aggressive tonar:

“Dei sivile demonstrasjonane mot den japanske inkorporeringa av Diaoyu-øyane har vorte ei drivande kraft. Men regjeringane i Taipei og Beijing står framleis på staden kvil, same kor mange fleire fartøy på veg til øyane som utan vidare blir tvinga til å snu av japanarane.

Det forsterka nærværet av japansk marine rundt øyane er eit klart teikn på Tokyos krigerske holdning og vilje til å skremme kinesiske regjeringar på begge sider av Stretet, og til å signalisere til heile verda at øyane er japanske. Handlingslamming i Taipei og Beijing vil føre til at øyane er tapte for alltid. Tap av folks byrgskap vil slå tilbake på desse regjeringane.

Kva mulegheiter står att for å vinne tilbake det som er vårt land? Fredelege middel må ha prioritet, men kva med ein avgrensa demonstrasjon av våre sjømilitære musklar? Ein motsvarande blokade av skipstrafikken kunne setjast i verk.

Kina burde fremme eit forslag for SN om å gi ein reprimande til Japan, med eit krav om riving av fyrtårnet og tilbaketrekking av marinen frå området. Ein trur at Kina er bekymra for dei økonomiske sanksjonane som vil kunne følgje. Japan er svært klar over Kinas sårbare situasjon i så måte. Annekteringa av Diaoyu-øyane er ikkje noko anna enn ein bodberar for ein militarisme som har stått fram på nytt.” (Sitert frå *HKS* 9.9.96)

Skarpe kinesiske reaksjonar

Då høgorienterte grupper for tredje gong på like mange månadar gjekk i land på Diaoyu, kom det ein skarp protest frå kinesiske styresmakter. I september 1996 gjekk seks medlemmer av Japans Ungdomsføderasjon i land og reparerte fyrtårnet som vinden tok i juli. Japans utanriksminister, Yukihiko Ikeda, følgde opp med å stadfeste Japans krav på øyane. I juli hadde Japan dessutan inkludert øyane i sitt grunnlag for utrekning av landets 200 mils økonomiske soner.

Dette fekk Kina til å gå ut med beskjed til Japan om å få slutt på desse strandhogga som hadde til føremål bygge opp under japansk herredøme over øyane. Talsmann for utanriksdepartementet, Shen Guofang, åtvara om at relasjonane kunne bli påført alvorleg skade om ikkje den japanske regjeringa no tok affære mot høgreekstremistane:

“Den viktigaste saka no er at den japanske regjeringa førete seg noko for å tøyne aktivitetane til japanske høgreorienterte grupper og element. ... Ingen einseitige handlingar frå japansk side skal få underminere Kinas heilage herredøme over Diaoyu-øyane og dei tilgrensande øyane. Eitkvart byggverk som den japanske sida på eiga hand måtte bygge der er illegalt og ugyldig. Den japanske regjeringa har eit ufråvikeleg ansvar der.” (HKS 10.9.96)

Dette hadde også vorte gjort klart for den japanske chargé d'affaires i Beijing. På spørsmål om Kina ville følgje opp kravet på øyane med militære aksjonar, sa Shen at det ikkje kunne utelukkast, men at noko slikt ikkje vart vurdert i den noverande situasjonen:

“Det du tenkjer deg er ei mulegheit. Men no håpar vi at den japanske regjeringa innser alvorret i denne hendinga. Om den japanske regjeringa ikkje innser dette, kan situasjonen bli meir alvorleg.” (HKS 10.9.96)

Den siste japanske provokasjonen førte altså til at regjeringa i Beijing kom meir på linje med opinionen i Hong Kong og Taiwan. I Hong Kong hadde 4000 gått i protesttog mot Japan, men noko liknande var ikkje venta i Kina. Japanske patruljebåtar hadde si fulle hyre med å halde borte ulike grupper av politikarar frå Taiwan og reporterar frå Hong Kong som ville i land på øyane. Men Shen sa at styresmaktene i Kina ikkje hadde fått nokon søknad frå private grupper som ville segle til øyane.

Trass i ulike reaksjonar i ulike kinesiske samfunn, var det klart at Diaoyu-spørsmålet stod fram som ei god felleskinesisk sak. Men saka var ikkje dermed problemfri. Faren for ein veksande kinesisk nasjonalisme kunne vere eitt negativt element. Dessutan hadde Kina og Taiwan så mange andre gjensidige problem at ei semje om felles handlemåte i Diaoyu-saka ikkje var særleg sannsynleg, noko som var ein strategisk fordel for Japan. Militært sett ville ikkje Taiwan ha noko ønskje om å sjå ein flåte frå fastlandet i sitt farvatn, sjølv om det i dette tilfellet ville vere retta mot ein felles “fiende”. Til sist kan vi nemne oppblussinga av anti-japanske kjensler blant kinesarar, eit fenomen som av fleire grunnar ikkje passa regjeringa i Beijing:

- Dei diplomatiske banda til Japan betyr mykje for Kina. Av landa som kan seiast å gå inn i ein Vestleg allianse er Japan eit av dei få, kanskje det einaste, som ikkje har kritisert kommunistregimets politikk
- Japan står i fremste rekke når det gjeld investeringar i, handel med og teknologioverføring til Kina. Lån i yen utgjorde på dette tidspunktet nesten 70 % av all utanlandsk statleg støtte til Kina
- Styresmaktene i Kina var dessutan bekymra for at ei patriotisk bølge som spreidde seg over heile landet kunne utvikle seg til ukontrollerte demonstrasjonar og sosialt kaos. Dei kinesiske styresmaktene har prioritert økonomisk utvikling i eit stabile interne og eksterne omgivnader
- Om marineskip vart sett inn frå kinesisk side ville desse kunne kome nær Taiwan, noko som kunne skape komplikasjonar og ein farleg situasjon

Spaltisten Bernard Fong i *Hong Kong Standard* skildra den anti-japanske stemninga slik:

“Den einaste saka som bind rasen vår saman er det sjukelege hatet mot japanarar, som nokre hånar som kulturelle apekattar, slaktarane frå Nanjing og reservekinesarar som før via Korea for mange tusen år sidan. Derfor har så mykje gamalt raseri kome fram her [i Hong Kong], på Taiwan, og i noko meir korrekte former i Kina, etter den japanske 'tilsulkinga' av Diaoyu ved å heise eit japansk flagg på desse golde steinmassane ei dagsreise frå Fujian. No gjallar skriket 'jul dei japanske kálhovuda' frå Shenyang til Singapore – og ikkje

berre frå PR-kåte patriotar, men også frå vanlege folk som ikkje pleier å sverje mot japanarane, men til Sony og Sogo⁹⁸.” (HKS 10.9.96)

Noko ironisk kritiserer Fong Mao Zedong for å ha latt russarane dominere området rundt Gobi-ørkenen, og såleis lagt grunnlaget for Mongolia som eit eige land – eit område som også burde ha vore inkludert i Kina. Det runde, symmetriske Guomindang-kartet der Mongolia inngår i det kinesiske riket er mykje finare enn kommunistane sitt kart, skreiv han.

Kinesarar som verkeleg var rasande over Japans krav på dei omstridde øyane, organiserte anti-japanske underskriftskampanjar. Underskriftslistar var i sirkulasjon både i Kina, Hong Kong, Taiwan og Macau. I fleire av desse vart det kinesiske militæret oppmoda om å bruke makt og sende båtar til øyane. Det vart bedt om vern av demonstrantar som ville reise til øyane, og ein meinte også at Kina burde sende soldatar for å rive ned det mykje omtalte fyrtårnet. Blant underskrivarane var ei gruppe eldre frå Guizhou-provinsen som hadde vore offer for Japans brutale okkupasjon av Kina i åra 1937-45. Fleire av listene vart sende rett til president Jiang Zemin.

I ein redaksjonell artikkel i *Hong Kong Standard* skreiv avisa at folk i Hong Kong, Taiwan og på fastlandet gjerne skulle ha sett ein endå skarpere offisiell reaksjon frå Beijing og Taipei. Avisa sikta verken til militære aksjonar eller tomme truslar, men meinte at meir substansielle diplomatiske trekk kunne ha vorte gjennomført. Dei sterke orda som hadde kome frå Shen Guofang var rett nok på sin plass, og ville ha mykje å seie for å styrke moralen hos protestantar i Hong Kong, som til då hadde følt at dei stanga hovudet i veggen. Men avisa syntest at ein let Japan sleppe for lett unna ved å distansere seg frå dei høgoreorienterte gruppene som hadde vore i sving:

“Same korleis Tokyo prøver å distansere seg frå den høgoreorienterte gruppa, må Japan bli fortalt i utvitydige ordelag at desse folka har oppført seg på ein måte som det internasjonale samfunnet verken kan eller vil akseptere. ... Vi håpar framleis at saka kan løysast på ein fredeleg måte. I mellomtida må det ikkje finne stad noka oppmjuking av det tøffe standpunktet som er inntatt av Beijing og Taipei.” (HKS 11.9.96)

I same avisa følgde redaktøren, Terry Cheng, opp med ein eigen artikkel om same sak. Han meinte at Kina måtte vise at landet hadde evne og vilje til forsvare sine legitime interesser. Om Kina skulle slå hardare til mot Japan, skulle ein ikkje vere redd for reaksjonane i dei omkringliggjande landa, skreiv Cheng, for der er minna om Japans omsynslause krigføring framleis levande:

“Eit land kan bli sterkt berre gjennom støtte i eiga befolkning. Diaoyu-spørsmålet har ikkje berre vekt kjensler hos millionar av folk på fastlandet, men også hos titusenvi av utanlandskinesarar som regjeringa i Beijing treng støtte av. Ved å oppfylle folkets ønskje i ei rettferdig sak, vil Beijing visseleg vinne godhug hos folket.” (HKS 11.9.96)

Hong Kong Standard følgde opp med ein redaksjonell artikkel neste dag. Japan fekk der beskjed om å trø varleg, og nok ein gong nytta ein høvet til å vri kniven rundt i det såret som heiter Japans framferd før og under den andre verdskrigen:

“Om Japan oppriktig ønskte å leve i fred og harmoni med sine naboar ville det rette ha vore å rive dei illegale byggverka, hindre vidare tilgang til øyane for desse aktivistane og redusere talet på kanonbåtar som patruljerer det omliggjande farvatnet. Kort sagt skulle Japan prøve å gjenopprette status quo og hjelpe til med å skape ein atmosfære som gjer det muleg å forhandle seg fram til ein avtale i ei sak som også har sine røter i den andre verdskrigen, då så mykje av denne regionen var tatt av landets [Japans] militaristar.

⁹⁸ Japansk varehuskjede

Det er delvis minnet om desse åra prega av krigersk og naken aggresjon som gir næring til den noverande stormen.

Men det er nyvunnen sjølvtilitt i nabolaget, som ikkje vil tolerere å bli trakka på av japanske høgreekstremistar og militaristar. Japan må lære å trø varsamt gjennom dette nabolaget. Særleg når kjenslene flyg høgt og ikkje viser teikn på å dale.” (HKS 12.9.96)

Krav om at Kina skulle slå hardare til mot Japan vart også sett fram under ein demonstrasjon i av kinesiske nasjonalistar i Beijing. Demonstrantane, som stort sett var frå Hong Kong, oppmoda Kina om å sende krigsskip til Diaoyu. Dei hadde lister med 17.000 underskrifter som støtta dette kravet. Offisielle tenestemenn aksepterte å ta i mot lista, men nokre demonstrantar frå fastlandet vart bedt om å forlate Beijing. I Shenzhen vart det samla inn 3500 underskrifter i tilsvarende protest mot Japan.

På Taiwan kasta fiskarar roten fisk på Japans visumkontor i ein protest mot landets politikk når det galdt Diaoyu. Og Taipei fylke vedtok ein boikott av japanske varer ved innkjøp til lokale styresmakter, vidare skulle ingen kontraktar inngåast med japanske bedrifter. Høgreorienterte demonstrantar frå Det nye partiet på Taiwan brente japanske flagg og fordømte japansk militarisme, og ein tidlegare straffedømt person annonserte at ein “dødsskvadron” skulle sprengje det japanske fyrtårnet i lufta i løpet av helga.

Reaksjonen frå Japan var i første omgang å be Kina, Taiwan og Hong Kong om å handtere saka på ein roleg måte. I USA sa ein talsmann for Det kvite huset, Nicholas Burns, at USA var nøytral i denne saka, og ikkje støtta territorialkrava til nokon av partane. Men Burns la til at spørsmålet måtte løysast på ein fredeleg måte, gjennom forhandlingar, og ikkje ved bruk av makt eller truslar om makt. USA hadde så langt ikkje tatt på seg nokon meklarrolle. Kinesisk-amerikanske grupper i USA hadde lege lågt i saka så langt, og det var ikkje planar om demonstrasjonar eller aksjonar av noko slag. Ein talsmann for *Alliansen for kinesarar frå Hong Kong*, Andrew Au, sa at dei for sin del oppmoda om at saka vart løyst gjennom forhandlingar.

Den forsiktige, nøytrale linja til USA vart svært dårleg mottatt i det nasjonalistiske miljøet i Hong Kong. Organisasjonar som *123 Demokratisk allianse* og *Sambandet for demokrati og folkets levekår* arrangerte demonstrasjonsmarsjar til det amerikanske konsulatet. Alliansen ville sende ein delegasjon til Washington DC og New York for å snakke med kongressrepresentantar og tenestemenn i SN. Dei ville mellom anna appellere til USA om å nekte Japan plass i Tryggingrådet i SN. Leiaren for *Den demokratiske alliansen for eit betre Hong Kong* (DAB), Tsang Yok-sing, sa at det var USA sitt mistak som i første omgang gav Japan høve til å okkupere øyane, og no prøvde amerikanarane berre å reinvaske seg. Ein av leiarane i *Aksjonskomiteen for vern av Diaoyu-øyane*, Albert Ho Chun-yan, sa at den amerikanske fråsegnen var av det luftige slaget: “USA burde avgjort ta skulda for den ulovlege overføringa av øyane til Japan, men no har dei ingenting med saka å gjere.” DAB gjekk eigentleg inn for ein langsiktig boikott av japanske varer, men ville nøye seg med ei oppmoding til butikkane i Hong Kong om ikkje å selje japanske varer på den 18. september, datoen for Japans invasjon av det nordaustlege Kina.

Viseadministrerande direktør i nyhendebyrået Xinhua, Zheng Guixiong, tok det litt rolegare. Han sa at herredømet over øyane ikkje var påverka av USAs fråsegn, og at øyane hadde vore kinesisk territorium sidan gamal tid. Dåverande guvernør for Hong Kong, Chris Patten, fann det ikkje rett å kommentere saka. (HKS 10.9.96, 11.9.96, 12.9.96, 13.9.96)

Taiwan markerer ei sjølvstendig linje

Ein skulle kanskje vente at Taiwan og Kina ville gjere felles sak mot Japan. Men så enkelt var det ikkje. På Taiwan vart disputten om Diaoyu overskygga av den pågåande krisa “over Stretet”, og diskusjonen om kinesisk sameining kontra taiwansk uavhengnad. Vi ser altså

konturane av ein trekantduell mellom Taiwan, Kina og Japan. Stilt overfor krav om å gjere felles sak med Beijing, gjorde Taiwans utanriksminister John Chang det klart at det her var tale om Republikken Kinas suverenitet, og at Taipei kunne handle på eiga hand og ikkje trong å blande inn kinesiske kommunistar for å komplisere saka.

For Taiwan hadde Diaoyu-saka to viktige sider som gjorde ein allianse med fastlandet lite strategisk lurt. For det første var dette eit framifrå høve til å vise seg fram som ein sjølvstendig aktør, for det andre kunne saka utnyttast til politiske mål langt ut over eigedomsretten til dei forblåste steinmassane langt ute i havet.

Ved å framstå som ein sjølvstendig aktør, og ved å understreke skiljet mellom Republikken Kina og Folkerepublikken Kina, ville Taipei prøve å stå fram for omverda som ei legitim regjering. Omvendt ville ein bli oppfatta som ein del av Kina om ein gjorde felles front med fastlandet mot Japan. Sett frå Taiwan si side ville dette gi ein stor propagandasiger for Beijings standpunkt om “eitt Kina”.

For dei politiske kreftene på Taiwan som arbeider for uavhengnad frå Kina er dette spørsmålet sett som viktigare enn det å vinne fram i striden om Diaoyu. Eit døme på dette er Det demokratiske framstegspartiet (DDP⁹⁹), som arbeider for full taiwansk uavhengnad av Kina. DDP har gått ut mot dei som ønska å drive Japan bort frå Diaoyu, ut frå det synet at ein konflikt med Japan vil sende Taiwan rett i armene på Kina. Partiet har argumentert med at konflikten må utnyttast til å kome i dialog med Japan. Sjølv om kontakten ville bli på lågt nivå, kunne dette sjåast på som ein diplomatisk siger for Taiwan.

Særleg kritiserte DDP høgreorienterte grupper som var for uavhengnad av Kina samstundes som dei planla aksjonar mot Japan. I følgje DDP var dette heilt meiningslaust, då slike aksjonar reduserte sannsynet for taiwansk uavhengnad, både fordi Kina kunne nytte høvet til å involvere seg, og fordi Taiwan mista eit sjeldan høve til samtalar med Japan. DDP avviste derfor eitkvart samarbeid med Kina i denne saka. Også blant dei kreftene på Taiwan som var for sameining med fastlandet, t.d. i Det nye partiet, var det dissens i spørsmålet om å delta i dei høgreorienterte gruppene sine aksjonar.

Slik DDP såg det, ville tosidige drøftingar mellom Japan og Taiwan kunne føre til ein avtale om fiske som ville sette Kina på sidelinja. Dette ville svekke Kinas krav både på Diaoyu og Taiwan. DDPs syn er at Diaoyu-øyane tilhøyrrer Taiwan, og ikkje Kina. Om dette kravet ikkje førte fram var partiet villig til å diskutere samarbeidsselskap med Japan for å utvinne ressursane på øyane. I midten av september 1996 melde ein talsmann for regimet på Taiwan at Japan hadde sagt seg villig til å diskutere konflikten om Diaoyu-øyane. Temaet skulle takast opp under dei planlagde samtalanene om fisket rundt øyane månaden etter. (HKS 11.9.96, 18.9.96)

Nye utdrag frå pressa i Hong Kong

Saka var stadig oppskrudd i pressa, og *Sing Tao* var blant dei meir aggressive avisene. Avisen skreiv at om ikkje Japan tok affære og reiv ned fyrtårnet, måtte Beijing og Taipei kome seg forbi pratestadiet og gjere noko meir aktivt, for noko kompromiss i denne saka kunne ikkje kome på tale. Sør-Korea vart framheva som eit godt føredøme i så måte:

“Sør-Korea har vore involvert i ein territorialkonflikt med japanarane. Landet kasta ikkje bort noko tid med snakk, men demonstrerte si militærmakt. Sør-Korea gjennomførte militærøvingar på dei omstridde øyane, og sende med dette ei utvetydig melding til japanarane om at dei ville kjempe for landet sitt.

Idet vi rir høgt på nasjonalistbølga, burde ikkje Taipei og Beijing nøle lenger. Vi må støtte opp orda våre med konkrete handlingar for å forsvare territoriet vårt, og ikkje ein tomme land må tapast.” (Sitert frå HKS 12.9.96)

⁹⁹ The Democratic Progressive Party

På den meir moderate sida fann vi framleis *Ming Pao*, men også denne avisa skjerpa tonen. *Ming Pao* viste til dei sterke reaksjonane i Sør-Kina og blant kinesarar over heile verda, og frykta for stabiliteten i området om Kina heldt fram med sin låge profil i saka:

“Det er ønskeleg for kinesarane og resten av Asia at japanarane stoppar sin grådige måte å handle på straks. Om vi ser bort frå nokre få høgreekstremistar som står mot kinesarane, er dei fleste japanarane villige til å leve i fred med kinesarane. Vi skulle ikkje prøve å fyre opp under ei meiningslaus anti-japansk stemning, men det er ikkje rom for vike tilbake for etterkomarane av den japanske militarismen.” (Sitert frå *HKS* 12.9.96)

Mellom desse to ytterpunkta finn vi *Oriental Daily News*. Denne avisa meinte at Japan måtte ha planlagt sin handlemåte nøye, og at landet brukte sivilistar som hjelp til å “stele og okkupere Diaoyutai-øyane”:

“Den japanske regjeringa har sagt at ho ikkje var involvert i, og ikkje har støtta, aksjonane til høgregroppene. Slike påstandar er det totale nonsens. Landets kystvaktskip klarte å stenge ute skip frå Hong Kong og Taiwan, medan skip frå Japan kom rett gjennom til øyane.

Det er fornuftig av den kinesiske regjeringa å halde ein låg profil sidan Diaoyutai-øyane ikkje er den einaste diplomatiske saka i forholdet til Japan. Det beste ville vere om konflikten kunne løysast gjennom diplomatiske kanalar. Men den kinesiske regjeringa burde styrke posisjonen sin inntil dei japanske væpna styrkane forlèt øyane og alle bygningane på øyane er øydelagde.” (Sitert frå *HKS* 12.9.96)

Første avis i Kina til å gi saka stor omtale: *GD - HK Information Daily*

Den første avisa inne i Kina som hadde omfattande reportasjar om Diaoyutai-saka var *Guangdong - Hong Kong Information Daily*, ei næringslivsavis som kjem ut i Guangzhou. Dette er spesielt interessant for undertekna, som var “Europakorrespondent” nettopp for denne avisa i to periodar i åra 1994-98. Datoen var laurdag 14. september 1996, og avisa gav saka eit stort oppslag med $\frac{3}{4}$ av førstesida og mange reportasjar inne i avisa.

Det oppsiktsvekkande var vel *at* det skjedde, ikkje akkurat innhaldet i reportasjane, som var eit ekko av det t.d. avisene i Hong Kong alt hadde skrive:

- I ei overskrift heitte det at “Diaoyu-øyane tilhøyrer oss”
- Japan var skulda for å vere hegemonistisk, og vart nok ein gong minna om innsatsen sin under den andre verdskrigen
- “Vi burde lære Japan korleis ein god nabo oppfører seg,” heitte det i ein redaksjonell artikkel

Redaktøren for *GD - HK Information Daily* sa at han ikkje hadde fått nokre åtvaringar frå Beijing på grunn av oppslaget, og frykta heller ikkje for negative konsekvensar for avisa. Han meinte det var viktig å få fram folks kjensler, også på fastlandet, i denne saka. Sjølv om folk i Guangzhou ikkje hadde sett i verk protestaksjonar, var dei svært opptatt av denne saka, og var sterkt i mot den japanske militarismen, sa redaktøren. (*Guangdong - Hong Kong Information Daily* 14.9.96; *HKS* 18.9.96)

Kjempedemonstrasjon i Hong Kong

Søndag den 15. september marsjerte 12.000 personar i regn og vind gjennom gatene i Hong Kong i protest mot Japans krav på Diaoyu, den største anti-japanske demonstrasjonen

nokosinne i byen¹⁰⁰. Demonstrasjonen retta seg også mot dei to kinesiske regjeringane, som ein meinte for passive i konflikten. Under den 2 ½ timar lange marsjen kunne ein sjå taiwanske nasjonalistflagg side om side med flagg frå fastlandet.

Demonstrantane viste sin avsky mot Japan ved å brenne eit japanske militærflagg under taktfaste rop: “Brenn, brenn, brenn, ...”. Då leiaren for *Aksjonskomiteen for vern av Diaoyu-øyane*, Tsang Kin-shing, heldt opp det brennande flagget, minna viseformannen i Det demokratiske partiet, Dr. Yeung Sum, den oppglødde folkemengda om at dei var fredselskarar, og at dei ikkje måtte la raseriet sitt gå ut over japanarar i Hong Kong. Yeung vart nok litt uroa over den hatske stemninga.

Etter marsjen samla demonstrantane seg i Victoria Park. Til stades var representantar frå Kina, Taiwan, Macau og Hong Kong. Det vart avspelt kinesiske nasjonalsongar, og det vart halde nokre korte talar. Krav om at fyrtårnet på Diaoyu måtte øydeleggast var sett fram på nytt. Assisterande direktør i nyhendebyrået Xinhua, Zhu Yucheng, sa at styresmaktene i Kina støtta demonstrantane. Det kom ikkje på tale å gi frå seg ein tomme kinesisk land, sa han, og viste til den skarpe offisielle kinesiske protesten og at Beijing hadde starta forhandlingar med den japanske regjeringa.

Tsang Kin-shing kritiserte regjeringa i Kina for å ha arrestert Diaoyu-aktivisten Tong Zeng. “Kvifor drep hæren vår sitt eige folk?”, sa han opphissa. No var dette noko overdrive, Tong var i alle fall fysisk uskadd. Den offisielle versjonen var at han var sendt på eit oppdrag i Lanzhou, som ligg 3000 km frå Beijing. Derfrå ringte han kona si og sa han var i fin form. Men at regjeringa i Beijing ikkje ville ha noka ukontrollert nasjonalistisk oppblomstring, og at dei såleis tok sine forholdsreglar, var jo rimeleg klart.

Formannen i Det demokratiske partiet i Hong Kong, Martin Lee, sa at det kinesiske folket hadde demonstrert sin kjærleik til fedrelandet: “Vi ønskjer å sjå at Kina forsvarer territoriet sitt og tvingar den japanske regjeringa til retrett.”

Sing Tao skreiv at kinesarane på denne måten hadde demonstrert sin faste vilje for heile verda, og gitt japanske ekspansjonistar ei åtvaring. Også *Ming Pao* hadde no skrudd opp nasjonalistkranane:

“Vi har demonstrert for verda vår kinesiske nasjonalistiske ånd, og patriotismen hos folket i Hong Kong under dei siste dagane av koloniveldet. Og vi håpar at vår patriotiske ånd vil få regjeringane på begge sider av Taiwan-streket til å forpurre det japanske forsøket på å okkupere vårt land. ...

Vi kan ikkje tillate historia å gjenta seg sjølv. Vi kan ikkje tolerere at den japanske militarismen reiser sitt stygge hovud igjen.” (Sitert frå *HKS* 17.9.96)

Det var ikkje berre i Hong Kong det var demonstrasjonar. I Macau var det anti-japanske opptog der det vart ropt slagord og sunge patriotiske kinesiske songar. Og i Taipei vart eit japansk varehus omringa av nasjonalistar som oppmoda om boikott av japanske varer.

Hong Kong Standard åtvara Japan mot å ta for lett på desse signala frå ulike kinesiske samfunn. Sjølv om høgreekstremistane som sette opp fyrtårnet hadde handla på eiga hand, meinte avisa at regjeringa i Japan måtte ta hendingane meir på alvor:

“Det er kanskje sant at ein boikott på ein dag ikkje lagar riper i Japans overoppheta økonomi. Det er kanskje også sant at dei japanske høgreekstremistane som utførte denne tåpelege handlinga var private borgarar. Men Tokyo gjer lurt i å lytte til dei rasande ropa som kjem frå Hong Kong, Taipei og Macau.

Japanarane må innsjå at ein vedvarande og forlenga boikott av japanske varer ville verke om han fekk støtte frå alle kinesarane i regionen. Det kinesiske folket har sterke kjensler i denne saka. Dette er eit spørsmål om suverenitet. Dei [kinesarane] har også ein aukande økonomisk innverknad i heile Asia. Og det er noko Japan ikkje kan ta lett på.” (*HKS* 16.9.96)

¹⁰⁰ Talet på deltakarar i demonstrasjonen varierte frå 10.000 i den moderate avisa *Ming Pao*, via 12.000 i *Hong Kong Standard* til 20.000 i *Sing Tao*.

“Nedkjøling” av aktivistar i Kina

Styresmaktene i Kina prøvde å roe ned demonstrasjonsiveren, både ut frå ei generell frykt for sosial uro og det at 65-årsdagen for Japans siste invasjon av Kina nærma seg. Tre studentar som søkte om løyve til å halde ein offentlig protest mot Japan vart eskortert tilbake til Beijing Universitet, og fekk beskjed av politiet om å halde seg rolege. “Søknaden vår vart avslått – politiet tykte vi vart for ekstreme,” sa ein av studentane.

Ein lærar ved Beijing Universitet sa at kommunistpartiet ved universitetet hadde bedt om at ein snakka med studentane og roa dei ned. Han sa at denne saka hadde hissa studentane kraftig opp. Også på andre universitet og høgskular hadde liknande meldingar frå Kommunistpartiet gått ut. Det viste seg at dette kunne tilbakeførast til eit internt partiskriv, der president Jiang Zemin gav ordre til tenestefolka ved universiteta om å hindre at studentane demonstrerte på grunnlag av Diaoyu. Særleg vart det gitt beskjed om å vere på vakt i Beijing og Shanghai. Jiang appellerte kinesiske ungdommar om å halde seg rolege, og skreiv at saka vart best handtert gjennom diplomatiske kanalar. Han roste studentane for deira patriotisme, men la til at stabilitet og einskap var det viktigaste for regjeringa og folket no.

Ei anna kjelde, som *Hong Kong Standard* viste til, sa at saka vart diskutert av studentane, mellom anna på interne datanett. Ein kraftig ordbruk indikerte at sterke kjensler var i sving. Tidlegare i september hadde studentar ved Fudan Universitet i Shanghai hengt opp plakatar med åtak på Japan, og det vart også framført kritikk mot den kinesiske regjeringa for å opptre for svakt i konflikten. Ein student ved Qinghua Universitet sa dette:

“Politiet burde la studentar gå i tog slik lova seier. Kvifor skal vi halde munn når folka i Hong Kong og Taiwan uttrykkjer raseriet sitt gjennom demonstrasjonar?” (HKS 16.9.96)

Demonstrasjonar av den typen som fann stad i Hong Kong og Taiwan vart altså hindra i Kina. I kinesiske media fekk likevel saka større og større omtale utover hausten 1996. Dei offisielle kommentarane frå Kina vart også tøffare og tøffare. I ein kommentar frå Xinhua i midten av september heitte det at “handlingane, som utfordrar Kinas høgtidelege og rettferdige representasjon [på øyane], kan ikkje unngå å vekke indignasjon i det kinesiske folket”.

Ei Kina-vennleg avis i Hong Kong, *Wen Wei Po*, kopla kinesiske militærøvingar i Gobiørkenen til Diaoyu-konflikten på ein slik måte at lesarane kunne få inntrykk av at Kina no hadde demonstrert si evne til å ta øyane med makt. Ei rad ekspertar, også vestlege, som *Hong Kong Standard* hadde vore i kontakt med, tok sterk avstand frå ei slik tolking av militærøvingane. Når Kina hadde streva for å kjøle ned opphissa kjensler i forholdet til Japan, var det usannsynleg at ein sette i gang øvingar som kunne drive temperaturen oppover igjen. Mest sannsynleg var koplinga kokt i hop av ein redaksjon som følte dei måtte bringe noko stoff om “aktiv handling” vidare til lesarar i Hong Kong som var rasande på Japan, og som sikkert hadde “plaga” redaksjonen med kritiske spørsmål i så måte. (HKS 16.9.96, 17.9.96)

Sjølvmordsgrupper og planar om ekspedisjon til Diaoyu

Nokre av dei ivrigaste nasjonalistane på Taiwan og i Hong Kong sysla med tankar om å sende ei sjølvmordsgruppe til Diaoyu for å sprengje fyrtårnet i lufta. Ideen vart lansert av ei gruppe forbrytarar på Taiwan. *Hong Kong Standard* intervjuar fleire som både støtta planane og som sjølv var villige til å delta i sjølvmordoppdrag for å gi japanarane ein lærepenge. Blant dei intervjuar var personar med militær utdanning, krigsveteranar og politikarar. Leiaren for eit privat rehabiliteringssenter for kriminelle på Taiwan, Tung Nie-tai, forklarte bakgrunnen for planane slik:

“Vi lanserer oppdraget ut frå kjærleik til landet vårt, så vi håpar at regjeringa ikkje blandar seg inn.” (HKS 16.9.96)

Ching Chien-shou frå Det nye partiet på Taiwan sa at han støtta intensjonane til sjølvmoordsgruppa. Hans parti var for alle tiltak for å få øydelagt fyrtårnet og stoppe den japanske aggresjonen.

I Hong Kong hadde ei gruppe som kalla seg *Alliansen av kinesarar over heile verda for vern av Diaoyu-øyane* skaffa seg båt for å reise til dei omstridde øyane i september. Dermed ville dei kome ei anna gruppe med eit liknande namn i forkjøpet; *Aksjonskomiteen for vern av Diaoyu-øyane* hadde nemleg planlagt ein slik tur i oktober. Alliansen hadde leigd ein båt for 300.000 HK\$ i 15 dagar, og ville gjere to turar til Diaoyu i løpet av denne perioden. Dei søkte etter 50 aktivistar til å delta på turen. Alliansen hadde planlagt turen sidan juli, men hadde klart å halde planane hemmelege til dei hadde løyst alle “tekniske problem”, sa formannen for alliansen, David Chan Yuk-cheung. Chan avviste at dei på denne måten stilte aksjonskomiteen i skuggen, og sa at dei to organisasjonane kunne arrangere felles ekspedisjonar seinare. Ein representant for aksjonskomiteen, Tsang Kin-shing, sa at han støtta turen til alliansen. “Jo meir, dess betre,” meinte han.

Chan ville elles ikkje gå ut med detaljar om kva dei skulle gjere på øyane, då dette ikkje ville vere særleg lurt. “Berre følg med på det vi gjer,” sa han. Når skipet i løpet av kort tid kom til Hong Kong skulle pressa inviterast om bord. Ein annan representant for alliansen, Tommy Tong Chi-yuen, sa at om Japan brukte makt mot dei, ville heile verda vere tilskodarar. Alliansen hadde dessutan leigd ein annan båt, som skulle køyre rundt på hamna i Hong Kong og blåse i signalfløyta på 65-årsdagen for Japans siste åtak på Kina.

Skipet som skulle føre aktivistane ut til Diaoyu var ein 2.800 tonn stor lastebåt, og hamnestyresmaktene i Hong Kong sa at ein slik lastebåt ikkje kunne ta med meir enn 12 passasjerar. Dermed kunne skipet risikere å ikkje få løyve til å forlate hamna. Ein talsmann for hamnestyresmaktene sa at det var større krav til passasjerbåtar enn til lastebåtar, og at godkjenning derfor kunne bli eit problem. Men han understreka at han berre var opptatt av tryggleiken til dei som skulle vere med på turen.

Frå Kina vart det sagt at Japan måtte ta sin del av ansvaret for det som no var i ferd med å skje, sidan dei i første omgang ikkje hadde hindra dei militante japanske aktivistane i å gå i land på øyane. Men ideen om å sende kinesiske aktivistar til øyane vekte ikkje den store åtgaaumen. Talsmann for utanriksdepartementet i Kina, Shen Guofang, sa at situasjonen rundt Diaoyu-øyane var så vidt komplisert at ein burde vise varsemd. (HKS 16.9.96, 17.9.96, 18.9.96)

Forslag om militærallianse mellom Kina og Taiwan

Bernard Fong i *Hong Kong Standard* åtvara mot “nokre journalistar som med froda om munnen ropte på handling”:

“Rett-tenkjande folk har frå dei mellomalderske krossferdene til våre dagar aldri slutta å la seg forføre av krigsromantikk, sjølv om føremålet med krigen ikkje har vore noko anna enn å sameina ein spesiell rase og desimere ein generasjon. Om det finst ein konflikt som ikkje bør kjempast, er det den som no tårnar seg opp over Diaoyu, og som blir haussa opp av media på sitt mest uansvarlege.” (HKS 17.9.96)

Fongs analyse av situasjonen gjekk kort sagt ut på følgjande: Slik som styrkeforholda var no ville ikkje Kina og Taiwan, korkje kvar for seg eller samla, ha nokon realistisk sjanse til å ta kampen opp med den japanske forsvarsstyrken, som hadde det nest høgaste budsjettet i verda etter USA, og overlegen marineteknologi. Dessutan hadde dei slue japanarane hinta om at dei hadde USA i bakhand om det skulle hardne til. Det var jo i amerikansk interesse at Japan

heldt oppsyn med Russland nordover og Kina sørover, og det var jo USA som i si tid hadde overlevert dei omstridde øyane til Japan. Som om ikkje det var nok, hadde Japan kjøpt seg avlat ved å gi Kina gode lån og Taiwan ein stor marknad.

Den einaste fornuftige for Kina var derfor å forhandle med Japan. Men Fong peika på at ein måtte forhandle ut frå styrke, ikkje veikskap. Av moment som kunne styrke Kinas forhandlingsposisjon nemnde han:

- Kina er fast medlem i Tryggingsrådet i SN, og om Japan vil ha eit tilsvarande sete, treng landet Kinas støtte
- Japan har andre territoriale krav med motsett forteikn, t.d. dei fire Kuril-øyane som russarane tok etter andre verdskrigen. Her ville også Japan kunne trenge kinesisk støtte
- Japan kan ikkje i det uendelege trassa ønskja og håpa til 1,3 milliardar naboar i vest
- Forslag om at Kina og Taiwan måtte slå seg saman og danne ein militær allianse for å skape ei betre motvekt til alliansen Japan - USA

Med det siste meinte ikkje Fong at ein skulle gå til krig, alliansen mellom Kina og Taiwan skulle berre auke forhandlingsstyrken. Men som vi alt har vore inne på, fanst det sterke krefter på Taiwan som ikkje såg seg tende med ein allianse med Kina, slik at dette i praksis var lite sannsynleg. (HKS 17.9.96)

65-årsdagen for Japans invasjon av Kina

Som ein kunne vente, kom det ein ny topp i dei anti-japanske markeringane på 65-årsdagen for Japans siste invasjon av Kina. Denne invasjonen er datert til 18. september 1931, då japanske troppar i Mandsjuria provoserte fram ei hending som gav Japan det påskotet dei trong for å okkupere heile Mandsjuria.

På denne uhyggelege minnedagen nådde altså protestane mot Japan nye høgder i Hong Kong, Taipei og Macau. Nytt denne gongen var rapportar om liknande demonstrasjonar i Guangzhou, og at Kinas væpna politi¹⁰¹ hadde ei markering der dei fordømte Japans okkupasjon av Diaoyu. Vakthaldet rundt den japanske ambassaden i Beijing vart styrka i frykt for at studentar skulle gå for langt i sine protestar.

I Hong Kong vart to demonstrantar frå *123 demokratisk allianse* skada då tryggleiksvakter kasta dei ut av eit Se-go-varehus. Dei to hadde prøvt å oppmode folkemengda om ikkje å kjøpe japanske varer. Aktivistar frå andre grupper storma varehuset, song patriotiske songar og ropte slagord som fordømte Japan. Det var heller ikkje mykje fred å få på det japanske konsulatet i byen, der det var ein jamn straum av ulike grupper som framførte protestrop og overleverte underskriftslistar. Ca 500 menneske, mange av dei fiskarar, vifta med oppblåste plastikkhaiar påklistra det japanske flagget. Om kvelden var det 6.000 som deltok i ein stearinlysprosjon, og nøyaktig klokka 9.18 var det eitt minutts stille.

I Taipei møtte ca 200 demonstrantar opp utanfor Japans representasjonskontor. Dei brente japanske flagg, kasta egg og prøvde å trenge seg inn på kontoret for å overlevere eit brev. Det vart også kasta stein mot politiet, og ein tenestemann vart skadd.

Trass enkelte mindre episodar, vart ikkje dei blodige Diaoyu-demonstrasjonane i 1971 gjentatt i 1996. *Hong Kong Standard* understreka at dei fleste demonstrantane ikkje var romantiske og overdramatiserande studentar, men modne kvinner og menn som ville markere misnøye med dei ulovlege handlingane til dei høgreekstremistiske gruppene i Japan. Avisa oppmoda dei japanske leiarane til ettertanke:

¹⁰¹ Ein paramilitær organisasjon

“No er tida inne for refleksjon i Japan. Vi er klar over at tenestemenn i Tokyo insisterer på at landets leiarskap ikkje var involvert i Diaoyu-affæren. Kanskje ikkje. Men ingenting av dette hadde hendt om den japanske regjeringa hadde hindra den høgreorienterte Ungdomsføderasjonen i å sette opp fyrtårnet.

Dei offisielle tenestemennene i Tokyo må lytte til koret av fordømming frå Hong Kong og andre kinesiske samfunn. Ikkje noko land har monopol på visdom, og det er berre gjennom å dele erfaringane sine med kvarandre, og å lytte til legitime protestar, at konfliktar kan unngåast og verda kan bli gjort til ein betre og lukkelegare plass.” (HKS 19.9.96)

I ein redaksjonell artikkel gjekk *Hong Kong Standard* vidare inn på forholdet mellom Kina og Japan, som til tider har vore vanskeleg. Redaktøren oppmoda partane om å legge fortida bak seg og sjå framover:

“Sjølv om dette vanskelege forholdet er forståeleg, har tida kome for å gløyme fortida. Vi går inn i eit nytt tusenår der vi, vonleg, får ei ny verdsordning der alle nasjonane lever i fred med kvarandre, og frihandel blir praktisert over heile verda.” (HKS 19.9.96)

Avisa kritiserte Tokyo for at dei ikkje hadde gitt sitt bidrag til at kinesarane kunne gløyme fortida og tilgi japanarane for hendingane i 30- og 40-åra. Frykta for framvekst av ein ny japansk militarisme var stadig til stades i Kina, og *Hong Kong Standard* oppmoda Japan om straks å starte arbeidet med å ta vekk grunnlaget for denne frykta.

Sing Tao peikte på at dei nasjonalistiske kjenslene framleis var sterke i Kina på grunn av den japanske okkupasjonen av Diaoyu-øyane. Avisa meinte at det som samla kinesarane i denne saka, trass i ulike utgangspunkt, var forsvaret av moderlandet mot den japanske ekspansjonismen. Vidare heitte det at Kina og Taiwan måtte gjere noko for å sette Japan på plass:

“For sekstifem år sidan hadde eit Kina utslått av flaumar og hungersnaud ingen sjanse til å ta opp kampen mot Japans mektige armé. I dag har Japan stige fram att som ei økonomisk supermakt, men militarismen løftar på nytt det stygge hovudet sitt i den stigande sols land, som er urokkeleg i spørsmålet om omdiskuterte landområde.

Kina og Taiwan er av politiske og økonomiske grunnar ikkje i stand til å samarbeide. Beijing og Taipei vil utsette problemet. Men det raseriet som kokar på grunn av det omstridde territoriet kan ikkje tøykast sjølv under press frå regjeringane. Om ikkje ei hardare linje blir ført mot japanarane kan Taipei og Beijing risikere å stå overfor eit utbrot som, når det er i gang, vil destabilisere nasjonane.” (Sitert frå HKS 19.9.96)

Dagen etter understreka same avis at den patriotismen som vart vist gjennom demonstrasjonane berre viste at folket i Hong Kong ikkje hadde gløymt at dei var kinesarar etter meir enn hundre års kolonistyre. Avisa presiserte at det var den framveksande japanske militarismen ein hadde markert avsky mot, ikkje japanarar generelt.

Oriental Daily News skreiv at 65-årsdagen for Japans krig mot Kina måtte minne einkvar kinesar om den skammelege historia og japanarane sin grådige natur:

“Ikkje berre nekta dei [japanarane] å be om orsaking for sine vonde handlingar, dei krov også herredømet over Diaoyu-øyane. Denne framferda er skammeleg. Vi oppmodar alle i Hong Kong om å boikotte japanske produkt på denne minnedagen. Sjølv om ein slik boikott ikkje rammar Japan økonomisk, er det effektiv måte å redusere Kinas skam på. Det er uheldig at Beijing og Taipei har oppmjuka tonen i forhold til japanarane. Tida er no inne for at dei vernar Diaoyu-øyane.” (Sitert frå HKS 19.9.96)

Dagen etter følgde *Oriental Daily News* opp med å skrive at sidan USA ikkje hadde noko standpunkt til kven som eigde øyane, ville landet truleg ikkje gripe inn militært i høve til forsvarspakta med Japan om det skulle kome til ein væpna konflikt om Diaoyu-øyane. Men avisa hadde likevel ikkje noka tru på at Kina ville ta øyane med makt, fordi vestlege media då ville framstille dette som ein invasjon. Det beste Kina kunne gjere no, var derfor å presentere

ei klar melding til Japan i det komande møtet mellom dei to landa sine utanriksministrar i Washington, meinte avisa.

Ming Pao skreiv at dei skamlause japanarane var på veg igjen, 65 år etter deira siste invasjon av Kina. Avisa stilte følgjande spørsmål til lesarane sine: "Er vi budde på å la historia gjenta seg sjølv?"

Sing Pao hadde lite tru på effektane av å boikotte japanske produkt, og peikte på at forhandlingar i kombinasjon med demonstrasjon av militær styrke var det som skulle til:

"Brushovud som har latt seg opphisse av dei svake reaksjonane frå regjeringane på begge sider av Stretet trur nok at sivil uro vil føre til handling. Det er deira val. Produkt frå Japan er billege og varige. Dei har vore viktige varer for lokalbefolkninga, og vi fryktar for at ein eventuell boikott av japanske produkt vil bli kortvarig.

Den beste måten å trygge Diaoyu-øyane på er gjennom diplomatiske forhandlingar og ei avgrensa framvising av militære musklar. Å sende ein marinestyrke for å rive fyrtårnet skulle ikkje by på store vanskar om viljen er til stades. Diplomati vil fungere berre om Japan går med på samtalar." (Sitert frå *HKS* 20.9.96)

Tidsskriftet *Asiaweek* skreiv at denne striden om nokre folkelause små øyar no hadde utvikla seg til ei internasjonal krise. Det at folk i Hong Kong og Taiwan utrusta ekspedisjonar med det føremål å rive fyrtårnet kunne føre til stygge konfrontasjonar, meinte magasinet. Og alt dette kunne ha vore unngått om Japan hadde sendt folk for å rive byggverket straks det vart oppdaga. *Asiaweek* skreiv vidare at ein forsto at regjeringa i Tokyo hadde ein indre opinion å ta omsyn til, men ein måtte ikkje kome dit at ei lite nasjonalistgruppe dirigerte landets politikk. Det var enno ikkje for seint for Japan å handle, meinte tidsskriftet:

"I 1978, under eit besøk i Tokyo, sa den kinesiske leiaren Deng Xiaoping at avgjerda om herredømet til Senkaku- /Diaoyu-øyane skulle overlatast til neste generasjon, som vonleg vil vere klokare og ha eit mindre kjensleladd forhold til krigen. Den ideelle løysinga for begge partar ville sjølvstøtt vere å forhandle fram ei ordning for å nøytralisere saka, og bli samde om å dele minerala, fiskeria og andre rikdommar som måtte vere i farvatnet. ...

Men dette kan ein ikkje få til så lenge kjenslene er sterke. Det minste dei to landa kan gjere er unngå situasjonar som kan piske opp stemninga endå meir. Som den noverande okkupanten, om ein kan bruke dette ordet om nokre øyar utan befolkning, må hovudansvaret for dette ligge hos Tokyo." (*Asiaweek* 20.9.96)

(*Asiaweek* 20.9.96; *HKS* 19.9.96, 20.9.96)

Kina prøver på nytt å dysse ned saka

Medan demonstrasjonane var som verst, vart det kjent at Kina ville prøve å overtale Japan til å sette saka tilbake på hylla. Frå kinesiske styresmakter vart det sagt at einkvar aksjon på dette tidspunktet berre ville bere bensin til bålet av raseri blant det kinesiske folket og øydelegge for landets samla interesser. Utanriksminister Qian Qichen sa at Beijing ville søke samarbeid med Tokyo for å få sett saka på ventelista. Det var ingen tvil om at Kina meinte at øyane var kinesiske, men for tida ville regjeringa prioritere arbeidet for stabilitet og utvikling av dei økonomiske banda med Japan.

Dette ville bli tatt opp med Japan i samband med eit møte Qian skulle ha med sin japanske motpart, Yukihiko Ikeda, under SNs generalforsamling seinare same månaden. Qian meinte det ville vere betre å utsette saka enn å presse på for å få ei rask forhandlingsløysing. Det japanske synet var elles at det, sett frå deira side, ikkje eksisterte nokon konflikt å diskutere. (*HKS* 19.9.96, 25.9.96)

Japansk avvising av kinesiske fartøy

Fem båtar frå Taiwan med aktivistar frå Taiwan og Hong Kong i tillegg til mange journalistar prøvde den 22. september å kome i land på Diaoyu-øyane, men vart hindra av japanske patruljebåtar. Bak forsøket sto *Aksjonskomiteen for vern av Diaoyu-øyane*, og turen var eigentleg planlagt å finne stad i oktober. Det var i alt 17 japanske kystvaktskip i området. To av aktivistbåtane sette på full fart mot øya med fyrstårnet, men måtte gi opp forsøket berre 100 meter frå land. Japanske kystvaktbåtar, grov sjø og ei steinete strandline gjorde det umuleg å nå land. Ingen skot vart losna under hendinga, og det var heller ingen direkte samanstøytar mellom båtar.

Ein reporter frå taiwansk fjernsyn sa at dei kunne sjå fyrstårnet og det japanske flagget på øya, og at alle ombord var prega av sterke kjensler i den augneblinken. Planen deira hadde vore å fjerne fyrstårnet og det japanske flagget, og heise det taiwanske flagget. Aktivistane frå Hong Kong hadde dessutan med seg det kinesiske flagget. “Neste gong skal vi klare det,” var gjennomgangsmelodien hos aksjonistane. Aksjonen vart sagt å ha vore ein stor suksess, og deltakarane lova å kome tilbake med fleire folk og fleire båtar. *Hong Kong Daily News* meinte likevel at heile ekspedisjonen var forhasta, og at ein hadde framskunda avreisa berre for å bli dei første kinesarane som kom seg i land på Diaoyu-øyane etter bygginga av fyrstårnet. Veret var også i dårlegaste laget for ein slik ekspedisjon, meinte avisa.

Det mislukka forsøket på å kome i land på øyane berre auka raseriet hos dei mest nasjonalistiske kinesarane på Taiwan, i Hong Kong og Macau. Det vart nye demonstrasjonar i Taipei der det vart nytta slagord som “Ned med japansk militarisme” og “Vern Diaoyu-øyane”. Eit bilde av den japanske statsministeren, Ryutaro Hashimoto, var festa til ein bil og piska gjennom heile marsjen.

Men desse stadige forsøka på å trenge gjennom den japanske forsvarsstyrken rundt Diaoyu-øyane ville sette Japans tolmod på prøve, og kunne skape farlege situasjonar. *Hong Kong Standard* gav følgjande bekymra kommentar til utviklinga:

“Vi meiner ikkje at Beijing skal gi etter for Tokyo. Vi foreslår visseleg ikkje at Kina skal gi opp sitt rettferdige krav på herredømet over desse øyane. Heller ikkje oppmodar vi dei som protesterer om å vike unna konfrontasjon.

Vi berre trur at konfrontasjonen burde ta ei anna form. Dette er ein konflikt som må løysast gjennom forhandlingar. I mellomtida må folk på begge sider vere varsame og ikkje sette i verk uvordne handlingar som kan eskalere disputten til eit nivå der det er ingen veg tilbake.” (HKS 24.9.96)

Kina oppmoda Japan om å ikkje provosere fram nye situasjonar i saka. Landet åtvara også Taiwan mot å forhandle med Japan om Diaoyu-øyane etter at Taiwans president, Lee Teng-hui, hadde sagt at han ville ta opp spørsmålet om herredømet over øyane med Japan. Den utanrikspolitiske talsmannen til Kina, Shen Guofang, sa at Japan måtte handle rasjonelt og stoppe aktivitetar som krenka kinesisk suverenitet. På spørsmål om kva Kina ville gjere om borgarar frå Hong Kong eller Taiwan vart skadde eller drepne, svara Shen at han ikkje ville spekulere i kva Beijing då ville gjere. Men han la til at det var Japans ansvar å garantere for at ikkje nye samanstøytar vart framprovoserte. Frå japansk side vart det sagt at det ikkje var noko spesielt med dei siste hendingane rundt Diaoyu. Det var rein rutine å gi åtvaringar til utanlandske skip som ikkje hadde noko der å gjere, og be dei forlate japansk territorium, vart det sagt. (HKS 23.9.96, 24.9.96, 25.9.96)

Utanriksministermøte i New York

Den kinesiske utanriksministeren Qian Qichen vart sagt å vere i eit foruretta lune då han møtte sin japanske kollega Yukihiko Ikedai New York. Bakgrunnen var framveksten av det kinesarane såg som militarisme i japanske politiske sirkular. Qian formidla på møtet Beijings

krav om at Tokyo måtte sette i verk “effektive tiltak” for å bøte på skaden som forholdet mellom dei to landa hadde vorte påført. Konkret tok han opp dei “illegale” gjerningane til dei høgreekstremistiske gruppene som danna opptakten til den noverande striden om Diaoyu-øyane.

I følgje Xinhua erkjente Ikeda at Japan måtte ta på seg ansvaret for dei lidningane landet vore årsak til under den andre verdskrigen. Når det gjaldt herredømet over Diaoyu-øyane, var det derimot ingen utsikter til kompromiss. På den positive sida kunne kinesarane likevel notere at Tokyo ikkje ville oppmuntre til fleire fiendtlege handlingar frå japanske nasjonalistgrupper.

Det var på dette tidspunktet kjent at Nihon Seinensha hadde søkt styresmaktene i Japan om offisiell godkjenning av byggverket organisasjonen hadde sett opp på dei omstridde øyane. Ei slik godkjenning ville bli oppfatta som ei ny fornærming av kinesarane, og Ikeda lova på møtet med Qian at dei ville tenkje seg nøye om under handsaminga av denne søknaden.

Sing Tao karakteriserte resultatet av møtet som skuffande for dei kraftpatriotiske kreftene som støtta Kina, då partane berre stadfesta sine velkjende krav på øyane. Avisa konkluderte med at Kina nok ein gong ville legge saka på hylla for løysing av framtidige generasjonar. Men så lenge Japan involverte seg i krigshandlingar som trua verdsfreden, meinte ein i *Sing Tao* at Kina burde blokkere landets forsøk på å bli permanent medlem av Tryggingrådet i SN. Dette synspunktet vart også hevda av *Sing Pao*. *Oriental Daily News* frykta at resultatet av møtet ville bli at medan Kina viste varsemd, ville Japan halde fram med sine politikk som gjekk ut på å demonstrere for omverda at øyane var japanske, og nye invasjonar frå den kanten var i vente når høvet baud seg. (HKS 26.9.96, 27.9.96)

Eit skip går ut frå Hong Kong

Søndag den 22. september segla den rustne og 32 år gamle tankaren *Kien Hwa 2*, nyleg omdøpt til *Bao Diao Ho* (vern av Diaoyu-øyane), ut frå Hong Kong med kurs for Diaoyu-øyane. Ombord var i alt 79 personar, av desse var 42 journalistar, eit mannskap på 19 og 18 aksjonistar frå *Alliansen av kinesarar over heile verda for vern av Diaoyu-øyane*. Aktivistane var “uniformerte” med raude hovudband og grønne T-skjorter med teksten “Vern av Diaoyu-øyane – kamp mot japansk militarisme”. Skipet hadde fått forlate hamna i Hong Kong etter ei mindre “ombygging” frå lastebåt til passasjerskip. Nokre containerar var bolta fast på dekk for å gi lugarplass, og båten var utstyrt med nok livbåtar og redningsvestar. Det var 200 menneske som hadde møtt fram på kaien for å vinke båten av garde. Planen var å fjerne fyrtårnet og det japanske flagget, og å heise Kinas flagg. Denne handlinga skulle markere at øyane var kinesiske.

Kaptein Ngai Lup-chee sa at dei ville vere framme ved øyane i løpet av to til fire dagar, avhengig av verforholda. Han sa at han ville prioritere den personlege tryggleiken til passasjerane sine. Elles hadde han dette å seie om oppdraget:

“Om den japanske marinen brukar makt, vil vi unngå direkte konfrontasjon ved å segle til andre øyar i nærleiken til det byr seg eit høve for gruppa til å kome i land på Diaoyu-øyane. ... Eg trur ikkje den japanske marinen vil gå til åtak på oss – vi er alle sivile. ... Eg er sikker på å fullføre oppdraget mitt – å storme øya og returnere trygt.” (HKS 23.9.96)

Leiaren for alliansen, David Chan Yuk-cheung, sa at aksjonistane var budde på det verste, og alle hadde signert ein avtale der dei tok ansvaret for si eiga personlege tryggleik. Eit kvart hundreår tidlegare hadde Chan som ung universitetsstudent i Hong Kong organisert protestane mot USAs overlevering av Diaoyu-øyane til Japan. *Sing Tao* nytta høvet til å oppmode Kina og Taiwan om å gi *Bao Diao Ho* eskorte av marineskip, men det vart det sjølv sagt ikkje noko av.

Dei første teikn på at dette skulle bli ein ulykksalig ekspedisjon viste seg alt på første del av turen, mot sørspissen av Taiwan. Det vart fort klart for dei medfølgjande journalistane at aksjonistane var svært dårleg budde på det som skulle skje. Ei kaotisk øving med nokre gummijoller og klatring i leidarar var nok til å vise det, og deltakarane måtte berre innrømme stoda: “Vi er ikkje hæren, men vi er fast bestemt på å verne herredømet vårt over øyane,” sa ein av aksjonistane. “Vi er mentalt klare, men teknisk og treningsmessig er vi ikkje klare,” sa David Chan. Dei nemnde jollene skulle brukast under sjølve landsettinga. Ein japansk kameramann, som følgde båten for nyhendebyrået Nihon Denpa, fekk ein del merksemd, og fleire gjekk ut frå at han var spion. “Kvar gong noko skjer kjem folk og spør meg kva eg trur, og eg har ikkje peiling,” sa kameramannen sjølv.

Kaptein Ngais framstilling av taktikken var heller ikkje heilt truverdig. Han meinte at skipet skulle snike seg opp mot øyane i ly av mørkret, og om dei var heldige, ville det vere eit skip i nærleiken som likna på *Bao Diao Ho*, slik at japanarane tok feil skip medan dei gjekk mot land. Ngai kunne også fortelje at dei måtte skifte kurs på grunn av ei planlagt militærøving med ekte skyts. Dette skulle vere meldt til fartøy i området over radio, men korskje Japan eller Taiwan kjende til, eller hadde planar om, øvingar i området. Den japanske kystvakta opplyste om at dei ville behandle *Bao Diao Ho* på korrekt måte når skipet nærma seg Diaoyu.

Etter som veret betra seg, steig optimismen om bord i *Bao Diao Ho*. Heime i Hong Kong var det demonstrasjonar utanfor det japanske konsulatet med krav om at dei japanske krigsskipa måtte forlate farvatnet rundt Diaoyu-øyane. Medlemmer av *Alliansen av kinesarar over heile verda for vern av Diaoyu-øyane* overleverte eit protestskriv til konsulatet få timar etter at *Bao Diao Ho* hadde hatt nærkontakt med fire japanske marineskip. Ein talsmann for alliansen, Lew Mon-hung, sa at sidan øyane var kinesiske, hadde dei japanske krigsskipa ingen rett til å hindre aksjonistane i å gå i land. Lew sa vidare at om ikkje japanarane fjerna seg frå øyane, måtte dei sjølve ta ansvaret for konsekvensane. Fru Hing Chan, kona til leiaren for alliansen, sa til pressa at ho støtta mannen sin i det han gjorde, samstundes som ho var bekymra for han. Ho appellerte til den kinesiske regjeringa om å verne dei som ville ta seg i land på Diaoyu-øyane.

Også medlemmer av andre protestorganisasjonar, som *Alliansen for demokrati og folks levekår*, *Felleskomiteen for vern av Diaoyu-øyane* og *123 demokratisk allianse*, demonstrerte utanfor det japanske konsulatet. Nokre prøvde å rulle egg inn i konsulatet – ei spesiell kinesisk helsing som tyder “kom dykk ut”. På Internett kunne ein no følgje hissige diskusjonar der mellom anna “dei japanske hundane” vart bedt om å forlate moderlandet. Det vart også oppmoda om boikott av Mitsubishi-selskapet, som “bygde mange av dei japanske krigsmaskinene”. (HKS 23.9.96, 24.9.96, 25.6.96, 26.9.96)

David Chans tragiske død

Overivrig nasjonalisme kan lett få eit komisk skjer over seg. Men saka tok ei tragisk vending då det torsdag den 26. september 1996 vart meldt at David Chan hadde omkome under ein hasardiøs demonstrasjon mot japanarane utanfor Diaoyu-øyane. Den opphavlege planen var å lure seg i land ved hjelp av gummibåtane, rive ned dei japanske byggverka og heise det kinesiske flagget. Denne planen måtte oppgivast då kaptein Ngai meinte det var uforsvarleg med ein slik aksjon i det dårlege veret. *Bao Diao Ho* var dessutan omringa av 20 japanske kystvaktfartøy, og hadde fem fly og eit helikopter over seg.

I følgje kapteinen gjorde dette Chan svært irritert. Han gav uttrykk for stor frustrasjon, han ville hoppe i sjøen for å vise japanarane at kinesarane gjorde det dei ville i kinesiske farvatn. Han fekk med seg fire andre aktivistar på dette, og dei hoppa i sjøen med ei line mellom seg

og tilbake til skipet. Denne lina meinte dei skulle gjere demonstrasjonen trygg; det var ingen sjølvmondsaksjon. Kaptein Ngai var i etterhand lei seg for at han hadde gått med på dette:

“Han [David Chan] var ingen god symjar, og reipet og livvesten var ikkje påsett på ein korrekt og tradisjonell måte. Det var mange ting som gjekk gale under desse forholda. Og som øvste leiar på skipet føler eg noko ansvar.” (HKS 27.9.96)

Under aksjonen hadde kapteinen senka farten så mykje han kunne, men han måtte halde skuta i gang for å manøvrere i forhold til dei japanske patruljeskipa. På grunn av desse manøvrane fekk han ikkje følgt med på kva som skjedde med dei som vart slepa etter skipet. Då det etter ein time gjekk opp for han at dei hadde problem, stoppa han *Bao Diao Ho* straks. Lina vart dregen inn att, men for David Chan var det diverre for seint. Han hadde prøvt å symje, men dei sterke bølgiene i kjølvatnet av båten hadde slått han i svime. Nokre andre demonstrantar prøvde å få liv i han med kunstig andedrett, men det gjekk ikkje.

Bao Diao Ho hadde korkje lege eller sjukepleiar om bord, noko som vart sterkt kritisert i etterhand. Paradoksalt nok måtte demonstrantane derfor appellere til japanarane om hjelp. Japanarane forsto alvoret og kom så fort dei kunne, men i samband med drukningsulykker er minuttane som kjent dyrebare. To japanske legar som vart fira ned frå eit helikopter kunne etter ein halv time berre konstatere at David Chan var død. Mannskap og aktivistar omfamna kvarandre i gråt over den sørgjelege hendinga. Chan etterlet seg kone og to små barn. Av dei fire andre aktivistane som hoppa uti var tre i fin form, medan ein vart berga av japanarane og sendt til eit sjukehus på Okinawa. Chan vart dagen etter sendt heim til Hong Kong drapert i det kinesiske flagget han skulle ha heist på øya. (HKS 26.9.96, 27.9.96, 30.9.96, 2.10.96)

Reaksjonar på Chans død

Sorga var sjølv sagt stor i David Chans familie. Den yngste søstera hans, Lai-heung, hadde alt før avreise sagt at ho håpa det beste, men frykta det verste. No sa ho til pressa at brorens død ikkje var forgeves:

“Sjølv om resultatet var tragisk, bør vi vere glade på vegne av David, som fekk oppfylt sin draum – å gjere noko stort for landet. Av Davids død kan folk i Hong Kong lære kva mot er – vi bør møte framtida med mot og fleksibilitet framfor pessimisme. ... Eg hugsar enno at ein reporter skildra *Bao Diao Ho* som ei flytande likkiste. Men folk må hugse på at David ikkje fekk noko betre val – kvifor var ikkje nokon villige til gi avkall på nokre dagars forretningar og låne gruppa ein betre båt? Mange kunne ha gitt dei meir materiell støtte. Men nokre av desse kan ha tykt at David hadde gått for langt, og til med at han var dum. Eg for min del synest at David utførte sitt patriotiske oppdrag på ein god måte – i staden for å slutte seg til andre grupper eller å stole på politiske krefter på den andre sida [Taiwan], insisterte han på å sette båten ut frå Hong Kong.” (HKS 27.9.96)

Ingen av søstrene ville omtale David Chan som ein helt, då han berre hadde gjort det som alle gode kinesarar ville gjere; å stå opp for landet sitt. Dei ville heller ikkje klandre nokon for det som skjedde.

Meldinga om David Chans død kom som eit sjokk, ikkje berre for familien, men for alle som følgde med på aksjonane mot Japan. Sjølv om det hadde vore sterke demonstrasjonar nesten dagleg etter at det japanske flagget og fyrtårnet kom opp på dei omstridde øyane, var dette den første alvorlege skaden som vart rapportert. I ei meningsmåling utført på gata i Hong Kong kom det fram at alle var sjokkerte over det som hadde skjedd, og ein av tre respondentar meinte at Kina og Taiwan var heilt eller delvis ansvarlege. Men folkemeininga var klår på eit vesentleg punkt: Saka i seg sjølv var ikkje verd å døy for.

Styresmaktene på dei involverte stadane frykta tydeleg at hendinga skulle gi påskot til opptrapping av aksjonane. Hong Kong, Tokyo, Beijing og Taipei var alle samstemte i sine

appellar om ro, samstundes som det vart gitt uttrykk for sorg over det som hadde hendt. Her kjem eit lite utval av reaksjonar:

- Dåverande guvernør i Hong Kong, Chris Patten, sa at han hendinga hadde gjort han trist
- Xinhua sende ut ei melding til Chans familie der det vart gitt uttrykk for “djup sorg”
- *Aksjonskomiteen for vern av Diaoyu-øyane* gjorde det klårt at dei ville gjennomføre si nær føreståande protestreise til Diaoyu-øyane som planlagt
- Japans utanrikspolitiske talsmann, Hiroshi Hashimoto, oversende sine kondolansar over at Chan døydde, trass i at dei japanske legane hadde gjort sitt beste for å berge han. “Vi håpar inderleg at denne type hending ikkje gjentek seg,” la han til
- Den utanrikspolitiske talsmannen til Kinas, Shen Guofeng, kondolerte og slo fast at det er eit urokkeleg faktum at kinesarane målmedvite vil verne om suvereniteten over moderlandet
- Dr. Andrew Yip Wai-chun, president i offentleg tilsette legars foreining i Hong Kong, sa at han vart både trist og sjokkert då han fekk høyre om Chans lagnad. Men han sa også at farane ved aksjonen kunne ha vorte reduserte om dei hadde hatt med ein lege om bord

I Hong Kong vart det spekulert i kva som ville skje etter ulykka med Chan, og ein frykta ukontrollerte demonstrasjonar og at situasjonen skulle bli utrygg for japanarar i regionen. Ein forventa ei hardare linje mot Japan frå Kina si side, men militære aksjonar vart sagt å vere heilt usannsynlege. Truleg ville det finne stad hemmelege diplomatiske samtalar mellom Kina, Japan og Taiwan, meinte Paul Beaver, redaktør av *Jane's China and Northeast Asia Security Assessment*¹⁰². Om så ikkje skjedde ville situasjonen kunne forverre seg kraftig, sa han. (HKS 27.9.96)

Kina skjerper tonen

Dei ulike organisasjonane som arbeidde for kinesisk herredøme over Diaoyu-øyane, var på dette tidspunktet usamde i synet på Kinas rolle i saka. Tsang Kin-shing frå *Aksjonskomiteen for vern av Diaoyu-øyane* kritiserte både Kina og Taiwan for deira “mjuke” standpunkt:

“Om regjeringsleiarane i Kina og Taiwan hadde annonsert ein timeplan for å krevje Diaoyu-øyane tilbake, ville eg ha tagt stille og bedt om orsaking for mine grove fråsegner. Men akkurat no undertrykkjer Kina anti-japanske stemningar på fastlandet, medan Taiwans president Lee Teng-hui villig diskuterer fiskerettane åleine, utan å ta opp suverenitetsspørsmålet. ... Eg har rett til å kritisere ei regjering om ho tek feil. (HKS 30.9.96)

Andre protestgrupper meinte at ein måtte rette kritikken mot Japan, og ikkje mot Kina. Dei argumentere for ein felles front mot Japan. Talsmann for *Alliansen av kinesarar over heile verda for vern av Diaoyu-øyane*, Lew Mon-hung, frykta at for hard kritikk mot Kina ville kunne framprovosere hendingar tilsvarande dei som fann stad på Tiananmen i juni 1989. Formannen for *Alliansen for demokrati og folks levkår*, Fung Kin-kay, sa at Kina alt var i ferd med å ta eit sterkare standpunkt, og at kampanjen ikkje måtte utvikle seg til å bli ei rørsle mot Kina. Ein kampanjeleiar frå fastlandet, Tong Zeng meinte også at Kina snart ville ta hardare middel i bruk. Tong hadde samla inn 257 underskrifter på eit opprop som oppmoda Kina om å sende krigsskip til Diaoyu-øyane for å øydeleggje det illgjetne fyrstårnet.

¹⁰² *Jane's Information Group* er eit selskap som formidlar strategisk informasjon. Namnet skriv seg frå Fred T. Jane, som på 1880-talet tok til å registrere krigsskip.

Kritikken mot Kina kunne verke noko overdriven. Landet hadde trass alt formidla sine klare oppfatningar om saka til Japan gjennom dei vanlege diplomatiske kanalane. Kina hadde dessutan helde fire militærøvingar i løpet av den siste månaden, tre av dei i farvatn nær Japan. Teikn på ein tøffare tone frå Kina lét likevel ikkje vente lenge på seg. På ein tale halden på den kinesiske nasjonaldagen, 1. oktober, kom statsminister Li Peng med klare åtvendingar til Japan. Talen vart halden i Folkets Store Hall i Beijing, og til stades var prominente gjester frå inn- og utland. Li sa at ei lita gruppe japanske militaristar og høgreorienterte hadde med ein serie av aksjonar gjort stor skade på tilhøvet mellom Kina og Japan. Han understreka at “inga handling som sårar kjenslene til det kinesiske folket vil føre fram”. Kina hadde i følgje statsministeren oppnådd gode resultat ved å halde på sine prinsipp, motstå press og ved å “føre ein rettferdig og beherska kamp” når tida var inne for det. Li oppmoda Tokyo om å vere påpasseleg med å overhalde prinsippa for dei to landa sine diplomatiske band, for å tryggje “dei overordna interessene i relasjonane mellom dei to landa”.

Talen til Li Peng vart i *Hong Kong Standard* sett i samanheng med ein gryande nasjonalistisk tendens i Kina, som i følgje avisa kom til syne gjennom regjeringas stadige forsøk på å appellere til patriotiske kjensler både i innanriks- og utanrikspolitiske saker. Ein statleg radiosendar melde dessutan at viseutanriksminister Tang Jiaxuan hadde tatt opp David Chans dødsfall med den japanske ambassadøren, utan at nærare detaljar vart gjort kjende.

Samstundes var frykta for ukontrollerte demonstrasjonar like stor blant Kinas leiarar. Nyleg hadde ein søknad frå Tong Zeng om å halde ein demonstrasjon utanfor Japans ambassade i Beijing vorte avslått. Tusenvis av menneske hadde samla seg utanfor Folkets Store Hall under feiringa av nasjonaldagen, og tryggingstiltaka var skjerpa. Ein tenestemann med ansvar for saker som galdt Hong Kong og Macau, Wang Fengchao, bad folk om å ta det roleg under demonstrasjonane mot Japan. Men han hadde forståing for dei i Hong Kong som planla nye framstøytar mot Diaoyu-øyane:

“Vi forstår fullt ut patriotane frå Hong Kong som på ulike måtar uttrykkjer sitt standpunkt om å sikre statens suverenitet.” (HKS 30.9.96)

(HKS 30.9.96, 1.10.96, 2.10.96)

Minnehøgtid for David Chan

Dei mange ulike organisasjonane for vern av Diaoyu-øyane samla seg om å arrangere ei nattvake med stearinlys og andre markeringar til minne om David Chan. Ein forventa at 20.000 menneske ville møte opp i Victoria Park dei to timane minnehøgtida skulle vare. Natt til søndag etter dødsfallet viste det seg at folk i Hong Kong gjekk mann av huse for å gi Chan ei siste helsing. Heile 50.000 møtte opp på det tårefulle arrangementet. Mange hadde kinesiske flagg; nokre få taiwanske flagg var også å sjå.

Heile spekteret av politikarar frå Hong Kong var til stades og heldt appellar med rosande omtale av Chan. Det vart spesielt lagt merke til at Xinhua var representert ved ein assisterande direktør, Wang Rudeng. Dette var første gongen ein person frå det kinesiske konsulatet deltok i ein offentleg demonstrasjon i Hong Kong. Ein annan assisterande direktør i Xinhua, Zheng Guixiong, hadde i mellomtida gitt ein kommentar om at tryggleiken var den viktigaste vurderinga i ein kvar protest. “Folk må vere rolege og fornuftige, og framfor alt syte for at ikkje liva deira kjem i fare,” sa Zheng.

Talsmenn frå ulike organisasjonar var under nattvaka samstemte i sine åtak på den japanske regjeringa som ansvarleg for Chans død, og i sine forsikringar om at kampen skulle halde fram. Enka etter Chan og dei to barna sto også fram med minnetalar. Fru Hing Chan

lova å oppdra barna til å bli like modige kinesarar som faren. Dottera On-yin siterte eit kinesisk dikt og ønskte faren fred etter døden. Sonen sa:

“Pappa var svært glad i oss. Han tok oss med på sykkelturnar og på kino. Vi saknar han veldig. Eg skal lytte til han og vekse opp til å bli ein modig kinesar.” (HKS 30.9.96)

Ein 15 minuttars dokumentarfilm om Chans liv avslutta seremonien. Sjølv gravferda fann stad ei veke seinare, med relativt høge tenestemenn både frå Kina og Hong Kong til stades. Assisterande direktør i Xinhua, Zheng Gouxiong, uttalte følgjande:

“Han døydde i eit forsøk på å plassere det raude flagget til Kina med sine fem gygne stjerner på Diaoyu-øyane. Slik kjærleik til landet sitt fortener å bli heidra.” (HKS 7.10.96)

Sjølv om Chan på ingen måte var religiøs, bestemte familien hans at gudstenesta i samband med gravfrela skulle haldast i buddhistisk tradisjon. Lekamen hans vart kremert og fekk si førebels siste kvile på Sha Tin-kyrkjegarden i Hong Kong. Men familien søkte kinesiske styresmakter om løyve til å spreie deler av Chans oske rundt Diaoyu-øyane. (HKS 27.9.96, 30.9.96, 4.10.96, 7.10.96)

Tid for ettertanke i pressa?

Hong Kong Standard hevda i ein redaksjonell artikkel at tilbakeføring av Diaoyu-øyane til dei rette eigarane var ei sak verdt å ofre livet for, og dette blir forklart slik:

“Ved å seie dette meiner vi ikkje å oppmode folk til haste av garde og la seg bli drepane på grunn av nokre nakne småøyar i Aust-Kinahavet, heller ikkje at dei skulle ty til vold av noko slag i agitasjonen for tilbakeføring til Kina.

Men vi seier dette for å understreke at David Chan Yuk-cheungs dødsfall torsdag ikkje kom som eit resultat av ei sanselaus handling. Saman med andre aktivistar hadde han klatra av protestskipet ei nautisk mil frå øyane for å få fram det poenget at det kinesiske folket har rett til å opphalde seg i kinesiske farvatn. Det var ei modig markering, om ikkje ho var så veldig godt gjennomtenkt.

Folk frå Hong Kong, som er kjende over heile verda for si materialisme, kan no halde hovudet høgt i visse om at det finst menneske i deira midte som er budde på det høgaste offer for det dei trur på. I dette tilfellet trur dei på at moderlandet deira skal vere fullstendig fritt for utanlandske okkupantar. ...

Hong Kong-folk og kinesarar over heile verda vil helse denne modige mannen. Det er å vone at døden hans med tida vil bli rettferdiggjort. Men døden hans er også ei påminning om at det er fare knytt til slike protesteventyr. Hong Kong-folk er byfolk, og ukyndige i korleis ein overlever på det opne havet og i villmarka. Handling krev omtanke; skøyteløyse må ikkje bli ein del av verkemidla i protestaksjonane.” (HKS 27.9.96)

Ming Pao skreiv at ein ny fase i arbeidet med å verne om Diaoyu-øyane var starta etter vaka for David Chan. Men avisa åtvara mot utglidingar i aksjonane:

“Men demonstrasjonane mot japansk militarisme må gjennomførast på fredeleg vis. Vi må ikkje klandre uskuldige japanarar eller skade Hong Kongs økonomi og stabilitet, då desse representerer lovlydnaden og den sunne politiske fornuft hos folket i Hong Kong. Fredelege demonstrasjonar kan dessutan vise at påstandane i japanske media – som gjekk ut på at Hong Kongs aktivitetar på Diaoyu-øyane var ‘kjensleprega aksjonar’ – er det totale nonsens.” (HKS 30.9.96)

Sing Pao bad aktivistane om å ta vare på seg sjølv, og etterlyste meir handlekraft frå Kinas side:

“Sivile aksjonar for vern av Diaoyu-øyane er symbolske, derfor burde demonstrantane ta vare på liva sine. Det å kome nærare enn 12 mil frå Diaoyu-øyane er ei tilstrekkeleg markering av Kinas overherredøme, så aksjonistar bør ikkje prøve på risikable landsettingar. Etter dødsfallet til David Chan Yuk-cheung, har Kina styrka sitt standpunkt mot Japan, men dette er ikkje nok. Om den kinesiske regjeringa alltid tek i bruk munnlege protestar åleine, utan å gjere noko, vil japanske krigsskip okkupere øyane og Kina til sist miste dei.” (HKS 27.9.96)

Sing Tao meinte irrasjonelle aksjonar måtte hindrast for ein kvar pris, men hevda at Chan ikkje ofra livet forgjeves:

“Sinnet og sorga folk opplever må kontrollerast og brukast til å tvinge Japan tilbake til forhandlingsbordet.

... Chans fatale vågestykke har forskrekka kinesiske sjeler i heile regionen, og vil sannsynlegvis presse regjeringane på begge sider av Stretet til eit sterkare standpunkt i konflikten. Beijing har heva suverenitetsproklamasjonane til eit høgare diplomatisk nivå etter hans tragiske død, og handlingar i tråd med dette kan påreknast. På den andre sida her Taiwan bedt om samtalar med Japan om fiskeridisputten rundt Diaoyu-øyane denne veka.

Det er for tidleg å seie noko om Tokyo vil gi etter stilt til ansikt med hissigare motstand, men det er høgst sannsynleg at ein vil vurdere dette.

At Diaoyu-øyane høyrer til Kina er uomtvisteleg, men problem som stammar frå komplekse historiske hendingar kan ikkje løysast i løpet av nokre få forhandlingsrundar, heller ikkje vil militære tiltak hjelpe. Kjensleladde reaksjonar bør unngåast.” (HKS 1.10.96)

Ming Pao oppmoda om felles front mot Japan:

“Alle kinesarar i heile regionen opplever det same traumaet. Vi kan ikkje gløyme den traumatiske fortida, og vil ikkje stå uverksame når vi er vitne til at eit militaristisk Japan på ny gjer ein ekspansjonistisk framstøyt. Medan folk på begge sider av Stretet manglar høve eller vilje til å utrykkje sin angst, vil folk i Hong Kong stå opp og bere fakkelen for å vise verda vår faste vilje til å tryggje landet vårt.

Vi sameinar alle folk frå ulike politiske retningar for å kjempe under same banneret for den same saka, så vil no Beijing og Taipei slå seg saman og samarbeide ved å stå opp mot japanarane?” (HKS 1.10.96)

Oriental Daily News var inn på noko av det same:

“Det er ganske skuffande at regjeringane i Beijing og Taipei har halde fast ved ei mjuk linje. Det er faktisk David Chan som har ført an i rørsla for vern av Diaoyu-øyane i eit kvart hundreår.”

Derfor burde alle kinesarar i verda gjere felles sak mot den japanske militarismen og halde fram kampen for Chans draum. Vi vonar at landsettingsoperasjonen neste laurdag kan øydelegge det japanske flagget og fyrtårnet.” (HKS 1.10.96)

Nye anti-japanske markeringar

Dagen etter minnehøgtida for David Chan møtte ti demonstrantar frå Det demokratiske partiet opp på det japanske konsulatet for å overlevere ei symbolsk gåve. Løpesetlar frå nattvaka i Victoria Park var bretta til papirbåtar og knytte saman med eit snøre. Kunstverket skulle symbolisere den endelausa rekka av protestbåtar som ville følgje etter *Bao Diao Ho* til Diaoyu-øyane. Då japanarane ikkje såg seg i stand til å ta mot denne gåva, vart papirbåtane slengt rundt i lobbyen på konsulatet. Eit bilete av Chans sørgjande enke og barn vart dessutan limt fast på konsulatdøra.

Demonstrasjonen ved konsulatet markerte starten på ei aksjonsveke Det demokratiske partiet tok initiativet til for å fyre opp under *Aksjonskomiteen for vern av Diaoyu-øyane* sin planlagde landsetting på dei nemnde øyane. Forsøket var nær førestående, og komiteen hadde

alt hatt kriseøvingar for å vere betre førebudde enn folka i Chans fatale ekspedisjon. Ein gjorde det dessutan klart at ein ikkje ville ta nokre sjansar, og målet om å fjerne det japanske fyrstårnet og flagget vart tona noko ned.

Den pro-taiwanske organisasjonen *123 demokratisk allianse* oppmuntra no folk på nytt om å kjøpe færre japanske varer. Kvar veke skulle det kome ei liste over japanske produkt ein frårådde folk å kjøpe. Den første lista inneheldt produkt som japanske batteri, filmar til fotoapparat og nudlar. Formannen i alliansen, Lawrence Yum Sin-ling, sa at lista måtte bli lang nok til å gjere japanarane urolege. Han meinte at folk etter kvart også ville venne seg til å klare seg utan større japanske produkt, som t.d. bilar.

Noko over 100 innbyggjarar frå Tsing Yi-distriktet i Hong Kong demonstrerte om morgonen etter vaka for Chang for å vise si støtte til Diaoyu-aksjonistane. Om lag 20 lastebilar og personbilar dekkja med sørgjeband for å heidra David Chan frakta demonstrantane frå Tsing Yi i nord til rådhuset i sentrum. Organisatorane av demonstrasjonen var formannen for *Interessegruppa for tunge køyretøy*, Lai Kin-tak, og medlem av *Distriktsstyret for Tsing Yi*, Chiu Wah-shing.

Begge organisatorane var samde om at USA var den “svarte handa” bak Chans død. Lai sa rett ut at regjeringa i USA måtte ta ansvaret for Chans død, sidan denne stod bak det “historiske mistaket” å gi øyane til Japan. Chiu la til at dei ville gjere borgarane i Hong Kong medvitne om at kinesarane måtte verne om sitt eige land.

Demonstrantane tok på seg svarte armband og markerte minnet om Chan med eit minutt stille. Kvinner og barn som var med i demonstrasjonen ropte slagord som “Japan ut av Diaoyu” og “Bank opp USA-imperialistane”. Dei marsjerte vidare til dei amerikanske og japanske konsulata for å gi uttrykk for sitt raseri. Ein plakat med tittelen “Ingen invasjon av landet vårt” vart prøvd overlevert til USAs konsulat, men tenestefolka ved konsulatet ville ikkje ta i mot denne. Utanfor konsulatet til Japan heiv demonstrantane eit japansk flagg på bakken og trakka på det.

I Macao planla ein kinesisk sportsklubb å leige eit skip og reise til Diaoyu-øyane, enten frå Xiamen i Fujian-provinsen eller direkte frå Macau. Dei ville helst reise frå Xiamen, viss berre dei kinesiske styresmaktene ville gi løyve til det, sa Chan Kok-keung, president i *Macao unge Kina sports- og underhaldningsklubb* i ein tale under ein anti-japansk demonstrasjon. Målet var å få heist det kinesiske flagget på øyane. Om lag 100 klubbmedlemmer var med på demonstrasjonen, og dei fleste stilte i T-skjorter med påskrifta “Vern Diaoyu-øyane”. Demonstrantane ropte anti-japanske slagord og hadde plakatar der det mellom anna heitte at dei “japanske hundane” måtte ut av Diaoyu-øyane. Dei overleverte eit protestskriv med 30.000 underskrifter på kontoret til Xinhua, som i praksis er Kinas ambassade i Macao.

Søstera til David Chan, Chan Lai-ying, sette fram krav om ei offentleg orsaking frå Japans side. Kravet vart støtta av Chans organisasjon, *Alliansen av kinesarar over heile verda for vern av Diaoyu-øyane*. Alliansens syn var at Japan var ansvarlege for Chans død, og at dei ville vurdere erstatningskrav mot Tokyo. Ein representant for det japanske konsulatet, Maruyama Norio, sa i ein samtale med Chan Lai-ying at han var lei seg for ulykka som ramma broren hennar. Han sa også at han ville formidle hennar syn i saka vidare til Tokyo. Etter møtet med Norio sa Chan Lai-ying at ho hadde ei kjensle av at kravet deira ikkje vart tatt alvorleg. (HKS 30.9.96, 1.10.96, 3.10.96)

Kven drap David Chan?

Spørsmålet høyrer ut som tittelen på ein kriminalroman, men måtte sjølvsagt stillast. Scott Urista sende ei e-postmelding til avisa *Hong Kong Standard* der han tok dette spørsmålet opp til diskusjon. Meldinga kom inn i avisa på lesarbrevsida. Innlegget avspeglar kjensleladde reaksjonar, og vi let det komme med i sin heilskap utan vidare kommentarar:

“David Chan er død. Etter å ha tilbrakt sine siste timar på ein rustholk av eit skip som hadde passa betre til frakt av lausmasse enn menneske, døydde han i farvatnet rundt eit nake fjell i Stillehavet.

Nokre seier at David Chan døydde som ein helt, andre seier at han var ein tosk. Eg vil aldri forkleine hans kjensler, eller kjenslene til dei som var med han. Heller ikkje vil eg fordømme demonstrasjonane og den flammande retorikken frå alle hjørne av det kinesiske riket, som har sameint Taiwan, Hong Kong, fastlandskinesarar og utanlandskinesarar mot ein felles oppfatta trussel.

Eg vil aldri påstå at nasjonalistiske og patriotiske kjensler er idiotiske. Men visseleg kan aksjonar som følgjer av slike kjensler vere det. Kor mange menneske har innsett at japanarane som sette opp det vesle “fyrtårnet” også demonstrerer; også gir uttrykk for nasjonalistiske og patriotiske kjensler?

Nokre har klandra styresmaktene i Hong Kong, Taiwan og Kina for at dei ikkje har vore aktive nok i å støtte aktivistane. Eg òg klandrar styresmaktene – for ikkje å ha stoppa dei.

Ved å la demonstrantane fare gav styresmaktene dei stilleiande aksept til å forme utanrikspolitikken til ein heil nasjon. Ei lita gruppe aktive personar, truleg ikkje mykje større enn den som sette opp byggverket på øya i utgangspunktet, fekk høve til å leike utanriksdepartement. Ein ting er å protestere heime og la regjeringa få vite kva som er dine kjensler og ønska handlemåtar, men å aktivt provosere fram ein konfrontasjonssituasjon som resten av landet må bli involvert i, det er dumt.

Forholdet mellom journalistar og aktivistar på det ulykksalige skipet var meir enn to til ein. Kor mykje av det som gjekk føre seg var ekte? Kor mykje av det som gjekk føre seg var iscenesett berre for å skape merksemd? Førte den ufortente glansen av for mange kamera til oppskruing og forlenging av kjensler som elles kunne ha vorte handtert på ein meir fornuftig måte? Vil media føle seg delvis ansvarlege for å ha skapt det monstret som drap David Chan?

Om dette berre hatt med spørsmålet om suverenitet å gjere kunne David Chans død ha vorte kalla edel. Dessverre dreier saka seg om mykje meir enn det. Suverenitet? Saka hadde faktisk ingenting å gjere med “kinesisk land”, “verdifulle ressursar” eller “prinsipp”.

Dei omstridde øyane har alt å gjere med rasehat, sinne og skam; med feil gjort for femti år sidan av eit land som var frekt nok til bli økonomisk overlegen dei landa det hadde okkupert, og som på vegen hadde gløymt å be om orsaking. David Chan er død fordi Japan ikkje er i stand til å seie “eg er lei meg”.

Så fortel David Chans kone og barn kor edelt det var å forlate dei. Fortel dei at nok kameralys og eit godt minne kan gjere ein kvar død edel. Fortel dei kor edelt det er å forlate kone og barn slik at du kan døy i farvatnet rundt eit nake fjell midt i Stillehavet.” (HKS 1.10.96)

Ein “krigar” kjem heim

Ein av dei som overlevde det ublide møtet med Stillehavet under aksjonane ved Diaoyu-øyane, Fong Yu-yuen, vende tilbake til Hong Kong full av kampmot. Straks han kom ut av flyet tok han på seg ei tradisjonell kinesisk kampdrakt for å vise sin sympati med den mislukka aksjonen. Drakta minna om den action-helten Bruce Lee brukte i ein film der handlinga gjekk ut på å gi dei japanske imperialistane det dei fortente, mellom anna etter å ha kalla Kina “den sjuke mann i Aust-Asia”.

Den 25 år gamle drosjesjåføren sa at drakta var eit symbol for den kinesiske nasjonen, og at mange kinesarar mangla nasjonalistiske kjensler. Fong nekta for at motivet hans botna i heroisme, han meinte at aksjonen var ei plikt han hadde som kinesar når kinesisk territorium var okkupert av japanarar. Han kom tilbake etter fem dagar i sjukehus på Okinawa. Dei japanske legane som kom om bord *Bao Diao Ho* fekk liv i den medvitslause Fong, og redda ganske sikkert livet hans.

Fong ville ikkje klandre nokon for Chans død. Han såg på det som ei rein ulykke, dessutan hadde alle deltakarane signert ein kontrakt der dei sjølv tok ansvaret for eigen tryggleik. Fong angra ikkje på at han hadde hoppa i sjøen, dei hadde tenkt nøyte gjennom dette på førehand, sa han. Han gjorde det klart at kampen heldt fram, sjølv om han følte seg for svak til å delta på nye ekspedisjonar med det første. Det var ingen ironi i at han vart berga av japanarane, hevda han:

“Vi er mot den japanske regjeringa, ikkje det japanske folket. Eg takkar dei japanske legane og den medisinske staben for å ha berga livet mitt av humanitære grunnar.” (HKS 2.10.96)

Japansk journalist åtvarar mot å gjere Chan til ein helt

Naoki Shima var den einaste japanske journalisten som følgde med på *Bao Diao Ho*. Han dekkja aksjonen for det japanske nyhendebyrået Nihon Denpa News. Den 40-årige Shima oppmoda folk i Hong Kong om å ikkje gjere Chan til ein helt, då dette ville kunne gjere situasjonen endå meir opphissa. Han frykta i så fall at fleire ville følgje Chans tragiske døme.

Under turen vart Shima skulda for å vere spion. Det tykte han var ganske dumt, sidan han berre hadde høve til to telefonsamtalar under heile turen. Chan hadde dessutan insistert på at han skulle ligge i underkøya i hans lugar. Shima hadde lurt litt på kvifor han fekk slik spesialbehandling, inntil ein annan journalist fortalde at han fungerte som eit slags gissel slik at japanarane ikkje skulle skyte på dei. Han trua med rettslege skritt mot to Hong Kong-aviser, *Ming Pao* og *Oriental Daily News*, som han meinte hadde omtala hans rolle på skipet på ein feilaktig og ærekrenkjande måte. Om ikkje desse avisene korrigererte artiklane sine, trua han med å gå til injuriesøksmål. (HKS 1.10.96)

Blanda reaksjonar på Taiwan

Folk på Taiwan er så pragmatiske at patriotisme – til forskjell frå Hong Kong – ikkje vart ein viktig faktor i konflikten om Diaoyu-øyane. Meldinga om Chans død sjokkerte sjølv sagt mange, men deira neste reaksjon var gjerne: Kvifor er folk i Hong Kong så ivrige nasjonalistar? Taiwanarene var noko forundra over dette, for dei hadde forventa at folk i Hong Kong skulle vere meir britiske enn kinesiske, og såleis ikkje bry seg så mykje med Diaoyu-saka. I lesarbrev i taiwanske aviser vart det sagt at noko politisk kunne ligge bak, sidan Hong Kong snart skulle leverast tilbake til Kina. Kanskje var aksjonane ein forsøk på å vise lojalitet til Beijing, som ledd i ein maktkamp eller kamp om opinionen i Hong Kong? Dette meinte alle fall ein innsendar i ei kinesiskspråkleg avis på Taiwan.

I ein kommentar i ei anna kinesiskspråkleg avis vart det på den eine sida uttrykt sorg over Chans død, på den andre sida var artikkelforfattaren skeptisk til det å spele på nasjonalistiske kjensler i ei sak som var ekstra komplisert på grunn av rivaliserande krav frå Taipei og Beijing. Kommentaren var elles i tråd med den offisielle linja på Taiwan, som gjekk ut på løyse spørsmålet om fiskerettane ved Diaoyu-øyane utan å kome inn på suverenitetsspørsmålet eller å øydeleggje forholdet til Japan.

Meiningsmålingar på Taiwan tyda på at vel halvparten av folket trudde at demonstrasjonane mot Japan kunne vere til hjelp i forhandlingane om fisket ved Diaoyu-øyane. Men halvparten var i mot opptrapping av aksjonane. Dette avspeglar den taiwanske pragmatismen; ein ønskjer ikkje å la nasjonale kjensler kome i vegen for internasjonale relasjonar. Når ei gruppe av tidlegare straffedømte taiwanarar sa dei ville organisere ein framstøyt mot øyane, kunne dei altså ikkje vente seg all verdens åtgaum frå medborgarane sine.

Innerst inne meiner vel taiwanarene også at desse øyane ikkje er så viktige for andre enn fiskarane, og president Lee Teng-hui gjorde det klart at regjeringa ville prioritere løysing av fiskeriproblema framfor suverenitetsspørsmålet. Nettopp på dette tidspunktet, i oktober 1996, var det nye forhandlingar mellom Japan og Taiwan nettopp om fiskerettane ved Diaoyu-øyane. Utanrikspolitisk talsmann for Taiwan, Cheng Poh-chiu, sa at samtalane skulle konsentrere seg om fiskerettane, sjølv om ein også ville kome inn på suverenitetsspørsmålet.

Taipei har ikkje diplomatisk samband med Japan, då Japan godkjenner Beijing. Dei omfattande økonomiske og sosiale banda mellom partane blir derfor handtert av uoffisielle,

statsfinansierte organ. President Lee sa at ein hadde eit sterkt ønske om ei eller anna form for gjennombrøt når det galdt fiskerettar, men dette ikkje skulle gå ut over Taiwans suverenitetskrav på øyane. Eit konkret mål for Taiwan i denne saka er å oppnå fiskerettar innanfor 12 nautiske mil rundt dei omstridde øyane. Det viste seg etter ei lita veke at denne andre uoffisielle forhandlingsrunden om fiskerettane ikkje førte til nokon avtale mellom partane. (HKS 2.10.96, 3.10.96, 4.10.96, 7.10.96)

Følte David Chan seg “pressa” til å hoppe i sjøen?

Ein aktivist som var med *Bao Diao Ho* til Diaoyu-øyane, Bernard Wong Wai-ming sa til pressa i Hong Kong at David Chans fatale hopp i sjøen var motivert av frykt for at hans livs største prosjekt skulle ende med fiasko:

“Han såg dette som sitt livs sjanse. Med heile verda på tilskodarbenken, ville han ikkje skuffe nokon. ... Alle av oss var desperate etter å gjere noko for å vise våre ærlege intensjonar, og det førte til ei mengde feilaktige avgjerder.

Som leiar var Chan under eit sterkt press for å vise handling. Han la også eit stort press på seg sjølv, då denne saka har følgt han sidan 70-talet. ...

Herr Chan spurte kvar av oss kva vi ønskte å oppnå slik tilhøva var. Nokre sa dei var nøgde med å kome innanfor 12-milsgrensa, medan andre ikkje ville vere tilfreds før fyrtårnet var øydelagt.” (HKS 3.10.96)

Under dei oppheta diskusjonane hadde ein aktivist klaga Chan for å vere ein dårleg leiar, men denne sytinga var kortvarig, sa Wong. Wong hadde planlagt å gå i sjøen sjølv, men når dei fem demonstrantane hoppa uti var han ein annan stad på båten. Det heile hadde skjedd fort og verka nokså spontant.

Når det galdt kaptein Ngai Lup-chees avgjerd om å droppe landsettingsforsøket, meinte Wong at dette var altfor forsiktig. Han sa at risikoen ved landsetting ikkje var stor, i alle fall ikkje samanlikna med å kaste seg på sjøen, og det hadde han sikkert heilt rett i. Wong var ikkje skremt av det som hadde skjedd, han ville melde seg til teneste igjen ved første høve. Det vil seie at han ville vere med på *Aksjonskomiteen for vern av Diaoyu-øyane* sin nær føreståande ekspedisjon til øyane. (HKS 3.10.96)

Elsie Tu: “Ekko frå fortida ...”

I Hong Kong er Elsie Tu ein kjend kommunistisk jurist som ofte skriv i avisene. Ho kom på bana i denne saka i eit innlegg i *Hong Kong Standard* den 3. oktober 1996. Tu viser først til at Europas manglande evne til å slå ned fascistane i Spania leidde fram mot den andre verdskrigen. Så skriv ho:

“Blodige krigar tek ofte til med tilsynelatande mindre viktige hendingar. Ja, Diaoyu-øyane kan tykkjast å vere ei lita sak om vi berre ser på storleiken til desse folkelausa øyane. Likevel er Japans krav ei aggressiv handling.

Sidan tidleg på 70-talet har det vore klare teikn på ei ny oppblomstring av fascisme i Japan, sjølv om eg ikkje trur at vanlege folk i Japan støttar dei aggressive ambisjonane til leiarane sine.

Når det gjeld Diaoyu-øyane, må vi sjå på den breiare samanhengen. Tidleg på 70-talet gav USA desse kinesiske øyane ulovleg til Japan. Dei var ikkje USAs eigedom, og kunne ikkje stelast frå ofra for aggresjonen for å brukast som ein premie for samarbeidsviljen til aggressoren.

Japan har invadert Kina i over eit hundre år. Etter nederlaget i den andre verdskrigen skulle fredsprosessen få slutt på japansk aggresjon. Men det var Japan, ikkje Kina, som vann alt på krigen. USA sørgja for vern av Japan, ikkje Kina. ...

Kina har sine egne problem å løyse: Utvikling av sine veldige ressursar og den formidable oppgåva som ligg i å skaffe akseptable levekår for si enorme befolkning. Med støtte frå naboane kan Kina utan tvil klare denne oppgåva. I staden ser det ut til at Kinas ressursar stadig dreg til seg grådige aggressorar som seinkar landets vekst med sine kolonistiske ambisjonar. Får Japan ein tomme av Diaoyu-øyane, vil landet seinare prøve å ta fleire mil. ...

Spørsmålet om Diaoyu-øyane kunne ha vore avgjort av SN, og har aldri vore ei sak som skulle avgjerast av USA, som burde få ein reprimande av SN for einsidig å ha gitt vekk kinesisk territorium. ...

Dette er ikkje ein kritikk av folket i Japan eller USA, men av dei som kontrollerer regjeringane deira ved å føre folk bak lyset.

Vi seier oss leie for David Chans offer. Dette ville ikkje ha hendt om SN hadde gjort jobben sin. Men som dei som kjempa mot den spanske fascismen har David forsvart sanninga for folket sitt.” (HKS 3.10.96)

Styrka nasjonal identitet blant unge i Hong Kong

Konflikten om Diaoyu-øyane førte til at ungdommane i Hong Kong vart meir medvitne den nasjonale identiteten sin, viste ei undersøking blant eit utval på 598 ungdommar i alderen 15 til 29 år. Nesten halvparten av ungdommane meinte at kinesarar over heile verda måtte stå saman i suverenitetsstriden med Japan. Men meir enn 10 % sa ikkje visste noko om denne saka, eit høgt tal med tanke på den merksemd Chans død hadde fått i media.

Meir enn 80 % svara at dei ikkje følte noko fiendskap mot japanarar generelt, og berre 6 % hadde følgt oppmodinga om boikott av japanske varer. Dette siste vart forklart med at dagens ungdommar er rasjonelle, og ikkje ønskjer å gjere dette til ei personleg sak mot japanarane. Andre resultat frå undersøkinga:

- Ca 40 % hadde vore med på ulike aktivitetar for å støtte det kinesiske kravet på Diaoyu-øyane, som t.d. underteikning av protestskriv og deltaking i demonstrasjonar
- Om lag ein tredel støtta ekspedisjonar for å få rive det japanske fyrtårnet på øyane
- Nesten 90 % hadde diskutert saka med foreldre, vener, kollegaer eller lærarar
- Berre 6 % påsto å ha god innsikt i saka, og svært få i aldersgruppa 15 til 24 hadde diskutert saka med lærarane sine

Det siste punktet førte til at organisasjonen som sto bak undersøkinga, Hong Kongs føderasjon av ungdomsgrupper, rådde skulane til å skaffe meir bakgrunnsstoff og oppmuntre til meir diskusjon om saka. Ein aktivist som mellom anna hadde organisert ein underskriftkampanje mot Japan i denne saka, meinte at den unge generasjonen måtte informerast om Japans invasjon av Kina, under mottoet “tilgi, men aldri gløyme”. Det høyrest ut som eit godt prinsipp ... (HKS 7.10.96, 8.10.96)

Endeleg: Kinesiske flagg heist på Diaoyu-øyane

Måndag den 7. oktober 1996 klarte nokre aktivistar frå Hong Kong og Taiwan å bryte gjennom dei japanske sperringane rundt Diaoyu-øyane, symje i land og heise det kinesiske og det taiwanske flagget side om side. Det siste var eit sjeldan syn i seg sjølv. Aktivistane var betre budde denne gongen, dei som sumde i land gjennom den grove sjøen hadde

froskemannsutstyr på seg. Og ingen kunne klage på det medisinske oppbødet denne gongen: Demonstrantane hadde med seg eit legeteam på 7 personar og to båtar fulle av medisinsk utstyr til ein verdi av 200.000 HK\$.

Det var ein flåte på 50 båtar med i alt ca 300 demonstrantar om bord som forlét Taiwan søndags morgonen. Dei retta hard kritikk mot styresmaktene på Taiwan for å forsinke ekspedisjonen gjennom byråkratisk sommel. Dei nemnde styresmaktene meinte at tryggleiken ikkje var godt nok ivarettatt, og peike på brot på tryggleiksføreskriftene. Etter fleire timars krangel med det lokale politiet kom protestflåten seg omsider av garde. Taipei avslo ei oppmoding frå aktivistane om militær eskorte under turen, men lova at marinepolitiet ville stå klar til å hjelpe dei om dei skulle kome opp i ein naudssituasjon.

Før avreise sa demonstrantane at dei ville leike katt og mus med dei japanske fartøya for å lure seg forbi og fram til øyane. Dei hadde også førebudd “hemmelege trekk” for å lure japanarane. Om noko gjekk feil, ville dei prøve noko anna. Ein talsmann for ekspedisjonen sa at dei ville kaste egg på dei japanske båtane, og dei ville bruke ballong eller eit fjernstyrt helikopter for å frakte kinesiske flagg til øyane. Bruk av seglbrett var også vurdert. Ved avreise vart det ropt ut slagord som “slå ned japansk militarisme, vern Diaoyu-øyane”.

Då demonstrantflåten hadde kome ca 50 km frå land, kasta dei 10.000 ølflasker i sjøen. Kvar flaskene inneheldt ei melding på kinesisk, engelsk og japansk om at Diaoyu-øyane tilhørte Taiwan. Slik straumtilhøva var, skulle flaskene etter planen drive i land på japanske strender i løpet av tre veker.

Gleda var stor blant aktivistane då dei hadde fått heist dei kinesiske flagga på ei av øyane. To demonstrantar som datt i sjøen under jubelscena vart redda. Men den store augneblinken var kort, for flagga fekk ikkje blafre lenge i fred: Nokre kraftige vindkast hadde snart sendt flagga på sjøen. Eit nytt forsøk på ei anna strand vart like kortvarig, her vart flagga vart truleg fjerna av japansk kystvakt. Protestleiarane fann då ut at nok var nok, og dei kalla tilbake troppane sine og forlét øyane. Eit skår i gleda var det nok dessutan at dei ikkje fekk rive det japanske fyrtårnet.

Japan kalla landsettinga for ulovleg, og ville ikkje utelukke arrestasjonar om dette skulle gjenta seg. Ein japansk regjeringstalsmann sa:

“Det var svært nedslåande at demonstrantar frå Taiwan og Hong Kong gjekk ulovleg i land på japansk territorium, trass i fleire åtvaringar om å fjerne seg frå øyane. Om demonstrantane kjem tilbake og ikkje rettar seg etter våre åtvaringar, vil vi setje i verk høvelege tiltak.” (HKS 7.10.96)

Det var 60 japanske kystvaktskip som prøvde å hindre aktivistane i å komme i land på øyane. Videoopptak frå eit japansk TV-helikopter viste ein kaotisk situasjon med mange kollisjonar mellom demonstrantane sine båtar og japanske marineskip under aksjonen. Eit demonstrantskip vart så øydelagt at 13 av 15 passasjerar vart flytta over på eit anna skip, men det skadde skipet kom seg tilbake til Taiwan for eigen maskin. Demonstrantane slo tilbake med å kaste egg mot dei japanske skipa. Nokre av aktivistane kasta dessutan blomster og ei bok skriven av David Chan på sjøen.

Taiwanske politibåtar var i nærleiken, men blanda seg ikkje inn i konflikten. Den offisielle taiwanske reaksjonen var å hylle aktivistane for deira patriotisme. Men ein regjeringstalsmann gjorde det samstundes klart at konflikten måtte løysast gjennom forhandlingar. I Hong Kong stod jubelen i taket over demonstrantane sin innsats, og mange håpa at Beijing skulle legge seg på ei tøffare linje i forhold til Tokyo. Enkelte meinte at Japan kanskje slakka litt på si harde linje ved å la demonstrantane kome forbi, i frykt for at fleire skadar eller dødsfall skulle gi dei endå meir negativ omtale. Alle var sjølvsagt glade for at aktivistane denne gongen kom

heilskinna tilbake. Det vil seie; ein av demonstrantane måtte fraktast med helikopter til sjukehus på Taiwan med akutt blindtarmbetennelse.

Dei tre første til å gå land på øyane, to frå Hong Kong og ein frå Taiwan, vart presentert som heltar i Hong Kong-prensa og fekk fyldig presentasjon. Døme på typisk overskrift: “Heltane vender tilbake, oppdraget fullført” Ein av dei tre heltane var drosjeeigar og -sjåfør Chan Yue-nam, som gav følgjande kommentar:

“Eg var ikkje redd. Eg ville berre heise flagga. Eg klatra ti steg opp på berget og fekk til slutt opp flagga. Eg var letta då eg hadde fått opp flagget og banneret. Men eg ser ikkje på meg sjølv som ein helt. Eg har gjort det ein kinesar bør gjere.” (HKS 8.10.96)

Frå Kina kom det også positive reaksjonar på bragda til aktivistane. Assisterande direktør i Xinhua, Lee Wui-ting, sa at Kina støtta denne sivile aksjonen. Han meinte at slike handlingar var positive, og svært forståelege. Då han fekk vite at Taiwans flagg vert heist før Kinas, var han svært mild i sine kommentarar, og peika på at også folket på Taiwan verna om Kinas suverenitet i denne saka. (HKS 30.9.96, 7.10.96, 8.10.96)

Murring og splitting i protestrørsla?

Trass i den rimeleg vellukka aksjonen kunne no dei første teikn på alvorleg intern usemje blant aksjonistane observerast. Midt opp i heimkomstjubelen for heltane frå Hong Kong kom det fram kritikk frå surmulande gruppemedlemmer, som meinte at det japanske fyrtårnet burde ha vorte fjerna. Og ikkje alle på Taiwan sette pris på at flagget til Kina også vart heist under aksjonen.

Det siste var kanskje det verste, sidan den felles kinesiske fronten mot Japan såg ut til å slå sprekker. Men, som vi alt har vore inne på, er det ikkje sikkert at Taiwan har interesse av ein slik front. Den taiwanske innanriksministeren, Lin Geng-cheng, sa seg lei for at Folkerepublikken Kinas flagg vart hangande ved sida av Republikken Kinas flagg.

Det viktigaste opposisjonspartiet på Taiwan, Det demokratiske framstegspartiet, kritiserte i sterke ordelag dei som hadde organisert aksjonen. Det å plante det raude banneret med dei fem gule stjernene på øyane var eit alvorleg mistak, meinte dette partiet, og karakteriserte det som skjedde som “barbarisk”. Ein talsmann for Framstegspartiet, Chou Poh-lun, kritiserte demonstrantane frå Hong Kong for at dei hadde segla med taiwanske båtar og heist det kinesiske flagget. Han meinte at styresmaktene burde forby lokale fartøy å ta med passasjerar som hadde med seg fiendens flagg.

Det nasjonale byggingspartiet¹⁰³ gjekk også til knallharde åtak på dei lokale aktivistane som hadde vore med på flaggheisinga. Byggingspartiet meinte mellom anna at folk frå Hong Kong ikkje ein gong var kvalifiserte til å engasjere seg i denne saka.

Etter å ha kome tilbake frå Diaoyu-øyane, tok aksjonistane frå Hong Kong inn på Taipei Fortuna Hotel. Om natta samla 500 demonstrantar som var for taiwansk uavhengnad seg utanfor hotellet. Dei hadde plakatar der det stod slagord som “Hong Kong-folk dra heim, ut av Diaoyu-øyane” og “Vi er ikkje kinesarar, vi er taiwanarar”. Aktivistane frå Hong Kong vart òg kalla for “kommunistiske løparhundar”. Meir enn 200 antiopprørspolitifolk vart sett inn for å spreie folkemengda. Demonstrantane kasta egg på politiet og brann opp to kinesiske papirflagg idet dei sa at det var ei grov fornærming å heise det kinesiske flagget på øyane.

For gruppa frå Hong Kong var dette sjølv sagt ei sjokkarta oppleving. Leiaren for *Aksjonskomiteen for vern av Diaoyu-øyane*, Albert Ho Chun-yan, sa at det var ei skam at Det demokratiske framstegspartiet valde å fornærme sitt eige folk framfor å kjempe mot Japan.

¹⁰³ Radikalt utbrytarparti frå Framstegspartiet. Partiet kjempar for taiwansk uavhengnad.

Herr Ho sa dessutan at det var trist å oppleve at kinesarane ikkje kunne stå samla i denne saka. Han trudde likevel at dei fleste taiwanarar støtta aksjonen deira.

Avisene i Hong Kong var sjølvstøtt ikkje nådige i sin omtale av denne kritikken frå Taiwan mot deira egne heltar:

“Spenninga over Taiwan-streket har kasta ein skygge over aktivistrørsla for Diaoyu-øyane. I auga til regjeringa leia av Taiwans president Lee Teng-hui er Kina den største fienden, og krev særleg merksemd. I staden for å sjå på Japan som ein fiende, vil Taiwan heller utøve eit fastlåst diplomati.

Det er sørgjeleg at taiwanske politiske grupper har fordømt demonstrantane frå Hong Kong som forrædarar av nasjonalistøya, og at dei påstår at Kina ikkje har noko krav på Diaoyu-øyane.” (*Sing Tao*, sitert frå HKS 7.10.96)

“Likevel ville ei handfull taiwanske uavhengnadsaktivistar gå til åtak på demonstrantane og bruke vold mot dei. Dei krev også at Hong Kong-folk må slutte å blande seg inn i deira saker. Handlingane til desse folka må fordømmast på det sterkaste.” (*Ming Pao*, sitert frå HKS 7.10.96)

“Japanarane vil dra nytte slik kinesisk splitting og halde fram med å okkupere Diaoyu-øyane.” (*Oriental Daily News*, sitert frå HKS 10.10.96)

“Dei taiwanske uavhengnadsgruppene var tause i byrjinga før dei på ein uforkamma måte gjekk mot aktivistane. Det er ikkje vanskeleg å sjå at målet til denne gruppa er å skilje Taiwan ut som ein eigen stat. Om Taipei held fram med å ignorere den slags åtferd, vil landet falle i frå kvarandre før eller seinare. Det er viktig for Taiwan og Kina å samarbeide.” (*Hong Kong Daily News*, sitert frå HKS 10.10.96)

Redaktøren i *Hong Kong Standard*, Terry Cheng følgde saka opp med ein interessant analyse i den delen av avisa som blir kalla “Opinion” – meiningar. Dette tyder på at artikkelen ikkje er redaksjonell, men står for Chengs eiga rekning. Cheng peika først på det uheldige i det taiwanske åtaket på Hong Kong-demonstrantane. Det var jo nettopp eit viktig poeng at demonstrantane frå Hong Kong, Macao og Taiwan hadde vorte einige om at dei ikkje skulle krangle om flagg, og derfor heiste begge dei aktuelle flagga. Dei såg saka slik at Diaoyu-øyane høyrer til Kina, og både fastlandet og Taiwan er ein del av Kina. “Dette er eit korrekt og klokt standpunkt som gjer at kinesarar over heile verda kan stå saman i denne saka,” skreiv Cheng.

På Taiwan vart det gjort klart av generalsekretæren i Guomindang, Wu Poh-hsiung, at “vern av Taiwan kom først, framfor alt”. Dei taiwanarene som deltok i landsettinga på Diaoyu-øyane var hovudsakleg medlemmer av Det nye partiet, som ser på seg sjølve som kinesarar og ønskjer sameining med Kina. Ein kan derfor forstå at styresmaktene på Taiwan er bekymra for dei politiske implikasjonane av aksjonen. Men blant kinesarar internasjonalt blir den lunkne haldninga frå Taipei ei dårleg sak for nasjonaliststyret. Som leiaren for landingsekspedisjonen, Albert Ho Chun-yan, sa: “Om dei meiner at Diaoyu-øyane tilhører Taiwan, kvifor reiser dei ikkje og krev dei attende?”

Cheng lar følgjande ord avslutte artikkelen sin:

“I løpet av det siste tiåret og vel så det har Taiwan fjerna seg frå hovudstraumen i det kinesiske samfunnet. Dei såkalla innfødde, som faktisk stammar frå Han-folket som emigrerte frå fastlandet i tidlegare generasjonar, ønskjer å etablere sin eigen nye identitet som taiwanarar.

På enkelte område har dei kinesiske samfunna på fastlandet, Hong Kong og Taiwan godt klart å takle dei problema Kina har stått overfor det siste hundreåret. Fastlandet har heva den nasjonale styrken og den internasjonale statusen til kinesarar. Hong Kong har brakt byen og forretningslivet til nye høgder. Taiwan har gjort store framsteg når det gjeld demokrati.

Dei tre samfunna burde lære av kvarandre for å gi sitt bidrag. Diaoyu-konflikten burde vere eit høve til samarbeid, ikkje splitting. Kinesarar burde la seg inspirere av heisinga av flagga frå dei to sidene av Taiwan-streket til å arbeide saman for felles beste.” (HKS 9.10.96)

Klimaks i protestrørsla nådd; vidareføring på regjeringsplan?

Straks den vellukka heisinga av kinesiske flagg på Diaoyu-øyane vart kjent, kom politiske kommentatorar på bana med synspunkt om at hendinga kunne hjelpe til med å kjøle ned situasjonen. Protestrørsler er heile tida avhengige av å halde saka si i fokus. Når enkelte milepelar er nådde, må nye mål formulerast, elles kan interessa for saka døy bort. Spørsmålet var om protestrørsla hadde nye og inspirerande måtar å fange merksemd på. Sjølv sagt kunne ein halde det gåande ei stund ved å fokusere på å få rive det vederstyggelige fyrtårnet, men etter det, kva så?

Nokre kommentatorar meinte at når protestane kulminerte måtte saka førast vidare på regjeringsplan, sjølv om ein rekna med at både Japan og Kina ville prøve å redusere tydinga av hendinga. Dr. Francis Lui Ping-ming frå Hong Kong Universitet sa dette til *Hong Kong Standard*:

“Problemet protestrørsla no vil stå overfor er kva meir dei kan gjere når dei endelege måla til rørsla alt er nådde. Publikum har truleg gjort det dei kan. Det som står att å sjå er om regjeringane vil følgje opp med diplomatiske handlingar.” (HKS 8.10.96)

Dette var ein av dei tre aktivistane som planta dei kinesiske flagga på Diaoyu-øyane samd i. Tsang Kin-shing, også kalla oksen, sa at dei sivile hadde gjort kva *dei* kunne, og no var det opp til regjeringane å føre arbeidet vidare. Ein av aktivistane frå Hong Kong, Albert Ho Chun-yan, sa at det no var på tide at Beijing og Taipei grov ned stridsøkka:

“Det er svært lite vi vanlege borgarar kan gjere. No er tida inne for at regjeringane [i Beijing og Taipei] slår seg saman i kravet om å få tilbake øyane.” (HKS 9.10.96)

Kor vidt dette verkeleg skjer, kan berre framtida vise, men det er kanskje meir sannsynleg at saka endar på same måte som i 1971: Dei tre partane Kina, Taiwan og Japan held fast ved sine krav og legg saka på is i ei aller anna skuff inntil nye aksjonar får temperaturen til å stige igjen.

Den symbolske sida ved det aktivistane oppnådde må likevel ikkje undervurderast. Dr. Li Pang-kwong frå Lingnan Høgskule sa i følgje *Hong Kong Standard* at flaggheisinga til demonstrantane var symbolsk signifikant fordi dei hadde klart å trasse Japan. I ein redaksjonell artikkel følgde *Hong Kong Standard* opp med å skrive at demonstrantane hadde nådd målet om å plante dei kinesiske flagga på øyane mot alle odds: Japanarane hadde 50 fartøy og mange helikopter i området for å hindre landsettingar. Når aktivistane likevel kom seg forbi, var symboleffekten stor:

“Trass alt har aktivistane frå Hong Kong, Macau og Taiwan lukkast i å få fram det moralske poenget at desse øyane tilhøyrer Kina og det kinesiske folket. Det at dei klarte å bryte gjennom dei japanske sperringane markerer eit høgdepunkt i den lange kampen for å ta tilbake desse øyane. Denne symbolske prestasjonen er truleg så langt som aktivistane bør gå; agitasjonen og “marineoperasjonane” kan ikkje halde fram i det uendelege. Til sjuande og sist må saka avgjerast mellom to suverene statar, Kina og Japan.” (HKS 8.10.96)

Hong Kong Standard oppmoda vidare Kina om “setje pengane sine inn der munnen er”, noko som etterlyser meir konkret handling. Japan fekk på den andre sida så øyrene flagra:

“Men japanarane held firkanta på den ulovlege tileigninga av øyane, akkurat som dei framleis utan bekymring insisterer på at dei ikkje massakrerte 300.000 uskuldige i Nanjing, og til og med, når det høver

seg slik, nektar for at dei starta andre verdskrig i denne regionen, og dermed drap, lemlesta og påførte millionar av menneske eit elende som ikkje kan skildrast med ord.” (HKS 8.10.96)

Det ubehagelege for Japan i denne saka synest å vere at naboane deira dreg fram hendingane under andre verdskrig, og det noverande Japans manglande vilje til å vedgå fakta og seie seg leie for det som skjedde. Saka blir dermed sett inn i ein større samanheng der konflikten om Diaoyu-øyane ikkje kan løysast utan at Japan også må “la folket sitt få innsikt i og forståing for landets ansvar for lidingane og såra frå andre verdskrig”.

Eit døme på kor ømtålig dette temaet framleis er, fekk vi i oktober 1996 då Kina fordømte valkampforslaget frå partiet til den japanske statsministeren Ryutaro Hashimoto om å tillate offisielle vitjingar på ministernivå ved Yasukuni-heilagdommen i Tokyo. Dette er eit minnesmerke som skal heidre dei 2,6 millionar japanarane som har døytt i krig det siste hundreåret. I juli 1996 braut Hashimoto sjølv eit tiårig tabu for japanske statsministrar ved å gjennomføre ei offisiell markering ved heilagdommen. Det regjerande liberaldemokratiske partiet ville dessutan gjere japansk herredøme over Diaoyu-øyane til ei eiga sak i den same valkampen. Dette fekk *China Daily* til å skrive at Japan var på veg mot ein konfrontasjon, men at det enno ikkje var for seint for Japan å stoppe sitt farlege spel.

Det er viktig å understreke at reaksjonane på kinesisk side har vore retta mot den japanske regjeringa, og ikkje mot japanarar generelt. Samstundes har ein prøvt å nå fram til dei som blir oppfatta som moderate krefter i Japan. Kor vidt dei harde orda trengjer inn hos adressaten er ei anna sak. Etter at det vart kjent at Xinhua sitt kontor i Hong Kong hadde mottatt ein dødstrussel frå Nihon Seimensha, skreiv *Hong Kong Standard* dette i ein redaksjonell artikkel, under overskrifta “Lærepenge tykkjestapt i Japan”:

“Det kinesiske utanriksdepartementet har med rette fordømt denne trusselen som terrorisme. Men vi fryktar at dette fell for døve øyre, då den japanske regjeringa ikkje ser ut til å ha sut for den gryande militarismen i landet. Kanskje ho eigentleg er nøgd med utviklinga, og av den grunn ikkje har fått rive fyrtårnet, som tener som eit sjømerke for militaristane.

Det var denne type militarisme kombinert med veik-knea reaksjonar frå dei moderate som førte Japan inn i krig for vel eit halvt hundre år sidan, med øydeleggjande resultat over heile Kina og Sørøst-Asia.

Det er på tide at den japanske regjeringa og dei moderate i landet vaknar opp til trusselen framsett av ein ny generasjon av militaristar i deira midte. Det var dei militaristane som no har sine leivningar kvilande i Yasukuni-heilagdommen som bringa atombomber over Hiroshima og Nagasaki. Men inntil denne beskjeden er kommunisert til den yngre generasjonen av japanarar har heile regionen, Sørøst-Asia inkludert, grunn til vere bekymra for den nye bølga av militarisme i Japan.” (HKS 9.10.96)

Den kinesiske utanrikspolitiske talsmannen, Shen Guofang, sa no at den japanske regjeringa var uansvarleg når ho oppmuntra til illegale handlingar av høgorenterte grupper på Diaoyu-øyane. Han håpa likevel i det lengste at den japanske regjeringa ville ta affære, for elles ville kjenslene til det kinesiske folket blir såra, sa han. I fråsegna frå Shen vart det gjort klart at kinesarar ikkje let seg trakassere. Shen sa også at Kina ville ta sine forholdsreglar for å styrke tryggleiken til kinesiske borgarar etter dødstrusselen, utan å vere konkret på kva desse tiltaka gjekk ut på.

I følgje Xinhua ville Kina dessutan halde Japan ansvarleg for ein kvar kinesar som vart drepen eller lemlesta på grunn av konflikten om Diaoyu-øyane. Men talsmenn for Nihon Seimensha nekta for å ha sendt nokon dødstrussel. I eit forsøk på å kjøle ned temperaturen, sa ein representant for det japanske utanriksdepartementet at ein hadde bedt Kina og Taiwan å syte for at ein ikkje fekk fleire “illegale landsettingar” på Diaoyu-øyane. Tonen i avisene på

Taiwan var også at no måtte alle roe seg ned og overlate saka til diplomatiet. (*China Daily* 9.10.96; *HKS* 3.10.96, 4.10.96, 8.10.96, 9.10.96)

Storming av det japanske konsulatet i Hong Kong

Truleg i eit desperat forsøk på å halda framdrift i saka etter at mange kommentatorar hadde spådd at klimaks i protestane var nådd, storma 24 Diaoyu-aktivistar den 9. oktober 1996 det japanske konsulatet i Hong Kong. Dei bana seg veg forbi tre politimenn etter at dei først hadde gitt inntrykk av å ville levere eit protestskriv frå *Aksjonskomiteen for vern av Diaoyu-øyane*. Fleire av deltakarane i denne aksjonen hadde også vore med då dei kinesiske flagga berre to dagar før hadde vorte planta på Diaoyu-øyane. Demonstrantane oppheldt seg i konsulatet i 30 minuttar før dei avslutta aksjonen. Medan dei var i konsulatet slo dei med knyttnevane i lufta medan dei ropte slagord, song songar og las opp eit manifest. Leiarane av aksjonen sytte for at hendinga vart filma for ein TV-stasjon.

Ei slik storming av lokale som de facto fungerte som Japans ambassade i Hong Kong viste at demonstrantane måtte ha mista bakkekontakten etter suksessen med flaggheisinga på Diaoyu-øyane. Det var ikkje mykje heider å hente frå noka hald etter slik åtferd. Som ein kunne vente, stempla leiinga for konsulatet aksjonen som “illegal”, og gjorde det klart at tryggleikstiltaka rundt kontoret skulle skjerpast. Inntil vidare ville dei heller ikkje ta i mot fleire protestskriv.

Til og med guvernør “på oppseiing¹⁰⁴” i Hong Kong, Chris Patten, kom på bana etter denne hendinga. Han bad om full rapport om det han kalla ei “uforsvarleg handling”, og åtvare demonstrantane om at dei måtte halde seg innanfor lova:

“Og om det har vore ei inntrenging i diplomatiske lokalitetar, finst det inga rettferdigging for det, same kva grunn som blir gitt. ... Kva slags melding er det vi sender ut til andre, kva slags melding er det vi sender til det internasjonale samfunnet, om slik lovløyse som vi har høyrte om i dag blir rapportert rundt omkring i verda, og om det skjer igjen?” (*HKS* 10.10.96)

I første omgang såg ikkje demonstrantane at dei hadde gjort noko dumt. Ein av deltakarane var Tsang Kin-shing, ein kjend Hong Kong-politikar; medlem av Det demokratiske partiet og med i den lovgivande forsamlinga i byen. Tsang sa at aksjonen var rettferdig og oppmoda kinesarar over heile verda om å gjere det same. Sidan Japan hadde okkupert Diaoyu-øyane var slike aksjonar rettferdige, meinte han. Han var heller ikkje redd for å bli rettsforfølgd:

“Vi har ikkje stilt japanarane for retten for å ha slakta kinesarar og tvinga kvinner til å prostituere seg, heller ikkje har vi saksøkt dei for å få erstatning for krigsbrottsverka under andre verdskrigen. Og no skal dei saksøke meg?” (*HKS* 10.10.96)

Men pressa i Hong Kong tok ikkje Tsangs argumentasjon for god fisk. *Hong Kong Standards* utanriksredaktør Tom Clifford skreiv at mange japanarar skamma seg over dei nye militaristiske faktene i landet sitt, og at fleire av dei som arbeidde på konsulatet sikkert kunne ha eit velvillig syn på dei kinesiske krava på Diaoyu-øyane:

“Dei arbeider her, har HK-venner, og har utdanning og kunnskapar om Hong Kong og Kina. Men korleis handsama vi dei? I det som må vere ei av dei mest skammelege hendingar nokosinne i HK, hindra demonstrantar staben på det japanske konsulatet i å

¹⁰⁴ Berre vel eit halvt år seinare skulle jo Hong Kong leverast tilbake til Kina

kome seg inn på sine legitime arbeidsplassar, og overdynga dei med skjellsord som 'skilpadde med hovudet gøymt i skalet'. ... Det var ein skammeleg måte å behandle gjester på, og det er jo det konsulatmedarbeidarar er." (HKS 10.10.96)

Kommentarar i andre Hong Kong-aviser avspeglar den same avvisande haldninga til aksjonen:

"Folk må hugse at det er lova som styrer i Hong Kong, og vi må ikkje bli irrasjonelle, for då vil den japanske regjeringa ha ei orsaking for å slå tilbake. Aktivistane sitt åtak på det japanske konsulatet i Hong Kong var forhasta og ikkje rasjonelt nok. Sjølv om det er bra med patriotisme, er det inga orsaking for handlingar utan tanke på konsekvensane. ... Sosial orden kan forstyrrast av patriotisme. Regjeringa og dei relevante styresmaktene burde vere merksame på dette og finne høvelege reaksjonar før det er for seint." (*Sing Tao*, sitert frå HKS 11.10.96)

"Inntrenginga av demonstrantar i det japanske konsulatet på torsdag var totalt uakseptabel. Det er internasjonalt semje om at konsulatet og dei som arbeider der er verna både av internasjonale og lokale lover. ... Aktivistane burde vurdere rimelege måtar å protestere på, og til ei kvar tid fokusere på fred og rasjonalitet." (*Ming Pao*, sitert frå HKS 11.10.96)

Ein redaksjonell artikkel i *Hong Kong Standard* påpeikte dessutan at ein mann som Tsang Kin-shing, som var medlem i ei lovgivande forsamling, burde vite betre enn å vere med på slike uansvarlege aksjonar. Avisa oppmoda aktivistane om å ta avstand frå valdsbruk. Utanrikspolitisk talsmann for Kina, Shen Guofang, sa at Kina ikkje kunne støtte slike metodar som demonstrantane hadde brukt i dette tilfellet.

Forsøket på å drive protestrørsla vidare var altså totalt mislukka, og Tsang måtte dagen etterpå bite i det sure eplet og be om orsaking. Han sa at aksjonen utvikla seg til å bli veldig kjensleladd, og dei hadde ikkje planlagt det slik. Han sa at han og ein annan leiar hadde prøvt å gå inn for å kontrollere situasjonen, men dei makta det ikkje. (HKS 10.10.96, 11.10.96)

Japansk kompromissvilje, men inga reell løysing i sikte

Som ventande kan vere, finst det ingen raske løysingar på slike konfliktfylte suverenitetsspørsmål. Det einaste måtte vere om Japan skulle finne på å gi opp øyane. I alle fall kom det signal frå Japan i oktober 1996 om at ein var interessert i ei eller anna form for kompromiss. Ein regjeringstalsmann sa då at ein vurderte å sende tidlegare statsminister Noboru Takeshita eller tidlegare visestatsminister Masaharu Godota som sendebod til Kina for å lækje såra skapt av konflikten om Diaoyu-øyane. Talsmannen sa at ein ikkje kunne tillate den maritime sjølvforsvarsstyrken å kome i væpna konflikt, så ein måtte søke eit kompromiss for ein kvar pris. Hong Kong-avisa *Sing Tao* skreiv då at føresetnaden for samtalar måtte vere at Japan hindra dei høgorenterte gruppene i å reise til Diaoyu-øyane, og at fyrtårnet vart rive. Avisa kjøpte ikkje heilt den offisielle japanske argumentasjonen om at fyrtårnet stod på privat grunn og såleis ikkje kunne fjernast av styresmaktene i eit land styrt på grunnlag av lover.

Kina åtvare på si side USA og bad landet halde seg unna Diaoyu-konflikten. Utanrikspolitisk talsmann for Kina, Shen Guofang, sa at dette var ei sak mellom Kina og Japan, og at ingen tredjepart måtte intervenere. Kommentaren kom etter at ein kongressrapport hadde oppmoda Washington om å forsvare øyane i samsvar med den utvida tryggingpakta mellom USA og Japan av april same år. Men frå Washington vart det sagt at ein slik intervensjon ikkje var aktuelt.

Kina klaga vidare Japan for å ha supermaktsambisjonar¹⁰⁵, og for heilt utan grunn å snakke om "den kinesiske trusselen". Frå kinesisk regjeringshald vart det likevel sagt at det var opp

¹⁰⁵ Supermakt er eit negativt lada ord i Kina

til den nye japanske regjeringa å holde lovnadene om venskap og å løyse “historiske spørsmål”. Statsminister Li Peng oppmoda den nye japanske regjeringa om å “korrigere tidlegare feil”, og var bekymra for Japans regionale ambisjonar. “Diaoyu-øyane er ein integrert del av kinesisk territorium, og dette skulle det ikkje herske nokon tvil om,” sa Li

Trass i det spente tilhøvet skulle Kina og Japan avvikle det årlege møtet mellom landa i månadsskiftet oktober - november 1996. Slike møte hadde vore ein tradisjon sidan 1980, men siste møtet var no 17 månadar tilbake i tid. Diaoyu-konflikten toppa agendaen på det føreståande møtet. Eit forsonande trekk før dette møtet var at statsminister Ryutaro Hashimoto kansellerte ei vitjing til Yasukuni-heilagdommen. Japan signaliserte også tillitsoppbyggjande tiltak i forhold til nabolanda, og ein opnare politikk når det galdt landets militære utvikling. I ein redaksjonell artikkel i *Hong Kong Standard* vart dette tolka svært positivt:

“Japan har lært ei historisk lekse av sine tidlegare militære eventyr. Det er oppmuntrande både for regionen og for fredselkande japanarar at Tokyo sjølv går inn for ei opnare linje og dialog i forsvarsspørsmål. Om alle statar i regionen gjer det same vil det hjelpe til med å skape den fred og ro vi treng til å halde fram med den økonomiske utviklinga vår. Det mektige statar som Japan gjer for å sikre eit slikt klima vil alltid bli helsa velkomen.” (HKS 30.10.96)

Då viseutanriksministrane i Kina og Japan møttest i Tokyo i slutten av oktober 1996, prøvde den japanske regjeringa å redusere spenninga ved å seie at slike samtalar var viktige for utdjupe den gjensidige forståinga, og for å kome nærare løysingar på dei problema ein hadde seg i mellom. Men samstundes vart det gjort klart at ein såg på Senkaku som japanske øyar.

Utanrikspolitisk talsmann for Kina, Shen Guofang, sa at Japan måtte gjere noko for å redusere den spenninga dei hadde skapt. Han nemnde to saker der Japan måtte korrigere haldninga si; dette galdt “historiske feil” knytte til militære erobringar og brutale handlingar på første halvdel av det tjuande hundreåret. Og før møtet hadde jo Japan gjort ein del for å få den politiske stormen til å løye. I tillegg til det som alt er nemnt ovanfor, kan det nemnast at Japan no støtta Kinas ønske om snarleg medlemskap i Verdas handelsorganisasjon (WTO). Dessutan vart det hinta om at den pengestøtta Japan hadde frose i protest mot Kinas underjordiske atombombesprenningar kunne bli tatt opp att. Dette utgjorde økonomisk støtte i storleiksorden 500 millionar yuan i året. Offisielt skulle ikkje Kina informerast om dette før på Apec-møtet i november 1996.

Møtet i Tokyo kunne sjølvsagt ikkje gi noka konkret løysing på konflikten, sidan både Kina og Japan hevda at øyane var deira. Men begge partar var samde i prinsippet om at argumentasjonen i saka skulle gå føre seg i rolege former. Slik sett vart saka dyssa ned gjennom diplomatiet. Og partane har jo andre viktige ting å ta seg av. I 1996 var Japan Kinas viktigaste handelspartner for fjerde året på rad. For å utvikle handelen vidare meinte kinesarane at den nye japanske regjeringa måtte arbeide hardare for å fjerne hindringar for økonomiske relasjonar. Koplinga mellom lån og politiske saker var t.d. ikkje den kinesiske regjeringa noko særleg glade for. Men på Apec-møtet i Manila i fekk den japanske regjeringa mykje skryt av president Jiang Zemin for si innsats for å betre tilhøvet mellom dei to landa, og Jiang håpa at ein ville setje i verk fleire tiltak hindre den høgreorienterte gruppa i å lage meir trøbbel. (HKS 14.10.96, 15.10.96, 16.10.96, 17.10.96, 18.10.96, 23.10.96, 29.10.96, 30.10.96, 4.11.96, 11.11.96, 18.11.96, 25.11.96)

Den uendelege historia

Samstundes med dei diplomatiske tilnærmingane mellom Kina og Japan var det nye planar om aksjonar frå ulike aktivistgrupper, slik at utviklinga stort sett har gått vidare i same sporet. I periodar kan saka vere ute av det kinesiske nyhendebiletet, men så skjer det noko som gjer at ho blussar opp att.

Vi tek her med nokre typiske milepålar før vi forlèt saka:

Oktober 1996

- *Alliansen for vern av Diaoyu-øyane* vil sende helikopter frå Taiwan til Diaoyu-øyane og sleppe ned taiwanske flagg. Demonstrantane sa dei var klare til å ofre livet for å oppnå dette. Japan trua med å sende inn krigsfly for å avskjere helikoptera. Taiwanske styresmakter støtta ikkje helikopteraksjonen, men ville avskjere eventuelle japanske fly som kom inn i deira luftrom over Diaoyu-øyane
- Meldingar om to kinesiske forskingsskip som har trassa Japans kystvakt og gått inn i farvatna rundt Diaoyu-øyane
- *Aksjonskomiteen for vern av Diaoyu-øyane* såg ut til å ha gått tom for idear, ein ville samle inn pengar til ei internasjonal annonse om saka
- Rie Tsumura, japanar og leiar i den buddhistiske organisasjon Soka Gakkai, sa at det var så mykje snakk om ein ny militarisme i Japan, men ho hevda at det meir var tale om ein uendra mentalitet. Ho meinte at nokre japanarar hadde ei arrogant haldning, og oppfatta seg som overlegne andre asiatar. Soka Gakkai var nøytral i sjølve saka, og Tsumura oppmoda partane om å løyse saka gjennom dialog

November – desember 1996

- Ein av leiarane for den kinesiske flaggheisinga på Diaoyu-øyane, Chin Chieh-shou, mottek dødstruslar frå ei gruppe som kalla seg sjølv *Japans patriotiske forbund*. Chins kommentar var at han ville vende tilbake til øyane igjen og igjen, inntil det japanske flagget og fyrtårnet var fjerna
- Sju av demonstrantane som storma det japanske konsulatet vart stemna, og møtte i forhøyringsretten i desember. I Hong Kong er maksimumsstraffa for ulovleg folkesamanstimling tre års fengsel. Sidan ingen av dei sju sa seg skuldige, sette dommaren av tre dagar i mars 1997 til rettssaka
- Dagen etter var dei same aktivistane tilbake ved det japanske konsulatet. Under ein bråkete demonstrasjon prøvde dei å overlevere eit protestbrev mot den japanske voldtekta av Nanjing under andre verdskrigen. Japanarane nekta å møte demonstrantane, men brevet var stokke inn gjennom ein sprekk mellom dei to inngangsdørene. Hendinga resulterte i nye arrestasjonar

Januar – februar 1997

- Kapteinen frå den fatale ekspedisjonen til Diaoyu-øyane i september 1996, Ngai Lup-chee, skulle ut att på nytt demonstrasjonstokt i mars 1997. Denne gongen garanterte han tryggleiken til alle som skulle vere med: “Eg skal vere meir bestemt. Ein persons offer er meir enn nok. Denne gongen vil eg ikkje tillate at ikkje planlagde handlingar finn stad.” Ein talsmann for *Aksjonskomiteen for den patriotiske kampanjerørsla*, fortalde at dei hadde problem med å finne nokon som ville leige bort eit skip til dei.

Grappa prøvde derfor å skaffe pengar til å kjøpe ein båt til den 12 dagar lange ekspedisjonen

- *China Daily* tilbakeviste i ein artikkel vestlege påstandar om at ei nasjonalistisk bølge med innslag av framandhat og rasisme feia over Kina: “Den nasjonalismen som er akseptert av kinesarane er ei rimeleg nasjonalkjensle utan innslag av framandhat. Nasjonalisme eller patriotisme utløyst av utanlandsk kritikk over eit lands suverenitet og sjølvrespekt er heilt på sin plass og kan ikkje utan vidare tolkast som framandhat.”

Mars – april 1997

- Den planlagde ekspedisjonen frå Hong Kong til Diaoyu-øyane vart utsett. Ingen var villige til å leige ut båt til føremålet. Aktivistane hadde fått tilbod om å vere med på eit tilsvarande tokt frå Taiwan i mai. Det vart opplyst at turen skulle involvere 100 båtar og 300 demonstrantar, så her skulle det i alle fall vere plass. *Aksjonskomiteen for den patriotiske kampanjerørsla* prøvde framleis å skaffa 4,5 millionar HK\$ for å kjøpe eit skip
- Journalisten Wu Zhong skreiv ein serie med artiklar i *Hong Kong Standard* etter å ha vitja Japan. I artiklane kom det mellom anna fram at det eksisterte ein stillteiande avtale mellom Kina og Japan frå 1972 om å legge Diaoyu-saka på hylla. Men den japanske regjeringa ville ikkje la dette kome ut i frykt for reaksjonane i befolkninga, særleg blant høgreekstremistane. Wu møtte japanarar som hevda at denne avtalen var ein ledd i ein listig kinesisk plan der saka skulle takast opp att når Kina hadde vokse seg sterkare og fått større forhandlingsstyrke. Dessutan hadde ei større japansk avis, *Mainichi Shinbum*, på leiarplass argumentert for å la Haagdomstolen avgjere saka
- Temperaturen i saka steig att då eit bystyremedlem frå Ishigaki på Okinawa saman med ein journalist gjekk i land på ei av Diaoyu-øyane. Politikaren var i land i 45 minuttar, og hevda at han skulle undersøke fiskeområde og sjekke om det var nokon som budde der. Hendinga irriterte både Tokyo og Beijing. Ein talsmann for den japanske regjeringa sa seg lei for hendinga og presiserte at ingen, ikkje ein gong eigarane, fekk gå i land på desse øyane. Kina aksepterte orsakinga, men åtvvara om at liknande hendingar i framtida kunne forverre tilhøvet mellom dei to landa

I mai 1997 blussa saka voldsamt opp att:

- Åtvaringa frå Kina hadde ikkje den ønska verknaden, for i byrjinga av mai landa eit japansk parlamentsmedlem på ei av øyane i følge med tre andre. Det japanske flagget vart då planta på nytt på øyane. Statsminister Ryutaro Hashimoto sa seg nok ein gong lei for det som hadde hendt, og ein japansk regjeringstalsmann bad om ro, idet han innsåg at dei kinesiske reaksjonane no ville bli kraftigare
- Både frå Kina og Taiwan kom det som venta rasande kommentarar, og i Hong Kong vart det nye demonstrasjonar utanfor det hardt plaga japanske konsulatet. Men også Hashimoto var kraftig irritert over hendinga. Han hadde håpa å møte sin kinesiske kollega Li Peng i løpet av året for å markere 25-årsjubileet for det bilaterale sambandet mellom landa. Slike pinlege hendingar ville kunne forhindre dette
- I ein leiar i *Hong Kong Standard* vart alle partar oppmoda om å halde seg borte frå øyane. Det var ikkje første gongen avisa hevda eit slikt standpunkt. Avisa frårådde folk frå Hong Kong i å delta i den planlagde protestreisa til øyane. Ein av leiarane for

denne aksjonen, Chin Chieh-shou, omtala den japanske landsettinga som ei krigserklæring mot alle kinesarar

- Ein leiande japansk sinolog, Kunio Takahashi, sa på eit seminar i Hong Kong at det ikkje var muleg å løyse konflikten på kort sikt. Til det var frontane for fastlåste. Det beste ein kunne gjere var å minimalisere skadeverknadene, meinte han. Han kritiserte den yngre generasjonen i japansk politikk for å mangle innsikt i kva som skjedde under andre verdskrigen. Vidare oppmoda han om å utvikle forholdet mellom dei to landa gjennom dialogar på tre nivå: Privat sektor, institusjons- og regjeringsnivå
- Det fall dom i rettssaka mot dei sju demonstrantane som hadde vore mest aktive under storminga av det japanske konsulatet i Hong Kong i oktober 1996. Det enda med bøter på 4000 HK\$ for tre av dei, resten gjekk fri
- Japan trappa opp kystvaktpatruljeringa rundt Diaoyu-øyane i påvente av ein annonsert flåte av demonstrantar frå Taiwan og Hong Kong den 18. mai
- Femti dagar før Kina skulle ta over Hong Kong, henta offisielle media i Kina fram ein sju månadar gamal tala av president Jiang Zemin. I talen oppmoda Jiang om å styrke den patriotiske utdanninga for å gjere Kina mektigare: “Den patriotiske entusiasmen til folk frå alle etniske grupper over heile landet burde vendast til ei mektig kraft for å fremme reforma, opninga, moderniseringa og revitaliseringa av den kinesiske nasjonen. ... Det kinesiske folket har aldri gitt etter for inntrengjarar, og har som ein strålende tradisjon den brennande elskhugen for fridom, søking etter framskritt og vaking av den nasjonale ærekjensla og statens suverenitet. ... Rasande hat mot utanlandske overfallsmenn, botnlaus forakt for nasjonens kjeltringar som søkte makt og rikdom ved å sviike landet, og stor respekt for dei edle patriotane har blitt vår dyrebare nasjonalkarakter.” Jiang gjorde likevel det klart den kinesiske patriotismen ikkje måtte forvekslast med nasjonalisme. Offentleggjeringa av talen kan tolkast som å vere retta mot tre viktige saker knytte til samling av den kinesiske nasjonen: Overtakinga av Hong Kong, tendensar til separatistrørsler i enkelte provinsar og forholdet til Japan
- Det planlagde kinesiske aktivisttoktet til Diaoyu-øyane fekk problem med å skaffe nok båtar, då mange skipseigarar kvidde seg for å leige ut. Reisa vart derfor utsett
- På Taiwan vart det lansert ein idé om å arrangere ein fiskekonkurranse ved like ved øyane. Førstepremien skulle vere 3000 US\$
- Skipet *Diao Yu Tai*, som la ut frå Hong Kong med kurs for Diaoyu-øyane, måtte gjere vendereis då demonstrantane om bord vart sjøsjuke i det dårlege veret
- I slutten av mai kom aktivistane seg endeleg av garde. Vel tjue fartøy med ca 200 demonstrantar og journalistar om bord, reiste frå Taiwan mot dei omstridde øyane. Deltakarane var både frå Hong Kong og Taiwan. Også *Diao Yu Tai*, med frisk besetning, sette kursen mot øyane. Men ved Diaoyu-øyane venta 60 japanske kystvaktskip som ikkje hadde tenkt å sleppe kinesarane forbi. Det vart kollisjonar mellom båtar, og gjensidige skuldingar om kven som hadde ansvaret for dette. To demonstantar som hoppa over bord vart plukka opp av japanarane, mistenkte for forsøk på ulovleg inntrenging på japansk jord. Til slutt måtte demonstrantskipa gi opp, dei nådde ikkje måla sine om landsetting denne gongen
- I Hong Kong vart det då nye demonstrasjonar utanfor det japanske konsulatet. I Taipei var det også markeringar av frustrasjonen kinesarane følte, mellom anna ved brenning av japanske flagg. Sjefsorganisasjon Chin Chieh-shou bad om orsaking for at dei ikkje hadde klart å utføre oppdraget. Chien var forresten leiart for eit nytt mislukka landsettingsforsøk i juli 1997. Då minna han om at Sun Yat-sen hadde gjort 10 revolusjonsforsøk før han endeleg lukkast

- I ein redaksjonell artikkel skreiv *South China Morning Post* at mange, både i Hong Kong og Japan, no sikkert var letta over at dei hasardiøse demonstrasjonane var over for denne gongen. Avisa oppmoda om at dette måtte bli den siste av denne typen aksjonar. Nasjonale interesser kunne ikkje tenast på denne måten. Saka måtte løysast på fredeleg vis gjennom samtalar på høgare nivå mellom dei involverte partane, skreiv avisa
- I Beijing sa utanrikspolitisk talsmann Shen Guofang at Japan måtte ta ansvaret for nye spenninga rundt Diaoyu-øyane: “Den japanske regjeringa har oppmuntra nasjonalistar til å gå i land på øyane. Ansvaret kviler heilt og fullt på Japan.”
- Beijing-avisa *Wen Wei Po* melde at Kina hadde gjennomført fleire store militærøvingar i omstridde område i Aust-Kinahavet, utan å spesifisere nøyaktig kvar

Og slik vil det nok halde fram ei god stund enno. Som den uendelege historia ...

(*HKS* 17.10.96, 21.10.96, 23.10.96, 29.10.96, 7.11.96, 17.1.97, 12.4.97, 29.4.97, 7.5.97, 8.5.97, 9.5.97, 10.5.97, 12.5.97, 19.5.97, 26.5.97, 27.5.97, 28.5.97; *SCMP* 29.11.96, 13.12.96, 14.12.96, 31.12.96, 11.1.97, 12.2.97, 27.3.97, 26.4.97, 29.4.97, 30.4.97, 6.5.97, 7.5.97, 10.5.97, 12.5.97, 14.5.97, 15.5.97, 17.5.97, 19.5.97, 20.5.97, 22.5.97, 23.5.97, 24.5.97, 26.5.97, 27.5.97, 28.5.97, 29.5.97, 2.7.97)

Etterord

I denne rapporten har eg kaste lys over seks kinesiske utfordringar som er sett på dagsorden av kinesarane sjølve:

- Statsselskap i krise
- Korrupsjon
- Forholdet til Verdshandelsorganisasjonen (WTO)
- Fattigdom
- Miljøvern
- Omstridde øyar i Sør- og Aust-Kinahavet

Sjølv om eg i det føregåande har handsama desse utfordringane kvar for seg, er det klart at problem og løysingar på desse områda heng saman på ein kompleks måte. Effekten av ulike tiltak som blir sett i verk er ofte uviss. Nokre døme:

- Småbyindustri har vore eit godt verkemiddel i kampen mot fattigdommen, men har ført til store miljøproblem
- Balansen mellom økonomisk vekst for å redusere fattigdommen og miljøvern er generelt vanskeleg
- Kina har kanskje dempa tydinga av Diaoyu-konflikten for å sikre japansk støtte til kinesisk WTO-medlemskap
- Pengar meint for fattige bønder har vorte korrupsjonsmål
- Problema i statsselskapa har også vorte kopla til korrupsjon
- Kina har fleire i og for seg gode lover, problemet er at handhevinga av desse lovene på lokalt plan kan vere svært variabel.

Det er ingen tvil om at Kina verkeleg prøver å stå opp imot dei utfordringane som er nemnde ovanfor. Dette skal landet ha all honnør for; satsinga er til dels imponerende. Men kompleksiteten i problema gjer at eitt skritt fram på eitt område kan sende landet både eitt og to skritt tilbake på eit anna. Dei sentrale styresmaktene har dessutan ikkje slik kontroll over alt muleg som vi kanskje trur i Vesten.

Både for Kina og resten av verda er det å håpe at kinesarane lukkast i kampen mot fattigdom, forureining, korrupsjon og krisa i statsselskapa, samstundes som internasjonale stridsspørsmål vedkomande WTO og omstridde område finn sine fornuftige og langsiktige løysingar. Ei fredeleg, stabil og berekraftig utvikling på desse områda i Kina og nabolanda er truleg det einaste som kan sikre menneskerettane for folka Sør- og Aust-Asia. Så enkelt og så vanskeleg er det.

La oss no vende tilbake til historia om Deng Xiaoping i introduksjonskapittelet, der hans fotballinteresse er skildra. Etter å ha reist ein del rundt i landet og observert og snakka med folk, slår det meg at kinesarane må vere like fotballgalne som nordmenn. Det er ikkje berre Deng som har ofra nattesvevnen for fotballen. Både EM- og VM-kampar blir følgde med stor interesse av mange. Då eg kom til Beijing like før VM i 1994, spurde drosjesjåføren kvar eg kom frå. Etter mitt svar kom det på gebrokkent engelsk: “Yes! You have a good football team!” Noko meir visste han ikkje om oss nordmenn.

Fjernsynsapparatet på hotellet verka sjølvsagt ikkje som det skulle då vi midt på natta skulle sjå Noregs kamp mot Mexico. Men vaktene viste stor forståing for vårt problem, og då kampen starta hadde vi eit TV som var oppegåande¹⁰⁶. Dei kinesiske kommentatorane var på høgt nivå. Eg kjende med trygg på resultatet då dei sa i pausen at Mexicos einaste sjanse var å skaffe seg eit straffespark. Resten av meisterskapen kan vi gå stilt forbi.

Interessa for fotball i Kina er altså på topp, trass i eit heller dårleg kinesisk herrelag, men kvinnelandslaget er jo svært bra. Gutar som spring rundt i trøya til favorittlaget sitt er ikkje noko uvanleg syn rundt omkring i Kina¹⁰⁷. I mangel av heimlege idol, er favorittane ofte Manchester United. Den mest kjende nordmannen i Kina er derfor heilt sikkert Ole Gunnar Solskjær.

Så kuriøst dette enn kan synast, er det ein indikasjon på at dei som veks opp i Kina no har fått sitt preg av den nye politikken etter Dengs tilbakekomst i 1977. Borna er mykje meir sjølvmedvitne og mindre underdanige enn dei tradisjonelt har vore i Kina. Dette vil nokre sjå som eit problem, andre som ei mulegheit. Eg har mest tru på det siste. I alle fall: Utviklinga vidare blir spennande å følgje.

¹⁰⁶ Ein av “reparatørane” likna veldig på Kjell Magne Bondevik

¹⁰⁷ Eg har ikkje sett jenter utfolde seg på same måten, sjølv om dei altså har vist seg best internasjonalt. Kanskje dei kinesiske herrane kjem om nokre år?